

Ivar Berg

**Eit seinmellomalderleg  
skrivemiljø:  
Nidaros erkesete 1458–1537**

Avhandling for graden philosophiae doctor

Trondheim, januar 2013

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet  
Det humanistiske fakultetet  
Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap



**NTNU**

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet

Doktoravhandling for graden philosophiae doctor

Det humanistiske fakultetet  
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap

© Ivar Berg

ISBN 978-82-471-4089-5 (trykt utg.)  
ISBN 978-82-471-4091-8 (elektr. utg.)  
ISSN 1503-8181

Doktoravhandlingar ved NTNU, 2013:1

Trykt ved NTNU-trykk

# Innhald

---

<b>Tabellar</b>	<b>vij</b>
<b>Nomenklatur</b>	<b>viiij</b>
<b>1 Innleiing</b>	<b>1</b>
1.1 Forskingsspørsmål . . . . .	3
1.2 Språk og skriftspråk . . . . .	4
1.3 Disposisjon av arbeidet . . . . .	6
<b>2 Historisk bakgrunn</b>	<b>7</b>
2.1 Kyrkja og statsmakta 1450–1537 . . . . .	8
2.2 Riksrådet . . . . .	11
2.3 Verdsleg og religiøs institusjon . . . . .	14
<b>3 Teoretisk grunnlag</b>	<b>17</b>
3.1 Fagtradisjonar og nemningar . . . . .	18
3.1.1 Historisk sosiolingvistik . . . . .	19
3.1.2 Uniformitetsprinsippet . . . . .	21
3.1.3 Literacy-forsking . . . . .	22
3.2 Språk i bruk ikring 1500 . . . . .	27
3.2.1 Språk og dialektar . . . . .	28
3.2.2 Diglossi og domenetap . . . . .	31
3.3 Skrift og tale . . . . .	33
3.3.1 Register og stil . . . . .	34
3.3.2 Ortografisk variasjon og talemål . . . . .	35
3.3.3 Skriftspråk, variasjon og sosial meining . . . . .	36
3.4 Språkleg standardisering og normomgrepet . . . . .	38
3.4.1 Norm og skriftspråktradisjon . . . . .	39
3.4.2 Framveksten av standardspråk . . . . .	41
3.4.3 Å definere ei norm . . . . .	43

<b>4</b>	<b>Kjeldone</b>	<b>47</b>
4.1	Kjeldetypane . . . . .	47
4.1.1	Diplom . . . . .	49
4.1.2	Jordebøker . . . . .	51
4.1.3	Rekneskapar . . . . .	52
4.1.4	Utgåvor, originalar og avskrifter . . . . .	53
4.2	Kjeldesituasjonen kronologisk . . . . .	54
4.2.1	1458–1474: Olav Trondsson . . . . .	55
4.2.2	1475–1510: Gaute Ivarsson . . . . .	56
4.2.3	1510–1522: Erik Valkendorf . . . . .	57
4.2.4	1523–1537: Olav Engelbrektsson . . . . .	58
4.3	Grunnlag for vurdering av språkforma . . . . .	59
4.3.1	Pre 1510 . . . . .	60
4.3.2	Post 1510 . . . . .	62
<b>5</b>	<b>Språkforma</b>	<b>63</b>
5.1	Det norske språket fram til 1510 . . . . .	64
5.1.1	Austnordiske innslag i mellomnorsk . . . . .	64
5.1.2	Diploma frå Olav Trondsson (1458–1474) og Gaute Ivarsson (1475–1510) . . . . .	67
5.1.3	Jordebokspråket . . . . .	70
5.1.4	Lånord . . . . .	74
5.1.5	Påverknaden frå svensk . . . . .	79
5.1.6	Avslutning om dei norskspråklege tekstane . . . . .	81
5.2	Dansk med norske innslag, 1510–1537 . . . . .	82
5.2.1	Målsetjing . . . . .	82
5.2.2	Utdrag av dansk målsoge . . . . .	83
5.2.3	Studiar av norsk-dansk og «norskhet i sproget» . . . . .	87
5.2.4	Variantar og variablar . . . . .	89
5.3	Språket i breva etter Erik Valkendorf (1510–1522) . . . . .	92
5.3.1	Dei norske sidone i <i>Breviarium Nidrosiense</i> . . . . .	98
5.4	Språket i breva etter Olav Engelbrektsson (1523–1537) . . . . .	100
5.4.1	Sendebrev . . . . .	101
5.4.2	Opne brev . . . . .	106
5.4.3	Utkast . . . . .	109
5.4.4	Notat . . . . .	111
5.4.5	Administrative skriftstykke . . . . .	116
5.4.6	Domkapittelet . . . . .	125
5.4.7	Avslutning om tekstane frå Olav Engelbrektssons tid . . . . .	126
5.5	Fleire versjonar av same tekst . . . . .	131

5.5.1	Halmstadrecessen . . . . .	132
5.5.2	DN III 965 . . . . .	134
5.5.3	Oppgjeret hausten 1532 . . . . .	134
5.5.4	Ein instruks frå 1534 . . . . .	137
5.5.5	Valbrevet for Kristian III . . . . .	139
5.5.6	Oppsummering . . . . .	140
5.6	Avslutning om språkforma . . . . .	141
5.6.1	Ordtilfanget . . . . .	141
5.6.2	Ortografi og ortofoni . . . . .	143
5.6.3	Konsekvens og norm . . . . .	144
	Ekskurs: 20 år etter . . . . .	146
<b>6</b>	<b>Språkbruken</b>	<b>149</b>
6.1	Eit fleirspråkleg miljø . . . . .	150
6.1.1	Kodeveksling . . . . .	151
6.1.2	Kodeveksling, lån og interferens . . . . .	153
6.1.3	Skriftleg og munnleg kodeveksling . . . . .	156
6.2	Kyrkjepålatin . . . . .	156
6.2.1	Latinske diplom . . . . .	158
6.2.2	Delar av diplom på latin . . . . .	164
6.2.3	Setningsintern kodeveksling . . . . .	170
6.2.4	Avslutning om bruken av latin . . . . .	175
6.3	Sjørøvarsaka 1527–1530 . . . . .	177
6.4	Tyske varietetar . . . . .	182
6.4.1	Semikommunikasjon . . . . .	184
6.4.2	Lågtysk i OER . . . . .	188
6.4.3	Avslutning om lågtysk . . . . .	193
6.5	Skriftleg kodeveksling – sams drag . . . . .	194
6.5.1	Ulike mønster . . . . .	194
6.5.2	Rekneskapspråket . . . . .	195
6.5.3	Sosial mening . . . . .	196
6.5.4	Frå kodeveksling til lånord . . . . .	197
6.6	Norsk og dansk . . . . .	199
6.6.1	Målskiftet i andre brev . . . . .	200
6.6.2	Hopping og kryping . . . . .	200
6.6.3	Kva slags dansk? . . . . .	202
6.6.4	Årsaker til målskiftet . . . . .	202

<b>7</b>	<b>Språksamfunnet</b>	<b>205</b>
7.1	Brev og bøker . . . . .	205
7.1.1	Arkiv . . . . .	206
7.1.2	Jordebøker og rekneskapar . . . . .	208
7.1.3	Gammal og ny brevsikk . . . . .	212
7.1.4	<i>Breviarium</i> og <i>Missale Nidrosiense</i> . . . . .	215
7.1.5	Boksamlinga ved erkesetet . . . . .	217
7.1.6	Samanfatning . . . . .	219
7.2	Brevutferding og utferdarar . . . . .	220
7.2.1	Verdslege og geistlege brevutferdarar . . . . .	220
7.2.2	Riksrådet . . . . .	223
7.3	Skrivemiljøet . . . . .	228
7.3.1	OER som kjelde til skrivemiljøet . . . . .	229
7.3.2	Skrivarhender i OEJ og OER . . . . .	233
7.3.3	Profesjonalisering av skriarstandet . . . . .	234
7.3.4	Erkesetet i trøndsk og norsk kontekst . . . . .	235
7.4	Språkleg medvit . . . . .	237
7.4.1	Identitetar . . . . .	237
7.4.2	Språkkompetanse . . . . .	242
7.4.3	Kan ikkje, vil ikkje eller bryr seg ikkje? . . . . .	244
7.4.4	Framandspråk og sosial meining . . . . .	246
7.5	Riksmålet som ikkje vart . . . . .	247
<b>8</b>	<b>Avslutning</b>	<b>251</b>
8.1	Talemålsutviklinga . . . . .	251
8.2	Skriftspråket . . . . .	252
8.3	Haldningar til språk . . . . .	254
8.4	Sluttmerknader . . . . .	255
	<b>Litteraturliste</b>	<b>256</b>
	<b>Vedlegg</b>	
A	Tekstar i <i>Diplomatarium Norvegicum</i> . . . . .	273
B	Tekstar i NgL og DI . . . . .	279
C	Tilføyingar til Aslak Bolts jordebok . . . . .	281
D	<i>Breviarium Nidrosiense</i> . . . . .	282
E	DN VIII 699 (M3165) og utkastet M3991 . . . . .	284
F	DN VIII 707 (M3111) med variantane M3280 og 3984 . . . . .	287
	<b>Register over primærkjeldor</b>	<b>293</b>

# Tabellar

---

2.1	Erkebisp 1458–1537 . . . . .	9
4.1	Språklege primærkjeldor 1458–1510 . . . . .	61
5.1	Fordeling av variablar i diplom 1510–1522 . . . . .	93
5.2	Diplom frå Olav Engelbrektsson etter teksttype . . . . .	102
5.3	Fordeling av variablar i sendebrev 1523–1537 . . . . .	103
5.4	Fordeling av variablar i opne brev 1523–1537 . . . . .	107
5.5	Fordeling av variablar i notat 1523–1537 . . . . .	112
5.6	Tekstar i TK1 ikring 1550 . . . . .	147
6.1	Diplom på latin frå Gaute Ivarssons tid . . . . .	159
6.2	Diplom på latin frå Erik Valkendorfs tid . . . . .	160
6.3	Diplom på latin frå Olav Engelbrektssons tid . . . . .	162
7.1	Verdslege og geistlege utferdarar i lag . . . . .	221
7.2	Erkebisp og riksrådet . . . . .	224
7.3	Utferdarar av rettartingsbrev . . . . .	226
7.4	Skrivarar i løningslistone . . . . .	231

## Nomenklatur

Språklege døme i løpande tekst er sette i *kursiv* med oppløyste avstyttingar i formell skrift (omvendt i nummererte døme); andre sitat (dels frå primærkjeldor òg) står i «hermeteikn». Oppslagsformer i ordbøker er sette med **feite typar**. Vanlege namn er normaliserte, t.d. «Kristian» for kongane som oftast skriv seg *Christiern*.

## Kjeldeutgåvor

- AB = *Aslak Bolts jordebok*, utg. Jørgensen (1997)  
DI = *Diplomatarium Islandicum*  
DN = *Diplomatarium Norvegicum*  
NgL = *Norges gamle Love, anden række, 1388–1604*, utg. Norsk historisk kjeldeskrift-institutt/Riksarkivet (1912–)  
OEJ = *Olav Engelbrektssøns Jordebog*, utg. Brinchmann og Agerholt (1926)  
OER = *Olav Engelbriktssøns rekneskapsbøker 1532–1538*, utg. Seip (1936)

Tekstar frå diplomataria og NgL er identifiserte med bandnummer med romartal og tekstnummer med arabiske tal. «DN/DI» er somtid utelate når det uansett går klårt fram kva utgåve det er snakk om. Somme utrykte tekstar er identifiserte på forma «Mx», der x er arkivnummeret i Münchensamlinga.

## Annan avstytt litteratur

- DBL = *Dansk biografisk Lexikon*, C. F. Bricka (1887–1905)  
Fritzner = *Ordbog over Det gamle norske Sprog*, Johan Fritzner (1973, opptrykk av 2. utg. 1886–1896)  
GG = *Gammeldansk Grammatik I–VIII*, Johs. Brøndum-Nielsen (1950–1973)  
Kalkar = *Ordbog til det ældre danske sprog (1300–1700)*, Otto Kalkar (1976, først utgjeve 1881–1918)  
Lübben = *Mittelniederdeutsches Handwörterbuch*, Aug. Lübben (1888)  
NBL = *Norsk biografisk leksikon*, Arntzen og Helle m.fl., (1999–2005)  
NG = *Norske Gaardnavne I–XIX*, Oluf Rygh m.fl. (1897–1936)  
NO = *Norsk ordbok*, Alf Hellevik m.fl (1966–)  
MNW = *Middelnederlandsch Woordenboek*, E. Verwijs og J. Verdam (1885–1952)  
Söderwall = *Ordbok öfver svenska medeltidsspråket*, K. F. Söderwall (1884–1918)  
Aasen = *Norsk Ordbog*, Ivar Aasen (1918, først utgjeve 1873)



# Innleiing 1

---

Utgangspunktet for dette arbeidet er å følgje skriftspråket ved erkesetet i Nidaros i seinmellomalderen, fram til reformasjonen sette eit slutt punkt for denne katolske utposten i nord i 1537. Språkleg er dette tida da skiftet frå mellomnorsk til nynorsk vanlegvis blir tidfest, og vél så viktig er målskiftet som vart gjennomført samstundes: Dansk vart det einaste skriftspråket i Noreg. Desse to språklege skifta, knytte til det som høvesvis blir kalla indre og ytre språkhistorie, har sett rāmone for arbeidet og definert kjeldematerialet. Ut frå dei kjeldone som kan heimførast til erkesetet i perioden 1458–1537, har eg freista å sjå på ymse sidor ved språkbruken i vid tyding: skriftforma, bruksområde for skrift, tilhøvet mellom ymse språk og varietetar (norsk, dansk, latin, lågtysk) og på eit meir overordna plan: Kva kan kjeldone fortelje oss om skriftkunna i det seinmellomalderlege skrivemiljøet som her er skildra?

Unionstida førde til at den verdslege makta vart samla i Kjøbenhavn, og i seinmellomalderen er difor erkesetet det næraste me kjem eit kanselli i Noreg: eit miljø der skrift var naudsynt og der det vart skrivne mykje og jamt. ‘Skrivemiljø’ er eit nykelomgrep i denne samanhengen, for erkesetet var meir enn einskildpersonar, det var ein institusjon. Skriveopplæringa gjekk føre seg i kloster og katedralskular, og berre i nokre få verdslege og religiøse maktsentrum var det ein jamn og stor tekstproduksjon. Fremst blant desse var naturleg nok kongskansellia, men etter at kongen flytte frå Noreg, vart bispeseta og kanslarkanselliet ved Mariakyrkja i Oslo dei einaste skriftsentra i landet, med Nidaros erkesete i ei særstode. Gjennom ein grundig studie av dette miljøet vonar eg å koma nærare skriftspråkleg praksis for 500 år sidan, og kunne seie eitkvart om kva tilhøve menneska den gongen hadde til skrift, språk og skriftspråk.

Dette arbeidet har eit skriftspråksperspektiv, der skriftminna blir handsama autonomt, ikkje berre som meir eller mindre fullgode kjeldor til talemålet. Eg kjem nok inn på kva kjeldone kan fortelje oss om den indre språklege utviklinga, men det har ikkje vore det primære spørsmålet for meg

i denne samanhengen. Viktigare er spørsmål som gjeld språket som ein del av samfunnet, og kva sosial meining folk la i språk. Berre ei slik språksosiologisk tilnærming kan forklare koss dansk vart innført som skriftspråk i Noreg, som allereie Gustav Indrebø la vekt på.

Eit sentralt sosiolingvistisk spørsmål er tilhøvet mellom ulike språk og varietetar i eit samfunn, og for denne tida vil det i hovudsak seie ulike skandinaviske varietetar og tilhøvet deira til lærdomsspråket latin og det viktige handelsspråket lågtysk. Den langvarige og tette kontakten med lågtysk gjennom Hansaen og spesielt Kontoret i Bergen er eit kjernepunkt i all norsk målsoge, medan latinen var noko som framfor alt var knytt til den katolske kyrkja og særmerkte språkbruken i det miljøet det her er tale om.

Når nordmennene ikring 1500 for alvor tok til å skrive dansk, er det naturleg at språket ei tid skilde seg noko frå det dei skreiv i Danmark. Likskapar og skilnader mellom dansk som språket vart skrive av danskar og nordmenn, og ortografisk konsekvens uansett kven som skreiv, kan fortelje mykje om skriveopplæring, skriftkunne og tilhøvet til skriftspråk. Dei spørsmåla eg tek opp, fell såleis inn i den fagtradisjonen som gjerne blir kalla historisk sosiolingvistikk, der endringar i språk og språkbruk blir sedde i ein vidare samfunnsmessig kontekst. Fagtradisjonen er oppteken av koss ulike faktorar både i språket sjølv og i samfunnet elles påverka og styrde utviklinga.

Ei onnor side ved språkbruken, som i like stor grad har vore emne for historikarar som språkforskarar, er bruksområda for skrift og skriftbrukskulturen i vidare forstand, det som i forskingstradisjonen oftast blir omtala med den engelske nemninga *literacy*. Frå høg mellomalderen til tidleg nytid ser me ei gradvis oppbygging av sentraladministrasjon i europeiske statar; føydalsystemet basert på personlege band vart avløyst av moderne statar baserte på lovar, byråkrati og ei sterk sentralmakt. Bruken av skrift i byråkratiet, ikkje minst i rekneskapsføring av ymse slag, var naudsynt for denne utviklinga. Nye bruksmåtar, og endring av gamle, kjem fram i kjeldematerialet mitt.

Når emnet for dette arbeidet er avgrensa til erkesetet i Nidaros, har det fleire grunnar. Som allereie nemnt, var dette langt det viktigaste skrivemiljøet i Noreg i den perioden eg tek føre meg, og det er òg eit miljø der ein kan følgje skiftet frå norsk til dansk skriftspråk i ein samanhengande tradisjon. Arkivet som den siste erkebisp, Olav Engelbrektsson, tok med seg i eksil (München-samlinga, sjå § 4.1), har overlevert eit breitt kjeldegrunnlag til skriftspråk i styringstida hans (1523–1537) som skil erkesetet kvantitativt frå andre miljø i Noreg på denne tida. Denne avgrensinga hindrar meg likevel ikkje i å jamføre det eg finn med det som er kjent frå landet elles. Ved eit par høve har eg kome over ting i dette materialet som kastar ljøs over tradisjonelle spørsmål

i norsk målsoge, og som difor må omtalast noko breiare enn eit snevert fokus berre på erkesetet ville gjeve grunnlag for.

Perioden fram mot reformasjonen er vald av to grunnar: For det første fordi dette er den siste perioden der det blir skriva norsk i noko omfang i Noreg, og såleis det utgangspunktet me har for å vurdere overgangen frå det som tradisjonelt er kalla mellomnorsk til eit nynorsk språksteg. Sjølv målskiftet er tidlegare omtala i makroperspektiv t.d. i Indrebø (2001), men ikkje i detalj; den dansken som vart skriven i Noreg tidleg på 1500-talet, den første tida dansk var skriftspråk her i landet, er ikkje granska i det heile. Eg meiner desse danske tekstane kan seie noko både om norsk språk og ikkje minst skriftkulturen ved erkebispetet: Kor einskapleg greidde dei å skriva noko som for iallfall dei fleste av dei var ein varietet som skilde seg frå talemålet? Det einaste grundige arbeidet som tek føre seg dansk skriftspråk i Noreg på 1500-talet, er Ragnvald Iversens *Bokmål og talemål i Norge 1560–1630*. Men dette er eit godt bel etter målskiftet, og dessutan er Iversen heilt eksplisitt ute etter språket røynde bokmenn skreiv. Slik sett er det herverande arbeidet eit nybrottsverk, fordi eg med eit heilt anna utgangspunkt freistar skildre språkforma i eitt miljø denne første tida dansk råde grunnen som skriftspråk her i landet.

Framstillinga er organisert kronologisk etter dei ulike erkebispane, og startar med Olav Trondsson (1458–1474). Eg har strekt meg såpass langt attover for å sjå kontinuitet og endring i skriftkulturen, og for å kunne sjå på målskiftet frå norsk til dansk. Brorparten av tekstmengda er frå 1530-åra, og dei eldste tiåra er svært tunt representerte, så hovudtyngda i framstillinga ligg på Olav Engelbrektssons styringstid (1523–1537). Dei eldre tekstane blir da eit viktig jamføringsgrunnlag for funna frå siste del av perioden.

## 1.1 Forskingsspørsmål

Dette arbeidet har ikkje teke utgangspunkt i eit sett språklege hypotesar og testa dei på eit materiale. Tvert imot var kjeldematerialet utgangspunktet, og så fekk spørsmåla tilpassast kva det var mogleg å finne svar på. Eg fann etter kvart ut at dei norskspråklege tekstane er for få til at ei systematisk undersøking av den indre språkhistoria er særleg gjevande, men fann derimot interessante ting i kjeldone som fortel mykje om den ytre språkhistoria. Som det vonleg går fram av dei innleiande merknadene over, kan spørsmåla eg tek opp, fordelast på tre område: 1) språket sjølv og kva hått det har, 2) tilhøvet mellom ulike varietetar, og 3) skrivemiljøet og språkkulturen i vidare mening. Dette kan stillast opp med fleire underpunkt, der eg har skilt mellom tilhøvet mellom ulike varietetar og språk i samfunnet generelt:

1. Kva kan kjeldone fortelje oss om språket i Noreg ikring år 1500?
  - (a) Koss ser det norske språket me møter ut?
  - (b) Kva særpregar den dansken som vart skriven i Trondheim (norsk interferens, ortografisk einskap m.v.)?
2. Koss blir dei ulike språka/varietetane bruka?
  - (a) I kva samanhengar blir norsk, dansk, latin og andre framandspråk bruka?
  - (b) Koss skjer målskiftet frå norsk til dansk i dette skrivemiljøet?
3. Kva kan kjeldone fortelje oss om skrivemiljøet?
  - (a) Kva veit me om skrivarane?
  - (b) Kva er det mogleg å seie om oppfatninga deira av språk?

Denne inndelinga er retningsgjevande, og fører til at somme tekstar og fenomen blir tekne opp fleire gonger, frå ulike synsvinklar. Somt fell òg mellom fleire stolar, t.d. spørsmålet om norm: Ei tydeleg norm vitnar om eit sterkt skriftspråkleg medvit; ho fortel dimed om ein skrifttradisjon, samstundes som ho kan dölje utvikling og endring i talemålet – nett fordi norma hindrar talemålsformer frå å koma til synes i skriftbiletet.

Her kan eg òg innleiingsvis peike på at to av undersøkingsområda berre i liten grad har vore tema i norsk målsoge: Dei danskspråklege tekstane frå tidleg 1500-tal er lite undersøkte, og interaksjonen mellom skandinavisk og latin, som er så typisk for mellomalderspråka, er likevel ikkje mykje granska i norsk målsoge. Eg legg dessutan fram ny empiri om tilhøvet mellom skandinavisk og lågtysk. Over det heile ligg målet om å teikne eit bilete av eit skrivemiljø og språksamfunn i brei forstand og vise kontinuitet og endring innan dette miljøet.

## 1.2 Språk og skriftspråk

Skrift og tale er dei to grunnleggjande modalitetane ved språk, der tale naturleg nok er den eldste og primære. Runeskrift fanst i Noreg, men først med det latinske alfabetet og den kristne skriftkulturen vart ei demokratisk spreing og ålmenngjering av skrifta mogleg. Først da vart skrift ein ålmen reiskap for å uttrykkje tankar, idear og meiningar, og ein naudsynleg administrasjonsreiskap i stendig meir komplekse samfunn.

I seinmellomalderen var denne overgangen frå ein munnleg til ein skriftleg kultur berre delvis gjennomført: Eit smalt samfunnslag av hovudsakleg

geistlege var opplærde i den felleseuropeiske, latinske skifttradisjonen, medan ålmugen ikkje kunne lesa eller skrive. Dei kjende likevel til skrift gjennom opplesingar av brev og lovar på tinga, og dei møtte sikkert bøker i kyrkja. Det miljøet eg tek føre meg, representerer altså ein skriftkulturell elite. Dei hadde språkleg metakompetanse gjennom opplæringa i latin, og dei språklege uttrykka me har frå dei i dag, er skriftlege. Tilhøvet mellom tale og skrift er eit gammalt problemområde i historisk språkforskning (sjå vidare § 3.3), og det er viktig å ha klart føre seg heilt frå starten at det er skriftspråk det er snakk om. Det er ikkje mogleg å overføre kunnskap om skriftspråket beinveges til talemålet, sjølv om ein i nokon mon naturlegvis kan trekkje slutningar frå variasjonen ein finn. Samstundes er det mogleg å handsame skriftleg variasjon på eit sjølvstendig grunnlag, altså som eit reint skriftspråkleg fenomen utan å ta omsyn til det tala språket.

Da er ein over i studiet av ein skriftspråktradisjon. Som andre bispesete hadde Nidaros ein katedralskule, og det er vel naturleg å tru at mange av dei geistlege i stiftet var utdanna der. Rekneskapsbøkene frå 1530-åra omtalar tilsette med tilnamnet «skrivar» (*scriffwer* e.l.). Me kan ikkje seie for visst om desse har vore ordinerte geistlege eller reint profesjonelle skrivarar, men utdanninga si har mange av dei fulla hatt ved katedralskulen i Trondheim; elles tyder tilnamna åt somme av dei at dei kom til Trondheim i vaksen alder (sjå § 7.3.1). Dei som var utdanna i Trondheim, lærde å skrive på éin måte; dei som kom utanfrå, hadde truleg med seg andre skriveskikkar frå si utdanning. Alle hadde dei gjennom utdanninga vorte sosialiserte inn i ein skriftspråktradisjon, med sine måtar å skrive på. Konsistens og endring innan eit skrivemiljø fortel om denne tradisjonen, og kan gje nyttig innsyn i skriftkunna i seinmellomalderen, heilt uavhengig av tilhøvet til talemålet – eit tilhøve som i Noreg blir komplisert av at skriftspråket etter 1500 i all hovudsak er eit slag dansk.

Tidlegare arbeid om norsk seinmellomalder, jamvel Grøtvedt (1954) som eksplisitt seier seg å drøfte skriftspråktradisjon, har vore mest opptekne av tilhøvet mellom skrift og talemål (op. cit.: 15): «Det som denne avhandling tar sikte på å belyse, er forholdet mellom skriftspråktradisjon og talespråk.» Denne avhandlinga, derimot, har eit vidare siktemål. Eg vonar å gje nyttig innsyn i skriftspråk og skriveskikk i ei tid der skrifta vart stendig viktigare i samfunnet, utan at eg dimed heilt vil gløyme talemålet. Men hovudmålet er å skildre skriftspråket i skrivemiljøet i språksamfunnet, med eit perspektiv som vidar seg ut frå reint språkleg skildring til ei situering av skriftbruken i sin samfunnsmessige og historiske kontekst.

### 1.3 Disposisjon av arbeidet

Eg legg vekt på at endringar i språktilhøva må sjåast i samanheng med endringar i samfunnet elles. For mange er seinmellomalderen og tidleg nytid dårleg kjende periodar, og i kapittel 2 gjev eg difor ei stutt innføring i noregssoga 1450–1537 og gjer greie for koss erkesetet var organisert.

Kapittel 3 diskuterer teoretiske prinsipp som er grunnleggjande og styrande for arbeidet. Dette er halde på eit nokså stutfatta og generelt nivå, for eg ønskjer å setje empirien i sentrum. Kapittel 4 presenterer kjeldematerialet og ser på overleveringa og særhåttene åt dei kjeldetypane eg har arbeidd med. Desse tre kapittele gjev bakgrunnen for arbeidet.

Empirien blir handsama i kapittel 5–7, som utgjer hovuddelen. Eg tek først for meg språkforma. Det er naturleg å sjå dei norskspråklege tekstane i høve til den eldre norske skrivetradisjonen. Materialet her er såpass tunt at det berre kan bli snakk om gløtt inn i den språklege endringsprosessen me veit var på gang. I dei fyldigare kjeldone på dansk gjev eg ein meir detaljert gjennomgang av ortografisk variasjon, og diskuterer koss dansk skrives av nordmenn skilde seg frå dansk skrives av danskar, og koss dette heng saman med talemålsskilnader.

I kapittel 6 går eg frå det språklege detaljnivået til spørsmål kring språkbruken. Det sentrale temaet her blir tilhøvet mellom ulike språk/varietetar; spesielt ser eg på tilhøvet mellom skandinavisk og latin, og til det viktige framandspråket lågtysk/nederlandsk. Her blir skiftet frå norsk til dansk teke opp, og koss dette artar seg i ulike institusjonar og innan erkesetet.

Kapittel 7 tek føre seg ytre sidor ved den språklege praksisen, som skrivarstaben ved erkesetet, teksttypar og tekstutforming. Eg freistar her å sjå kva me frå kjeldone kan slutte oss til om det språklege medvitte åt skrivarane i seinmellomalderen. Eg avsluttar dette med eit kontrafaktisk spørsmål: Kunne språket ved erkesetet under andre politiske omstende ha danna grunnlaget for eit norsk standardspråk som hadde skilt seg frå dansk?

Det er klårt at denne tredelinga i språkform, språkbruk og språksamfunnet ikkje kan gjennomførast fullt ut, men somtid kjem det overordna grepet fram ved at same moment blir handsama frå ulike synsstad i dei tre kapittele. Til slutt prøver eg i kapittel 8 å oppsummere kva ei slik undersøking av eit skrivemiljø kan tilføre målsoga, og kva bilete dette arbeidet gjev av skriftspråkstradisjonen ved Nidaros erkesete i seinmellomalderen.

Som vedlegg finst oversyn over kjeldematerialet (ut over det som står i kap. 4) og nokre tekstar som er bruka i avhandlingen. Dette er diplomatariske attgjevingar som attåt å vera grunnlag for diskusjon, kan gje lesaren ein prøve av språkforma, inkludert avstytingsbruken.

# Historisk bakgrunn 2

---

Nidaros erkesete vart grunnlagt i 1152/53 og eksisterte fram til reformasjonen i 1537. Gjennom desse knapt 400 åra utvikla kyrkjeprovinsen seg til ein sterk og sentralstyrt «stat i staten», samstundes som han med tida vart sterkare knytt til det heimenorske. Opprinneleg omfatta erkebispedømet òg dei norske skattlanda Man, Hebridane, Orknøyane, Shetland, Færøyane, Island og Grønland, men i seinmellomalderen vart kontakten med dei gamle bispe-seta i vest svekt.<sup>1</sup> Når kongsmakta samstundes flytte or landet i samband med dei nordiske unionane, gav dette Nidaros-provinsen ein meir nasjonal karakter (Imsen 2003b: 16). Dette vart styrkt av at geistlege i stor grad vart rekrutterte frå norsk lågadel, medan landsstyret elles fall i hendene på ein fellesskandinavisk krins av høgadelsmenn. Slik vart kyrkjeprovinsen det sterkaste uttrykket for norsk nasjonalt sjølvstende i den siste delen av eksistensen sin, og «[d]e siste hundre åra av erkebispedømmets historie skulle bli den norske kirkens fjerde høydepunkt» (Imsen 2003b: 21).

Erkebisperne frå Aslak Bolt la vekt på å hevde kyrkjemakta både overfor kongen og sentralmakta og kurien i Roma. I unionspolitikken stod dei på den riksrådskonstitusjonelle lina, som la vekt på riksrådet som den øvste nasjonale makta i unionsrika, med ansvar for å styre landet frå kongen var avliden til det sjølv hadde valt ein ny. Dei siste erkebisperne var leiarar for det norske riksrådet, og rollone som kyrkjeleg og verdsleg leiar «er så godt som uatskillelige hos den siste erkebiskopen, Olav Engelbrektsson» (Imsen 2003b: 21). I dette politiske prosjektet lukkast dei ganske godt; «fram til nederlaget i 1537 holdt erkebiskopen og kirken stort sett stand mot presset fra kongemakten», motsett situasjonen i Danmark, der kyrkja vart stendig meir underordna kongedømet (op. cit.: 22).

Koss det likevel enda, er velkjent. I Kristian III's handfesting i 1536 blir Noreg redusert til eit «ledemodt» av Danmarks rike, og i april 1537 laut erke-

---

<sup>1</sup> For Orknøyane og Shetland vart dette formalisert i 1472, da paven gjorde bisen av St. Andrews til erkebisp for Skottland og la Orknøyane under han (DN VII 475).

bisp Olav Engelbrektsson røme landet for ein dansk invasjonstyrke. Norsk sjølvstende var tapt.

## 2.1 Kyrkja og statsmakta 1450–1537

Striden mellom kyrkje og kongsmakt er eit leiemotiv i europeisk mellomaldersoge, og dette er ikkje minst tydeleg i Noreg, der kyrkja var den einaste nasjonale institusjonen innan unionskongedømet. Som leiarar for riksrådet stridde alle dei siste erkebispene for politisk sjølvstende andsynes ei kongsmakt som søkte sterkare sentralstatleg kontroll over både Noreg og kyrkja. I norsk seinmellomalder blir såleis den politiske historia samanvoven med kyrkjesoga, «[k]ampen for nasjonal og kirkelig selvstendighet blir to sider av samme sak» (Imsen 1983: 32). Historikaren Lars Hamre, som er den som har arbeidd mest med denne perioden i noregssoga,<sup>2</sup> legg stor vekt på *riksrådskonstitusjonalismen* som politisk program, der målet var meir makt for riksrådet andsynes kongen (Imsen 1983: 31). Alle erkebispene frå Aslak Bolt, erkebisp 1428–1450, stod for ei politisk line som la vekt på riksrådsmakta som den primære, ikkje minst gjennom retten til å velje ein ny konge. Den siste embetsgjerninga hans Aslak var å støtte den svenske tronpretendenten Karl Knutsson Bonde, og jamvel krone han som norsk konge <sup>20/11</sup> 1449.

Da Kristian I fekk makta i Noreg i 1450, var det naturleg for han å freiste å strøype slike opprørske tendensar. Den følgjande tida vart difor prega av strid om erkebispestolen (sjå Kolsrud 1958: 293–301). For å styrkje statsmakta i høve til kyrkja, ville kongen ha godkjenningsrett til alle kyrkjelege utnemningar. Ein talsmann mot paven og den norske kyrkja fann han i Marcellus, som han pressa domkapittelet til å velje til ny erkebisp, jamvel om kannikane først hadde valt ein av sine egne, magister Olav Trondsson. Paven ville ikkje godkjenne dette valet, men utnemnde i staden dominikanaren Henrik Kalteisen, som til liks med Marcellus var tyskar.

Etter noko strid vart Kalteisen tvinga til å reise attende åt paven for å søkje avskil, og han var såleis berre eit par års tid i Noreg. Domkapittelet greidde seg mest sjølv, og Olav Trondsson styrde i røynda erkebispedømet, og er dessutan omtala som *electus* frå 1455 og framover (Kolsrud 1913: 214). Når Henrik Kalteisen fekk innvilga avskil i 1458, samstundes som Olav Trondsson vart utnemnd til ny erkebisp, stadfeste nok dette berre dei rådande praktiske tilhøva. Den norske kyrkja kom ut av striden som vinnar, og i perioden

<sup>2</sup> Hamre (1968, 1971b, 1998) gjev ei samla framstilling av norsk historie i seinmellomalderen. Sjå elles Gustafsson (2000) om samanbrotet av Kalmarunionen 1512–1541 i eit nordisk perspektiv.



1460–1505 sat berre innanlandske menn på bispestolane både her heime og på Island (Kolsrud 1958: 303).

Olav Trondsson døydde i 1474 og vart etterfølgd av Gaute Ivarsson.<sup>3</sup> Gaute fekk Trøndelag i len av kongen, og sameinte såleis verdsleg og religiøs makt (sjå vidare under). I samband med dette fekk han sett opp eit oversyn over krongodset, og det finst òg eit ufullført oversyn over jordegodset som låg til erkesetet (sjå § 4.1.2).

**Tabell 2.1** Erkebisp 1458–1537

Olav Trondsson	1458–1474
Gaute Ivarsson	1475–1510
Erik Valkendorf	1510–1522
Olav Engelbrektsson	1523–1537

Politisk følgde Gaute ei riksrådskonstitusjonalistisk line ved interregnet i 1481–1483, og sikra kyrkja stort sjølvstende ved Halmstad-recessen (sjå under). Kong Hans heldt seg i stor mon til handfestinga og blanda seg lite i kyrkjesaker; dette heng nok mykje saman med at tilhøvet hans til paven var dårleg (Kolsrud 1958: 310). Da det betra seg etter paveskiftet i 1503, vart tilhøvet mellom kongen og kyrkja verre att; den nye paven stødde kongen i mangt, og kong Hans førde no ein mykje meir offensiv politikk overfor kyrkja (loc. cit.). I 1505 fekk han pressa sin eigen mann Anders Mus inn på bispestolen i Oslo, seinare heldt han Hamar-bispen Karl Jensson fengsla i fleire år, og i 1510 fekk han Erik Valkendorf, sekretær for sonen hertug Kristian, vald til erkebisp i Nidaros (Kolsrud 1958: 311f). Gaute fekk ei lang styringstid og var aktiv til det siste. Det siste kjende brevet han ferda ut, er frå  $14\frac{1}{2}$  1509 (DI VIII 228); same sommaren var han visstnok på reise og trefte kongen i Bergen (DN XXII 81). Gaute døydde forsommaren 1510, og domkapittelet valde kanniken Jens Krabbe til ettermann; kongen fekk likevel trumfa gjennom utnemninga av Erik Valkendorf.

Trass i bakgrunnen sin som danskfødd og i teneste for kongsmakta, får erkebisp Erik godt skotsmål av Kolsrud (1958: 316): Han «vart ein rakryggja og urædd talsmann for retten aat den norske kyrkja imot kongelege inngrep». Språkleg førde han derimot nye skikkar med seg, og kan seiast å markere eit skilje i målsoga: «Men Gaute Ivarsson var den siste som heldt ved lag den norske tradisjonen. [...] [Erik Valkendorf] var ein dugande mann, men han

<sup>3</sup> Kolsrud (1958: 305) og mange andre har omtala Gaute som brorsonen hans Olav, dvs. son av stormannen Ivar Trondsson i Aspa (Tingvoll kommune), men det er nok ikkje rett. Denne påstodde slektskapen kan førast attende til ei gjetting Ludvig Daae i si tid gjorde, og som sidan har vorte teken opp att av historikarar. Oddvar Grønli (1952) har funne og skildra ei ættetavle for Aspa-ætta frå ikr. 1450 og fram til reformasjonen. Der er ikkje Gaute teken med, og Grønli held det for lite truleg at ein så kjend mann som ein erkebisp skulle vore utelaten frå ei ættetavle – eit synspunkt det er lett å seie seg samd i.

skreiv dansk» (Indrebø 2001: 188).<sup>4</sup> Høgdepunkta i den kyrkjelege aktiviteten var trykkinga av eit breviarium og eit missale for Nidaros-provinsen (sjå § 7.1.4). Eit teikn på tilliten Kristian II hadde til den gamle sekretæren sin, var at kongen trudde han til å leie ei sendeferd til Nederlanda i 1515 for å hente kongens brur, prinsesse Elisabeth av Habsburg.

Seinare fall Erik i unåde, og han fekk ein uvyrdeleg slutt på embetstida si. I 1521 reiste han til Kjøbenhavn for å forsvare seg og kyrkja mot åtak frå embetsmenn, men hamna for skuld uvêr i Nederlanda og møtte kongen der. Etter at det braut ut open strid mellom dei, fór han vidare til Roma. Der døydde han  $^{28}/_{11}$  året etter, før han hadde fått lagt saka si fram for paven (Kolsrud 1958: 316f). Dei siste regjeringsåra sine, fram til han vart jaga frå Danmark i 1523, gjorde Kristian II fleire innhogg i kyrkjemakta. På ny vart det strid om retten til å setje inn kyrkjelege leiarar på ymse nivå, og Kristian reduserte romet åt kyrkjeretten og prøvde å ta frå kyrkja inntekter ved å nekte skattebønder å sigle for geistlege – mange av dei hadde drive handel i stor stil og tent godt på skattefridomen sin (Kolsrud 1958: 320).

Nyhendet om at Erik var avliden nådde Trondheim i mai året etter, og domkapitlet valde deknen Olav Engelbrektsson til ny erkebisp  $^{30}/_{5}$  1523 (DN I 1061). Han fekk etter kvart godkjenning av paven i Roma, og vende våren 1524 attende til Trondheim som rett erkebisp. Han fekk mykje å stri med, både ei stendig sterkare kongsmakt og nye religiøse tankar. Olav Engelbrektsson førde vidare riksrådskonstitusjonalismen erkebispene hadde stått for, og søkte å hevde Noreg som ei sjølvstendig makt innan unionen.<sup>5</sup> Dette møtte motbør frå ei meir offensiv sentralmakt. Olav konspirerte med eksilkongen Kristian II i freistnaden hans på å ta att makta i Danmark-Noreg i 1531–32, men opprøret mislukkast.

Under grevefeiden 1533–36 ønskte Olav framleis Kristian II eller grev Kristoffer av Oldenburg som ny konge, og arbeidde for dette i riksrådet. Det viktigaste for Olav var den katolske trua, og Fredrik Is son Kristian var ein svoren protestant. Mot det doble trugsmålet ein sterk protestantisk monark representerte, fanst det i den siste, desperate fasen lite anna å stø seg på enn lause voner om hjelp frå katolske fyrstar på kontinentet og atterinnsetjing av gamlekongen Kristian II. Da Kristian III kom sigrande ut av grevefeiden i 1536 og gjennomførde reformasjonen i Danmark, var det slutt for den katolske erkebispem i Noreg. Under trugsmål frå danske styrkar rømde Olav landet i april 1537, og sist i mai vart Steinvikholm slott erobra av kongsmennene. Erkebispem døydde i eksil i Nederlanda året etter.

<sup>4</sup> Siste del av kommentaren seier vel meir om Indrebø enn om Erik Valkendorf.

<sup>5</sup> Utan at dette skal tolkast for nasjonalistisk. For Olav var kyrkjeleg sjølvstende det viktigaste, og det stod i direkte motsetnad til ei sterk, sentralisert kongsmakt.

## 2.2 Riksrådet

Riksrådet hadde frå 1400-talet erkebisen som leiar. Utgangspunktet for institusjonen var rådgjevarar for kongen, og eit slikt kongsråd er omtala i siste del av 1200-talet. Nemninga *ríkisins ráð* e.l. er første gong bruka i 1302 i omtalen av det rådet som skulle styre landet i fall ein mindreårig konge ervde trona; ein slik situasjon oppstod i 1319 (sjå KLN 14, sp. 223–230). Medlemene var bispane og prostane ved dei kongelege kapella, som var kvalifiserte i kraft av embeta sine, og verdslege stormenn (ridदारar og væpningar). I utgangspunktet var altså kongsrådet tiltenkt ein rådgjevingsfunksjon, og skulle vera «et redskap i riksstyringen og et organ for samarbeid med geistlig og verdslig aristokrati», som Knut Helle skriv i KLN 14 (loc. cit.). Kongen kunne peike ut nye medlemmer til rådet, men denne retten vart innskrenka etter som rådet fekk ei sterkare stilling. I handfestingane frå og med 1449 (Kristian I og Karl Knutsson Bonde) vart nye verdslege riksrådsmedlemmer avgrensa til nordmenn eller utlendingar inngifte i norske ætter.

Handfestingane i 1449 representerte òg noko konstitusjonsmessig nytt: Tradisjonelt var Noreg eit arverike, men etter 1319 var alle tronskifta (bortsett frå da Olav IV Håkonsson ervde trona i 1380) irregulære, og riksrådet fekk ei «nøkkelrolle ved tronskifta» (Imsen 2002: 36). Dimeit auka riksrådet makta si monaleg, og dette kulminerte med dei to handfestingane i 1449, da Noreg til liks med Sverige og Danmark vart eit valrike. Eit anna teikn på ei sterkare stode for riksrådet, er rolla det hadde ved traktatinngåingar: I høgmedalderen var dette noko kongen gjorde åleine, men «i seinmedalderen vert det kravt samtykke av riksrådet for at ein traktat skal vera gyldig» (Hamre 1968: 16).

Mot slutten av perioden endra dette seg, og trass i formell aksept gjennom handfestingane, var tida etter 1450 prega av at sentralmakta freista å setje riksrådet til sides. Kristian I kom sjeldan til Noreg etter kroninga, men heldt møte med riksrådet ved vitjingar i 1455, 1468 og 1478, og kalla inn det norske riksrådet til det store møtet i Skara i 1458. Sonen Hans, utvald konge til Danmark og rett arving til Noreg (tittelen i t.d. DN I 906, Oslo  $\frac{3}{2}$  1474),<sup>6</sup> var i Noreg i 1474 og ferda ut brev i samråd med riksrådet. Det er elles nokre spreidde døme på at riksrådet i denne tida, truleg etter fullmakt frå kongen, kunne utøve mindre regjeringsfunksjonar; norske utsendingar (stort sett frå det sønnafjelske, og aldri erkebisen) deltok òg i forhandlingane med Sverige på 1470-talet (Nielsen 1880: 327–330).

Da Kristian I døydd i mai 1481, fekk riksrådet atter ein sjanse til å

<sup>6</sup> Legg merke til arverikeretorikken. Kongane greip gjerne attende til det tradisjonelle norske arvekongedømet for å styrkje og legitimere makta si (Imsen 2002: 30).

framstå som norsk regjering. Etter avtalen i Skara frå 1458 skulle eigentleg sonen Hans ta over krona, men dette vart ikkje følgt opp. På ettersommaren møttest rådet i Bergen, der dei mellom anna utnemnde Torleiv Bjørnsson til ny hirdstjore på Island (DN V 915, Bergen  $^{25}/_8$  1481), og dei skreiv til rådet i Lübeck om rettane til handel på Island, der dei gjekk imot privilegium kongen hadde gjeve (DN III 931, Bergen  $^{14}/_9$  1481). På nyåret 1482 forhandla riksrådet i Oslo (nesten fulltalig, men utan erkebisp) med utsendingar frå det svenske riksrådet (Nielsen 1880: 334). «Både formelt og reelt har såleis riksrådet styringsmakta og suvereniteten i landet i si hand», skriv Lars Hamre (1971a: 301) om dei to riksrådsmøta i 1481–1482. Sommaren same året var rådet samla ved Tønsberg (DN II 921, Jarlsøy<sup>7</sup>  $^{25}/_7$  1482) og sette jamvel i gang militære operasjonar mot Båhus festning (Nielsen 1880: 336).

Det enda likevel med at riksrådet måtte bøye seg, og på eit møte i Halmstad på nyåret 1483 vart Hans teken til konge og ferda ut ei omfemmande handfesting, den såkalla Halmstad-recessen (NgL 2. r. III 1). Dette var den første unionshandfestinga og inneheldt både sams punkt for alle unionsrika og eigne føresegner for einskildland; både i omfang og detaljgrad skilde ho seg klårt frå dei eldre handfestingane (Hamre 1971a: 310–316). Eit gjennomgåande trekk er at stillinga åt riksrådet framstår som sterk, med særrettar andsynes kongen. Ikkje minst fekk det norske riksrådet møterett utan at kongen var til stades; erkebisp skulle kalle inn til møte annakvart år anten kongen var i landet eller ikkje. Dessutan fekk rådet ei viktig rolle som den høgste domstolen i landet (art. 45 i NgL), og «[a]rtikkelen sikrar såleis Noreg både ein eigen høgsterett og eit sentralt politisk organ» (Hamre 1971a: 316).

Det samarbeidet mellom konge og riksråd som recessen la opp til, vart likevel ikkje gjennomført. Kongen var svært sjeldan i Noreg og hadde høve til å samrå seg med riksrådet; det hende t.d. sommaren 1486, da Hans var i Bergen (DN I 950 og VI 601, Bergen  $^{18}/_7$  1486). Seinare deltok norske utsendingar ved eit møte i Kjøbenhavn i 1489, der dei peika ut kongssonen Kristian til tronfølgjar (DN II 955, Kjøbenhavn  $^{25}/_7$  1489). I 1491 møtte kong Hans dei sønnafjelske riksrådane i Oslo (Nielsen 1880: 346); same hausten utferda «regni Noruegie consiliarij» eit brev der medlemene ikkje er namngjevne (DN VI 611, Bergen  $^4/_10$  1491). Elles ser ikkje riksrådet ut til å ha spela nokor viktig rolle på denne tida, og det er påtakeleg at det heldt seg passivt under opprøret hans Knut Alvsson i 1501–1502, jamvel om eit par riksrådsmedlemer åtvare mot han (Nielsen 1880: 348).

Utnemninga av kongssonen Kristian til fullmektig herre i Noreg gav landet ei sterk innanlands makt som heller styrde åleine framfor å søkje samarbeid med riksrådet. Dette fortsette han med som konge: Handfestinga hans var

---

<sup>7</sup> Dagens Jersøy ved Tønsberg.

eins for Danmark og Noreg, og han avgjorde ofte saker om Noreg utan råds råd. Likevel finst det døme på avgjerder der han òg nemner riksrådet, som DN I 1041, Akershus  $^{23}/_7$  1514, i samråd med erkebisen, og DN VI 659, Kjøbenhavn  $^{18}/_8$  1515 (Nielsen 1880: 358).

Ved tronskiftet i 1523 oppnådde riksrådet vide fullmakter andsynes kongen. Frå ettersommaren 1524 finst ei mengd brev frå eit møte i Bergen der Fredrik I vart vald til konge, og ei handfesting utforma på basis av tidlegare samtalar mellom hamarbisen og kongen i Kjøbenhavn (Nielsen 1880: 365ff). Handfestinga gav i prinsippet riksrådet stor makt, og eit par år handla det nokså sjølvstendig (Gustafsson 2000: kap. 5), men etter kvart kom kongen meir på offensiven att. I strid med handfestinga sette han i 1527 inn to danske høvedsmenn på Båhus og Akershus, og i 1529 kom Eske Bille til Bergenhus. Dimed var riksrådsmakta broten, og «[d]ets virksomhed har fra nu af rimeligvis næsten udelukkende været indskrænket til at udøve den øverste dømmende myndighed i riget» (Nielsen 1880: 374). Difor, og for erkebisen truleg av religiøse grunnar, slutta riksrådet opp om Kristian II da han hausten 1531 kom til Noreg for å freiste å vinne attende trona, men dét eventyret vart kortvarig. Likevel fekk riksrådet ein ny sjanse da Fredrik I døyde våren 1533.

Det vart halde eit større riksrådsmøte i Bud på ettersommaren 1533, der det vart vedteke at rådet skulle styre landet til det kunne koma saman med det danske rådet for å velje ein ny, sams konge (Nielsen 1880: 381). Eit døme på stillinga rådet hadde under vakansen, er at landsvistbrevet DN I 1083, Oslo  $^7/_7$  1534, ikkje er utferda i namnet åt kongen, men «Oluff met guds nade erchebiscop i Trondhemm och paffweligh sædes legathe met mennige Norges riges raadt oppaa Norges kronas wegne». Indre motsetnader, først og fremst mellom Olav Engelbrektsson og Austrått-ætta, gjorde likevel at riksrådet ikkje makta utnytte maktvakuemet under grevefeiden 1533–1536 fullt ut. Denne motsetnaden kulminerte med avrettinga av Vincens Lunge og Nils Lykke i Trondheim  $^3/_1$  1536. I den såkalla «noregsparagrafen» i handfestinga hans Kristian III frå 1536 heiter det at dersom han fekk makt over Noreg att, skulle landet bli «jngtet koninge riige for seg, menn eth ledemodt aff Danmarcks riige och vnder Danmarcks krone till ewiige tiidt» (Bagge m. fl. 1973: 512). Dimed var det heller ikkje rom for noko eige norsk riksråd, og det danske rådet svara for heile Danmark-Noreg (Nielsen 1880: 382f).

Attåt rolla som øvste makt i staten under tronvakansar, var det i rettsstellet at riksrådet fekk mest å seie i seinmellomalderen. Allereie på 1300-talet valde kongen ofte riksrådsmedlemer når han oppretta ad hoc-domsnemnder i viktige saker. Elles er det gjerne nemnt i andre domsavgjerder, for å gje dei større autoritet, at riksrådsmedlemer var til stades; eller riksrådar dømde

saman med ein eller fleire lagmenn (sjå Hamre om *Rettarting* i KLN 14, sp. 101–107). Slike utvida lagting er vél kjende frå 1430-åra (Hamre 1968: 82a), og ein rettartingskommisjon vart formelt oppnemnd i 1444; i denne kommisjonen sat lensherren i Bergen i lag med tre prelatar<sup>8</sup>, tre adelsmenn og ein lagmann (DN I 790, Kjøbenhavn 10/12 1444; jf. Hamre 1968: 120). Seinare vart dette vanlegare, og frå 1480-åra var det faste rettarting, med ei nordafjelsk avdeling i Bergen og ei sønnafjelsk i Oslo, der riksrådane dømde i lag med lagmenn (og dels rådmenn).<sup>9</sup>

## 2.3 Verdsleg og religiøs institusjon

Erkesetet var ein stor organisasjon, og like mykje ei verdsleg økonomisk og administrativ eining som ei religiøs og åndeleg. Erkebisen var ikkje berre åndeleg leiar for Nidaros-provinsen; bygginga av Steinvikholm slott fortel om både økonomisk styrke og politiske ambisjonar, og erkebisen heldt seg med bispegardar både i Trondheim og i Bergen. Gjennom ymse kyrkjeskattar kom det inn store verdiar, og frå Gattes tid hadde erkebisen attåt det kyrkjelege jordegodset mesteparten av Trøndelag i len av kongen.<sup>10</sup> Denne doble maktstillinga som både verdsleg og religiøs leiar, med ansvar for store jordegods, kyrkjer og mange tilsette, kravde ein vél utvikla administrasjon.

Domkapitlet var den viktigaste delen av den religiøse styringa av stiftet. Opphavleg var eit domkapittel dei prestane som var knytte til ei domkyrkje, med ein rådgjevarfunksjon for (erke)bisen; frå høgmedalderen fekk kapitlet sjølvstendige rettar og større makt i viktige avgjerder, ikkje minst valrett når bispestolen vart vakant (Hamre 2003: 188). Dette svarar i hovudsak til den rolla riksrådet hadde i landet som heilskap, som me har sett. Medlemene i domkapitlet vart kalla korsbrør eller kannikar, og dei fleste var samstundes sokneprestar i spesielle kannikgjeld som domkapitlet hadde kallsrett til, jamvel om dei kyrkjelege oppgåvone ofte vart tekne hand om av vikarar (loc. cit.). Attåt hadde dei prebende ved domkyrkja. Eit prebende er

<sup>8</sup> Inkludert «herr Svein ærke dækin i Trondheim». Svein Eriksson hadde eit langt virke ved erkesetet, men han var dekn, så tittelbruken er nok feil (jf. DN VIII 324, Kjøbenhavn 4/12 1444, der han er kalla «dechene»). Det er truleg at erkedekanatet først vart oppretta av Olav Trondsson (Lykke 2000: 24); han la noko gods til embetet i 1464 (AB: 65, 93), kanskje i samband med opprettinga.

<sup>9</sup> Heile kysten høyrde i denne samanhengen til det nordafjelske. Grensa i sør varierer litt, men gjekk ved Lindesnes eller noko lenger vest, slik at dagens Rogaland ialfall var med i det nordafjelske.

<sup>10</sup> I 1475 fekk Gaute alle dei gamle Trøndelagsfylka unntekte Sparbu, Gauldal og Stjørdal; Olav Engelbrektsson fekk òg Sparbu og Gauldal, og i ein periode jamvel Jamtland (Dybdahl 2003: 314).

ei samling jordegods knytt til eit altar i domkyrkja, og prebenda dei einskilde kannikane fekk, inkluderte både inntekter og plikt til å utføre gudstenestlege handlingar ved altaret (Hamre 2003: 189). Gjennom det godset som låg til domkapittelet som heilskap (*mensa communis*, kommunsbordet) og til kvart kanonikat, vart domkapittelet økonomisk uavhengig av erkebisp (Dybdahl 2003: 280).

I Nidaros var det totalt 24 medlemmer i domkapittelet i reformasjonstida (Hamre 2003: 190), og innan domkapittelet var det somme spesielle stillingar: Officialen styrde med juridiske spørsmål, kantoren hadde ansvar for kyrkjesongen, diakonen<sup>11</sup> stod i utgangspunktet for sosialt arbeid, men denne stillinga vart i Nidaros ei leiarstilling for domkapittelet. Det rike Trondenesgjeldet følgde stillinga som dekn det siste hundreåret før reformasjonen, og gav innehavaren sjølvstendig økonomisk fridom. Talet på slike spesielle stillingar og tilhøvet mellom dei kan vera noko uklårt. Ved eit par høve er ein *erke dekn* omtala, men han har tydelegvis hatt lægre status enn dekn (sjå t.d. rekkjefølgja dei er nemnde i i DN XVI 269, Trondheim <sup>10</sup>/<sub>11</sub> 1478). Ein domkyrkjeforvaltar (*iconomus ecclesie chatedralis*) er dessutan nemnd ein gong (AB: 48). Eit døme på dei ulike rollene innan domkapittelet gjev DN XVII 715, Roma <sup>2</sup>/<sub>2</sub> 1480: Den gamle dekn Svein Eriksson resignerer (mot pensjon), kanniken Trond Ivarsson rykkjer opp til dekn med dei prebende som følgjer (inkludert Trondenes), medan Olav Kuse overtek kanonikatet og Tingvoll sokn etter Trond Ivarsson.

Det var ofte yngre adelssøner som vart rekrutterte til kyrkjeutdanning; var barneflokk stor (eller godset lite), stod ikkje mange karrierevegar opne i seinmellomalderen. Men det var da slik at adelssønene nådde toppstillingar i kyrkja, så stand spela ei viktig rolle for karrieren; på same sett gjekk òg somme adelssøner inn i borgarlege stillingar som lagmenn og rådmenn (Benediktow 1973: 259). Frå knapeadelen har òg somme vorte rekrutterte inn i stillingar som setesveinar (Benediktow 1973: 260; jf. Daae 1890).

Ein indikasjon på den økonomiske makta kyrkja hadde i reformasjonstida, er estimat Hallvard Bjørkvik har gjort av landskylda i mellomalderen. Han fann at kyrkja ved utgangen av høg mellomalderen åtte 40 % av jorda i Noreg (målt i landskyld), ved reformasjonen 48 % (Imsen 2003b: 23 med referansar). Dette økonomiske grunnlaget var fulla med og gjorde erkebisp til den fremste mann i landet og den naturlege leiar for riksrådet. Men erkesetet hadde òg store utgiftspostar, og den aller største var nok dei store byggjearbeida: Nidarosdomen og erkebisppegarden vart kontinuerleg utbygde, restaurerte og vedlikehaldne, og i 1520-åra fekk Olav Engelbrektsson bygd Steinvikholm slott (sjå figur 2.1). Desse arbeida kravde store ressursar

<sup>11</sup> Eg brukar helst forma *dekn* < norr. *djákn*.



**Figur 2.1** Steinvikholm slott anno 1537. Rekonstruksjon av Bernt Kulseth.

til materialar og utsmykking. Attåt kom personalkostnadene. Ein ting er byggjearbeidarar, men *Olav Engelbrektssons rekneskapsbøker* viser tydeleg at erkebispem hadde ein stor og mangslungen stab. Det største manuskriptet i OER er løningslistor, og der er drygt 200 lønsmottakarar registrerte kvart år.<sup>12</sup> Sjå elles Dybdahl (2003) for eit oversyn over økonomien ved erkesetet. Administrasjonen av alt jordegodset må ha kravt sitt, og det er truleg at dei som i løningslistene har tittelen *scriffwer* hadde slike oppgåvor attåt sjølve skrivegjeringa (sjå § 7.3). I vår samanheng er det viktigaste at denne administrasjonen må ha generert ein stor skriftproduksjon i ymse former.

I kraft av den verdslege posisjonen som riksråd og lensherre er det me stundom kan finne erkebispem agere som dommar – ein funksjon som helst låg til lagmannen. Det dreier seg gjerne om at erkebispem er til stades ved vitneføringar av ymse slag, anten det no gjeld eigedomsrett (DN I 985, Trondheim u.d. 1485) eller soknegrensor (DN XII 424, Meldal <sup>30/1</sup> 1529); båe desse døma er kunngjeringar av vitneføringar erkebispem høyrde på visitasferd. Representantar for kyrkja, både erkebispem og medlemer av domkapittelet, er fleire gonger nemnde saman med lagmannen i domssaker i Trondheim, ofte slik at medlemer av domkapittelet er seglvitne i lag med lagmannen og/eller rådmenn. Likeins som riksrådar i viktigare saker, kunne altså kannikar låne autoritet til domsavgjerdar (sjå § 7.2 om slikt hopehav og jf. over om riksrådar i domssaker).

<sup>12</sup> I 1532 talde eg 207. Talet er litt uvisst, sidan somme forsvinn og andre kjem til gjennom året, men eg prøvde å få med alle som hadde fått utbetalt noko.



# Teoretisk grunnlag 3

---

Dette kapittelet skal drøfte ein del grunnlagsproblem i eit arbeid som det hverande. Ei viktig side av dette er å skrive seg inn i fagtradisjonen og freiste å plassere dette arbeidet i høve til både eldre studiar i norsk språkhistorie og trendar i internasjonal forskning. I mangt kan dette seiast å vera eit tradisjonelt arbeid, eg møter kjeldone med filologens tilnærming. Men samstundes er det eit viktig poeng for meg å vise koss nye synsmåtar henta frå moderne sosiolingvistikk kan gjera gamle problemstillingar verde ei ny handsaming, utan at me dimed misser det viktigaste: Språkhistorie må allveg byrje med primærmaterialet.

Den følgjande diskusjonen av ulike teoretiske sidor ved arbeidet vil basere seg på sekundærlitteratur og tene som eit utgangspunkt for den empiriske handsaminga av primærkjeldone i kapittel 5–7. Drøftingane her utgjer grunnlaget for avhandlinga som heilskap; undervegs trekkjer eg i nokon mon inn relevant teori for spesielle aspekt ved arbeidet. Somt som gjeld reint metodiske sidor ved kjeldearbeidet, blir teke opp i § 4.1.

Eg vil først i § 3.1 sjå på dei teoritradisjonane som er viktige for meg innan det romslege språkhistorieomgrepet, og koss dei har bidrege til skildringa av den norske målsoga i seinmellomalderen. Her drøftar eg koss me kan bruke funn frå moderne sosiolingvistikk på eit historisk materiale. Dinest følgjer i § 3.2 ei drøfting av språk og dialektar i bruk i seinmellomalderen, og skilja og tilhøva mellom dei, og målskiftet frå norsk til dansk. Bortsett frå einstaka samtidige metakommentarar til talemålet er all kunnskap om eldre språksteg henta frå skriftleg praksis, og i § 3.3 tek eg opp skiljet mellom skrift og tale i den grad det trengst i dette arbeidet. Eg freistar å sjå på nokre viktige moment i tilhøvet mellom skriftspråk, register, variasjon og talemål, og koss ein kan tolke variasjon som sosialt meningsfull. Sidan denne avhandlinga i stor mon har eit skriftspråkperspektiv på målsoga, drøftar § 3.4 ein del tilhøve som er særmerkte for skrift, som omgrepa skriftspråktradisjon, norm og standard.

### 3.1 Fagtradisjonar og nemningar

Språkhistorie er eit breitt omgrep som femner om eit vidt studieobjekt og ein mangfelt forskingsaktivitet. Ralph (1996) drøftar ulike deldisiplinar og perspektiv på det som plar kallast 'språkhistorie'. Eit viktig poeng for han er at synsvinkelen alltid er forma av teoretisk utgangspunkt, jamvel om dette ikkje treng vera eksplisitt uttrykt. Som hovuddøme brukar han dei tidlege arbeida om gammalnordiske språk, som sikta mot ein rekonstruksjon av det «opphavlege»; eit liknande prinsipp har vore styrande i dialektologien.

Somme perspektiv kan samlast i motsetjingar, som skiljet mellom indre og ytre språkhistorie – mellom språket som eit autonomt system og språket i relasjon til samfunnet kring seg. Frå dei innleiande merknadene i kapittel 1 går det venteleg fram at dette arbeidet mest tek føre seg den ytre språkhistoria, tilhøvet mellom språket og samfunnet, og kva rolle skriftspråket spelar. Vektlegginga av skriftspråk er eit anna skilje i fagtradisjonen, der filologien arbeider med tekst, medan lingvistikken prioriterer talemålet. Ralph (1996: 274) understrekar kor viktig denne skilnaden i tilnærming er, utan at dette alltid kjem fram i spesielt eldre arbeid:

Skillnaden mellan talspråksförändring och skriftspråksförändring är så fundamental att undersökningen av respektiva språkliga medium borde ge upphov till helt olika metoder och teoretiska överväganden. Ändå är det ett faktum att existerande handböcker som beskriver nordisk språkhistoria i många fall inte tillräckligt tydligt klargör när de behandlar uteslutande skriftspråk, uteslutande talspråk eller bådadera.

Eit viktig siktemål med denne avhandlinga er nett det å ha eit tydeleg skriftspråkperspektiv på målsoga, og vera tydeleg i omgangen med skrift- og talenivåa. Eg ønskjer å bidra til å utvikle metodikken for å handsame skriftlege kjeldor på autonomt grunnlag, og i vidare forstand vinne ny kunnskap om språksosiologiske tilhøve i Noreg ved overgangen til tidleg nytid.

Tilhøvet mellom språk og samfunn kan studerast frå ulike synsvinklar, og for eldre periodar vil det seie av språkvtitarar og historikarar. Dette ser ein òg i kva studieobjektet blir kalla, der nyare språkvitskaplege arbeid gjerne talar om *historisk sosiolingvistik*, medan både språkhistorikarar og ålmennhistorikarar har gjeve tilskot til det som blir kalla *literacy-forsking*. I nokon mon er dette parallelt med det klassiske skiljet mellom sosiolingvistikken og språksosiologien (sjå t.d. Jahr 1993: 172): Den første skildrar språket ved hjelp av samfunnet, den andre samfunnet ved hjelp av språket. Eg har henta inspirasjon frå arbeid innan desse to retningane, og skal i det følgjande gje ein presentasjon av dei.

### 3.1.1 Historisk sosiolingvistikk

Forståinga av språk som eit sosialt system underlagt reglar for sosialt samspel er grunnlaget for sosiolingvistikken. Sosiolingvistiske metodar er helst bruka i samtid og nær fortid, men somme har òg freista å tilpasse metodar og innsikter derifrå til å forklare språkendingar i eit lengre historisk perspektiv. Ein oversynsartikkel presenterer samanhengen mellom sosiolingvistikk og språkleg endring slik (Roberge 2006: 2308): «Variation depends on the factors that obtain from the cultural and social setting, and change originates in variation.»

Eit slikt syn skil seg frå både eldre og somme nyare syn på språkending. Roberge (op. cit.: 2308f) understrekar det han kallar «[t]he asocial profile of conventional historical linguistics». Tradisjonelle framstillingar kan nok tidvis koma med merknader om sosial variasjon, men dei vantar ei teoretisk råme. Både det neogrammatiske vitskapsparadigmet og mykje strukturalistisk språkforskning forklarar endring som noko som skjer i det lingvistiske systemet, medan ho innan det generative paradigmet skjer i språktileigninga; i båe høva blir det lingvistiske systemet oppfatta som autonomt. Dette skil seg frå det synet som ligg under denne avhandlinga: Språkleg praksis er bunden til sosiale faktorar, og eksisterer ikkje uavhengig av den sosiale konteksten han inngår i.

Det er likevel nokre grunnleggjande metodiske vanskar som gjer seg gjeldande når moderne sosiolingvistisk innsikt skal prøvast på eit historisk materiale. Dette gjeld først og fremst materialet sjølv, som er fragmentarisk og difor kan vera ufullstendig eller skeivt på ulike måtar, utan at me i dag kan gjera noko med dét. Som Labov (1994: 11) har formulert det i ei ofte sitert utsegn: «Historical linguistics can then be thought of as the art of making the best use of bad data.» Skriftlege overleveringar gjer at me berre kan finne positive prov; fråvære av former kan vera eit resultat anten av at dei ikkje fanst, eller at dei ikkje er overleverte. Dinest er kjeldone knytte til ein fåment, skrivekunnig elite, og endeleg er emnekrinsen helst avgrensa til juridiske, religiøse og administrative dokument. Samansetjinga av korpora er eit hinder i språkhistoriske studiar, og «the prospect of stereotypical overgeneralization limits the usefulness of statistical methods of analysis» (Roberge 2006: 2310).

På grunn av desse skilja mellom talemålsorientert moderne sosiolingvistikk, ofte assosiert med kvantitativ variasjonslingvistikk, og skriftbaserte historiske studiar, brukar Roberge heller termen «sociohistorical linguistics» enn historisk sosiolingvistikk. Han finn to ulike bruksområde for termen, knytte til skiljet han set opp mellom språkplanlegging og naturleg språkending (op. cit.: 2311): 1) «diachronic study of language status, choice, and attitudes in individual societies» (medviten språkending), og 2) «the application of

sociolinguistic theory and methods of quantitative analysis to the study of change that has occurred ‘naturally’». Det er 1) etter denne inndelinga som er studieobjektet i denne avhandlinga.

Romaine (1982) gjorde eit av dei første forsøka på å setje opp eit teoretisk og metodisk rådeverk for ein slik sosiohistorisk språkvitskapleg disiplin. I ei seinare oppsummering legg ho vekt på at nyare sosiolingvistikk har vist kor viktig sosiale tilhøve er for språkbruk og språkending, og at dette samspelet må ha vore viktig i fortida òg. Programmet for ein slik disiplin formulerer ho slik (Romaine 1988: 1453):

What is needed is a way of combining the rich philological tradition with recent work on quantitative methods, discourse analysis, literacy as well as with historical phonology, syntax, semantics and pragmatics.

Målet femner vidt, men støyter på grunnleggjande problem med datamaterialet, som for ein stor del er einsidig og ufullstendig. I slikt arbeid må ein ta stilling til tilhøvet mellom skrift og tale, og kva som eigentleg er studieobjektet. Romaine understrekar òg at skriftspråk kan vera verdt å studere i seg sjølv, utan at ein ser på det som noko sekundært i høve til tale (op.cit.: 1454). Aksiomet som ligg i botnen, er at same prinsipp for språk og språkbruk som gjeld i dag òg har vore gyldige tidlegare – det t.d. Labov (1994) legg stor vekt på med nemninga *the uniformitarian principle* (sjå under). Der ligg òg samanhengen mellom synkroni og diakroni, sosiolingvistikk og historie: «synchronic sociolinguistics provides a typology of sociolinguistic patterns and sociohistorical theory outlines the possible routes among them» (Romaine 1988: 1455).

I oversynsartikkelen «Historical Sociolinguistics: Coming of Age?» legg Willemyns og Vandenbussche (2006) vekt på at det er snakk om ein ung disiplin. Difor har mange av bidraga, iallfall fram til sekelskiftet, vore sentrerte kring metodiske problem. Dei ser dette som teikn på at retninga enno er i utvikling, men peikar på fleire gode arbeid innan feltet dei siste åra. Det einaste dei nemner om skandinavisk, er ein artikkel av Ernst Håkon Jahr (2001) om nordisk og nedertysk. Dei ser kjeldor til andre språkbrukarar enn eliten som det heilt grunnleggjande for historisk sosiolingvistikk («no sources, no historical sociolinguistics»), og dei presenterer programmet sitt slik (Willemyns og Vandenbussche 2006: 156):

[L]anguage history should not only focus on the written production of a numerically small elite, but also on the actual real life language written by the very large segment of the lower ranks of society which has too often been neglected or forgotten in many a language history so far.

Her møter me store kjeldeproblem når me går attende i tid. Willemyns og Vandebussche skriv sjølve mest om språktilhøva i Flandern på 1800-talet,<sup>1</sup> ei tid som har eit heilt anna kjeldegrunnlag enn dei sparsame restane frå seinmellomalderen i Noreg. Dei nemner ikkje i det heile den literacy-forskinga som har vorte gjort, og det kan verke som det ligg under ei oppfatning av literacy som ein historisk disiplin, i motsetnad til sosiolingvistik, og at kjeldesituasjonen utgjer eit skilje mellom kva innfallsvinkel som kan nyttast.

Eg meiner likevel at det er mogleg å stille sosiolingvistiske spørsmål til «the written production of a numerically small elite» òg, og synest Romaine i sitatet over gjev eit godt arbeidsprogram: Sosiolingvistiske metodar og mønster kan vera utgangspunkt for undersøkingar i eit historiske materiale, under aksiomet om at inkje språkleg fenomen er framandt – det såkalla uniformitetsprinsippet.

### 3.1.2 Uniformitetsprinsippet

Uniformitetsprinsippet vart henta frå geologi og teke i bruk for språkhistorie av William Dwight Whitney i 1867. Det seier at me ikkje skal gå ut frå at språk har verka og endra seg fundamentalt annleis i fortida enn me kan observere i vår eiga samtid; som Whitney sjølv formulerte det (sitert etter Labov 1994: 21f): «[T]he forces which have been efficient in producing [language's] changes, and the general outlines of their modes of operation, have been the same.» I diskusjonen av omgrepet (op. cit.: 21–25) legg Labov vekt på at det absolutt må vera rett når det gjeld reint fysiologiske eller artikulatoriske sidor ved språkleg endring, men det er meir problematisk når det gjeld sosiale skilnader mellom dagens og fortidige samfunn. Dette knyter han til det han kallar til «the Historical Paradox» (op. cit.: 21):

The task of historical linguistics is to explain the differences between the past and the present; but to the extent that the past was different from the present, there is no way of knowing how different it was.

Sosiolingvistikken studerer tilhøvet mellom språk og sosiale faktorar, men dei sosiale faktorane i samtida er kjende for oss på ein heilt annan måte enn dei i tidlegare tider, som me berre har fragmentariske skriftminne frå. Uniformitetsprinsippet heng saman med dette: Sidan me ikkje kan vita koss fortida var, har me ikkje anna val enn å bruke den kunnskapen me har om språk i dag. Men skildringar av koss sosiale tilhøve styrer språk, kan ikkje vera tilgjengelege for oss lenger enn me er i stand til å rekonstruere

---

<sup>1</sup> Striden mellom fransk, nederlandsk og flamske dialektar syner elles stor likskap med den seinare norske målsoga.

den sosiale konteksten. Uniformitetsprinsippet er avhengig av at me kan identifisere «points of contact and similarity between the present and the past» (Labov 1994: 20).

Spesielt når det gjeld freistnader på å ta i bruk metodar utvikla i moderne talemålsforskning i arbeid med gamle skriftlege kjelder, ligg faren for å bli anakronistisk der. For å følgje opp historieparadokset: Me veit at folk i mellomalderen ikkje hadde same oppfatningar av språk og skrift som me har i dag, men me kan ikkje vita akkurat *kor* forskjellige oppfatningane deira var frå våre.

For å unngå anakronismar, er det viktig å vera tydeleg i omgrepsbruken. Ein kan t.d. ikkje leggje same innhald i omgrep som ‘rettskriving’ eller ‘ortografi’ i ei prestandardisert tid som me gjer i dag, med våre tiders offentleg fastsette skriftnormer. Men det er mogleg å bruke uttrykka i tydinga ‘måten ord blir skrivne på’, slik eg gjer i denne avhandlinga. Og me kan heller ikkje gå ut frå at våre notidige oppfatningar om kva som konstituerer eit språk, var gyldige for koss oppfatning folk i seinmellomalderen hadde, og kva kategoriar, nasjonale og språklege, dei oppfatta (sjå § 7.4). Men dersom ein fer varsamt åt på desse punkta, ser det ut til at somme resultat av nyare språkforskning òg held for historiske tilhøve. I ein oppsummeringsartikkel om uniformitetsprinsippet konkluderer Bergs (2012: 96) slik:

[S]ome of the fundamental claims of modern (socio-)linguistics do seem to follow the [uniformitarian principle]. These include the fact that language must always have been variable, that different social groups and genders had different ways of speaking, and that people have always been aware of these differences, though they may not have evaluated them as we do today.

### 3.1.3 Literacy-forskning

*Literacy* er vorte noko av eit moteord i arbeid med språk og samfunn i eldre tider. Omgrepet har fått eit uklårt og vekslende innhald, frå det heilt smale ‘lese- og skrivekompetanse’ til det vide ‘skriftkultur’, meint å femne både kjennskap til og bruk av skrift med heile samfunnet som kontekst. Somme har slege frampå om ‘skriftkunne’ på norsk, men dette blir lett tolka restriktivt som lese- og skriveteknikken. Sjølv har eg dels bruka ‘skriftbrukskultur’, men ein kan vel ikkje seie at det er etablert ei norsk nemning som svarar til den engelske, og i forskingslitteraturen er det alltid vist til *literacy*.

Den varierende bruken av omgrepet hjå ulike forskarar kan vera problematisk, slik Spurkland (2008: 183) har uttrykt det: «Termen literacy opptrer nå i så mange sammenhenger at det synes å referere til alt eller ingenting, det

kan ofte virke innholdstomt.» Han meiner vidare at somme brukar det som eit reint moteord, for å skrive «seg inn i en populær forskningsmetodisk trend», utan at dette får synlege følgjor for innhaldet i forkinga deira (loc. cit.). Melve (2005) oppsummerer ulike tilnærmingar til omgrepet berre innanfor studiar på mellomalderen, og syner kor vidt det er vorte. Han konkluderer slik (op. cit.: 137):

[E]in ukritisk bruk og ein inflasjon i ulike *literacies* har gjort eit omgrep som opphavleg refererte til lese- og skrivekunne til eit brysamnt omgrep. [...] [E]i opphoping av delvis periodespesifikke og delvis fagspesifikke omgrep [...] gjer ‘samtalar’ vanskelege og komparasjonar nærast umogelege.

Spurkland er oppteken av at omgrepet må femne vidare enn berre lese- og skrivekunne for å vera nyttig, og trekkjer særleg fram dette i overgangen frå ein munnleg (skriftlaus) kultur til ein skriftkultur (Spurkland 2008: 183). Denne overgangsprosessen har somme prøvt å fange med termar som tysk *Verschriftlichung*; for dansk og svensk er høvesvis *tekstualisering* og *literacitet* vorte bruka; Hagland (2005) snakkar om ein *litterariseringsprosess*. Slik kan ein understreke at «det ikkje dreier seg om eit munnleg samfunn som over natta blir skriftleg, men at dette er ein komplisert prosess som ikkje let seg gripe i enkle dikotomiar slik som ‘munnleg’ og ‘skriftleg’» (Melve 2005: 131). Dersom ein skal knyte dette til literacy, må omgrepet forståast svært vidt.

Spurkland trekkjer fram ei rad namn som har vore sentrale innan literacy-forskinga dei siste åra, og som sluttar opp om ein vidare definisjon: «Termen refererer også til anvendelse av skrift, hvordan (deler av) samfunnet baserer seg på bruk av skrevne tekster, de sosiale implikasjoner bruk av skrift fører med seg» (Spurkland 2008: 185). Med tilvising til Brian Stock kjem Spurkland òg inn på skiljet mellom lese- og skrivekunne og *tekstualitet*, det å forhalde seg til skrift på eitkvart vis. Dei to tinga kan vera uavhengige, som når norske bønder i mellomalderen fekk hjelp av presten, lagmannen eller andre til å setje opp ein skriftleg avtale seg i mellom – dei kunne ikkje sjølve skrive, men måtte forhalde seg til ein skriftkultur. Hagland (2005) skriv om privatpersonar som var seglvitne til brev utan at det er truleg at dei sjølve kunne setje opp (eller skrive) slike dokument. Dei «vart slik sett del av eit system som gradvis gjorde seg meir avhengig av skrift i saker som hadde rettslege og eller [sic!] økonomiske konsekvensar for den einskilde» (Hagland 2005: 58). Lesekunne i mellomalderen inkluderte heller ikkje alltid skrivekunne; dei reint tekniske vanskane ved skriftproduksjon med fjørpenn og pergament gjer det truleg at langt fleire kunne lesa enn skrive.

I alt vitskapleg arbeid er ein nøydd til å definere omgrepa sine, og enda viktigare er dette i ein situasjon der det finst så ulike oppfatningar. Å bruke

'literacy' utan å klårgjera kva innhald ein legg i det, tener ikkje til noko. Nett dette er utgangspunktet for Karl G. Johanssons rimeleg kritiske vurdering av Nedkvitne (2004), der han er inne på at «denne definitionsproblematik» fører til same problem som Spurkland nemner (sjå over), og «hur ett nytt begrepp lätt bara blir en ursäkt för att göra 'mer av det gamla vanlige'» (Johansson 2006: 184). Eg vil i det følgjande halde meg til den vide definisjonen, fordi eg meiner dette best kan fange inn dei sosiale konsekvensane av overgangen til ein skriftleg kultur, og sjå på ulike tolkingar og omgrep som freistar gripe denne litterariseringsprosessen.

**From memory to written record** Michael T. Clanchys (1993) bok om den første skriftleggjeringa av det engelske samfunnet i åra etter den normanniske erobringa i 1066, er vorten ein klassikar innan fagfeltet. Tittelen viser til den gjennomgripande samfunnsendinga frå at det er minnet åt dei eldste i samfunnet som traderer eigeidom, rettar og plikter, til nedskrivne «records»; skrift får ein posisjon som lagringsmedium. Nett det same skjedde òg i Noreg, om enn noko seinare. Dei vitnebreva som er så typiske for norsk mellomalder, representerer her eit mellomsteg. Det er framleis handslaget og den munnlege avtalen som er det primære, men samstundes blir avtalen og omstenda kring han skriven ned, i former som *XX ok YY várum hjá, ságum ok hýyrðum handarband þeirra í millum*, med små variasjonar. I seinmellomalderen endra dette seg slik at det ikkje lenger var handslaget, men skriftfestinga, som vart det viktigaste. Hagland (2005) studerer utviklinga av slike vitnebrev, og ser i nokre døme frå sist på 1400-talet formuleringar som «gir eit klårare uttrykk enn før for at det er brevet i seg sjølv som skrift som utgjer den rettskonstituerande handlinga» (Hagland 2005: 90).

Clanchy argumenterer dessutan for at kongen og sentralmakta var leiande i utviklinga av administrativ literacy; kyrkja lærde arkivkunnskap av kongen (sjå t.d. s. 74). Dette heng saman med utviklinga av statsorganisasjonen, som òg er det gjennomgåande temaet i Nedkvitne (2004). Han legg stor vekt på at literacy vart bruka til å styrkje statleg og kyrkjeleg organisasjon og gje statsmakta sterkare kontroll over samfunnet: «Judicial and administrative power and authority was gradually drained from these local, oral communities to the larger ones organized through literacy» (Nedkvitne 2004: 250). Ei maktsentralisering kravde strengare kontroll med embetsverket, og dette fekk praktiske utslag i administrative kontrollrutinar som rekneskapsføring. Styrkinga av statsmakta førde etter kvart til etableringa av nasjonalstatar, der «written language, judiciary and secular administration had the same borders as the kingdoms» (loc. cit.), og med reformasjonen vart kyrkja òg ein del av staten. «Literacy was a precondition for this development. Literacy



was important to the rise of the Scandinavian states» (loc. cit.).

Nedkvitne ser òg ei historisk utvikling i tilhøvet mellom litterariseringsprosessen og høvesvis kyrkja og staten. Det er naturlegvis ingen tvil om at skrifta kom til Skandinavia med kyrkja og kristendomen, men i tråd med argumentasjonen om at literacy tente til å sentralisere makt og styrkje sentralstyret, ser Nedkvitne ein overgang der det gradvis var andre miljø enn dei geistlege som vart førande. Eit døme han trekkjer fram, er rekneskapsføring. Dei eldre jordebøkene viser *forventa* inntekt, landskylda frå gardane, medan ein rekneskap er prinsipielt annleis i det han fortel om faktiske inntekter og utgifter. Nedkvitne meiner at slike rekneskapar vart tekne i bruk i statsadministrasjonen, først og fremst av høvedsmenn på dei kongelege festningane og i samband med såkalla rekneskapslen, for å styrkje kontrollen med lensherrar og embetsmenn (Nedkvitne 2004: 172–177).

**Fleire typar literacy** Nedkvitne (2004) gjer eit poeng ut av skiljet mellom det han kallar «administrative literacy» og «narrative literacy», dvs. literacy knytt til høvesvis administrasjon (statleg og kyrkjeleg) og narrative framstillingar, anten dei no er tufta på faktiske hendingar eller rein fiksjon. Eit poeng for han er at «[o]utside the court, literacy in the Late Middle Ages was an instrument for administration, not for narratives or ‘literature’» (Nedkvitne 2004: 235). Og sidan det ikkje fanst noko hoff i Noreg, var skriftbruken difor knytt til administrasjon.

Eit slikt synspunkt ligg under andre arbeid om literacy i seinmellomalderen òg. Hagland (2005) hentar omgrepet «original skriven litteratur» frå Indrebø og leitar etter slike tekstar i det norske seinmellomaldermaterialet (Hagland 2005: 40–44, 79–86), til skilnad frå skrift bruka i administrativ og rettsleg samanheng. I denne samanhengen nyttar han omgrepsparet «teknisk skrivekompetanse» og «tekstformingskompetanse» (op. cit.: 79). I det første legg han evnor og kunnskap til å kunne setje opp eit meir eller mindre «rett» dokument om handelsavtalar e.l. (etter tradisjonen for rettsgilde dokument); i det andre evna til å kunne formulere friare, meir narrative sekvensar. Dette er knytt til ei oppfatning av administrativ, praktisk språkbruk som noko prinsipielt ulikt lengre «litterære» framstillingar.

Melve (2005) er kritisk og meiner at ei slik oppdeling er ei anakronistisk overføring av ei moderne litteraturforståing, og at dette skiljet ikkje var viktig, iallfall ikkje like viktig som i dag, i mellomalderen. Ikkje minst finst det mange overgangsformer mellom dei to teksttypene, samstundes som det munnlege fortsette å spela ei viktig rolle i den framveksande skriftkulturen. «Med eit slikt fokus på kva dei ‘to kulturane’ har sams vil ein lettare få grep om mellomalderen sin skriftkultur som heilskap» (Melve 2005: 137). Eg

synest likevel at skiljet kan ha noko for seg, fordi det fangar ei viktig side ved særleg det norske seinmellomaldermaterialet: Trass i at det ikkje vart skrivi det me i dag kallar 'litteratur', fortsette auken – kvalitativt om ikkje kvantitativt – i skriftbruk til administrative føremål, i rekneskapar, jordebøker og ymse forretningsdokument.

Eit anna funksjonelt skilje går mellom skrift som kommunikasjon (typisk brev) og som lagringsmedium (tradisjonelle vitnebrev, lovar, jordebøker, rekneskapar o.l.). Nedkvitne (2004: 243) slår fast at «[s]toring information was the basic reason for using writing in the Scandinavian Middle Ages». Det som helst vart nedskrive, var difor slikt det var viktig med semje om i ettertid: lovar, eigedomsrett og kyrkjeleg liturgi. Skriftkulturen spesielt på Island høver likevel dårleg med denne konklusjonen, med den rike prosatradisjonen.

Eit slikt skilje mellom skrift som kommunikasjon og lagring blir skarpt kritisert av Karl G. Johansson, som meiner at det uansett er problematisk å identifisere mottakaren, t.d. kan rekneskapar like gjerne vera meinte som samtidige oversyn, anten til ein sjølv eller til ein fut, eller dei kan inngå i ei langvarig bokføring (Johansson 2006: 190). Nettopp kva tilhøve skriftbrukarane har til «skriften och dess kommunikativa möjligheter» blir difor eit interessant spørsmål innan literacy-forskinga (loc. cit.).

Som eg nyss var inne på med referanse til Clanchy, er overgangen til «written records» ei viktig side ved litterariseringsprosessen i mellomalderen, og absolutt eit viktig poeng i diffusjonen av skrift frå ein geistleg elite til breiare lag av folket. Men eg er likevel samd med Johansson i at det kan vera vanskeleg å peike på kva teksttypar som skal brukast til kva formål, slik at dette skiljet neppe tilfører diskusjonen all verda. Ei oppfatning av skrift som kommunikasjon måtte kor som er spenne frå offisielle missiv til privatbrev, der overgangen til lagring eller kunngjering av avtalar er flytande. Kjennskapen vår til privatbrev i mellomalderen er dessutan for dårleg.

Privatbrev er nemleg svært sjeldne i dei overleverte kjeldone. Éin grunn til det kan vera at eit brev uansett måtte sendast med einkvan, som like gjerne kunne gje ein munnleg bodskap. Det finst døme på brev av meir privat karakter, det eldste kjende frå Skandinavia frå 1160-åra (Nedkvitne 2004: 236), og fleire seinare. Mot slutten av 1400-talet vart privatbrev langt meir vanlege, og kjeldematerialet syner ein omfattande privat korrespondanse etter 1500 (op. cit.: 247). Men Nedkvitne meiner at grunnlaget for venskapen var slektsband eller personlege møte, og at breva berre tente til å halde ved like eller styrkje allereie eksisterande sosiale band.

Når berre eit fåtal slike brev finst i dag, kan det ha samanheng med at det ikkje var nokon grunn til å ta vare på brev utan juridisk verde, slik at overleveringssituasjonen er like viktig som den opphavlege produksjonen for

brevmengda i dag. Fragment på segltreimar fortel nemleg at det vart skrivi privatbrev i høg mellomalderen òg. Rindal (1982) har undersøkt segltreimane på brev frå Opplanda før 1350, og av 31 brev med segltreimtekstar har seks truleg fragment av privatbrev (Rindal 1982: 41). Dette viser at dei langt ifrå var så sjeldne som ein overflatisk gjennomgang av materialet kan tyde på.

## 3.2 Språk i bruk ikring 1500

Fleire språk og dialektar vart bruka i Noreg i sein mellomalderen, og eg skal gje nokre merknader til kva varietetar som vart snakka, og kva kompetanse dei norske språkbrukarane hadde. Eg vil leggje vekt på å skilje mellom munnleg og skriftleg kompetanse, og vidare vise til kva konsekvensar denne språklege røyndomen har hatt for språkending. Framstillinga her femner om større område enn det empiriske grunnlaget for avhandlinga, slik at det som her blir sagt, er ope for modifikasjon når det gjeld trondheimsmiljøet.

I det følgjande ser eg bort frå samiske språk. Dei vart nok snakka av folk som budde i Noreg, men samane hadde ein så perifer posisjon i samfunnet at dei knapt kjem fram i dei skriftlege kjeldone, og språka deira vart ikkje skriftfeste før mykje seinare. Det er likevel mogleg at kontakten med samiske varietetar har påverka nordlege norske og svenske dialektar, som spesielt Kusmenko (2008) har argumentert for.

Noko som gjeld all skriftkultur i Vest-Europa i mellomalderen, er at han frå starten var diglossisk. Latin var lenge det einaste brukande skriftspråket, medan folkemåla berre levde i ein munnleg sfære; lenge etter at folkemåla vart skriftfeste fortsette latin å ha ein dominerande posisjon i offisielle samanhengar. Dette er eit viktig perspektiv å ha med seg i arbeid med skriftkultur i sein mellomalderen (og for så vidt inn i tidleg nytid òg, me må langt fram på 1800-talet før latin fullstendig miste rolla si innan skriftproduksjon). Dette er den fremste kritikken Karl G. Johansson kjem med i meldinga si av Hagland (2005), som berre tek føre seg brev på norsk:

[J]ag tror att han därmed förbigår en viktig pusselbit för förståelsen av skriftbrukets utveckling i norsk senmedeltid. [...] Kanske skulle en studie som även i högre grad drog in de latinska dokumenten ha kastat ytterligare nytt ljus på kyrkans roll som en av de institutioner som var skriftspråkets främsta förposter i senmedeltidens Norge (Johansson 2006: 181).

Ei fullstendig framstilling av norsk skriftkultur i denne perioden må ta omsyn til både grannespråka og latin, og ekstra viktig blir dette perspektivet for ein studie av eit kyrkjemiljø.

### 3.2.1 Språk og dialektar

I vår samanheng er det eit klårt skilje mellom skandinavisk på éi side og latin på hi, i den forstand at ein lett ser forskjell på dei. Det innbyrdes tilhøvet mellom dei skandinaviske språka eller dialektane er langt meir innfløkt, og skal ein diskutere slike spørsmål, kjem ein ikkje unna ein grenseoppgang mellom omgrepa ‘språk’ og ‘dialekt’. I minsto i daglegtale reknar me norsk, svensk og dansk som tre ulike språk. *Ethnologue*<sup>2</sup> fører opp fire «East Scandinavian» språk: norsk, svensk, dansk og jysk. Andre vil nok hevde at t.d. älvdalsmål er eit eige språk, minst like så vel som jysk er det. Og kva med gutamål, som historisk har vorte rekna som eit eige språk?<sup>3</sup>

I terminologien etter Heinz Kloss er norsk, svensk og dansk *Ausbau*-språk, jamvel om det er minimal *Abstand* mellom dei (Kloss 1978: 207). Grunnlaget for at dei er definerte som språk, er at dei finst i standardiserte varietetar bruka på alle samfunnsomkverve, og dei er knytte til nasjonalstatane som administrasjonsspråk: *A shprakh iz a dialekt mit an armey un flot*, som det tradisjonelt heiter.<sup>4</sup> Såleis er dei klare døme på Ausbau-språk. Samstundes må alle dei skandinaviske språka reknast som innbyrdes forståelege i dag, jamvel om tendensen i nye undersøkingar går i retning av dårlegare forståing enn før, slik at dei ikkje er etablerte Abstand-språk. Så er spørsmålet koss denne situasjonen var i eldre tider.

**Frå skandinavisk til nasjonalspråk** Urnordisk ser ut til å ha vore nokså einskapleg over heile Skandinavia, etter det me kan slutte frå overleverte runeinnskrifter.<sup>5</sup> Med dei store ljodendringane i synkopetida byrja dei ulike skandinaviske språka å skilje seg frå kvarandre, og det er vanleg å snakke om aust- og vestnordisk. Skilnadene var likevel ikkje store, og eit tekstleg vitnemål om det er fellesnemninga *dønsk tunga* (KLN 2, sp. 662–664) som vart bruka om språka i Norden i høgmedalderen.

I seinmedalderen gjekk dei fastlandsskandinaviske språka gjennom nye store endringar, som førde til eit klårt skilje mellom fastlandsskandinavisk og øyskandinavisk. Sidan dansk både fekk grammatisk forenkling før svensk og norsk og hadde særeigne ljodutviklingar, gjekk skiljet eit bel snarare nord–sør enn aust–vest. Ikring 1500 var norsk og svensk òg komne langt i overgangen til moderne språk, slik det er framstilt i standard innføringsverk. Det er naturleg å tru at endringane spreidde seg frå innovative sentrum ut i periferien, så funn

<sup>2</sup> <http://www.ethnologue.com/>.

<sup>3</sup> Jf. Noreen (1904): *Altschwedische Grammatik: mit Einschluss des Altgutnischen*.

<sup>4</sup> Ofte tillagt Max Weinreich, men opprinneleg ytra av ein av studentane hans.

<sup>5</sup> Dette har fått somme til å tru at språket i innskriftene representerer ein koiné, utan at dette synet vinn fram i ei oppsummering som Nielsen (2002: 617).

av svært gammaldags språk i utkantstrok enno ned mot 1500 (som Wetås 2008) strir ikkje mot dette. Eg vil tru at dei mest kontaktutsette sentrumsområda stod på det me kan kalle eit nynorsk språksteg i år 1500, utan at kjeldesituasjonen gjer det mogleg å prove dette direkte. Det er dessutan ikkje sikkert at alle nivå av språket endra seg like fort, sjå vidare Rindal (1988) om tidfestinga av språkendingar og periodiseringa av mellomnorsk.

Eit anna spørsmål er når dei moderne dialektane oppstod, og om denne utviklinga skjedde samstundes i dei skandinaviske landa. Teleman (2007) argumenterer for divergerande tendensar mellom bygdedialektane heilt fram til 1800-talet, medan standardspråket, som bygde på bymåla, har konvergerert sidan 1400-talet. Etter den tanken var altså skilnaden mellom dei skandinaviske varietetane mindre ikring 1500 enn det er lett å tenkje seg ut frå dei konservative bygdemåla i nyare tid, og den maksimale skilnaden mellom bygdemåla var ein gong kring 1800.

Den utjamninga av tradisjonelle dialektar som har følgd kodifiseringa av moderne standardspråk, betre utdanning og generelt auka kontakt mellom ymse bygdelag, har gjort grensone mellom nasjonalspråka norsk, svensk og dansk klårare, men framleis kan det skandinaviske språkområdet kallast eit dialektkontinuum, og dette var fulla tilfellet i seinmellomalderen. Norsk, svensk og dansk eksisterte ikkje som klårt avgrensa språklege einingar. Det kan likevel vera mogleg å peike på isoglossar som skil dei ulike språkområda, men i praktisk arbeid med dei norske mellomalderkjeldone er det ofte vandt å seie kva språk ein tekst er skriven på. Mange språktrekk kan vera både danske og svenske i motsetnad til norske, andre både norske og svenske i motsetnad til danske (sjå § 5.1.1). Det er såleis ikkje alltid lett, eller i det heile mogleg, å seie om ein tekst er skriven på norsk, svensk eller dansk.

Kanskje har det aldri funnest noko slikt svar heller; dei språklege overgangane var glidande og på fleire nivå (fonologi, morfologi, syntaks og leksikon), og mange tekstar ber preg av språkblanding. Freistnader på å definere språket i seinmellomalderkjeldone etter dei moderne nasjonalspråka, kan fort bli anakronistiske overføringar av vår tids språklege medvit. Dette heng saman med spørsmålet om rettskriving og norm, og kor mykje variasjon som var normalt, som eg kjem til under (§ 3.4).

**Latin** Jamsides dei heimlege språka levde latin som det lærde språket for religion, vitskap og internasjonal kommunikasjon. Slik den politiske situasjonen utvikla seg, var det mest kyrkjemenn som hadde internasjonale kontaktar i Noreg, og dimed produserte latinsk tekst. Gjennom den katolske kyrkja hadde latin ein sentral posisjon fram til reformasjonen, men etter kvart vart språket i sterkare grad knytt til ei meir fåment gruppe universitets-

utdanna lærde. Latin var nok først og fremst eit skriftspråk, og somme prestar har knappast kunna meir enn det naudsynte for å gjennomføre dei kyrkjelege handlingane. Det er ingen grunn til at norske geistlege skulle snakke latin seg imellom, men det var vel i nokon mon bruka i hopehav med utlendingar. Dessutan var latin talemål og det sentrale faget ved katedralskulane, og dei som attåt norsk katedralskule hadde universitetsutdanning, kjende truleg språket godt både skriftleg og munnleg.

**Lågtysk** Ved sida av latin er ulike tyske dialektar det viktigaste framande innslaget i skandinaviske seinmellomalderkjeldor. Kontinentvarietetane av vestgermansk, altså det som med moderne termar blir kalla (mellom)lågtysk og (mellom)nederlandsk (eg ser bort frå frisisk her), utgjorde i mellomalderen eit dialektkontinuum over dei moderne nasjonalgrensone:

Doch gibt es in der mittelalterlichen Schreibsprache von der holländischen Küste bis zur Weser nur allmähliche Übergänge; von einer strukturellen Sprachgrenze zwischen [Niederdeutsch] und [Niederländisch] kann [...] nicht die Rede sein (Goossens 1994: 82f).

Eg er ingen ekspert på korkje lågtysk eller nederlandsk, og for argumentasjonen her er det sjølve tilhøvet mellom det framande tyske og det heimlege skandinaviske som er viktig. Somme stader der eg går nærare inn på spesifikke tekstar, skal eg freiste å definere kva varietet det er snakk om, men elles brukar eg termen 'lågtysk' om nederlandsk og lågtysk generelt – med ein viss historisk rett: *dutch* og *deutsch* har same etymologi.

Det er oftast slik at det blir skrive lågtysk *til* nordmenn, men ikkje *av* dei. I Danmark var tysk meir bruka, jamvel slik at medlemmer av den danske kongefamilien, som ætta frå Tyskland, kunne skrive tysk seg imellom. Da er det oftast høgtysk det er snakk om. Det finst ein god del døme på brev på lågtysk og nederlandsk skrivne i Noreg, men det er få døme på at dei er skrivne av nordmenn. Tyske dialektar vart naturlegvis snakka av utlendingar som var busette i Noreg; her står hanseatane i Bergen i ei særstode, dei utgjorde eit sjølvstendig samfunn med sitt eige språk (sjå Nesse 2002). Hansaen var knytt til dei nordtyske byane med Lübeck i føringa, men det ser ut til at erkebispnen hadde vél så mykje kontakt med hollandske kjøpmenn.

**Fleirspråklegheit** Dette leier oss over til spørsmålet om kor stor grad av fleirspråklegheit me kan rekne med i det norske miljøet. Dei geistlege var som sagt tospråklege, om enn i svært skiftande grad. Dei fleste nordmenn som tok universitetsutdanning på denne tida, var i Rostock. Om me ikkje kan vita det sikkert, er det truleg at dei lærde seg det lågtyske talemålet

blant vanlege byfolk, og ikkje berre hjelpte seg med morsmålet og latin. Ein del kjøpmenn såg seg heilt sikkert mon i å lære lågtysk/nederlandsk, sidan det var morsmålet åt dei viktigaste handelspartnarane. I Danmark var tospråklegheit med høgtysk og dansk det normale blant overklassen i tidleg nytid (Winge 1992). Dei skandinaviske varietetane var såpass like at sjølv om norske skrivarar evla å skrive ein dansk som ikkje kan ha vore talemålsbasert, er det ikkje det same som fleirspråklegheit. Det vitnar likevel om god tekstformingskompetanse, og truleg noko forståing av kva som skilde norske dialektar frå danske.

### 3.2.2 Diglossi og domenetap

Det er vanleg å seie at tilhøvet mellom latin og folkespråka i Europa i mellomalderen var diglossisk, der folkespråka var lågvarietetten og vanleg talemål mellom folk flest, medan latin var høgvarietetten til bruk i visse domene (jf. over). Sidan det er snakk om to ulike språk kan situasjonen òg kallast utvida diglossi; sjå Schiffman (1997) for ein faghistorisk gjennomgang av omgrepsbruken.

Språka eksisterte jamsides ned gjennom mellomalderen, men latin var nokså eksklusivt knytt til religion og vitskap og ikkje nokon ålmenn H-varietet, og dessutan lite utbreidd som talemål. På hi sida kunne folkemålet etter kvart brukast i skriftlege situasjonar som i tradisjonell forståing er reserverte for høgvarietetten, sidan Noreg og Island stutt tid etter innføringa av den latinske skriftkulturen tok det nye alfabetet i bruk for folkemåla. Me var såleis tidleg ute i nordeuropeisk samanheng (engelsk og irsk vart skriftfeste enda tidlegare) med å bruke morsmålet i offisielle samanhengar. I Danmark og Sverige åtte latin lenge større rom, men etter kvart kom morsmålet i bruk som administrasjonsspråk der òg, først i lovtekstar. Denne utviklinga har ofte vorte sedd som inspirert av tilhøva i Noreg (sjå t.d. Carlquist 2002). Etter reformasjonen miste latin den sentrale posisjonen som kyrkjespråk og vart eit reint vitskapsspråk.

Den situasjonen som oppstod med overgangen til eit dansk skriftspråk som skilde seg vesentleg frå talemålet i Noreg, liknar meir på klassisk diglossi. Jamvel om skilnaden mellom varietetane var liten og H-varietetten berre skriftleg, var funksjonsdelinga mellom språka i tråd med vanlege diglossisituasjonar (sjå Nesse 2002: 95–100, spesielt s. 97, for ein diskusjon). Det er ingen automatikk i at skiftet av skriftspråk skulle draga med seg djuptgripande talemålsendringar; det er nok av døme på diglossisituasjonar som har vore stabile i hundretals år. Stoda noko seinare i norsk tyder på at kvar har snakka sin dialekt – anten han no var norsk eller dansk (Iversen 1921).

**Frå norsk til dansk** Overgangen frå norsk til dansk i Noreg er mest utførleg skildra på makronivå i Indrebø (2001: 177–200). Overgangen skjedde gradvis: Ymse institusjonar skifta vanlegvis når ein danske vart leiar, medan dansk kom meir gradvis inn der dét ikkje var tilfellet. Dette er bakgrunnen for formuleringa hans Indrebø om at somme «*hoppa* frå det eine målet til hitt», medan andre «*kraup* yver i dansk» (Indrebø 2001: 192). Der overgangen skjedde gradvis, er språkblandinga somtid så stor at det ikkje er råd å definere kva språk ein einskild tekst er skriven på. Men der skiftet var bråare, som ved erkesetet, var skilnaden mellom varietetane på dette tidspunktet så stor at det er lett å skilje språka.

Målskiftet kan skildrast som ein domenetapsprosess, og med di dette skjedde rett før den tida skriftspråka i Vest-Europa vart standardiserte, fekk det store følgjor for skriftspråkhistoria framover. I brev frå kongen var dansk gjengs allereie i siste halvta av 1400-talet, medan det finst brev frå folk utover bygdene på norsk nedgjennom 1500-talet. Landslova var i bruk fram til 1604, og ho var på norsk. Det vart jamvel gjort avskrifter av ho til ut på 1590-talet, men i 1530-åra kom det òg ei dansk omsetjing (Indrebø 2001: 283). Indrebø forklarar dette med det aukande talet på danskfødde embetsmenn som hadde vanskar med å lesa gammalnorsk. Stutt kan ein seie at dansk først vart teke i bruk som forvaltningsspråk, først for kongsmakta (jf. Hægstad 1902), sidan for riksrådet, verdslege stormenn (ofte av dansk opphav) i Noreg og etter kvart lægre offentlege tenestemenn (lagmenn). Dansk spreidde seg altså frå dei høgste sosiale laga og nedover, og erobra stendig fleire skriftspråklege domene, heilt til det var den einaste aksepterte skriftlege uttrykksmåten litt etter 1500 (unnteke vitnebrev om gardhandlar på bygdene). Samanhengen mellom det moderne domenetapsomgrepet og framstillinga hjå Indrebø er tidlegare gjord eksplisitt i Mæhlum (2005).

Tilhøvet for kyrkja er noko meir innfløkt, men syner same overordna tendens. Den viktige skilnaden er at der var eit tredje språk i bruk. Tilhøvet er grovt sett slik at latin var språket i samband med paven og kurien, samt i nokre spesifikt kyrkjelege domene (t.d. avlatsbrev), medan meir verdslege tilhøve gjerne kunne skrivast på skandinavisk, t.d. jordegåvor til kyrkja (sjå § 6.2). Elles hadde kyrkjemennene viktige verdslege administrative funksjonar, der skandinavisk var tenestespråket. Det var helst slik at innsetjinga av ein dansk bisp førde det aktuelle bispesetet over til dansk administrasjonsspråk. Denne prosessen var irreversibel: Var dansk først kome inn, vart det ikkje bytt attende til norsk. Bruken av latin heldt fram jamsides dette skiftet.

Med reformasjonen styrkte folkemåla posisjonen sin som kyrkjespråk i dei protestantiske statane i Nord-Europa, men Noreg fekk her ei særutvikling. For skuld den politiske utviklinga i seinmellomalderen var det dansk som



vart både administrativt språk og kyrkjepspråk. Eit døme er bibelutgåvone på nasjonalspråka. Dei nordiske landa fekk sine fullstendige omsetjingar av Bibelen i løpet av 1500-talet (Sverige 1541, Danmark 1550, Island 1584), men Noreg låg langt etter. Heile nytestamentet vart omsett i 1889, men den første fullstendige bibelomsetjinga til norsk kom ikkje før i 1921.<sup>6</sup> Bibelomsetjingane etter reformasjonen har fått mykje av æra for at den tyske påverknaden på svensk vart motvirka, og språket i Bibelen vart ei språkleg rettesnor (Zheltukhin 1996). Dette var altså ikkje mogleg i Noreg.

### 3.3 Skrift og tale

Skrift og tale er to ulike språklege modalitetar som ikkje står i noko absolutt avhengig tilhøve til kvarandre. Tradisjonelt har historisk språkvitskap vore mest oppteken av å avdekkje utviklinga i talemålet, og metodiske diskusjonar om mellomalderkjeldor har dreidd seg om koss dei kan fortelje om talemålet åt skrivaren (sjå Lass 1997: kap. 2 for ein vitskapsteoretisk diskusjon av skriftlege kjeldor i målsoge). Det er sjølv sagt mogleg å studere gamle skrifter grafematisk, men da må ein vera klår over at dei resultat ein kjem til, ikkje automatisk gjeld for tilsvarende fonologiske tilhøve. I ei tid med så stor ortografisk variasjon er det ofte vanskeleg å slutte seg til kva det skriftlege uttrykket speglar; som Einar Haugen (1976: 252) uttrykte det: «Any attempt to determine from the sources just how people spoke in this period [1350–1550] is tempting but risky.» Jamvel om skriftbiletet på eitkvart nivå har ein ljodleg representasjon, treng ikkje denne vera identisk med talemålet åt skrivaren – jf. situasjonen for norske skrivarar som skreiv dansk.

I språkleg samansette tekstar som dei norske seinmellomalderkjeldone, der fleire skrifttradisjonar møtest og brytst, er tilhøvet mellom skrift og tale ekstra dimt. Når ein skal prøve å spore talemålsutviklingar, er det helst «skrivemåter som ikke hører hjemme i noen slags skriftspråktradisjon» (Grøtvedt 1940: 103) som gjev gode haldepunkt. Viss ei ny eller uvan form har eit skriftleg førebilete i grannespråka, kan ho like gjerne vera eit lån som ei nydanning. Viss ho derimot saknar slike motstykke, men finst i seinare dialektar, kan ikkje forma ha anna opphav enn talemålet (eg ser her bort frå rein feilskrift, som ein alltid må vera open for). Hyperkorreksjonar er noko av det beste ein kan finne i jakta på språkendingar. Dei fortel ikkje direkte kva former som rådde, men viser at skrivaren byggjer på eit tillært skriftmønster, ikkje talemålet sitt; talemålet og skriftspråket stemmer ikkje overeins, og skrivaren gjer feil.

<sup>6</sup> På norsk-dansk kom ei omsetjing av GT i 1891 og NT i 1904.

Men som eg har vore inne på innleiingsvis, er det òg mogleg å handsame skriftlege kjeldor på sjølvstendig grunnlag, utan at det einaste føremålet er å lesa ut eit talemål or dei. Dersom ein utvidar studieobjektet frå språkssystemet, som er uløyseleg knytt til talemålet, til å omfatte den sosiale konteksten bruken av skrift inngår i, er kjeldone langt mætare. Med eit tradisjonelt historisk omgrepsspar er kvart tekstminne i seg sjølv ein historisk leivning som fortel om framstillinga av eit tekststykke, samstundes som mange òg inneheld forteljingar som set dei sjølv eller andre skriftminne i ein språkleg og kulturell samanheng. Kjeldone på dansk kan meir direkte fortelje oss om den funksjonelle sida ved skriftspråket, skriftkunne og skrivemiljø enn den strukturelle sida ved talemålet, og ei utviding av perspektivet opnar for å stille interessante spørsmål til materialet som ikkje er direkte knytte til kva det fortel om norsk talemålsutvikling.

### 3.3.1 Register og stil

Ei side av tilhøvet mellom skrift og tale er stilistiske skilje som kan gå på tvers av mediet. Ulike teksttypar skil seg åt med omsyn til kor forseggjorde dei er. Det er stor skilnad mellom eit offisielt, høgtidssamt brev og notatar meinte for eigen eller intern bruk. På same sett er det eit langt sprang frå den offentlege talen til uformelt drøs mellom vener. Slik skilnad i register eller stil kan vera vél så viktig som det modale skiljet mellom skrift og tale.

Finegan og Biber (2001) drøftar slik registervariasjon, og finn at «much linguistic variation across registers can be explained by systematic analysis of salient communicative parameters» (op.cit.: 251), og dette gjeld både skriftleg og munnleg kommunikasjon (op.cit.: 250). Dei «salient communicative parameteres» som dei vurderer, er delte i «economy features» (samantrekningar, ellipse, *do*-innsetjing og bruk av *it*) og «elaboration features» (attributive adjektiv, preposisjonsfrasar og ordrikdom). Dei finn ein glidande overgang frå lite til meir formelle samanhengar, der dei uformelle (personleg brev, konversasjon) er prega av economy features, medan dei meir formelle (akademisk skriving, offentleg tale) har mykje elaboration features. Kontinuumet frå uformell til formell stil går altså på tvers av mediet (skrift/tale). Skriftleg gjeld det same kontinuumet tilhøvet til ortografien: Meir formelle tekstar rettar seg etter den gjeldande språknorma, medan uformelle tekstar har ei lausare tilknytning til norma; dei kan jamvel vera medvite anti-normerte (jf. Sebba 2007: 46f; sjå vidare under).

Dette registerskiljet kan knytast til prestisjetilhøve. I ein situasjon der fleire varietetar med ulik status er tilgjengelege, vil språkbrukarane i meir formelle samanhengar prøve å lempe seg etter høgstatusvarietetar. Dette er

velkjend sosiolingvistisk kunnskap i dag, men spørsmålet er kor langt ein kan gå i å «use the present to explain the past» (Labov 1994: kap. 1) utan å bli anakronistisk. Det er alltid vandt å bruke termar som er knytte til moderne tilhøve på eit historisk materiale, men i tråd med uniformitetsprinsippet meiner eg at det òg i eldre tider har rådd oppfatningar om kva språk som høver best i ulike samanhengar, og at ulike språklege register er eit slikt «point of contact and similarity between the present and the past» som eg viste til i § 3.1.2 over.

Med stød frå påstanden hans Roberge (2006: 2311) om at «social and stylistic variation may be inferred from text type (private versus public), hypercorrection, and authorial intent», meiner eg at det er tenleg å sortere tekstar etter funksjon og sjanger i ulike nivå langs aksjen uformell–formell, basert på omstende ikring tekstutferdinga. Viktige moment her vil vera mottakar (av brev), konsept eller reinskraft, teksttype o.l. Dersom ein så finn signifikante språklege skilje mellom dei ulike kategoriane, må ein konkludere med at dette er resultatet av språkhaldningar og medviten skrivepraksis. Denne metodikken vil bli prøvd ut i § 5.4. Ei følgje av ein slik samanheng mellom språk og formalitetsnivå vil vera at variasjon mellom tekstar med same funksjon, eller mellom fleire versjonar av same tekst for same føremål, må ha vore umarkert. Når to tekstar skal formidle same meiningsinnhald, må ortografisk variasjon mellom dei vera nøytral, medan førekomsten av eit språktrekk berre i uformelle tekstar tyder på at forma var stigmatisert eller i minsto rekna for upassande i meir formelle teksttypar.

Romaine (1988) gjer eit poeng av tilhøvet mellom status, sjanger og varietetar. Ho brukar ikkje-standardiserte varietetar av engelsk som døme: Dei har berre vore bruka for useriøse føremål, som komiske karakterar i skodespel, og slik at «Scots-marked items conveyed the notions of intimacy, local identity and rusticity» (Romaine 1988: 1460). Parallellen til bruken av norsk i dansketida er slåande: Det fanst høvesdikt på norske dialektar, men all «seriøs» skriving vart gjord på dansk, og i academia rådde latin lenge. Eit slikt bruksmønster er uløyseleg knytt til eksistensen av ein prestisjevarietet eller språkleg standard i eit diglossisk tilhøve til folkeleg talemål. Spørsmålet er når statustilhøva vart så etablerte at ei slik sjangerveksling vart mogleg, og om kjeldone gjer det mogleg for oss å svara på spørsmålet.

### 3.3.2 Ortografisk variasjon og talemål

Eit evig problem i målsoga er å sjå kva former i tekstane som er allografisk variasjon, og kva som faktisk speglar røyndleg talemål. Somme har meint at variasjonen i mellomalderleg ortografi beint ut er ein føremon for språk-

forskning. James Milroy (1992: 131) hevdar t.d. at «[o]ne of the advantages of studying Middle English is that its written forms are highly variable», og «*especially in a time of unsettled orthography, it is extremely likely that current sound-changes will be admitted into writing, whatever the historical origins of the writing conventions may be*» (op. cit.: 142). Variasjonen opnar for å sleppe konkurrerande former inn i skriftspråket, og gjer det til ei meir påliteleg kjelde til talemålet enn skriftspråket i seinare tider har vore. Her trur eg han er for optimistisk, for ein del av variasjonen finst nok berre på skriftplanet, berre knytt til ordforma, ikkje uttalen. Dette er spesielt viktig når skriftrepresentasjonen tek utgangspunkt i eit anna talemål enn skrivarens, slik tilfellet var i Noreg på 1500-talet.

Somtid kan eit sett variantar vera moglege, t.d. kunne gammalengelsk /θ/ skrivast ⟨d, th, þ, ð⟩, men ikkje på andre måtar (Lass 1997: 61). Eit døme på to grafem som kunne variere meir eller mindre fritt i skandinavisk, er ⟨i/y⟩, som t.d. *min/myn*; gjerne slik at ⟨y⟩ kunne stå for /i/, men ikkje omvendt, men somtid er dei to teikna ortografiske variantar (Hansen 1962: 100). Ei vurdering av kva slags variasjon ein har med å gjera, må vera basert på det ortografiske systemet i kvar einskild tekst eller hjå kvar skrivar (jf. op. cit.: 101), men ei slik vurdering krev ei nokså stor tekstmengd for å vera nokolunde pålitande. Kva restriksjonar som gjeld for den ortografiske variasjonen, heng saman med koss skrivarane sjølve oppfatta han.

### 3.3.3 Skriftspråk, variasjon og sosial mening

Ein premiss for sosiolingvistik er at språkleg variasjon gjer at ulike språklege val får sosial mening. Dette kan gjelde både talemål og skriftmål, så lenge skriftsystemet opnar for variasjon; samstundes har ikkje variasjonen fritt spelerom i noko slags språk, for det skal vera forståeleg. Utgangspunktet for å drøfte sosial mening i ortografiske val kan difor formulerast slik:

For a spelling to have «social meaning», then, there must be the possibility of variation, but such variation can occur only within fairly tight parameters. The variant spelling must be recognisable to readers as a variant spelling of a particular word; otherwise it is incomprehensible (the word cannot be recognised) and/or unable to bear social meaning (because it cannot be seen to be deviating from anything specific). (Sebba 2007: 33.)

Sebba nemner eit mogleg unntak: I eit prestandardisert skriftspråk er det mogleg å tenkje seg ein situasjon «where spelling norms specify a set of sound-letter correspondences but allow a free choice where alternatives exist»

(loc. cit.). Han tenkjer seg to ytterpunkt: Med fullstendig standardisering har kvart ord berre éin mogleg skrivemåte, variasjon finst ikkje og sosial meining kan ikkje uttrykkjast gjennom ortografien; utan standardisering i det heile varierer skrivemåtar fritt og utan verdivurderingar, og da kan heller ikkje sosial meining uttrykkjast. I romet mellom desse ytterpunkta vil det vera skrivemåtar som blir ulikt vurderte, inkje val er nøytralt og formene ber meining utover det semantiske innhaldet. Så er spørsmålet om ortografien i seinmellomalderen er normert nok («fairly thight parameters») til at det er meningsfullt å snakke om avvik frå norma, eit spørsmål som heng saman med synet på norm og skriftspråkstandardisering.

Oppfatninga av ortografien i seinmellomalderen og innover tidleg nytid har vore at han for ein stor del er fri, eller rett og slett ikkje finst. Indrebø (2001: 202) formulerer det slik: «*Eit hovud-sermerkje ved det millomnorske målstiget er ei ovleg stor ustøda i den skrivne målformi, eit ofselegt rot med bøygning og former.*» Og rett etter: «Ustøda kjem òg av skort på bokleg tame og av *likesæla* med skriftformi. Sjølve sansen for ei fylgjerett og fyre-seg-gjord skriftform, sjølve skriftkulturen, hadde kome lågt ned» (op. cit.: 204). Dette synet rår i mange arbeid om perioden som tradisjonelt er kalla mellomnorsk, og Zheltukhin (1996) nemner det same for svensk; sjølv er han derimot kritisk og ser dette som ei anakronistisk overføring av eit moderne syn på kva regelmessig ortografi er. Han meiner at «variation does not always need to be equated with irregularity. Orthography can also vary in a consistent way» (op. cit.: 78f). Slik konsistent variasjon kan vera eit skrivartypisk trekk. Milroy (1992: 142) legg likeins vekt på at variasjonen kan vera meningsfull: «[V]ariable scribal usage is likely to be functional in some way, just as spoken variation is functional»; med det er me tilbake til det sosiolingvistiske synet på variasjon som berar av sosial meining.

Det som iallfall må vera klårt, er at jamvel om skrivarane hadde ei onnor oppfatning av 'rettskriving'<sup>7</sup> enn me har i dag, valde dei ikkje tilfeldige grafem: Det ville ført til eit uforståeleg skriftspråk. Dette understreka allereie Kolsrud (1956), som òg meinte at «rettskrivingi har målhistorisk interesse»; attåt det som gjeld språket sjølv, anten det er skrive eller tala, «er ho til god hjelp reint kjeldekritisk, av di med hjelp av skrivemåten kann me avgjera kven som har skrive dei ymse stykke» (op. cit.: 148). Dette har kanskje ikkje vore nok påansa.

Det er tvillaust ein del variasjon i den mellomalderlege ortografien, både på individ- og gruppenivå, som kan forklarast på ulike sett. To hovudtypar er bryting mellom konkurrerande eller alternative former, anten desse no berre

<sup>7</sup> Termen må ikkje lesast anakronistisk, men tyder i denne samanhengen berre 'måten orda er skrivne på' (jf. § 3.1.2 over).

er ortografiske eller resultat av talemåsendring (der den eine seinare kan vinne tevlinga og bli standardisert), og påverknad frå andre språk (typisk interferens frå talemål i skriftspråket, men det kan òg vera påverknad frå framandspråk hjå fleirspråklege skrivarar). Koss denne variasjonen har vorte oppfatta av språkbrukarane, kan me i dag berre slutte oss til omveges. Me må kombinere kunnskapen vår om sosiolingvistisk variasjon i dag med systematisk variasjon i språkleg usus hjå mellomalderskrivarane.

Sidan lesarane var vane med variasjon, er det heller ikkje truleg at alt har framstått som markert. For å gripe attende til den distinksjonen eg gjorde i § 3.3.2 over, meiner eg det er grunn til å vente at variasjonen mellom allografiske variantar mindre truleg hadde sosial meinung enn variasjon som heng saman med reell og oppfatta talemålsskilnad. Hypotesen er at den siste i større grad har vore meiningsskapande i sosiolingvistisk tyding og utsett for vurderingar baserte på språkhaldningar. Ein slik hypotese kan berre testast gjennom å finne tydelege mønster i det skriftlege materialet, og dersom tekstar i ein spesiell sjanger eller med ein spesiell funksjon skil seg ut språkleg, bør dette reknast for å ha vore meiningsfullt på eitkvart vis. Men alle vurderingar av meiningsfull ortografisk variasjon byggjer på tilhøvet til ei slags norm, og ei slik undersøking krev ei avklaring av normomgrepet, slik det er bruka om historiske kjeldor og i tilknytning til standardisering.

### 3.4 Språkleg standardisering og normomgrepet

Det går ei lang utviklingsline frå den første skriftfestinga fram til dagsens kodifiserte standardspråk. Grunnlaget for desse finn ein gjerne i tidleg nytid, da ortografien gradvis vart meir einskapleg. Her skal eg sjå på denne standardiseringsprosessen og kva følgjor han har og kunne hatt i norsk målsoge. I den samanhengen må eg diskutere omgrep som 'norm' og 'skriftspråktradisjon', koss dei står i høve til 'standard' og koss desse omgrepa har vore nytta i forskningstradisjonen.

Som nyss diskutert, var ikkje skriftspråka i høg mellomalderen standardiserte. Kvar skreiv med si fjør, kan ein seie, og variasjon både språkleg og ortografisk (i den grad det er mogleg eller meiningsfylt å skilje dei to nivåa i historiske språksteg) er typisk for skriftspråka på den tida. Med meir skrivning generelt, meir formalisert opplæring og oppfinninga av trykkjekunsten, opna det seg to utviklingar som skil skriftspråket i moderne forstand frå dei tidlege forsøka på skriftfesting: Skriftspråket kunne leva sitt eige liv, uavhengig av talemålsutviklinga (slik latin hadde gjort i fleire hundre år som eit språk ingen lærde som morsmål), og det kunne bli meir standardisert, prega av ei einskapleg rettskriving.

I ein gjennomgang av forskning omkring framveksten av standardiserte skriftspråk i Skandinavia, sorterer Johnson (2003: 27ff) ulike tilnærmingar i to hovudstemnor, som ho kallar den organiske og den sosiolingvistiske retninga. Den organiske retninga ser på framvektsten av eit fastare skriftspråk som ei naturleg følgje av politiske prosessar: Riksstyre og kyrkjeleg byråkrati auka den administrative bruken av skrift, etter kvart i fast organiserte kanselli, og med tida fastna språket innan ulike miljø i skriftspråktradisjonar i ei «spontan och oplanerad» utvikling (loc. cit.). ‘Norm’ er eit umedvite resultat av sams opplæring og praksis, ikkje normativ og styrande.

Den sosiolingvistiske retninga held ei norm for å vera eit produkt av ei sosial gruppe, som kviler på konsensus innan gruppa. Johnson (2003: 30)<sup>8</sup> trekkjer fram fleire typiske faktorar som styrkjer ei norm: 1) ho blir nytta av grupper med sosial prestisje, 2) ho har skriftspråkleg historie, og 3) ho veks fram i spennet mellom fleire variantar som låner frå kvarandre. Det prinsipielle skiljet mellom dei to perspektiva blir da at framveksten av ei norm etter det organiske synet er noko som «skjer av seg sjølv» og følgjer med ei meir systematisk opplæring; i motsetnad til ei oppfatning av det som eit resultat av semje innan ei gruppe – ein meir medviten prosess, slik eg les Johnson. Ei norm er likevel ikkje skriven i stein på denne tida, men heller ustabil og varierende.

### 3.4.1 Norm og skriftspråktradisjon

Hagland (1986: 10–21) drøftar bruken av termene ‘norm’ og ‘skriftspråktradisjon’ i eldre norsk språkhistorie, og finn at bruken dels ikkje er problematisert og såleis noko tilfeldig, dels prega av anakronistisk overføring av moderne synsmåtar. I tillegg til døma Hagland gjev på uklår terminologi, vil eg føye til Grøtvedt (1954), som trass i tittelen *Skriftspråktradisjonen ved Halvardskirken og Mariakirken i Oslo 1350–1450* ikkje drøftar sjølv kjerneomgrepet. Der står berre i innleiinga at «Oslo i senmiddelalderen må ha hatt et tilstrekkelig grunnlag for utviklingen av en fast skriftspråktradisjon» (op. cit.: 15), og lesaren må leva i uvisse om kva Grøtvedt legg i omgrepet.

Hagland vel sjølv å bruke termen ‘skriftspråktradisjon’, som han definerer slik (1986: 17):

[E]it skriftspråk framvakse i eit gjeve miljø [...] Språkforma i ein tradisjon kan vera meir eller mindre konsekvent gjennomført av den einskilde skrivar som er knytt til han, men tradisjonen vil alltid kunna la seg definera ved eit gjeve sett av språklege kriterium som vil samvariera meir eller mindre systematisk i høve til andre tradisjonar.

<sup>8</sup> Jf. Zheltukhin (1996: 23) med generell tilvising til normomgrepet hjå Bartsch (1987).

Skriftspråktradisjonen opnar altså for individuell variasjon, men kan ut frå språklege kriterium skiljast frå andre tradisjonar. Hagland understrekar vekta på *miljø* ved å hevde at «ein skriftspråktradisjon vil såleis ikkje kunna definerast ut frå skriftspråket til ein einskild skrivar» (op. cit.: 18).

Problem med normomgrepet er ikkje unikt for Noreg. I ein gjennomgang av koss termen er bruka i Skautrups *Det danske sprogs historie*, viser Mette Kunøe at han innfører ei norm i dansk fleire gonger – første gong ikring 1200, da alle skriftlege kjeldor som finst er på latin (Kunøe 1984: 11).<sup>9</sup> Ho hevdar vidare at Skautrup trekkjer fram eit par hovudhandskrifter frå det magre utvalet og gjev dei status som norm, utan at dette er støtta av resten av materialet; jf. poenget hans Hagland over om at ein tradisjon ikkje kan definerast ut frå éin skrivar. Sjølv legg Kunøe tydelegvis eit innhald i ‘norm’ som inneber formell kodifisering: «I virkeligheden skal vi helt op til *slutningen af 1800tallet*, før skriftsprogsnormen bliver en realitet [...] i 1889 fastlægges skriftsprogsnormen i Bekendtgørelse af 7. juni 1889» (Kunøe 1984: 13).

Det er to ting me skal merkje oss i framstillinga: For det første at oppfatninga av norm i eldre dansk likeins som i Noreg har vore problematisk, og i like stor grad arbitrært fastlagt som resultat av grundige studiar; for det andre at alt snakk om norm i mellomalderen og tidleg nytid krev eit heilt anna innhald i omgrepet enn det som er gjengs i dag: norm som ei offisielt definert rettskriving, gjeven av eit akademi eller statleg organ. Dette moderne innhaldet i omgrepet er det Kunøe legg til grunn, og ei slik norm fanst naturlegvis ikkje i mellomalderen. Skal me leggje eit «ovanfrå»-perspektiv som krev offisiell kodifisering på normomgrepet, kan me ikkje snakke om nokor norm i Noreg før på 1880-talet, da Kyrkje- og undervisningsdepartementet byrja godkjenne Jonathan Aars *Norske rettskrivningsregler* som offisiell rettskriving. Skal ein i det heile nytte normomgrepet for tidlegare tider, må det vera tufta på usus, som kan vitne om at éin skrivemåte har vore føretrekt framfor andre. Noko slikt kan ein berre vise gjennom systematisk (sam-)variasjon av konkrete språktrekk mellom handskrifter.

Med utgangspunkt i Bartsch (1987) skil Hagland (1992: 264) mellom usus og eit normomgrep «which includes social restrictions». Det er eit sentralt poeng for Bartsch at norma ikkje berre er reglar for skriftleg uttrykk av eit talemål, men inneber sosial kontroll (aksept for korrigering i tråd med norma) og prestisje (Bartsch 1987: 176f; jf. Hagland 1992: 262). Det er «normative force» som skil ei norm frå «custom, usage or convention» (Bartsch 1987: 166). Dette er moment me kjenner att frå Johnsons skildring

<sup>9</sup> Eit døme: «I håndskriftsproget som helhed er der ca. 1300 en tydelig tendens mod en fast ortografisk norm. Denne norm må imidlertid være fastlagt senest ca. 1200» (Skautrup 1944: 258).



av det sosiolingvistiske perspektivet på skriftspråkstandardisering over. For dei fleste tidlege periodar i norsk målsoge blir det i tråd med denne definisjonen vandt å tala om nokor fast norm, og me må heller sjå eventuell likskap i eit tekstmateriale som uttrykk for ein skriftspråktradisjon danna i tråd med det «organiske» synet det vart vist til over. ‘Skriftspråktradisjon’ som eit umedvite resultat av ymsesidig påverking i ein arbeidsfellesskap kan såleis på meiningsfullt vis skiljast frå ‘norm’, som er langt meir medviten og knytt til skriftformer med ulik status.

Hagland (1988) finn prov på at det eksisterte ei norsk norm etter definisjonen hennar Bartsch ikring 1370. Da verka nokre svenske skrivarar i Noreg, og dei viser ikkje større språkleg variasjon enn norskfødde skrivarar på same tid. Her er det altså klart at talemålet deira må ha skilt seg frå det språket dei skreiv; det er heller ikkje truleg at dei var opplærde ved norske katedralskular slik at språkbruken følgde naturleg av opplæringa. Da må det vera prestisje eller sosial kontroll som er grunnen til at dei skreiv det ein lyt kalle norsk (Hagland 1992: 266).<sup>10</sup> Noko av den same situasjonen gjeld kanselliet åt erkebispem i 1530-åra. Rekneskapsbøkene viser at tilsette skrivarar ikkje berre kom frå Noreg (sjå § 7.3), og dersom ein ikkje kan vise at dette førde til skriftspråkleg variasjon, må det ha vore ei norm som har regulert språkvala åt den einskilde skrivaren. Eit kompliserande element er at skrivarane ikkje er namngjevne, så ein ikkje kan sjå direkte kven som har skrive kva tekstar, men det er likevel sikkert at skrivargruppa var språkleg samansett og skriftspråket eit slag dansk, som berre var morsmålet åt nokre få.

### 3.4.2 Framveksten av standardspråk

I overgangen frå seinmellomalder til tidleg nytid ser me dei første teikna på ei standardisering av dei europeiske nasjonalspråka, samstundes som dei i aukande grad tok over for latin som administrasjonsspråk. Grunnlaget for standardspråka var anten regionale eller funksjonelle varietetar, men oftast vart kansellispråket ved den sentrale statsmakta mønsterdannande. Dimed treng me enda eit omgrep, *standard*, som er overordna norm og «prescriptive and/or codified» (Zheltukhin 1996: 22). Utgangspunktet kan vera ei norm, som så har fått slik status at ho er kodifisert (fastlagd i grammatikkar og ordbøker) og/eller har fått normativ kraft utanfor det opphavlege virkefeltet sitt. ‘Standard’ skil seg såleis frå ‘norm’ ved å vera sterkare.

I ei skildring av standardiseringa av engelsk knyter Nevalainen og van Ostade (2006: 288) desse omgrepa saman slik: «[S]tandardisation is often fa-

<sup>10</sup> Og dette er bakgrunnen for at Hagland i ei melding av Johnson (2003) ikkje føler seg heilt vel til pass med å bli plassert i den organiske retninga (Hagland 2003: 200f).

cilitated by the prior development of suitable supralocal norms, being, as it were, superimposed upon them.» Standardiseringa er altså ein langvarig prosess som gjerne tek utgangspunkt i ei allerede etablert norm, og fører fram til eit språk som er kodifisert og breitt akseptert som ein standard. For engelsk var det ein London-basert varietet, gjort til tenestemål for kongskanselliet i 1420-åra, som vart utgangspunktet for standardiseringsprosessen, i konkurranse med andre eksisterande overregionale normer (op. cit.: 275). I Noreg førde sjølvstendetapet og reformasjonen til at det ikkje lenger var nokon innanlands kandidat til å bli trekt fram som standard; i staden fekk me ei sams utvikling med Danmark, der språket i Kjøbenhavn kom til å bli rekna som den beste dansk og med tida vart rettesnor for skriftspråket.

Standardiseringsprosessar kan, torer det gå fram av diskusjonen, skildrast på ulike nivå. Eit første steg er at ein *skriftspråktradisjon* set seg i eit miljø, han kan seinare feste seg i ei *norm* som skrivarane medvite freistar rette seg etter. Norma har altså ein status som ligg på eit anna plan enn talemålet, og kan nyttast over område som dialektalt skil seg åt, fordi ho er lærd, ikkje berre attgjeving av talemålet. Her ligg eit prinsipielt skilje som ikkje alltid har vore klårt nok i språkhistoriske arbeid: Skrift er aldri rein representasjon av tale, men rettar seg etter ortografiske prinsipp, jamvel om desse kan opne for variasjon: «[T]he scribes did not spell ‘at will’, but according to variable (and historically mixed) conventions» (Milroy 1992: 134).

Som siste steg i standardiseringsprosessen får ei norm eit vidare bruksområde og blir etablert som ein *standard*, oftast knytt til eit nasjonalspråk. Når dei fleste skrivarar i eit miljø rettar seg etter dei same prinsippa, gjev det meining å snakke om ei norm, medan ein standard gjeld utanfor einskilde miljø. Dette kan ein fange terminologisk ved som Schmid (2009: 92) å skilje mellom «Schreibsprachen» og «Schriftsprachen»:

Schreibsprachen folgen bereits einem **Schreibbusus**, der aber noch kein einheitliches und verbindliches Regelwerk darstellt. Dagegen verfügen **Schriftsprachen** [...] über kodifizierte und verbindliche Normen- und Regelwerke.

Eit norsk standardspråk (Schriftsprache) fekk me ikkje før mot slutten av 1800-talet, men materialet frå seinmellomalderen viser at det har eksistert normer som regulerte det skriftlege uttrykket. Mitt mål blir å sjå om det er mogleg å finne ei etablert norm ved erkesetet i Trondheim.

Når ein tradisjon eller ei norm fester seg i eit miljø, kan det òg vera mogleg å skilje mellom ulike miljø. Sidan erkesetet er så dominerande som skriftproducent, vil det vera vanskeleg å identifisere ulike skrivemiljø i tekstar frå Trøndelag. Tanken med normomgrepet er at det skal dekkje fleire skrivarar

innan eit miljø, og utanfor erkesetet er det ikkje råd å finne nok tekstmateriale til å kunne definere nokor norm (slik situasjonen er for erkesetet òg før 1510). Men har ein først, ut frå fleire skrivarar, kunna sjå eit mønster, vil det vera mogleg å sjå om einskildtekstar elles følgjer det same mønsteret. Og spørsmålet om kor einskapleg ortografien i tekstane frå erkesetet er, vil uansett fortelje mykje om skriftspråktradisjonen og skriveopplæringa.

### 3.4.3 Å definere ei norm

Når ein skal vurdere karakteren åt språket i ulike tekstar frå norsk seinmellomalder, har det vore vanleg å jamføre med den gamle norske tradisjonen. Difor kan ein finne utsegner som denne om språket i brev frå erkebisp Gaute Ivarsson: «Best vart målet skrive når han nytta skrivarar frå sjølve erkebispeskanselliet i Nidaros» (Indrebø 2001: 188). Men kva speglar den språklege røynda best? Viss ein skal bruke dei tekstane som er «reinast» norsk (i tydinga ‘gammaldags’, ‘mest lik norrønt’) som grunnlag for ei skildring av norsk språk på denne tida, kan ein skjule variasjonen som fanst og gje eit meir konservativt bilete enn kjeldone eigentleg gjev grunnlag for. Ei utsortering av brev som syner mykje framand påverknad har vore ei innleiande øving i arbeid med norske diplomkjeldor, men det ligg ein fare for sirkelslutningar i dette: Ein vel kjeldone sine ut frå eit syn på kva som er norsk, og brukar dei så i ein analyse av kva som er norsk. Wetås (2008) nemner problemet og freistar «etablera ein ikkje-sirkulær basis for kategorisering av tekstane» (op. cit.: 91) og inkluderer ein god del brev som «som viser morfologiske og fonologiske innslag som ikkje reflekterer den lokale dialekten» (op. cit.: 101). Dersom studieobjektet er talemålsutviklinga, kjem ein nok ikkje unna slike vurderingar. Er studieobjektet derimot skriftspråket som faktisk var i bruk, må ein ta utgangspunkt i kjeldone som kan heimfestast til det miljøet ein undersøker, uavhengig av koss språkforma ser ut.

For å unngå den nemnde faren for sirkelslutningar, vil eg difor halde reint språklege vurderingar utanfor avgrensinga av materialet, og bruke andre kriterium som grunnlag for å ta med eller halde ein tekst utanfor drøftinga av språkforma. Døme på grunnar til ikkje å bruke ein tekst, kan vera at det er uklårt kven som eigentleg har skrive han. Det gjeld ein del diplom utferda utanfor erkesetet eller i lag med andre, der det er uvisst kvar skrivaren høyrde heime, og tilfelle av mottakarutferding, t.d. i eit par avtalar mellom riksrådet (med erkebisp) og kongen.

**Målmerke** Når tekstutvalet er gjort, kan ein peike på trekk frå ulike språklege nivå som definerer materialet. Det finst ikkje ålment aksepterte

målmerke for å definere ei norm, og kva som er relevant, kan ymse til ulike tider. For kvar periode lyt granskaren leite i materialet etter det som syner variasjon, og deretter røkje etter om denne variasjonen er systematisk; men nett *kva* som varierer, er ikkje stabilt. Hagland (1986) tek opp dette fleire stader, og skriv mellom anna at i «handskrift frå *denne delen av landet frå ut på 1300-talet* vil spørsmålet om markering/ikkje markering av svekt vokal i trykklett stilling vera eit hovudkriterium i ein samanheng som denne» (op.cit.: 159; mi utheving). Når språket endrar seg, får dette følgjer for tilhøvet mellom talemål og skriftfesting; heller ikkje skriftspråket er statisk, jamvel om det er mindre varierende enn talemålet. På ulike steg i språk-utviklinga kan ein altså ikkje nytte same språktrekk i vurderinga av ei eventuell norm. Men det vil vera ein føremon å finne trekk som er såpass frekvente at ein faktisk får eit jamføringsgrunnlag. I avhandlinga si om *Maalet i dei gamle norske Kongebrev* reknar Marius Hægstad (1902: 10–14) opp ei lang rad målmerke, totalt 25. Ikkje alle er like informative, for å seie det mildt: Etter Hagland (1986: 148) finst det t.d. berre eitt einaste døme i eitt brev på det eine målmerket.

I eit forsøk på å finne språklege skilnader mellom miljøa kring Mariakyrkja og Halvardskyrkja i Oslo tidleg på 1300-talet, set Hagland opp ti målmerke som han undersøker i materialet, men finn at berre fire av desse varierer systematisk etter kva kyrkjeleg miljø brevet kan knytast til (Hagland 1986: 164–166). Det kan verke problematisk at somme språkdrag varierer fritt medan andre er knytte til eit miljø, men når variasjonen er såpass systematisk kan det likevel ikkje vera tilfeldig. Dei ti målmerka hans Hagland reflekterer mest fonologisk eller ortografisk variasjon; berre eitt (refleksivendinga) kan seiast å høyre heime på det morfologiske nivået i språket. Eit målmerke som vokalharmoni må truleg vera grunna i talemålet åt skrivaren,<sup>11</sup> medan markering av lang vokal med aksenteikn er ein reint ortografisk konvensjon. Hagland meiner at ein såpass tidleg som ikring 1300 ikkje kan vente å finne store morfologiske avvik handskriftene imellom (Hagland 1986: 46), sidan den store omlaginga av det gamle morfologiske systemet først sette inn mot slutten av det fjortande hundreåret. Hundre år seinare er det grunn til å tru at dette biletet vil vera annleis. Etter kvart som bøyingsverket blir utsett for store endringar, truleg til noko ulik tid kringom i landet, vil nett tilhøvet til det eldre systemet kunne vera noko som kjenneteiknar ein lokal skrivetradisjon og definerer ei norm. Johnson (2003: 26f) nemner

<sup>11</sup> Trygve Knudsen trekkjer òg fram vokalharmoni som noko skrivaren må ha hatt talemålsgrunnlag for å gjennomføre: «Dette innviklede skifte av endelsesvokaler fra ord til ord, ofte flere ganger i samme syntaktiske kompleks, kan en skriver vanskelig holde rede på, selv i direkte avskrift, når det ikke er ham 'i kjødet båret'» (Knudsen 1967: 41).

at skrivestova ved klosteret i Vadstena, det kulturelle senteret i Sverige i seinmellomalderen, hadde *korrektorar* som kontrollerte skrivarane. Ein type endringar dei kunne gjera, var arkaiserande korrigeringar av kasusmarkering, typisk innsetjing av dativending. Her ser me tydeleg at norma har vore arkaiserande, men sterk nok til at det vart gjort korreksjonar for å følgje ho (jf. over om aksept av korrigering som eit kjenneteikn på ei norm).

I ei nyare undersøking av svensk ortografi i både trykte og handskrivne tekstar frå tida 1541–1618, brukar Zheltukhin (1996) i all hovudsak reint ortografiske målmerke. Målet hans er både å spore utviklingar gjennom perioden og skilnader mellom ulike miljø, og å identifisere skrivarar basert på ortografien deira. Meir overordna vil han «examine the possibilities of describing orthographic variation traditionally rejected as ‘prevailing irregularity’» (Zheltukhin 1996: 248; jf. sitatet av Milroy over om at jamvel om det kan vera variasjon, er ikkje stavemåtane vilkårlege). Av dei tolv språklege variablane han hovudsakleg undersøker, er det berre éin «where the graphophonematic aspect is taken into consideration» (op.cit.: 36), nemleg markering av vokallengd med dobbelskriving eller ein ⟨h⟩. Dimed lausriv han seg meir frå koplinga mellom tale og skrift og vurderer ortografien på heilt sjølvstendig grunnlag.

For meg er det primære i denne undersøkinga å kartleggje skriftspråkb Bruken, og når målet er å diskutere om målforma er regulert av ei norm, er det for så vidt av sekundær interesse om den grafemiske variasjonen berre eksisterer på papiret, eller om han speglar språklege skilje. I den mon sams særdrag ved skriftspråktradisjonen ved erkesetet i Trondheim følgjer norsk språkutvikling i motsetnad til det ein kan finne i dansk, er det likevel naturleg å tolke dette som innslag frå talemålet åt skrivarane. Så lenge det skriftlege føredømet er dansk språk, og det kan det ikkje vera nokon tvil om etter 1510, er det liten grunn til at former skulle bli henta frå den norske skrifttradisjonen. Det verkar difor metodologisk rett å sjå slike former i det gjengs skriftspråket som interferens frå norsk talemål – for einkvan stad må dei koma frå. Eit viktig unntak her er brev etter gammalnorsk diplomskikk, dvs. tradisjonelle vitnebrev om eigeidom. Dei har ei fast oppbygging etter eldre norsk tradisjon, og ein vil difor vente å finne innlånt formelverk frå eldre, liknande brev.

**Praktiske konsekvensar** Det er viktig at definisjonen av språkforma baserer seg på konkrete målmerke, slik at ein ikkje endar opp med ei oppfatning av språknorma som er a priori og tufta på ekstralingvistiske oppfatningar om skriftproduksjonen, slik tilfellet var med den postulerte kansellinorma på flyttefot langs norskekysten i gammalnorsk tid (sjå Hagland 1986). Ein kan

ikkje definere ein slik metode på førehand, men må gå metodisk gjennom det tekstutvalet ein har føre seg. Likskapar og ulikskapar mellom tekstar kan skiljast ut på fleire nivå, både språklege og ikkje-språklege, og metoden må tilpassast den faktiske variasjonen i materialet, slik at han tek omsyn til den røyndomen han er meint å seie noko om. Ein må òg vera merksam på eit punkt hjå Bartsch: Ho deler den språklege kjernen i norma («norm kernel») i to: «content», altså det språklege innhaldet, og «character», der den siste kan ha verdiane «obligatory» og «optional» (Bartsch 1987: 176). Ho opnar dimed for at (delar av) innhaldet i ei norm kan vera valfritt. Det er noko me kjenner godt frå norsk rettskriving i nyare tid.

Eit praktisk døme er markering av u-omljud føre ståande *u*. Dette kan vera eit relevant målmerke i norsk på 1200- og 1300-talet, fordi det syner seg at omljoden er ulikt gjennomført. Når me kjem fram mot 1500 er det grovt sett slik at *ollom* og *honom* er skrivne med *o*, medan me elles finn *a* føre ståande *u/o*. Det er rett og slett ingen grunn til å tru at u-omljud er ein fungerande fonologisk regel lenger, og han er vorten fonemisert noko ulikt frå leksem til leksem (jf. stoda i moderne dialektar, der me stundom finn /a/, stundom /ɔ/ i slike posisjonar). Derimot kan me òg etter 1500 finne variasjon mellom *hannom/hannem* og *honom*, der den første forma er gjengs i dansk, og den andre må tolkast som typisk norsk (jf. Iversen 1921: 12, 26–28). Elles finst variasjon av ymse slag: Ortografisk variasjon kan vera både reint konvensjonell (som variantane ⟨ffu/w/ffw⟩ i ord som *haffua*), eller han kan kanskje (eller kanskje ikkje) reflektere talemålet (som trykklette fullvokalar og diftongar/monoftongar). Grammatisk variasjon finn me i bøyingsendingar og ordavleiingar. Elles kan tekstlingvistiske element som formelverk og dateringsmåte variere, og paleografiske moment som handskrift og avstyttingsbruk. Målet blir å påvise eller avvise sams trekk i fleire dokument frå same miljø. Koss eg gjer dette heilt konkret, kjem eg attende til i § 5.2.4. Her skal eg berre enda ein gong understreke det eg ser på som dei to kjernepunktta i arbeidet med å etablere – eller avvise eksistensen av – ein skriftspråktradisjon på veg mot ei norm:

1. Utveljinga av kjeldetekstar må vera basert på ekstralingvistiske kriterium, elles endar ein lett opp med sirkelslutningar (definerer språkforma i tekstar som er valde ut på grunn av språkforma si).
2. Språkforma må definerast etter konkrete målmerke og byggje på fleire skrivarar.

# Kjeldone 4

---

Dette kapittelet legg fram primærmaterialet avhandlinga byggjer på. Eg ser først på dei ulike teksttypane og kva som særmerkjer dei, og kjem samstundes inn på metodiske sidor ved arbeidet med utgåvor, originalar og avskrifter. Dinest følgjer ein gjennomgang av kjeldone ordna etter styringstida åt erkebispene, med ei opprekning av kva som faktisk finst. På eit overordna nivå skil eg her mellom tida før og etter 1510; skiftet til dansk skriftspråk og den auka mengda i den siste perioden gjer dette året til eit naturleg tidsskilje. Eg viser òg koss tekstproduksjonen fordeler seg mellom ulike utferdarar og utferdargrupper, både innan kyrkja (bispen sjølv og domkapittelet) og erkesetet i høve til omverda. Til slutt grip eg attende til diskusjonen i § 3.4.3 og ser kva tekstar som kan tene til ei undersøking av språkforma ved erkesetet og spørsmålet om norm.

## 4.1 Kjeldetypane

Det vart ikkje skrive «litteratur» i vår moderne forstand i Noreg i seinmellomalderen; «[b]okavlen i Noreg fjørar radt ut», som Indrebø (2001: 148) uttrykte det. (Sjå dessutan Hagland 2005: 40–44 for ein diskusjon av Indrebøs omgrep «original skriven litteratur».) Heller ikkje i Danmark vart det skrive særleg anna enn rettsdokument i vid tyding i tida 1350–1450, men seinare «tager skriftvirksomheden stærkt til på mange områder, og nu også inden for borgerlige kredse» (Skautrup 1947: 9). Det skjedde ikkje i Noreg.

Primærkjeldone frå denne perioden er såleis knytte til rettsstellet i vid forstand, og fordeler seg i hovudsak på tre ulike teksttypar: diplom, jordebøker og rekneskapar. Det meste finst i trykte utgåvor, dei einaste unntaka er somme tilfelle av fleire versjonar av same tekst, der utgåvone ofte berre følgjer den eine. Langt dei fleste diploma er trykte i *Diplomatarium Norvegicum* (DN), men nokre få brev om islandske tilhøve er berre trykte i

*Norges gamle Love* (NgL) og *Diplomatarium Islandicum* (DI). NgL har òg nokre brev i tilknytning til statsstyret som ikkje er trykte andre stader, men dette er i stor grad avskrifter.

Fleire av erkebispene lét etter seg jordebøker over eigedomane som låg til erkesetet. Dei var bruksbøker i administrasjonen av kyrkjeiegedomene, og vart oppdaterte etter som nye gardar kom til. Ei samling ulike rekneskapsmanuskript frå åra 1532–1538 gjev attåt det språklege materialet ei rad interessante opplysningar om såvel historiske som skriftkulturelle sidor ved erkesetet og administrasjonen av det. Frå siste del av perioden finst det dessutan nokre rekneskapsnotat som er trykte i DN.

Jordebøkene og rekneskapene er eintydig knytte til erkesetet, medan tilhøvet for diploma ofte er meir komplisert: Somtid er det fleire utferdarar og det kan reisast tvil om kven som faktisk har skrive brevet, andre gonger gjev utferdarstaden opphav til same uvisse. I gjennomgangen av diploma har eg òg lagt vinn på å sjå dei brev som kan knytast til erkesetet i samband med andre diplom frå Trøndelag, for å sjå kor dominant erkesetet var som skriftsentrum og kor stor del av tekstproduksjonen som kan heimførast til kyrkja. Det vil i den samanhengen òg vera interessant å sjå om språket i tekstnar knytte til erkesetet skil seg systematisk frå andre frå Trondheim.

**Münchensamlinga** For den første delen av perioden er det ikkje snakk om mange dokument, men når me kjem ut på 1500-talet, spesielt etter 1523, aukar tilfanget monaleg. Det gjer at materialet får ei tydeleg slagside, og at den siste delen av perioden opnar for heilt andre arbeidsmåtar og studiar enn det dei få og spreidde skriftminna frå den første tida gjer mogleg. Samstundes som det truleg er rett å rekne med ein auka tekstproduksjon totalt sett, har det òg med overleveringssituasjonen og den såkalla *Münchensamlinga* å gjera.

Da Olav Engelbrektsson forlét Noreg i 1537, tok han med seg arkivet sitt. Nokre få dokument som høyrde sjølve domkyrkja til, vart verande, men det aller meste som hadde tilknytning til erkesetet, følgde med til Nederlanda. Dit hadde òg eksilkongen Kristian II teke med seg sitt arkiv, og papira kom saman og enda til slutt opp i Bayern. Der kom dei for ein dag i 1826, og vart seinare undersøkte i München med tanke på tilbakelevering. Derifrå sytte Gregers Fougner Lundh for å få båe arkiva til Noreg. Det vart seinare ein del krangling med Danmark og Sverige om utlevering av dei delane, spesielt av Kristian IIs arkiv, som vedkom desse landa.<sup>1</sup>

Trondheimsdelen av *Münchensamlinga* inneheld i første rekkje viktig innkomande post til erkesetet. Dinest finst ei mengd diplom som vedkom

<sup>1</sup> Juhasz (1979) gjev ei fyldig framstilling av saga om *Münchensamlinga* etter at ho vart attfunnen, med særleg vekt på delinga mellom dei skandinaviske landa.



kyrkja, typisk brev om jordegåvor og gardhandlar der kyrkja var involvert; jorde- og rekneskapsbøkene høyrer til denne samlinga. Frå siste del av perioden finst det òg mange utkast til brev og avskrifter av utgåande post. Slike tekstar er stort sett ikkje gøymde frå mellomalderen, og me kan nok takke den spesielle overleveringssituasjonen for at desse framleis finst. Hadde erkesetet fortsett virket sitt og arkivet vore i kontinuerleg bruk, er det tvilsamt om me hadde hatt dei meir uoffisielle teksttypane i dag (sjå § 7.1.1). Eg identifiserer oftast tekstar med DN-nummeret, men somtid viser eg til tekstar med «M» + arkivnummeret dei har i Münchensamlinga.<sup>2</sup>

### 4.1.1 Diplom

I streng tyding er diplom brev av rettsleg eller økonomisk karakter oppsette etter særskilde reglar. Ei tysk innføringsbok slår t.d. klårt fast at «Urkunden sind Rechtsdokumente» (Vogtherr 2008: 10), men i Norden blir termen ofte bruka meir generelt i tydinga ‘mellomalderbrev’ (Hamre 2004: 1f); jf. t.d. tittelen og omgrepsbruken i Larsson (2003). I praksis blir ikkje skilnaden så stor, fordi det i all hovudsak er heimelsbrev eller brev med rettsleg innhald som er gøymde til i dag. Den ålmenne definisjonen er bruka i DN, som dekkjer dokument med tilknytning til Noreg frå før 1570. Frå starten i 1847 har serien hittil kome i 23 band, og er langt den viktigaste kjelda til språk og historie i norsk mellomalder. Mot slutten av seinmellomalderen blir andre teksttypar enn klassiske diplom meir vanlege, og eg freistar å skilje mellom ulike typar tekstar i den språklege gjennomgangen i kap. 5 (sjå t.d. tabell 5.2 på s. 102, og § 7.1.3 om tilhøve kring brevutforminga og særutviklingar i seinmellomalderen). Såleis nyttar eg helst ‘diplom’ om tekstar med rettsleg karakter og ‘brev’ elles, men dette terminologiske skiljet er nok ikkje heilt gjennomført.

DN var i utgangspunktet mest meint som eit historisk kjeldeskrift, og dimed var ikkje den skriftlege forma det viktigaste. Dette er òg det største problemet med DN som kjelde for språklege undersøkingar: Berre i dei tre siste banda er tekstane diplomatarisk attgjevne; tidlegare vart avstytingar oppløyste utan merknad, og kontrollering har dessutan avdekt somme lesefeil. Eit døme på denne problematikken er DN V 1018/XVII 1178, Oslo 1514. Dette er faktisk same dokument, ein vidisse på latin av eit brev om peterspengar, men det er fleire ortografiske avvik mellom dei to tekstane.<sup>3</sup> For å nytte diploma som språklege kjeldor utan store atterhald, er det difor

<sup>2</sup> Eksakt arkivreferanse kan ein da enkelt søkje opp t.d. på *Arkivportalen*, <http://www.arkivportalen.no>.

<sup>3</sup> Dessutan er dei ulikt daterte. Vidissen har ulik dato i protokollen og eskatokollen, og dei to DN-versjonane følgjer kvar sin, med merknad om at den andre dateringa i teksten må vera feil. Vidissen er i det svenske Riksarkivet, og eg har ikkje undersøkt han nærare.

naudsynt å ha tilgjenge til originalane. Det har eg dels hatt i fotokopiar, dels har eg undersøkt originalane sjølve i Riksarkivet.

Som nemnt finst somme diplom berre i NgL og/eller DI; båe utgåvone har den same viktige veikskapen som DN: Avstyttingar er oppløyse utan markering. Utgjevarane av NgL skriv i innleiinga at tekstane som er trykte in extenso er kontrollerte mot originalen – der han var lett tilgjengeleg (NgL 2. r. II: XLV; III: XVI). Dette gjeld likevel ikkje så mange tekstar, sidan dei fleste nummera berre er attgjevne med regesten når dei står i andre lett tilgjengelege utgåvor (som nett DN). Dei utgåvone av NgL eg har nytta her, dekkjer tidsromet frå 1448 og frametter, dvs. *Anden række*, band II–IV. Eitt diplom er berre trykt i *Jämtland och Härjedalens diplomatarium* (JHD), og dessutan finst nokre få i både DN og JHD. JHD har den føremonen at utgåva er diplomatarisk.

**Diplomatikk** Læra om den formelbundne oppsetjinga av diplom kallar ein diplomatikk. Standardverket i Noreg er Hamre (2004),<sup>4</sup> men Agerholt (1929–1932) må òg nemnast for utgreiingane sine om formelverket spesielt i norske kongebrev. Hamre diskuterer faghistoria og går grundig gjennom dei ulike lekkane i tradisjonelle diplom, med døme både på norsk og latin. Eg vil så langt råd er halde meg til termane slik han brukar dei, og skal stutt nemne dei viktigaste, sidan dei blir bruka i den seinare framstillinga.

**Protokollen** inneheld *intitulatio* eller *superscriptio*, namn på utferdaren, *inscriptio*, mottakaren, og *salutatio*, ei helsing.

**Teksten** er sjølve hovuddelen. Av særskilde delar kan ein nemne *publicatio* (òg kalla *promulgatio*), kunngjeringsformelen (t.d. *gerum kunnigt*) som innleier denne delen, og *corroboratio*, stadfestingsformelen med opplysningar om vitne og innsegling som avsluttar han. Gardhandlar har ein *pertinensformel* som understrekar kva som høyrer til.<sup>5</sup>

**Eskatokollen** er hovudsakleg opplysningar om tid og stad. Somtid er dette nemnt tidlegare, og da kan ein finne ei tilvising (t.d. *gort á ári ok degi sem fyr segir*). Somme brev er signerte med *subscriptio*, dei vil da normalt ikkje ha *intitulatio* i protokollen.

I klassiske diplom med rettsavgjerder er tekstdelen gjerne finare oppdelt (sjå Agerholt 1929–1932). Det er ikkje så viktig i denne samanhengen, men

<sup>4</sup> Første utgåva kom i 1972 og var basert på førelesingar Hamre heldt ved Universitetet i Oslo på 60-talet.

<sup>5</sup> Den klassiske formuleringa er *með allum þeim lutum ok lunnindum sem þar til liggja ok legit hafa*.

dei formelfaste delane av protokollen og eskatokollen vart òg bruka i andre typar brev, i ymse oppsett og utformingar, og er difor tenlege omgrep.

### 4.1.2 Jordebøker

Fire jordebøker er aktuelle for arbeidet mitt: to store etter Aslak Bolt og Olav Engelbrektsson og to mindre arbeid etter Gaute Ivarsson (trykte som «anhang» til Olav Engelbrektssons jordebok). Alle er utgjevne etter diplomatariske prinsipp, jamvel såpass strengt at avstytingar somtid ikkje er oppløyse i det heile.<sup>6</sup> Denne kjeldetypan har såleis ikkje dei same veikskapane som diplomatariet. Det negative er at sjangeren ikkje opnar for all verdas språklege variasjon, det er stort sett stereotype oppføringar av gardsnamn og landskyld. Innimellom kan det likevel finnast lengre tekst-avsnitt, oftast i merknader om koss ein gard kom under domkyrkja.

**Aslak Bolts jordebok** (AB) vart skriven tidleg på 1430-talet, og er sist utgjeven av Jon Gunnar Jørgensen i 1997. Ho inneheld eit oversyn over eigedomane erkesetet åtte, mest i Trøndelag, men òg somme spreidde vidare utover. Dette var eit brukshandskrift, og det kjem tydeleg fram ved at boka er vorten oppdatert vidare framover. P. A. Munch, som gav ut jordeboka i 1852, meinte t.d. at ein innlagd setel er skriven med same hand som Olav Engelbrektssons jordebok (Jørgensen 1997: 174A, note 382). Ei rekkje slike papirsetlar er stukne inn i boka der dei høyrer geografisk heime. Ikkje alle slike innførslor kan daterast, men somme nemner året eller erkebispem; dei aller fleste er frå Gautes tid, men somme er daterte til tida både før og etter. Boka er lang, heile 202 sidor i den trykte utgåva, og har attåt landskyldoversyna ei innleiing og nokre stykke om visitasreiser. Brorparten av boka er altså eldre enn den perioden eg undersøker, men ein god del seinare innførslor fell innanfor. (Sjå vedlegg C for ei liste over tillegg som kan tidfestast til min periode.)

**Stolssens landskyld** (SL) er datert 1491 og inneheld eigedomane som høyrde erkesetet til; boka var altså eit supplement til AB, som enno var i bruk. Jordeboka er ufullstendig, og har opprinneleg vore eit hefte på tolv kvartark, som utgjer ni sidor i den trykte utgåva. Det er stort sett stutte innførslor, men nokre få på tre–fem trykte linor gjev språkleg materiale verdt ei undersøking.

<sup>6</sup> Det gjeld stort sett *b. f.* = *bygt fire* og liknande sjangertypiske avstytingar, som berre er oppløyse i AB.

*Konungæ jorder j Trondelagen* (KJ) er eit oversyn over kongsjord erkebispen rådde med; det er ikkje datert. Dette har vore eit pergamenthandskrift på tolv 12°-ark, som utgjer seks trykte sidor. Bortsett frå ei lita innleiing med grunngjeving for arbeidet, er det mest ikkje anna enn stereotype innføringar av landskyld; den lengste innførsla er på tre trykte linor.

*Olav Engelbrektssons jordebok* (OEJ) er utgjeven av Brinchmann og Agerholt i 1926. Dei ulike legga synest å vera skrivne til noko ulike tider, så det er uråd å koma fram til nokor sikker datering av heile boka. Det verkar iallfall som det meste er skrive ein gong ikring 1533 – dels før, dels etter. Boka er lang: opprinneleg 96 papirark i folio, i den trykte utgåva 77 sidor, samt 34 sidor med lause blad som har lege ved boka, med litt ymse innhald i tilknytning til kyrkjeieigedomar. Det dreier seg om nokre register, eit par særskilde landskyldlistor og nokre lengre notat. Sjølve jordeboka har svært få opplysningar ut over landskylda, men tillegga er meir varierte og har ein del tekst.

Ein del av dei same gardane er oppførde i både AB, SL og OEJ, slik at ei jamføring kan vera interessant. Sidan den gamle jordeboka ville vera ei naturleg kjelde ved oppsetjinga av den nye,<sup>7</sup> kunne ein vente at mange oppføringar vart avskrivne. Når ein likevel finn endringar, tyder det på at dei gamle formene ikkje lenger var godtekne innanfor den gjeldande norma. (Sjå §§ 5.1.3 og 5.4.5.)

### 4.1.3 Rekneskapar

*Olav Engelbrektssons rekneskapsbøker* (OER) er ei samling ulike rekneskapar for perioden 1532–1538; manuskripta er nummererte I–VII. Det første og største manuskriptet ( $\frac{2}{3}$  av lengda) er løningslistor for åra 1532–1537. Alle dei andre manuskripta er frå tida 1536–1538: II–III er frå eksiltida i Nederland, IV er ein rekneskap for erkebispegarden i Bergen i 1536, V er eit oversyn over landehjelpa<sup>8</sup> 1536–1537, både det som kom inn og det som gjekk ut, og VI–VII er løningslistor og manntal for innleigde hollandske skip. Eit par av desse manuskripta er såleis ikkje knytte direkte til Trondheim, men til erkesetet som ei større administrativ eining, og det har vore tett kontakt mellom erkebispegarden i Bergen og hovudsetet i Trondheim. Skrivaren Peter Bartscher, som har arbeidd med bergensrekneskapen (OER IV), var såleis òg

<sup>7</sup> Heilt eksplisitt er «(gambla) registrvm» nemnt to gonger i SL (pag. 7 og 10).

<sup>8</sup> Ein landsomfattande pengeskatt.

involvert i arbeidet med OEJ. Bøkene har langt meir tekst enn jordebøkene, jamvel om rekneskapane naturlegvis òg har mange stereotype innførslor.

Ein del nummer i DN frå styringstida hans Olav Engelbrektsson er av same teksttype som desse manuskripta: notat om inntekter, utgifter eller lausøyre. Eg handsamar desse i lag med OER i § 5.4.

#### 4.1.4 Utgåvor, originalar og avskrifter

Som nemnt er ikkje alle utgåvone eg arbeider med, gjorde etter same utgjevingsprinsipp. Jorde- og rekneskapsbøkene finst i diplomatarisk attgjeving, medan NgL og band I–XX av DN ikkje gjer det. For ei vurdering av skriftbrukskultur er ikkje utgåva avgjerande, sidan innhaldet er det viktigaste; for språklege undersøkingar bør ein derimot ha teksten i original eller diplomatarisk utgåve. Der originaldokumenta har vore lett tilgjengelege, anten i Riksarkivet eller som fotokopi, har eg kollasjonert DN-utgåva. Eg er såleis vorten vél van med avstytingsbruken og ser kva former i ein trykt tekst som truleg er avstytte, og mange direkte lesefeil er det ikkje i DN – men dei finst!

I attgjevingar frå kjeldone følgjer eg omgrepsparet ‘leivning’ og ‘forteljing’ frå historiefaget: Når eg gjev språklege døme, anten innrykte og nummererte eller i kursiv i løpande tekst, er oppløyste avstytingar markerte. Somtid, først og fremst i kapittel 7, brukar eg primærtetekstar som forteljingar, og i sitat i «hermeteikn» er ikkje oppløysingar alltid typografisk markerte.

Eg har ikkje bruka tid på studere seinare avskrifter og latinske dokument i original, sidan desse berre har interesse i den grad dei fortel noko om skriftbrukskulturen. Mot dette kan ein innvende at eit studium av skrivarhender i latinske tekstar kan gje grunnlag for å identifisere skrivarar på tvers av språkgrensone, som for så vidt er interessant i eit skriftbruksperspektiv. Sidan skrivarane sjeldan namngjev seg, er ei vurdering av skrivarhender den einaste måten å sjå om fleire tekstar er skrivne av same mann. Det kan òg auke grunnlaget for å vurdere rettskrivinga og rãmone for individuell variasjon ut over einskilde tekstar.

I samband med dette arbeidet har eg etter kvart opparbeidd meg ei samling digitalfoto som kunne gjeve grunnlag for å studere skrivarhender, skrivaraskule og liknande grundigare, men det har diverre ikkje vore råd å utnytte dette materialet fullt ut i det hverande arbeidet. Eg kommenterer slike spørsmål somstad utan at det er gjort til noko hovudpoeng, og kanskje blir det mogleg å koma attende til det ved eit seinare høve.

**Vidissar og avskrifter** Mange nummer i diplomataria og dels NgL er trykte etter avskrifter som kan vera fleire hundre år yngre enn originalen, andre

finst i samtidige avskrifter eller vidissar. Vidissar er attesterte og rettsgilde avskrifter, *orð ifra orðe* som det gjerne heiter, som er innsegla på nytt. I skrifthistoriske granskingar er dei interessante, men samstundes svært problematiske kjeldor: Dei er sekundærkjeldor til det diplommet dei refererer, men i seg sjølve primærkjeldor, og tid- og heimfeste til liks med andre diplom. Den delen av vidissane som gjev att eldre dokument, kan vera språkleg blanda, slik at originalen og avskrivaren baa set preg på språkforma. Det gjeld i enda større grad seine avskrifter, som er lite eigna som kjeldor til sjølve språkforma.

Det må likevel vera slik at typisk norske drag i seinare avskrifter kjem frå originalen, medan danskspråklege trekk anten kan vera originale eller komme inn i avskrivingsprosessen. Seinare avskrivarar var vane med dansk skriftspråk og kunne truleg erstatte norske ord og bøyingsformer med former dei kjende frå skriftspråket i si eiga samtid, medan det er lite truleg at norske former har vorte tekne inn seinare. Det kan difor vera mogleg å sjå at originalen ikkje har vore skriven på dansk, om det ikkje er mogleg å koma fram til den eksakte språkforma i han. I somme høve og med stor varsemd meiner eg difor det er rett å trekkje inn avskrifter i vurderinga av språkforma, om ikkje på detaljnivået, så i spørsmålet om norsk eller dansk språkform.

Som kjeldor til ytre omstende kring nedskrivingsprosessen er vidissar og avskrifter jamgode originalane. Uansett språkform fortel teksten om kva skriftleg handling brevet representerer, og likeins kven som ferda det ut eller var innblanda i utferdinga. Når det gjeld skiljet mellom skandinavisk og latin, er det truleg at avskrifter speglar originalen; det verkar heilt urimeleg å gjera ei latinsk avskrift av ein original på skandinavisk, jamvel om det motsette kanskje var mogleg.

**Kva er ein original?** Dette spørsmålet er ikkje så greitt som ein først kan tenkje. I diplomatarisk forstand er originalen det innsegla dokumentet. Men for ei språkleg undersøking er ei samtidig, lokal avskrift eller eit utkast like originale; slike versjonane er skrivne i det same miljøet til same tid. I denne undersøkinga er difor slike dokument rekna som originalar (jf. markeringa i vedlegg A) når eg føler meg viss på at dei er vortne til i skrivemiljøet ved erkesetet.

## 4.2 Kjeldesituasjonen kronologisk

Den første delen av perioden er altså svært sparsam på kjeldor, men det aukar på etter kvart. Attåt jordebøkene dreier det seg om tradisjonelle, formelt oppsette diplom trykte i DN. Ei fullstendig liste over nytta diplom finst i vedlegg A. Som nemnt finst nokre brev om islandske tilhøve i DI,

samt at NgL har eit par tekstar der erkebisen (som del av riksrådet) er blant utferdarane; sjå vedlegg B.<sup>9</sup> I gjennomgangen under prøver eg å vise omfanget av den overleverte skriftproduksjonen, og koss han fordeler seg på utferdarar og ulike typar tekstvitne.

Ikkje minst fordi Indrebø og andre har lagt vekt på koss dansk kom inn ovanfrå og spreidde seg sosialt nedover, har eg lagt vinn på å få med riksrådsbrev. Erkebisen er alltid nemnd først blant fleire utferdarar, men det er ikkje visst at han heldt skrivar. Det er heller ikkje alltid lett å trekkje grensa for kva som kan kallast riksråd (sjå § 7.2.2); ein vil såleis finne ein del brev som er førde opp med riksrådet som utferdar, eit par andre stader står det erkebisen «m.fl.». Dessutan opptre erkebisen og lagmannen, kannikar og rådmenn i ein del brev saman på ein måte som syner at dei langt frå tilhørde klart åtskilde miljø (sjå vidare diskusjonen i § 7.2).

Etter 1510 er altså nær alle skriftstykke frå erkesetet på dansk, med varierende grad av norske innslag. Det er òg andre ting som skil dei seinare kjeldone frå tida før: For det første finst mykje meir gøymt, og dinest utgjer ikkje dei tradisjonelle vitnebrev lenger ein like stor del av materialet. Nye kjeldetypar kjem til (som nemnt innleiingsvis), og formelverk og stil utviklar seg noko jamvel innanfor tradisjonelle omkverve (sjå § 7.1.3).

### 4.2.1 1458–1474: Olav Trondsson

Frå styringstida hans Olav Trondsson har me brev frå eit drygt tiår. Erkebisen har sjølv stått for i alt sju brev: Tre av desse er på latin, eitt finst berre i vidisse, og me har såleis berre tre originalbrev på skandinavisk. Olav er dessutan medutferdar av eit rettartingsbrev i Bergen. Domkapitlet er i denne perioden berre involvert i to brev frå 1470 og 1472 (dei er nærare omtala i § 7.2). Frå denne tida finst det òg nokre bygdebrev til jamføring, fleire frå Nordmøre og eit par frå Nord-Trøndelag. Mest forvitneleg av dei er DN XXI 555, <sup>24</sup>/<sub>6</sub> 1466. Det er utferda av tre lagrettemenn på garden åt ein Sjurd Arnesson i Trondheim, og dreier seg om salet av nørde Bjørke i Fron. Det er halde i ei svært tradisjonell språkdrakt som stikk seg ut på denne tida.

Olav er nemnd mellom utferdarane av to brev frå kongen og riksrådet til Hansabyane, NgL 2. r. II 62–63, Elfsborg <sup>1</sup>/<sub>7</sub> 1455. Brev er på tysk, men ein open versjon av nr. 62 ei veke seinare finst i ei meir eller mindre norsk

---

<sup>9</sup> NgL trykkjer somtid berre ein regest av dokumenta som finst i DI. Sidan DI verkar vera trugnare mot originalen når det gjeld t.d. teiknsetjing og oppløysing av «for<sup>de</sup>», har eg valt å bruke DI-versjonen. Typisk norske former som «allum, hanom» viser at utgåva ikkje normaliserer mot islandsk.

avskrift (NgL 2. r. II 67 A). Olav er òg med i NgL 2. r. II 79 (= DN III 842, eit tillegg er berre trykt i NgL), Skara <sup>19</sup>/<sub>1</sub> 1458.

#### 4.2.2 1475–1510: Gaute Ivarsson

Styringstida hans Gaute Ivarsson var lang, men det finst likevel ikkje meir enn ikring 40 brev der erkebispnen eller (delar av) domkapittelet er involverte. Det kan stundom vera litt vandt å skilje nøyaktig mellom utferdarane, og ikkje minst er samspelet mellom verdsleg og kyrkjeleg makt interessant. Eit døme er DN XVI 306, Trondheim 1490, der lagmannen ferdar ut eit domsbrev, samstundes som det er nemnt i teksten at erkebispnen var til stades. I ein god del brev er likeins både lagmannen, rådmenn og kannikar nemnde som seglvitne, anten det no er den eine eller den andre som er nominell utferdar.

Erkebisp Gaute nemner seg som utferdar i totalt 27 brev, som fordeler seg slik på kjeldone (høvesvis vedlegg A og B):

**17 i DN:** 13 originalbrev på skandinavisk, eitt på latin; to skandinaviske og eitt latinsk brev finst berre i avskrifter.

**9 i DI:** to originalbrev på skandinavisk; seks skandinaviske og éi latinsk avskrift.

Dessutan er eitt diplom, Trondheim <sup>27</sup>/<sub>2</sub> 1481, berre trykt i JHD II 154.

Eitt av originalbrev (DN III 965) er ein dom i lag med lagmannen og fleire rådmenn i Trondheim. Det skil seg likevel noko frå fleire rettartingsbrev frå Bergen, i alt seks, to i original, alle på skandinavisk. Riksrådet, med den nemninga, står for nokre brev, men i fleire høve er det truleg andre (kongen) som i røynda står attom teksten (jf. § 7.2.2). Av dei fem som er førde i vedlegg A, gjeld dette truleg alle unnteke DN V 915 og III 931, baa frå Bergen hausten 1481. I vedlegg B er det fleire riksrådsbrev, dels som tillegg til hovudnummera i NgL; det gjeld seks oppføringar i NgL 2. r. II (mellom nr. 163–189) og dei tre første i NgL 2. r. III.

Dessutan er erkebispnen medutferdar av to avlatsbrev, eitt på dansk i lag med både norske og danske bispar (DN XVI 302, Kjøbenhavn 1489), og eitt på latin med dei norske bispane (DN II 921, Jarlsøy 1482; ei veke seinare ferdar dei same ut eit brev der i lag med med resten av riksrådet, NgL 2. r. II 188, tillegg 1). Det norske bispekollegiet ordnar òg opp i ei sak med Nonneseter kloster i DN XXI 700 (avskrift).

Medlemer av domkapittelet står ikkje sjølve for mange brev. Det gjeld to på latin (DN VIII 406, Trondheim 1479, og XVIII 129, Trondheim 1493) som baa finst i avskrifter; det første er ein vidisse av grunnleggingsbrevet for Nidaros erkebispesete, det andre eit brev til domkapittelet i Åbo. Kanniken



Jakob Matsson Rømer ferda ut eit brev i Oslo (I 958, 1488) som finst i vidisse. I fire brev (to originalar) opptrer (medlemer av) domkapittelet i lag med lagmannen/rådmenn (jf. § 7.2.1).

Eit anna forvitneleg dokument, trykt i NgL (2. r. III 1 C), er ei avskrift av Halmstadsrecessen frå 1483. Både det norske og det danske eksemplaret var skrivne på dansk (og er grunnlaget for versjonen i DN XIII 148), men einkvan gjorde ei avskrift for erkebispens arkiv med fleire interessante endringar i høve til originalen (sjå § 5.5).

Det finst ein god del brev frå ålmugemenn og/eller lagrettemenn frå bygdene i denne perioden til jamføring. Dei aller fleste originalbrev er skrivne på norsk; XI 257, Singsås (?) 1489, og XIV 193, Trondheim ikring 1500, er på dansk, men med nokre få norske målmerke. På dansk er òg XIV 231, Trondheim 1509, som er skriva av guardianen ved gråbrødre-klosteret i Trondheim (fransiskanarane). Eit par slike brev har tilknytning til erkesetet og kan godt ha vore skrivne av einkvan der; både XVI 306 (frå lagmannen) og V 977 (frå ei lekkvinne) nemner at erkebispemenn var til stades (sjå § 7.2).

### 4.2.3 1510–1522: Erik Valkendorf

Som prost i Roskilde og kanslar for hertug Kristian er Erik omtala nokre gonger før han vart erkebisp (t.d. DI VIII 150, Oslo 1507, og DN XIII 170, Akershus <sup>25</sup>/<sub>4</sub> 1510, i namnet av hertug Kristian, men «Relator magister Ericus Walckendorff»). Frå tida hans som erkebisp finst det 27 brev frå Erik sjølv:

**23 i DN:** 16 originalbrev på skandinavisk, 4 på latin; eitt brev på skandinavisk og to på latin finst i avskrifter.

**4 i DI:** To på skandinavisk og to på latin, alle frå november 1520 og overleverte i seinare avskrifter (men dei to på skandinavisk er apografar<sup>10</sup> «ex originali»).

Her har eg rekna med setelen trykt som XXII 120, innlagt i eit brev frå Erik til kongen, og VIII 500. Det siste er påbyrja av Erik, men sidan fullført av ein annan; t.d. er *jegh* retta til *han*. Eitt av breva (ei vidimering) ferda Erik ut i lag med bisp Mogens i Hamar.

Erik er medutferdar av to latinske avlatsbrev i lag med andre bispar. Det finst dessutan eitt rettartingsbrev (i NgL/DI) frå tida hans.

<sup>10</sup> Nøyaktige diplomavskrifter i den arnamagnæanske samlinga. Der finst fleire tusen slike, og dei følgjer originalen svært tett. Over DI VI 462 (finst både i original og som apograf) har Árni Magnússon sjølv skriva «accuratisimè o: ordriett, stafriett, bandriett, punctriett». (Jf. Veturliði Óskarsson 2001: 24f om apografar.)

Frå same tida finst eitt brev frå domkapittelet samla og eitt frå deknen Olav Engelbrektsson (med tre kannikar, i seinare avskrift), dessutan to brev frå Hans Rev. Han var sekretær for Erik Valkendorf og vart etter kvart kannik og medlem av domkapittelet, før han i 1525 vart bisp i Oslo.

Det er éi tilføyning i AB frå Eriks tid som erkebisp, men ho er berre på to skarve linor. Språket verkar vera norsk (dat. *-syni*; b.f. *iiij aura*). Erik Valkendorf lét laga to messebøker for kyrkjone i stiftet. I tråd med praksis i den katolske kyrkja var desse på latin, men *Breviarium* inneheld òg to sidor på norsk om heilag dagar og fastetider. Erik skreiv òg ei historisk-topografisk skildring av stiftet på latin. (Sjå § 7.1.4 om desse bøkene generelt, og § 5.3.1 om det norskspråklege innslaget i *Breviarium*.)

Frå denne perioden er 18 brev heimfeste til Trøndelag utan direkte tilknytning til erkesetet. Ein rektor ved skulen i Trondheim og ein utsending frå paven sender ut brev på latin, ein kongsskrivar og riddaren Gaute Galle skriv som ventande er dansk; resten er tettare knytte til landsdelen og fordeler seg mellom norsk og dansk, med mykje blanding.

#### 4.2.4 1523–1537: Olav Engelbrektsson

Frå og med året 1523 aukar brevmengda i DN mykje. Frå 1500–1522 finst det 22–67 diplom frå kvart år, med eit gjennomsnitt på drygt 46. I tiårsbolken 1523–1532 er gjennomsnittet 344 diplom, med ein topp i 1524 med heile 578 registrerte nummer. Deretter går det litt ned att, til knapt hundre nummer årleg.<sup>11</sup> Erkesetet speglar denne utviklinga, og frå styringstida hans Olav Engelbrektsson er det ikring 280 diplomtekstar frå erkesetet og Trøndelag, og tre nummer i NgL som ikkje er trykte elles. Rekneskapsbøkene og jordeboka etter Olav er omtala tidlegare. I lag med jordeboka har det lege nokre lause blad; eit par av dei har lengre tekststykke, helst i listone over eigedomar som vart lagde til domkyrkja under erkebispene Erik og Olav, ei lengre utgreiing om Torge-godset og eit utkast til eit brev på ein gard. Mengda gjer det naudsynt å bryte opp materialet i undergrupper for å få oversikt.

Ein stor del av breva dreier seg om det mislukka opprøret i 1531–1532, der erkebispnen konspirerte med eksilkongen Kristian II. Det finst haugen på med brev mellom erkebispnen, høvedsmann Eske Bille på Bergenhus, kongsmennene Vincens Lunge og Nils Lykke og svigermor deira, Ingerd Ottedotter Rømer, kjend som fru Inger til Austrått.

Det første brevet frå Olav (rett nok fører han enno tittelen *electus*) er DN I 1062, Mechelen <sup>15</sup>/<sub>7</sub> 1523, medan han var på veg til Roma for å motta pallium.

<sup>11</sup> Denne grovrekna statistikken er basert på enkle søk på kvart år i DN. Udaterte brev fell utom, men tala gjev eit inntrykk av utviklinga.

Det siste brevet han ferdar ut på norsk jord, er DN XXII 370, Nidarholm 1/4 1537; dessutan ser eit par notatprega nummer i DN ut til å vera skrivne på skipsferda til Nederlanda. Inkludert desse ytterpunkta har eg bokført i alt 78 DN-nummer som har Olav Engelbrektsson som utferdar, 63 av desse i original. Han ferda òg ut tre originalbrev i lag med Nils Lykke, og dessutan ei rad med riksrådet. Materialet er i all hovudsak på skandinavisk, latin ser ut til å spela ei mindre rolle enn tidlegare.

Domkapittelet er ikkje like aktivt som tidlegare. Det ferda ut fire brev i denne perioden, eitt på latin som finst i avskrift, og tre originalar på dansk og blandingsmål. Det finst dessutan tre originalbrev etter kanniken Jens Olsson Bratt<sup>12</sup> åleine, og eitt frå Hans Rev.

Utviklinga i skriftproduksjon og/eller overlevering gjer at ikkje alle DN-nummer kan måtast inn i kategoriane erkebisp og domkapittel. Alt som er rekna med over, har form meir eller mindre som tradisjonelle brev (inkludert nokre utkast og avskrifter). Men me finn òg stuttare notat av meir rekneskapsmessig art, som må vera skrivne av einkvan ved erkesetet, og nokre notat og utgreiingar som kanskje har vore meinte som utkast eller grunnlag for offisielle brev.

Det finst òg ei bra mengd verdslege brev frå Trøndelag i denne perioden. Langt dei fleste er ferda ut av Ingerd Ottedotter eller svigersønene Nils Lykke og Vincens Lunge; desse breva femner både politiske intrigar og meir private saker. Det er elles ein del brev utferda av ålmugefolk, helst om gardhandlar, og eit assortert utval andre. Eg har funne 144 brev med utferdarar som ikkje er direkte knytte til erkesetet, iallfall ikkje i namnet. Av desse står Ingerd Rømer og svigersønene for 78, altså over helvta.

### 4.3 Grunnlag for vurdering av språkforma

I § 3.4 diskuterte eg prinsipielle sidor ved undersøkinga av ei eventuell ortografisk norm ved erkesetet. Alle kjeldone eg har bruka er ikkje like nyttige i ei slik vurdering. Ei drøfting av språket ved erkesetet må ta utgangspunkt i brev som tvillaust er knytte til dette skrivemiljøet; sidan kan desse jamførast med andre brev med ei lausare tilknyting. Det enklaste er brev som erkebispfen ferdar ut i Trøndelag; dinest kjem brev med erkebispfen som utferdar skrivne andre stader. Erkebispfen hadde ein gard i Bergen, og på eit seinare tidspunkt verkar det som ein del av arbeidsstokken var fast stasjonert der (sjå § 7.3.1). Dei skriveføre her kunne nok bli rekrutterte frå katedralskulen i Bergen like gjerne som Trondheim, og det vil vera ei definisjonssak om ein skal

<sup>12</sup> Oppslagsforma i NBL er «Jens Olavsson Bratt», men sjølv skreiv han seg «Olson».

knyte dei direkte til erkesetet. Eg har i denne undersøkinga rekna denne avdelinga som del av erkesetet som skriftsentrum og skrivemiljø, sidan t.d. rekneskapsbøkene vitnar om tett kontakt mellom erkebispegarden i Bergen og «heimkontoret» i Trondheim.

Ei onnor viktig gruppe er domsbreva som erkebispfen ferda ut saman med andre riksrådsmenn i Bergen. Ein kan ikkje på utomspråkleg grunnlag, der det ikkje er sagt noko spesifikt om utferdarstaden i teksten, gå ut frå at det var erkebispfen som heldt skrivar i desse samanhengane, eller om han nytta lokale krefter. Denne brevgruppa stiller seg såleis litt på sida, men er gjennomgåande skriven på norsk og bør i minsto samanliknast med kjernegruppa. Det er vel heller ikkje usannsynleg at desse møta gjekk føre seg på erkebispegarden i Bergen, og såleis stiller likt med dei brev erkebispfen sjølv fekk skrive der. Slike brev er nemnde for jamføring i den språklege gjennomgangen, og blir dessutan drøfta for seg i § 7.2.2.

### 4.3.1 Pre 1510

Skal eg vera streng i avgrensinga, blir det ikkje store mengda frå den eldste tida som kan reknast for «primærkjeldor». Det vil vera dei tekstane som i gjennomgangen over er kalla originalbrev på skandinavisk, sjå oversynet i tabell 4.1. Frå Olav Trondsson er det berre tre diplom, og eitt frå domkapittelet i same tida. Frå Gaute Ivarsson er det nokre fleire, men med tanke på det lange tidsromet dei er spreidde over, blir det likevel tunt. Dei aller fleste er utferda i Trøndelag (mest Trondheim, tre på Nordmøre), men nokre få i Bergen.<sup>13</sup> Domkapittelet er i denne perioden berre aktivt i lag med lagmanns- og/eller rådmannsinstitusjonen, men det verkar likevel trygt å rekne med XVI 269 og III 959: Dei er utferda av fleire geistlege i lag med lagmannen/rådmenn, høvesvis «j Commune stwfwone» og «wppa erchiebiskups garden» i Trondheim, det siste jamvel «nerwarandis worom wyrdalighom fadher i gudi erchiebiskup Gauto».

Dei originalbrev eg ikkje har teke med i tabell 4.1, er eit brev frå Oslo av kanniken Jakob Matsson (I 958, 1488), eit riksrådsbrev frå Oslo som har sterke danske innslag (II 907, 1478; kongen var med ved utferdinga av dette brevet), Halmstad-recessen, der riksrådet iallfall i namnet er utferdar (XIII 148, 1483), to riksrådsbrev frå Kjøbenhavn på dansk (II 955, 1489, og DI VII 710, 1505), eit bispebrev på dansk frå Kjøbenhavn (XVI 302, 1489), og dessutan dei brev som berre finst i avskrifter og dels er handsama andre stader ut frå det dei fortel om skriftkulturen. Dei riksrådsbreva og bispebrevet som

<sup>13</sup> Dei to diploma utferda i Bergen som berre finst i DI, er trykte etter «frumrit á skinni», men eg har ikkje hatt tilgjenge til originalane.

**Tabell 4.1** Språklege primærkjeldor 1458–1510

	DN	Dato	Stad	Merknader
	5 821	28.06.1459	Bergen	
	1 851	01.04.1460	u.st.	
	16 241	07.03.1470	Trondheim	
	3 898	07.12.1472	Trondheim	Deknen m.fl.
	10 249	04.12.1475	Trondheim	
	16 269	10.11.1478	Trondheim	Deknen m.fl.
	14 141	02.03.1480	Trondheim	
JHD 2	154	27.02.1481	Trondheim	
DI 6	364	22.09.1481	Bergen	
	10 260	16.11.1483	Aspa	
	10 261	[16.11.1483]	Aspa	
	5 923	04.05.1484	Trondheim	
DI 6	462	06.07.1484	Bergen	
	1 950	18.07.1486	Bergen	
	1 951	31.07.1486	Bergen	
	3 959	07.03.1487	Trondheim	Erkedeknen m.fl.
	14 164	15.04.1487	Trondheim	
	3 965	10.11.1488	Trondheim	Med lagmannen/rådmenn
	10 269	26.02.1489	Frei	
	1 985	xx.xx.1495	Trondheim	
	11 278	01.08.1500	Trondheim	
	8 471	31.05.1508	Trondheim	

er nemnde her, skil seg frå dei andre ved at utferdartilhøva gjer det truleg at språket var påverka av andre miljø; ved eit par av dei er det truleg at dei norske medutferdarane ikkje har hatt noko å gjera med tekstforminga, men berre sett segla sine under (t.d. Halmstadrecessen, jf. § 5.5.1).

Attåt diploma kjem jordebøkene, dvs. dei to hefta etter Gaute og innføringar i AB som kan daterast til denne perioden. Dei fleste av desse er svært stutte, oftast to-tre linor. Her er det små problem i overleveringa (dei er originale), men store tekstmengda blir det likevel ikkje. Frå Olav Trondssons tid finst ei halvsides innføring frå 1468 (AB 126), elles berre stutte notisar. Frå Gautes tid er det fleire lengre stykke: Ei tredjedels side som er udatert (AB 27), ei dryg halvside som omtalar ei bygsling frå 1491 (AB 81) og 2 ½ side som er udatert, men truleg kan tidfestast til Gautes tid (jf. Dalen m. fl. 2008: 350). Det er elles ei lang rekkje mindre innførslor frå Gautes tid, og

somme av dei lengre (opp til åtte linor) kan ha relevant språkleg materiale. Eit oversyn over tilførsler i AB finst i vedlegg C.

Det seier seg sjølv at dette ikkje gjev grunnlag for nokon kvantitativ analyse av det norske språket fram til 1510, men det er likevel mogleg å gje nokre merknader.

### 4.3.2 Post 1510

Med den større brevmengda i den seinare perioden, er det mykje meir gjevande å studere språkforma. Spesielt frå ikring 1530 aukar tilfanget monaleg, jamvel om auken er ujamt fordelt. Det er den halvoffisielle korrespondansen mellom samfunnstoppene saman med brev knytte til handelsverksemd (ut over gardhandlar) som står for det meste. Tradisjonelle vitne- og domsbrev er ikkje mykje sterkare representerte enn tidlegare. Og frå denne tida finst altså ein del notat eller utkast av ymse slag som ikkje har namngjeven utferdar, men må vera gjorde av einkvan i skrifvarstaben hjå erkebispem, og dessutan notat av meir rekneskapsmessig art.

For å studere målskiftet er det god grunn til å skilje mellom erkebispem sjølv og domkapittelet, særleg i Erik Valkendorfs tid, men diverre finst det berre eitt sjølvstendig originalbrev frå domkapittelet. Situasjonen er ikkje særleg annleis seinare heller: Frå Olavs tid er det tre brev som er ferda ut av fleire medlemmer eller på vegner av heile kapittelet, attåt kjem nokre sjølvstendige frå Hans Rev og Jens Olsson Bratt.

Eg gjev ikkje her noko samla oversyn, men dei relevante tekstane er ryddig framstilte i tabellar i kapittel 5. Det vil vera dei same som er merkte som originalar på skandinavisk i vedlegg A og i den kronologiske gjennomgangen over. Frå Erik Valkendorfs tid dreier det seg om 16 originaldiplom frå Erik og tre frå domkapittelet (to av desse frå kanniken Hans Rev), sjå tabell 5.1 på s. 93. Frå Olav Engelbrektssons tid er det 84 nummer i DN med stort og smått, i tillegg til nokre tekststar som berre finst andre stader eller ikkje er trykte i det heile, sjå tabell 5.2 på s. 102. Dessutan er det sju frå (medlemmer av) domkapittelet, deriblant eitt frå Hans Rev og tre frå Jens Olsson Bratt.

Ved nokre brev er det tvil om kven som faktisk skreiv dei. Til dømes ferda Olav ut nokre brev i lag med Nils Lykke i 1534–1535 (DN XVI 570, II 1112 og XII 553, jf. vedlegg A). XVI 570 er etter DN ei avskrift «med Hr Nils Lykkes Skrivens Haand», og er difor ikkje medteke i den språklege drøftinga i kapittel 5. Dei to andre har eg derimot teke med, sidan dei truleg er skrivne ved erkesetet. Sameleis har eg teke med avskriftene DN XXII 273 og 274, to riksrådsbrev frå Steinvikholm (sjå § 5.4.4); men ikkje VIII 717 og 718, avskrifter frå riksrådsmøtet i Bud i 1533 med større tvil om skrivaren.

# Språkforma 5

---

I dette kapitlet skal den språkforma me møter i tekstane diskuterast. Både det teoretiske grunnlaget og kjeldesituasjonen, slik det vart lagt fram i høvesvis kapittel 3 og 4, gjer at tilnærminga til materialet ikkje blir den same i heile den undersøkte perioden. Skiljet følgjer her den nemnde overgangen frå norsk til dansk som skriftspråk:

- For det norske språket er det naturleg å sjå kva dei få døma kan fortelje om overgangen frå gammalnorsk til nynorsk, og kva påverknad ein ser frå grannespråka. Kjeldegrunnlaget gjer det ikkje mogleg å gje meir enn spreidde merknader til det som faktisk finst, slik at eg ikkje gjev noko samla oversyn, men går grundigare inn på utvalde fenomen i tekstane.
- For norsk-dansken<sup>1</sup> i den seinare perioden er materialet så stort at ei meir kvantitativ tilnærming er mogleg. Eg ser her på ortografisk einskap og eventuell norm, og i kva grad språkforma viser ein norsk særhått andsynes samtidig dansk.

Arbeidsmåtene er heilt ulike for dei to periodane. Dei norskspråklege tekstane blir jamførde med gammalnorsk og austnordisk i § 5.1, medan dei danskspråklege i første rekkje blir detaljanserte på det ortografiske nivået, berre subsidiært som kjeldor til norsk talemål. Eg greier i § 5.2 ut om metodikken i denne delen av arbeidet, før eg går gjennom tekstane i §§ 5.3–5.4. § 5.5 ser på tilhøvet mellom fleire versjonar av same tekst, der slike er kjende (utkast, originalar og avskrifter, og like brev utferda til fleire mottakarar). Til slutt samlar § 5.6 trådane som best råd er.

---

<sup>1</sup> Eg brukar her «norsk-dansk» som nemning på dansk slik han vart skriven med ein eigen norsk svip i Noreg; det må såleis ikkje blandast saman med same nemning bruka om riksmål/bokmål i nyare tid.

## 5.1 Det norske språket fram til 1510

Så lenge det blir skrivne norsk i Noreg, byggjer språket på ein samanhengande tradisjon frå høgmellomalderen, og det er naturleg å sjå kva endringar ein kan finne frå det gammalnorske språket me kjenner godt. Tekstane frå denne tida står i eit spenn mellom skrivetradisjonen, indre språkleg utvikling og framand påverknad.

Som eg peika på i § 3.2.2, skjedde skiftet til dansk dels abrupt, dels gradvis, og den gradvise påverknaden bør vera mogleg å sjå i dette materialet òg, ikkje minst i introduksjonen av nye leksem. Eg byrjar difor med ein gjennomgang av språktrekk som må reknast som framande, og legg vidare vekt på nett den austnordiske påverknaden i desse prinsipielt norskspråklege kjeldone.

### 5.1.1 Austnordiske innslag i mellomnorsk

Det som kjenneteiknar mange norske tekstar frå seinmellomalderen, er den sterke språkblendinga. Ofte kan ikkje ein tekst eintydig seiast å vera på det eine eller andre språket, men element frå fleire er blanda saman med ulik vekt. Likevel går det jamnast an å seie om hovudstemna i teksten er norsk, dansk eller svensk.<sup>2</sup>

I seinmellomalderen vart den norske og svenske adelen sterkt blanda, og Sverige øvde ein sterk kulturell påverknad, ikkje minst gjennom birgittinarørsla, som fekk eit språkleg utslag i såkalla birgittinarnorsk (Sandvei 1938). Trøndelag hadde dessutan eit tett hopehav med Jamtland, som politisk var norsk, men språkleg svensk. Desse historiske tilhøva førde òg med seg svensk påverknad på norsk skriveskikk. Ålment i Noreg var dei svenske innslaga sterkast i første halvta av 1400-talet (Indrebø 2001: 166–176), men dei er tydelege noko lenger i Trøndelag. Eit døme er at pronomenet *jak* var vanleg i diplom frå Trøndelag heilt til det vart trengt ut av *jeg* ikring 1500 (Berg 2006: 28–30; sjå vidare § 5.1.5).

Midt på 1400-talet tok dansk over som den sterkaste påverknadskrafta utanfrå. Dei danske innslaga kan dels forklarast på same vis som dei svenske: Blanding av adelen førde mange menn med dansk bakgrunn inn i maktposisjonar i Noreg, og som ein del av politikken for å styrkje kontrollen med Noreg sette kongen inn stendig fleire danskar som embetsmenn i landet. Desse tok med seg skriftspråket sitt. Etter som dansk såleis vart administrasjonsspråk, er det vel berre å vente at det etter kvart fekk ein auka prestisje

<sup>2</sup> Det er dei det skal talast om her. Tilhøvet til latin blir teke opp i § 6.2. Det er òg ein del leksikalske lån frå lågtysk, som skil seg klårt frå dei nordiske orda. Men dei lågtyske lånorda kom for ein stor del gjennom dansk og/eller svensk, og kan såleis seiast å vera del av dette straumdraget.



som gjorde språket til eit naturleg val for nordmenn òg, spesielt i viktige (stats-)saker.

I arbeid om skriftspråk i mellomnorsk tid går nemningar som «svenskleta», «noko dansk» o.l. att, men det kan stundom vera litt uklårt kva kriterium som er lagde til grunn for vurderinga. Prinsipielt er lån som neppe har vore del av noko norsk talemål like interessante i eit skriftspråksperspektiv, men det kan vera gode grunnar til å sjå nærare på kva teksttypar som gjerne pyn-ter seg med «lånte fjører». Difor skal eg freiste å draga saman nokre typisk svenske og danske innslag i norske tekstar i seinmellomalderen. Her dreier det seg om skilnader som var etablerte på denne tida, eg kjem attende til skilja mellom norsk og dansk ikring 1500, altså litt seinare, i § 5.2.2.

Prinsipielt kan låna koma av skilnader mellom språka på fleire nivå: fonologi, morfologi, syntaks og leksikon. I vurderingar av ordlån i det vidare arbeidet har eg bruka ordbøkene etter Fritzner, Söderwall og Kalkar, og Veturliði Óskarsson (2001) om lågtyske lånord i islandske diplom. Dei lågtyske lånorda og ordlagingselementa kom for ein stor del inn i norsk via grannespråka, så mange slike lånord kan òg indikere framand påverknad – eller snarare omvendt, slik at fråvære av denne typen lånord tyder på liten framand påverknad (jf. Wetås 2008: 98).

Dette oversynet over typisk austnordiske former i tekstar frå norsk seinmellomalder byggjer på Indrebø (2001: 171–176, 193f), Rindal (ms.: 21–25) og Wetås (2008: 97f).

### Sams for svensk og dansk (dels med stød i søraustnorsk talemål)

- monoftongering (mest frekvent /ei/ > /e/)
- *ju* for *jo* (t.d. *ljus* for *ljøs*; dels vidare overgang til *y* i dansk)
- fordelinga av *o* og *u* (svensk *u* i partisipp som *burit*; omvendt *o* i t.d. *tro*)
- *v* for *hv* i framljod (i norsk gjekk /hv/ stort sett til /kv/, men oftast skrive *hv*)
- *mp*, *nt*, *nk* der norsk hadde assimilasjon (t.d. pret. *band(t)* for *batt*)
- tostava presensformer utan i-omljod av sterke verb (*kommer* for *kemr/kjem*)
- presens partisipp på *-s*<sup>3</sup>
- reflektivending *-s* (norsk *-st*; men austnorsk har i dag mest *-s*, og det kan nok gå attende til gammalnorsk tid)
- pronomena *vi* og 2.p.pl. *i*, *ider*
- relativkonstruksjonar med *hulkit* e.l.

<sup>3</sup> Forma er så vidt kjend frå norrønt (Noreen 1923: § 539, merknad 1), men var vanleg i austnordisk og kom vel derifrå; *-s* er ålmenn i «yngre middeldansk» (Skautrup 1947: 57).

### Typisk svensk

- 1.p.sg. *jak*
- *a* i rotstavinga av ein del ord, mest typisk *vara*<sup>4</sup> (for *vera*), men òg partisipp som *slagit*, *gangit*
- *b*-innskot (som *gambla*, fanst òg i skånsk)
- verbalendinga *-en* i 2.p.pl.
- suffikset *-lika* (norr. *-liga*)

### Typisk dansk

- lenisering, dvs. ⟨b, d, g⟩ for norsk /p, t, k/<sup>5</sup>
- diftongering av somme lange vokalar (t.d. *hiem* (< /he:m/) for *heim*)
- ⟨j, w⟩ for postvokalisk /g/
- 1.p.sg. *jeg(h)*
- generell vokalreduksjon i bøyingsendingar, skrive *e* (æ)
- nøyt.pl. på *-e(r)*
- fullt fråvære av kasusbøyning

Lista er såpass summarisk at det går noko utover presisjonen, men desse punkta kan tene som ei oppsummering av kva ein kan sjå etter. Det er likevel viktig å understreke at vurderingar av det språklege uttrykket i tekstar som dei det her er tale om, alltid må byggje på ei grannsam vurdering av kvart einskilt dokument; konklusjonen om språkforma lyt «byggje på ei kritisk vurdering av summen av einskildfenomena», som Rindal (ms.: 24) skriv i ei

<sup>4</sup> Forma var òg vanleg i skånsk (GG VI § 137,1 med merknad 1). Ho finst i norske dialektar og er påvist i norske tekstar frå 1300-talet (Seip 1955: 268), så Rindal (ms.: 31) vil rekne ho for norsk. Men argumentasjonen bør ikkje kvile for tungt på Seip, for dei tre døma han nemner (loc. cit.) på kongebrev med *vara* (DN VI 83, IV 321 og II 410), har etter det eg kan sjå ingen døme på inf. av dette verbet i det heile (det siste har 3.p.pl. pret.konj. *vari*, men det har òg typisk svenske former som adv. *fulkomlika* (og hyperkorrekt svecisme i adj. *andeliki?*) og pronomens/possessiv *ider*, *idhrom/idhars* i 2.p.pl.); og det siste brevet han nemner (DN II 389), har monoftongering som tyder på svensk påverknad (*Eysten-, heel* 'heil, frisk', *egho, framledhys*). Dei to lovhandskriftene han viser til, har båe «mange [sørøstnorske] målmerker» (Seip 1955: 229f; berre indirekte om det eine: det får ingen sjølvstendig dom, men liknar på eit anna handskrift med den merknaden), og Seip kunne somtid elles òg karakterisere svenske lån (som finst i moderne austlandsmål) som genuine dialektformer, jf. den krasse kritikken i Hødnebo (1971: 150–153; der om tilhøvet mellom *ek* og *jak*).

<sup>5</sup> Dette er gjennomført i nyare dialektar på Sør- og Sørvestlandet, men det er ingen grunn til at det skulle slå gjennom i norsk skriftspråk i Trøndelag. Ei liknande, men ikkje like gjennomført, utvikling er kjend frå delar av Sør-Trøndelag og Helgeland (Skjekkeland 1997: 112), men dette fenomenet har vore både lokalt og marginalt.

liknande vurdering. Dette oversynet viser skilnader mellom norsk og aust-nordisk, men me skal hugse på at dette ikkje er det einaste tenkjelege skiljet. I det som er oppført som typisk svensk respektive dansk, står ofte dei to andre språka i lag mot det tredje. § 5.5.1 gjev eit godt døme på koss norsk og svensk saman skilde seg frå dansk. Dei skånske dialektane stod mellom svensk og dansk, slik at former som i dansk berre fanst i skånsk, kunne følgje svensk og dels norsk. Og dei tre nasjonalspråka er i denne tida berre abstraksjonar over eit dialektkontinuum. Skilnadene mellom norsk og dansk kjem eg meir attende til i § 5.2, når temaet blir det norsk-danske skriftspråket på 1500-talet og eventuell norsk interferens.

### 5.1.2 Diploma frå Olav Trondsson (1458–1474) og Gaute Ivarsson (1475–1510)

Frå tida fram til 1510 finst det ikkje fleire tekstar enn at dei kan handsamast samla (sjå tabell 4.1 på s. 61). Språket i dei tre originaldiploma som i namnet er utferda av Olav Trondsson, er på ingen måte einskapleg. Brevet frå 1459 (DN V 821, Bergen), stila til folk på Island, har ei rekkje ortografiske særtrekk, der det mest markante er at eldre /θ/ i framljod konsekvent er skrive <t> (*tesso, ta, tat* osv.). Ein så gjennomført praksis har eg ikkje sett elles, og brevet Olav ferda ut året etter (DN I 851, u.st.), har meir vanlege <th> (unnteke dat.sg. *ty < því*). Båe desse breva er likevel skrivne i eit tradisjonelt språk, med eit firekasussystem og få lånord. Men jamvel i slike tekstar kjem nokre novasjonar og lån inn, V 821 har t.d. to gonger gen.sg. *kirkion(i)s* (men ubunden form *til doomkirkiar*), *hennis* og svenske pronomener/possessiv i 2.p.pl. med tilhøyrande verbending: *skulin j, j kunnen*. Brevet frå 1470 (XVI 241, Trondheim) er klårt svenskfarga (sjå § 5.1.5) og meir moderne i bøyingsverket, t.d. er personendinga i 1.p.pl. inkonsekvent: *forhuilkit wi idrom tacke oc willom thet gerna*.

Til jamføring har eit rettartingsbrev frå 1472 (DN II 886, Bergen) fleire danske drag som lenisering (*sigh, righens*), noko vokalreduksjon, manglande personending i verb (*henge wij*) og publicatio *Wij [...] gøre alle viteliget*. Trass i dette er det òg norsk formverk, som ei rekkje dativformer og akk.pl. *sin barn* to gonger.<sup>6</sup> Brevet finst òg i ein vidisse frå 1478 (DN II 906, Hamar), som jamt over syner dei same språktrekka, do med nokre andre reint ortografiske val. At nett dette brevet skil seg frå spesielt dei to eldste frå Olav, er eit argument for å handsame rettartingsbrev for seg, ikkje som ein del av skrivespraksisen ved erkesetet. Slike diplom blir drøfta i § 7.2.2.

<sup>6</sup> Allereie i lovhandskrifter frå ikring 1300 er det vanlege *sine* på dansk. Brøndum-Nielsen har døme på einstavsformer, men svært få utanfor Skåne (GG V § 570 C<sub>5-6</sub>).

DN III 898 er utferda av dekenen og to ålmugemenn «vppa erchebiscops garden i Trondeim» og er ein gardhandel med erkebispem. Det er såleis truleg at einkvan knytt til erkesetet har skrive brevet. Det følgjer tradisjonelt vitnebrevoppsett og har stort sett tradisjonell språkform. Ikkje minst er dativ nokså godt gjennomført i teksten, men merk likevel *liggiande i Orkadalen* og *vndan oss oc waara erffwinga*. Ordforrådet er tradisjonelt, t.d. *saall* 'sjel', men *stadfestilse* er eit lånord. Her er eldre /θ/ skrive ⟨t⟩ i *tesso* (dat.sg.n. 2gg) og *tessa* (akk.pl.f.), men elles ⟨th⟩: *thetta, tha, theim, theirs*.<sup>7</sup> Eit fint døme på gammalt og nytt i brevet er relativsetninga *som beggis okars Arne oc Helghe fadher war*, med dei nyutvikla genitivane *beggis* og *okars*, men den gamle dualisforma (i motsetnad til pl. *wor* fleire gonger).

Ein hundre år yngre vidisse (II 888) av eit brev frå 1473 viser at originalen har vore skriven på etter måten gammalvoren norsk, teksten har gamle bøyingsformer og få lånord. Døma tyder såleis på at det gammalnorske skriftspråket vart halde godt i hevd enno på denne tida.

**Gaute** I breva frå Gaute er språkforma òg i det store og heile norsk; det viktigaste unntaket er det siste brevet Gaute ferda ut, DN VIII 471, Trondheim <sup>31</sup>/<sub>5</sub> 1508, som er svært danskleta. Eit par seinare avskrifter av andre brev viser dessutan at originalane har vore skrivne på norsk, det gjeld avskrifter gjorde både i dansk og islandsk miljø.

Dei 15 originalbrev etter Gaute (sjå tabell 4.1 på s. 61) utgjer ein stor del av kjeldematerialet i Berg (2006), og når det gjeld handsaminga av bøyingsmorfologien, viser eg dit. Her skal berre nokre viktige poeng takast opp att:

**Mindre kasusbøyning** t.d. *medh thetta wart opne breff* i publicatio i DN X 249 (men formelen er elles tydeleg sett i dativ i fleire seinare brev). Alle fire kasus er i bruk, men vaklande. Dette er tydelege teikn på den omlegginga av kasussystemet som må ha vore langt komen i talemålet.

**Mindre personbøyning** 1.p.pl. (det vil i praksis seie plur.maj.) har ofte former på *-e/-a*, vekslende med eldre *-um*. Der 2.p.pl. finst, er endinga det svenske *-en* (sjå § 5.1.5).

**Vokalreduksjon** hovudsakleg av /a/, som den nemnde verbendinga *-e*.<sup>8</sup> X 260–261 har spesielt mykje.

<sup>7</sup> Det er ikkje uvanleg at nett *tesse* har ⟨t⟩ i motsetning til andre ord med etymologisk /θ/ i framljod (Hansen 1971: 274); jf. òg seinare døme under.

<sup>8</sup> Det er vel rettast å rekne med morfologisk samanfall, dvs. forma for 3.pl. bruka i 1.pl., ikkje ein reduksjon av endinga *-om* > *-e*, sidan reduksjon av /o/ i utljod er langt mindre gjennomført.

Ei morfosyntaktisk endring er mindre genitiv, t.d. *kirken ock honom i millom* (DN X 260). Døme (1) viser godt koss formene vekslar mellom gammalt og nytt:

- (1) *fornempda krok|stad kom uppa henniss part tha som byttis mellom henne oc hennar twem systrom* (DN I 985)

Her har *mellom* tydelegvis gått over til å styre dativ, og samstundes står possessiva *henniss* og *hennar* med berre sju ords mellomrom. Overgang frå genitiv til dativ etter preposisjon ser me òg i DN I 951, Bergen 1486, med *the skulæ igen komma till kirkiom* (men same tekst har *till Trondheims*).

Kasusformene som enno er i bruk, kan bli blanda på ein måte som vitnar om at systemet ikkje lenger er klårt. Eit av dei språkleg mest konservative diploma er DI VI 462, Bergen 1484, ei stadfesting av to domar av Skålholt-bispen. Men sjølv der finst lånordet *oforretthe* (Söderwall **oforrätta**) og *komen vnder kirkionne* med dat. for eldre akk. Eit døme på restruktureringa av dei personlege pronomena i 3.p.sg.,<sup>9</sup> med den gamle dativforma *henni* for eldre akk., finn me i DN XIV 164:

- (2) ... ath hwar henne hadhen aff ryffwer

Ei svært konservativ form er plur.maj. *weer* (éin gong) i DI VI 462<sup>10</sup> mot vanleg *wy/wij* (brevet har likevel tre gonger *wy/wij*). Etter Tylden (1944: 67) er det «mest berre i landvistbrev og nokre brev frå Hamar-bispen at *vér* held seg» i plur.maj. etter 1450. Forma finst òg i avskriftene DI VI 136 (*vier*), 153 (*vær*) og 159 (*weer*). Dei to første har nokså mange islandske former, t.d. *thier gioreth* i 153, så dei kan ein ikkje leggje mykje vekt på. Men 159 er ein apograf av Jón Magnússon (bror hans Árni) «Ex originali». Språket i brevet er elles typisk norsk; for si tid morfologisk konservativt, men med nye former som inf. *-e*, og det gjennomfører pronomenet *weer*. Dei fleste avskriftene, trass i somme islandske skrivemåtar, har *wij*, så det er grunn til å tru at dette *weer* har stått i originalen. Dimed kan det faktisk sjå ut til at Gaute bruka den gamle plur.maj.-forma, båe gongene i brev som har med Island å gjera. Diverre er ikkje DI nokor påliteleg utgåve (Ottósson 1988: 129), så det er mogleg at formene kan vera utgjevarens, men da skulle ein kanskje venta ei meir islandsk form som *vier* (jf. dømet frå avskrifta DI VI 136). Sidan eg ikkje har fått tak i originalen, må iallfall atterhaldet understrekast.

<sup>9</sup> Frå eit system med nom. ≠ akk. ≠ dat. i hokjønn og nom. ≠ akk. = dat. i hankjønn til nom. ≠ oblik i båe kjønn.

<sup>10</sup> Eg har diverre ikkje hatt tilgjenge til originalen. DI oppgjev arkivsignaturen «Bisk. Skalh. Fasc. XVI, 19». Eg prøvde å skrive til Þjóðskjalasafn Íslands, men fekk ikkje svar.

### 5.1.3 Jordebokspråket

Tilføyingar til *Aslak Bolts jordebok* frå Gautes tid, saman med dei to jordebøkene han sjølv lét utarbeide, utgjer eit viktig språkleg korrektiv til diploma. *Stolssens landskyld* (SL) må vera basert på AB, fleire stader er det jamvel vist eksplisitt til *gambla registrum*, og det kan difor vera interessant å sjå nøgnare på dei namna som finst i båe bøkene. Eg har tidlegare vist at førelegg i AB kan forklare konservative former i SL (Berg 2006: 40f), og skal her òg jamføre oppføringar i dei to bøkene noko. Dette kan fortelje noko om koss jordebøker vart utforma i seinmellomalderen.

Gardane kjem ikkje i same rekkjefølgje i SL som i AB, så om sistnemnde bok må ha vore ei viktig kjelde, har ho ikkje vore direkte førelegg. Eit par namneformer er opplysande for tilhøvet mellom bøkene:

- (3) a. Af Rykkine, j badhom gardhom ij aura bol, bygt fire ij aura (AB: 22)  
 b. Af Rytterne i baadha gardana b. f. ij øre (SL: pag. 8)

Garden heiter i dag Røtte (i Sparbu, NG XV: 203); namnet er etter NG eit gammalt *vin*-namn (\*Ryttin), og forma i AB blir såleis tolka som feilskrift.<sup>11</sup> Dat. *badhom gardhom* i AB er bytt med akk. i SL (dersom avstytinga i AB er eintydig markert; sjå under om liknande former) og tyder likeins at bøkene er uavhengige. Men landskylda er den same, sjølv om skrivemåten skil seg åt; SL har berre einstaka former med ⟨au⟩, det vanlege er *øre*.

Språket i jordebøkene er naturleg nok ikkje så variert, og det kan òg forklare at det er mindre lånord enn i mange diplom. Eit par mindre observasjonar frå seinare tilføyingar i AB er likevel interessante: Konjunksjonen *en* er framleis i bruk i tydinga ‘og’ (sjå t.d. AB: 81, 97). Subjunksjonen *at* skil seg frå preposisjonen *aat* (sjå t.d. AB: 88, der dei står saman), som i seinare dialektar; dei var helst skrivne likeins i gammalnorsk (men preposisjonen somtid *át*).

**Ymse kasusformer** Kvar gard er oppført med preposisjonen *af* (jf. døma over) og oftast dativform. Dette er likevel ikkje heilt gjennomført, og det er færre dativformer i SL enn i AB. Men eit par gonger er det slik at SL har ei ending som ikkje finst i AB: *Ffoosnese* (pag. 2, AB: 3 *Foosnes*), *Sieme* (pag. 7, AB: 17 *Siem*). Dei gamle *staðir*-namna var fleirtalsformer, og er i SL til dels trykte «-stad.» med punktum. Dette viser at *d* er skriva med eit avstytingsteikn. Ofte er forma utskriven òg, men to gonger finn me *-e-*

<sup>11</sup> At *Rytterne* i SL ser ut som dat.sg. bunden form, skal me ikkje anse; *vin*-namna finst i kjeldone frå seinmellomalderen med *-ini* i alle kasus (Rygh 1898: 86).

ending, og det er difor uklårt om avstytinga står for sg. *stade* eller pl. *stodom* (OEJ: 127, merknad). At det skal vera ei ending der, skulle uansett tyde på at det er meint ei dativform som skil seg frå grunnforma. Men heilt visst er heller ikkje dét, for det finst døme andre stader på liknande grunnformer: I DN I 851, Trondheim 1460, er *Haraldstade/-a* bruka i nominativ i ein tekst som elles har full kasusbøying. Det same ser me i DN I 985, Trondheim u.d. 1495, der *Krokstade*<sup>12</sup> er bruka i ymse syntaktiske samanhengar (éin gong *Krokstad* utan ending).

Eintalsformene av *staðir*-namna er *Audigsstadhe*<sup>13</sup> (SL: pag. 3, AB: 12 *Audigxstadhom*) og *Hafuerstadhe*<sup>14</sup> (SL: pag. 8, AB: 21 *Hafuerstadhom*). Eintal i SL for fleirtal i AB har òg *Rygwale*<sup>15</sup> (SL: pag. 3 to gonger, AB: 11 *Ryqualom*), og *Nodale*<sup>16</sup> (SL: pag. 5, AB: 13 *Nodalom*). Desse formene kan tyde på overgang til eintalsformer, men eintydig er det ikkje, sidan dei aller fleste framleis er i fleirtal.

Det er òg eit spørsmål om dativendingane kjem frå eldre register/notat, eller byggjer på eit talemål som framleis skilde mellom grunnform og dativ. Eg meiner materialet tyder på det siste, sidan somme namn (eller namnedelar) finst i ulike kasus, sjå (4) frå SL:

- (4) a. eit audn vppa Sandwallum. som heiter Naustwalla<sup>17</sup> (pag. 3)  
 b. Af Auskiniom<sup>18</sup> som registrvm kaller Kirchio Skinio [...] i Auskiniom (pag. 10)  
 c. Af Steine<sup>19</sup> [...] er nw Stein (pag. 11)

I (4-a-b) er skiljet jamvel utanfor den regelmessige oppføringa med preposisjon. I (4-b) er det vist til AB, der garden to gonger er oppført: *Af Kirkioskienøyom* (AB: 26) og *Aff Kirkioskøniom* (AB: 27); på same sida finst òg ei tilføyning frå Gautes tid der garden er kalla *Auskøniom*.

*Af Naflausom*<sup>20</sup> (SL pag. 5) har i AB forma *j Naflauso* (s. 13); fleirtalsforma i SL kan vera anten ein reanalyse eller ei hyperkorrekt form; namnet går attende på *-lausa* (NG XV: 276, jf. Rygh 1898: 40).

<sup>12</sup> Krokstad i Skaun (NG XIV: 295); eldre førekomstar i dativ med *-um*, yngre utan ending.

<sup>13</sup> Austad i Inderøy (NG XV: 194).

<sup>14</sup> Hafstad i Sparbu (NG XV: 213).

<sup>15</sup> Rol i Inderøy (NG XV: 189). NG reknar endinga som eldre *váll*; jf. Rygh (1898: 84) om tjukk l som skilje mellom gamle *vøllr*- og *váll*-namn (dei første får palatal, hine retrofleks).

<sup>16</sup> Nødal i Stod (NG XV: 259).

<sup>17</sup> Naustvoll i Inderøy (NG XV: 184).

<sup>18</sup> Auskin i Verdal (NG XV: 134f).

<sup>19</sup> Steine i Verdal (NG XV: 144).

<sup>20</sup> Navlus i Snåsa (NG XV: 276). Etter ein lokal heimelsmann er den danske skriftforma og etternamnet «Nagelhus» no gjengs namn på garden, iallfall blant yngre.

I (3) var det døme på skilnad mellom akk. i SL og dat. i AB i same uttrykk. Forma i (3-b) er identisk med ei opplagt akkusativform i (5), med den gamle akk.pl.-endinga *-a*:

- (5) Af Stiklastad.<sup>21</sup> bygde wij nw effter jordfallet badha gardana f. vij. span (pag. 10)

På ein setel i AB (s. 96) er nom. *staderen* bruka (< norr. *staðrinn* ‘institusjonen’), og i SL finn me tre gonger ein opposisjon mellom nom. *stadren* og akk. *staden*:

- (6) a. atte stadren fyr [...] bytte wij nw vnder staden (pag. 10)  
 b. atte stadren fyr [...] bytte wij wnder staden (pag. 11)  
 c. atte stadren fyr [...] Olaf bytte vnder staden (pag. 11)

Formuleringane i (6) har ingen direkte føredøme i AB. Eg har berre funne det første jordeskiptet i AB, der ein notis frå Gautes tid fortel om transaksjonen. Notisen innheld somme av dei vanlege uttrykka me kjenner frå vitnebrev om gardhandlar (*till ewerdeligæ eignær*,<sup>22</sup> *met allom lutom oc lunnindom, uppa baadhe siidhor*), og føyer til: *Wi haffuæ theres breff* (AB: 18). Frå desse formene ser det ut som eit skilje mellom nom. og akk. fanst enno, men dei er alle i same uttrykket, og ein slik konservatisme høver dårleg med andre, meir moderne sidor ved språkbruken.

Den nemnde setelen er ei lengre utgreiing om eigedom i Stjørna (AB: 95–97); han er ikkje sikkert datert, men truleg frå Gautes tid (jf. Dalen m. fl. 2008: 350). Teksten er moderne i bruken av bunden form, og somme former er tydeleg mellomnorske, som nom. *twe garda*. Der er dessutan ei rekkje former med kasussamanfall som gjer meg skeptisk til det tilsynelatande skiljet nom. – akk. me såg i (6):

- (7) a. aff hwan gardhen (< norr. akk. *hvárn*; forma kan samstundes tyde på assimilasjon til ein retrofleks)  
 b. Ligger [...] vppa sydre sidan aat aaen  
 c. i mellom bodha fiordane  
 d. innan i Swdre fiorden

I alle desse døma skulle ein vente dativ,<sup>23</sup> men det er ikkje markert her.

<sup>21</sup> Stiklestad i Verdal (NG XV: 122).

<sup>22</sup> Tre gonger, med variantane *ewærdeligha eign* og *ewærdelighar eignær*.

<sup>23</sup> I norrønt styrde *millum* genitiv, men preposisjonen gjekk over til å styre dativ i mellomnorsk, med unntak av faste ordelag som *there i millum* < *þeirra í milli* o.l.; jf. døme (1) over. Eg vonar å kunne koma attende til dette temaet ved eit seinare høve.



Formene går anten attende på nom. eller akk. Heilt fri for tydelege dativformer er setelen likevel ikkje:

- (8) a. Vppa badhom them øyom ere sletter  
b. Refsneset er land som nest er tessom øyom

Både (8-a) og (8-b) ville hatt dativ i norrønt (*nest* = norr. *næst*, superlativ av *nær/næri*). (8-a) er einaste gongen *uppa* står med dativ, men det er òg det einaste dømet i fleirtal. Ein hypotese kan såleis vera at dativmarkeringa heldt seg betre (i allfall i skrift) i fleirtal, der ho var morfologisk eintydig; tilsvarande kjenner me òg frå seinare skriftspråk og dialektutvikling. Denne litle teksten gjennomfører skiljet mellom sg. *ligger* og pl. *liggia* (t.d. *liggia holma oc sker, liggia ij øyer*); (8-a) har òg verbet i fleirtal (forma er ulik norr. *eru*, men har ikkje gått til det venta \**era*; kanskje kan det koma av at endinga er avstytt).

Andre stader i jordebøkene finst det dativformer, som t.d. *medh prestenom* (AB: 17), *medh Iffuer oc Niels Rollandzsunom* (AB: 17), *fore nokrom aarom [...] i godhom werdaurum* (AB: 113), så dei er langt frå ute or skriftspråket.

**Gaff til domkirkionne** Fleire stader i jordebøkene er det notert koss ein gard(-part) kom under kyrkja. Desse uttrykka har oftast verbet *gifa* med ein omsynslekk i dativ eller preposisjonen *til* og dativutfylling. Ein setel som er datert 1501, har baa formene berre med nokre linors mellomrom (AB: 15):

- (9) a. Cristin Asbiørnssdotter gaff til domkirkionne sin jordh Borga  
b. Sigridh Endridzdotter gaff domkirkionne i øres leigho

Den vanlegaste uttrykksmåten i nynorsk er vel med preposisjon, og her ser me truleg konkrete døme på at denne syntaktiske endringa var i gang. Samstundes er det tydeleg at styringstilhøva ved *til* har endra seg. «Ordet styrer nu sædvanlig dativ», skriv Aasen (under **til**), men det gjeld bunden form, sidan det berre er der norske dialektar har dativformer; i ubunden form finst mange faste ordelag med gamle genitivformer.<sup>24</sup>

Denne endringa har truleg samanheng med at genitiv vart svekt som nominal kasus. Dersom genitiv vart avgrensa til å uttrykkje possessive konstruksjonar eller underordning, var dativ einaste moglege markerte form av substantivet (jf. Norde 2001). Den semantiske likskapen med tilsvarande

<sup>24</sup> Slik blir det ofte framstilt, men i røynda er vel heller mønsteret *til* + substantiv + *s* vorte produktivt. T.d. heiter det *til fots* for norrønt *til fótar*. Den alternative forståinga er at *-s* vart gjord ålmenn som genitivending før kasusbøyinga forsvann, og at uttrykket feste seg på den tida; eg held det for langt trulegare at former som *til fots* er analogiske.

konstruksjonar med omsynslekk i dativ kan òg ha gjort at denne forma vart med over i preposisjonsuttrykket; den semantiske rolla benefisient skulle ha dativ kasus. Norde (1997: 151) omtalar ei tilsvarande utvikling i svensk, likeins med *giva* som døme. Ho er inne på at det i somme høve kan vera snakk om partikkel eller absolutt bruk av preposisjonen (op. cit.: 152), og det finst døme på slik bruk i DN X 269 (Frei 1489):

(10) tha gaff han *kirkionne* till *xiiij span kathedratico*

Men i (9) er parallellismen mellom dei to uttrykka heilt tydeleg, og ei forklaring med omsynslekk og partikkel ser ikkje ut til å vera rett. Moderne dialektdata, både i Noreg og Sverike, støyr synet at dativ styrkte seg som ein del av endringane i kasussystemet; ei eintydig utvikling mot grunnform blir for enkel. Reinhammar (1993) nemner liknande døme frå Sverike, først og fremst på dativ for eldre genitiv (både etter preposisjonar og verb), men òg for eldre akkusativ.

**Eiga** Dette verbet kunne få nye former på presenssteget, inf. *agha* o.l., i seinmellomalderen, truleg etter mønster frå svensk (jf. Söderwall **ägga**). Forma må vera analogisk etter pres.sg. og/eller andre verb som norr. *mega*, pres. *má*, og fanst òg i eldre dansk (GG VII § 772, spesielt merknad 1). Pettersen (1991: 639–641) har funne forma fleire stader i Vest-Noreg. Døme frå Gautes tid finst t.d. på ein setel frå 1491 (AB: 81): *kanukena agha* (3.p.pl. pres.ind.) og *ther agher spitalen* (3.p.sg. pres.ind., mindre avstytt t.d. s. 47: *agher*). I diploma finst forma 3.p.sg. *agher* to gonger i V 923.

Rindal (ms.: 31) vil ikkje rekne forma som framand, med di ho finst i seinare talemål. Men ho er eldre i grannespråka (døma Rindal nemner, er frå 1448 og 1490), og det er såleis truleg at forma er lånt. Når ordet i somme jamvektsmål har oppført seg som stuttstava, med inf. på *-a* og jamvel den utjamna forma *åggå* (Venås 1974: 334f), er det eit argument for ein infinitiv /aga/ iallfall før kvantitetsomlegginga. Såleis kan denne forma vera både ei lokal talemålsform og ei lånt skriftform, og truleg har ho vore etablert i norsk på slutten av 1400-talet. Frå 1537 er pl. *aaghe* notert (OER: 125), så forma fekk eit lengre liv her enn i Danmark, der ho forsvann ikring 1500 (GG VII § 772, merknad 1).

#### 5.1.4 Lånord

Jamvel om dei omtala breva og jordebøkene er skrivne på norsk, inneheld dei i større eller mindre omfang lånord. Låna er gjerne av lågtysk opphav, men det er vanleg å rekne med at dei for ein stor del kom via dansk og svensk;

somme har ei språkleg form som tydeleg viser ei slik rute. Det er òg ein del latinske ord, som ikkje på same måte har vorte ålment utbreidde, men kan ha vore vanlege i det miljøet der desse tekstane vart til. Stundom er det uklårt om dei latinske orda skal reknast som lånord eller kodeveksling (jf. § 6.1.2).

I det følgjande ser eg bort frå eldre lån som på denne tida må reknast som ein del av norsk skrivetradisjon, t.d. *nade*<sup>25</sup> og kulturlån som *rekningscap*, men er meir interessert i kjernelån som kan vise samtidig framand påverknad.<sup>26</sup> Det same gjeld dei vanlegaste latinske lånorda, som *capitulum* '(dom)kapittel' og *secretum* 'segl'.

DN I 851 frå Olav har i hovudsak norsk ordforråd, men ein kan sjå svensk påverknad i *kerlica*, *ytermeir* (det siste do med norsk diftong som kan tyde på at ordet var etablert i norsk). Vidissen II 888 kan varsamt brukast her, sidan orda truleg kjem frå originalen, om ortografien kan vera endra. Brevet har lånorda *salighæ*, *imotha sigælsæ*; nokre ljodformer som t.d. *liudna* bør ein ikkje anse for mykje på i ei avskrift. Dei to andre breva frå Olav, V 821 og XVI 241, har båe fleire lånord. Det første dreier seg om eit islandsk bispeval og har kyrkjelege lån frå latin som *prelatom* (dat.pl., merk den norske fleksjonsendinga), *apostota* (nom.sg. (lat. første deklinasjon) 'ein fråfallen'), men òg svenske pronomen- og possessivformer (*ider*, *idan* o.fl.). Det er to døme på *-heit*-ord (*rettogheit*, *friheit*), og dessutan må *engaledis* 'på ingen måte' og *ofweruelliga* 'med vald' truleg kallast svenske.<sup>27</sup> XVI 241 har òg ein del lån, hovudsakleg svenske: *publicatio Schal ider witherlicht*<sup>28</sup> *wara*, pronomen- og possessivformer som nemnt over,

<sup>25</sup> I devosjonsformelen *medh gudz nade* for norr. *með guðs miskunn*. Veturliði Óskarsson (2001: 214f) meiner ordet kan vera heimleg i tydinga 'fred, ro', men at den kristne bruken (inkludert avleiingar som *naduge herre*) kjem frå lågtysk. Det er uansett eit gammalt lån, i norske kongebrev forsvinn *miskunn* i 1340-åra, i bispebrev noko seinare (KLN 3, sp. 36). Apograften DI VI 159 har faktisk eit døme frå 1478: *Weer gauto med guz miskund* (jf. over om *weer*).

<sup>26</sup> Kulturlån er omgrep for nye tankar, seder eller teknikkar, der språket anten må låne eit ord eller finne opp eit nytt. Kjernelån erstattar derimot heimlege ord (sjå § 6.1.2 om denne skilnaden).

<sup>27</sup> Sjå Söderwall **ängalepis**. Forma finst i nokre norske diplom (fritekstsøk i DN på strengen «%ngal%d%s»), dei fleste utferda i eller nær Oslo i tida 1426–1437. Eg har ikkje studert skivarhendene i desse breva, men det er godt mogleg det er same skivar som har ordet som ein del av skriftspråket sitt. Söderwall har **Ivirvældelika**; her har ordet ei norsk form med suffikset *-liga* for svensk *-lika*, så det er i minsto tilpassa norsk orddanningsmønster og kan vera ei nydanning til norr. *yfirvald*. Opphavet kan dessutan vera lågtysk: Lübben har **over-welde(n)** som subst. og verb, men ikkje adj./adv., så det er i så fall ei heimleg tilpassing.

<sup>28</sup> Onnor tyding og bruk enn norr. *vitrligr* 'visleg, klok' (Veturliði Óskarsson 2001: 256). Formelen vart vanleg i diplomålet på 1400-talet; Indrebø (2001: 162) har eit døme så tidleg som 1389.

*antwordæde, huilkit/-en, jthermere, moga (inf.), hopas, formoga, behielpeligh, blifua*; jf. dessutan § 5.1.5. Brevet frå domkapittelet (III 898) har likeins eit par lånord: *eindrektelighæ* (anten fornorska diftong eller rett frå lågtysk, jf. Söderwall **endräktelika**), *yttermeeere, stadfestilse*.

Denne grundige gjennomgangen viser at me allereie i dei eldste breva ser ei utviding av ordforrådet, og denne tendensen fortset med breva frå Gaute. Eg skal ikkje her rekne opp alt, men i staden peike på nokre ord eller affiks:<sup>29</sup>

**Prefikset *be-*** *beskedeligh, bewis-* (verb og substantiv), *behalde, betale, befelle/beffellingh*<sup>30</sup>

**Suffiksa *-heit/-else*** *stadfestilse, rettugheit, forsomelse*

**Enkeltleksem** *bliffwa, hulken* (ymse bøyingsformer), *witherligt*

**Former** *boo* (inf., uttrykket (*alle som*) *byggia oc boo* i DN X 249 og I 951),<sup>31</sup> *siell, aname, samaleidis, sielffwer, framdelis*

Eg skal spesielt nemne nokre brev som skil seg ut: X 269, Frei 1489, er ei kvittering åt Ivar Trondsson i Aspa for kyrkjeombod, og såleis nokså likt dei eldre X 249, 260 og 261 med same type innhald. Dette siste har, meir enn dei tre eldre, fleire latinske rekneskapsvendingar (jf. § 6.2.3 om liknande vendingar i jordebøkene etter Gaute), t.d. *singulis computatis, soluto*. DN I 950 og 951, Bergen 1486, er skrivne av same mann (jf. Pettersen 1975: 38); baa har nokså mange lånord, men det er ein kvantitativ, ikkje kvalitativ, skilnad frå dei andre diploma, orda er av same slag som dei nemnde.

Som nemnt er det siste brevet frå Gaute (DN VIII 471) sterkt danskprega. Han vender seg til kongen og ber for Hamar-bispen Karl, som er fengsla. Akkomodasjon til mottakaren for å gjera han vennleg stilt til oppmodinga, høyrer til dei basale forklaringsmodellane i sosiolingvistikk og er ei naturleg forklaring her òg. I tillegg til ord som var nemnde over, kan eg ta med *thæmelighet, tilbørlighet, innigheit*<sup>32</sup>; uttrykket *med nya aalaghor och*

<sup>29</sup> Orda er gjevne i ei form som faktisk finst, ikkje normaliserte. Andre førekomstar av same ordet kan ha ortografiske variantar.

<sup>30</sup> Ordet har vanlegvis ikkje same tyding som i dag, men heller 'overlata, sende, tiltru' i uttrykket *befelle wy yder gudh* (DN X 249), jf. Lübben **bevelen** 'empfehlen, übergeben, anvertrauen, committere', og svarar i dette uttrykket til latin *commendo*. Men det ser ut til at *bifala* er nytta i tydinga 'gje ordre' i DI VI 366, Bergen 1481, apograf av ei avskrift frå 1519. (Jf. Veturliði Óskarsson 2001: 161f.)

<sup>31</sup> Heile uttrykket er kome inn i norsk brevsjikk frå dansk og svensk allereie på 1300-talet (Agerholt 1929–1932: 454).

<sup>32</sup> Kalkar (**indighed**) omset 'inderlighed', men ordet kjem av lågtysk **innicheit** 'Frömmigkeit, Andächtigkeit, Erbauung' (Lübben), og i dette dømet (*ydher nades rettwisæ*

*beswaringh* ‘med nye pålegg og tyngslor’ viser gammalt og nytt. Teksten unngår stort sett akk./dat.-former (berre *at kirkenne*), men har eit par genitivar (*vndher leickmanna wald, vten doms*).

Det mest oppsiktsvekkjande brevet er eigentleg DN I 985, Trondheim 1495, ei vitneføring om odelsrett. Diplomet har berre etter måten gamle lån, som publicatio *Wij . . . gøra witherligit*, og held seg elles til heimlege ord. Dette har fulla med emnet å gjera, men teksten er ikkje overdrive konservativ, for me finn nye former som *mellom* + dat. (sjå døme (1) på s. 69). Det er vanleg å rekne med at friare parti i diploma, som slike referat av vitneføringar, har eit språk som best svarar til talemålet. Legg ein dét til grunn, er dei talrike lånorda hovudsakleg knytte til skriftspråket.

Diploma frå Gaute som berre finst i avskrift, syner dei same trekka. Av ord som ikkje finst i originaldiploma, kan eg nemne *vndervijsa/vndheruijsan* (verb og substantiv, DI VI 153) og *ansuara, bikender* (DI VI 366).

Me ser altså ei endring i ordforrådet, både i einskilde ord og ordlagings-element. Men samstundes skjer det ei tilpassing til norsk; det heiter vanlegvis *ythermeire* og *-heit* med ⟨ei⟩. Var det berre snakk om leksikalske lån, ville me vente at skrivaren henta inn danske (eller svenske) former på *-hed/-het*; avvika frå gjengs dansk kan tyde på ein gjennomført låneprosess. For både svensk og dansk skreiv helst ⟨e⟩, jamvel om Kalkar har døme på former med *-heit* under **rettughed**. På lågtysk heitte det derimot vanlegvis *-heit*,<sup>33</sup> så endinga kan ha lågtyske føredøme. Mot det talar den uavhengige forma i høve til lågtysk: Utgangspunktet for *treffoldwghæith*, anten lånet er gått direkte eller via dansk, er vel lågtysk *drêvaldicheit*; til *rettigheit* svarar lågtysk *rechticheit*. Orda er altså ikkje direkte innførde i tysk form, men må nærast kallast omsetjingslån. For meg ser det såleis ut som suffikset *-heit* er etablert i norsk språk på denne tida.

**Bliffwa** Eg skal gje ei litt grundigare utgreiing om dette verbet. Ordet vart lånt frå lågtysk, først med den opphavlege tydinga ‘forbli’,<sup>34</sup> men sidan erstatta det *verða* som hjelpeverb (Elmevik 1970).<sup>35</sup> Mange norske dialektar

---

*och innigheit til gud oc the helgæ kirke*) høver vel ‘Frömmigkeit/fromheit’ best. Det tyder etter mi språkkjensle noko anna enn «inderlighed».

<sup>33</sup> Jf. oppslagsformene i Lübben (1888), men mellomlågtysk veksla mellom *-heit* og *-hêt* (Lübben 1882: § 28).

<sup>34</sup> Korkje i norrønt eller moderne norsk finst det noko ord med akkurat same tyding, så eg låner «forbli» frå sidemålet i den følgjande diskusjonen.

<sup>35</sup> I mellomnederlandsk kunne dei to verba blandast, såleis skriv MNW (**bliven** 7) at «[m]eermalen heeft *bliven* de bet. van *worden*», men da helst som følge av at noko er kome i stand, «dus als het ware *worden en blijven*».

har fått suppletiv bøyning, *bli – blir – vart – vorte* (Venås 1967: 148–151).<sup>36</sup> Det er altså to ting ein kan sjå etter i tekstane: Om bruken av dei to orda skil seg etter tyding, og om ein ser framveksten av den suppletive bøyinga.

Av originaldiploma frå Olav og Gaute har 11 døme på anten *bliffwa* eller *verða*. Partisipp *wordit* finst i DN V 821, XI 278 og VIII 471; det siste har òg ei passivform *wærdes* (... *at ydher nade wærdes at skicke thette maal*). Bruken er her i tråd med eldre språk. Døma på *bliffwa* er alle i inf. eller pres., og lesinga er i dei aller fleste tilfella ‘forbli’. DN I 951 har døme på båe verba; *bliffwa* i pres. med tydinga ‘forbli’ og *wordhe* i pret. som hjelpeverb med eit partisipp (*thet kosthaldh som the sakadhe wordhe*). Dei døma som viser mogleg tydingsendring er viste i (11):

- (11) a. Ock inghestædz synes huart kirkione renthe bliffuer (DI VI 364<sup>37</sup>)  
 b. bliffuer sidhen klar reckinskap *kirken* ock honom i millom (DN X 260)  
 c. bliffuer *kirken* honom skyldugh (DN X 260, likeins i X 261 og X 269)

Det er vel mogleg å presse alle inn i lesinga ‘forbli’, men det verkar ikkje mest naturleg. Men ingen av desse døma viser verbet bruka som hjelpeverb med eit partisipp.

Sidan det leksikalske innhaldet i mindre grad blir endra enn rettskriving og bøyingsendingar ved avskrift, kan det vera verdt å sjå på formene i vidissane og avskriftene òg. Fem tekstar har døme, og alle høver med tydingsskilje. DI VI 159, 365 og 366 har alle døme på båe verba, dei to siste dessutan med *verða* i pres. DN XIV 187, ei svensk avskrift, har fleire døme på *bliffue* i inf., pres. og partisipp (*bliffuit(h)* to gonger) og éin gong *vart swo offuerens*.

Det ser altså ut til at dei to verba stort sett blir haldne åtskilde i tyding, og at tendensen til eit skilje i tempus i originaldiploma var tilfeldig. Dette høver med konklusjonen hans Elmevik (1970: 168f) om at ordet først vart innlånt «i betydelsen ‘förbliva’» og «användningen som passiv-bildande hjälpverb och huvudsakligen även som kopula [...] uppkommit först på nordisk botten.» Denne prosessen var tydelegvis ikkje slutført enno i 1500, men (11) viser òg at *bliffwa* kan brukast i tydingar som er utvida frå heilt restriktivt ‘forbli’, om det ikkje hadde fortrent *verða* heilt. Sjå dessutan § 5.4.1 (s. 105) og § 5.4.5 (s. 124) for seinare døme på dette verbet.

<sup>36</sup> I mange dialektar har verbet fått særtydinga ‘drukne’, og da alltid med *bleiv* i fortid (jf. s. 105 under).

<sup>37</sup> Teksten har òg eit døme der lesinga ‘forbli’ høver godt.

### 5.1.5 Påverknaden frå svensk

Etter Indrebø var den svenske påverknaden på skriftspråket ved erkesetet størst under Aslak Bolt; han nemner berre eitt brev frå føremannen, erkebisp Eskil (1402–1428), med svenske innslag: det siste, DN I 699, Trondheim 1424 (Indrebø 2001: 188, merknad 1). Den språklege påverknaden blir forklart med tilknyttinga Aslak Bolt hadde til birgittinarrørsla. I åra som bisp i Bergen (1408–1428) hadde han eit tett samband med Munkeliv kloster, som frå 1426 offisielt var eit birgittinarkloster. «Me fær skulda det på innverknaden beinveges frå deim at han hev mange svecismar i brevi sine» (Indrebø 2001: 171; jf. Hagland 2006: 91).

Hjá Olav Trondsson og Gaute Ivarsson «merkar me enno som ein etterverknad av det svenske straumdraget» skriv Indrebø (2001: 188). Dei diploma Indrebø nemner som døme, er DN V 821, Bergen 1459; I 851, u.st. 1460; X 249, Trondheim 1475; og XIV 141, Trondheim 1480. Det siste er stila til futen i Jamtland og er kanskje det brevet med sterkast svensk preg. Litt merkeleg er det at han ikkje samstundes nemner XVI 241, Trondheim 1470.<sup>38</sup> Det har fleire leksikalske lån enn gjengs (*antwordæde*, *jthermere*,<sup>39</sup> *formoga*,<sup>40</sup> *behjelpeligh*, *blifua bestandendis*) og former som *wara/warit* og *hopas oss*<sup>41</sup>. Både XVI 241 og XIV 141, dei to tekstane som verkar vera mest svensk-påverka, er stila til ålmugen i Herjedalen, og det kan kanskje forklare innslaga av svensk som ei tilpassing til mottakarane (jf. § 7.4.2).

Som vist over er ordlån frå svensk spreidde noko utover elles òg. Somme er klåre, men meir uvisst er t.d. *orsect* (DI VI 364): Fritzner har det tilsvarende verbet og adjektivet (**órsaka**, **órsekr**), så ei heimleg substantivavleiing er mogleg. Men ordet var vanleg i svensk (Söderwall **ursäckt**) og kom vel gjerne derifrå, med stød i dei heimlege formene. Tilsvarende er *a* i *oppenbarlighe* i same tekst truleg eit nylån frå svensk; ordet var før innlånt frå lty. *openbar* og tilpassa til norr. *opinberliga*, men kunne så bli henta inn på nytt med den opphavlege vokalen (Veturlíði Óskarsson 2001: 124; enno i dag har norsk dobbelform *openberr/-bar*). Eit ord som *stadgha* i DN I 951 må òg vera svensk; Fritzner har eitt døme frå Munkeliv klostets jordebok, tillegget dessutan **staðgan** frå to kongebrev (1442 og 1450), men desse døma tyder vel nett på at det var lån.

<sup>38</sup> Eg har ikkje hatt tilgjenge til originalen, men teksten er trykt diplomatarisk i *Jämtland och Härjedalens diplomatarium* II 66, og eg siterer derifrå.

<sup>39</sup> Den delabialiserte forma er definitivt svensk, medan *ythermere* som var nemnt over som eit generelt lån, like gjerne kan vera frå dansk.

<sup>40</sup> Fritzner har to døme på ordet (**formuga/fyfirmoga**), frå 1392 og 1395, baa gongene som verb; det avleide substantivet var vanleg i svensk (Söderwall **formagha**).

<sup>41</sup> Ordet *hopas* finst dessutan i DN X 249, VIII 471 og avskrifta DI VI 153.

**Andre person fleirtal** Spesielt bruken av svenske pronomen- og possessivformer i andre person fleirtal var vanleg i norsk sist på 1400-talet. Andre person finst i det heile ikkje så mykje i diplommateriale. Eintalsformer finst mest i replikkar i rettsbrev med vitneføringar; jamvel i brev til einskildpersonar (som i alle høve er sjeldsynte) blir gjerne den høflege fleirtalsforma (pluralis reverentiae) bruka. 2.p.pl. finst i opne brev til ålmugen i somme område, og eg skal sjå nærare på dei døma som finst frå Olav og Gaute:

DN V 821, 1459 *ider, eder, skulin j, idre, idan, j kunnen, idur*<sup>42</sup>

DN XVI 241, 1470 *idrom* 6gg, *ider* 2gg, *idert, idra, i/j (...)* *hafua* 3gg, *moga i, j, j skulle*

DN X 249, 1475 *i ... lathen, i ... haffuen, i ... gøren, yder*

DN XIV 141, 1480 *edher* 3gg, *j ... tilskriffwæde, thy gører wæl oc wndherwisæn forde Biørn*,<sup>43</sup> *i ... gøre* 2gg

DI VI 364, 1481 *j wilia, edher* 3gg, *j ... vpbærer, ydrom, j ... haffuæ, j ... gører, i ... vpbærer*

DN I 951, 1486 *idher* 6gg, *idhra, i, idhre*

DN VIII 471, 1508 *ydher nade* 5gg, *ydher nades samtycke, edher nade*

Som nemnt over kom *i, ider* frå austnordisk, men ikring 1500 høyrde oblike former med ⟨i⟩ berre heime i svensk; i dansk vart vokalen skriven ⟨e⟩ og forma var vanlegvis *edher* (GG V § 564 B<sub>2-3</sub> om pronomenet, § 572 om possessivet, døma med ⟨i⟩ er alle frå gamle og/eller skånske handskrifter; jf. GG I § 159<sub>4</sub> om ljodutviklinga). Desse formene avløyste dei norske dual. *þit, (þ)ykker* og pl. *þér, (þ)yder*. Seinare dialektar tyder på at dei oblike formene òg fekk tillagt /θ/, sjølv om det sjeldan kjem fram i skrift. Tylden (1956: 45–47) nemner nokre austlandske døme på *tyder*, medan *þykker* visst ikkje finst i det heile, enda kor vidgjengde former som må gå attende på dette er i nyare dialektar. Objektsformene kan vanskeleg ha fått overført konsonanten frå verbet som *þit, þér* (*gerið it/ér > geriðit/-ér > gerið þit/þér*), men heller analogisk etter nominativformene (og eintal). Denne prosessen er usynleg i kjeldone, fordi dei heimlege formene i første halvta av 1400-talet vart avløyste av *i, ider* i skriftmålet; etter 1450 er former som går attende på *þér, yðr* sjeldsynte i norsk (Tylden 1956: 36f). Utom skriftspråket er formene komne inn i nokre austlandsmål og kanskje i eit høgre talemål (op. cit.: 45, jf. min

<sup>42</sup> Dette diplommet og DI VI 387 under er siterte etter den trykte utgåva.

<sup>43</sup> Dømet er litt uklårt, og dei to verba har ulik ending. Erkebispem vender seg til futen i Jamtland med plur.rev. Truleg er det her snakk om først 2.p.pl. imperativ, deretter presens indikativ. Imperativ fleirtal kunne etter 1430 få *-er* i svensk (Noreen 1904: § 566, merknad), som i norsk og dansk allereie før den tid. Dersom *gører* er indikativ, er det ei usvensk form.



merknad 76 på s. 117). Tylden meiner dessutan at *i, er* har funnest som plur.rev. i norsk (op. cit.: 65–67, 95ff). Kor vidt *i, eder* har spreidd seg utanfor høvisk tiltale, i folkeleg talemål, fortel kjeldone lite om (Tylden 1956: 96).

Verbendinga *-in/-en* var svensk, i dansk fanst ho berre i skånsk (GG VIII § 814). Ho etablerte seg støtt i lag med dei innlånte pronomena i 2.p.pl. (jf. oversynet), og vart bruka lenger enn mange andre svenske lån. Tylden (1956: 106) er inne på dette, og knyter desse formene til eit «skandinavisk påverka høgare talemål», og da er det «ikkje noko merkeleg at ein slik skriveskikk hekk i ei god stund lenger enn den beinveges svenske påverknaden».

Sidan dei opphavleg svenske formene vart så tidgjengde i det mellomnorske diplomålet og rådde åleine i norsk skriveskikk i siste halvta av 1400-talet, må desse uttrykka reknast som vanleg norsk skriftspråk på denne tida. Dei vart truleg ikkje oppfatta som svenske lån lenger ikring 1500, men snarare norske i motsetnad til det stendig viktigare danske stilidealet. Difor er dei einaste oppsiktsvekkjande formene i 2.p.pl. eigentleg den gamle forma *yder* i DN X 249, Trondheim  $\frac{4}{12}$  1475. Gaute har òg *ydher* i VIII 471 til kongen, berre éin gong *eder*, men dette er stivna genitiv (*ydher nade*), ikkje pronomnen (Tylden 1956: 37).

### 5.1.6 Avslutning om dei norskspråklege tekstane

§ 5.1 har gjeve nokre gløtt inn i ein språkleg endringsprosess, med vekt på bøyingsmorfologien og leksikon. Men det er samstundes klårt at språket representerer ei utvikling frå gammalnorsk, det er inkje klårt brot med tradisjonen. Eit viktig poeng er at medan dansk etter kvart vart den viktigaste språklege modellen, var det enno i denne tida vél så mykje svensk påverknad. Og somme av dei opphavleg svenske låna var truleg vortne ein naturleg del av norsk skriveskikk.

Eg skal stutt oppsummere noko av det som er kome fram i drøftingane over: Dei spreidde døma syner ingen persondistinksjon i verbbøyinga, men derimot ser skiljet sg. – pl. ut til å stå støtt. Alle tekstane syner somme døme på eldre kasusformer, men samstundes er bruken ofte innovativ eller vaklande. Dette er tydelege teikn på at omlegginga av systemet var i gang. Genitiv er svekt som nominal kasus, som dei endra styringstilhøva ved preposisjonane *til* og *millom* viser.

Når det gjeld ordtilfanget, ser me ei tydeleg utvikling. Spesielt blir så mange ord med prefikset *be-* bruka at dette neppe kan ha kjendest svært framandt lenger, og suffikset *-heit* var truleg vorte produktivt i norsk på denne tida. Det nye *bliffwa* er i full bruk i tydinga ‘forbli’, men ser enno ikkje ut til å ha erstatta *verða* som hjelpeverb. Totalt er det altså mykje

nytt ordtilfang, men me skal merkje oss at det enno ikkje er tydeleg at dansk er eit viktigare førebilete enn svensk. Spesielt jordebokspråket står på eit sjølvstendig norsk grunnlag, og som vist finst det framleis diplom som er lite påverka av framande mønster. Dét blir det snart slutt på.

## 5.2 Dansk med norske innslag, 1510–1537

Etter 1510 er det ingen tvil om at språket i alle tekstane erkebispfen ferdar ut, er eit slag dansk. Med eit ustandardisert skriftspråk og varierende utdanningsbakgrunn er det ikkje å vente at alle skrivarane skreiv likeins; slik var det heller ikkje i Danmark. Den generelle variasjonen i den tids språkbruk får ein ekstra dimensjon ved at klåre norske språkdrag viser seg hjå dei fleste skrivarane. Det gjeld særleg eit par brev frå domkapittelet, men òg elles kan me stundom finne ei skriftform med sterkare norsk preg. Her skal eg sjå graden av norske innslag i samband med annan ortografisk variasjon tekstane imellom.

Som omtala i § 4.3 drøftar denne gjennomgangen originaldiplom på skandinavisk med erkebispfen eller domkapittelet som utferdar; i praksis er det helst erkebispfen, sidan domkapittelet ikkje har etterlate seg mange skriftminne frå denne tida. Attåt diploma kjem rekneskapsbøkene og jordeboka etter Olav Engelbrektsson, og ein del nummer i DN som i vedlegg A er klassifiserte som «notat»: Dei er ikkje offisielle brev, men skriftstykke knytte til administrasjonen av erkesetet på eitkvart vis.

Som det går fram av merknadene i vedlegg A, er det i fleire høve berre samtidige avskrifter eller utkast som finst i dag, ikkje sjølvve diplommet. Disse utkasta er uansett skrivne i det same miljøet og såleis originalar gode nok i denne samanhengen. Spesielt interessant er det at det ved eit par høve finst både eit utkast og det offisielle brevet, slik at me kan studere om det er merkande skilnader, som t.d. at den offisielle versjonen er meir forseggjord i handskrift og rettskriving. Indrebø (2001: 282) nemner at norske målmerke kunne bli plukka ut i reinskrifta. Det kan òg sjå ut til at ein del formelprega delar vart skrivne til i reinskrifta, men ikkje fanst i utkast (sjå § 6.2.2 om latinske frasar i diplom, og dessuten § 7.1.3 om brevutforming meir generelt).

### 5.2.1 Målsetjing

Denne delen av arbeidet har to siktemål:

1. Vurdere språkforma i tekstane.
2. Finne det som skil ho frå samtidig dansk.

Fordi me må rekne med store skilje mellom skrift og tale for dei fleste av skrivarane, med den varierte bakgrunnen dei hadde (sjå § 7.3), vil det vera ortografiske konvensjonar som blir det primære under punkt 1. Dette kan fortelje kor fast rettskrivinga var, både for den einskilde skrivaren og innan eit større miljø. Ortografien har ei sjølvstendig interesse som uttrykk for samtidig skrivekunne, men i samband med den norske målsoga er naturlegvis punkt 2 òg interessant: Kva norske trekk skin gjennom det danske skriftbiletet?

Det er somtid ugreitt å halde orden på det fonologiske og grafematiske nivået i eit slikt arbeid. Målsetjinga er å halde gjennomgangen på eit tekstinivå som ikkje direkte kan knytast til noko talespråkleg nivå. Difor blir det i prinsippet feil å seie at skrivaren t.d. brukar <ffw> for [v], ein må heller seie at <ffw> varierer med <ffu> og <w> i same posisjon (mellom vokalteikn).<sup>44</sup> Denne terminologiske balanseøvinga er ikkje alltid like grei.

Sjølv om perspektivet i dette arbeidet ligg på skriftspråket, kan ikkje, og bør ikkje, dette alltid gjennomførast heilt ut. Éin ting er at somme språktrekk ikkje kan lausrivast frå talemålet (som markering av lang vokal), ein annan at ein god del av avvika mellom (delar av) tekstmaterialet mitt og gjengs dansk skriftspråk i første halvta av 1500-talet er nett det som må kallast norsk interferens: former som høver med norsk talemål, men korkje med tale eller skrift i Danmark. Dimed vil reelle språklege skilnader mellom dansk og norsk spela ei stor rolle. I ei jamføring av ortografiske variantar med det me veit om samtidig talemål, kan det vera mogleg å trekkje ei line frå fonem (talemålsformer) til grafem (norske former i dansk skriftspråk). For me må rekne med at typisk norske talemålstrekk i det danske skriftmålet er interferens frå talemålet åt skrivaren, som eg argumenterte for i § 3.4.3.

### 5.2.2 Utdrag av dansk målsoge

Sidan avvik frå gjengs dansk på grunn av interferens frå norsk talemål er ein av dei tinga som klårast særmerkjer (ein del av) tekstane mine, følgjer her ein liten ekskurs om den danske målsoga, meir detaljert enn det som vart lagt fram i § 5.1.1 over, og dessutan frå ein heilt annan synsvinkel og gjeldande for ein litt seinare tidsperiode. Det ein likevel må ha i minne i slike øvingar, er at det var stor variasjon innan dansk òg, og mangt ein intuitivt skulle tru var norske former, var bruka av danske skrivarar i samtida.

Det er uråd å avgjera den geografiske og språklege bakgrunnen åt skrivarane sikkert, men dei fleste var truleg norske, og trass i ujamn utvikling i dei ulike dialektane, var det somme trekk som skilde norsk og dansk ved

<sup>44</sup> Det er ikkje visst om [v] her var eige fonem /v/ eller allofon av /f/ på denne tida. Eg tek ikkje stilling til det spørsmålet her, og brukar difor fonetisk notasjon.

overgangen frå seinmellomalder til tidleg nytid. Her skal eg vise nokre av desse utviklingane i talemålet, for å sjå kva ein kan leite etter som talemålsinterferens. Momenta er sorterte etter språklege nivå i talemålet, men eg tek òg omsyn til vanleg praksis i skrift. Eg viser her til ymse detaljerte studiar, eit oversyn over høvesvis ljodutvikling og morfologi/syntaks i dansk i tida 1100–1350 finst i Skautrup (1944: § 30, 32). (Dei seinare ljodendringane i dansk kom i mindre grad inn i skriftspråket, jf. omtalen av lenisering under.)

**Fonologi** Eit fonologisk trekk som skil dei fleste varietetar av norsk i dag klårt frå dansk, er trykklette vokalar og diftongar. I dansk er gamle diftongar monoftongerte og alle endingsvokalar reduserte til schwa [ə], skrive ⟨e⟩. I norsk finst monoftongering i eit område frå Trøndelag og søraustover, men denne er seinare enn den aktuelle perioden; derimot er monoftongeringa i Austfold truleg parallell med den austnordiske utviklinga (Dalen m. fl. 2008: 43f). I dansk er denne utviklinga svært gammal og kjem fram allereie i runeinnskrifter frå 900-talet; ho ser ut til å ha spreidd seg frå Jylland og så aust- og seinare nordover, og vart gjennomført i løpet av høg mellomalderen (GG I § 172–175). Dansk utvikla nye diftongar av eldre lange vokalar (Hansen 1962: 215ff), men berre om [e:] > [ei] blir markert i skrift, kan det vera mogleg med samanblanding; etymologien åt ordet vil uansett klårgjera om det er snakk om monoftongering/gammal diftong eller diftongering/gammal lang vokal.

Trykksvake vokalar (som endingsvokalar) fall i dansk etter kvart saman i [ə]. Denne utviklinga er noko seinare enn monoftongeringa, men godt på veg allereie i dei eldste danske handskriftene; her òg ser det ut som spreinginga har skjedd austover (Hansen 1962: 232). I skrift vart den reduserte vokalen markert med ⟨æ⟩ frå ikring 1300; i løpet av 1400-talet vinn ⟨e⟩ rom og blir det normale i kongebrev frå 1450 og ålmenn med omsetjinga av Nytestamentet i 1524 og Christiern Pedersens arbeid (op. cit.: 233). Det same har skjedd i somme norske dialektar. Allereie i gammalnorsk tid kan austnorske kjeldor syne reduksjon i langstava ord etter jamvektsregelen, medan reduksjonen har vore generell i det vestnorske e-målet. Sandøy (2011a: 129) meiner reduksjonen i nordvestlandsk var gjennomført «seinast på 1400-talet». Sidan opphavet åt skrivarane er ukjent, skal ein vera klår over at for somme nordmenn kunne slike skrivemåtar ha stød i talemålet, jamvel om dei braut med tradisjonell norsk.

Eit anna relevant trekk på dette nivået er lenisering av gamle stutte plosivar. Ljodhistorisk dreier det seg her om fleire prosessar, som er omtala ulike stader i GG II (i allfall §§ 282–286 og 299–314). Dette kan ta form av 1) endring frå ustemd til stemd plosiv, 2) overgang frå plosiv til frikativ, båe endringane intervokalisk eller postvokalisk i utljod. Ei liknande utvikling i

norsk er palataliseringa av /g, k/ framfor fremre vokalar, slik at me får ein overgang frå plosiv til frikativ (t.d. /gek:/ > /jek:/). I dansk har endring 2) stort sett følgt 1), men berre den første endringa er markert i skrift; der vart ho gjennomført i løpet av 1300-talet (Hansen 1971: 342f). Bokstavane ⟨p, t, k⟩ i dei nemnde posisjonane vil vera eit typisk norsk drag.

**Morfologi** Hovudskilnaden er at det gamle bøyingsystemet heldt seg lenger i norsk enn i dansk. Nett på dette området er det framleis ikkje fullt klårlagt koss og til kva tid desse endringane skjedde i norsk, og truleg gjer ikkje kjeldone det mogleg å vinne fullt innsyn i dette. Det er likevel ingen tvil om at norsk var langt meir konservativt enn dansk, og i mange varietetar av norsk har kasussystemet halde seg godt gjennom 1400-talet (sjå t.d. Wetås 2008), medan berre dei mest markerte personendingane i verb heldt seg (jf. Ottosson 2003). Etter 1500 er det truleg at det i Noreg har funnest språkvarietetar utan kasusskilnad og med berre motsetjing sg. – pl. i verbbøyinga. Dette skil ikkje norsk nemneverdig frå dansk, som har vore på same nivå.

Ved utgangen av gammaldansk tid hadde substantiva éi sams form i alle katus så nær som genitiv, medan genitiv mest alljamt var markert med *-s* (GG IV § 503); dativ vart berre markert i leksikaliserte uttrykk som framleis *finst* (GG IV § 502). Men sidan dativ i bunden form av substantiv framleis *finst* i norske dialektar, og somme andre dativformer òg er kjende frå nyare tid, må me gå ut frå at dativkategorien framleis var sterk i det meste av norsk enno på 1500-talet, og slike former i skriftspråket kan godt spegle reelle talemålstilhøve. Og om dei i staden er reint skriftlege lån frå eldre norsk tradisjon, er dette likevel noko som skil seg frå samtidig dansk skriftmønster.

Mot slutten av den gammaldanske perioden fekk mange nøytra analogisk ending i fleirtal (GG III § 438), men denne endringa er ikkje heilt gjennomført så tidleg. Ein kan såleis neppe seie at endingslause former er eintydig norske, men former *med* ending er danske.

Brøndum-Nielsen nemner, til liks med Ottosson (2003), at særleg endinga i 2. person eintal preteritum (*-t*) held seg lenge (GG VIII § 948, men jf. § 839 merknad 3 om tiltakande bruk av endingslause former etter 1400). Skånske kjeldor viser personbøying i fleirtal, medan jysk oftare får eintalsforma inn i fleirtal (loc. cit.). Brøndum-Nielsen (1918) viser fleire døme på eintal for fleirtal av verb i lovhandskrifter jamvel frå føre 1300 (jf. GG VIII § 815 merknad 2). Trass i tidlege døme på samanfall, fekk både talbøyinga og den spesielle forma på *-t* i 2. person sg. eit langt liv i dansk skriftspråk (Hansen 1967: III 63f), og kan såleis ikkje sjåast på som norske innslag.

I ordlagning og derivasjonsmorfologi er det fremste skiljet mellom tidlegare og nyare språk nye affiks lånte frå lågtysk; truleg har norsk mykje godt fått

låna via dansk. Først og fremst dreier det som prefiksa *an-* og *be-* og suffiksa *-heit* og *-else*<sup>45</sup>; prefikset *for-* fanst frå før i skandinavisk, men vart styrkt av påverknaden frå lågtysk *vor-*. Ein har ikkje verkeleg prov for at affiksa er vortne produktive før ein kan finne nydanningar som ikkje finst i lån-gjevarspråket. Dei store likskapane i norsk og dansk leksikon kan gjera det vanskeleg å peike på når affiksa er produktive i norsk, i staden for leksikalske lån frå dansk, medan tilhøvet mellom lågtysk og skandinavisk er klårare. Eit anna og meir marginalt skilje er samansetjingar der første lekken står i genitiv. Her vil det vera eit skilje mellom eldre norske ord som hadde genitiv på *-ar* og nyare bruk av *-e-* i slike samansetjingar, jf. over om vokalreduksjon.

**Syntaks** Det er liten grunn til å vente store syntaktiske skilje mellom norsk og dansk. Relativkonstruksjon med *hulken/hvilken* (i ymse skrivemåtar) er eit skriftmessig lån,<sup>46</sup> men det er ikkje opplagt om føredømet er svensk eller dansk; dansk har òg hatt alternative uttrykksmåtar, så andre konstruksjonar treng ikkje vera typisk norske. Eit fenomen som truleg skilde norsk frå dansk på den aktuelle tida, var bruken av «overbestemte substantiv». Ut frå førekomstane av slike uttrykk i Laurents Hanssons sogeomsetjing frå 1550, sluttar Einar Lundeby (1965: 188) at «talemålet i Norge på hans tid i denne henseende stod på omtrent samme stadium som det gjør i dag». Av andre forfattarar frå 1500-talet undersøker Lundeby Absalon Pedersson Beyer og Peder Clausson Friis; korgje av dei har særleg mange slike uttrykksmåtar, jamvel om det finst døme – flest hjå Beyer. Skautrup (1947: 40) nemner døme på «dobbel bestemthed» som svenske former i dansk (med eit atterhald for at dei kan vera skånske).

**Leksikon** Derimot er det grunn til å tru at dei største skilnadene vil vera på det leksikalske nivået. For det første er det ventande at ein del særnorske ord og uttrykk blir henta frå norsk, og da med norsk form (slik det òg kan skje i latinske tekstar). Iversen (1921) peikar på at nett særnorske ord ofte framstår i norsk språkdrakt; dei kan da gjerne sjåast på som kodeveksling eller norske lånord i dei danskspråklege tekstane han granskar. Lågtysk og dansk ordstoff

<sup>45</sup> Dette suffikset er ikkje lågtysk, men er truleg oppstått i dansk ved metatase av eldre *-sl(e)* og erstatta det opphavlege suffikset i lågtyske lånord på *-inge/-nisse* (Veturliði Óskarsson 2001: 148f); såleis òg Diercks (1995) som har undersøkt omsetjingar frå lågtysk til skandinavisk. Det germanske suffikset *\*-sla-* vart utsett for metatase i lågtysk (de Vaan 2012), jf. Lübben **hengelse**, **radelse**, **wi(g)else** (men ikkje t.d. **stremsel**), men dette vart aldri produktivt på same sett som i skandinavisk.

<sup>46</sup> *Hvilikr* fanst i lærd stil i norrønt (Nygaard 1905: § 264, jf. § 254), men det er ikkje visst kor utbreidd dette lærde uttrykket har vore utom latin-påverka skriftspråk, og om dei nye formene er vidareføringar eller lån. Sjå vidare note 76 på s. 117 under.

kjem inn i norsk, oftast slik at dei lågtyske formene kjem via dansk. Lånestoffet er av dei to hovudtypane lån: kulturelle lån for å dekkje nye teknikkar og idear norsk vanta nemningar for, men òg kjernelån som erstatta eldre norske ord. Her må ein skilje mellom innlånte leksem og nylaga former med innlånte avleiingsaffiks, som nemnt over. Òg utanfor dei kjende affiksa finst det mange lånord, og nett lånord har vore eit sentralt studieobjekt i norsk språkhistorieforskning (sjå spesielt Seip 1915/1919). I denne samanhengen er det først og fremst interessant å finne klårt norske former som står i motsetnad til vanlege danske. Eg minner i denne samanhengen om det som vart sagt over, at konservative former med kasusbøying stundom kan vera leksikalske lån frå skrifttradisjonen.

### 5.2.3 Studiar av norsk-dansk og «norskhet i sproget»

Det største arbeidet som tek føre seg det danske skriftspråket i Noreg i den eldste tida, er som nemnt Ragnvald Iversens doktorgradsarbeid *Bokmål og talemål i Norge 1560–1630* (1921, eit band II kom i 1932). Han understrekar at studieobjektet hans er bokmenn, folk som var vane med skrift og prøvde å skrive dansk. Blandingsspråket hjå lagrettemenn på bygdene fell dimed utanfor (Iversen 1921: IX). Jamvel om han tek føre seg ein seinare periode, gjev arbeidet viktig inspirasjon til kva former som særprega dansk skriftspråk i Noreg (sjå meir om målmerke under). Iversen konkluderte med at nordmennene skreiv dansk, men iblanda dialektformer – både danske og norske – samstundes som talemålet var den dialekten kvar hadde vakse opp med; førebiletet for skriftspråket sitt fann dei ikkje i samtida (Bibelen frå 1550 ville vore eit naturleg referansepunkt for kyrkjelærde menn), men hjå forfattarar i reformasjonstida (Iversen 1921: 294). Didrik Arup Seip rosa avhandlinga i opposisjonen sin (trykt som Seip 1922), men peika samstundes på problematiske sidor ved ho. Det var først og fremst konklusjonen hans Iversen om at nordmennene bygde på dansk skrift i reformasjonstida og eit detaljspørsmål om opphavet åt skrivaren for oslobispen Jens Nilsson som Seip var usamd i.

Andre forskarar enn Iversen har òg leita etter norvagismar hjå norske forfattarar som skreiv dansk, men da i seinare periodar (sjå Nes 2005: 1297 for eit oversyn over slike studiar). Nesse (2011) gjev ei kritisk vurdering av denne forskingstradisjonen. Målet var å finne det spesifikt norske, ikkje å studere skriftspråket deira i seg sjølv. Nes (2005: 1298) nemner følgjande typisk norske målmerke i danskspråklege tekstar: diftongar, særleg *ei*; *p*, *t*, *k* for dansk *b*, *d*, *g*; meir *-er* i fleirtal av substantiv og *-et* i pret. av første klasse svake verb (i motsetning til *-ede*); meir bruk av dobbel definitiv. Når det gjeld

bruken av *-er* i fleirtal av substantiv som på dansk hadde *-e*, er eg ikkje viss på om ein kan lesa dette som ein rein norvagisme; fleirtalsendingane varierte innan dansk, og *-er*-formene gjekk på 1500-talet dels vidare enn i nyare tid (Skautrup 1947: 194); samstundes miste store delar av Noreg *-r* i utljod slik at det vanskeleg kan vera talemålsinterferens (sjå t.d. karta hjå Skjekkeland 1997: 264f).<sup>47</sup>

Medan Iversen og andre berre har vore opptekne av å finne norske språktrekk i dansk skrift, har Zheltukhin (1996) eit heilt anna siktemål: Han studerer «orthographic codes and code-switching» i svenske tekstar frå perioden 1541–1618 frå eit reint skriftspråksperspektiv, lausrive frå talemålet (som nemnt i § 3.4.3). Eg ønskjer at mitt arbeid skal liggje ein stad mellom desse ytterpunkta. På grunn av den språklege røynda som møter oss i tekstane, er ikkje eit reint skriftspråksperspektiv det beste, fordi mange variantar som er avvikande frå samtidig dansk ortografi må tolkast som interferens frå norsk talemål. Det er dessutan ein del variasjon som er meningslaus å diskutere utan å vise til attgjeving av talemål. Dette gjeld t.d. markering av vokallengd, og spesielt tilhøvet mellom ⟨ae⟩, ⟨aa⟩ og ⟨o⟩, som ikkje kan drøftast utan å vise til dei attre, låge vokalane; det ser ut til å vera veksling mellom ⟨aa⟩ og ⟨o⟩, som da må ha vore identifiserte med /o(:)/ eller /ɔ:/ og skil seg frå ⟨ae⟩ som skrivemåte for /a:/ – kva slags talemål identifiseringen er knytt til, blir eit anna spørsmål.

Ei onnor inspirasjonskjelde i arbeidet med tekstane har vore Johs. Brøndum-Nielsens doktorgradsarbeid *Sproglig Forfatterbestemmelse* (1914).<sup>48</sup> Han freistar å bruke særdrag i ortografien til å avgjera kven som har sett om det som blir kalla *Christiern IIs Ny Testamente* frå 1524, og er da ute etter former som kan variere og såleis tene til å identifisere omsetjaren. Her har eg henta mykje inspirasjon til kva eg sjølv skulle sjå etter, samstundes som det har vore ei nyttig innføring i dansk skriveskikk i 1520-åra – for Brøndum-Nielsen må setje formene han finn opp mot samtidig praksis og dialektbakgrunnen til potensielle omsetjarar. Han gjer eit forsøk på å skilje mellom «Ortografi» og «Lydforhold» i oppsettet sitt, men kommenterer sjølv

<sup>47</sup> Det er noko uvisst når *r*-bortfallet skjedde, men det må ha vore etter reduksjonen av /a/ i utljod i mange dialektar som i dag har motsetjing mellom /e/ < /a/ og /a/ < /ar/ i utljod. Sandøy (2011a: 137f) har undersøkt nordvestlandsk og funne døme på *r*-bortfall frå 1469; døma hans på verbformer med tilsynelatande sg. for pl., som han forklarar med fonologisk samanfall, er eg meir uvisst på, jf. Nygaard (1905: § 66, merknad 3) med liknande døme på sg. for pl. i norrønt.

<sup>48</sup> Eksemplaret ved Universitetsbiblioteket i Trondheim har tilhøyrt Ragnvald Iversen. På forsatsbladet står det «Ragnv. Iversen / 15.1.15», og det er truleg han som mange stader i marginen har skriva «(Sml.) A. P.» eller «P. Cl.». Dette må sikte til former han har funne hjå Absalon Pedersson Beyer og Peder Clausson Friis i sine egne undersøkingar.



at dette er problematisk (op. cit.: 8, merknad 1). For hans del er det eit poeng å skilje ut reelle talemålsmerke, for han søker å identifisere forfattaren med namn og dialektbakgrunn; for ei rein vurdering av ortografien er ikkje dette noko poeng, da er det variasjon eller ikkje som er viktig, uavhengig av om variasjonen har eit ljodleg grunnlag.

### 5.2.4 Variantar og variablar

I § 3.4.3 diskuterte eg koss arbeid som har søkt å definere språkform i eldre norsk, har vore lagde opp. I stor mon har dei kopla det ljodlege og grafemiske nivået og teke omsyn til variablar i skriftspråket som på eit eller anna nivå presumptivt har spegla talemålet. I § 3.3.3 diskuterte eg òg koss ortografisk variasjon kan vera meiningsberande og interessant. Når me kjem ut på 1500-talet, er det ein prinsipiell skilnad mellom talemål og skriftmål, sidan stilidealet ikkje er norsk lenger. Eg synest difor at både klåre avvik frå dansk skriveskikk og reint ortografiske variantar kan vera interessante variablar.

Ei reint ortografisk tilnærming har Zheltukhin, som set opp tolv variablar og finn dels synkron variasjon mellom tekstar, dels diakron utvikling i tekst-korpuset som heilskap. Av dei tolv er det berre éin «where the graphophonematic aspect is taken into consideration» (Zheltukhin 1996: 36): om Vh/VV (V = vokal) skal lesast som markering av lang vokal. Dei andre variablane har ikkje, eller treng ikkje ha, samband med talemålet i det heile. Døme på variablar er (loc. cit.) <th>/<dh> (*then/d(h)en*); <ffu>/<ffw> m.fl. (i ord som *haffua* 'ha'); dobbelskriving av konsonantar og formene i perfektum partisipp. Attåt tolv hovudvariablar nemner han enkel-/dobbelskriving av *f* (først i ord) og *t* (inni ord) som relevant; iallfall variasjon <f->/<ff-> har eg òg funne. Somt av det andre viser mindre variasjon i korpuset mitt; t.d. er *then* og liknande former med <th> nesten einerådande, den yngre skrivemåten med <d> finst berre i nokre få seine tekstar. Metoden og eit par av variablane er likevel interessante.

**Undersøkjingsvariablar** Dels inspirert av nemnde forskarar, men mest ut frå den variasjonen eg sjølv har merkt meg, har eg freista å finne nokre variablar som kan tene til ei sortering av materialet. Dette var eit arbeid som på eit vis laga seg under vegg, etter kvart som eg såg kva som kunne ymse, og i kor stor grad variasjonen verka vera systematisk. Likevel er det på ingen måte opplagt kva variablar eg kunne eller burde lagt til grunn, eller om dei valde er dei beste for å vurdere språkforma i desse tekstane; tilhøvet mellom grafema <u, v, w> kunne t.d. vore undersøkt nærare (det er somstad kommentert). Eg har til slutt samla meg om følgjande:

1. Skrivemåten av gamle diftongar. Dei vart ålment skrivne ⟨e⟩ og ⟨ø⟩ i dansk etter monoftongeringa, men i norske tekstar står dei somtid (⟨ei⟩ er den vanlegaste). Skrivemåten som reflekterer diftong er eit typisk norsk trekk. Merk at eg brukar termen ‘diftong’, jamvel om dette eigentleg ikkje er korrekt når det er snakk om skrift – men det gjer framstillinga greiare.
2. Lenisering av ustemde plosivar, altså /b, d, g/ for etymologisk /p, t, k/, intervokalisk og i utljod, var gjennomført i dansk og vart markert i skrift. Når me stundom finn ⟨p, t, k⟩, er det eit norsk trekk. Men spesielt ettervokalisk /t/ > /d/ hadde svært ymsande skrivemåtar i samtidig dansk òg, Jacobsen (1910: 200) nemner variantane ⟨d, t, dt, dh, th, tt⟩ (jf. under om supinum). I eit frekvent ord som *edher/ether* var skrivemåten ⟨th⟩ for [ð] vanleg i dansk.
3. Skrivemåten av endingsvokalar. Som vist over vart alle trykksvake vokalar (men merk stavingar med bitrykk, som forma *hannom*) i dansk skrivne ⟨e⟩ (⟨æ⟩); ⟨a, u⟩ i trykklett posisjon er eit typisk norsk trekk. Reduksjonen gjeld trykksvake vokalar generelt, men det inkluderer eit talemålstrekk (trykk) som er vanskeleg å handsame, difor held eg meg til endingar.
4. Markering av palatalisering. Velarane /k, g/ har vorte palataliserte framfor fremre vokal, truleg via ei mellomform med innskoten [j].<sup>49</sup> Dette kan stundom bli markert i skrift (*kere* eller *kiere* ‘kjære’). Utviklinga er sams for norsk og dansk, så dette er eit trekk som kan skildre ortografien, men ikkje er typisk for korkje av språka.
5. Markering av lang vokal. Ofte er ikkje lang vokal markert i det heile, andre gonger kan me finne dobbelskriving eller ein etterstilt ⟨e⟩ (òg kalla «understøttande e») som markerer lengd. Ein kompliserande faktor er utviklinga av tilhøvet mellom dei låge, attre vokalanane /a:/, /o:/ og /ɔ:/, som gjer at bruken av ⟨a⟩, ⟨aa⟩ og ⟨o, oe⟩ kan vera noko uklår. Når uttalen er uviss, kan ein ikkje slutte frå ulike ord til ortografiske prinsipp; det kan ein berre der ein har det same ordet.
6. Variasjonen mellom ⟨ffw⟩, ⟨ffu⟩, ⟨w⟩ o. fl. mellom vokalar er ein reint ortografisk konvensjon; det vanlegaste er ⟨ffw, ffu⟩. Typisk og frekvent er former av verbet *ha(va)*. Merk at sist i ord står helst ⟨ff⟩ (*breff*).

<sup>49</sup> Såleis er det tradisjonelt forklart; sjå Garmann (2010: 22–25) for eit alternativt syn.

7. Variasjonen mellom ⟨f⟩ og ⟨ff⟩ først i ord er naturlegvis berre ortografisk. Det ser ut til at valet av variant òg er gjennomført etter prefiks og i samansetjingar. Dette kan anten tolkast som ei språkleg forståing av avleiingsprefiks, eller som eit utslag av trykktilhøva, der varianten vart bruka i alle trykktunge stodor.
8. Supinum kan ende på ⟨-t(t)⟩, ⟨-dt(t)⟩ eller ⟨-d(h)⟩. Vokalen kan dessutan vera anten ⟨e⟩ eller ⟨i⟩, men eg har i hovudsak sett bort frå vokalen under. Einstavingsformer som *hafft*, *wnt* eller *solt* kan ikkje ha vokal, og neppe *-d* heller (men dei kan ha følgjerett ⟨tt⟩, jf. under); dei viktigaste døma er altså tostavingsformer av typen *ladet*, *loffwet*, *scriffwiidh*.
9. Avleiingar. Ei av dei mest markante utviklingane i overgangen frå norrønt til nynorsk, er innføringa av ei rekkje nye avleiingssuffiks. Dei kom for ein stor del via dansk, og er bruka i varierende grad. Jamsides kan ein finne eldre norske suffiks som *-nad*, og bruken av desse kan, saman med andre trekk, fortelje noko om stilidealet.
10. Einskildformer. Her er det spesielt snakk om *hannom/honom*; den siste fanst i skånsk og Kalkar har døme, men elles var rotvokalen i dansk ⟨a⟩, og ikring 1500 var den vanlege forma *hannem* (GG V § 567,3); jf. òg at Iversen (1921: 27) nemner *honnom* som ei typisk norsk talemålsform. *Hanum* fanst i gammalnorsk, så resonnementet gjeld berre den eine vegen: *hannom* seier inkje, men *honom* er norsk. Elles blir andre, meir enkeltståande former, somtid diskuterte.

Dette er naturlegvis ikkje fullnøgjande, og einskilde andre moment blir trekte inn i diskusjonen, men som ei innleiande sortering kan det vera tenleg. Legg merke til at mange av dei trekka eg har ført opp som typisk norske i dette oversynet, samstundes har stød i svensk (⟨p, t, k⟩, ⟨a, u⟩ i endingar, *honom*). Sjølv om svensk var ei viktig inspirasjonskjelde i norsk og særskilt trøndsk tidlegare, trur eg ikkje me skal sjå denne påverknaden som grunnen til slike former ut på 1500-talet.

Ei undersøking av ortografisk variasjon<sup>50</sup> hadde tent på å ha eit søkbart elektronisk korpus. Korpusoppbygging er tidkrevjande, og eg har ikkje kunna gjera det innanfor rāmone for dette arbeidet; i staden held eg meg til ei gammaldags tilnærming som viser tendensar utan at dei blir nøye kvantifiserte. I tabellane over desse variablane i det følgjande er hovudformer og variantar forsøkt viste med bruk av skråstrek (meir eller mindre like

<sup>50</sup> Som er det språknivået me har tilgang til. Sjå Berg (2011: 18–20) for ei drøfting av kva skriftlege kjeldor eigentleg kan fortelje om talemålsutviklinga.

vanlege former), åtskilde med komma (båe er vanlege, men den første meir frekvent) og med unntaksformer i parentes. Der det t.d. finst 15 døme på éin variant og eitt på ei sideform, har eg ikkje markert det; dei kvantitative tilhøva må vera litt jamnare for at variantar skal bli tekne med. Førekomstar av diftongskrivemåtar, markering av vokallengd o.l. er i tillegg til ja/nei graderte med «finst» (ikkje vanleg) og «dels» (mykje av det, men ikkje gjennomført).

Dette er langt frå den kvantitative tilnærminga til «the linguistic variable» Weinreich m. fl. (1968: 166ff) såg for seg, men eg har tidlegare (Berg 2011) argumentert for at dei kjeldone me har, gjer ei reint kvantitativ tilnærming vanskeleg og upåliteleg (sjå dessutan Hødnebo 1971). Da er det betre å innsjå det og tilpasse metoden, enn å freiste tilpasse kjeldone til eit anna metodisk paradigme.

### 5.3 Språket i breva etter Erik Valkendorf (1510–1522)

Det er 19 tekstar som er utferda anten av Erik Valkendorf eller (medlemer av) domkapittelet. Av desse er eitt utferda i Roskilde  $\frac{1}{2}$  1511, altså før Erik kom til Trondheim; dessutan er to brev utferda av Hans Rev, dansken som truleg kom til Trondheim i lag med Erik og etter kvart vart kannik der, og seinare bisp i Oslo. Dersom dei er eigenhendige, som det er god grunn til å tru,<sup>51</sup> er det ingen grunn til å vente norske språktrekk i dei. Desse tre breva vil difor truleg stemme godt overeins med vanleg dansk språkbruk, og i denne samanhengen vera gode døme på typisk dansk.

Frå denne perioden har me dessutan eit ganske stort materiale som er skrivne av same mann, og ein sjeldan sjanse til å studere individuell variasjon. Johan Storm (1902: 2) har funne at diploma DN I 1047, I 1049, XV 146, XI 305, VIII 500 og I 1059 frå Erik Valkendorf alle er skrivne av same mann, som òg skreiv *Descriptio* (Storm 1902: 2); denne skrivaren har altså følgd Erik frå 1515 og gjennom eksiltida.<sup>52</sup> Storm meiner vidare å kunne identifisere han med den seinare kanniken Torfinn Olavsson, noko som vel er meir uvisst. Dette utgjer eit ganske stort korpus og gjer det mogleg å vurdere kor einskapleg den individuelle norma hjå ein skrivar kunne vera. Held me unna det første brevet frå Erik, desse seks breva og dei to frå Hans Rev, er det framleis att ni med ukjende skrivarar. Fleire av desse viser typisk norske drag

<sup>51</sup> Hans Rev arbeidde som sekretær for Erik Valkendorf, jf. NBL.

<sup>52</sup> Derimot skriv DN XXII 110, note 3, om DN I 1049: «kanskje med Erik Valkendorfs hånd», utan at Storms identifikasjon blir kommentert.

**Tabell 5.1** Fordeling av variablar<sup>a</sup> i diplom 1510–1522

	DN	1	2	3	4	5	6	7	8
15	141	Nei	Ja	e (æ)	Dels	Dels	ffu	f	t
11	296	Dels	Ja	e/æ	Nei	ii	ffu (ffw)	f	t
14	258	Nei	Ja	e (æ)	Dels	Dels	ffu	f	t
1	1047	Nei	Ja	e	Nei	Dels	ffw (ffu)	ff	t
23	139	Nei	Ja	e	Nei	Nei	ffw	ff	t
14	261	(—)	Ja	e	Nei	Ja	ffw (ffu)	f (ff)	t
1	1049	Nei	Ja	e	Nei	Ja	ffw	ff	t
15	146	Dels	Ja	e	Nei	Ja	ffw	ff	t
22	111	Nei	Ja	e	Nei	Dels	ffw (w)	ff	t
22	112	Nei	Ja	æ (e)	Nei	ii	ffu	f	t
16	359	Nei	Ja	e (æ/a)	Nei	Ja	ffw (ffu)	ff	t
1	1054	Nei	Ja	e	Nei	Ja	ffw (w/ffu)	f	t
22	120	(—)	Ja	æ (e/a)	Nei	Ja	ffu	f	(—)
11	305	Dels	Ja	e	Nei	ii	ffw	ff/f	t
1	1056	Nei	Ja	e	Nei	Dels	ffw/ffu	f	d
1	1058	Nei	Ja	æ (e)	Nei	Dels	ffw (ffu)	f	t
4	1080	Dels	Dels	æ/e	(—)	ii	ffw	ff	dh/t
8	500	Nei	Ja	e (æ)	Nei	ii (oo)	ffw	ff (f)	t
1	1059	Nei	Ja	e	Nei	Ja	ffw	ff (f)	t

<sup>a</sup> For referanse: 1 = diftongar; 2 = lenisering; 3 = endingsvokalar; 4 = palatalisering av velar; 5 = markering av lang vokal; 6 = <ffw/ffu/w>; 7 = <f-/ff->; 8 = supinum.

som diftongar, trykklette fullvokalar og heimenorske ord(-former). Det er òg merkande at dette gjeld brev som på eitkvart vis har hatt med domkapittelet å gjera. Tabell 5.1 oppsummerer tilhøvet til dei åtte første variablane eg sette opp over; dei to siste krev utførlege kommentarar. Frå dette oversynet går det fram at det finst noko variasjon, men ikkje like mykje på alle punkta. Her kjem eg til å drøfte kvar variabel nokså grundig som ei innføring, og så blir gjennomgangen meir summarisk seinare i avhandlinga.

**Diftongar** Den første variabelen, markering av diftongar, finn me berre døme på i nokre få tekstar. Det dreier seg i alle døma om <ei, æi> i høve til <e, æ>. XI 296 har *rettigheit* to gonger (mot dette står *hederlige, menæ* ‘meinige’ og diverse pronomen med <e>). IV 1080 har tilsvarande *treffoldwghæith* (men jamfør *stenhoggære, mæningh* o.a.); formene *reiste* (verb) og *reisse* (subst.) har vanlegvis *ey* e.l. i dansk (jf. Kalkar **Re(j)se**), så dei er ikkje definitive.

Her er altså to døme på diftong i avleiingar. Endinga *-heit* skil seg frå dansk, der det vanlegvis er skrive *-het/-hed* i tråd med andre monoftongerte former (jf. diskusjonen i § 5.1.4) To andre tekstar har døme på diftongar: XV 146 og XI 305. Desse breva er skrivne av den namnlause skrivaren som arbeidde fast for Erik Valkendorf, og som elles unngår slike former. Båe breva dreier seg om makeskifte, og vanleg terminologi som *eig(e)n*<sup>53</sup> vart nok henta frå eldre, norske føredøme (jf. under). Dei andre tekstane gjennomfører monoftongar, om det ikkje alltid er så tydeleg: XXIII 139 har t.d. berre dømet *wrede*.

**Lenisering** er i stor grad gjennomført i tekstane. Den einaste teksten som skil seg ut på dette punktet, IV 1080, har former som *maathæ* (pl. 'måtar'), *koper* ('kopar') og *treffoldwghæith* – men her endar supinum tidvis på *-dh* (sjå under). Teksten har òg *lathet* (supinum) med ⟨th⟩, ei form me finn att i XVI 359 og I 1058, medan stavemåten elles er med ⟨d⟩ (*ladet* o.l.). Forma *fflit* i XVI 359 kan ikkje brukast som døme på manglande lenisering. Ordet er lånt frå lågtysk i denne forma, og *-t* kan like gjerne vera frå opphavsspråket som dansk; Kalkar har danske døme på *flijtsommelighet*. Det er oppsiktsvekkjande at dette trekket er såpass gjennomført i tekstane, og det viser tydeleg at skrivarane evna å tilpasse seg; samstundes er vel ei slik utskifting mogleg å gjera automatisk, som ein generell regel meir enn skrivemåten av kvart ord.

**Trykksvake vokalar** Me må vente ein viss variasjon mellom ⟨e⟩ og ⟨æ⟩ utan at dette har med norske fullvokalar å gjera; både XV 141 frå Roskilde og XIV 258 av Hans Rev har nokre døme på ⟨æ⟩, dessutan kan me òg finne ⟨æ⟩ av eldre /i/, t.d. *sølfbelthæ* (< norr. *belti*) i VIII 500. Difor ser me òg at fleirtalet av tekstane har førekomstar av ⟨æ⟩, jamvel dei som er «reint» danske, som XV 141 frå Roskilde. Tilhøvet mellom dei kan nok ymse noko, og somme skrivarar har sterkare tendens til å nytte ⟨æ⟩ både i endingar og elles. Eg har freista å få fram dette ved å sjonglere klombrer og skråstrekar i tabellen over. XI 296, XXII 112, I 1058 og IV 1080 har mest *æ*. Den svært stutte XXII 120 har stort sett *æ*, litt *e* og éin gong *a* (substantivet *willia* < norr. obl. *vilja*). Andre døme på *-a* er *fora* (XI 296) og *børia* (inf.) (XVI 359). Me ventar at vokalreduksjonen skulle vera gjennomført i overvektsord på denne tida (*byrja* er handsama som overvektsord i Trøndelag), men skrivaren kan ha kome annanstads frå; men *fora* < norr. *fyrir* har aldri hatt /a/, så der er

<sup>53</sup> Må ikkje forvekslast med adj. *eigen* < norr. *eiginn*; det kunne i dansk òg gjerne få diftongering av intervokalisk /g/ (GG II § 309, merknad 1; eit døme er DN IX 718 av Vincens Lunge «met eighen hand»). Slik var nok ljodutviklinga i *egn* òg, men skrivemåten heldt seg (Skautrup 1947: 185); på 1500-talet blir ordet i denne tydinga (*egn* 'område' finst framleis) erstatta av *ejendom* i dansk (op. cit.: 248).

det anten feilskrift eller ein mislukka freistnad på å tilpasse seg eldre norsk skriveskikk. XV 146 og XI 305, makeskiftebrev med diftongar, har dessutan pertinensformlar med norsk preg:

- (12) a. met luttum oc lwndendom som ther til liet hawer ffwndhen oc nye  
 b. met alle lwtte oc lwnde som ther til ligger oc tilliget haffwer fra fonno oc til nye

Brev er skrivne av same mann, men han gjev att desse tilsvarande formlane heilt ulikt, noko som tyder på at han har skrive etter diktat eller ulike førelegg. I (12-a) er dat.pl. attgjeve med *-um/-om*; i (12-b) er desse endingane bytte ut med *-e*, medan *fonno* derimot har *o*-ending, og heile uttrykket liknar meir på det me kjenner frå eldre diplomspråk. Det ser ut til at *ffwndhen* i (12-a) er ei korrumpert av *fonno* < *forno*, og det styrkjer tanken på at det er skrive etter diktat utan at skrivaren har forstått kva orda tyder.<sup>54</sup>

**Palatalisering av velar** føre fremre vokalar har skjedd i både norsk og dansk, og kan stundom bli markert i skrift; dette er likevel det punktet som syner minst variasjon. Dei einaste tekstane som har døme, er brevet frå Roskilde i 1511 og det første frå Hans Rev. I det første finn me *kiære brødre*, men òg *Gøre* og *kære*; i det andre står *Giør* mot *kerlighenn*. At døma finst nett i desse to breva, kan tyde på at det var ein skrivemåte som åtte større rom i Danmark enn i Noreg. Brøndum-Nielsen (1914) brukar det som eitt av fleire språklege kjenneteikn på ein skrivar. Eit mogleg døme kan vera *Erchiebiscop* i XVI 359, men her er det heller samanhengen med latin *archiepiscopus* som fører til forma. Den latinske tittelen er mykje bruka, men berre i lengre latinske frasar. Teksten har ordet ein gong til, da i forma *Erchebiscops gaard*. XXIII 139 har *giorde*, men òg *gøre* og *kære*.

**Markering av lang vokal** er det vanskelegaste språktrekket å vurdere, fordi uttalen kan vera uviss. Somtid er dette gjort nær konsekvent, somtid finst det ikkje spor etter det. Dobbelskriving av *ii* er mest ålgjengd, og jamvel tekstar som elles ikkje markerer lang vokal kan ha dette trekket. Men ein skrivemåte som ⟨iie⟩ i *skriien* ‘skrin’ (VIII 500) tyder på at skrivaren ikkje har oppfatta ⟨ii⟩ som markering av lengd, og difor sett til ⟨e⟩ som han brukar elles. Det kan altså sjå ut til at denne skrivemåten berre må reknast som ein

<sup>54</sup> Viss teorien om diktat stemmer, kan det òg sjå ut til at assimilasjonen av /rn/ er gjennomført, sidan me ikkje finn spor etter nokon /r/ i korgje av variantane.

variant av *i* utan omsyn til lengd. Difor vil eg i det følgjande ikkje ta omsyn til ⟨ii⟩ under dette punktet.

Av andre vokalar finst både dobbelskriving og den varianten som seinare slo gjennom, ein etterstilt ⟨e⟩. Det ser dessutan ut til at alle tekstane brukar ⟨aa⟩ som grafem for /ɔ:/, slik at det skil seg frå ⟨ae⟩ for /a:/ i nokre tekstar (I 1047 og dei andre tekstane av same skrivar). Slik kan det oppstå uklåre tilhøve mellom ⟨aa⟩ og ⟨o⟩; i XIV 258 frå Hans Rev finn me *raad* jamsides *Rodmend*, samstundes som *nade* og *made* er skrivne med ⟨a⟩. Den teksten som nok har aller minst av slik lengdemarkering, er IV 1080, frå domkapittelet til kongen. Me finn ⟨aa⟩ (t.d. i *naagre*, som i andre tekstar helst er skrive med ⟨o⟩) og ⟨ii⟩, men her er iallfall dobbelskrivinga berre staffasje: Det er ikkje truleg at *tiil* og *wilde* (pret) har vorte uttala med lang vokal; dei andre døma ser derimot ut til å kunne vera i tråd med uttale, om ikkje alltid den same som i dag. Markering av vokallengd er altså noko som er på veg inn, men enno på langt nær gjennomført, og i ulik grad i ulike tekstar.

**Variantane ⟨ffw⟩ og ⟨ffu⟩** Variasjon mellom ⟨ffw⟩ og ⟨ffu⟩, og delvis andre variantar, er på mange sett den enklaste å leite etter. Dette gjeld mellom vokalar og svarar til ein uttale [v]. Ser me på dei breva som er skrivne av same mann, har han i det første brevet sitt éin gong ⟨ffu⟩ (*renliffuet*), men gjennomfører elles ⟨ffw⟩. Andre brev er mindre konsekvente, men som det går fram av oversynet, vel dei fleste skrivarar stort sett éin variant, jamvel om det finst unntak; ⟨ffw⟩ er langt den vanlegaste. Klårt avstikkande er bruken av ⟨w⟩ i XXII 111 og I 1054, baae brev frå erkebispem til kong Kristian II. Det første har *hawer* (pres.sg.) og to gonger *hawe* (pres.pl.), men skriv elles ⟨ffw⟩, t.d. *haffwer* og *haffwe* (pres. sg. og pl.); det andre har to gonger *hawe* (inf. og pres.pl.), men elles ⟨ffw⟩ (og éin gong *haffuer*). Ut frå at dette er dei to einaste døma på slik bruk av ⟨w⟩, kunne det vore freistande å tru det er same skrivar, men det er ei rekkje andre språktrekk som skil dei to breva åt, så det kan avvisast jamvel utan paleografisk vurdering (t.d. skriv XXII 111 alltid ⟨ff⟩ først i ord, medan I 1054 har ⟨f⟩).

Til jamføring er same ljod helst skriven ⟨w⟩ først i ord; det same gjeld etter prefiks som *be-* og i ord som *ewindelig*. Sist i ord og før konsonant står det mest alltid ⟨ff⟩. Dimed kan me få vekslingar som *Renleffuede – breff – werdige* (XVI 359), der uttalen må ha vore lik, men skrivemåten ymsar etter posisjon i orda.

**Enkel og dobbel *f*** Det ser ut til at ⟨f⟩ og ⟨ff⟩ først i ord ikkje ymsar fritt, men at skrivaren tek eit val, sjølv om ikkje alle gjennomfører det fullstendig. Eit interessant poeng her er at av dei fire breva som blandar, er tre av den



same skrivaren. Så jamvel ein røynd skrivar kan ha variasjon her, og denne variasjonen blir eit særmerke for han, medan andre tydelegvis kan ha lettare for å velje éin variant. XIV 261 vekslar etter eit interessant mønster: Der er det alltid ⟨f⟩ først i ord, medan det er fleire døme på ⟨ff⟩ etter prefiks og i samansetjingar: *vntffonge*, *hwsffrw*, *wffoerette* og eit par til.<sup>55</sup> Dette brevet har heller ingen typisk lågtyske avleiingar, men derimot dei heimlege *kaastnad* og *hwgnad*; orda finst i denne forma både i norsk og svensk, men er på dansk berre kjende med endinga *-ned* (Kalkar **hugned**, **kostned**).

**Supinum** Som det går klårt fram av tabellen, er endinga *-et* nær gjennomført. Berre IV 1080 frå domkapittelet har avvikande *ransakedh*, *wpscriffwiidh* (endinga *-edh* er òg bruka i adjektiviske partisipp i fleirtal), medan *lethet*, *antworthet* er skrivne med vanleg avstytting for *-et*.

**Einskildformer** Skrivemåten av *hanom/honom* kan tene som språkleg skilje, der *honom* er typisk norsk. Av desse tekstane har I 1058 denne forma. Elles har ikring helvta døme på *hannom*; den seinare danske forma *hannem* finst ikkje. Ei onnor interessant einskildform er *landbo* ‘bonde, leiglending’ (2gg) i XXIII 139. Fritzner har eit par døme på ordet i denne tydinga (**landbúi** 2), men det må vel seiast å ha vore vanlegare i dansk.<sup>56</sup>

**Oppsummering** Viss eg skal prøve å samanfatte desse innleiande undersøkingane, så er ikkje variasjonen i dei ortografiske prinsippa så stor som ein kanskje kunne vente. Det synest vera snakk om nokre få variantar der skrivaren anten vel éin eller blandar. Norske diftongar kan koma inn, helst i særnorske ord som kan reknast som lånnord i danskspråkleg tekst (jf. over om *eign*). Elles er det stor variasjon ved to språktrekk: endingsvokalar og eventuell markering av lang vokal. Endingsvokalen kan vera både ⟨e⟩ og ⟨æ⟩, og dette gjeld òg i tekstar som er reint danske. Såleis er det vandt å tolke det som interferens frå eit talemål utan reduksjon i trykklett stode. Eit par døme på ordfinal ⟨a⟩ er òg problematiske, men må om ikkje anna vera interferens frå norsk skriveskikk, om dei ikkje er talemålsformer. Lang vokal er somtid markert med ein etterskriven ⟨e⟩, men det er aldri fullt gjennomført. Sekvensen ⟨ii⟩ har alle, men han kan neppe tolkast som markering av lengd.

<sup>55</sup> Brevet har dessutan, som det einaste eg har sett, teiknet ⟨ä⟩ (*annämmet*, òg skrivne med ⟨a⟩), som var vanleg i svensk. Det er ei jordegåve frå erkebispem til ein jamte og stadfest til «Lliarstæd», truleg i Jamtland. Det er mogleg at det òg er skrivne der, og såleis ikkje har direkte tilknytning til erkesetet. Diverre har eg ikkje hatt tilgjenge til originalen.

<sup>56</sup> Eit anna døme frå Trøndelag på ordet i denne tydinga, er DN XI 583, eit inventarium for Tautra kloster frå 1531–32.

Eitt diplom skil seg klårt ut: IV 1080 frå domkapittelet til kong Kristian II om *hælgæ Niidross domkirkes klenodia*, sendt etter at Erik Valkendorf forlét landet sommaren 1521. Det som først og fremst særmerkjer det, er fleire døme på ⟨p, t, k⟩, men jamsides former som *maathæ* finn me *wedhæ* ‘vita’ (inf.). Teksten har døme på *-dh* i supinum (*ransakedh, fforbætredh* o.l.) som kan vera ei attgjeving av talemålsformer med svekt utljodskonsonant, forsøk på å tilpasse seg dansk eller rett og slett eit utslag av den nemnde variasjonen i nett denne stoda. Det einaste andre dømet på supinum *-ed* er i I 1056 frå Hans Rev, der dei to døma *fornøged* og *oppebaared* er dei einaste supinumsformene. IV 1080 markerer heller ikkje lang vokal ut over dobbelskriving av *i*.

Det gjer heller ikkje XI 296, ein avtale mellom erkebisen og domkapittelet, som samstundes er den andre teksten med diftongar. Der er òg meir ⟨æ⟩ i endingar enn elles, til liks med IV 1080 (som òg har ein del ⟨æ⟩ i rotstavingar, som *hælgæ*). Ein annan tekst som heller ikkje gjer det, er XXII 112, ein rapport frå erkebisen til kongen. Det er dessutan ein av dei få som stundom har ⟨i⟩ i supinumsendinga og gjennomfører ⟨ffu⟩. Det siste diplommet eg skal trekkje fram, er I 1058, ei kvittering frå erkebisen til deken Olav Engelbrektsson. Der finn me òg supinum med ⟨i⟩, og dessutan meir ⟨æ⟩ enn vanleg elles.

Det er slående at dei breva som skil seg ut her, stort sett er knytte til domkapittelet på eitkvart vis. Samstundes er det heller ikkje mykje som skil dei ulike tekstane jamt over, t.d er kasusformer ingenstad å sjå.

### 5.3.1 Dei norske sidone i *Breviarium Nidrosiense*

To sidor om helgedagar og fastetider i *Breviarium* er skrivne på norsk (attgjevne i vedlegg D etter faksimileutgåva), trass i at dansk elles var det mest bruka skriftspråket. Kolsrud (1921: 116) seier om dette stykket at det «er ei god prøve paa det maalet som daa [1519] aalment var i bruk i Noreg». Den påstanden er dryg, sidan me rett og slett ikkje har særleg mange andre døme på «maalet som daa aalment var i bruk i Noreg»; for at det språkleg skal gå opp, må det vera lagmanns- og bondebrev på bygdene han viser til. Men det er uansett interessant at redaktørane valde ei slik språkform. Kanskje kan det vera at teksten er påverka av eldre førelegg, men det kan òg vera eit naturleg framhald av den gamle skrivetradisjonen.

Oversynet viser til «christne retthen», og det faktiske innhaldet finn ein med få unntak att i erkebisp Jon Raudes kristenrett, bolk 22–25 (NgL II: 357–359). Kristenretten nemner dagane etter kor heilage dei var, medan *Breviarium* følgjer kalenderåret; eit eventuelt direkte førelegg må såleis

søkjast annanstad.<sup>57</sup> Som eit døme på tilhøvet mellom versjonane, kan eg ta definisjonen av sundagshelga:

- (13) a. hæfzst su hælgr a laughardaghen. þa er soll er vestre. oc hældr till miðrar netr. a manadaghen (NgL II: 357)  
 b. Sunnedaghs helgh heffst a laugerdegi tha er sool er i wester och heldar till midiar nath ath manedegi

Formuleringane er like, om ikkje identiske. Den seinare versjonen har dativ (*laugardegi*) der den gamle kristenretten har akkusativ (båe delar var vel grammatisk mogleg, sjå Fritzner á 5).

Der er elles former som kan sjå ut som korrupsjonar, venteleg fordi boka vart sett av trykkjarar som ikkje kjende språket. Det er t.d. vandt å forklare dittografien *retthenen* (< norr. akk. *réttinn*) på anna vis (jf. *retthen* heilt til slutt); likeins fleirtal *helgor* av ijō-stammen *helgr*.

Teksten opprettheld trykklette fullvokalar i nokon mon, t.d. endar alle infinitivar på *-a*. Av konservative former merkjer den første notisen seg ut, vist i (13-b): dat. *-degi*, tydinga ‘ta til, byrje’ av *heffst*, relativpartikkelen *er* og gen.sg.f. *midiar*. Elles i teksten ymsar nom.sg. *dag* og *dagher*. Den siste forma finst òg som nom.pl., men i veksling med andre former:

- (14) a. Jmbre dage som era midwikudagher.friadagher.och laugher dagher  
 b. Annan. och tridia dag [paaska] ero medaldaga

I nom.pl.m. er *their* (som demonstrativ, ikkje pronomen) bruka tre gonger, mot vanleg *the* allereie i eldre tekstar frå Trøndelag (Berg 2006: 64). Av adjektivformer kan nemnast *meth/ath retthom fastemad*. Teksten skil mellom sg. og pl. av verb i dei få døma som finst, langt dei fleste på sg. *er*, pl. *ero*, men òg pl. *koma*. Éin gong *era* (14-a) høver med nyare former der eiga fleirtalsbøying finst (Skjekkeland 1997: 195).

Oppsummeringsvis kan ein slå fast at språkforma på desse to sidone skil seg frå det samtidige diplomspråket, men følgjer den gamle skrivetradisjonen. Spesielt nom.sg. *dagher* gjer det lett å tru at iallfall delar av teksten er henta frå eldre oversyn over fastedagar. Når eg før har vore inne på svenske former, kan eg her nemne *Helgono messo dag*, der den eldre kristenretten har *alra hæilagra messo daghr* ‘helgemesse’.

<sup>57</sup> Det fanst òg andre kristenrettar i Noreg (sjå Arne Bøes omtale i KLN 9, sp. 297–304), og det er uvisst just kva versjon redaktørane har hatt føre seg her. For ei språkleg jamføring brukar eg den trykte versjonen i NgL.

## 5.4 Språket i breva etter Olav Engelbrektsson (1523–1537)

Breva frå episkopatet hans Olav Engelbrektsson, 1523–1537, utgjer langt den største delen av primærkjeldone. Sjangermessig er dei òg meir varierte enn det me finn i eldre tider: Vanlege offisielle brev, ein del utkast til og avskrifter av slike brev, administrative notat av ymse slag og jorde- og rekneskapsbøker. Språkleg er det ganske stort spenn, frå vanleg dansk til svært norskprega språk spesielt i jordeboka.

Når ein skal leite etter systematisk variasjon i dette brevmaterialet, kan det vera interessant å bryte det ned i mindre grupper ut frå formelle kjenne-teikn. Da kan ein sjå om språket ymsar etter teksttypen (jf. § 3.3.1) eller om det er skilnad mellom språkforma i utkast og ferduge brev – det er nokre få brev der fleire versjonar er gøynde. Dette kan fortelje noko om kva normer som regulerte skriftspråket, og me kan samstundes lære eitkvart om tekst-formingsprosessen frå utkast til ferdug tekst (sjå § 7.1.3).

Gjennomgangen her blir difor ordna etter eit nokså laust sjangeromgrep, medan eg til slutt ser på dei få breva frå medlemmer av domkapittelet. Eg har bruka følgjande nemningar på ulike teksttypar:

**Sendebrev** (*litterae clausae*, ‘attlatne brev’) til ein spesifisert mottakar, samanbretta og attlatne med segl.<sup>58</sup> Adressaten er påført utanpå, og det skil denne brevtypen frå dei eldre *missiva* (Hamre 2004: 35).

**Opne brev** stila til ålmugen (eventuelt i eit avgrensa område), eller brev som eksplisitt nemner seg «opne». Innhaldet er kunngjeringar eller vitnebrev om eigedomstransaksjonar. Desse breva står nærast den gamle vitnebrevtradisjonen, følgjer det tradisjonelle formelverket og er dessutan oftast skrivne på pergament.

**Utkast** Mange brev har me berre i utkast (i DN oftast kalla «concept»), andre i både utkast og reinskraft (sjå § 5.5). Mengda av utkast som er gøynde, kan tyde på sterkare arkiveringsønske (jf. § 7.1.1).

**Notat/avskrifter** Her har eg teke med avskrifter av brev, anten dei no er sende eller gjorde for arkivføremål, samt nokre notat av meir uklårt opphav eller føremål.

**Rekneskapsnotat** Mange nummer i DN er ikkje diplom eller brev i tradisjonell meining, men administrative notat med listepreg og lite

<sup>58</sup> Ein kunne òg kalla dei ‘lukka brev’ eller ‘missiv’ (sjå KLN 2, sp. 226f). Erkebispemnemner sjølv «nogle waare missiuer» i DN XXII 295; det er da snakk om DN XVI 578–582.

samanhangande tekst. Dei liknar i form og innhald på OEJ og særskilt OER, og blir handsama i lag med dei.

Originalbreva på skandinavisk frå tida hans Olav Engelbrektsson kan sorterast etter teksttype som vist i tabell 5.2 (s. 102), der me tydeleg ser den kvantitative skilnaden mellom gruppene. Ulikt eldre tider er sendebrev langtg den største gruppa. Dette har vel mykje med overleveringssituasjonen å gjera, t.d. er alle breva i DN XXII frå og med nr. 272 skrivne til Eske Bille og gøymd i privatarkivet hans. Dessutan er IX 670, XII 540, X 645, X 655 og XVI 561 stila til herr Eske, så brev til han utgjer ein stor del av materialet.

Somt som gjeld brevsikk (diplomattikk) blir diskutert i § 7.1.3. Ofte er det slik at delar av det faste formelverket i breva er på latin, og det tek eg opp i § 6.2.2. Her skal eg gå gjennom dei same variablane eg bruka for breva 1510–1522 for kvar einskild brevgruppe med nokre stutte merknader til kvar einskild gruppe, før eg diskuterer heile denne tekstmengda i § 5.4.7.

### 5.4.1 Sendebrev

Dei faste variablane er viste i tabell 5.3 (s. 103). Eit par stader er fleire brev skrivne med same hand oppførde samla. Ved eit par høve er fleire likelydande brev sende til forskjellige mottakarar samstundes, og gjev såleis eit godt bilete av kva umarkert variasjon som var mogleg; dette blir drøfta for seg i § 5.5.

**Merknader til variablane** Stort sett er ⟨ei⟩ gjennomført, men det blir mindre av det frå 1535. Når t.d. X 655 er merkt med «dels» trass i fleire døme (t.d. *ein*, *meynige*, *eit*), er det mest fordi denne teksten har avleiinga *-het(t)* ulikt dei fleste andre. Dei siste tekstane har dels ikkje diftongskrivning i det heile, dels nokre få døme. Ein tekst som XXII 330 har t.d. ikkje diftong i *redhe*, *mening*, *ydtermere*, men skriv to gonger *eigen(n)*; som nemnt finst dette i dansk òg på grunn av postvokalisk diftongering av /g/.

Leniseringa er stort sett gjennomført, og somtid ser ein jamvel vidareutviklinga til frikativ; såleis t.d. suffikset *-skaff* (t.d. XXII 295), *skiff* (XXII 325, òg skrive *skiib* same stad) og bynamnet *Kiøffnehaffn* (XXII 132). Spreidde unntak finst, t.d. har verbet *vite* ofte ⟨t⟩ (*wittæ/-e* i IX 702/X 655, *vite* i XXII 272 osv.); faktisk er ⟨d⟩ sjeldsynt i nett dette ordet, men finst iallfall i XXII 132 (*vide*), XII 553 og XXII 295 (*wiide*). Andre døme er pl. *skepen* (men òg sg. *skeb*, VIII 613, teksten har ofte ⟨e⟩ for normalt ⟨i⟩), pl. *rykennæ* (men òg gen.sg. *riigens*, XII 463). X 645 har fleire slike former enn dei fleste, t.d. variantar av *køp-* og *skip*, men heller ikkje her blir det meir enn unntak. Opphavleg lågtyske ord som *haap* kan ofte ha ⟨p⟩ mot helst ⟨b⟩ i dansk, jf. den samla drøftinga til slutt.

**Tabell 5.2** Diplom frå Olav Engelbrektsson etter teksttype

Tekstane er identifiserte med band og nummer i DN. Utrykte utkast og avskrifter er identifiserte med M + arkivnummeret dei har i Münchensamlinga.

Sendebrev		Opne brev		Utkast		Notat		Reknesk.	
Bd.	Nr.	Bd.	Nr.	Bd.	Nr.	Bd.	Nr.	Bd.	Nr.
22	132	1	1062	8	696	14	552	8	567
8	613	1	1072	8	698	M2268		8	582
12	463	8	658	M3991		9	612	8	583
22	177	9	690	8	700	10	578	8	584
9	670	9	719	M3988		8	659	8	585
22	189	9	720	8	705	12	517	8	678
22	190	9	725	12	518	8	707	10	670
9	692	9	726	M3170		M3984		9	738
9	702	12	550	2	1106	10	671	9	739
12	540	1	1084	M3278b		10	672	9	740
10	645	NgL 2.r. IV 184		9	721	10	674	12	551
10	655			9	722	22	273	8	726
16	561			M3278a		22	274	12	564
22	272			M3280		11	621	12	570
2	1112					22	285	12	571
12	553					M4097		12	573
16	578–582							12	575
12	555							M3951	
7	719								
12	558–563								
23	412								
22	295								
22	316								
22	325								
22	330								
22	352								
22	370								
Sum:	36		11		14		16		18

**Tabell 5.3** Fordeling av variablar<sup>a</sup> i sendebrev 1523–1537

DN	1	2	3	4	5	6	7	8
22 132	Nei	Ja	e	Ja	Nei	ffu	f	(—)
8 613	Ja	Ja	e/æ	Nei	Nei	ffu/ffw	ff	t
12 463	Ja	Ja	æ/e	Nei	Finst	ffu (ffw)	ff (f)	dt
22 177	Ja	Ja	æ/e	Nei	Dels	ffw	ff (f)	d
9 670	Ja	Ja	æ/e	Nei	Dels	ffw	ff (f)	d
22 189	Ja	Ja	æ/e	Nei	Dels	ffw	ff	d
22 190	Ja	Ja	æ/e	Nei	Finst	ffw	ff	d
9 692	Ja	Ja	e	Dels	Finst	ffu (ffw)	f (ff)	dt (tt/d(h))
9 702	Ja	Ja	e/æ	Dels	Finst	ffu (ffw)	f (ff)	dt (d)
12 540	Ja	Ja	e	Dels	Finst	ffu (ffw)	f (ff)	dt/tt
10 645	Ja	Ja	e	Dels	Dels	ffu, ffw	ff, f	dt (tt)
10 655	Dels	Ja	e	Dels	Dels	ffu (ffw)	f (ff)	dt (t(tt))
16 561	Ja	Ja	e	Finst	Dels	ffw	ff	t
22 272	Ja	Ja	e	Dels	Finst	ffu	ff	t
2 1112	Ja	Ja	e	Dels	Finst	ffu	f (ff)	t(t)
12 553	Nei	Ja	e	Nei	Nei	ffu	f, ff	t(t)
16 578 <sup>b</sup>	Finst	Ja	e	Nei	Nei	ffu	ff (f)	t(t)(h)
12 555	Dels	Ja	e	Nei	Finst	ffu	ff	tt
7 719	Ja	Ja	e	Dels	Nei	ffu	f (ff)	tt (t)
12 558 <sup>c</sup>	Ja	Ja	e	Ja	Finst	ffu	f (ff)	tt
12 562 <sup>d</sup>	Finst	Ja	e	Nei	Finst	ffw, ffu	f/ff	t (dt/tt)
23 412	Finst	Ja	e	Nei	Nei	ffu (ffw)	f/ff	(—)
22 295	Nei	Ja	e	Nei	Finst	ffu	ff (f)	t (tt)
22 316	Finst	Ja	e	Nei	Finst	ffu	f (ff)	t(t)
22 325	Nei	Ja	e	Nei	Finst	ffu (ffw)	f (ff)	t(t)
22 330	Nei	Ja	e	Nei	Dels	ffu	f/ff	t/tt
22 352	Finst	Ja	e	Nei	Nei	ffw, ffu	ff (f)	tt
22 370	Nei	Ja	e	Nei	Finst	ffu (ffw)	ff (f)	tt

<sup>a</sup> For referanse: 1 = diftongar; 2 = lenisering; 3 = endingsvokalar; 4 = palatalisering av velar; 5 = markering av lang vokal; 6 = <ffw/ffu/w>; 7 = <f-/ff->; 8 = supinum.

<sup>b</sup> Det same gjeld stort sett for DN XVI 579–582, sjå § 5.5.5 for ei jamføring.

<sup>c</sup> Og XII 559–561, dei fire breva er skrivne same dag med same hand.

<sup>d</sup> Og XII 563, dei to breva er skrivne med same hand, jf. DN XII 561, note 1.

Oversynet viser tydeleg koss ein viss variasjon mellom ⟨e⟩ og ⟨æ⟩ i dei eldste tekstane vik for konsekvent ⟨e⟩. I utljud finst knapt unntak. Tostavingsord med sekundærtrykk har somtid ⟨o⟩ i dansk òg, t.d. *thennom*, men *vtan* (XXII 272) må vera ei norsk form.

Dei fleste tekstane markerer ikkje palatalisering av velar, men det er ofte noko veksling på ordnivå. T.d. er *kiere* (og avleiingar) oftast skrive ⟨ki⟩, medan dette ikkje gjeld andre ord, som t.d. *gøre*. Eit typisk døme kan vera IX 692 og 702 (dei ser ut til å vera skrivne av same hand) med *kier-* (konsekvent) mot *gøre*, *skeer*, *skeenne*.<sup>59</sup> Det er ofte denne situasjonen som er merkt med «dels» i oversynet. Eg har berre notert éin tekst som vekslar i det svært vanlege *k(i)er-*, nemleg II 1112. Litt avvikande i så måte er XVI 561, med *kere* o.l. men *tilkiendne*, og XXII 272 med konsekvent *kere* men ⟨gi/ki⟩ i andre ord.

Som før finn me ofte ⟨ii⟩ utan at dette treng vise til vokallengd, og elles er det i høgda snakk om tilløp til markering. Fleire av tekstane har likevel einstaka døme, t.d. *weegen* (XII 463) og *forsee* (IX 692); ingen av desse tekstane har andre døme. XII 540 har døme både på ⟨oe⟩ og ⟨oo⟩, men samstundes ⟨o⟩ i ord som *wor*, *gode* som må ha hatt lang vokal. XXII 330 er eit døme på ein tekst som har nokså frekvent bruk av ⟨ee⟩ (*leen*, *beskeed*, *deel*, *forseer*) men t.d. *redhe* vantar lengdmarkering. XXII 272 skriv *raedt* 'råd' (men i genitiv alltid *radtz*; teksten har eit par andre stader ⟨a⟩ som må lesast /ɔ:/ eller /o:/), II 1112 har fem gonger ⟨aae⟩ i nett dette ordet mot éin gong ⟨aa⟩ (med vekslande konsonant: ⟨dtt/dh/tt⟩; ingen andre døme på ⟨aae⟩). Dei fire diploma XII 558–561 har alle nokre døme på ⟨e⟩ som lengdmarkering, t.d. *raaedtt*, men vekslande med former av same ord der lengda ikkje er markert. XII 561 har dessutan *mett stoer staaett* 'stas', jf. Kalkar **stat** av lty. *stât*; svensk har enno *ståt*.<sup>60</sup>

Det ser ut til at ⟨ffu⟩ blir meir dominerande etter kvart, og mange skrifvarar gjennomfører dette konsekvent. Somme har likevel ⟨ffw⟩ som ein variant, men dei siste åra er det ingen som berre skriv det. XXII 295 gjennomfører konsekvent ⟨ffu⟩ (og det er ein lang tekst, eg talde 31 døme), men skriv likevel ⟨u⟩ i lånordet *missiuer* (men derimot *leffueeret* (perf.part.)).

Dei færraste tekstane er konsekvente i valet mellom ⟨f⟩ og ⟨ff⟩ først i ord/etter forstaving, men mange syner ein tydeleg tendens. Konsekvens på dette punktet vil såleis kunne vera eit skrivartypisk trekk.

<sup>59</sup> Det er vitterleg berre fire minimar, men *skemme* hadde gjeve betre meining i samanhengen: *the skulde røffwe och skeenne alle the ...* Men elles er skrivaren nøyen med minimane sine, jamvel om skrifta er lita og penneutslaga små.

<sup>60</sup> Fritzner, tillegg, har **stat** = Fritzner **stétt** 5 'stand'; *staath* er bruka i denne tydinga i DN I 1061 frå domkapittelet.



I supinum er ⟨t⟩ den normale endinga, gjerne dobbelskrive ⟨tt⟩. Ein variant er ⟨dt⟩, som òg finst i andre ord for eldre /θ/ (eller /d/) i utljod. XVI 561 og XXII 272 gjennomfører t.d. -t i supinum, men har likevel -dt-ending i *altiidt*, *raadt*.

**Ymist anna** Erkebispem skriv i breva til kongen (XII 463, XXII 177, XXII 190, IX 702) *ieg(h)*, ikkje *wij* om seg sjølv; det same gjeld DN XIV 552, ei avskrift av eit brev til svenskekongen Gustav Vasa. Merkande er at han i XXII 190 faktisk skriv *iach* éin gong. Det er elles ikkje mange reint svenske former, men kanskje *vpburidt* i IX 692.

IX 692 har ei gammal dat.pl.-form i uttrykket *paa fardwm* (NO (**ferd**) har døme på dialektar med dat.pl. i dette uttrykket, men det vanlegaste er sg. -e i både norsk og dansk), tilsvarande *paa fordwm* i X 655 og *paa ferdwm* i XVI 561, men derimot *paa ferdhe* i XXII 132.

I XXII 189 er det skriva *hannom* to gonger, men fleire gonger *honnom*; det liknande XXII 190 har berre *honnom*. Den norske forma finn me òg i IX 702, X 645, XXII 272 og XII 558–560, medan XII 562–563 og XXII 295 skriv *hannom*.

I fleire brev møter me den moderne skrivemåten *eder* med ⟨d⟩, mot *ether* i dei eldste breva; det gjeld XVI 561, II 1112, IX 719, XII 558–561. Derimot skriv XII 553 og alle breva frå og med XII 562 konsekvent ⟨tth⟩, jamvel om breva elles har ⟨d⟩ mange stader der ein elles ofte finn ⟨th⟩ (t.d. *ydermere*, *maade* i XII 553). Brev frå og med XII 562 skil seg òg ut med den avstikkande skrivemåten ⟨ch⟩ (t.d. *schicche*, *jcche*; XXII 370 har *iche*, men òg *icke*, og verkar litt forskjellig frå dei andre). Dei same har ofte *schriffue* med ⟨ch⟩, altså generelt meir ⟨ch⟩ enn elles.<sup>61</sup> Saman med fleire andre punkt eg har peika på over, viser dette til to ting: ei kronologisk endring, og ei systematisk gjennomføring av desse endringane.

XXII 272 har fleire interessante pronomenformer: Først er det somstad skriva ⟨t⟩ for vanleg ⟨th⟩: *taa*, *te*, dessutan er objektsforma av tredjepersonspronomenet skriva *theim* med diftong. Ordet er til vanleg skriva *thm* med avstyttingsteikn, slik at vokalen er ukjend, men utskriva *themm* iallfall i XXII 295. I *tesse* er ⟨t⟩ nokså vanleg, men finst elles berre sporadisk, t.d. *tet* (XXIII 412)

Av leksikalsk interesse er bruken av *bleiff* ‘drukna’ i XXII 272, ei tyding som er velkjend frå seinare norsk. Verbet kunne brukast slik i mellomlågtyisk og nederlandsk òg, men helst med tillegg av *dôt* (sjå Lübben/MNW **bliven**); nett slik finn me det i DN I 1061 frå domkapittelet i 1523: *bleiff dødth*. Verbet

<sup>61</sup> Brev trykte i DN XXII er stort sett i Danmark, og eg har ikkje hatt høve til å jamføre skrivarhendene.

ser elles ut til å ha fått den tydinga det har i dag, og blir ikkje berre bruka i tydinga ‘forbli’; samstundes finst forma *vorde* e.l. somstad. XXII 272 har òg pret. *otthe* av *eiga*, slike former «er nu [1500-talet] helt opgivne» i dansk (Skautrup 1947: 249).

**Oppsummering** Hovudinstrykket av dette synest vera ei markant endring der tekstane frå 1535–1537 skil seg noko ut frå dei eldre. På somme punkt kan utviklinga sjåast på som standardisering, t.d. slik at *-e* blir den einaste endingsvokalen. På andre punkt er det ikkje standardisering i den forstand at variasjonen forsvinn, men i staden kan ein seie at variasjonen sett seg og blir det normale.

### 5.4.2 Opne brev

I tabell 5.2 er det 11 opne brev. Dei er offentlege kunngjeringar eller fullmaktsbrev, og ofte så stutte og stereotype at ein ikkje kan finne dei døma ein ønskjer. Det offisielle preget viser seg òg i skrivematerialet: Åtte av desse elleve er skrivne på pergament, berre tre på papir (DN VIII 658, IX 690 og XII 550). Fire av diploma i denne gruppa er skrivne om lag samstundes, i månadsskiftet oktober–november 1532 (DN IX 719, 720, 725 og 726; sjå § 5.5.3). Alle breva er innleidde med intitulado, deretter følgjer stort sett publicatio *gøre viterligt for alle* e.l.; VIII 658 og IX 690 helser *alle menn som bygge oc boo*. Det første brevet frå «Oluff electus», truskapsbrevet hans til kong Kristian II, er ikkje heilt likt utforma som dei andre, men nemner seg eksplisitt «thette myt obne breff». Dei faste variablane er framstilte i tabell 5.4.

Erkebisp Olav står nominelt som utferdar for to landsvistbrev sommaren 1534 «met mennige Norges riges raadt oppaa Norges krones wegne» (DN I 1083,  $\frac{7}{7}$ ; XV 500, Oslo  $\frac{5}{8}$ ). Som andre landsvistbrev er dei innsegla av kanslaren Morten Krabbe, og truleg skrivne ved Mariakyrkja i Oslo; språkleg har dei såleis inkje med korkje erkebisen sjølv eller erkesetet i Nidaros å gjera. Til liks med andre landsvistbrev, er dei skrivne på eit slag norsk – kanskje kunne ein seie forsøksvis norsk.<sup>62</sup>

**Merknader til variablane** Berre I 1072 vantar heilt diftongar, men det er heller ikkje mange potensielle former, mest berre *menigæ* (2gg); eit ord som *theres* går nok attende på norr. *þeirra*, men blir aldri skriva med diftong. Alle dei andre tekstane har døme, men ikkje gjennomført. Spesielt i NgL-brevet er det ikkje mange, men på slutten kjem *ein* (2gg) og *friiheider*, men det er

<sup>62</sup> Språket i landsvist- og gridsbrev frå tida 1345–1567 er nyleg drøfta av Blomqvist (2011).

**Tabell 5.4** Fordeling av variablar<sup>a</sup> i opne brev 1523–1537

DN	1	2	3	4	5	6	7	8
1 1062	Dels	Ja	æ (e)	Nei	Nei	ffw	ff	id
1 1072	Nei	Dels	æ (e)	Nei	(oo)	ffw (ffu)	ff	id
8 658	Ja	Dels	e (æ)	Ja	Dels	ffw/ffu	ff (f)	d(t)
9 690	Ja	Ja	e/æ	Dels	Dels	ffw (ffu)	f (ff)	dt(t)/tt/dh
9 719	Ja	Ja	e/æ	Nei	Nei	ffw/ffu	f	d(t)
9 720	Ja	Dels	e/æ	Nei	Finst	ffu (ffw)	f	dt/tt
9 725	Ja	Ja	e/æ	Nei	Finst	ffu/ffw	f (ff)	d(t)/tt
9 726	Ja	Dels	æ (e)	Dels	Dels	ffu/ffw	ff/f	dt
12 550	Ja	Dels	e	Nei	Nei	ffu	ff	t(t)
1 1084	Ja	Dels	e	Dels	(oo)	ffu (ffw)	f	(d)t
IV 184 <sup>b</sup>	Dels	Ja	e	Nei	Døme	ff(u/w)/u	f	t(t)

<sup>a</sup> For referanse: 1 = diftongar; 2 = lenisering; 3 = endingsvokalar; 4 = palatalisering av velar; 5 = markering av lang vokal; 6 = <ffw/ffu/w>; 7 = <f-/ff->; 8 = supinum.

<sup>b</sup> Dvs. NgL 2. r. IV 184, teksten er ikkje trykt i DN.

øg mange former med <e> (*menig*, *-het*). Dette brevet er eit nokså audmjukt brev der Olav lovar å godta Kristian III som konge.

Alle har i nokon mon markert lenisering. Det er likevel unntak, og ord som *hoop*, *aapenn* i VIII 658 (det siste i kontrast til *obne* same stad) vil normalt ha skrivemåtar med <b> i dansk. Somtid er det ikkje mykje å byggje på, t.d. har I 1084 av relevante former berre *obne*, *maathe* og *naagett*; IX 720 har *vplathe* (vel fordi det er lånt frå lågtysk *uplaten*, men døma hjå Kalkar **oplade** har stort sett <d>), *betre* (men *obne*, *vndenthagen*). Nokre av dei same orda går att, t.d. har IX 726 òg *bætre* (og dessutan *maathe*), men *obnæ*. Unntak finst elles spreidd omkring, t.d. *vboteligæ* (I 1072), *maathe* (IX 690), *køpstem(b)næ* med <p> (to gonger i IX 719).

Som endingsvokal vekslar <e> og <æ> i dei fleste tekstane, men legg merke til at <e> er gjennomført i dei tre yngste.

Dei fleste døma på markert palatalisering er ordet *kiere(ste)*; av dei som har døme er det berre dei to eldste som her skriv <ke>, resten har <kie> (eventuelt med <æ>). VIII 658 skriv konsekvent <kie> i *kiere* og avleiingar, men har derimot *tiilkenne*; IX 719 har fleire typiske døme på manglande markering (*gøre*, *kendnes*, *køp-*), men éin gong *fylgier*. IX 720 viser varierende skrivemåtar med *wilgie* og *wwiliæ* (< norr. obl. *vilja*); desse døma tyder på at <gi> her er skrivemåtar for /j/.

Det er nokre spreidde døme på markeringa av lang vokal, men ikkje meir. Dobbelskriving av *o* ser ut til å vera gjennomført for /o:/ i VIII 658 og IX

690 (dei har dessutan høvesvis *leen* og *leerdom*); eit par andre tekstar har òg døme, men ikkje like systematisk. Helst er det einstavingsorda *boo* og *troo* som har desse formene. I 1084 har fleire døme, men usystematisk: *hooss*, men *gode*. IX 720 og 725 skriv *haedt* ‘hat’ med ⟨ae⟩ for /a:/ i motsetnad til den vanlege ⟨aa⟩ som elles står for /ɔ:/, dels i veksling med ⟨o⟩ (t.d. *laaffwer/loffwe* i I 1062, *naagen aapenn breff* og *eit aff szamme hans naadis obne matt. besiigde breff* i VIII 658). IX 726 har éin gong ⟨aae⟩ (*raaedz*), men skriv òg ⟨aa⟩ for lang vokal. NgL-brevet ser ut til å ha éin gong ⟨ae⟩ for /a:/: *mett raad oc daedt*, og har éin gong ⟨ee⟩ i *skee*.

I skrivemåtane ⟨ffw/ffu⟩ og ⟨ff-/f-⟩ ser derimot dei fleste av desse tekstane ut til å vera inkonsekvante, og baa varianter finst. IX 726 har ⟨u⟩ i lånordet *leuerere* (lty. *leverêren* ‘betale, utgje’). NgL-brevet har både ⟨ffw⟩ og ⟨ffu⟩, men i tillegg ⟨u⟩. I *reuerentz* og *privileger* kan det nok koma av at det er lånord, men det er òg skrive *pauelig* og *høwitzmand* (for så vidt lånord, men gamle og veletablerte), der denne skrivemåten ikkje er vanleg elles.

Endingane i supinum ymsar ein del, med varierende ⟨-d/-dt/-t⟩. Det kan sjå ut som det er former med ⟨-t⟩ som er ekspansive, og dei dominerer absolutt kvantitativt. Dette må likevel vera ein rein skriftkonvensjon, noko som er heilt tydeleg i *flydt* ‘flid’ i NgL-brevet.

**Ymist anna** Somme av desse tekstane merkjer seg ut med ⟨sz⟩ (t.d. *szende*, fleire døme i VIII 658, IX 690, IX 720 og IX 726, så vidt i IX 725), ein skrivemåte som ikkje er fonologisk motivert, men visstnok er innført i dansk frå lågtysk (Hansen 1971: 459). Dette kan forklare kvifor eitt av dei to døma i IX 725 er i lånordet *fortørnilsze*.<sup>63</sup> Dei fem breva i DN IX skil seg dessutan frå dei andre ved å veksle mellom ⟨v⟩ og ⟨w⟩ først i ord (t.d. *witterligt* og *vissen* i IX 725), medan dei andre gjennomfører ⟨w⟩.

I 1072 har *honnom* med rotvokal ⟨o⟩. Ingen av dei andre tekstane har døme på ordet. Kunngjeringane har naturleg nok ikkje døme på *eder*, men VIII 658 og IX 690 er stila til ålmuge: Baa skriv *ether*, VIII 658 vekslande med *edher*.

NgL-brevet skriv *icche* og *samtycche* med ⟨cch⟩, ein skrivemåte som særmerkjer fleire av dei seinare breva (jf. over om sendebrev).

Somme av breva har døme på ordparet *verða/blífa*, og skiljet følgjer i hovudsak det lågtyske føredømet, dvs. *verða* som hjelpeverb (pres.pl. *worde* som kopula i VIII 658, pres.sg. *worder* i futurum i IX 725) og *blífa* i tydinga ‘forbli’ (inf. i IX 720, 725 og NgL-brevet) samt det faste uttrykket *slagen bleff* i NgL-brevet.

<sup>63</sup> Elles finn me ofte ⟨z⟩ for /s/ i sambanda ⟨tz⟩ og ⟨dz⟩, men ⟨sz⟩ i andre omgjevnader er meir sjeldsynt.

**Oppsummering** Prøver ein å lesa ei kronologisk utvikling ut av dette, er den tiltakande bruken av ⟨e⟩ tydelegast. Det ser ut til at ⟨ffw⟩ tek over for ⟨ffv⟩, sjølv om baa variantane er i bruk, og berre dei to eldste tekstane har *-d* i supinum.

### 5.4.3 Utkast

Ser ein nøgnare på dei tekstane eg sorterte som utkast i tabell 5.2 over, kjem det fram at alle er frå same tid, oppgjeret i Trondheim hausten 1532 etter Kristian IIs oppreist. Somme av desse dreier seg om utkast til gøynde brev og blir handsama samla i § 5.5.3. Eit kjenneteikn ved tekstgruppa er at delar av formelverket har vorte sett til i reinskriфта, den sida ved brevskikken tek eg altså opp i § 7.1.3. Sidan alle er samla innan eit tidsrom på eit par månader, er det liten grunn til å leite etter kronologisk utvikling, og eg har difor ikkje sett opp noko tabellarisk oversyn likt dei andre brevgruppone.

Det er dess mindre grunn til det ettersom dei aller fleste tekstane her etter mi vurdering er skrivne med same hand. DN uttrykkjer seg svært forsiktig i saka: Ved nummera i DN VIII (samt M3991) er erkebispfen føreslege, medan «Erkebispens Skriver» er føreslege for XII 518; dei andre har ingen merknad om skrifvarhanda. Det er likevel både ortografiske og paleografiske særdrag som tyder på skrifvarfelleskap, men da kan det ikkje vera erkebispfen sjølv, jf. ein merknad om «myn herre» i IX 722, men kanskje ein sekretær.<sup>64</sup> Skrifvaren har stor sans for ⟨gg⟩; i desse tekstane, men ikkje elles, er namnet åt Vincens Lunge skrive ⟨lunggæ/-e⟩.<sup>65</sup> Denne skrifvaren har òg skrive notata DN XIV 552, VIII 659 og M3984 (ei avskrift av utkastet M3280), samt sendebreva IX 670 og XXII 177. Dei einaste av tekstane eg har gruppert som utkast som ikkje er skrivne med denne handa, er M3278a og M3278b.

Reint paleografisk har fleire av desse tekstane tydeleg kladdepreg, med ei uvørden skrift som stundom er vanskeleg å lesa. Det er dessutan talrike overstrykingar og rettingar, dels i teksten, dels i marginen og under, som viser koss dei har inngått i ein tekstformingsprosess. Til DN II 1106, som er eit utkast til eit ope brev, finst det òg eit tidlegare, førebels utkast.

**Språklege merknader** VIII 696 har alltid diftong i artikkelen *ein* og somtid elles, men ikkje i former som *-ledes/mere* der det ofte er skrive elles; M3991 har same mønster, med *ein*, *-heit* men *menigæ* o.l., og slik fortset det.

<sup>64</sup> DN har òg andre stader teke ein skrifvar for å vera erkebispfen sjølv, jf. note 1 til NgL 2. r. IV 172.

<sup>65</sup> Skrifvemåten finst òg i DN XII 523, ei avskrift av truskapsbrevet frå erkebispfen til kong Fredrik <sup>6</sup>/<sub>10</sub> 1532. Avskriфта er truleg dansk, men i så fall kan denne forma *lwngge* vera frå ein no tapt original.

VIII 696 har i prinsipp gjennomført lenisering, men forma *vpbraaten/-it* har alltid <t>; det er òg skrive *riked* med <k>. Motsett finn me òg neste steg i leniseringa, plosiv til frikativ, i *køffstadz*. Liknande, spreidde unntak finst rundt omkring.

Avstikkande former som *slodzlaaken* ‘slottsloven’ (ɔ: rådvælde over eit slott/len, frå lågtysk *slot(es)love*) i VIII 696 og *peplictæ* i IX 721 kan kanskje tolkast som uvisse når det gjeld nett desse ljod–bokstav–korrespondansane, men det er lite å byggje på. I VIII 696 og 700 finn me ordet *tiith* ‘dit’; den aksepterte etymologien er at det kjem av norr. *þí at*, og me har elles sett att eldre /θ/ kunne skrivast <t> ei tid før <d> tok over (mest typisk *tesse*).

Alle utkasta har like mykje <æ> i endingar som <e>, VIII 696 har jamvel éin gong <a> (*meniga*). Det gjeld òg dei to dokumenta av annan skrivar (M3278), med døme på både <a> og <æ>, t.d. i *gleidia/gleidiæ* (verb) med diftong (< norrønt *gleðja*). Diftongiske former av *glede* (oppstodde ved bortfall av [ð]) er kjende frå seinare dialektar (NO, setelarkivet, **gleda**, jf. substantivet **glede**), så det kan vera ei reell talemålsform.

Det einaste dømet eg har funne på markert palatalisering av velar, er *bekiendæ* i eit tillegg til VIII 698. Det er elles ikkje mange potensielle former i det heile.

Som vanleg er det berre spreidde døme på markering av lang vokal, t.d. berre *boo* i VIII 700, berre *hoos* i XII 518 (som dessutan ser ut til å vera feilskrift for *oss*) og berre to gonger *thee* i VIII 705. Dobbelskriving <ii> finst her og der, og iallfall i alle dei fire første tekstane representerer det alltid lang vokal, sjølv om ein lang vokal òg kan bli attgjeven med <i>.

Bruken av enkel <f> først i ord er noko av det som tydeleg skil M3278 frå resten, som har dobbelskriving. Konsekvensen kjem klårt fram når jamvel avstytinga *Ff* (i fleire av tekstane for *Ffræderich*, somtid utskrive slik) har <ff>; når det éin gong i VIII 698 er skrive *feligæ* kan det vera rein gløymse (eg rekna 43–1, M3991 har eit liknande einsleg unntak). Mellom vokalar er <ffw> langt det vanlegaste. Unntaket *skreffit* i IX 721 kan vera rein skrivefeil, heile utkastet ber preg av å vera kladd, men slik kan ikkje *eftherleuerske* i IX 722 tolkast. M3278b har òg eit mogleg unntak frå dei vanlege skrivemåtane med *arffinngher*, men handskrifa er svært utydeleg og det er kanskje mogleg å lesa *arffuingher*.

Som supinumsending er <d> vanlegast, men både <t> og <tt> finst. M3278a har berre <t(t)>, og denne teksten var som nemnd skriven av ei onnor hand enn dei fleste andre.

Pronomenet *eder* er alltid skrive med <d>; det er òg eit par døme på *honom*, og da med norsk <o> i rotstavinga.

#### 5.4.4 Notat

Eg har sett denne nemninga på ymse skriftstykkje som ikkje er direkte knytte til tradisjonelle brev (som utkasta er), men heller ikkje til den økonomiske administrasjonen av erkesetet. Dei utgjer ei mangfelt gruppe av interne avskrifter for arkivføremål og notat av anna slag. Det som særmerkjer dei, er først og fremst at dei ikkje var meinte for offentleggjering på noko vis, men var reint interne skriftstykkje utan interesse ut over innhaldet sitt. Difor vil ein a priori vente meir talemålsinterferens i denne teksttypen enn elles (jf. diskusjonen i § 3.3.1). Eg har halde meg til notat med sikker tilhøyrsløse til erkesetet, og altså ikkje teke med avskrifter av brev av uvisst opphav, sidan skrivemåtane der kan vera ei blanding av eigen stil og førelegget. Difor fell t.d. DN XII 547–549 utanfor, men XII 548 er omtala i § 5.5.4.

Notata til Bud-møtet er stutte og gjev knapt grunnlag for å identifisere variablane, og er difor ikkje tekne med i tabell 5.5 (men blir omtala samla under). DN XXII 273–274 er kopiar til Eske Bille av brev utferda av riksrådet på Steinvikholm <sup>19</sup>/<sub>11</sub> 1534. I praksis var berre erkebispem og Nils Lykke til stades (Hamre 1998: 614f; jf. DN XVI 570, ei avskrift av eit tilsvarande brev frå Olav og herr Nils). Hamre meiner Nils Lykke kan ha konsipert breva, men ortografien viser klårt at dei to avskriftene er gjorde av ein skrivar på Steinvikholm, sidan dei er omtala i DN XXII 272 frå erkebispem til Eske Bille same dag; herr Nils sende eit eige brev til herr Eske dagen før (DN XXII 271).

**Merknader til variablane** Diftongar er stort sett gjennomførde, men somme dokument har ein del unntak og XXII 285 er heilt fritt.

Jamt over er plosivane leniserte, men av unntak har t.d. IX 612 *griipe*, X 578 *riike*, M4097 *viiken* ‘Vika (området kring Oslofjorden)’ (men to gonger med ⟨g⟩), XXII 273 *diipe* og *skiip*; XXII 285 har derimot vidareutvikling til frikativ, t.d. *skiiff* ‘skip’. Både XXII 273 og XI 621 skriv fleire gonger *wttan/vttan* med ⟨tt⟩ og fullvokal.

X 578 har formene *berghenæ/berghena* med ei litt uventa ending (DN gjev òg «Bergen», men skrivemåten der er avstytt, og «Beren», men der står det faktisk *berenæ*). Same tekst har òg *era* i fleirtal (subjektlaus samanliknande undersetning: *... en ssom beskicke<sup>t</sup> era j Sveriges riike*), så det tyder like mykje på forvirring som talemålsinnslag. XXII 285 har i DN-utgåva pl. *fædra*, men ordet kan lesast *fædræ*<sup>66</sup>, ei form som fanst i dansk (GG III § 473,5–6). Som me før har sett, vinn ⟨e⟩ over ⟨æ⟩ som endingsvokal etter kvart, men over helvta av desse tekstane har ein god del ⟨æ⟩.

<sup>66</sup> ⟨a⟩ blir helst skriven som ein moderne kursiv *a*, medan ⟨æ⟩ blir avslutta med ein tydeleg strek skrått ned og ein prikk over denne streken. Her vantar prikken, men avslutningsstreken er klår og ulik ⟨a⟩, så skrivaren har helst gløymt prikken.

**Tabell 5.5** Fordeling av variablar<sup>a</sup> i notat 1523–1537

DN	1	2	3	4	5	6	7	8
14 552	Ja	Ja	e, æ	Nei	Nei	ffw (ffu)	ff (f)	t (d)
M2268 <sup>b</sup>	Nei	Ja	e	Ja	Finst	ffu	f	t (tt)
9 612	Ja	Ja	e/æ	Nei	Finst	ffu (ffw)	f (ff)	dt
10 578	Dels	Ja	e/æ (a)	Finst	Finst	ffu	ff (f)	t (d)
8 659	Dels	Ja	e, æ	(—)	Finst	ffw	ff (f)	d
12 517	Ja	Ja	e, æ	(—)	Finst	ffw (ffu)	ff	(tt)
8 707	Dels	Ja	e/æ	Nei	Dels	ffu (ffw)	f/ff	dt
M3984	Dels	Ja	e, æ	Nei	Finst	ffw	ff (f)	d
10 674	Ja	Ja	e	Nei	Finst	ffu (ffw)	f (ff)	tt (t)
M4097 <sup>c</sup>	Ja	Ja	e	(—)	Nei	ffu (ffw)	f (ff)	t
22 273	Ja	Ja	e	Dels	Finst	ffu	f (ff)	t(t/dt)
22 274	Ja	Ja	e	Ja	Finst	ffu	f/ff	tt (dt(t))
11 621	Ja	Ja	e	Nei	Finst	ffu	ff	t
22 285	Nei	Ja	e	Nei	Dels	ffu (ffw)	f (ff)	t (dt/tt)

<sup>a</sup> For referanse: 1 = diftongar; 2 = lenisering; 3 = endingsvokalar; 4 = palatalisering av velar; 5 = markering av lang vokal; 6 = ⟨ffw/ffu/w⟩; 7 = ⟨f-/ff-⟩; 8 = supinum.

<sup>b</sup> Eit hefte med fleire avskrifter (sjå § 7.1.1); her er DN XIV 576 og 600 samt merknadene i heftet vurderte.

<sup>c</sup> Eit uttrykt notat om stemningar til ein herredag. Udatert, men truleg frå 1534: Trud Ulvstands festekvinne «fru Girwel» er nemnd, og dei vart feste i januar 1534 (DBL XVIII: 69).

Dei færraste markerer palatalisering av velar. X 578 skriv *giernæ* (dømet i DN på *gernæ* er utstroke og vanskeleg å lesa). XXII 273 skriv konsekvent (*tiil*)*kiendne/tilkienne*, men *ker-* og *Køpehaffnn*, i tydeleg motsetnad til *kier-* og *Kiøbenhaffn* i XXII 274 som er den einaste av desse tekstane som gjennomfører trekket.

Noko markering av vokallengd finst spreidd, unnteke XIV 552. VIII 707 har nokså mykje, helst med ⟨e⟩ (t.d. *imoedt*, *fforleent*, *faaet*, men *troo* med dobbelskriving), elles finst spreidde døme. XXII 273 har nokre gonger ⟨ee⟩, men ei form som *godhee* kan vel vanskeleg vera uttrykk for lang vokal, og viser at det ikkje er nokor systematisk attgjeving av uttalen. XXII 285 skriv svært ofte ⟨ee⟩ og den vanlege ⟨ii⟩, do ikkje konsekvent; det er få døme med andre vokalar, men ⟨uu⟩ (*wdtguudelse*) finst.

I skrivemåtane med ⟨f⟩ er det overvekt av ⟨ffu⟩, og dette er tydelegare i dei yngste tekstane. Det går òg fram av oversynet at fleire av dei er konsekvente, medan somme framleis blandar. XXII 273 og 274 har ein skilnad mellom



*høffwitzmand* og *høwitzmand*, opphavet i lågtysk *hovetman* kan vel forklare skrivemåten med ⟨w⟩; det same gjeld *offwerleuerett* i XXII 285. Det er vanskeleg å lesa nokon trend eller utvikling inn i tilhøvet mellom enkel og dobbel *f* først i ord, og dei fleste skrivarane kan ha baa variantar.

I supinum er *-t(t)* det normale, men dei fleste av tekstane ymsar noko. Av dei stuttare er det ofte svært få døme å byggje på; i XII 517 er det ingen døme på dei tostavingsformene eg vanlegvis ser etter, men einstavingsforma *giortt* har ⟨tt⟩. Det treng ikkje tyde at skrivaren alltid føretrekkjer ⟨tt⟩, for VIII 659 har tostava supinum på *-d*, men likevel ⟨tt⟩ i einstavingsformer som *vpbyggtt*, *tilsagtt*; tilsvarande har M2268 tostava former på *-t(t)*, men *-dt* i einstavingsformer (*skeedt*, *spurdtt*, jf. òg *ordt*, *gudt*, *budt*). Dei lange tekstane XXII 273, 274 og 285 har det største utvalet av variantar, men syner likevel ein klår tendens.

**Ymist anna** Av dei interessante pronomenerne har dei fleste *eder* (døme i XIV 552, X 578, XII 517, M3984 og XXII 274<sup>67</sup>). VIII 707 og XXII 273 skriv *ether*, medan XXII 285 skil seg ut med *etther* og ein gong *edther* (jf. dei yngste sendebrev). Dei fleste av tekstane med relevant døme skriv *hon(n)om*, med døme i XIV 552, IX 612, X 578, XII 517, VIII 707, XXII 273 (ein gong *hannom*) og 274. Attåt det eine dømet i XXII 273 skil XXII 285 seg ut med *hannom*.

XXII 285 er skriva på sjeldan rein dansk, men ei form som *olmwgen* må helst vera norsk, med den vanlege samanblandinga av ⟨o⟩ og ⟨aa⟩ for /ɔ/, jf. nynorsk *ålmuge*, sjølv om den vanlege skrivemåten i tekstane er med ⟨a⟩. Heftet M2268 er derimot fritt for norvagismar, så vidt eg kan sjå, og gjennomfører jamvel *søn* med ⟨ø⟩. I DN XIV 600, som inngår i M2268, er det trykt *heim*, men det er lesefeil; originalen har *hiem*.

Motsett har XI 621 (grunnar til at leidet Nils Lykke hadde, ikkje kunne haldast) fleire norske former. Det er noko uklårt kvifor dokumentet er sett opp; DN gjettar at det er ei avskrift av eit elles ukjent brev, men det kan like gjerne vera eit utkast eller berre eit notat til bruk i rettssaka.<sup>68</sup> Her finn me meir diftongar (*eyn*, *eit*, *meynig*, *weit* (pres.), *redelighet*) enn elles, fullvokalar (*wttan(n)* fleire gonger, *innan*), og dessutan norske former som *tiore*<sup>69</sup> ‘tjøre’, *honom* og *leet*<sup>70</sup>. Den same fortidsforma finn me òg i ei påskrift

<sup>67</sup> XXII 274 har variantane *edher* og (possessiv) *eidens* ein gong kvar; den siste forma er kanskje påverka av neste ordet: *eigenn*.

<sup>68</sup> Soga om Nils Lykke er velkjend. I det han kallar «nokre hovudpunkt» skildrar Hamre (1998: 639–644; 668–674; 713) lagnaden hans med grundige kjeldetilvisingar.

<sup>69</sup> Lesefeil i DN, som trykkjer *tiere*.

<sup>70</sup> Preteritum av *lata* med ⟨e⟩ finst i dansk i høgda i runeinnskrifter (GG VI § 693,1), sidan verbet tidleg slutta seg til sjetta klasse av sterke verb med fortidsformer på /o/ (GG VI

«med Erkebispens Haand» på DN VII 614: *vm wort skip som her Vincencius leet forbyggæ*. XI 621 har dessutan inf. *aage* ‘eige’, som vart omtala i § 5.1.3 (s. 74). Forma *namff* kan kanskje vera påverka av ei norsk form /namn/ e.l., Kalkar har iallfall ingen døme med <m>.

**Notata til Bud i 1533** DN X 670–674 er knytte til herremøtet i Bud på ettersommaren 1533. 670 er ei liste over ferskmat erkebispemenn fekk med seg på reisa dit, og er vel helst eit rekneskapsnotat etter inndelingar mi. Dei fire andre dokumenta er notat til saker som skulle diskuteras på møtet, der dei tre første visst har danna grunnlaget for utforminga av 674 (Hamre 1998: 561). 671 er òg trykt som NgL 2. r. IV 172; det er Vincens Lunges notat, men har eit supplement av to hender som bære finst i OER. X 672 er erkebispens notat, i all hovudsak på latin (jf. § 6.2.1). Det er noko uklårt om notatet eigentleg er til dette møtet eller eit tidlegare, utan at det gjer så stor skilnad i vår samanheng. Det same gjeld 673, som DN gjettar er for bisp Hoskuld i Stavanger, men som visst skriv seg frå erkesetet (Hamre loc. cit.). 674 er òg trykt som NgL 2. r. IV 171, og skriv av ei hand som finst i OER og dessutan i supplementet til nemnde 671; gissinga i DN om at det har vore bisp Olav i Bergens notat, er altså feil (sjå NgL og Hamre loc. cit.).<sup>71</sup>

DN X 674 har dei vanlege norske diftongane, t.d. *ein*, *hweythe* (kornslaget), *friiheither* to gonger<sup>72</sup>, og dessutan ein del norske ordformer, som supinum *woritt*,<sup>73</sup> *siølfue* (pl.), *brwer och weygher* (vokalen i *brwer* er nok norsk, og skrivemåtar med <eygh> er sjeldsynte på dansk: der er det vanlege <ey> eller <eg(h)>, der <g(h)> er skrivemåte for ein frikativ, jf. Kalkar **veg** [vej]). Det litle supplementet til X 671 har nokre av dei same trekka: diftongar, <g> i *solestwge*, *herremøthet* (Vincens Lunge i hovudteksten skriv *herremøde*) og forma *kerka friid* ‘kyrkjefred’.

### Avskrifter av danske brev

Norske avskrifter av danske tekstar kan fortelje mykje om haldninga til rettskriving, og eg skal stutt nemne nokre slike døme. DN XIV 684–687 er avskrifter av brev frå Vincens Lunge i samband med ein strid om Jamtland

§ 691), ei form XI 621 òg har på sida etter: *loot*, jf. *holder*, *holdit* med tilsvarande vokal.

<sup>71</sup> Dette må vera spesifikt til Bud-møtet, for eit punkt «om reynnkallfwe» finst både her og i supplementet til X 671. Som NgL påpeikar, var reynskalvar neppe ein attergangar på politisk topplan, så dei to notata må høyre saman.

<sup>72</sup> DN les *friihetther* nedst på pag. 1. Jamvel om prikk over i-en vantar, er ikkje bokstaven utforma som nokon <t> heller, så det er nok <i> (jf. lesinga i NgL).

<sup>73</sup> Det er vel helst ei norsk form; Brøndum-Nielsen nemner einstaka døme på partisipp med *o* i dansk, men langt det vanlegaste var *a/æ* og seinare *e* (GG VI § 640,1 med merknad 2).

i 1530; saka er skildra av Kolsrud (1922). Alle desse avskriftene er fornorska av avskrivaren, for breva frå Vincens Lunge er alltid på dansk (op. cit.: 148). Det dreier seg helst om dei vanlege formene: Mange diftongskrivingar, nokre ustemde plosivar (t.d. *noker*) og dessutan ei særprega form *eckie* ‘ikkje’ som berre finst spreidd i fire andre dokument i DN. To av desse dokumenta er etter DN innsegla av bisp Mogens i Hamar og venteleg ikkje knytte til erkesetet, men avskrivarpraksisen er prinsipielt interessant.

**Recessen frå mars 1523** Det utrykte dokumentet M399 har påskrifta *Thette ær then Recess som konnung Frederich haffwer vtgiffwidt Danmarcis Rigis Raadh* og er på pag. 25 dagsett  $26/3$  1523. Pag. 2–25 er altså ei avskrift av den førebels handfestinga Fredrik I ferda ut i Viborg den dagen, og som vart stadfest med ei endeleg handfesting som var «heilt ut lik» i Roskilde  $3/8$  same år (Hamre 1998: 194). Resten av dokumentet inneheld tillegg til handfestinga om kyrkjelege saker; opphavet er uvisst, men skrifta er litt meir uvørden, så det kan vera eit utkast til tillegg.<sup>74</sup> Eg har ikkje greidd å finne originalen til denne førebels handfestinga, men me må rekne med at ho var skriven på vanleg dansk; korgje av dei to versjonane er trykte i NgL. Det er òg nokså usikkert koss avskrifta kom til Trondheim, og kven som skreiv ho.

Kong Fredrik ferda  $24/11$  1524 ut ei eiga norsk handfesting (trykt som DN VII 594 og NgL 2. r. IV 93), som «i et og alt var lig hans danske» (Arup 1932: 425).<sup>75</sup> Handfestinga er trykt etter pergamentoriginalen, og det finst dessutan ei papiravskrift (M915).

Originalen til M399 er altså ukjend, men må ha vore på dansk; han var sannsynlegvis skriven av Århus-bispen Ove Bille (Arup 1932: 399). Avskrifta er tydeleg fornorska: Dativformer som *udj allom syne artikeler* (pag. 2); spreidde skrivemåtar med ⟨p, t, k⟩ som *aapenbarligh* (pag. 2), *fiskewatenn*, *ffaticck eller riick* (pag. 7), *sack* (pag. 8; *sagh* t.d. pag. 23), *hwldskap oc mandskap/hwldskaff mandskaff* (pag. 24), *Ridderskapet* (pag. 12); diftongar i *frii|heither* (pag. 2), *ein* (pag. 3), *eigit* (pag. 5), *ythermeire* (pag. 6 og andre stader, alltid skrive slik), *alleineste*, *einmerckie* (pag. 6), *meinige* (pag. 9), *æydh*, *eyth* (pag. 10), *æigne* (pag. 13), *eigedom* (pag. 14); nemneverdige er òg former som *weger* (pag. 19) og *honom* (pag. 20). Det er merkande kor konsekvent avskrifta er; dei ubundne artiklane har t.d. alltid ein skrivemåte med diftong (vokalen ymsar), *meinige* (*Rüigens Raadh*) finst mange gonger, og alltid skrive slik. Ein inkonsekvens er inf. *vare* (pag. 18) mot elles *vere*.

<sup>74</sup> Det norske riksrådet sende forslag til ei norsk handfesting sommaren 1524 (NgL 2. r. IV 73 og 77), men eg finn ikkje att punkta der.

<sup>75</sup> Ei innleiing med åtak på Kristian II, skriven av Povl Helgesen (Arup 1932: 400), er derimot ikkje med i den norske handfestinga.

**Avskrifter av riksrådsbrev** I Münchensamlinga finst det fleire avskrifter av riksrådsbrev frå den aktive tida i 1533–34. DN VIII 717–718 er frå riksrådsmøtet i Bud på ettersomaren 1533 (berre 717 er dagsett, til  $\frac{4}{9}$ ). Båe er skrivne på reinare dansk enn me ofte finn elles, men det er uvisst kven som har gjort avskriftene.

DN X 677–678 og XII 547–549 er utferda av erkebispem, Nils Lykke og Johan Krukow i Bergen  $\frac{23}{6}$  1534. X 677–678 finst båe som utkast skrivne «med Hr. Esge Bildes Skrivners Haand og rettet med Hr. Nils Lykkes», seier DN. Sjølv om X 678 formelt er sett opp som eit sendebrev frå erkebispem, og dessutan signert av dei to andre riksrådane, har dei såleis lite med erkesetet som skrivemiljø å gjera, og språkforma er reint dansk. XII 547–548 er avskrifter, der 548 har nokre fleire norske målmerke enn 547 (sjå § 5.5.4 under om XII 548 i høve til originalen). XII 549 er eit utkast til diplommet trykt som DN XVI 567, som har fleire norske målmerke enn utkastet. Både VIII 718 over og XII 549 skriv *etther* og har dei særprega <cch>-skrivemåtane eg fann i dei seinaste sendebrevane. XII 549 har eg sett i original, og det ser ut til å vera same hand som i sendebrevane DN XII 562 og 563, men i slike tilfelle kan nokre skrivemåtar naturlegvis vera overførde frå originalen.

**Kva fortel dette?** Det ser iallfall ut til at det enno så seint som i 1524 var naturleg å fornorske skrivemåten i avskrifter av danske brev. Hagland (1976) har vist at skrivarane gjerne endra sjølve ortografien, om dei følgde ein original ord for ord, jamvel i innsegla, offisielle vidissar. Det same viser avskriftene av breva frå Vincens Lunge, sjølv om dei truleg er gjorde i Hamar, ikkje ved erkesetet.

Slik er det ikkje i 1534, iallfall ikkje i same grad; men det er noko uvisse kring kven som har gjort avskriftene. DN X 677 og 678, utforma som offisielle sendebrev frå erkebispem, men etter DN skrive med påhalden penn, viser iallfall kor viktig det er med ei filologisk gransking av kvar tekst før ein gjev seg til å studere eit skrivemiljø.

#### 5.4.5 Administrative skriftstykke

Her skal eg sjå på språket i OEJ, OER og nokre tekstar i DN av same slag (sjå tabell 5.2 på s. 102). Problemet med ein del av desse i ei språkleg undersøking er at dei ikkje har mykje samanhangande tekst; stundom kan ein do finne interessante former av einskilde leksem, om det er vandt å generalisere over språkbruken. Eg greier difor ut om utvalde fenomen og ser nærare på einskilde skrivarar. Sidan skrivarhendene i bøkene stort sett er identifiserte, er det

mogleg å sjå etter om same skrivar held seg til same språk og stil, og dessutan blir eit hovudpoeng om språket her skil seg frå diploma.

### Stadnamna i OEJ

Ein stor del av teksten i OEJ er gardsnamn. Desse er stort sett skrivne på norsk, utan den danskinga av namna me kjenner frå seinare tider (jf. Indrebø 2001: 271f). Gode døme kan vera talrike namn på *-wick(en)*, og former med diftong som *Geiitesøin* (pag. 24, merk òg konsonanten) og mange andre. Somme former har likevel fått ei meir dansk form, som *Rødesage* (Røsåk i Sandøy, pag. 13) og *Kraagefiord* (pag. 28). Det mest typisk danske trekket er at det er skrive ⟨e⟩ for trykklette fullvokalar; «i dette stykket er boki røyngleg i hovudsak dansk» (Indrebø 1927: 147). Ei form som *gard* med ⟨a⟩ er rett sjeldsynt, men finst t.d. på pag. 120; vanleg er det skrive *gord/gaard*. Det er elles noko variasjon i boka og lausblada som ligg ved, t.d. nemner Indrebø (1927: 147) sidone 86–89 (lausblad IV) av hand F som «eitt av dei som er sterkast dansk-lita» i boka.

Ein språkleg detalj er at det mest alltid er skrive *øre* i måleininga, diftongskriving, som t.d. *øyre* av hand C på pag. 127, er reine unntak. Fleire skrivarar kan ha baa former, t.d. skriv hand B i tillegg VII om *vj Romsdalsøyre som gøre viij Trondelagxøre*.

Indrebø (2001: 271f) kommenterer at dei norske formene i OEJ gjerne er nynorske, der dette står i motsetnad til gammal- eller mellomnorsk. Slik sett kan denne jordeboka vera terminus ante quem for mange av dei ljodendringane me kjenner i overgangen til nynorsk mål. Ei rekkje gardsnamn viser overgangen norr. /hv/ > nyn. /kv/. I AB finst berre skrivemåtar med ⟨hw⟩ e.l., medan OEJ gjerne har ⟨qu⟩. Spreidde skrivemåtar som viser til /kv/ viser seg frå første del av 1300-talet i norske tekstar (Indrebø 2001: 220), men i skriftspråket frå erketet har eg berre funne døme i desse stadnamna og eit par former i OER (sjå under). Derimot finst det hjå meir urøynde skrivarar; t.d. har DN XI 627, Austrått <sup>20</sup>/<sub>8</sub> 1535, som kanskje er skrive av fru Ingerd sjølv, *quat* (fleire gonger) og *qwylken*.<sup>76</sup>

<sup>76</sup> Sjå elles Berg (2011: 28f) om dette brevet. Der kalla eg *qwylken* ein hyperkorreksjon, men forma kan vera ljodrett frå norr. *hvílikr*, og såleis stå imot austnordisk *hulken/hvilken*. Når Særheim (2011: 118) nemner *qvilken* i Jacob Raschs omsetjing av Romarbrevet til sørvestlandsk (ikring 1698), kan det gjerne vera ein hyperkorreksjon, basert på korrespondansen mellom norsk /kv/ og dansk /v/ (⟨hv⟩). Men kvifor skulle skrivaren av eit brev i 1535 hyperkorrigere til ei norsk talemålsform, som neppe var prestisjevarietetet? Dette dømet kan vera eit argument for at *hvílikr*, kjent berre frå lærd stil i norrønt (Nygaard 1905: § 264, jf. § 254), faktisk har ått rom i talemålet og følgt vanleg ljodutvikling. (I så fall med *-n* frå akk. eller dansk, men viss dansk først var førebiletet, kunne ein vel like gjerne vente *hvilken*.) Eit anna alternativ er at /kvilken/ har vore ei

Eit par stader ser det jamvel ut som teksten gjev att trøndske jamningsformer, i gardsnamna *Asguttu* (pag. 99, tillegg av ei udefinert hand), dvs. Aspgutu i Frosta (NG XV: 68), og *Woku/Voku, Vuku* (pag. 130, 132), *Vuku* i Verdal (NG XV: 135). Aspgutu er ikkje kjend tidlegare, men *Vuku* er nemnd hjå AB (s. 26) i forma *Af Myklauako*, tilsvarande i SL *Af Myklewako* (pag. 10). Ein omvend skrivemåte som *Yrgens prestegeld* (pag. 26) viser palatalisering av /g/; det same kan gjelde veksling mellom *marchleige* og *marchleiæ* (pag. 28, 30), men nett desse formene er samstundes variasjon mellom norsk og dansk (jf. § 5.5.3).

Fleire plassar er *kuernestød* (< norr. *kvernustóði*, nøyt.) omtala. Der artikkelen er med, er han pussig nok alltid *ein* (t.d. pag. 30 og 33); den einaste fleirtalsforma tyder derimot på nøytrum: *Tuo quernested* (pag. 158). Unnteke dette dømet og éin gong *kuernestad* (pag. 29, men der utan artikkel) er vokalen alltid <ø>, så det er neppe samanblanding med *stad*. Det er elles ikkje ukjent at tostava nøytra har falle saman med linne hokjønnsord (det må ha skjedd før apokopen, medan båe substantivklassane faktisk var tostava), og *kvernustóði* har i dag uttalen *stø(e)*. Dei fleste døma i NO (setelarkivet) oppgjev nøytrum, men eit par gonger femininum. Eit genusskifte måtte bli styrkt av samanblanding med norr. *støð*, f. '(båt)stø', som no har uttalen *stø* og er vanleg i samansetjingar (jf. Rygh 1898: 80, som ikkje nemner nett *kvernestød*). Det er såleis mogleg at formene er talemålsformer som viser genusskifte, sjølv om dette ikkje er vorte ålment.

**Variasjonen hjå hand E** Utgjevarane av OEJ kommenterer at språket i den eine teksten hand E har skrive, er meir dansk enn dei andre stykka av same skrivar. Det gjeld tillegg V (eit oversyn over gardar som kom under kyrkja i Erik Valkendorfs tid) i motsetnad til pag. 93–94 i jordeboka (elvar, skogar og vatn i Meråker) og tillegg XI, som kanskje har vore førelegg for tilsvarande del i jordeboka (pag. 37–45 av hand B har nett dei same gardane, jf. innleiinga s. 18\*).<sup>77</sup> Ein markant skilnad er t.d. artikkelen *en/ein*: På pag. 93–94 er skrivemåten <ei> gjennomført; typisk norsk der er dessutan *wat(t)nn* fleire gonger: Ljodendringa /tn/ > /nn/ var longo gjennomført i dansk (GG II § 338,1). Skrivaren veksler mellom <i> og <y> som skrifteikn for /i/, t.d.

norsk-dansk kompromissform i eit høgstatus-talemål blant overklassen, som Austrått-ætta definitivt var ein del av. Spesielt Seip argumenterte for eit slikt høgare talemål (Seip 1954: 192–266), der ein lett kan tenkje seg kompromissformer av denne typen. Tylden (1956: 46) meiner at former som *errss nade* i nett dette brevet viser til pluralis reverentiae i «norsk-svensk høgare talemål».

<sup>77</sup> Indrebø (1927: 147) kommenterer likeins at tillegg V skil seg ut frå språket elles i jordeboka, med di det er «hovudsakleg dansk», medan dei to andre stykka av hand E ikkje er «so mykje fordanska».

*laxeffyske, myle* ‘mil’ pl., *ymoett, heyther, weyde*, mot *heither, fiskee wattnn, igge, weide* o.a.; alle døma på same ord med baa variantane er med her, elles er skrivemåtane gjennomførde for kvart einskilt ord. Tillegg XI er berre ei stutt liste over landskyld nordafor, men det er iallfall døme på diftongar (*eit, ein* og i fleire gardsnamn). Derimot er det skrive *Konswigenn*, men *Wlffwiick* og *Breydwick*; i sjølve jordeboka (pag. 43) *Konswiiken, Vlffwiick, Breidviick*.

Tillegg V skal altså vera meir dansk. Her er monoftongar gjennomførde: *en, heder* (i *leyæ* er ⟨y⟩ konsonantisk av eldre intervokalisk /g/). I motsetning til *gaard* elles, er her skrive *gord* (éin gong *gaard*; det einaste dømet i tillegg XI har *gord*); tilsvarande *rodmand* med ⟨o⟩. Lenisering er for ein stor del markert: *ydermere vduisser* (men òg *vtuisser*), *sagefald, regenskab*. Dette er første gongen eg har notert den oblike forma *ham: en gord jeg vnttæ ham*.<sup>78</sup> Klårt avvikande frå teksten over er *en j meell fran ødegorden*, jf. *myle* og *fraa* over. «Fran» fanst i dansk (Kalkar **fra**), visst helst i sjællandsk (Skautrup 1947: 49).

Desse få døma vitnar om at denne skrivaren evla å tilpasse språkforma si. Det er lite truleg at det er gått så lang tid mellom desse skriftstykkane at me bør rekne med at skrivaren har endra vanane sine umedvite. Tillegg V må vera skrive mellom 1516 og skrivinga av jordeboka, medan tillegg XI truleg ligg tett opp til jordeboka i tid, sidan det er nett dei same gardane og landskylda der som i sjølve jordeboka. Bladet om eigedomane i Meråker er sett inn etter at legget var ferdugskrive, men før den opprinnelege innbindinga (OEJ: 19\*). Indrebø finn forklaringa i nedskrivingssituasjonen: Tillegg V «er ikkje ei vanleg jordebokliste som er avskrift av andre jordebøker. Det er ei nylaga liste etter heimelsbrev o. dil. yver det som var kome under kyrkja i erkebiskop Eiriks tid» (Indrebø 1927: 147). Det knyter seg tett til Erik på fleire vis: Til liks med brev han ferda ut, har det *Iesus* over teksten (jf. § 6.2.2), og bakpå har same hand skriv *Thette ær aff waar forfaders Regenskab bock*.

Dei nynorske namneformene eg nemnde over, til skilnad frå meir tradisjonelle i eldre jordebøker, tyder ikkje på at OEJ er så tett knytt til skriftlege førelegg. Difor må me etter mitt syn søkje andre forklaringar. Som teksttype skil ikkje tillegget seg nemneverdig frå det som gjekk inn i jordeboka, etter det eg kan sjå. Men det kan liggje ei forklaring i måten dansk vart innført ved erkesetet: Språket kom med Erik Valkendorf som ei svært medviten endring av språkleg praksis, ei «change from above» slik Labov (1994: 78) definerer omgrepet. I denne tidlege fasen kan det ha vore oppfatta som viktig å halde seg så nær vanleg dansk, eller snarare erkebispens, skriveskikk som råd var. Etter som skrivarane vart meir vane med å skrive

<sup>78</sup> Forma finst sporadisk i dansk allereie frå ikring 1300, men «Tostavelsesformer er almindelig i Skrift hele den gammeldanske Periode igennem» (GG II § 336,2).

dansk, fekk dei ei meir sjølvstendig haldning til språket og norma opna seg etter kvart for ei meir norskfarga språkføring – iallfall i ein avgrensa sjanger som jordebøker. (Sjå vidare diskusjonen om språkskiftet i § 6.6.)

### OER og rekneskapsnotat i DN

Av dokumenta som er trykte i DN, er det eigentleg berre VIII 582 og IX 738 som har nokor særleg tekstmengd som gjer ei vurdering av dei faste variablane meiningsfull (notisen VIII 726 er ikkje så stutt, men fordelt på tre ulike hender). Ingen av hendene i VIII 582 markerer lang vokal på noko vis; IX 738 har eit par døme på ⟨oe⟩ (*toeg*, *Hoeff*). IX 738 har òg nokså gjennomført skrivemåte ⟨sz⟩ i *tessze*, *szom*, *-elsze* m.fl. (merk samstundes ⟨t⟩ i *tessze* mot vanleg ⟨th⟩; jf. s. 68), ein skrivemåte som òg finst i DN IX 739–740. IX 738 har òg *dhet* med ⟨dh⟩, men vanlegvis *thet* som dei fleste tekstar. Elles har notatet markert palatalisering i *kiøtt*, *kiørleige* ‘kuleige’, norr. *kýrleiga* (men òg *kør* ‘kyr’).

Desse tekstane skil seg ikkje svært mykje ut, men har fleire norske former enn det som er gjengs: Dei har heile tida tydeleg dansk preg, men stort sett diftongar og mange norske former som *honom*, *miøl*, *siølf*, og jamvel den danske innbyggjarnemninga *vennelbu* (frå Vendsyssel, OER: 120) har norsk vokal i *bu*. DN XII 564 illustrerer variasjonsromet godt med ordparet *gedher* – *geit(h)er*. VIII 582 har både *sold* og *seld* i partisipp (høvesvis mask. og fem.), med vokalar som viser til skilnad mellom norsk *e* og dansk *o* (GG VII § 728 med merknad 2). Norske endingar som *buck(k)ar* (DN XII 564) er reine unntak, såleis har same tekst òg fleire gonger *-er* i same ordet.

Ein finn ofte lenisering, mest i vanlege ord, mindre i namn og ord som tydeleg er assosierte med lågtyske. For å ta nokre døme frå VIII 582: *hager*, *krud*, *toge* (pl.), *tellehager* (< lty. *têlhake*, eit skytevåpen), men same stad *kaape*, *beløper* (< lty. *belopen*) og med ei onnor hand i same dokument *Jacop bakere*, *Hans piper* ‘spelemann’. Leniseringa i *tellehager* kan tyde på at skrivaren følgjer dansk meir enn lågtysk, som òg *regenskaffet* (elles oftast *regenskap*) same stad viser.

OER (der inkje anna er sagt, er døma frå OER I) viser mange stader den same variasjonen som VIII 582 i leniseringa, som *skomager* (t.d. pag. 15) mot *skomaker* (t.d. pag. 75). Men *løp* (*bort*) som det somtid er skrive om tilsette som har stukke av, er alltid skrive med ⟨p⟩. Som i dei fleste tekstar er endingsvokalen stort sett ⟨e⟩, men i dekt stilling har me iallfall *gamall* (pag. 6). Diftongen ⟨ei⟩ er vanleg, men ikkje einerådande, såleis t.d. *bleicht* (*lerreff*) (pag. 107) mot *vblect* (pag. 90). Denne diftongen ser ut til å vera vanlegare å gje att i skrift enn /au/, såleis alltid *løp*, dessutan t.d. *løg* ‘laug’ (pag. 25), *slachternøt* (pag. 39). Men nokre døme finst, t.d. *saaud-*



(OER IV: pag. 5, 45; baa døma av hand K) og *søuder* (OER V: pag. 33); i *lourdaghen* (t.d. pag. 39) og i namn som *Goute* og *Toutren* er det alltid ⟨ou⟩. Gjennom heile løningslista er det veksling mellom *skød* og *skeid* ‘skei’ (bruka som verdigjenstandar, så truleg sølvskei e.l.). Eit anna verdimål er mynten *hvid*, men i norsk form: *vij quitther* (pag. 90); i *ij alen quiit kersy*<sup>79</sup> er det vel heller fargen *kvit*, men i baa tilfella er skrivemåten ⟨qu⟩ som må vera norsk.

Der er eit par syntaktiske konstruksjonar med *hans/sin*. OER I har nokre gonger variasjon i uttrykk som (15). Varianten med *sin* er norsk (og svensk), *hans* dansk; seinare har dansk òg fått *sin* i desse uttrykka (Falk og Torp 1900: 134f).

- (15) a. Fic [...] oc vj alen suort edzens klede tiil hans dreng (OER I: pag. 30)  
 b. Fic xx marc pasce tiil seg oc tiil syn karl (OER I: pag. 31)

Denne syntaktiske skilnaden skulle ein tru var under medvitsnivået og kom av høvesvis dansk og norsk skrivar som følgde talemålet sitt. Det er likevel ikkje så enkelt, for skrivaren av (15-a) har i same innførsla den norske forma *siølf*. Me kan her berre slå fast at det fanst variasjon, og at denne kanskje gjekk på tvert av tradisjonelle skilje mellom norsk og dansk.

Derimot må *son hans Laranss y Wluenne* (DN X 670), som er heilt i tråd med norske dialektar, vera talemålsforma åt ein norsk skrivar; teksten har òg talemålsinnslaget *nokon* og jamvel jamningsforma *hugud* ‘hovud’ (pl.).<sup>80</sup> Forma med /g/ er vel parallell med norr. obl. *stofu* > *stugu*; eg noterte over (Bud-notata i § 5.4.4) *solestwge* i DN X 674 (Larsen 1885: 85 har òg andre døme på intervokalisk /f/ > /g/). Kanskje kan ei samanblanding med norr. *hugr/hugi* ‘hug, tanke, sinn’ òg tenkjast.

**Peter Bartschjer** Den identifiserte skrivaren Peter Bartschjer, hand D i OEJ/OER, har skrive såpass mykje at det er vél verdt å sjå nærare på språkforma hans. Han har skrive pag. 35 og lausblad IX i OEJ, og gjort ymse rettingar elles (OEJ: 18\*). I OER har han skrive delar av manuskripta I–V, spesielt mykje av IV samt dei to siste åra av I (løningslista); der er ikkje skrivarhender markerte, men etter utgjevaren er det han som har skrive sjøve namnelista (OER: 18\*).

Han har vanlege norske målmerke som diftongar, som vanleg med nokre unntak, t.d. *ødegaerd*, *øre* (fleire gonger i OEJ), gjerne saman med ⟨øy⟩ i namn som *Rødøy* (OEJ, tillegg IX). *stoup* (OER: 128) er truleg ‘staup’ (*j*

<sup>79</sup> Ullstoff frå Kersey, England.

<sup>80</sup> Såleis må det vel lesast: *ix hugud smalle*, eit pars pro toto-uttrykk; jf. òg *xvij smaale huffuer* same stad.

*fforgylt stoup* i gåve til ei kvinne), og både eit særnorsk ord og diftong. Elles går ⟨ei⟩ att, t.d. stadig i *bleiff*. Artig er *ein ember* ‘bytte’ (OER: 128), der det lågtyske lånordet (Lübben **amber/emmer**) har norsk artikkel og tydelegvis er etablert (ordet lever vidare i norsk *ambar* ‘kjerald, dall’).

Lenisering er ofte markert, som i yrkestilnamna *bagher* ‘bakar’ (OER: 110) og *skomager* (OER: 114), jf. patronymet *Krageson* (OER: 114); motsett har han t.d. etternamnet *Krucko* (OER: 116).

Meir enn mange andre ser Peter ut til å markere lang vokal, oftast med ⟨e⟩. Eg gjev nokre døme frå OER III: *laaes* (men *laes* pag. 9) ‘lås’, *glaeswyndøgen*, *hoes*, *gaerddhenn* (pag. 3), *huus* (pag. 7, men alltid berre éin *u* i bøygde former) og *tilstoed* (OER II: pag. 3). Av skrivemåtane med ⟨f⟩ skriv han jamt ⟨ffu⟩ intervokalisk, og helst ⟨ff⟩ først i ord. Her er det likevel ein del avvik, spesielt i ordet *fic* ‘fekk’ (sjå OER II). At latinske ord som *feria* og *facit* (sjå særleg OER III) blir skrivne med ⟨f⟩, er vanleg – der er det omvende meir spesielt. I endingar vekslar han mellom *-dt* og *-t*, som supinum *vdtgiffuidt* og bunden form nøytrum *golffuidt* mot *gollfuit*, *stemplett*.

Skilnaden *husset* – *hussens* (OER III: pag. 3) er interessant morfologisk. Det har nok vore ein tendens til at *-sens* vart reanalysert frå genitivending + bunden form gen. til éi ending, slik me enno finn *dagsens*, *livsens* osv. i norsk; jamvel *husens* finst i uttrykket *husens folk*.

**Gaute Taraldsson** er ein annan identifisert skriivar.<sup>81</sup> Han har skrive manuskripta VI og VII i OER (s. 158–179 og 180–183 i utgåva), pag. 1–2 av DN XII 570, DN XII 572 (på lågtysk) og DN VIII 584.<sup>82</sup> Her skal eg kommentere det han skreiv på skandinavisk, sjå § 6.4.2 om lågtysk. Tilvisingar er til manuskriptnummer i OER med romartal og paginering i manuskripta. Eg har berre gjeve nokre spreidde døme, og prøvt å finne anten typiske eller spesielt interessante.

Diftongar er nær gjennomførde: i artiklar, t.d. *eit skriin*, *ein weske* (VI: pag. 3), *heym* (VI: pag. 4), *steinhogger* (DN XII 570); men likevel t.d. *Stenuicholm* (VI: pag. 3). *lowerdag* (VI: pag. 49) er truleg ei diftongskrivning, jf. *sowder* i OER V (pag. 33). Gaute har noko lenisering, som *regenskap* (VI: pag. 1), *vtgig* (VI: pag. 3), men òg mange norske former, både i namn og t.d. *wike* ‘veke’ (VI: pag. 6, 25). Vokallengd er ofte markert med dobbelskriving,

<sup>81</sup> Han var òg erkebispens kanslar med solid utdanning frå kontinentet (sjå NBL); Olav Engelbrektsson var dessutan morbror hans (DN VI 764).

<sup>82</sup> Det siste er ikkje nemnt i OER (s. 18\*), men handskrifta er den same. Originalen ligg i eit papiromslag med påskrifta «Gaute Taraldsen». Seinare i livet skreiv han m.a. DN XXIII 553, Lübeck 1553, med liknande språkføring (eg har ikkje sett originalen og handskrifta).

t.d. *Sparboo leen, iochimdaaler* (VI: pag. 4); derimot skriv han fleire gonger *loente* ‘lånte’ med ⟨oe⟩ for lang vokal (VI: pag. 5–6).

Han brukar helst skrivemåten ⟨ffu⟩ intervokalisk, men har ⟨w⟩ i *ffaste-lawens* (VI: pag. 5; nett dette ordet har òg ⟨u/w⟩ der det finst i OER I) og fleire gonger i skipsnamnet *Bla krawell*<sup>83</sup> (éin gong ⟨u⟩, dessutan skriv ei onnor hand på ein innlagt setel om *kraffuelens behoff*). Først i ord/rotstavingar står helst ⟨ff⟩: *beffalling* (VI: pag. 3), *fførde*, *iffra* (VI: pag. 4), *ffredagens* (VI: pag. 5), men likevel mest *fic* i DN XII 570; jf. mønsteret hjå Peter Bartschjer. Supinumsendinga er *-t*, t.d. *antuordit*, *anammit*, *wtgiffuit* (passim), med hende døme på *-tt* som *anammett* (VI: pag. 6). Til jamføring skriv han alltid *maanet(t)* ‘månad’ med *-t(t)*, som viser at denne skrivemåten dekkjer [d]/[ð] eller bortfall.

Av andre interessante former er pres. *star* ‘står’ (VI: pag. 43); forma var truleg påverka av lågtysk *stân*, men presensendinga er nordisk og tyder på lån frå dansk (sjå Kalkars former under **sta[â]nde**). Ordet finst fleire stader i OER av udefinerte hender, ofte i forma *staer*, og har sidan vorte vanleg. Samsvar i perfektum kan veksle: *maanet sold wtgiffuit/vtgiffuen* (merk samstundes *w/v* i *wt-/vt-*). Gaute markerer genitiv på fleire lekkar i same frase, fleire gonger *wpa myn herres nades wegne*.

Gaute brukar dessutan mange bundne former, eit uttrykk som *pa bade skipen* (VI: pag. 34) ser jamvel overbestemt ut. Nett denne typen uttrykk med *både* kan likevel ha bunden form i dansk òg, og var vanlegare enn andre typar overbestemde konstruksjonar i eldre norsk (Lundeby 1965: 100f). Det er såleis ikkje nokor motsetjing når Gaute skriv *pa thette skiip* (VI: pag. 24) o.l.; det ser faktisk ut til at han aldri har overbestemte uttrykk med *then/thenne*. Derimot har hand F i jordeboka *j then andre gordhen* (OEJ: 30). Dette må byggje på talemålsgrunnlag og viser at konstruksjonen var etablert i norsk; i dansk er han berre kjend i skånsk (Brøndum-Nielsen 1914: 67; jf. § 5.2.2 over).

Det kan sjå ut som det er ei motsetjing mellom sg. *bleiff* (passim) og pl. *bliffue* (VI: pag. 19) i preteritum. Dette høver ikkje med avljudstillhøva i lågtysk, der Lübben (1882: § 56) oppgjev *blêf – blêven*, og nederlandsk hadde dei same vokalane som lågtysk (Mooijaart og van der Wal 2011: 68). Skiljet mellom sg. og pl. kan vera eit argument for at ordet vart lånt inn i norsk så tidleg at det gjekk inn i første klasse av sterke verb, som *blîven* med rotvokal /i:/ naturleg tilhøyrde, medan norsk enno skilde mellom pret.sg. /ei/ og pret.pl. /i/.<sup>84</sup>

<sup>83</sup> Det må vera same båten som Peter Bartschjer kallar *Bla holck* (OER V: pag. 55).

<sup>84</sup> Høgtysk hadde som norsk sg. /ei/ og pl. /i/ (Schmid 2009: 120). Gaute studerte etter NBL i Köln og kan ha møtt slike former der, men når me ser Gattes språkbruk elles,

**Bliffwa** Som vist tidlegare vart *bliffwa* vanleg i seinmellomalderen. Det gamle *verða* finst berre i forma *worde(r)*, som vel er lånt frå dansk. Sjølv om *vorde* er nokså vanleg i dette materialet, var forma på tur ut i dansk; etter Skautrup (1947: 214) finst ho berre i Fadervår i 1550-bibelen. I rekneskaps-tekstane er *vorde* bruka som eit vanleg verb (utan høgstil-assosiasjonar), t.d. har DN XXII 272 både *vorde* og *bliffue* for å uttrykkje passiv.

Eit seint døme på pres. *vert* finst kanskje i DN VIII 567, eit notat som DN gissar kan vera frå 1527. Hovudteksten er ei liste over gjeld etter Erik Valkendorf som Olav Engelbrektsson har betalt, men dette er eit tillegg skrive med ei onnor hand. Språkleg er setninga uklår, så eg gjev konteksten:

(16) *Jtem broder niels iij breffuiaria Nota at finem vert ther noget affet*

Hovudteksten i notatet inneheld fleire namn og kva dei har fått i oppgjer, så starten på denne innførsla er truleg parallell: Broder Niels har fått fire breviaria i oppgjer. Den andre setninga er meir mystisk: *finem* er formelt akk.sg. av *finis*, *-is* 'grense, ende, avtale, føremål'; akkusativforma kan tyde på adverbial bruk 'til slutt'. Heller ikkje *affet* er klårt, men det kan kanskje vera eit samskrive 'av det'.<sup>85</sup> Eg foreslår følgjande omsetjing: 'Merk at til slutt blir der noko av det'.

Nesse (2002: 163) finn *verða* i full bruk enno hjå Absalon Beyer i andre helvta av 16. hundreåret. Men alle døma ho gjev, er pret.sg. *vart*, og som kjent har det til dels kome opp ei blanda bøyning der *verða* held seg på preteritumssteget; eg hadde difor ønskt døme i presens. I svensk var *varda* vanleg enno i bibelspråket på 1500-talet, men forsvann sidan; berre pret. *vart* er enno i vanleg bruk (Wessén 1965: 233f; framleis kan svenskar bruka *vart* i daglegtale).

**Ordtilfanget** Som nemnt har fleire av desse tekstane ein god del norsk ordtilfang, men like tydeleg er kontakten med lågtysk/hollandsk kultur; ei lågtysk ordbok er langt på veg nyttigare enn ei norsk/dansk i lesinga av ein del rekneskapsnotat. Eg skal gje nokre døme frå ulike saksomkverve: militærstell (våpen og sjøfart), klede og matvaror. Eg har ikkje teke med ord som er godt kjende frå både norrønt og seinare norsk, men heller plukka ut nokre som er typiske for denne tida og dette miljøet.

verkar det lite truleg at han skulle vera påverka av den høgtyske bøyninga.

<sup>85</sup> Slike samanskrijvingar er ikkje frekvente, men finst. Døma er likevel helst med enklitisk *'n* < *hann*, t.d. *tagenn* < *tage han/den* (= skatten) i DN XXII 353. Skautrup (1947: 66, 220) har ein del døme frå dansk sist på 1400-talet og spesielt hjå Hans Tausen på 1500-talet, blant dei nett *affuet*.

**Militærstell** DN VIII 582: *(telle)hager, skarpentiner* (skytevåpen, lty. *scharpentîn*); OER VI: *busseskutter, putker* ‘dekksgut’, *bodzgesellen*.

**Klede og ty** DN VIII 582: *palt(e)rock* ‘over-/regnfrakk’, *kaneffass* ‘lerret’ (jf. eng. *can(e)vas*); VIII 678: *bolsan* ‘fane’.

**Mat og drykk** DN XII 551: *mumme* (ein ølsort), *ame* (vinmål; pl. *ammer* i X 670), *tueback* ‘kavring’ (øg i fordanska form *twibagh*), *hveiteuegge* (lty. *wegge* er eit kveitebrød);<sup>86</sup> OER I: *wildebraadh* ‘viltkjøt’, *kaldum* ‘innvollar’, *gallerey* (< lty. *galreide*, eit slag gelé).

XII 551 er eit oversyn over *skenck j Bergghen* i 1534, og det er kanskje ikkje tilfeldig at fleire av dei lågtyske orda finst der. Kveitebrødet kjem t.d. frå kjøpmannen Marten Prang, som er nemnd mangstad i OER.

#### 5.4.6 Domkapittelet

Det er altså berre tre diplom frå domkapittelet i perioden: DN I 1061, <sup>4</sup>/<sub>6</sub> 1523, til kongen om val av ny erkebisp; VIII 672, <sup>24</sup>/<sub>1</sub> 1532, ope brev til ålmugen i Stjørdal, Selbu og Herjedalen; og XI 628, <sup>9</sup>/<sub>9</sub> 1535, vidisse av domen over Nils Lykke (trykt i XI 624 etter vidissen). Det er dessutan tre etter kanniken Jens Olsson Bratt åleine: DN XII 556 og 557, Oslo <sup>15</sup>/<sub>11</sub> 1535, da han var utsend av erkebispem til riksrådsforhandlingane i Oslo hausten 1536, og XXII 372, Aure <sup>4</sup>/<sub>4</sub> 1537, tre dagar etter at erkebispem reiste frå landet, der Jens hevdar han er uskuldig i gjerningane hans Olav; alle er på dansk. Me vil rekne med at alle tre breva er eigenhendige, men eg har ikkje sett originalane her.

DN I 1061 har eit nokså norsk preg, med dat.sg. *gwdhi* og talrike dat.pl.-former på *-om*; der er heller ingen spor av lenisering. Det mest danske trekket er at endingsvokalane stort sett er ⟨e⟩, sjølv om *herra* er gjennomført. Av einskilde former nemner eg *effther helgæ federss och kirkene logh skykkelse*, der *kirkene* må vera genitiv. Det norskprega språket her minner om andre tekstar knytte til domkapittelet, jf. DN IV 1080, som vart omtala i § 5.3 over. Eit slikt fenomen er supinum på *-edh*, som sikkert var uttaleforma av skrivemåtar som *-dt/-t* òg.

Men noko har skjedd fram til VIII 672. Teksten har diftongskrivemåtar (t.d. *meynige, -heidt*), men òg unntak (t.d. *-hedtz*), og er elles langt meir dansk og meir lik andre tekstar frå erkesetet. Skilnaden mellom *deken, ødmivklighe* i I 1061 og *degenn, ydmygeligæ* i VIII 672 er slåande. VIII 672 har

<sup>86</sup> NO har **heitevegg** < lty. *hêt-wegge* (*heit* kan like gjerne vera norsk) ‘varm-brød’. Ordet her ser derimot ut til å vera assosiert med kornslaget, for teksten har òg *hveitemiøll*. Kveite heiter *terwe* på lågtysk, så samansetjinga er norsk.

òg den vanlege skrivemåten ⟨dt⟩ t.d. i *medt* og supinum *loffuidt*. Råmeteksten i vidissen XI 628 er ikkje lang, men har t.d. artikkelen *eth* med ⟨e⟩ og elles dansk preg; det same kan seiast om den vidimerte teksten, sjølv om tilhøvet mellom førelegg og avskrivar der naturlegvis er meir usikkert.

Jens Olsson Bratt skriv ganske gjennomført dansk i breva sine, ⟨k⟩ i *naakott* og nokre spreidde diftongar (t.d. *weitt/weid* og artiklane *eitt*, *eyn*) er unntaka. Han brukar dessutan dei moderne *d*-formene av pronomen og determinativ, om ikkje heilt konsekvent: *dem* har alltid ⟨d⟩, *thet* nesten alltid ⟨th⟩ (éin gong *dett*), medan han vekslar mellom *dhe* (oftast) og *the*, *daa* og *tha*. Saman med desse *d*-formene skriv han òg t.d. *eder*. Det var noko variasjon i skrivemåten av eldre /θ/ i framlyod i den tids dansk, jamvel om det vanlegaste i handskriftspråket framleis var ⟨th⟩. Som døme kan først DN XXII 282 og 284, båe frå den Kristian III ettervinteren 1536, som har høvesvis ⟨th⟩ og ⟨d⟩. Til desse moderne trekka hjå Jens Olsson høyrer òg dateringa 1535 med arabiske tal i XII 556 og 557. Jens Olsson skil seg såleis noko frå gjengs skriveskikk.

#### 5.4.7 Avslutning om tekstane frå Olav Engelbrektssons tid

Her skal eg trekkje i hop det som er sagt om kvar av tekstgruppene i gjennomgangen over, og handsame ein del generelle ting samla. Gjennomgangen er strukturert slik at eg først ser på dei faste variablane som er viste i tabellane over, før eg går gjennom ymse andre former og fenomen i tekstane.

**Diftongar** Spesielt i sendebrevane er det ein tendens til at det blir færre diftongar i dei seinare åra, men somt finst heile tida. Mengda ymsar ein del, og alle ord som går attende på eldre diftong, har sjeldan diftongskrivning. Somtid er dette like gjerne leksikalsk som ortografisk/fonologisk påverknad, altså snarare utbytting av leksem enn regulering av stavemåten. Eit døme er lånordet *meinig* (< lty. *mêne/meine*) som hadde anten monoftong eller diftong i lågtysk, og kunne bli lånt inn i båe variantar i norsk; monoftongforma kan òg ha kome via dansk. Slik sett kunne eg sikkert bruka nemninga «dels» oftare enn eg har gjort for variabelen i oversyna over.

Den klårt vanlegaste diftongen i språket er /ei/, og naturleg nok er difor ⟨ei⟩ vanlegast i skrift. Dei andre er langt meir sjeldne: ⟨øy⟩ finn me stundom i *øy*, *øyre* (måleining), men i OEJ er *øre* vanlegast. /au/ (oftast skriva ⟨ou⟩) finst i namn som *Goute* og *Toutren*, og appellativ som *saauder* (t.d. OER IV: pag. 5), men merk t.d. *øgen* ‘augo’ i dei delvis likelydande XXII 189 og 190. Kanskje har frekvensen vore med å drive fram ⟨ei⟩, medan andre diftongar verka meir avstikkande? Dei ubundne artiklane er mest alltid skrivne *ein/eit*,

jamvel i tekstar som elles ikkje har andre døme, og viser at diftongskrive-måtane kunne vera knytte til spesielle leksem.

**Lenisering** Dette språktrekket er så godt som gjennomført heilt frå starten; flest unntak finst i stadnamn og dei opne breva. Mange av desse unntaka gjeld lågtyske lånord, t.d. har *haap* ofte ⟨p⟩ sjølv i tekstar som elles gjennomfører lenisering, med former som *forhaapes* (t.d. IX 670) eller *forhoppes* (t.d. XII 558). Opphavet er lågtysk *hopen*, men det vanlegaste i dansk var ⟨b⟩, jf. *fforhobinndis* i XXII 295. Tilhøvet gjeld ei rad ord: *hoop* (subst. ‘hop’, VIII 658) frå lågtysk *hōp*, *tiilhope* (adverb, ‘saman, samla’, IX 692) frå lty. *to hope*, *forløpe* (om tid: ‘gå (for langt)’, X 655) frå lty. *vorlopen*, *openbarligen* (‘ope, offentleg’, XII 558) frå lty. *openbarliken*, *drapelige* (‘viktig, drabeleg’, XII 559) frå lty. *drep(e)lik/draplik*.<sup>87</sup> Alle desse orda har helst ⟨b⟩ i dansk (jf. døma hjå Kalkar: **tilhobe**, **forløbe**, **åbenbarlig**, **drabelig** (dels med vidareutvikling til frikativ, skrive *draffuelig* e.l.), så formene i dei norske diploma tyder på sjølvstendige lån frå lågtysk. Spesielt *tiilhope* kan dessutan ha samband med svensk *til hopa* (sjå Söderwall under **hoper**). Dette gjeld òg suffikset *-skap* generelt, som kan ha *-p/-v/-ff*; det er heller ikkje alltid konsekvent, t.d. har notatet M3951 *Mattskap/matskab* med eit par linors mellomrom.

Ei nokså vanleg form er *maathe*, og her kan ein ikkje seie for visst om det er ei norsk form eller at skrivaren følgjer litt eldre dansk skriveskikk med ⟨th⟩ for [ð]. NgL IV 2. r. IV 184 skriv *maadthe* (og *sidthe*), og her må iallfall ⟨dth⟩ lesast /d/, jf. *flydt* ‘flid’ same stad. Skautrup (1947: 184) gjev døme på skrivemåtane ⟨dh/th⟩ for [ð], men nemner ⟨dt⟩ berre i utljod; når skrivemåten først fanst, kan ein lett sjå for seg at han kunne overførast til intervokalisk stilling òg.

**Endingsvokalar** Tabellane over viser tydeleg koss ein viss variasjon mellom ⟨e⟩ og ⟨æ⟩ blir erstatta av meir konsekvent ⟨e⟩, og dette er så godt som gjennomført jamvel i jordeboka. Der ⟨æ⟩ finst, har det sjeldan med etymologisk opphav å gjera, altså ikkje ⟨æ⟩ < /a/ i samsvar med somme norske dialektar. Endingsvokalen kan dels vera leksikalsk regulert, t.d. heiter det aldri *\*naadæ*, men det er mange døme på veksling i same stilling (t.d. *-ligæ/-lige* i DN I 1062). Hovudinstrykket blir såleis at den variasjonen som finst, er reint skriftleg. Tekstane ser her ut til å liggje litt etter den samtidig danske utviklinga; allereie før 1500 var endingsvokalen i kongebrev vanlegvis ⟨e⟩, jamvel om ⟨æ⟩ fanst sporadisk enno ei tid (Jacobsen 1910: 193, 200).

Eit par paleografiske poeng i samband med endingsvokalar: I dekt stilling har tekstane ofte ⟨i⟩, først og fremst i sambanda *-it/-is*, *-it* helst i supinum. *-is*

<sup>87</sup> Merk at nynorsk *drabeleg* på grunn av konsonanten må vera innlånt via dansk.

er oftast avstytt i talrike former av *rigis*, *Norgis*, *-ledis* osv., slik at ein gjerne berre har eitt døme eller så for å avgjera om endinga skal oppløysast *-is* eller *-es*. Dei trykte utgåvone kan difor gje eit skeivt bilete. Dei to sambanda *-er* og *-re* (både inni ord og i endingar) er ofte skrivne med same avstytingsteikn (r rotunda avslutta med ein stor boge oppover).

**Palatalisering** Mange av døma tyder på at skrivemåtane er knytte til einskilde leksem, ikkje baserte på talemålsformer. Det ser ut til å vera typisk at inf./pres.pl. *gøre* blir skrivne med ⟨g⟩, medan fortidsformene *giorde/giort* heller har ⟨gi⟩ (døma er legio). Skrivemåtane her er knytte til paradigmet (jf. moderne dansk), ikkje ljodverdien; somtid er det skrivne *giø-*, så ⟨gø⟩ = /jø/ var ikkje ein etablert korrespondanse.

Omvende skrivemåtar som *vergie* (IX 692), *nyge* (XII 540), *vilgie* (fleire brev), *Yrgens* (OEJ pag. 26) og andre liknande former med ⟨gi/ge⟩ for /j/ viser derimot ein slik samanheng. Når /g/ vart palatalisert føre fremre vokal, var det ikkje nokor motsetjing mellom etymologisk /ge/ og /je/ lenger (jf. GG II § 311), og skrivemåten vart eit reint ortografisk val.<sup>88</sup>

**Markering av lang vokal** Dei aller fleste tekstane har døme på markering av lang vokal, men det blir aldri gjennomført som prinsipp. Den svært vanlege dobbelskrivinga av *i* har truleg like mykje vore ein ortografisk konvensjon, t.d. er pronomenet *wij* alltid skrivne med ⟨ii⟩ eller ⟨ij⟩. Elles vekslar dei to moglege systema, dobbelskriving eller ein ekstra ⟨e⟩, jamvel slik at same skrivar eller tekst kan ha t.d. ⟨oo⟩ og ⟨oe⟩.

Varianten ⟨aae⟩ er nemnd fleire gonger; han er vanlegast i *raaed*, men finst òg i andre ord som t.d. supinum *faaett* fleire stader. Om denne skrivemåten aldri vart gjennomført konsekvent, viser han i minsto tydeleg at ⟨aa⟩ var etablert som skrivemåte for /ɔ/ uavhengig av lengd. Det var elles vanleg med noko vakling mellom ⟨aa⟩ og ⟨o⟩ i dansk tidleg på 1500-talet, anten no vokalen var lang eller stutt; det gjeld t.d. ord som *oben*, *nogen*, sjølv om ⟨o⟩ var vanlegast (Skautrup 1947: 180f). Dette kjem òg godt fram i dette materialet.

**Bruken av ⟨f⟩** Nokså mange tekstar, spesielt dei seinare, har berre varianten ⟨ffu⟩. ⟨ffw⟩ finst som alternativ hjå somme skrivarar, men ingen gjennomfører det; nærast kjem skrivaren av utkasta, men han har òg unntak. Dette er ein klår skilnad frå dei litt eldre tekstane i § 5.3 og viser ei kronologisk utvikling.

<sup>88</sup> Skrivemåtar som *sværge* og *vælge* må koma av slike gamle hyperkorreksjonar (jf. Skautrup 1947: 44, 62, 185). Skriftbiletet har så påverka uttalen, både i riksdansk og i somme norske varietetar.



Dette draget kan ein òg jamføre med skrivemåtane før 1510: Der er det òg variasjon, men mykje meir <ffw>, som er eineform mange stader. To av dei tre frå Olav Trondsson har den eldre varianten <fu>.

Jamvel om svært få tekstar skriv <w/u> mellom vokalar for det som må ha vorte lese [v], finst det somstad i lånord. Det må tyde at orda er knytte til opphavsspråket og tek med seg rettskrivinga derifrå, for i latin er det vanlege <u>. T.d. er tystoffet *deventer* ein vanleg del av løna i OER I, og oftast avstytt *d<sup>r</sup>*. Men kvar gong det er skrive fullt ut, er det skrive med <u> (t.d. *deunter* pag. 141). OER I har dessutan nokre gonger *fastelauent* med <u/w> (t.d. *fastelawentt* pag. 39). Den ulike ortografiske integrasjonen av *missiuer* og *leffueeret* i XXII 295 (men *leuerere* i IX 726) kan såleis forklarast med at orda hadde ulik status i den glidande overgangen frå kodeveksling til etablert lånord (jf. diskusjonen i § 6.5.4).

I samband med dette kan eg nemne at *ewig* aldri blir skrive med <ffw/ffu>, men alltid med <w/u>. Det er to moglege forklaringar, som gjerne kan ha verka saman: Ordet kjem frå lågtysk *ewich*, og dessutan kan *e-* ha vore oppfatta som eit prefiks = norrønt *æ*, jf. *ewindelig* ‘evig’ som må koma av norrønt *æfinligr* (Fritzner fører *æfin-* som prefiks). Etter prefiks er dette vanleg, jf. t.d. *vuillgie* ‘uvilje’ i DN IX 690.

Først i ord er det ingen tendens til normalisering. Somme skrivarar held seg til <f->, andre skriv <ff->, og nokså mange vekslar i ymse forhold. Dette var òg situasjonen før 1510, men i dei aller eldste tekstane finst ikkje <ff->.

**Supinum** Den mest tydelege tendensen her er at <-d> forsvinn og blir erstatta av <-(t)t>, bortsett frå i utkasta. Somtid finn me òg skrivemåten <-dt>, men dette er ein av dei tydelegaste tendensane i materialet. Denne utviklinga går på tvert av talemålsutviklinga, og er ei reint ortografisk standardisering.

**Pronomenformer** Det er eit viktig poeng at ortografiske konvensjonar utan talemålsgrunnlag blir gjennomførde, som *etther* ‘eder’ i dei yngste tekstane. Dette har inkje med skrivemåten av [ð] å gjera, tvert imot er det heller ein tendens til at <d> erstattar <th> i dei fleste andre ord. Fritekstsøk i DN viser at skrivemåten var svært sjeldan før 1520, men breidde om seg i første halvta av 1520-åra og vart svært vanleg etter 1530 (dette har nok òg noko med den nemnde auken i total brevmengd å gjera). Dei eldste førekomstane ser ut til å vera frå Danmark, så det er ei dansk moteform som er komen hit, og i nokon mon halden i hevd framover 1500-talet. Elles har me sett at den norske forma *honom* var vanleg, men ikkje einerådande.

### Ymist anna

På somme område ser variasjonen ut til å vera mest fri. Eit typisk trekk er bruken av ⟨h⟩ mange stader som ikkje kan ha samband med talemålet, vanlegvis i sambanda ⟨th⟩, ⟨dh⟩ og ⟨gh⟩.<sup>89</sup> Vanlege døme hjå t.d. Peter Bartschjer er *Gauche*, *besthe* og overskrifta i OER III: *Regystrer paa theeringh oc vdtgyfft*. Gaute Taraldsson har same tendens, og vekslar t.d. mellom *mynten* og *mynthen*. I desse orda er det personleg smak og skrivevane som avgjer stavinga, og variasjonen høyrer berre heime i skrift.

Eit anna område for ein del variasjon er tilhøvet mellom ⟨y⟩ og ⟨i⟩. Ofte er det skrive ⟨y⟩ der uttalen må ha vore /i/. Såleis skriv Peter Bartschjer konsekvent *Lyre* ‘Lier’, og t.d. *syden* ‘sidan’ (OER III: pag. 3). Det omvende er sjeldnare, men rekneskapsnotatet DN VIII 582, har former som *skildug*, *tiistøll* (< *tyskt øl*), *myndre*, *kyster* ‘kistor’ (òg skrive *kister*).<sup>90</sup> Her er det altså snakk om ortografisk variasjon mellom to grafem utan at dette har noko med talemålsgrunnlag å gjera (jf. § 3.3.2 med tilvising til Hansen 1962: 100). Dei to skrivemåtane har tydelegvis vore oppfatta som jamgode, sidan den eine handa i VIII 582 skriv *hyre/hire* og *bythe/biite* med berre nokre få ords mellomrom, og i M4097 (uttrykt) er det snakk om *Giske och Gytskes godtz*.

**Eldre /θ/ i framljod** Demonstrativ og pronomen har som kjent hatt /θ/ > /d/ i framljod, mot /θ/ > /t/ i andre ord(klassar); såleis *þeir* > *dei*, men *þak* > *tak*. Orda vart i gammalnorsk skrivne med ⟨þ⟩, seinare ⟨th⟩, som er langt det vanlegaste enno i dette materialet, med ⟨t⟩ og sjeldnare ⟨d(h)⟩ som variantar. Slike døme er nemnde somstad i gjennomgangen over.

Overgangen til stemd ljod i desse orda er vanlegvis forklart med at dei ofte står trykklette. Hansen (1971: 270–282) drøftar denne utviklinga, og sluttar seg til Brøndum-Nielsens framstilling (GG II § 287,2 med merknader). Dei meiner utviklinga har vore slik: 1) Overgang ustemd > stemd i trykklett stilling, dvs. skilnad mellom trykktung *þeir* og trykklett *ðeir*.<sup>91</sup> 2) Overgang [b] > [t] og [ð] > [d]. 3) Formene på *d*- tevlar ut dei på *t*. Dei to første endringane er ljodendringar i junggrammatisk forstand, der trykk attåt fonologisk omgjevnad er ein avgjerande faktor, medan den siste endringa er reint leksikalsk. Hansen fører fleire gode argument for dette: 1) Komparativt materiale: Engelsk har fått oppdeling /θ/ > /þ/ og /ð/ (endring 1); færøysk har gjennomført /θ/ > /t/ uavhengig av trykk; islandsk har framleis skiljet,

<sup>89</sup> I eldre (aust)norsk var ⟨gh⟩ skrivemåte for allofonen [ɣ] av /g/, men etter 1300 vart det ein reint ortografisk konvensjon (Hagland 2004: 393).

<sup>90</sup> Kuriosum: Same tekst omtalar «j eynhørning»; ordet vart bruka om narkval(tann).

<sup>91</sup> Her tek eg ikkje stilling til når bortfallet av /r/ i utljod skal tidfestast.

men kan få stemd frikativ [ð] ved enklise. 2) Ortografien i mellomalderkjeldone: <t> i framljod viser alltid til /t/, men grafemet kan i andre posisjonar brukast for [d]/[ð] (t.d. supinumsformer). 3) Ein overgang /t/ > /d/ i framljod er elles ukjend, medan dei postulererte overgangane i denne forklaringa finst andre stader.

Dersom me følgjer Hansen i dette resonnementet, forklarar det dei ulike formene me møter i tekstane, og dessutan at somme ord, mest typisk *tesse* oftare er skrivne med <t> enn andre, som heller held seg til tradisjonens <th>. Einstaka andre *t*-former finst, t.d. *te* 'dei' (demonstrativ) i XII 570.

**Adjektivsuffikset -ug** Endinga er nokså vanleg, vekslande med *-ig*, og høver med seinare trøndsk talemål. Eit godt døme på både variantane er DN IX 738 som skriv *skyldug/skyldiig* med stutt mellomrom. Både der og t.d. i DN IX 739 finst òg varianten *skyldog(h)*. Skautrup (1947: 239) hevdar at *-ug* var reint dialektalt i dansk etter 1500, og Hagland (Dalen m. fl. 2008: 255f) nemner med atterhald *welbørdug* i DN IX 720 som eit mogleg trøndsk språktrekk.

Endinga var iallfall ikkje meir dialektal i dansk enn at Kristian III kunne skrive *ferdug* i eit brev til Eske Bille <sup>28</sup>/<sub>6</sub> 1536 (DN XXII 314), og *welbyrdug* finn me i eit brev frå tronarvingen Fredrik så seint som 1556 (DN XI 696). Her ligg nok enda ein gong Skautrups vektlegging av forfattarane heller enn handskriftene attom analysen. Men frekvensen synest vera større i det norske materialet enn i brev frå danske skrivarar, og det er truleg at norske skrivarar kunne velje ei form med stød i eige talemål heller enn ei ny form, iallfall så lenge både variantane var kjende i dansk skrift. Endinga heldt seg enno ei tid nedover og Iversen (1921: 163–165) noterer nokre døme, flest på *skyldug*.

## 5.5 Fleire versjonar av same tekst

Tekstar som finst i to (eller fleire) versjonar eller eksemplar, kan fortelje mykje om språkbruken. Eg tok opp nokre prinsipielle sidor kring kjeldeverdet av avskrifter i § 4.1.4. I Münchensamlinga ligg det nokre utkast til tekstar som seinare er fullførde; dette opnar for å koma eit steg nærare sjølve tekstformingsprosessen i seinmellomalderen. Mange utgåande brev frå erkesetet er berre kjende frå eit slikt utkast eller ei avskrift som vart arkivert. Desse skil seg på nokre systematiske måtar frå offisielle brev, t.d. i formelverket (sjå § 6.2.2 om latinsk formelverk og § 7.1.3 om brevskikk meir generelt). Sidan ein vil vente ei meir skøytelaus haldning til språkforma i eit utkast eller ei avskrift, skal eg sjå om det er mogleg å finne systematiske skilnader mellom dei ulike versjonane. Det er i det heile mange utkast i samlinga, men ofte er det slik at reinskripta ikkje er kjend. Truleg har erkebispnen teke vare på

utkastet for å ha ein arkivkopi sjølv, og overleveringssituasjonen har gjort at berre utkastet er gøymt til i dag. Avskrifter som finst i samlinga vitnar om det same ønsket om systematisk arkivering (sjå § 7.1.1).

Her skal eg sjå på dei tekstane der eg har hatt tilgjenge til ulike versjonar. Attåt utkast/avskrifter dreier det seg om likelydande brev til fleire mottakarar ved eit par høve, t.d. valbrevet for Kristian III i 1535 (§ 5.5.5 under). For å undersøkje stabiliteten i ortografien er slike tekstar spesielt interessante, fordi dei kan fortelje både om kva variasjon som var mogleg, og andre omstende kring tekstforminga (t.d. kor mange skriparar som var involverte). Ein må iallfall kunne slå fast at der det finst fleire eksemplar av brev med identisk innhald til mottakarar med same status i høve til avsendar, må eventuell ortografisk variasjon mellom dei ha vore oppfatta som umarkert i samtida; slike døme viser difor kor stort variasjonsromet i ortografien var.

### 5.5.1 Halmstadrecessen

Den dansk-norske unionsavtalen vart nya opp att ved eit møte i Halmstad i månadsskiftet januar–februar 1483, og kong Hans ferda ut den handfestinga som sidan er vorten kalla *Halmstadrecessen*, trykt som DN XIII 148 etter dei to originalane på pergament (eitt eksemplar for kvart land, slik skikken var; her kalla A og B). Teksten er òg trykt i NgL 2. r. III 1, og der sett opp parallelt med ei papiravskrift i Münchensamlinga (her kalla C), som «trykkes her for språkformens skyld», som utgjevarane skriv.

DN og NgL kallar C høvesvis avskrift og kopi. Der det er skilje mellom A og B, følgjer C dels A, dels B, eit par stader ingen av dei (sjå merknadene i DN/NgL om skilja mellom A og B). Dimed er det truleg at alle versjonane er sette opp etter eit anna utkast. Ortografien er einskapleg i A og B, medan C skil seg ein del ifrå. Dels er skilnadene reint ortografiske val, dels samsvarar dei med norske talemålsformer, eller kanskje heller nordskandinaviske.<sup>92</sup> NgL er inne på dette: På s. 22 (nedst) står det «Item skall rigens træsell oc breffue bliffue i Danmarck bliffue pa Kalundeborg», med ein merknad om at det overflødige *bliffue* «viser, at den danske tekst er oversatt etter en svensk original». DN har berre det andre *bliffue*, til liks med C. Eit anna argument for eit svensk førelegg er ordet *grwd* (25:16<sup>93</sup>) ‘grid’ (sjå Söderwall **grub**, Kalkar har ikkje ordet); skrivaren av C har ikkje forstått det, og skriv i staden *skrudh*. I same lei peikar suffikset *-lika* (jf. § 5.1.1) i t.d. *and(h)elica eller/och werdzlica* (15:18, 16:23 og tilsvarande s. 22, men ikkje i andre ord),

<sup>92</sup> Indrebø (2001: 184) kommenterer t.d. indignert at erkebispem er omtala som «Gude», men i C er dette retta til «Gauthe».

<sup>93</sup> Tilvisingar her og under er til sidetal og linenummer i NgL; teksten fyller sidone 3–35.

her har AB *-lige*. Det er altså gode grunnar til å rekne med eit svensk førelegg for alle versjonane.

Det er ei rekkje skilnader mellom dei to versjonane, som stort sett følgjer dei skilja som før har vore omtala mellom norsk og dansk; likevel har både AB og C kvar for seg ganske fast rettskriving. Om me held fast på tanken om eit svensk førelegg, er det mest slåande kor gjennomført dansk ortografien i AB er. T.d. er *fulbordh* (subst.) og *fulbordhe* (verb) i C alltid skrivne med *u* i AB (*fulburd* o.l.); svensk har oftast ⟨o⟩, stundom ⟨u⟩ (Söderwall **fulbordha**); privativpartikkelen er skriven *v-* (*w*) i AB, *o-* i C (som i svensk). To omtala kvinner med namnet *Birgitta* i C er i AB kalla *Beritte*; her er det truleg at C følgjer førelegget, og at AB medvite endrar til eit danskare namn. Mindre gjennomført har C *vppa* mot *pa* i AB, som viser ulike steg i utviklinga av preposisjonen, men båe versjonane har unntak frå hovudmønsteret.

C har ofte andre vokalar enn AB, gjennomfører ⟨p, t, k⟩ og brukar dessutan ⟨h⟩ (i sambanda ⟨dh, th⟩) heilt annleis enn AB. Derimot blir morfologien og syntaksen sjeldan endra (jamvel om der finst døme). Dette høver med det Hagland (1976) fann i ein studie av tilhøvet mellom original og avskrift i ein litt tidlegare periode; Pettersen (1975: 29) meiner òg at «vidisseskriveren nyttar sin egen ortografi mest uavhengig av foreleggets», men «[m]orfologisk og syntaktisk vil likevel vidissene være bundet i større eller mindre grad av foreleggene».

Det kunne vore freistande å tolke dette som prov på ein sterk norsk tradisjon, men skilnadene mellom AB og C kan forklarast ved at alle versjonane går attende på ein svensk original. Av dei skilnadene eg har funne, er det berre introduksjonen av diftongar i C som må vera norsk interferens. Dersom ein går ut frå at morfologien stammar frå eit svensk førelegg, er kanskje den omfattande fleksjonsforenklinga noko overraskande. Om ikkje anna viser dette dømet at det ikkje er tendensar til å endre språket i dansk retning i ei norsk avskrift. Dansk skriveskikk var ikkje den dominerande modellen enno.

Eit ikkje heilt ulikt dokument er NgL 2. r. III 175, eit privilegiebrev for Trondheim av kong Hans, utferda i Kalmar <sup>27</sup>/<sub>6</sub> 1505. Det finst i avskrift, men originalen er ikkje gøymd. Kongebrevet var i all hovudsak på dansk etter 1450, men avskrifta har eit typisk norsk målmerke som dat.pl. *allom* og *vaarom* to gonger. Avleiinga *-heit/-heider* er alltid skriven med diftong, og det står éin gong inf. *vara*. Det er truleg at desse formene er komne til i avskrifta. Som heilskap gjev likevel ikkje denne teksten noko sterkt norsk inntrykk. Det er freistande å tolke dette som at skrifttradisjonen ikkje er sterk nok til å føre til ei omfattande fornorsking av ein dansk original, medan han i det tjuete år eldre dømet iallfall ikkje gjorde at ein svensk original vart fordanska.

### 5.5.2 DN III 965

Diplomet er ein dom <sup>10</sup>/<sub>11</sub> 1488 av erkebisp Gaute, lagmann Olav Vigfastsson og fem rådmenn i ei arvesak. Tidlegare hadde erkede knen, ein kannik og to rådmenn (på erkebispegarden og med Gaute til stades) <sup>28</sup>/<sub>2</sub> 1487<sup>94</sup> undersøkt eit brev (DN III 747, Trondheim <sup>18</sup>/<sub>11</sub> 1438) frå den eine sida om saka. Domen i III 965 er utferda i to eksemplar av same hand, og i JHD II 204 er variasjonen mellom dei nøye attgjeven, jamvel ned til ulik avstytingsbruk (t.d. *Ollm̄* eller *Ollō* for *Ollom*) og skilje mellom stor og liten bokstav.

Ser me bort frå slik minimal variasjon, gjennomfører skrivaren ein nokså konsekvent ortografi. Det er nokre skilje mellom ⟨a⟩ og ⟨æ⟩ i endingar, men aldri skrive ⟨æ⟩ for eldre /e/, dvs. at skiljet mellom dei ulike endingsvokalane er halde oppe (ulikt bruken av ⟨æ⟩ me såg i yngre tekstar). Elles ymsar det litt om ⟨h⟩ er skrive etter ⟨d, t, g⟩, og det er eitt tilfelle av ⟨ffw⟩ mot ⟨ffu⟩ og likeins ⟨ff-⟩ mot ⟨f-⟩ (sjølv om skrivaren stort sett held seg til ⟨ff-⟩). Elles er ortografien lik, og me ser tydeleg kva som kunne variere hjå same skrivar.

### 5.5.3 Oppgjeret hausten 1532

Erkebisp slutta seg til eksilkongen Kristian IIs freistnad på å attervinne makta i 1532, men det gjekk ikkje så bra. I samband med oppgjeret er det fleire tekstar som finst i fleire versjonar: Det dreier seg om DN VIII 699 med eit utkast, DN VIII 707 med to variantar, og DN IX 719–726 med eit par utkast. Eg skal handsame dei i tur og orden her.

**DN VIII 699** er stila til Vincens Lunge og Nils Lykke og finst i to versjonar: ein vidisse utferda av fem rådmenn i Trondheim dagsett <sup>16</sup>/<sub>9</sub> 1532 (M3165), og eit utkast (M3991); versjonane er oppsette parallelt i vedlegg E. Grunnen til at det er utforma som ein vidisse, er venteleg at rådmennene i den spente politiske situasjonen forhandla mellom kongsmennene og erkebisp; brevteksten nemner eksplisitt at rådmennene «kommæ hiit till oss nw i dag». Dei to versjonane skil seg noko åt: Generelt har utkastet nokre overstrykingar og rettingar, og det brukar avstytingar: *k ff* for *konning Frederick*, *h n* for *hans Naadis* o.l. Dette er typiske kladdetrekk.

Vél så interessante er gjennomgåande språklege skilje. Utkastet har ofte ⟨d⟩ mot ⟨t(h)⟩ i vidissen, som *eder*, *med*, *wede*, *maade*, *ladit* mot *ether*, *medt*, *vitte*, *maathe*, *lathett*. ⟨th⟩ i desse orda var ein meir gammalvoren skrivemåte i dansk, som på 1500-talet jamt hadde ⟨d⟩ i dei tre siste orda (sjå Kalkar,

<sup>94</sup> Etter JHD II 192 og SDHK (Svenskt Diplomatariums huvudkartotek över medeltidsbrevnen – <http://www.nad.riksarkivet.se/SDHK>); DN III 959 har dateringa <sup>7</sup>/<sub>3</sub>.

**eder, med(r), vide, måde, lade)** etter at leniseringa slo gjennom i skrift (jf. § 5.2.2). Når utkastet skriv subjunksjonen *ath* med ⟨th⟩, tyder det på at teiknet måtte lesast /t/, noko som vel ikkje var tilfellet i ortografien i vidissen, iallfall ikkje i *ether*. Jf. Halmstadrecessen, der dei danske versjonane likeins skreiv ⟨th⟩ for ein uttale [d]/[ð].

I bruken av diftongar er det òg skilnad mellom versjonane. Utkastet har *menigæ, menighetens, mening* der vidissen har *meynige, meynigheythens, \*meynig*. Andre *-heit*-ord er skrivne med *-heit* i utkastet; vidissen har stort sett avstyttinga *h<sup>dt</sup>*, som må oppløysast *heydt* etter nemnde *meynigheythens*. Elles skriv båe artikkelen *ein*. Formene *eigedelder/eygedeldher* er truleg òg norske former. Dansk har her helst skrivemåtar med *ey-* (sjå Kalkar, **ege** (**eje**) og ymse avleiingar; i verbet ser derimot ⟨g⟩ ut til å halde seg betre), der ⟨y⟩ er konsonantisk; kombinasjonen av ⟨ei/ey⟩ og ⟨g⟩ må truleg koma av ein norsk uttale /eige-/.

Samla ser det altså ut til at utkastet gjennomfører meir danske former enn reinskrifta på desse to punkta, så skrivarane følgde kvar sine faste skrivevanar utan at dette kan knytast til noko skilje mellom utkast og reinskrift.

**Det økonomiske forliket** DN IX 719–726 og eit par utkast i Münchensamlinga gjeld alle det økonomiske oppgjeret som vart forhandla fram i Trondheim i månadsskiftet oktober–november 1532.<sup>95</sup> Tilhøvet mellom dei ulike tekstane er slik (etter DN, men sjå under):

- IX 719** Skuldbrev frå erkebispem til fru Ingerd. **M3278b** er eit utkast.
- IX 720** Erkebispem overlèt nokre gardar til fru Ingerd. Utan segl, og truleg erstatta av IX 725, som har same innhald.
- IX 721** Utkast til eit skuldbrev frå erkebispem til Vincens Lunge.
- IX 722** Erkebispem gjev fru Ingerd tiende på Ørlandet.
- IX 723–724** Fru Ingerd kvitterer og kunngjer forlik med erkebispem. Vincens Lunge eller Nils Lykke har truleg konsipert og kanskje skrive desse breva.
- IX 725** Erkebispem overlèt nokre gardar til fru Ingerd. Erstatta truleg IX 720. To utkast: **M3278a** og **M3178**, det siste visst skrive av Vincens Lunge.
- IX 726** Skuldbrev frå erkebispem til kong Fredrik. 15.000 danske mark kosta eventyret.

Det mest interessante her er såleis komplekset IX 720 og 725 med dei to utkasta (utkastet M3278b til IX 719 er skrive på same ark og med same hand

<sup>95</sup> Dessutan kan DN IX 717 reknast hit. Det er eit utkast av Vincens Lunge til eit forlik mellom han og erkebispem.

som M3278a). Det ser ut til at dei danske svigersønene hennar fru Ingerd har vore ansvarlege for innhaldet i desse breva. IX 723–724 er baa skrivne på rein dansk, og det eine utkastet til IX 725 er altså skriva av herr Vincens sjølv (jf. Kolsrud 1922: 148). Men der er nokre skilje mellom versjonane som følgjer dialektane, t.d. kontrasten mellom *falkele(i/y)genn* i IX 720 og 725 og *fallcheleye* i fru Ingerds brev IX 724 (diftongering av eldre postvokalisk /g/).

Utkastet M3278b har avstyrt inscriptio og eskatokoll, men elles følgjer reinskripta IX 719 utkastet ord for ord. Det er mindre skilje som *reyde* > *reydhe*, *plychtige/beplucte* > *pliigtigæ/bepligte* og *gleidia* (same hand skriv ordet med ⟨ei⟩ i 3278a òg) > *glediæ* (men reinskripta skriv òg æ for e i eit par endingar). Store endringar mellom versjonane er det altså ikkje, og dei som finst, kan ikkje klassifiserast eintydig som meir eller mindre norsk/dansk.

Etter DN er M3278a eit utkast til IX 725, men det er nok i staden skriva til IX 720, for desse følgjer kvarandre heilt. Men herr Vincens har truleg ikkje vore nøgd med det, for M3178 inneheld eit tillegg til teksten som er skriva inn i IX 725; dessutan kjem nedste del av M3178 før øvste del, som viser koss det har vore ein kladd (det viser elles handskrifta òg!) før same eskatokoll som i IX 720 avsluttar diplommet. I ein del av teksten som er utstroken og ikkje med i IX 725, har herr Vincens bruka uttrykket *fran forno och nyo*, som viser at han har tileigna seg nokre frasar som høyre med i slike diplom, slik me såg at skrivaren for Erik Valkendorf òg gjorde.

Der er små skilje mellom M3278a og DN IX 720: *vuillgie/vilia* > *wilgie/vvilia* '(u)vilje' viser ulik bruk av ⟨w/u/v⟩ og skrivemåte for /j/, dessutan er det nokre skilje i bruken av ⟨h⟩ (*dh*, *th*). Ei spesiell form som *haedt* 'hat' er lik, medan bruken av ⟨z⟩ ymsar i *Nessz*, *vissen* > *Nees/visszenn*. Skilnadene mellom herr Vincens' tillegg og reinskripta i IX 725 er større og kanskje meir interessante: Først er *gord* overført frå tillegget, sjølv om IX 725 (og M3278a/IX 720) skriv *gaarder* lenger opp (derimot *bode* > *baade*). Vincens' ⟨tz⟩ > ⟨dz⟩ (*gotz*, *arildtz* > *godz*, *areldz*). Fleire stader blir ⟨d(h)⟩ endra til ⟨t(h)⟩: *vden*, *mode*, *nyde* > *vthen*, *maathe*, *nytæ*. Meir substansielle brige er *hursomhelst* > *ehuad somhelst* og *verid* > *varidt*. I hovudsak fortset altså skrivaren av IX 725 med si eiga rettskriving, trass i at førelegget no er annleis.

**DN VIII 707** er eit notat om kva grunnar erkebispemennene Hans Rev, Trud Ulfstand og Klaus Bille<sup>96</sup> for støtta si til Kristian IIs oppreist, så det må vera frå primo november 1532. Det finst i tre versjonar, M3111, M3280 og M3984 (sjå vedlegg F). DN følgjer 3111 med nokre merknader om skilje mellom versjonane. Paleografisk er M3280 og M3984 svært like og må

<sup>96</sup> Namna er påførde på baksida av M3984; det var dessutan desse tre som gjorde avtalen i DN IX 726 med erkebispemennene omtrent samstundes.



vera skrivne av same hand, som òg har skrive DN XII 517 (= M3176, jf. § 5.4.4); 3111 skil seg noko ifrå og har t.d. nygotisk <r>.

DN gissar i ein note at 3280 er eit utkast og 3984 ei avskrift av dette utkastet. Det verkar truleg, for desse følgjest nøye åt; berre eit stutt avsnitt i 3984 finst ikkje i 3280, og 3280 har typiske kladdetrek som utstrykingar, der 3984 følgjer den retta versjonen. Dei to versjonane har òg liknande ortografi. Båe skriv t.d. *Eskell bille*, ein skrivemåte som elles berre finst to stader i diplomatariet: DN XII 517 (Steinvikholm omtrent på same tida), som altså er skrive av same hand, og DN XIII 587, Rendsburg <sup>12</sup>/<sub>3</sub> 1532 (på lågtysk). Såleis kan skilje dei mellom vise til kva som har vorte oppfatta som likeverdige variantar. T.d. har 3280 *prostriid*, *Rigett*, *rigid* der 3984 har *prostriit*, *Riged*, *Rigett* med omvendt fordeling av <d/t> i endingane. Men båe tekstane har *-id* i dei tre supinumsformene som finst (ei fjerde er avstytt med det vanlege teiknet for *-et*); bunden form eintal inkjekjønn har i 3280 *-id* bortsett frå *Rigett*, medan 3984 har *landid*, *Riged* attåt dei nemnde. Det er altså ikkje stor variasjon her, mest berre knytt til leksemet RIGE. Elles har båe tekstane <ffw> intervokalisk og <ff-> først i ord.

Ortografien i M3111 er noko annleis, men denne teksten har òg eit dansk grunnspråk med noko norsk interferens; det er vandt å sjå nokon tendens i retning meir eller mindre dansk. Det som kan peike i ein slik retning, er *helligæ* i M3111 for *helgæ/-e*, *gorden* for *gaarden* og formuleringa som er attgjeven øvst på s. 288 (*pleger besyttis*). Som i *proesteriet* for *prostriid/-t* der, har M3111 oftare markering av lang vokal, jf. òg *troo* for *tro* sida før og *imoedt* for *emod* på siste side. Men M3111 har *stein* for *sten*, så skilja må mest av alt tilskrivast ulik ortografisk praksis uavhengig av dialektskilje.

Denne praksisen ser ut til å vera meir moderne i M3111, som òg paleografien (t.d. nygotisk <r>) tyder på. Såleis skriv M3111 *Landett* for *landed/-id*, der endinga neppe skal lesast annleis, men det er valt eit anna grafem. Dette heng tett saman med det nemnde *imoedt/emod*.

#### 5.5.4 Ein instruks frå 1534

Sommaren 1534 var erkebispem, Nils Lykke og Johan Krukow samla i Bergen, og derifrå sende dei <sup>23</sup>/<sub>6</sub> ein instruks til dei riksrådane som skulle delta i eit herremøte og kongeval i Kjøbenhavn seinare på året.<sup>97</sup> Originalen (i resten av avsnittet kalla A) er trykt som DN XVI 566, men teksten finst òg i ei

<sup>97</sup> Jf. fullmakt same dag, trykt i NgL 2. r. IV 175 etter originalen og i DN XII 547 etter avskrifta M3272. Same dag ferda dei òg ut DN XII 549. Utkastet M3271 er gøymt, saman med to påbyrja renskrifter (M3276 og M3277), alle med same hand, men ikkje den same som i M3272. Sidan det er noko uvisst kvar skrivaren har høyrte til, har eg ikkje bruka meir tid på desse tekstane.

samtidig avskrift i Münchensamlinga (M3275, trykt som DN XII 548, heretter kalla B). Avskrifta er gjord av same hand som det opne brevet DN XII 550 (§ 5.4.2), utferda av erkebisp Olav same dag. Skrifta er heilt lik, så skrivaren av B må iallfall ha høyrte til ved erkesetet.<sup>98</sup>

Dei to versjonane følgjest åt ord for ord, med nokre få unntak. A har fire ord som vantar i B, to av desse utelatingane skiplar setningane og stadfester at B er ei avskrift.<sup>99</sup> Éin gong er det tilføyning i B, *ffor<sup>ne</sup> [wdtwolde] kongelig<sup>e</sup> Matt.*; det same uttrykket med *vduold/vdwold* er bruka i båe versjonane litt lenger opp. Eit anna ord i B som ikkje finst i A, er utstroke att, tydeleg ein korreksjon etter førelegget. A har dessutan éi tilføyning over lina, som er komen med i B. A er skriven etter eit utkast: Teksten er nærast feilfri (berre eitt tilfelle av dittografi, ein typisk avskrivarfeil, som er utstroke att) og har dessutan ein lesefeil: I setninga *ock effter tii vii befrycte Eders herredøme ther faa at ware skule* må *faa* vera feil for *saa*, høg <s> er lese som <f> Feilen er overført til B som *ffaa*. Det svært tette tilhøvet mellom A og B og kopieringa av feilskrifta talar for at B er avskrift av A, ikkje det postulerte utkastet.

Språkleg har båe versjonane klåre norske trekk, do i litt ulik grad, men ortografisk er skilnadene større. A skriv stort sett <f-> medan B har <ff->; båe har <ffu> intervokalisk (men B har nokre døme på <ffw>). A skriv svært ofte <sz>, t.d. *szom*, medan denne skrivemåten berre finst av og til i B. Først i ord står <t> i A somtid mot <th> i B, t.d. i *till/thiil* (båe skriv <th> for eldre /θ/), og likeins <d> mot <th> i *ridder/ritther*: B skriv ordet to gonger med <dd> og tre gonger med <tth> (jf. *etther* andre stader), medan A konsekvent har <dd>. På ordnivå er *maa* to gonger i A attgjeve som *mu(g)e* i avskrifta. Jamfører me B med XII 550, finn me som venta <ff-> først i ord. Overraskande nok har XII 550 derimot ikkje døme på dei karakteristiske <th->-skrivemåtane i *thiil*, *throffast*, men sjølv i B er *tiil* meir vanleg, og både der og i XII 550 konsekvent skrive med <ii>.

Dei to versjonane av instruksen tyder nok ein gong på at avskrivaren følgjer originalen ord for ord, men held seg til si tilvande rettskriving. Dei tydelegaste døma er skilnaden mellom <f-> og <sz> i A mot <ff-> og <s> i B (det er lett å tru at dei få døma på <sz> i B er komne inn frå førelegget). Skilnadene mellom B og XII 550 viser at skrivaren i somme ord kunne variere. XII 550 er ein stutt tekst, som kan forklare at denne variasjonen ikkje kom fram der.

<sup>98</sup> Eg nemner stutt nokre paleografiske særdrag: lita overlykkje og stor underlykkje i <h>, båe lukka; lik utforming av <ff->; lik utforming av <o>, med ulike variantar først i ord og inni; same avstytingsbruk med karakteristisk utforming av lykkja i den vanlege re-avstytinga; kantut <g>; karakteristisk bruk av same ring over <w> som over <u> (der slik ring er vanlegare) m.m.

<sup>99</sup> Setningane *paa thett att jngen [deld] vpholdis* og *och all christelige [fliitt] foruende*. I *Erwerduge [Verduge] ffedre* og *[jn] till thenne tiidtt* er meininga uansett klår.

### 5.5.5 Valbrevet for Kristian III

Gjennom skriftlege forhandlingar vart riksrådet i 1535 samde om å velje hertug Kristian til ny konge, og  $\frac{8}{9}$  sende erkebispen ut fem likelydande brev om dette til den danske rikshovmeisteren Mogens Gøye, bisp Ove Bille i Århus, utvald bisp Joachim Rønnow i Roskilde, kanslaren Johan Friis og riddaren Peder Lykke; breva er trykte som DN XVI 578–582 (Hamre 1998: 676–678 omtalar breva i sin historiske kontekst). Desse fem breva kan såleis vera gode utgangspunkt for ei jamføring.

Formelverket er interessant i seg sjølv: Inscriptio er på dansk til riddarane Mogens Gøye og Peder Lykke, på latin til dei andre (Johan Friis var magister, sjølv om han sat i ei verdsleg stilling). I salutatio er det likeins gjort streng skilnad: Bispane er helsa med *premissis fraterna et amicabile*, medan dei tre andre må nøye seg med *premissis amicabile*. Etter ei dansk helsing og ei stutt innleiing i eit par av breva, kjem alle inn i same spor.

Av desse fem tekstane har 579, 580 og 581 med eit avsnitt som dei to andre vantar. I to andre avsnitt skil 578 og 582 seg noko frå hine, og i dei same avsnitta er det òg nokre små skilnader mellom 579 og 580 på éi side og 581 på hi. 581 har dessutan med ei setning om «Jens wortt sendebudt»<sup>100</sup> som ikkje finst i dei andre tekstane. Paleografisk ser 578 og 582 så like ut at dei truleg er skrivne av same hand; dei tre andre har somme sams drag, men spesielt 581 skil seg noko frå dei to andre, og likskapane kan like gjerne koma av ein sams kansellistil.<sup>101</sup> Tekstlingvistiske og paleografiske argument i lag gjev såleis grunn til å dele breva i tre grupper: 578/582, 579/580 og 581.

Ortografisk følgjest 578 og 582 svært tett åt, men somme skilje er det: 578 har to gonger ⟨y⟩ mot ⟨i/ii⟩ (*almyndelige*, *sydenn* mot *almindeligt*, *siidenn* i 582). Båe tekstane vekslar mellom ⟨u/w⟩, slik at 578 har *kunde*, *skulle*, *kunde*, 582 omvendt fordeling av ⟨u/w⟩; ved ⟨-d/-dt⟩ er det tilsvarende døme i dei to tekstane (*budt*, *bekend* og omvendt). Dei små skilja som er mellom versjonane, ser ut til å vera gode døme på romet som fanst for fri variasjon. Av variablane eg har bruka over, er tekstane nokså einskaplege: Berre 579 og 580 har døme på ⟨ffw⟩ (to og eitt), regelen er ⟨ffu⟩; alle har stor overvekt av ⟨ff⟩ først i ord, men nokre døme på ⟨f⟩. Generelt ser det ikkje ut til at

<sup>100</sup> Kanniken Jens Olsson Bratt, som seinare på hausten forhandla med riksrådet på vegner av erkebispen (DN XII 556–557, Oslo  $\frac{15}{11}$  1535).

<sup>101</sup> Nokre karakteristika i innleiinga: 578/582 har både ein stor, rund *O* i intitulatio, der dei tre andre har meir avlange variantar; dei skriv dessutan stor *C* i to strok og har likeins avstyttingsteikn på *d* for *-er*. 581 har ein annleis, men fleirstroks *C*, svært flattrykt *O* og karakteristiske, kraftige overlinor for å markere avstyttingane i intitulatio. 579 og 580 skriv både *C* i eitt strok, men 580 har mange fleire strekar over lina – både for å markere avstyttingar og som rein dekor.

nokon av tekstane freistar markere lang vokal, men det er frekvent skrive ⟨ii⟩. Om vokalismen elles kan eg nemne nokre døme på adjektivsuffikset *-ug* spreidde utover, og dessutan stadnamnet *Bud* med denne forma i 582, elles er vokalen skriven ⟨o(e)⟩. Korkje 579 eller 580, som har *Boedh*, har andre døme på slik lengdemarkering. Sams for alle tekstane er to døme på diftongar: *offuere(e)ins*<sup>102</sup> og *weeins* ‘ueins, usamd’ (berre 580 har *weens* her); likevel skriv alle *we(e)n(i)ighet* ‘usemje’. I *keeist* ‘velje’ (579) er ⟨i⟩ konsonantisk, sjå Kalkar **ke(j)se** for danske døme.<sup>103</sup> Leniseringa er heilt gjennomført, jamvel ord som elles stundom kan skrivast med ⟨th⟩ utan at det skal tolkast som nokon /t/, er her skrive med ⟨d⟩, som *ydermere*. Som andre tekstar er mønsteret for eldre /θ/ i framljod alltid *the*, men somtid *tesse*. Supinumsformene og tilsvarande bunde eintal inkjekjønn har *-it*.

Tekstane gjev såleis eit svært samla inntrykk, både ortografisk og paleografisk. Det siste må skuldast ein vél utvikla kansellistil, det første ei like vél utvikla norm eller sterk påverknad frå ein kladd. Dei små interne skilnadene gjer det lite truleg at tekstane er sette opp etter diktat, men heller etter eit utkast. Dette kan forklare koss dei kan følgjast så tett åt, men at utkastet er endra noko mellom skrivinga av 578/582 og dei tre siste. Det ekstra avsnittet dreier seg om eit planlagt herremøte i Trondheim som det ikkje vart noko av, og inneheld m.a. ein passus om «en Christen konings kaar»; det kan forklare kvifor det ikkje var med i breva til dei verdslege herrane (Hamre 1998: 677). Det tilføyde avsnittet om at sendebodet Jens «maathe fange gunstige swar och beskeed» i eksemplaret til kanslaren viser at det var dit han skulle vende seg.<sup>104</sup>

### 5.5.6 Oppsummering

Utkasta skriv sjeldan heilt ut dei reint formelfaste delane av diploma, men sjølve rettskrivinga ser ikkje ut til å vera annleis enn i reinskrift. Hovudmønsteret i desse ulike versjonane er altså at skrivaren held seg til sin faste praksis, innanfor dei område av rettskrivinga der variasjonen ser ut til å ha vore fri. Unntaksvis kan nok former som er avstikkande i høve til vanleg praksis for skrivaren, vera henta frå førelegget. Likevel er det tvillaust snakk om avskrift «orð ifra orðe», for endringane er med svært få unntak ortografiske, ikkje leksikalske.

<sup>102</sup> DN trykkjer «offuereens» i 578, men originalen har diftong.

<sup>103</sup> Ordet heng etymologisk saman med norrønt *kjósa*, men er i denne forma lånt frå lågtysk *kesen* (Skautrup 1947: 110).

<sup>104</sup> Han kom aldri så langt, men vart stoppa og halden i Oslo av Vincens Lunge (DN XXII 285). Brev vart tydelegvis konfiskerte av herr Vincens (Hamre 1998: 682).

Det ser ikkje ut til å vera tydelege skilje i språkforma på aksen dansk–norsk mellom utkast og avskrifter. Somstad kan ein finne noko, men dette er godt innanfor den vanlege variasjonen og vitnar snarar om ulike individuelle vanar enn systematisk, medviten endring. Hypotesen eg sette fram om at ulike stilnivå kunne koma til syne i nett denne typen tekstar, stemmer altså ikkje. Derimot er dei gode døme på kva slags variasjon som var «fri», og altså ikkje meiningsfull i sosiolingvistisk forstand.

## 5.6 Avslutning om språkforma

Brorparten av dette kapittelet har gått med til ei deskriptiv framstilling av utvalde trekk i dei norsk-danske tekstane, både reint ortografiske og trekk som skilde norsk frå dansk. Eg skal gjera nokre freistnader på å draga i hop det me har sett, og ikkje minst koma attende til diskusjonen om norm eg førebudde i § 3.4.3. Somt kan òg diskuteras for perioden under eitt.

### 5.6.1 Ordtilfanget

Mengda av framandt ordtilfang viser eigentleg ei jamnare utvikling enn ein kunne vente. På dette punktet er det ikkje snakk om noko brått skifte, men heller tiltakande bruk. Lånord i dei norske tekstane tyder somtid på sjølvstendige lån frå lågtysk, ikkje frå/via dansk. Eit typisk døme er avleiinga *-heit*, der dansk hadde *-het/-hed* (jf. § 5.1.4 over og Berg 2011: 26). Dessutan såg me at ord med lågtysk opphav gjerne blir skrivne med ⟨p⟩ i dei yngste tekstane, sjølv om lånorda oftast følgde leniseringa /p/ > /b/ ⟨b⟩ i dansk. I andre ord viser forma at lånet er frå dansk: *vfortøffuit* (t.d. i X 655) < lågtysk *unvortogelik* har ein skrivemåte som reflekterer ljodutviklinga postvokalisk /g/ > /w/ i dansk.

Det same kan vera forklaringa på somme ord der endingskonsonanten i avleiingssuffikset *-skap* viser overgang til frikativ. DN I 1062 skriv *hwldskaff mandskap och troskap*. Dei to siste orda har klåre lågtyske parallellar (sjå Lübben **manschop, truweschop**), medan *hwldskap* er ei dansk nydanning (Skautrup 1947: 87). Den logiske slutninga blir da at det første ordet er lånt frå dansk i denne forma, medan dei to andre i minsto er assosierte med dei lågtyske formene. Dette finn me òg att i M399 (omtala i § 5.4.4): På pag. 24 les me både *hwldskap oc mandskap* og *hwldskaff mandskaff*. Det er uvisst om denne variasjonen går attende til originalen, men andre fornorskingar i teksten gjer det godt mogleg at *-skap*-endingane er komne inn i avskrivinga.

Det kan såleis sjå ut som tilhøvet til lågtyske lån har vore meir sjølvstendig enn det somtid har vore hevda, t.d. av Simensen (2005: 1163): «In general

Dan. also served as a transit point for the [Middle Low German] impact on Norw. and Icel.» Dei ortografiske formene viser at orda har vore assosierte med lågtysk, ikkje dansk.

**(Be)grøsse** Ei interessant enkeltstående form er verbet *(be)grøsse*, som er bruka i avskilshelsinga nokre gonger. Ordet må koma frå høgtysk *(be)grüßen* (med høgtysk /s:/ (via gammalhøgtysk /ʒ:/) av germansk intervokalisk /t/); det tilsvarande lågtyske verbet er *groten/gruten*. Kalkar (**grysse**) har berre seinare døme, medan eg ikkje kan finne ordet nemnt hjå Skautrup (1947); generelt er det oppsiktsvekkjande med høgtyske ordlån så tidleg.

Stuttforma *grøsse* finst i 12 diplom frå 1526–1533, det utvida *begrøsse* i 9 diplom frå 1529–1534 i DN I–XXI (fritekstsøk i nettversjonen). Eg har dessutan notert fire døme frå DN XXII (alle i 1536), men ikkje leita systematisk i dei to banda som ikkje er digitaliserte. Av totalt 25 diplom er 19 frå Vincens Lunge, 18 sendebrev til erkebisen og Eske Bille, og eit konsept til ein riksrådsinstruks «m. Hr. Vincents Lunges egen Haand» (DN XV 512).

Frå 1533 tek erkebisen ordet i bruk, men berre i brev til Eske Bille (at alle breva er til anten erkebisen eller herr Eske, kan ha med overleverings-situasjonen å gjera, sidan arkiva etter baa to er gøynde til i dag). Såleis finn me *grøsse* i DN X 645, vidare *begrøsse* (XVI 561), *begrötze* (XXII 295 og 316), *begrotze* (XXII 325) og *begrösze* (XXII 330). Som døme gjev eg XXII 295:

- (17) *bedinndis Etther kerligenn att I wille begrötze Etthers kere husfru oc jomffru Karine mett mannge twsinndt godenatt paa waare wegne*

Erkebisen brukar ordet berre i nett dette uttrykket, men herr Vincens sjølv kan somtid bruke det litt friare, t.d. i det nemnde konseptet XV 512. Men oftast er det anten hustru og barn som skal helsast, eller omvendt dei som helsar. I dei to breva frå erkebisen til herr Eske i 1537 vantar denne avskilshelsinga heilt; stemninga var ikkje like gemyttleg lenger.

Dei to første frå erkebisen er skrivne av ulike hender. Brev i DN XXII har eg ikkje sett i original, men ut frå ortografien kan ingen av dei vera skrivne av den same som dei to første. Her har me ei form Vincens Lunge tydelegvis innførde og som fleire skrivarar (eventuelt erkebisen sjølv i diktat) tok til seg og bruka. Eit klårare teikn på koss éin person kan føre inn eit nytt ord er vandt å finne i eit fragmentarisk historisk materiale.

**Landsnamnet** Sandøy (1997) har gjeve ein ny gjennomgang av historia åt landsnamnet *Noreg*, og ut frå dialektformene *Nori*, *Norje* argumentert for eit opphav i *Norik(i)*, som i seinmellomalderen skal ha erstatta det norrøne *Noregr*. Sandøy argumenterer primært historisk-fonologisk og brukar berre

varsamt skriftlege kjeldor. Ut frå det materialet eg har granska, synest det klårt at landet verkeleg heitte *Norje* tidleg på 1500-talet.

Dette går fram av talrike døme på skrivemåten *Norie(s)*. Genitivforma er svært vanleg i uttrykket *Norgis riigis raad*, men her er ofte *-is*-endinga avstytt og lesinga såleis litt meir usikker; jamvel når det er skriva fullt ut, er tolkinga av forma noko uviss. Derimot må ⟨gi⟩ i den vanlege skrivemåten *Norgie* (t.d. i DN X 655) definitivt lesast /j/ i analogi med former som *fylgier*, *wilgie* osb., som eg har vore innom fleire gonger over.

### 5.6.2 Ortografi og ortofoni

Noko av variasjonen eg har peika på, kjem av talemålet åt skrivarane. Men samstundes følgjer dei ortografiske normer, og ei av dei sterkaste ser ut til å ha vore skrivemåtane med ⟨b, d, g⟩. I ord som *pliihtigæ* og *beplichte* (DN IX 719, «beplichte» i DN-utgåva er feil) må uttalen sjølv i dansk ha vore /kt/, eventuelt /xt/, både på grunn av opphavet i lågtysk *pflicht* og sambandet med ustemd /t/. Skautrup (1947: 186) fører ⟨ct⟩ som den normale skrivemåten hjå forfattarane i reformasjonstida, men nemner at kansellispråket «ikke sjældent» har ⟨g⟩. Kalkar har mange døme på skrivemåtar med ⟨c/ch⟩, og i t.d. DN IX 726 heiter det *beplichtæ*. Det same må gjelde *stormeghtigste* (DN IX 726), jf. *mectiste* i NgL 2. r. IV 184. Gjennomføring av ⟨g⟩ må difor vera eit utslag av ortografisk norm, og ikkje nokon fonem-grafem-korrespondanse.

Men tendensen til å harmonere stavemåten kan òg slå andre vegen, som når DN VII 719 skriv *raadeliht*; her blir etymologisk /g/ skriva ⟨ch⟩ i ein posisjon der uttalen har vore ustemd. I avleiingar er det somtid skriva *-licht* (t.d. *vlideliht*, DN XII 559), som òg må skuldast at opposisjonen /g/ – /k/ var (og er) nøytralisert før /t/. DN XII 559 har òg *schadeliht* ‘skadeleg’, der ⟨sch⟩ må vera influert av lågtysk *schadelik*. Her er variasjonen knytt til det ortografiske nivået, og me veit at formene med ⟨g⟩ etter kvart sigra i dansk (*pligt*, *mægtig*). Men denne endelege konsolideringa skjedde altså på eit seinare tidspunkt og er ikkje gjennomført i dette tekstmaterialet.

Kompromissforma *viger* ‘vekor’ (OER: 2) tyder likeins på at nett dette ortografiske draget stod sterkt. Ordet hadde longo mist /v/ i framljod i dansk (jf. GG II § 380 og formene hjå Kalkar). Skrivaren har tydelegvis lært seg at /k/ i talemålet skal skrivast ⟨g⟩, men har teke med ⟨v⟩ frå norsk talemål. Dette blir da eit argument for at nett leniseringa har vore oppfatta som ein markert skilnad mellom norsk og dansk; det historiske bortfallet av /w/ før runda vokalar (i dette ordet etter runding av /i/ > /y/ > /u/ etter /w/, GG I § 88, merknad 1) kunne ikkje like lett knytast til ein generell regel og brukast følgjerett av skrivarane.

Somme gonger går denne tendensen til å gje att /k/ med ⟨g⟩ for langt, som *orsept* (subst.) i DN VIII 613; forma med *-t* må elles vera norsk/svensk, Kalkar fører opp **orsag(e)**. Eit liknande døme er *beng* ‘benk’ i DN XI 621. Teksten viser til eit brev på dansk frå riksrådet sønnafjells (DN XV 507), der dei skriv «siidhe paa bencche»; skrivemåten med ⟨g⟩ er såleis tydeleg ei hyperkorrekt form som er komen opp ved erkesetet. Paradoksalt nok er dette ein tekst som viser meir norske trekk enn mange andre. Alt dette viser at skrivarane har vore vane med å lesa ut /k/ der dei skreiv ⟨g⟩, og omvendt gje att /k/ i talemålet med ⟨g⟩ i skrift. Dette er eit tydeleg teikn på ei norm.

### 5.6.3 Konsekvens og norm

Eg har fleire gonger i den språklege gjennomgangen vist at skrivemåtar ofte kunne vera leksikalsk definerte, ikkje baserte på ein spesifikk fonem–grafem-korrespondanse. Dette er eit viktig poeng å ta med seg, ikkje minst i drøftinga av ‘norm’: Skrivarane skriftfeste ikkje noko talemål, korkje sitt eige eller kjøpenhamnsk, men freista følgje visse normer for rett skrift. Eg kan ta opp att to døme her: 1) Trass i at ⟨d⟩ er i ferd med å avløyse ⟨th⟩ for [ð], får me likevel inn den nye skrivemåten *etther* med ⟨tth⟩ i sendebrev sist i perioden. 2) Presenssteget av *gøre* blir oftast skrivne *gør-*, medan fortidsformene har *gior-*, dvs. markert palatalisering berre i fortid, som neppe kan ha vore nokor talemålsform. Døme på *giø-* viser samstundes at det ikkje var etablert at ⟨gø⟩ skulle lesast /jø/, slik ⟨gi⟩ var ein skrivemåte for /je/.

Fordi tekstane frå Olav Engelbrektssons tid veg såpass tungt i materialet, viser eg dels attende til dei oppsummerande merknadene mine i § 5.4.7. Men det kan òg vera grunn til å sjå på samanhengane attover i tid, ikkje minst til Erik Valkendorfs tid. Eitt tydeleg trekk er gjennomføringa av endingsvokalen ⟨e⟩, der berre få skrivarar har nemneverdige unntak. Eit døme på ein slik er skrivaren av *utkasta*, som har mykje ⟨æ⟩, men dette er ikkje på grunn av teksttypen, for han har same mønster i sendebrev han skreiv òg (IX 670 og XXII 177). Litt oftare og seinare finst ⟨a⟩ i dekt stilling (*utan*, *innan*, *gamal* er siterte over). Ei naturleg tolking av dette er at regelen ikkje var like klår i denne posisjonen, og skrivarane følgde talemålet sitt.

Lenisering er likeins eit markant trekk, som eg viste til over. Når dette jamvel blir overdrive, viser det eit ønske om å tilpasse språkføringa si. Hyperkorreksjonar er typisk for «changes from above» (Labov 2001: 274), og kan brukast som argument for at skrivarane verkeleg prøvde medvite å skrive eit språk dei ikkje var heilt heime i. Den svært gjennomførde leniseringa, med former som *viger* og *beng* jamvel i tekstar som elles syner klare norske trekk, blir såleis døme par excellence på at ei sterk norm styrde skrivarane, sjølv



om somt i denne norma var «optional», for å gripe attende til terminologien frå Bartsch (1987) (jf. § 3.4).

**Supinum** Eg har i gjennomgangen av supinum fokusert på tostavingsformene, ut frå ei forventning om at variasjon i liten grad er mogleg ved einstavingsformer av typen *giort*. Likevel viser det seg at ein somtid kan finne *giortt* med <tt>. Det må ein lesa som eit utslag av ei norm, ein normaliseringstendens der ein skrivemåte som på ingen måte har noko med uttale å gjera, blir bruka systematisk. Dette gjeld likevel ikkje berre tekstar som (nær) gjennomfører <tt> som ending; i § 5.4.4 viste eg jamvel til ein tekst med *-d* i tostavingsformer, men *-tt* i t.d. *tilsagtt* (DN VIII 659), så fullt så enkelt er ikkje biletet.

Det er òg andre former som høyrer logisk saman med supinum i språkbyggnaden, t.d. bunden form eintal av inkjekjønnsord og preposisjonar som *med*, og oftast har desse same endingar. Til dømes har DN XII 463 supinum *-dt* (*fforscreffuidt*, *loffuedt*, *giffuidt*), b.f.sg. *riigedt*, *eigedt* og suffikset *-heidt* (ein gong *-heytt*).

Fonologisk må me rekne med ei gradvis svekking (der preposisjonen *með* følgjer med frå steg 2 og fell saman med opphavleg *-t*): /t/ > /θ/ [ð] > Ø. Fonetisk er enda fleire mellomstadium moglege, men desse tre kjenner me iallfall frå skrift: *-t* er vanleg i norrønt, *-ð* kjenner me frå moderne islandsk medan bortfallet er ålment i norsk. Somtid er det skrive *-dh* i tekstane eg har undersøkt, og dette kan godt vise til same språklege utviklingssteg som i islandsk. Skrivemåten finst i hovudsak i diplom frå 1520-åra, frå DN IV 1080 (domkapittelet i 1521) og frametter til 1532. Når denne skrivemåten seinare vart erstatta av *-t(t)*, går dette på tvers av den kjende språkutviklinga, dersom me identifiserer <dh> med /θ/ [ð] og <t> med /t/. Denne endringa i skrivemåte må difor vera ein reint ortografisk konvensjon. Og at /t/ vart svekt og fall bort i utljod er nok ein grunn til at me i nett denne posisjonen finn såpass mykje variasjon. Variasjonen slepper i første omgang gjennom talemålsformer (svekt ending, skrive *-dh*), men tiltakande standardisering gjer slike slutningar umoglege. Skriftspråket lukkar seg og blir i større grad eit autonomt system.

**Individuell konsekvens** Det eg meiner å ha vist nokså klårt, er at skrivarane har individuelle særdrag, som gjer at identifikasjon av skrivarhender gjerne kan nytte seg meir av ortografisk analyse enn det kanskje har vore gjort. Der eg kommenterer skrivarfellesskap, t.d. har eg identifisert fleire tekstar som skrivaren attom dei fleste utkasta har skrive, har eg i hovudsak gått etter ortografisk einskaplege tekstar, og så kontrollert dette paleografisk. Dette er naturlegvis enklast for svært avstikkande individuelle skrivemåtar (som

mykje ⟨gg⟩ hjå utkast-skrivaren), men berre ei jamføring av dei trekka eg har undersøkt nøgnare i § 5.3 og § 5.4, kan vera ein god start.

I somme av dei undersøkte variablane er det ei diakron utvikling som syner ein standardiseringstendens, i andre held vekslinga seg meir lik gjennom perioden. Men da er det slik at skrivaren følgjer same praksis, og det viser at om dei konkrete vala kunne vera ulike, var dei ikkje tilfeldige. Skrivarane la seg til ortografiske variantar på same sett som dei la seg til utforminga av bokstavar og ligaturar. Dei seinare sendebrev og eit par andre tekstar innfører ei ny form *etther* og ein ny skrivemåte ⟨cch⟩. Desse tekstane har eg av praktiske omsyn ikkje undersøkt i original, så eg kan ikkje seie om dette har breidd seg, eller om det er same mann som har skriva alle desse. Delvis ulike val i dei andre variablane tyder likevel på det må vera snakk om fleire skrivarar, og uansett vitnar gjennomføringa av dei nye formene om konsekvens.

## Ekskurs: 20 år etter

Eg skal her sjå på nokre dokument frå kyrkjemiljøet i Trondheim tjuve år seinare, og sjå om reformasjonen førde til noko brått omskifte. Kjeldone til denne ekskursen er *Trondheims kapitelsbok 1* (AM 332 fol. (pergament), heretter TK1). Det finst òg ei kapitelsbok 2 (NKS 998 fol. (papir)). Desse bøkene er kopibøker som for ein stor del inneheld avskrifter av inn- og utgåande brev; me kan vel òg rekne med at somme interne avgjerder kunne skrivast rett inn utan onnor publisering. Om dei ikkje var påbyrja før reformasjonen, fører dei iallfall vidare ein del eldre stoff. Det meste av bøkene ser ut til å vera skriva i 1550-åra (jf. søk i DN på «Kapitelsbog» i kjeldefeltet) og det som ikkje er avskrifter av eldre, kjende brev, er trykt i DN XII.

TK1 er ei skinnbok på 79 blad, der nokre få er blanke. Innhaldet er av ymist slag, men ein nokså stor del er landskyld som høyrer til domkapittelet i Trondheim og dei ulike prebenda. Elles er det mange avskrifter av viktige brev med tilknytning til domkapittelet, både samtidige og eldre. Dei eldste er fundasjonsbrevet for kommunsbordet frå 1253 (på latin, trykt som DN III 4 etter originalen) og vernebrevet frå kong Håkon V frå 1300 (trykt som DN II 57 etter originalen). Boka har truleg vorte påbyrja sist i 1530-åra og flittig bruka i åra etter. Ein eidsformular med underskrifter av kannikane er oppdatert heilt fram til 1660.

Her skal eg trekkje fram nokre innførslor av brevliknande format som kan kaste ljós over skriftforma som var i ålmenn bruk i miljøet kring domkyrkja i Trondheim ikring 1550. Eg har da teke med tekstar som er utferda av kapittelet, inkludert éin utferda i lag med høvedsmannen Kristoffer Galle (DN

**Tabell 5.6** Tekstar i TK1 ikring 1550

Bd.	Nr.	Dato	TK1
XII	611	22.03.1547	10v
XII	630	Udatert	10r
XII	636	13.01.1552	12r
XII	649	14.11.1552	13v
XII	650	[10.01.1553]	14r
XII	654	11.10.1554	7v

XII 611). Eg har ikkje teke med ei rekkje avskrifter av kongebrev og nokre frå høvedsmannen Evert Bild (Kristoffer Galles ettermann på Steinvikholm). Kjeldetekstane for dette avsnittet er viste i tabell 5.6 med DN-nummeret som referanse.

611, 636, 649 og 654 har form som offisielle brev/diplom, og er tydelegvis kopierte direkte. 654 gjeld organiseringa av domkapittelet, og det er vel mogleg at teksten berre har eksistert i TK1. 630 og 650 vantar det vanlege formelverket, og truleg er tekstdelen av utferda diplom skriven inn i kapittelsboka. Dei fleste tekstane er skrivne med nokså kraftig nygotisk skrift, medan 636 har ei meir tradisjonell kursivskrift. 611 og 630 ser ut til å vera same hand; det same gjeld truleg 649 og 650, medan 636 og 654 er skrivne med andre, innbyrdes ulike hender. Det ser såleis ut til å vera fire ulike skrivarar. Denne identifikasjonen høver bra med plasseringa i boka, der same hand fortset på neste side i dei høva eg har påstått skrivarfellesskap.

Av desse seks tekstane skriv dei to første jamt diftongar (t.d. *høyre Twtrøyen til* i 630, men òg *hører*), dei to neste gjennomfører trekket delvis (men har t.d. avleiingssuffikset *-het/-hed(t)*), medan dei to siste berre har diftongar i artiklane *ein/eit*. Alle har lenisering, men i svært ymsande grad. Flest norske skrivemåtar har 630, t.d. *førlikelse* og stadnamnet *haslewiken* med ⟨k⟩; men òg 636 har ⟨k⟩ i *ydmyme(lig)*. 630 har dessutan trykklette fullvokalar i ord som *thetta*, *annan*, *Sedhan*.

Alle tekstane gjennomfører ⟨ffu⟩ (berre eitt unntak, *fforskreffwidt* i 611). Tendensen me såg i det eldre materialet har altså halde seg på dette området. Dei tidlegare tekstane viste ingen tendens til standardisering av ⟨f-/ff-⟩, og her har 611 og 654 fri variasjon. 630 har nokre få døme på ⟨ff-⟩, medan resten skriv berre ⟨f-⟩. På denne tida held altså nokre skrivarar på den eldre variasjonen, medan andre har samla seg om éin skrivemåte.

Skrivemåten av eldre /θ/ i framljod er interessant: 611, 630 og 649 gjennomfører ⟨th⟩; 650 har òg stort sett ⟨th⟩, men éin gong *den*. Derimot

har 636 berre <d>, medan 654 har halvt om halvt med dei to variantane. Eg viste ovanfor koss *d*-formene finst sporadisk tidlegare òg, men dei slår altså ikkje gjennom heilt i Trondheims-miljøet før etter 1550.

Den siste teksten, frå 1554, har forvitnelege former som *honnom totthe* og <t> i *ytthermere*, *maathe* (men òg *maadhe*). Forma *totthe* fanst i eldre dansk (sjå GG VII § 753 og nokre oppføringar hjå Kalkar **tykke**), men ved utgangen av mellomalderen verkar det som det var vanlegare å overføre vokalen frå presenssteget; Skautrup (1947: 56) nemner *totte* seinast i 1506, i Låles ordtøkesamling.

Det er freistande å tenkje at grunnen til at 630 merkjer seg ut med såpass norsk preg, med diftongar, <k> og fullvokalar, er at dette ikkje er eit offisielt diplom, men eit vitnesbyrd som kanskje er henta or eit offisielt diplom, og i så fall berre slik at det viktige sakstilhøvet er ført inn i kopiboka. Om ikkje anna, viser det at det var mogleg å skrive såpass norskprega enno ikring 1550. Den individuelle konsekvensen er slåande her òg, merk at den ortografiske variasjonen eg har peika på, går godt i hop med den paleografiske identifikasjonen av skrivarhender.

# Språkbruken 6

---

Dette kapittelet hevar blikket frå det reinte språklege nivået og ser på tilhøvet mellom ulike språk og varietetar, og koss me møter dei i bruk, sentrert kring tre hovudspørsmål:

1. Tilhøvet mellom skandinavisk og latin.
2. Andre framandspråk, først og fremst lågtysk.
3. Overgangen frå norsk til dansk skriftspråk.

Når det gjeld punkt 1, er det viktig å hugse at mellomaldersamfunnet var (minst) tospråkleg, som eg var inne på i § 3.2. Den første tida etter at det latinske alfabetet vart innført i Noreg, var det ingen som kunne skrive norsk utan at dei samstundes kunne skrive latin. Etter kvart er det truleg at somme har hatt iallfall lesekunne berre på morsmålet, men langt dei fleste skrivande menneske har òg meistra latin. Latinske tekstar levde heile tida eit liv jamsides folkemålet, og den posisjonen ser ikkje ut til å ha endra seg nemneverdig gjennom den perioden eg har studert. Her skal eg sjå både på spesielle dokumenttypar og bruksområde for latinen, og på koss skandinavisk og latin kunne blandast i same dokument – kodeveksling.

I tekstane eg har undersøkt, dukkar somtid andre språk opp. Det viktigaste framandspråket i Skandinavia var lågtysk, og det viser seg òg fleire stader i materialet mitt. Det har t.d. vore hevda at det ikkje finst døme på fleirspråklege skrivarar eller (skriftleg) kodeveksling mellom norsk og lågtysk, men i rekneskapsbøkene finst faktisk nett det.

Punkt 3 er eit tradisjonelt spørsmål i norsk målsoge, og eg kjem ikkje med revolusjonerande påstandar her. Men på eit par punkt vil eg modifisere tidlegare framstillingar av utviklinga, slik ho er skildra først og fremst hjå Indrebø. Språkskiftet var ein prosess der dansk spreidde seg sosialt nedover, og Indrebøs gamle motsetjing mellom å *hoppe* eller *krype* over i dansk står seg framleis som ein dekkjande metafor.

Eg innleier kapittelet med nokre teoretiske føresetnader for det vidare arbeidet, først og fremst koss fenomenet ‘kodeveksling’ kan tilpassast eit skriftleg materiale. Dinest diskuterer eg det første hovudpunktet over, kyrkje-språket latin (§ 6.2), før eg ser på bruken av andre framandspråk: I § 6.3 ser eg på språkval i kommunikasjon i Nordsjø-området i ei konkret sak, og i § 6.4 går eg nøgnare inn på tilhøvet til lågtysk. Etter denne gjennomgangen freistar eg å samle noko som gjeld for språkkontakt, og ikkje minst kva det er mogleg å seie om den skriftlege kodevekslinga, i § 6.5. Til slutt diskuterer § 6.6 overgangen frå norsk til dansk skriftspråk.

## 6.1 Eit fleirspråkleg miljø

Miljøet kring erkesetet var fleirspråkleg på fleire vis. Løningslistone fortel om mange utanlandske arbeidstakarar, og klerkane hadde latinsk skoloring og kunne eitkvart av det språket. Samstundes ser me at skrivarar i Trondheim evla å skrive dansk, og me finn sterke svenske innslag i fleire brev frå erkebispen. Mellom dei skandinaviske språka er det i røynda berre snakk om dialektskilje, men gjennomgangen av skriftspråket i førre kapittel viser at iallfall ein del skilje har stått klårt for skrivarane og at den skriftlege språkkompetansen var stor.

Ein kan snakke om språkleg kompetanse på fleire nivå, slik det er vist i figur 6.1. Modellen tek omsyn til medium (skrift/tale) og aktiv/passiv kompetanse. Kjeldone kan gje oss direkte kunnskap om den aktive, skriftlege kompetansen, men ut frå

	aktiv	passiv
skrift	skrive	lesa
tale	tala	høyre

**Figur 6.1** Språkkompetanse

omstende kring skriftbruken kan det vera mogleg å slutte seg til andre typar kompetanse òg, både munnleg og skriftleg. Dette blir drøfta i avsnitta om framandspråk under (§§ 6.3–6.4) og på eit meir overordna nivå i § 7.4.2.

Me møter den fleirspråklege skrivekompetansen ved at ulike teksttypar kravde ulike språk, mest slik at me gjennom heile perioden finn somme brev på latin; dinest koss fleire språk kan blandast i same tekst. Tydelegast er dette i samband med latin, der det vekslar med skandinavisk i mange brev; da er det tale om to klårt åtskilte språkregister. Biletet er meir innfløkt i tekstar på skandinavisk, der det kan vera vandt å avgjera kva språk teksten eigentleg er skriven på, og i neste omgang kva som representerer innslag frå andre språk – fordi definisjonen av ‘språk’ ikkje er så endefram (§ 3.2). I alle diskusjonar av språkleg praksis i fleirspråklege miljø er kodeveksling ein viktig term.

### 6.1.1 Kodeveksling

Kodeveksling kan definerast som byte mellom ulike språklege register, anten det no er snakk om stilistiske nivå, dialektar eller språk, «in the same conversational turn or in consecutive turns» (Myers-Scotton 1997: 217). Det er likevel slik at det arbeidet som er gjort innan dette området, i all hovudsak tek stilling til talemål. Ein av få studiar som nyttar det teoretiske rådeverket frå sosiolingvistikken på historiske, skriftlege kjeldor, seier det slik:

Linguists have had little to say to date about code-switching in written form, and I have stressed the inadequacy of applying to a written text the same methodologies as those used by linguists investigating modern speech communities (Adams 2003: xxi).

Adams (2003) tek føre seg tospråklege tekstar (inskripsjonar, brev og andre ikkje-litterære skrifter) med latin som det eine språket i Romarriket, og arbeider til liks med meg med eit historisk språksteg. Skriftleg kodeveksling er noko anna enn spontan veksling i ein samtalesituasjon; ein kan ikkje forstå dei to fenomena på same sett sidan dei oppstår i heilt ulike situasjonar. Men om fenomenet artar seg ulikt i dei to media, er det likevel grunn til å tru at den psykososiale motivasjonen for kodevekslinga kan vera noko av den same.

Det har vore ulike syn på om kodeveksling berre er eit produkt av makroelement i den sosiale situasjonen, eller om talaren er ein sjølvstendig aktør som brukar vekslinga «*strategically* to influence the outcome of interpersonal relations» (Myers-Scotton 1993b: 92). Myers-Scotton konkluderer med det siste, og meiner «code choices are more directly linked with interpersonal relationships than with the situational frame» (loc. cit.). Ho meiner at bruksmønstra i samfunnet utgjer det normative rådeverket kodeveksling blir tolka ut frå, men legg vekt på at det alltid er tale om ei handling og eit val talaren gjer «purposefully, if often unconsciously» (op. cit.: 101): «Speakers need situational factors as input – as signposts of markedness. But speaker motivations, not social factors, direct choices» (op. cit.: 110).

**Markertheitsmodellen** I det siste sitatet frå Myers-Scotten bruka ho «markedness». Dette er eit grunnleggjande prinsipp i markertheitsmodellen hennar, sett fram i Myers-Scotton (1993b). Språklege val er meir eller mindre markerte, og vanlegvis vil språkbrukaren velje den umarkerte forma eller varieteten. Ho føreset eit «underlying normative framework [...], with readings of markedness for the potential code choices» (op. cit.: 110). Og dette normative rådeverket «is provided by societal norms» (loc. cit.). Ulike sosiale faktorar i samfunnet utgjer altså tolkingsråma for dei konkrete språklege vala som kvar språkbrukar heile tida tek – ofte umedvite.

I denne modellen kan kodeveksling vera umarkert og forventa. Myers-Scotton byggjer på situasjonen i Afrika, der fleirspråklegheit er vanleg og eitt språk kan vera heimespråk og eit anna arbeidsspråk, og der kodeveksling kan markere overgangen til ein ny situasjon. Men ofte vil kodevekslinga vera markert, ho bryt med forventa åtferd og har sosial meinig. Det sentrale spørsmålet til førekomstar av kodeveksling blir da: Er vekslinga «naturleg» (umarkert, normal språkleg åtferd) eller medviten for å oppnå ein spesiell effekt (markert)?

**Motivasjon for kodeveksling** Ein av dei fremste motivasjonane for kodeveksling er å markere eigen identitet og/eller sosiale tilhøve mellom sendar og mottakar: «Code-switching (in our written texts) often expresses social meanings in one sense or another» (Adams 2003: 300). Sidan ein stor del av materialet mitt er brev av ymse slag, med ein namngjeven avsendar og mottakar (som kan vera ei større gruppe, heilt opp i «alle menn som ser eller høyrer»), er det naturleg at kodevekslinga tener til å markere tilhøvet mellom sendar og mottakar. Me kan sjå for oss fleire typar kodeveksling, der eit grunnleggjande skilje er medviten, intensjonell kodeveksling i motsetnad til veksling på grunn av manglande kompetanse – språkkunnskapen kan rett og slett gjera eit skifte naudsynt. Merk at dette ikkje er det same som interferens, der påverkinga «sklir» inn i språket utan at det er snakk om eit byte av språk (jf. under). Dette er to prinsipielt ulike former for språkleg praksis – den første viser høg språkkompetanse, den andre låg. Eg skal her i første rekkje konsentrere meg om det medvitne, der Adams (2003: 301–304) gjev fire ulike grunnar til kodeveksling:

1. Etablere/markere tilhøvet mellom sendar og mottakar.
2. Uttrykkje identitet (som må vera i høve til eitkvart, jf. punkt 1).
3. Emnet for ytringa (typisk fagterminologi).
4. Stilistisk veksling, poetisk språk.

Dei tre første punkta har eg klare døme på i materialet mitt, medan det fjerde ikkje er så relevant for dei teksttypene eg har. Tilhøvet mellom sendar og mottakar (punkt 1) kan markerast eller klårgjerast på to motsette måtar: Gjennom at sendar tilpassar seg mottakar (konvergerer/akkomoderer), eller distanserer seg frå han (divergerer, markerer distanse og makt eller ekskluderer mottakaren). Dette vil naturlegvis gli over i punkt 2. Punkt 3 er spesielt viktig for ein del tekstar knytte til den katolske kyrkja, som var uløyseleg knytt til latin.



**Fleire slags veksling** Det er vanleg å skilje mellom tre hovudtypar kodeveksling (Adams 2003: 21–24 med tilvisingar til tradisjon for terminologien):

- Innsetjing av faste uttrykk (*tags*).
- Veksling innan setningar (*intra-sentential*).
- Veksling mellom setningar (*inter-sentential*).

I tekstmaterialet mitt er det mange døme både på tags og inter-sentential veksling, medan intra-sentential veksling er sjeldnare, jamvel om det finst. I litteraturen om kodeveksling har den siste typen veksling vorte mest omtala, sidan ho på mange måtar framstår som mest interessant. Kven som helst som er fleirspråkleg, kan skifte språk frå ei setning til den neste, men fleire språk i same setning er langt meir eksotisk – og heller ikkje like lett gjennomførbart, dersom dei to (eller fleire) involverte språka har svært ulik struktur. Difor har arbeid som Myers-Scotton (1993a) vore opptekne av å studere syntaktiske grensor for mogleg kodeveksling. Der sette Myers-Scotton fram *Matrix Language Frame*-modellen, som identifiserer eit basespråk og eit innføydd språk (høvesvis *matrix language* (ML) og *embedded language* (EL)), der basespråket held det grammatiske rāmeverket medan det innføydde språket kan bidra med innhaldselement. Dette er ikkje så enkelt som det kan høyrast ut, og somtid kan det bli heilt håpløst å avgjera basespråket; Adams (2003: 68) har eit døme der språket skiftar fire gonger i ei ytring på elleve ord. Dette leier han til å skilje mellom «code-switching» og «language mixing» (op. cit.: 70).

Det er altså to hovudtilnærmingar til kodeveksling, ei sosiolingvistisk og ei syntaktisk. Eg er i første rekkje oppteken av den sosiale motivasjonen for kodevekslinga, mindre kvar i den syntaktiske strukturen det er mogleg å byte språk, sjølv om eg somtid kommenterer slike sidor ved språkbruken. Dei tre typene kodeveksling (intra- og inter-sentential veksling og tag-innsetjing) er nyttige omgrep som eg vil bruke i organiseringa av framstillinga under, og eg vil dessutan argumentere for at setningsintern veksling krev meir språkkunnskap enn bruken av somme faste frasar i t.d. brevoppsett.

### 6.1.2 Kodeveksling, lån og interferens

Desse tre omgrepa er ulikt bruka i faglitteraturen, så det er viktig å presisere kva ein legg i dei. I første rekkje er det skiljet mellom lånord og intra-sentential kodeveksling som er uklårt, og det er fleire moglege syn. Som eit prinsipielt utgangspunkt kan ein seie at lånord er tilgjengelege for eittspråklege morsmålsbrukarar av låntakarspråket, men dette kan berre etablerast omveges for historiske språksteg. Ei onnor sak er nok at grensone

og definisjonane gjerne framstår klårare i ein analyse enn for språkbrukarane sjølve. Omgrepa er konstruerte av lingvistar som freistar skildre ei komplisert språkleg røynd, og må forståast som analysereiskap like mykje som språklege realitetar i samtida.

Det er vanleg å skilje mellom to ulike typar lånord (Myers-Scotton 1993a: 168f): kulturelle lån («cultural borrowings») og kjernelån («core borrowings»). Dei kulturelle låna fyller semantiske hol i låntakarspråket og blir straks ein del av det, for språket har ingen annan måte å uttrykkje det same på – neste gong same fenomen skal nemnast, vil det kulturelle lånet bli bruka på nytt (op. cit.: 171). Kjernelån erstattar derimot eksisterande nemningar i låntakarspråket, og utgjer til å byrje med ein alternativ uttrykksmåte. Myers-Scotton meiner difor at kjernelåna kjem inn i språket som kodeveksling, og overgangen til lån skjer gradvis: «As a core form's frequency increases in relation to that of the ML it duplicates, it is on its way to becoming a B[orrowed] form» (op. cit.: 175). Just når ei slik form kan kallast lån, blir såleis eit reint definisjonsspørsmål.

Når det gjeld den prinsipielle skilnaden, er det den leksikalske representasjonen som er avgjerande: «B[orrowed] forms and C[ode-]S[witched] forms differ in their status in relation to the ML lexicon. B forms are entered in this lexicon, but CS forms are not» (op. cit.: 207). Myers-Scotton er òg oppteken av at integrasjonen i låntakarspråket ikkje alltid er eit eintydig teikn på at det er snakk om lån. I MLF-modellen hennar vil kodeveksling av einskildord opptre likeins som lån; berre lengre stykke («EL islands») på minst frasenivå vil halde på morfologisk og syntaktisk struktur, elles blir det tilpassa hovudspråket i ytringa – do i varierende grad. Dei kulturelle låna kan me skilje ut på semantisk grunnlag, og berre dei er abrupte; «they are 'instant' B forms and unrelated to CS as a phenomenon» (op. cit.: 173). Kjernelåna viser ein gradvis overgang frå kodeveksling, der den lånte forma blir vanlegare og til sist trengjer ut det opphavlege ordet.<sup>1</sup>

Dette er utgangspunktet for Kleemanns diskusjon av lån og kodeveksling i eit latinsk-norsk korpus (1999: 110–134). Ho legg stor vekt på at eit leksem er eit lånord dersom det er det forventa ordet i den aktuelle tydinga, og det «er uviktig om ordet er integrert morfologisk» (op. cit.: 131). Dimed vil alle kulturelle lån bli klassifiserte som lånord, ikkje kodeveksling, uansett om dei har latinske endingar; jf. Myers-Scotttons «instant borrowed forms».

Adams legg meir vekt på at eit lån er integrert i låntakarspråket – morfologisk, fonetisk og semantisk. Dersom lånordet er tilpassa ortografisk, har fått ny fleksjon eller har endra meaning i høve til långjevarspråket, kan det vera indikasjonar på at det er etablert som lånord. Omvendt er opphavleg

<sup>1</sup> Eller baa orda kan leva vidare, anten som synonym eller med tydingsnyansar.

fleksjon eller ei ortografisk/fonetisk form som er umogleg i låntakarspråket, teikn på kodeveksling:

If a Greek word is given a Greek inflection in a Latin text, it is usually in my opinion justifiable to refer to the phenomenon as code-switching: the writer has switched momentarily into a different linguistic system (Adams 2003: 26).

Dette synet sluttar eg meg til. Eg meiner det grunnleggjande skiljet er om bruken krev eitt- eller tospråkleg kompetanse. Bruken av latinske fleksjonsendingar i ein skandinavisk tekst viser at språkbrukaren har aktivert framandspråket, og det er etter mitt syn kodeveksling.<sup>2</sup> Poenget for meg er å vise koss språkbrukarane utnyttar fleirspråklegheita si, og da er dette eit godt døme. Studiar med andre føremål kan fulla argumentere annleis. Slik eg vidare brukar omgrepa, vil eit lånord vera noko som er tilgjengeleg for eittspråklege, dvs. at det må vera morfologisk integrert (ev. i stammeform), i tråd med synet hans Adams. No er det slik at mange av dei kulturelle lånorda det er snakk om, var knytte til kyrkja og religionen og berre vart bruka (iallfall i dei skriftvitna som er gøymde) av folk som òg kunne latin. Koss vanlege folk bruka uttrykka, veit me ikkje.

Det er òg mogleg å skilje mellom lån og interferens. Interferens vil seie påverknad frå eit anna språk i ei ytring. Det prinsipielle skiljet mellom dei to omgrepa er at lånet er medvite, medan interferens heller er eit teikn på manglande kompetanse. Det følgjer av dette at lån oftast vil vera frå eit andrespråk og opptre i morsmålet, medan interferensen heller vil vera frå morsmålet til eit andrespråk (Adams 2003: 27f). Det er stundom vandt å skilje dei to fenomena, spesielt i dei tilfella der lånet/interferensen går motsett retning av den vanlege (Adams 2003: 424f).

Bruken av latinske ord i mine tekstar er vanlegvis kodeveksling eller lån, medan norske namneformer i latinske tekstar, eller norske trekk i ein tekst me elles vil seie er skriven på dansk, heller kan dreie seg om interferens. Men det er ingen teoretiske hinder for at slik interferens kunne kodifiserast i ei norm som skilde seg frå samtidig dansk. Dette kjem eg tilbake til i drøftinga av kva status det danske skriftspråket ved erketet hadde (§ 7.4.3). Eit kompliserande element i skriftlege framstillingar er at problem med sjølve tekstformingskompetansen, manglande skrivekunne, kan føre til avvikande skriftformer utan at det har med lån eller interferens å gjera. Rein feilskrift har naturlegvis inga språkleg forklaring, men eg kan ikkje sjå at dette er særleg viktig i dei tekstane eg har studert.

<sup>2</sup> Ein må likevel ha i bakhovudet at uttrykk kan bli innlånte med fleksjonsendingar. Dei færraste som i dag brukar «anno domini», tenkjer vel på at det er høvesvis ablativ- og genitivform av *annus* og *dominus*.

### 6.1.3 Skriftleg og munnleg kodeveksling

Omstenda kring produksjonen av den språklege ytringa er eit grunnleggjande skilje mellom munnleg og skriftleg kodeveksling: «Code-switching, for example, in an inscription on stone cannot simply be assumed to have the same determinants and functions as code-switching in informal speech» (Adams 2003: 107). Den skriftlege ytringa er medviten og planlagd på ein heilt annan måte enn tale. Dette gjeld nok i varierende grad etter kva skriftleg medium det er snakk om, der me kan tenkje oss eit kontinuum frå høgtidelege, vél planlagde inskripsjonar i stein, til meir slurvute notat meinte berre til personleg eller intern bruk. Dette ser ein òg av den paleografiske utforminga av innskifta eller teksten, somtid er det svært tydeleg kor mykje – eller lite – omsut skrivaren har lagt i arbeidet.

Sidan utforminga av ein tekst er ein mykje meir medviten prosess enn spontan tale, verkar det logisk at «situational frame» får langt meir å seie enn «interpersonal relationships» (jf. over). Adams meiner likevel at kodeveksling dreier seg om tilhøvet mellom sendar og mottakar, anten mediet er skrift eller tale: «Language choice has to be seen as dynamic rather than mechanical, in the sense that it was related to the relationships being negotiated in particular occasions between writer/speaker and addressee» (Adams 2003: 761). Det prinsippelle utgangspunktet kan eg slutte meg til, men eg trur det mediale skiljet fører meir med seg.

Di meir høgtidssamt og forseggjort eit dokument er (offisielle sendebrev og kunngjeringar), di meir medviten må ein tru språkvekslinga er. Omvendt, i dei meir uformelle teksttypene (rekneskapar, jordebøker) er det truleg at vekslinga heller representerer ein meir naturleg språkbruk, i tråd med den umedvitne språklege praksisen åt skrivaren. Det er likevel eit langt steg frå dette til slutningar som gjeld talemålet; den språklege praksisen det er snakk om her, er uansett skriftleg, og det er fullt mogleg å ha éin språkleg praksis i skrift og ein annan munnleg, samstundes som båe er etablerte og umedvitne.

## 6.2 Kyrkjjespråket latin

Latin var det ålmenne språket for lærde og geistlege heilt fram til moderne tid, og det sentrale emnet i utdanninga. Katedralskulane gav i første omgang undervisning i *trivium* – grammatikk, retorikk og dialektikk, knytt til det latinske språket (sjå KLN 8, sp. 347–354). Dei skulle både utdanne prestar og førebu elevane på vidare studiar ved universitet i utlandet; dei fleste studentane frå Trondheim reiste til Rostock, der erketet hadde eit eige hus (sjå DN XI 518, Rostock <sup>25</sup>/<sub>3</sub> 1529, skrive på lågtysk frå rådet der til

erkebispem). Latin var det sentrale undervisningsfaget, og det er tydeleg at skrivarane ved erkesetet veksla laust og ledig mellom skandinavisk og latin når dei skreiv. I kva grad dei var i stand til det same munnleg, kan me ikkje seie særleg om, men Bror Olsson skriv i KLNK (loc. cit.) at det iallfall seinare var påbod om å snakke latin i katedralskulane, og straff for å snakke morsmålet; det same gjaldt i Danmark og er kjent frå skulereglar seinare på 1500-talet (Skautrup 1947: 172).

Historia om Pietro Querini tyder på at latinutdanninga låg på eit høgt nivå munnleg òg. Querini var ein venetiansk sjøfarar som forliste i Nordsjøen og dreiv i land ved Røst i 1432. I skildringa si av opphaldet der (omsett og trykt t.d. i Knutsen 1993: 25–35) skriv han at presten var tyskar, og såleis kunne snakke med ein av mannskapet, som var frå Flandern; med Querini sjølv tala presten latin. Bygdepresten på Røst var altså fullt i stand til å føre ein samtale på latin, og da stod det neppe verre til med dei geistlege ved sjølve erkesetet. Det er òg verdt å merkje seg at ein prest – etter Querini var han dominikanarmunk – kunne vera frå Tyskland, snakke flytande latin og vera prest på litle Røst ytst i Lofoten.

Tilhøvet mellom latin og gammalnorsk er tidlegare drøfta av Berulfsen (1948), og det finst dessutan ei hovudfagsoppgåve (Kleemann 1999) om tospråklege bispebrev før 1350. Både to tek fører seg det brevmaterialet som er overlevert i *Liber ecclesiae cathedralis Bergensis* eller *Bergens kopibok* (omtala i KLNK 1, sp. 475f). Mange av tekstane der har karakter av privatbrev mellom dei norske bispene (jf. Berulfsens undertittel: «en kulturhistorisk studie på grunnlag av den private brevlitteratur i første halvdel av det 14. hundreår»), og er såleis ikkje heilt parallelle til brorparten av materialet mitt.

Mange diplom er skrivne heilt ut på latin, men òg i tekstar på skandinavisk kan det vera større eller mindre innslag av latin. Oftast er dette klårt avgrensa, slik at protokollen og eskatokollen (eller delar av dei) er på latin, medan hovuddelen er på skandinavisk. Særskilt vanleg er det at dateringa er på latin, jamvel om dette ikkje er einerådande (det er t.d. ikkje vanleg i domsbrev). Det er òg vanleg å finne somme latinske lånord i skandinaviske tekstar. Dette kan vera ord som har vore heilt vanlege lånord, iallfall i kyrkemiljøet, men som sidan er gådde or bruk. Eit typisk døme kan vera *commun* ‘domkapittelet’, eller den kyrkjelege avgifta *kathedratikum*, der det ikkje fanst gode norske ord. Meir spennande er døme på «rein» kodeveksling, der skrivaren glir frå eitt språk til eit anna innan same setning. Me snakkar altså om tre ulike fenomen her, som alle artar seg forskjellig:

- Delar av teksten på latin (dvs. *inter-sentential* kodeveksling)
- Latinske lånord
- Kodeveksling innan ei setning (dvs. *intra-sentential* kodeveksling)

Det som over vart omtala som innsetjing av tags, faste uttrykk, kan vera vandt å skilje frå lånord. Svært typisk er *item*, som nesten alltid blir bruka for å innleie eit nytt punkt i opplistingar; på grunn av tekstkarakteren er dette vanlegast i jorde- og rekneskapsbøkene. Eg skal først sjå på kva slags tekstar som vart skrivne på latin, dinest koss språket vart bruka i delar av tekstane. Dette gjeld først og fremst diploma, der det er mogleg å knyte bruken av latin til tradisjonelle diplomatariske omgrep. Den setningsinterne kodevekslinga er neste punkt, og ho finn me i større grad enn diploma i dei andre teksttypene, jorde- og rekneskapsbøkene. Der kjem eg òg noko inn på latinske lånord (jf. § 6.5.4 om overgangen frå kodeveksling til lånord).

### 6.2.1 Latinske diplom

All korrespondanse med kurien var naturlegvis på latin. Me har ikkje att så mange av desse breva i dag; dei er stort sett kjende frå avskrifter av inn- og utgåande post ved administrasjonen i Roma. Meir interessant er det å sjå kva tekstar som vart skrivne på latin innan Skandinavia, der det fanst lettforståeleg alternativ. Me kan òg møte latin i interne dokument ved erkesetet, både av offisielt og meir notataktig slag.

Somme av tekstane som er omtala her, finst ikkje i original lenger. Det er likevel god grunn til å tru at ei avskrift på latin tyder at originalen òg var på latin. Det er vanskeleg å tenkje seg ein situasjon der ein avskrivar ville ta seg bryet med å føre teksten over i latinsk språkdrakt, minders det er snakk om ein tekst på norsk som skulle sendast vidare eller gjerast tilgjengeleg for einkvan utanfor Skandinavia. Under har eg difor ikkje markert om eit diplom finst i original eller avskrift; eg har sjølv sagt vurdert overleveringa for alle, men i kvart tilfelle konkludert med at språket truleg følgjer originalen. I oversyna her tek eg ikkje med kvitteringar som alle erkebisperne ferda ut i Roma i tilknytning til innsetjinga si og som berre er kjende frå kopibøker der (og trykte i DN XVII). Derimot er det i denne samanhengen verdt å sjå på diplom på skandinavisk innan same eller liknande saksomkverve, for å røkje etter kva som kan ha avgjort språkvalet.

**Olav Trondsson** Det finst tre diplom på latin etter Olav Trondsson: DN XVI 230, Trondheim <sup>7</sup>/<sub>3</sub> 1466, dreier seg om innviinga av eit kapell i Øvre Hodal i Herjedalen; erkebisperen har ikkje sjølv høve til å koma, men gjev andre (erke-)bispar rett til å stå for innviinga. II 862, Trondheim <sup>14</sup>/<sub>6</sub> 1466, er eit avlatsbrev for pilegrimar til ei kyrkje i Køge på Sjælland. XVI 252, Trondheim <sup>13</sup>/<sub>12</sub> 1472, er eit privatbrev til to kannikar i Kjøbenhavn om

**Tabell 6.1** Diplom på latin frå Gaute Ivarssons tid

DN	Stad	År	Utferdar	Emne
16 271	Tr.heim	1479	Gaute	Avlatsbrev (Hodalen kyrkje)
8 406	Tr.heim	1479	Geistlege	Vidisse av fundasbrevet
2 921	Jarlsøy	1482	No. bispar	Avlatsbrev (Lardal kyrkje)
16 279	Halmstad	1483	Sk. bispar	Avlatsbrev (Lund domkyrkje)
16 302	Kj.hamn	1489	Sk. bispar	Avlatsbrev (Sakskøbing kyrkje)
18 129	Tr.heim	1493	Domkap.	Svar til domkapittelet i Åbo
18 130	Tr.heim	1493	Gaute	Svar til bispen i Åbo

nokre pengar kannikar frå Trondheim har deponert der.<sup>3</sup> Eg vil meine at desse tre breva representerer tre ulike brevtypar, som me kan kalle høvesvis kyrkjesaksbrev, avlatsbrev og privatbrev; eg skal freiste å halde fast ved desse kategoriane vidare.

Av dei breva som erkebisen ferdar ut på norsk, og som er verde å nemne i denne samanhengen, er DN V 821, Bergen <sup>28</sup>/<sub>6</sub> 1459, som er stila til «allom prelatom prestom welbornom monnom rikismonnom ok meniga almoga sem byggia ok boo i Jslande» og gjeld eit bispeval. XVI 241, Trondheim <sup>7</sup>/<sub>3</sub> 1470, er eit brev til ålmugen i Hodal og gjeld tiendpengar, samstundes som erkebisen takkar for eit parti gjeddor dei har sendt han. Båe desse breva gjeld kyrkjesaker, men er skrivne på norsk, vel fordi dei båe er stila til ålmugen og laut vera på eit forståeleg språk. XVI 230 har òg ein generell adressatio: «Uniuersis Christifidelibus presentes literas percepturis» '[alle truande kristne].DAT [dette brev].AKK høyrande.DAT', men rettar seg likevel helst mot den eller dei svenske prelatane som kunne ta på seg å innvie kyrkja. Saka er kyrkjeintern på ein annan måte enn dei to på norsk, som meir direkte retta seg til ålmugen.

**Gaute Ivarsson** Som vist i tabell 6.1, finst det sju diplom på latin frå tida hans Gaute Ivarsson, fordelte på bispekollegiet, erkebisen sjølv og domkapittelet. (Eit riksrådsbrev med erkebisen som førstnemnde utferdar er omtala i § 7.2.2.) Fire av desse er avlatsbrev, eitt som Gaute ferda ut åleine og tre saman med andre skandinaviske bispar i samband med riksrådsmøte i 1482, 1483 og 1489. DN VIII 406 er ein vidisse av fundasbrevet for kommunsbordet, utferdar av dekenen, erkedeknen og priorane i augustinar-

<sup>3</sup> XVI 252 fortel sitt om postgangen vinterstid. Brevet er dagsett <sup>13</sup>/<sub>12</sub> og har venteleg vorte sendt frå Trondheim ved første høve. Ei påskrift seier at det vart motteke pinseaftan og Bonifatii dag, dvs. <sup>5</sup>/<sub>6</sub> året etter.

**Tabell 6.2** Diplom på latin frå Erik Valkendorfs tid

DN	Stad	År	Emne
4 1063	Kj.hamn	1513	Avlatsbrev (med skandinaviske geistlege)
1 1040	Oslo	1514	Avlatsbrev (med dei norske bispane)
5 1016	Tr.heim	1514	Kvittering på peterspengar
5 1018	Oslo	1514	Vidisse av eit pavebrev om peterspengar
16 357	Tr.heim	1516	Gratulasjonsbrev til ebp. Gustav i Uppsala
7 558	Utrecht	1521	Testamente
3 1089	Roma	1522	Gjeldsbrev
7 562	Roma	1522	Klagebrev til paven på Jørgen Hansson

og dominikanarklostera; som ei typisk kyrkjesak basert på eldre brev frå fleire pavar var latin det naturlege valet der. Ei brevveksling med domkyrkja i Åbo «in causa erectionis mense commvnis» ‘i høve opprettinga av eit kommunsbord’ er attgjeven i kopiboka til Åbobispen. På førespurnad (DN XVIII 124–125) sende domkapittelet i Trondheim over reglane som gjaldt der, og erkebisen sende òg med nokre kommentarar om tilhøva i Oslo.

Fleire brev om kyrkjesaker er skrivne på norsk. Fire diplom dreier seg om utnemninga av Ivar Trondsson i Aspa til ombodsmann for nokre kyrkjer på Nordmøre, og kvitterer den same for innbetalte kyrkjelege avgifter (DN X 249, 260, 261, 269); dei er alle formulerte som opne kunngjeringsbrev og viktige for ein privatmann som neppe kunne latin. I DN I 950 gjev Gaute kongen «jus patronatus» ‘kallsrett’ til Troms kyrkje med tilvising til nokre pavebrev, truleg dei som er trykte som DN I 113–114, som båe nemner «sancte Marie de Trums iuxta paganos» blant kongelege kapellkyrkjer. Pavebrev på latin var iallfall framlagde som prov i saka, men avgjerda er likevel skriven på norsk, motsett vidissen av fundasbrevet. Det ser altså ut til at involvering av verdslege i kyrkjesaker fører til skandinavisk.

Til slutt vil eg nemne DN XXI 700, Bergen <sup>13</sup>/<sub>9</sub> 1507, som er utferda av Gaute og tre bispar og handlar om Nonneseter kloster. Det er trass i dette skrive på norsk, truleg fordi diplommet legg nokre eigedomar til klosteret, og alle eigedomsbrev elles er på norsk. Alt som gjeld kyrkja og geistlege blir altså ikkje skrive på latin, det gjeld berre i spesielle høve som har med reint kyrkjelege handlingar å gjera; andre brev som gjeld kyrkjelege rettar og eigedomar, blir skrivne på norsk.

**Erik Valkendorf** Det finst åtte diplom på latin frå styringstida hans Erik Valkendorf, viste i tabell 6.2. DN IV 1063, Kjøbenhavn <sup>25</sup>/<sub>7</sub> 1513, er eit avlats-



brev frå ei rad skandinaviske bispar, og I 1040, Oslo <sup>12</sup>/<sub>7</sub> 1514, eit tilsvarande frå dei norske bispane samt Viborg-bispen. Dei seks siste ferdar erkebisp Erik ut åleine (V 1018<sup>4</sup> i lag med bisp Mogens i Hamar). Brev om peterspengar har tilknytning til paven og er naturleg nok på latin, som òg var det einaste naturlege i dei to breva frå Roma hausten 1522, eit gjeldsbrev til ein utanlandsk geistleg og eit klagebrev stila til paven. Brevet til erkebisp Gustav er eit privatbrev i høve utnemninga hans til erkebisp i Uppsala, og her er ikkje språkvalet berre diktert av pragmatiske årsaker, men må vera ei sosial markering. Dessutan er testamentet Erik sette opp i eksil på latin; det er overlevert i avskrift i eit brev frå Karthauserklosteret ved Amsterdam til erkebisp Olav <sup>8</sup>/<sub>6</sub> 1525 (DN VII 604), og sidan det tydelegvis vart deponert der, måtte det vera på eit sams språk.

Der er òg diplom på skandinavisk frå Erik om kyrkjesaker. DN XI 296, Trondheim <sup>26</sup>/<sub>9</sub> 1514, er ein avtale mellom erkebisen og domkapittelet, der han gjev det rett til sjølv å straffe og bøtleggje leiglendingar på kapittelsgardane som forbryt seg mot kyrkja. Det er eit ope privilegiebrev etter vanleg norsk skikk, og det er òg mogleg at det skulle kunne tene som prov overfor brotsmennene på at domkapittelet hadde denne retten. DN I 1056 og I 1058, Trondheim 1520–1521, er båd kvitteringar, høvesvis frå kanniken Hans Rev til erkebisen og frå erkebisen til dekn Olav Engelbrektsson. Det ser altså ut til at interne dokument kunne skrivast på skandinavisk, jamvel om dei dreidde seg om kyrkjelege saker. I 1047, Kjøbenhavn <sup>24</sup>/<sub>8</sub> 1515, er stila til ei rad geistlege i Bergen, og pålegg dei å dømme i ein konflikt mellom Stavangerbisen og prioren i Utstein kloster. Jamvel om alle dei involverte er geistlege, er dette altså skrivi på skandinavisk.

For seg står DN XVI 359, Trondheim <sup>15</sup>/<sub>3</sub> 1517. Det gjev den utsende broder Erik Brodsson lov til å reise rundt i Nidaros stift og søkje støtte til St. Katarinas skrin i Vadstena kloster, og gjev bidragsytarane avlat. Som me har sett, er alle avlatsbrev elles på latin. Men dette diplommet gjev dessutan den svenske munken lov til å reise rundt i stiftet og be om «hielp oc trøst» til skrinet, og det kan vera at han trong ein forståeleg tekst å syne for seg i Noreg for å rettferdiggjera ærendet sitt. Andre avlatsbrev er meir direkte knytte til kyrkjone, og jamvel om somme av dei seier at det er nok å yte kyrkja hjelp for å få avlat, har ingen ein tilsvarande passus om at eit sendebod skal reise rundt i stiftet og søkje støtte.

Det finst to andre brev på latin frå Trondheim i denne perioden. I 1517 var ein utsending frå paven innom og samla inn pengar til Peterskyrkja (DN VII 547). Erkebisen bidrog, og fekk brev på «udstrakte Begunstigelser», som det heiter i DN-regesten. Originalen er ein «trykt, udfyldt Blanket p. Perg.»

<sup>4</sup> Det same brevet er trykt opp att som XVII 1178, sjå § 4.1.1.

**Tabell 6.3** Diplom på latin frå Olav Engelbrektssons tid

DN	Stad	År	Emne
7 564	Roma	1523	Kvittering
7 640	Tr.heim	1527	Brev til kontakt i Roma
1 1072	Tr.heim	1527	Følgjebrev for Paul Jonsson
14 714	Tr.heim	1532	Brev til keisar Karl V
10 672	[Tr.heim?]	[1533?]	Notat til herredagen i Bud
12 552	Steinvh.	1534	Ny prior i Elgeseter kloster
DI 9 593	Tr.heim	1534	Tilsetjingsbrev til ein islandsk prest
5 1085	Tr.heim	1536	Brev til dronning Maria

(tidleg i trykkjesoga vart det trykt på pergament òg), og det fortel ein del om den pavelege administrasjonen, som trykte opp blankettar til slik bruk. DN XVI 368 frå 1522 er eit brev frå rektor Andreas ved skulen i Trondheim, som bed prestane på Sunnmøre hjelpe to studentar under soknegangen deira. Studentar fór rundt om somrane i spesielle sokn og samla inn pengar til skulegongen sin, og på grunn av misbruk av institusjonen vart det etter kvart vanleg å ha med seg introduksjonsbrev (KLN 16, sp. 366–368). Dette er ei slag kyrkjesak, jamvel om det er retta til vanlege landsens prestar, og rektoren skriv latin. Forklaringa må vera at rektoren og dei to studentane ønskte å framstå som lærde representantar for skulen i Trondheim, og språkvalet var ein måte å understreke dette på. Det var samstundes inkluderande for prestane som hadde lært latin i skulen, og tok dei inn i krinsen av lærde.

**Olav Engelbrektsson** Det finst åtte diplom på latin etter Olav Engelbrektsson. Somme er knytte til kurien og naturleg på latin; det gjeld ei eigenhendig kvittering (DN VII 564, Roma 1523) og eit brev til kontaktmannen i Roma om nokre kyrkjesaker (VII 640, Trondheim <sup>14</sup>/<sub>7</sub> 1527). I 1527 gav Olav Paul Jonsson eit følgjebrev; han skulle verne nordmenn på sjøen (jf. § 6.3 under). Dette passet vart utferda i to versjonar, dansk og latin, så vidt eg kan sjå skrivne med ulike hender. Det finst to diplomatiske brev til utlendingar på latin: XIV 714, Trondheim <sup>7</sup>/<sub>11</sub> 1532, frå nokre riksrådar med erkebispem framst til keisar Karl V; og V 1085 frå erkebispem til dronning Maria av Ungarn og Böhmen, regentinne i Nederlanda.<sup>5</sup> Dessutan er to brev om kyrkjesaker skrivne på latin: eit stadfestingsbrev på valet av ny prior i Elgeseter kloster (DN XII 552, avskrift i *Trondheims kapittelsbok 2*) og ei utnemning av ein islandsk

<sup>5</sup> Brevet er dagsett <sup>21</sup>/<sub>11</sub> 1536 og har ei påskrift om at det vart motteke <sup>4</sup>/<sub>1</sub> 1537, altså monaleg raskare postgang enn me såg i dømet over.

prest (DI IX 593, seine avskrifter). I båe desse sakene er det altså snakk om utnemningar til kyrkjelege embete.

Mest interessant er DN X 672, notat til herremøtet i Bud i 1533 (jf. § 5.4.4). Notatet er på latin, med unntak av norske namn og eit par norske preposisjonar i tilknytning til dei. Her er altså latin bruka i eit reint internt notat, berre til bruk for erkebispens sjølv eller dei næraste medarbeidarane hans. Nokon grunn til å bruke latin som identitetsmarkering finst knapt, sidan notatet berre må ha vore meint til intern bruk, og språkforma må difor reknast som umarkert.

Det finst elles noko innkomande post på latin, t.d. eit brev frå den svenske sekretæren Laurens Andersson til erkebispem (DN XIV 545, Stockholm <sup>10</sup>/<sub>8</sub> 1526).<sup>6</sup> Dette er enda eit døme på latin bruka mellom geistlege der skandinavisk ville vore eit forståeleg alternativ, som brevet frå Erik Valkendorf til erkebisp Gustav nemnt over.

**Oppsummering** Eg sette innleiingsvis i dette avsnittet opp ei inndeling i kyrkjesaksbrev, avlatsbrev og privatbrev. Gjennomgangen viser at avlatsbrev er på latin dersom ikkje andre viktige omsyn gjer seg gjeldande; det einaste unntaket er diplomtet frå 1517 som attåt avlat gav mottakaren rett til å søkje støtte kringom i stiftet. Privatbrev er likeins på latin (men det er få døme). I ymse brev til utlendingar var latin naudsynt, som i brev med tilknytning til kurien og kongelege på kontinentet. Men språket vart òg valt når ein må rekne med at skandinavisk ville vore forståeleg, som i brevvekslinga med Åbo (dels ei kyrkjesak), brevet til to kannikar i Kjøpenhamn, gratulasjonsbrevet til Gustav Trolle og brevet frå ein svensk sekretær.

Kyrkjesakene fordeler seg mellom latin og skandinavisk etter om det dreier seg om ei rituell eller rettsleg handling. Dokumentet om innviing av ei ny kyrkje og dei to utnemningane frå Olav Engelbrektsson er såleis på latin; til denne kategorien kan òg dei to liturgiske bøkene reknast. Alle eigedomsbrev er derimot skrivne på skandinavisk, til liks med kyrkjesaker av meir juridisk eller økonomisk karakter, som kvitteringa erkebisp Erik gav Olav Engelbrektsson for gods han hadde kravt inn som official (DN I 1058). Dette gjeld sjølv om alle innblanda er geistlege. Her ser me eit skilje mellom reint kyrkjelege handlingar og rettshandlingar, der dei første er av ein delvis rituell karakter som krev kyrkjepspråket.

Konklusjonen må bli at emnet for brevet var viktigare for språkvalet enn adressaten, det var ikkje reint pragmatiske grunnar som språkkompetansen hjå mottakaren som avgjorde det. Slike omsyn kunne krevje latin, men det

<sup>6</sup> Brevet er samstundes religionshistorisk interessant: Det handlar om den nye læra, og svensken sende med den nye svenske omsetjinga av evangelia.

var ikkje slik at dette var unntak frå ein regel om å skrive skandinavisk. Latin kunne brukast på lik line, jamvel når alle innblanda skjøna skandinavisk minst like godt.

Å skrive eit brev (eller annan tekst for den del) på latin i staden for skandinavisk, er ikkje det same som kodeveksling. Men det er likevel truleg at motivasjonen for å velje framandspråket kan vera den same som for å veksle mellom språka innan ein tekst. Viss me tek utgangspunktet i grunnane for kodeveksling som vart rekna opp i § 6.1.1 over, er den vanlegaste grunnen til å velje latin punkt 3, emnet for ytringa: Somme tekstkategoriar kravde rett og slett latin. Kombinasjonen av 1 og 2 finn me spesielt i brevet frå rektor Andreas, men òg i brevvekslinga med bispen og kapitlet i Åbo, og den noko eldre mellom Olav Trondsson og to kannikar i Kjøbenhavn. Dette er kanskje den mest interessante bruken av latin, og i slike brev med spesifikk adressat er det naturleg å tru at språkvalet hadde ein identitetsmerkjande funksjon. Gjennom språkvalet kommuniserte geistlege at dei var del av ei eksklusiv gruppe, med kyrkje- og lærdomsspråket som ein viktig del av den sams identiteten. Det same peikar Kleemann (1999: 75) på i ei oppsummering av årsaker til kodeveksling: «Latinen var for denne lille eliten et kjennetegn på en felles identitet og sosial prestisje.»

## 6.2.2 Delar av diplom på latin

I mange brev er mønsteret at sjølv om hovuddelen er skriven på skandinavisk, er dei meir formelfaste delane i protokollen og eskatokollen på latin (sjå § 4.1.1 om terminologien; brevskikk meir generelt blir diskutert i § 7.1.3). Det gjeld til dømes oftast intitulasjon og eskatokollen. I gammalnorsk tid var det vanleg at geistlege daterte brev *anno domini*, medan verdslege utferdarar heller daterte etter regjeringsåret åt kongen; ut på 1400-talet blir AD-datering vanleg i alle typar brev (Hamre 2004: 61). Denne varianten er rådande i tekstmaterialet mitt,<sup>7</sup> så godt som alle brev nyttar orda *anno domini* med romartal i dateringa. Dette var truleg ein del av ålmenn skrivekunne og fortel inkje om latinspråkleg kompetanse, men må heller sjåast på som lånord. Annleis blir det når talorda stundom er skrivne ut med bokstavar, eller det er gjeve ei nærare tidfesting på latin i høve til kyrkjelege festdagar, som det oftast er. I slike høve må skrivaren ha meistra noko latin. I gammalnorsk tid kunne dei skrive dateringa på latin jamvel i norske brev, særleg i bispebrev (Agerholt 1929–1932: 463), og dette har tydelegvis levt vidare.

<sup>7</sup> Men t.d. i Henrik Jensson Gyldenløves gåvebrev til domkyrkja i 1454 (DN V 785) finn me bådø delar: «thetta bref som scrifuat war a konungxgardenom i Trondhem anno domini mcdlquarto. aa fierdhe aare rikiss minss nadigx herre konungx Cristiernss».

**Olav Trondsson** Alle breva på skandinavisk målform etter Olav Trondsson er opne brev, kunngjeringar. Dei har latinsk datering, somtid i teksten med tilvising i eskatokollen, medan resten av teksten er på norsk. Som eit representativt døme gjev eg DN I 851, u.st. 1460:

- (1) thetta breff som scriffuat war anno domini mcdlx feria 3a ante palmarum (etter trykt versjon)

Dei andre breva frå Olav har tilsvarande utforming. DN XVI 241, Trondheim  $\frac{7}{3}$  1470, har i tillegg latinsk appreciatio, ei gudspåkallande helsing eller lykkønsking, i overgangen frå tekst til eskatokoll: *In Christo valete* (meir om denne formelen seinare). Til jamføring har ikkje DN III 898, Trondheim  $\frac{7}{12}$  1472, utferda av dekenen og to ålmugemenn på erkebispegarden, latinske innslag i det heile.

**Gaute Ivarsson** Opne brev frå Gaute har same fordeling av språka. Dei fire nokså like breva om kyrkjeombod på Nordmøre har corroboratio og eskatokoll på latin, som vist i (2) frå DN X 249. X 260, 261 og 269 har om lag same utforming, med *cuius nostre quittance* i staden for *huius comissionis* i corroboratio.

- (2) In huius commissionis testimonium secretum nostrum presentibus est impressum Datum in residencia nostra Archiepiscopali Nidrosiensi Anno domini millesimo quadringentesimo septuagesimo quinto Jpso die sancte barbare virginis et martiris

Eskatokollen varierer frå berre dateringa på latin (oftast i høve til einkvan helgendag), til meir omfangsrike formuleringar som inkluderer corroboratio som over. Attåt dei fire nemnde breva, har fire brev til Island liknande avslutningar, med corroboratio «nostro sub secreto presentibus appenso» (DI VI 462, Bergen 1484) eller liknande.

Me har to sendebrev frå Gaute, og dei viser eit noko annleis mønster: DN XIV 141, Trondheim  $\frac{2}{3}$  1480, til futen i Jamtland, og VIII 471, Trondheim  $\frac{31}{5}$  1508, til kong Hans. Dei har brevform, dvs. at dei er samanbretta, og båd har latinsk adressatio på utsida. XIV 141 har intitlatio på latin (*Gauto diuina miseracione Archiepiscopus Nidrosiensis*) over brevteksten (jf. figur 6.2 på s. 168), medan VIII 471 i staden har subscriptio, dvs. avsendar påførd under brevet. Båd breva startar med ei latinsk salutatio, som i XIV 141 går over i publicatio, medan VIII 471 har ei helsing på skandinavisk òg, vist i (3). Til sist har båd breva latinsk eskatokoll, XIV 141 dessutan corroboratio (*Nostro sub Secreto*) heilt til slutt.

- (3) a. *Salutem jn domino sempiternam. Gøre wi edher witherliget . . .*  
 b. *Salutem p: cum humili nostri recommendatione in Christo semper premissam. Høgboren førsthe . . .* (etter trykt versjon)

Eit slikt oppsett vart vanleg i sendebrev frå seinmellomalderen (Hamre 2004: 35), og peikar framover mot seinare brevsikk (jf. under og § 7.1.3).

**Erik Valkendorf** Erik Valkendorf har generelt færre latinske formlar enn føremennene sine, men i somme brev opnar han med ei slags invocatio, ein formel som elles er sjeldsynt i andre dokument enn testament (Hamre 2004: 28f). Eit par brev har eit enkelt *Jesus* (XI 296, Trondheim 1514; XIV 261, Liarstad (?) 1516), utvida til *Iesus Maria* i notatet VIII 500 og I 1059, Roma 1522 (som eg kjem attende til under). Det er vandt å sjå kvifor formelen er med i nett desse breva, men ikkje i andre. Det første er ein avtale med kannikane i Trondheim, men brev til bispen og andre geistlege i Bergen (I 1047, 1515) og Vadstena kloster (XVI 359, 1517) har ikkje med *Jesus*. Det andre tilfellet er eit vernebrev for ein mann, utan at omstenda er nærare klårlagde, som for så vidt gjer formelen meir logisk. Det ser likevel ut til å vera noko tilfeldig om invocatio er med eller ikkje.

DN X 315, Trondheim 1517, som berre finst i ei avskrift frå ikring 1550 (DN X 738), er eit verne- og gåvobrev til Simon Svensson; det har ein meir utbrodert eskatokoll enn dei andre breva etter Erik, som berre har dateringa. Brevet har i tillegg til AD-datering<sup>8</sup> «anno vero pontificatus nostri septimo» ‘sjuande året av vårt pontifikat’<sup>9</sup> og innseglingssinformasjon på latin: «Sub nostro dictique venerabilis capituli no[stri sigillis]» ‘under vårt og vårt nemnde høgstæra kapittels segl’. Elles har I 1047, Kjøbenhavn 1515, datering og *sub nostro sigillo*, elles er det berre datering med religiøse dagar som er skrive på latin, dels berre med eitt ord, som *worffrwe dag visitacio*<sup>nis</sup> i XV 146, Trondheim 1516.

Tre sendebrev skil seg ut med meir latin og har nokolunde same form som dei to frå Gaute: To er utferda av erkebisen, til kongen (I 1054, Trondheim <sup>26</sup>/<sub>3</sub> 1519) og riksrådet i Danmark (I 1059, Roma <sup>13</sup>/<sub>2</sub> 1522), og eitt av domkapittelet til kongen (IV 1080, Trondheim <sup>24</sup>/<sub>8</sub> 1521). Alle har latinsk salutatio før ei dansk, og teksten blir avslutta med apprecatio. I Eriks brev til riksrådet er apprecasjonsformelen heilt enkel, som vist i (4-a), til kongen langt meir utbrodert (4-b). Domkapittelet har ein variant av (4-b), men på dansk (4-c).

<sup>8</sup> I DN-utgåva står dateringa i skarpe klombrer, av uviss årsak. (Uleseleg? Utfylt etter dateringa anno pontificato?) Eg har ikkje greidd å finne avskrifta i Riksarkivet.

<sup>9</sup> Formelen er henta frå pavebrev (Agerholt 1929–1932: 466).

- (4)
- a. Jn *Christo* valete
  - b. Sed *cum his animam corpus et illustrissimam maiestatem vestram deo omnipotentj et sancto olauo Regi perpetuo commendo* ‘men eg fortrur dykkar ånd, lekam og høgstæra majestet med Gud den allmektige og heilag Olav, evig konge’
  - c. Hær *meth* edherss naadis staath liiff oc sell the helgæ treffoldwg-hæith och wor helgæ *patrono sancto* Olauo bæfollendis


Eskatokollen har latinsk datering og underskrift. På utsida av brevet står adressaten med latinsk tittel. Innleiinga med to helsingar på kvart sitt språk, adressat på latin og datering og underskrift på latin er sams for alle desse tre breva, og merkjer såleis ut sendebreva frå opne brev.

**Olav Engelbrektsson** Mange av breva frå Olav Engelbrektsson er berre kjende frå utkast eller avskrifter i Münchensamlinga. Dei har ofte berre *Wii Oluff etc.* i innleiinga og kan vante heile eller delar av eskatokollen; desse delane har tydelegvis vorte lagde til i reinskrafta, og me kan ikkje vurdere språkvalet. Det er likevel all grunn til å tru at der utkasta har med salutatio, har språket i utkast og reinskraft vore sams, sidan det finst døme på både skandinavisk og latin i utkasta.

Dei aller fleste, men ikkje alle, diploma har ei latinsk datering. Somme har berre eit par ord, andre lengre formuleringar, som VIII 658, Trondheim <sup>3</sup>/<sub>12</sub> 1531 (5-a), der helgendagen har latinske kasusendingar og siste del av årstalet er skrive ut med bokstavar. Ofte inngår dateringa i ein større eskatokoll på latin, som i XXII 132, Trondheim <sup>14</sup>/<sub>12</sub> 1524 (5-b). Nokre få har òg ei moderne underskrift, som I 1062, Mechelen <sup>15</sup>/<sub>7</sub> 1523 (5-c).

- (5)
- a. synnedagen nest effter sanctj Andree apostoli dag anno dominj mdxxx primo
  - b. Ex curia nostra archiepiscopalj nidrosiensj jn crastino Lu. . . et mar. . . anno Dominj mdxxiiij nostro sub signeto
  - c. Ego Olauus qui supra / manu mea propria

Sendebrev har meir latin, spesielt brev til (geistlege) autoritetspersonar. Det første dømet er nemnde XXII 132, frå erkebispem til Hans Eriksson (truleg den Hans som var høvedsmann på Båhus, jf. regesten i DN). Etter intitlatio på latin kjem ei latinsk helsing: *P[re]missum nostrum sincerum fauorem* ‘vår oppriktige tilsende sympati’. Dette er den same helsinga som danske kongar bruka på 1500-talet (Hamre 2004: 40), og fortel om kva rang erkebispem tilla seg sjølv. Brevet blir avslutta med eskatokoll sitert i (5-b). Med varianten *secreto* i staden for *signeto* til slutt er dette ei ganske typisk avslutning.



**Figur 6.2** DN IX 692. Intitulatio (*Olauus ...*) er skriven over sjølve brevteksten, som startar med *Premissa*. I andre lina, omtrent rett under intitulatio, ser me den danske innleiinga *kiere her ...*

Ein god del brev inkluderer òg ein apprekasjonsformel. Ei ganske vanleg, enkel form finn me i XXII 189, Trondheim <sup>5</sup>/<sub>9</sub> 1531, til den danske kanslaren (6-a). Meir utsmykka og på skandinavisk er det i XXII 177, Trondheim <sup>15</sup>/<sub>5</sub> 1531, vist i (6-b). DN XXII 190, stad og tid som 189, har det same, berre med små ortografiske avvik; dei to siste breva er til kongen. Ein tilsvarande latinsk variant finn me t.d. i X 645, Trondheim <sup>11</sup>/<sub>6</sub> 1533 (6-c).

- (6)
- a. In Christo valete
  - b. Hær med Eder naades sæll liiff och lychsameligæ regementæ then alzwoldugeste Gud beffaler iegh till ewig tiid
  - c. Jn Christo felicissime valete deo et sancto Olauo regi recommendati

Det finst òg andre variantar av denne latinske gudspåkallinga i dei andre breva ho finst, XII 555, VII 719 og XII 558–559. Ei rad andre har dessutan tilsvarande danske variantar, faktisk har alle offisielle brev der originalen finst, eikor slik religiøs helsing til slutt. At det nettopp er i utkasta ho vantar, styrkjer tanken om at slikt formelverk kunne setjast inn i reinskrifta. Mønsteret i språkval er heilt tydeleg: Alle breva med *apprecatio* på latin er til geistlege, medan verdslege mottakarar får formelen på skandinavisk.

Som eit døme på fleire brev med gjennomført bruk av latin i innleiing og avslutning, kan eg ta IX 692, Steinvikholm <sup>25</sup>/<sub>2</sub> 1532, frå erkebispem til bisp Mogens i Hamar: Over teksten (sjå figur 6.2) står intitulatio: *Olauus dei gracia archiepiscopus nidrosiensis Et apostolice sædis legatus*. Så kjem adressatio og salutatio: *Premissa fraterna et amicabilj salutac[i]one Cum promptissimo gratificandj affectu, kiere her broder...*<sup>10</sup> Etter sjølve teksten kjem latinsk *apprecatio*: *Cum hiis recommendamus fraternitatem vestræ omnipotentj deo et sancto Olauo regj recommendatam*. Til slutt er

<sup>10</sup> Forma *fraterna et amicabili* er reservert for bispar, andre må nøye seg med *amicabili*.



eskatokollen på latin: *Ex castro nostro Steinuicholm ipso die Matthie apostolj anno m~~l~~xxxij nostro sub Signeto*. På utsida er adressaten påskriven med full latinsk tittel: *Reuerendo Jn christo patry et domino domino Magno dei gracia episcopo Hammarennsi fratri nostro charissimo*.

Brev med så utstrekkt bruk av latin er berre sende til geistlege (inkludert to kanslarar med geistleg bakgrunn; den norske kanslaren var jamt prosten ved Mariakyrkja i Oslo). I brev til verdslege adelsmenn er intitlatio og salutatio på latin, litt annleis utforma, men der er apprecatio og adressaten (der han er påførd) skrivne på dansk. Det finst eitt unntak: Det siste brevet erkebispnen sende Eske Bille, skrive ved Nidarholm  $\frac{1}{4}$  1537 på veg i eksil, har korkje salutatio eller apprecatio; slik stoda var, følte vel ikkje erkebispnen for å sende nokor *amicabilem salutationem* eller *befalle hanom mett Gud*, som det ofte er formulert.

**Oppsummering** Det var naturleg å bruke latin i dateringar, ikkje berre i år, men i høve til helgendagane. Dei prestlærde kjende desse dagane frå den latinske bibelen, og det er grunn til å tru at det fall seg naturleg å referere til dei på latin i dateringa. Dei oppfatta nok helgendagane nærast som fagterminologi, noko dei var vane med å omtala på latin, og grunngjevinga vil dimed vera det tredje punktet i lista over (s. 152). Dette er heller ikkje noko som særpregar tekstar frå geistlege, men er vanleg òg blant verdslege utferdarar. Der er latin likevel i regelen avgrensa til dateringa, jamvel berre ved helgendagane. I siste del av perioden kjem òg arabiske tal i bruk, t.d. i somme brev frå Eske Bille; han kan somtid skrive dateringa på rein dansk.

Men som me har sett, er regelen i brev frå erkesetet at fleire lekkar i brevet er skrivne på latin. Somtid er corroboratio teke med i eskatokollen, heller enn sjølve teksten. Dette synest å gjelde brev erkebispnen sjølv står som utferdar for, der han føyer til *nostro sub signeto* eller liknande. Olav og Gaute brukar nok meir latin i desse formene enn Erik Valkendorf, på hans tid ser det ut til å vera reservert for svært høgtidssame brev. Da kan bruken av latin ha vore ein måte å markere den maktposisjonen kyrkja representerte, konkret uttrykt ved kyrkje- og lærdomsspråket. I det talrike materialet etter Olav Engelbrektsson er dette regelen, og han brukar òg latinsk intitlatio og salutatio. Unntak frå dette er brev til kongen eller opne brev (til ålmugen). Den avsluttande religiøse helsinga som er vanleg i mange brev, og heilt gjennomført hjå Olav E., er stundom skriven på latin, stundom på dansk. På latin er ho helst når brevet er stila til geistlege. I slike brev er òg adressaten påskriven på latin utanpå brevet, medan verdslege mottakarar er påførde på dansk. Her ser altså mottakar ut til å spela ei avgjerande rolle. Eit konkret døme på denne fordelinga gjev valbrevet for Kristian III, sendt til ulike mottakarar (§ 5.5.5).

På same sett som valet av latin i ein del brev frå tidlegare tider (sjå over) kunne tene til å markere samhald og tilhald til ei eksklusiv gruppe av geistlege, er det truleg at bruken av latin i delar av teksten tente same funksjon. Når det blir bruka mest latin i brev til geistlege, understrekar kyrkjepspråket at dei skil seg frå den verdslege administrasjonen. Uttrykk som «herr broder» og «broderleg helsing» styrkjer denne sams identiteten.

Når erkebisen vender seg til verdslege adelsmenn med latinsk helsing, og med eige namn og tittel på latin, uttrykkjer dette identiteten som representant for den heilage katolske kyrkja, som på mange måtar stod utanfor staten. I ein situasjon der statsmakta pressa på for å auke kontrollen med Noreg, der kyrkja var den einaste representanten for lokalmakta – det fanst knapt innanlandsk adel lenger – var det nok ekstra viktig å gje denne identiteten eit skriftleg uttrykk. I denne språkbruken skil erkebisen seg markant frå dei verdslege adelsmennene han hadde kontakt med. Jamvel om bruken av latinske dateringar i breva deira vitnar om skrivarar med latin-kompetanse, held dei seg mykje meir til skandinavisk.

### 6.2.3 Setningsintern kodeveksling

Bruken av faste latinske vendingar i brevbygnaden er litt på sida av det som vanlegvis er kalla kodeveksling, men her skal eg gå over til meir prototypisk kodeveksling. Det dreier seg om spreidde ord, men òg frasar eller heile setningar. Eg var innleiingsvis inne på den vanskelege grenseoppgangen mellom lånord og kodeveksling, og kan byrje denne bolken med nokre praktiske døme på dette (sjå elles § 6.5.4):

- (7)
  - a. *medh* wors elskaligha capittuli radhe (DN I 950, 1486)
  - b. *med* woro elskelighe capitulo (DN XI 278, 1500)
  - c. *latha* wij wort secrete ok fornempde wort elskelighe Capitel sit jnsigle (DN XI 278, 1500)
  - d. *henghe* wy wart incigle *medh* warth capittel incigle (DN V 923, 1484)

I (7-a) og (7-b) er gen. og dat./abl. av *capitulum* samsvarsbøygd med norske ord (gen. *wors* og dat. *woro*). Derimot er det ikkje gjort slik i (7-c); i staden for eit mogleg \**capituli* er garpegenitiv bruka. Ordet er interessant: Fritzner (tillegg) har både **kapituli** og **kapitulum** med tydinga ‘domkapittel’; opphavet er det latinske *capitulum*, n. Innlånet som eit lint maskulinum er såleis ei større tilpassing enn å låne ordet i nominativforma og bøye det som nøytrum. Men i (7) er ingen av desse løysingane valde: Først har det sine vanlege latinske bøyingsendingar, men i det siste dømet (som kronologisk

er det eldste) opptrer det med ei stammeform som ikkje er grammatisk på latin, men derimot svarar til den seinare forma i skandinavisk. Ordet har hatt ei noko uklår stilling i norsk, og det kan kanskje vera grunnen til at alternativet til latinske bøyingsendingar, er å bruke ordet i stammeforma med eit refleksivt possessiv (7-c) heller enn gen. *-s*. Handsaminga av *capitel* i DN XI 278 skil seg frå eit anna lånord, *commun* ‘korsbrørne og hushaldet deira’ i same diplom (8):

- (8) a. the wylie holda vppa sin kost j Communedh jemnan hedhan i  
ffraa  
b. Skal Communedh jemnan hedhan i fraa ffylghe  
c. til *communens* bordhald  
d. til fornempde *Commwns* bord hald

Ordet ser ut til å vera handsama som eit vanleg nøytrum. (8-a-b) viser bunden form utan kasusending (båe tilfella skulle etter norrøn grammatikk vore i dativ); teksten har fleire døme på *-dh* < *-t* (partisippa *loffwadh*, *scriffwadh*). (8-c-d) viser bunden og ubunden form genitiv, den første utan indre bøyning. Inkje av dette står for oss som merkelege former på denne tida. Ordet finst òg ubøygte ein gong i tradisjonell akkusativstilling.

**Diploma** Det ser ut til at det er mest av den setningsinterne kodevekslinga i meir uoffisielle skriftstykkje. Små innskot kan ein likevel finne, som *ij<sup>c</sup> rins* gylden *aut equivalens* (DN XII 558) og *et hoc indolo* ‘og det med ein listig plan’ (*indolo* må vera samantrekking av *in dolo*) (IX 612). DN XII 517 har ein litt lengre frase: *Ffyrst skall wor orseggt gøres hwi wii kunne ecke `strax` intræde till høgbornæ ffyrstæ konnung ffræderich primo allegando litte/ras regis Cristiærni* ‘først grunngjeve med breva frå kong Kristian’. No skal det seiast at IX 612 er eit notat om Daljunkern og XII 517 har overskrifta *Memoriale*; det er såleis berre XII 558 av desse som er eit verkeleg offisielt diplom (sendebrev til bisp Hans Rev i Oslo).

Eit mindre offisielt brev er DN XII 561, ein instruks til sendemannen Jens Olsson Bratt. Som vanleg til geistlege blir han helsa på latin, men der er dessutan namn, datoar og andre ord på latin i teksten (latinske ord/former med feite typar):

- (9) a. ...at nu **Jn die s: clementis** kom vaar tiener **ambrosius**<sup>11</sup>  
heim

<sup>11</sup> Merk her at avstyttingane er ein heva ⟨o⟩ for *or* og ⟨9⟩ for *us*. Dei var bruka i norrønt (Haugen 2004b: 209), men på 1500-talet kjenner eg dei berre frå latinske tekstar eller ord (jf. *nidrosiensis* i figur 6.2). Kanskje kunne ein kalle dette paleografisk kodeveksling?

- b. hans keiserlich *maiestat* haffuer geffuit syn frende **Frede|rico** palsgrewenn till Riin *etc* **Dorotheam**
- c. aff palsgreuens Breff sende wij eder **veram copiam** och then foruarer oss **per Jgnem**

Attåt desse døma krydrar erkebispem språket med to latinske vendingar: *ffinaliter talis est sensus* og *homo proponit Deus autem disponit*. Den siste er iallfall eit ståande uttrykk (tilskrive Thomas à Kempis).

I mange brev er det påført ein liten notis om innhaldet. Såleis har kvitteringane DN VII 659–660, utferda av den kongelege skrivaren Crestiern Persszen i Trondheim <sup>30/1</sup> 1529, påskrifter dels på latin, høvesvis «Recognicio Cristierni Petrj paa affgiffthen aff Trondelagen och Gouldalenn» og «Recognicio Cristierni Petrj paa gingerden». DN skriv at det er erkebispens eiga hand, men denne identifikasjonen er ikkje alltid påliteleg: Etter NgL 2. r. IV 172, note 1, er ei hand som DN oppgjev å vera erkebisp Olav i staden identifisert som ei av hendene i OER. Sjå dessutan utkasta i § 5.4.3, ei hand som DN har kalla erkebispens har t.d. skrive *quittanci<sup>e</sup> hollandrinorum paa busser* bakpå DN VIII 579 (av ein nederlandsk kjøpmann). Eg har elles ikkje undersøkt desse påskriftene i original.

DN VIII 567, eit notat om gjeld etter Erik Valkendorf frå omkring 1527, merkjer seg ut med mykje språkblanding. Det meste er skrive på latin, men det er òg innføringar med veksling og dei siste punkta er på skandinavisk. Eg gjev nokre døme:

- (10) a. Jonj Ericsson j<sup>c</sup> xxxiiij marc vj ß
- b. Jtem en j<sup>c</sup> b. g. eidem Johannj for skibleiger
- c. Jtem magistro Adriano in curia romana x ducater for løen

(10-a–b) er omslutta med hake og gjeld same mann. Merk at som ein del av språkvekslinga blir det nordiske namnet *Jon* identifisert med det latinske (eigentleg greske) *Johannes*, medan *for skibleiger* er skandinavisk.

**Gautes jordebøker** I jordebøkene etter Gaute er det fleire døme på kodeveksling. I (11-a) er vekslinga for så vidt ikkje setningsintern, men skiftet frå skandinavisk til latin og attende har likskapar. I (11-b) er ei setning med datering, men òg ordet *legatum* ‘overdratt’, på latin, og dinest ein apposisjon til subjektet.

- (11) a. Af Elde b. f. span oc i øre som wij .G. fenge af Anund Teiste *literam eius habemus* [‘brevet hans har me’] hafuer oc Anund oss tilsackt ij. øre *ibidem*, en *thet* er ofrelst (SL, pag. 1)

- b. Then *tridie* øren agher Wangs *kirke* ther i, legat*um anno dominj* md *tercio*. Odals breffuet fek oss Birg`i`ta vxor *seu relicta viri* *prefa<ti>*<sup>12</sup> [‘kone eller enkje etter nemnde mann’] (AB: 47)

(11-a) er ei seinare tilførsle i jordeboka, og skil seg frå ei liknande, original, oppføring på skandinavisk om at *Baard i Lundom hafuer bytes breffweth* (pag. 7). Saka med dei manglande to øra har sidan ordna seg, for siste del av teksten er stroken ut – enda eit døme på bruksfunksjonen åt desse bøkene. I (11-b) skiftar språket frå skandinavisk til latin i apposisjonen i båe setningane, men attende til norsk der andre setninga byrjar.

Båe døma i (11) veksla mellom ulike frasar, men verkeleg setningsintern kodeveksling finst t.d. i (12):

- (12) a. *Nota* at Gaute i Beitzstaden seger at myn herre *biskop Olaf* kjøpte aff hans *werfadher* eit audn vppa *Sandwallum*. som heiter *Naustwalla*,<sup>13</sup> et *restant de precio* ein ku oc iij t.<sup>or</sup> korn, *queratur* ab *Torgylso nostro quomodo se habeat* (SL, pag. 3)  
 ‘[...] og står att av betalinga ei ku og tre tønnor korn, det er spurt av vår [mann] Torgils koss det har seg’
- b. *Thenne warpan* ma bygges fore ij spon uel paulo *minus* [‘eller litt mindre’] (AB: 117)<sup>14</sup>

Merk at det latinske verbet *restant* i (12-a) er bøygt i fleirtal, i samsvar med den norske frasen med summen. Dette høver dårleg med eit strengt skilje mellom basespråk og innføydd språk, og viser at den språklege røynda vanskeleg lèt seg presse inn i for stramme boksar. Dette er atypisk, Kleemann (1999: 138) finn at verb «nesten alltid [var] både syntaktisk og morfologisk integrert», dvs. med gammalnorske bøyingsendingar (jf. op. cit.: 89f). Den omtala saka har ordna seg, for heile passasjen er seinare stroken ut og *Solutum est* tilføydd.

Denne jordeboka blir avslutta med følgjande merknad (pag. 12): *Summa af landskylden i Olwitzhaugx prestegeld secundum computum Haraldi lxxvij span*. Her er det norske mannsnamnet tilføydd ei latinsk genitivsending, skrivaren har altså ikkje veksla tilbake før måleininga *spann*. Eit anna namn som oftast finst i latinsk form, er *Vincencius Lunge*, med former som gen.

<sup>12</sup> Endinga *ti* er utgjevars konjunktur, markert med <>.

<sup>13</sup> Merk fleksjonsendingane her: *-wallum* i dativ, *walla* i nominativ kan godt vera frå tale-målet. I så fall ser me òg at ordet har gått over frå i-stammebøying til a-stamme, slik me kjenner det frå nynorsk.

<sup>14</sup> Margnotis som ikkje er datert, men etter utgjevaren yngre enn jordeboka, og som står til ei onnor tilføyding som nemner Ivar i Aspa; han er omtala i tida 1453–1489.

*vincencij* og dat. *vincencio* (ofte avstytt i kjeldone, og da fyller DN ut med rette latinske former).

I KJ er det ei stutt innleiing der Gaute gjev bakgrunnen for arbeidet, truleg inspirert av innleiinga i AB, der det mellom anna heiter (pag. 2):

- (13) tha wij anamade leneth aff godrar aminningar konung Cristiern som war anno *domini* Mcdlxxquinto *qui etiam annus primus* *institucionis nostre* in hoc officio En thessa effterscriffna [...] ‘[...] som òg [var] første året av utnemninga vår i den stillinga’

Etter å ha oppgjeve årstalet på latin, fortset skrivaren på det språket ut setninga, før han byrjar neste setning på norsk att. Det ser ut til at årstalet har ført til eit språkskifte. KJ har elles ingen døme tilsvarande dei eg førde opp for SL. I OEJ er det heller ikkje mange døme på latinske innslag, bortsett frå einskilde ord som går att i mange slike tekstar (*summa, item, primo*), som er typiske døme på det som over vart kalla *tag*-innsetjing. Unikt for denne boka er bruken av *dabit* i listone over kathedraticum frå diverse kapell, t.d. *Meeldaels k: dabit j span* på pag. 59. Verbforma *dabit* er 3.sg. i futurum aktiv indikativ, ‘vil gje/betale’. Av lengre innslag finn me eit på pag. 96, der fleire oppføringar er utsletta og teksten *ista predia sunt prebende sanctie crucis siue scole Nidrosiensis* ‘desse gardar er gjevne den heilage kross eller skulen i Nidaros’ tilføydd. Den same handa har òg stroke ei innføring på pag. 99, med same merknad (men *predium*, for det gjeld berre ein gard).

Dei siste døma her viser at latin er bruka i kommentarar som gjeld kyrkja, medan teksten elles er skriven på norsk-dansk. Det knyter seg saman med språkleg veksling me har sett tidlegare, der brev knytte til kyrkjelege handlingar er skrivne på latin. Men den same argumentasjonen kan ikkje brukast om dei første døma på kodeveksling i jordebøkene. Me må rekne med at jordebøkene var interne bruksdokument der det var liten hensikt i å markere seg i høve til ein mottakar, sidan sendar og mottakar i dei fleste døme vil vera anten same person eller iallfall same miljø. Éin ting er at kommentaren i (12-a) om at Torgils, truleg ein tilsett ved erkesetet,<sup>15</sup> har undersøkt saka, er skriven på latin, men *restant de precio* fell iallfall utanfor det reint kyrkjelege. Når ein ikkje kan finne nokon ytre grunn til at visse delar av teksten skulle vore skriven på det eine eller andre språket, vitnar det mest truleg om at vekslinga har vore den unmarkerte språkforma; kodevekslinga er ikkje sosialt motivert, men har vore den unmarkerte språklege praksisen i eit gjennomført tospråkleg miljø.

<sup>15</sup> To setlar i AB (s. 15) fortel om garden Borgan i Stod. På den første setelen heiter det at «Torgyls vnderwiiste oss», den andre omtalar «*commissario nostro*, Torgyls uppa Sunness», så det er nok mannen. Han er òg nemnd på ein annan setel (AB: 12).

**Rekneskapsbøkene** I rekneskapsbøkene finn ein spreidde frasar på latin. Spesielt vanleg er dateringar, da gjerne berre eit par ord som *crucis inuentionis* eller *natiuitatis Christj* (OER I: pag. 3f, liknande gjennom heile løningslista) etter kvart namn. Dette er så vanleg at ein stussar over *worfrve dag dyre* (OER I: pag. 21). Ei latinske datering kan òg inngå i meir løpande tekst, som i (14-a), og det finst lengre frasar (14-b):

- (14) a. Jtem Oluff Høck lög seg tiil 4 part l. 4 part d<sup>r</sup> aff Hans van Holt quinta feria anteremiscere thij honnom stod ynthet klede tiil for Martinij (OER I: pag. 25)  
 b. feria quinta que fuit dies Basili episcopi ... (OER III: pag. 8)

I desse døma er det helgendagar og kyrkjelege høgtider som er skrivne på latin. Men der finst òg døme på at latin er knytt til dateringar generelt, ikkje berre slike merkedagar. (15-a) viser ein slik vanleg frase. Litt liknande er (15-b), som òg viser attende til ei tidlegare tidfesting. På pag. 113 står same frase, og rett under den skandinaviske varianten *same tiid*, som viser at dei to formuleringane var jambyrdige. Liknande er òg (15-c), som dessutan står nesten identisk sida før.

- (15) a. Anno *et die vt supra* (OER VI: pag. 19)  
 b. Ffick eodem tempore viiiij marc (OER I: pag. 111 og seinare)  
 c. Fic pro anno preterito et anno futuro<sup>16</sup> ein skød om iij lod (OER I: pag. 33)

Det er lett å sjå på dagar med eigne namn i kyrkjekalenderen som fagterminologi, men det forklarar ikkje døma i (15). Dei viser ei utnytting av ein tospråkleg kompetanse, og veksling mellom latinske og skandinaviske variantar viser samstundes at dei to språka var jambyrdige, og at kodevekslinga her ikkje kan vera markert. Eg ser meir på rekneskapspråket som teksttype i § 6.5.2 under.

#### 6.2.4 Avslutning om bruken av latin

Frå det som er vist over, går det klårt fram at latin har tent ein viktig identitetsfunksjon for dei geistlege. Eit svært typisk døme er det omtala brevet frå rektoren, og dessutan fleire brev mellom skandinaviske geistlege på latin. Samstundes er diplom av rettsleg eller økonomisk karakter skrivne på skandinavisk. Det latinske formelverket har vore fast i sendebrev, men blir

<sup>16</sup> Etter utgjevaren retta frå *futurj*, som det er skrivne i nett same uttrykk på pag. 32; *pro* styrer ablativ, så *futuro* er rett etter latinsk gramamtikk.

halde utanfor opne brev. Dette viser at skiljet mellom desse teksttypane har vore klårt. I denne bruken skil dei geistlege seg frå verdslege, som oftast berre har latin i dateringar, og ikkje alltid der heller. Det er dessutan interessante skilje i eit par av formlane (klårast i *apprecatio*) etter kva stand adressaten hadde: Apprekasjonsformelen er på latin til geistlege, dansk til verdslege. Dette må enda ein gong vera eit utslag av latin som inkluderingsmekanisme overfor standsbrør.

Inkluderinga av latinske ord og vendingar i andre skrifter, som instruksen i DN XII 561, kan ha hatt same funksjon. Det er slåande at slik bruk i all hovudsak er avgrensa til uoffisielle skriftstykkje, og nesten ikkje finst i sendebrev til høgtstående folk.

Denne medvitne bruken av latin skil seg frå tilhøvet mellom dei skandinaviske varietetane. Som eg viste i kap. 5, var det ikkje så stor skilnad i språkforma mellom brev til ulike mottakarar, både til nordmenn og danskar skreiv Olav Engelbrektsson det same danske språket med noko norsk interferens. Valet av skandinavisk varietet har ikkje vore meiningsberande, men det har derimot latin vore. Dette kan jamførast med tilhøvet mellom latin/fransk og engelsk/skotsk i Skottland på om lag same tid:

In the choice of the vernacular as opposed to French or Latin in the official records of Scotland, for example, social meaning is conveyed through the use of a particular language and not one variety as opposed to another (e.g. Scots as opposed to standard southern English) (Romaine 1988: 1460).

Til liks med situasjonen i Skottland står dei svært like skandinaviske varietetane meir samla i motsetnad til framande språk (helst latin) enn dei står i motsetnad til kvarandre; valet mellom det heimlege og framande har vore viktigare enn kva skandinavisk varietet som skulle brukast. Dette ser ut til å gjelde iallfall for den siste tida eg har undersøkt, medan det var nokre døme på at valet mellom skandinaviske varietetar kunne forklarast av situasjonelle omstende i dei eldre breva.

Jamsides denne bruken av latin med medviten sosial funksjon, finst det tekstar som notatet til Bud-møtet (DN X 672) og ein del bruk av latinske frasar i jorde- og rekneskapsbøkene som vanskeleg kan tolkast slik. Dei er ikkje meinte for offentleggjering, og det er vanskeleg å sjå at språkvalet kan fylle nokon kommunikativ funksjon. Snarare må ein sjå på nett denne språkforma, der skandinavisk og latin blir blanda, som den umarkerte språkbruken. Mengda av brev viser elles at skrivarane ikkje hadde noko vanskeleg for å skilje mellom språka når dei prøvde, men der det ikkje var naudsynt, når sjangerkrav eller omsyn til mottakar ikkje stilte slike krav, kunne dei like gjerne veksle noko.



**Skandinavisk i latinske tekstar** Heilt til slutt skal eg stutt seie noko om den omvende vekslinga, frå latin til skandinavisk. Dette er mykje mindre vanleg, og dreier seg i hovudsak om namneformer. I eit litt eldre materiale fann Kleemann (1999: 87f) at alle gammalnorske ord var markerte med *dictum*, *vulgariter appellatur* eller liknande formuleringar. Ei slik tydeleg markering av kodeveksling skjer typisk når ho er markert, og Myers-Scotton (1993b: 141) snakkar da om «structural flagging». Kleemann (loc. cit.) fann berre nokre namn som var bruka utan slik flagging.

Bortsett frå messebøkene er Erik Valkendorfs nemnde skildring av stiftet den einaste lange teksten på latin, og her finn me nett eit slikt mønster. Det er mellom anna tale om ein *genus piscis*, *volgo stockfisk appellatum*.<sup>17</sup> Liknande formuleringar er bruka om *skørbug*, *trolhwal*, *Rosmer* ‘kvalross’, *Skrælinger* (om eit pygméfolk nordvest for Finnmark, jf. Storm 1902: 20f), kodevekslinga er heile tida kommentert i teksten. Dette finn me aldri i tekstar der vekslinga skjer den andre vegen, frå skandinavisk til latin. Det må helst tolkast som at når latin er hovudspråket i ein tekst, er skrivaren forventa å halde seg til det språket gjennom heile teksten. Dette kravet finst ikkje i skandinaviske tekstar, og kodevekslinga der ser såleis ut til å vera umarkert.

## 6.3 Sjørøvarsaka 1527–1530

I dei urolege tidene mot slutten av 1520-talet, da eksilkongen Kristian II konspirerte med både erkebispem og utanlandske fyrstar for å vinne att landa sine, prøvde erkebisp Olav seg som sjørøvar. <sup>14/4</sup> 1527 sende han ut Paul Jonsson og andre for å verne nordmenn på sjøen (DN I 1072), «Norries rigæ, thess inbyggere och menigæ köffmænd som med theres rette købenscaff riget besøgæ, till trøst wern och beskermelsæ», som det var formulert. I røynda kan det sjå ut som dei dreiv rein kaperfart, for <sup>28/7</sup> same år klaga kong Jakob V av Skottland til Vincens Lunge over at to skip, eitt av dei Peter av Leith som tilhørde David Falkoner og var ført av skipper Thomas Gardner, var kapra av nordmenn (VIII 561); den eine kapinga hadde Vincens sjølv ansvaret for, den andre erkebispem. Vincens sende klagemålet vidare til Olav Engelbrektsson i VIII 562,<sup>18</sup> og klaga på nytt i VIII 564, denne gongen saman

<sup>17</sup> Det er litt uvisst om dette er eit heimleg eller tysk ord, på lågtysk heitte det *stokvisch*. Den einaste kjelda Fritzner gjev (**stokkfisk**) er DN VIII 112, Bergen <sup>24/7</sup> [1338], med omtale av «piscium, qui vulgo skreid sive stokfisk appellatur», som iallfall tyder på *stokkfisk* har vore rekna som norsk («vulgo») såpass tidleg.

<sup>18</sup> Ein språkleg notis: Brevet frå herr Vincens er på rein dansk, men saman med det trykkjer DN to bilag som reknar opp eigeidom erkebispem folk har stole; desse er sterkt norskfarga og gjorde av ein norsk skrivar i teneste hjå anten herr Vincens eller erkebispem

med bisp Olav i Bergen, riksråden Erik Ugerup og fru Ingerd, over både skotske og andre skip erkebispens folk hadde teke. I brevet legg dei største skulda på Kristoffer Trondsson Rustung, og dessutan ein Olav Lang. Erkebispnen nekta for å ha bidrege til kapringane, og hevda at dei handla utan hans vitande, men etter eit langvarig oppgjer enda det med at han laut betale for gildet.

Men det er historie. Det som er interessant i vår samanheng, er kva språk som vart bruka i det langvarige oppgjeret i åra etter. Eg skal bruke dette som ein illustrasjon på tilhøvet mellom dei ulike språka i bruk i Nordsjø-området i seinmellomalderen, for her finn me døme på både skotsk, nederlandsk og latin attåt skandinavisk. Dei involverte stadene er viste i figur 6.3.

På riksnivå kom brev på låg- og høgtysk og jamvel fransk til kongen; døma er legio, t.d. DN VIII 540 og utover med brevveksling i samband med at dronning Elisabet av Danmark døydde i januar 1526. Regentinne Margrete av Nederlanda skriv faktisk fransk og nederlandsk til Kristian med to vekors mellomrom, men korrespondansen med Dei britiske øyane var halden på latin (sjå t.d. VIII 545 og 548 mellom Kristian II og Henrik VIII av England og VIII 557 frå Jakob V av Skottland). Desse døma gjeld inngåande post, men tilhøvet var det same for utgåande.

I denne saka er fordelinga mellom språka i hovudsak som på riksnivå. Dei breva som går mellom Vincens Lunge og erkebispnen er naturlegvis på skandinavisk. Klage-målet frå Jakob V er skrive på latin, og han er i brevet omtala som *Jacobus*; unntaket er at han i den eigenhendige signaturen skriv seg *James rex*. Når bisp Olav, Vincens Lunge og andre i Bergen skriv til skottekongen og orsakar seg (<sup>24</sup>/9 1527, trykt som DN VIII 565 etter ein kopi i erkebisparkivet), er brevet likeins på latin.

---

i Bergen.



Figur 6.3 Sjørøvarsaka: dramatis loci.

**Skottar** Det mest interessante i ein språkleg samanheng er oppgjeret mellom skipperen Thomas Gardner og erkebispem i Trondheim <sup>10</sup>/<sub>3</sub> 1528, trykt i DN VIII 569–570. Båe breva handlar om ein avtale der erkebispem kjøper det omstridde skipet, slik at 569 har tekst på skotsk og 570 på skandinavisk. Brevet er i namnet utferda av Gardner og ein Thomes Hucheson; sistnemnde er i VIII 580, Bergen <sup>27</sup>/<sub>9</sub> 1528, omtala som skrivar (*thomas hughon scriffwer*), så me kan gå ut frå at det var han som skreiv den skotske versjonen. Utforminga av dei to breva er uavhengig og må vera gjord av ulike skrivarar, men båe har med dei same opplysningane om skipet *Peter*, kjøpesummen på 1500 rhinsgylden og at seljarane skal sende eit brev frå sjefen sin så snart dei kjem attende til Skottland. 570 følgjer vanleg oppsett for salsbrev i Noreg, medan 569 viker noko ifrå dette og truleg følgjer samtidige skotske modellar. Den uavhengige forma åt dei to breva kjem tydeleg fram ved at skotten har fått namnet *Haakenson* i 570. DN VIII 571 er ein avtale om oppgjer for det som fanst på skipet, og kvittering på ein del av betalinga; skottane har fått noko pengar og 99 tønner rugmjøl, og lovnad om 1200 tønner i alt. 571 er skriva på skandinavisk, men både dette og 570 har eigenhendige underskrifter. Same hand har skriva under alle tre breva med liknande formuleringar:

(16) Thomes Huchesson wytht (*w<sup>t</sup>*) my hand at (*on*) ye pen

Bortsett frå preposisjonane (*wytht* er avstytt dei to siste gongene og 571 har *on* i staden for *at*) er det berre patronymet som ymsar, det finst i tre ulike variantar (*Huchesson/Huchon/Houchesson*), noko som i seg sjølv seier sitt om rettskriving i seinmellomalderen.

Saka kan følgjast vidare. DN VIII 573, Dysart <sup>21</sup>/<sub>5</sub> 1528, fortel om to andre skotske kjøpmenn som sender to utsendingar til Noreg for å få erstatning for det andre skipet som er omtala i VIII 562. Dette brevet er skriva på latin og tydelegvis meint som følgjebrev for utsendingane. Etter merknad i DN er brevet «feilfuldt», så kjøpmennene var ikkje heilt støe i latin.

DN VIII 574–581 er alle skrivne i Bergen og handlar om oppgjeret, og dei er skrivne på skandinavisk. 574–576 er utferda <sup>23</sup>/<sub>6</sub>, og språket viser så store likskapar at sjølv utan paleografisk vurdering må dei vera skrivne av same hand.<sup>19</sup> I namnet er desse tre breva likevel utferda av skottar. 577 er frå Vincens Lunge, og 578 og 580–581 utferda av skottar (eg kjem attende til 579 under). 581 er det einaste av desse breva som nemner vitne; blant dei er ein *Rekert Jonson scriffer*, som dimed kanskje har ført det i penna. I både oppsett og språkform er dette brevet ulikt dei tre breva over som truleg er skrivne av same hand, så det har vore fleire personar involverte i dette

<sup>19</sup> Tilsvarande oppsett, mykje «eæ» i endingar, alle breva har den sjeldsynte forma *hansscripht* i innseglingformularen.

oppgjeret. Det verkar som dei er vortne forlikte, for <sup>15</sup>/<sub>6</sub> 1529 skriv David Falkoner sjølv til erkebispem (VIII 591) og lovar å sende han nokre varor og legg opp til handelssamband. Brevet er på latin, men har ei eigenhendig underskrift: *David Falkner / wyt my hand*. Falkoner bruka fleire språk i handelen sin, XIII 481, Leith <sup>15</sup>/<sub>6</sub> 1528, er eit følgjebrev for eit skip han sende til Danmark, skrive på fransk. Siste kapittel i denne delen av saga, slik me kjenner ho i dag, finn me i DN VIII 611, Bergen 1529,<sup>20</sup> der to av skottane kvitterer for motteke oppgjer for dei 1200 tønne mjøl som var tekne frå Peter. Dette brevet er skrive på skandinavisk og utforma i norsk diplomstil med fire namngjevne vitne *ok andre flere*.

**Hollendarar og engelskmenn** DN VIII 579 dreier seg om ei onnor, liknande sak, denne gongen med nokre hollandske skip som òg hadde vorte tekne. Dette er omtala tidlegare i DN X 540–541, truleg frå sommaren 1527. Båe er skrivne på nederlandsk og utferda av Paul Jonsson, høvedsmann på ein båt erkebispem åtte og årsaka til styret. I det første vedgår han å ha teke ein del varor som han skal betale skipper Claes Oedszon i Amsterdam. Hitt har same innhald, men denne gongen i favør skipper Sakele frå Handych<sup>21</sup>. VIII 579 er ei kvittering frå Claes Oedszon på at han har fått oppgjer for dei stolne varone, utferda på erkebispegarden i Bergen <sup>1</sup>/<sub>9</sub> 1528. Diplomet er skrive på skandinavisk, men har eigenhendige underskrifter frå både Claes og vitnet hans, skipper Allert Thomaszon. Desse er naturlegvis på nederlandsk, eg gjev skipperen som døme:

(17) *Jtem een kennys daer waerheyt soe hebbe ic claes oedszon van amster|dam myn eeyghen hant hyer onder gheset<sup>22</sup> myn merck*

<sup>10</sup>/<sub>9</sub> 1529 skriv Claes Oedszon (rett nok skriv han seg *Dodessen* denne gongen) ut ei kvittering på at han er nøgd med det han har fått frå erkebispem; denne kvitteringa er òg på nederlandsk (DN VIII 609).

Sommaren 1529 kom ein engelskmann til Noreg i same ærend; det var Roger Dischaunt, utsending frå eit par kjøpmenn i Newcastle. <sup>3</sup>/<sub>6</sub> 1529 skreiv han til erkebispem frå Bergen (VIII 589), på skandinavisk, og sende med ombodsbrevet frå oppdragsgjevarane sine; dette brevet (VIII 590) er på latin. Han fekk erstatning, og kvitterer for ein del i VIII 600, Bergen <sup>26</sup>/<sub>7</sub>.

<sup>20</sup> Brevet er udatert, men DN gjettar på september, sidan oppgjeret med Roger Dischaunt (sjå under) er tidfest til <sup>22</sup>/<sub>9</sub>.

<sup>21</sup> Eg har ikkje greidd å finne denne byen.

<sup>22</sup> Her følgjer merket. Det har form som □ med ein strek ned midt under, som bøyer tvert og går litt opp til høgre att.

Kvitteringa er på skandinavisk, men har ein eigenhendig<sup>23</sup> signatur: *per me Rogerum Dychaunt. / manu mea propria*. Endeleg oppgjer kom i VIII 610, Bergen <sup>22</sup>/<sub>9</sub>, der Roger kvitterer for det han har fått, medan ombodsmannen Jon Teiste forpliktar seg til å betale resten sommaren etter. Da får soga eit lite etterspel: <sup>22</sup>/<sub>8</sub> 1530 gav Roger Helsingør-borgaren Bertel Prente fullmakt til å kvittere for dei pengane erkebisen framleis skulda han (VIII 635); dette kravde Bertel inn <sup>29</sup>/<sub>6</sub> 1531, i VIII 648, skrive i Nidaros.<sup>24</sup> Brev er skrivne på dansk, men med eit par svenske innslag: Former som *wthskurin* og *vpburitt* med ⟨u⟩ er uventa i dansk (GG VI § 635).

Det finst fleire rekneskapsnotat i samband med denne saka. Eit oversyn er gjeve i DN VIII 582, eit heilt lite hefte med to påskrifter (ulik stil og penn, så iallfall ikkje samtidige, om eg ikkje vil avvise same skrivar): *Vm then skotskæ handlingh oc theirs quittance*<sup>e</sup> og *Quittance Scotorum Anglorum et hol landrinorum*. Resten av heftet er skrive av ulike hender, på skandinavisk unntekte vanlege rekneskapstermar.

**Tilhøvet mellom språka** Me ser altså at det gjeldande språket når det skulle kommuniserast over Nordsjøen, var latin. Skotsk kunne brukast i underskriftsformularen *wyth my hand*, men jamvel der finn me døme på latin *manu mea propria*. Difor er det oppsiktsvekkjande at kjøpskontrakten i Trondheim <sup>10</sup>/<sub>3</sub> 1528 vart utforma både på skandinavisk og skotsk. Dette er dei eksemplara kjøpar har fått, me kan ikkje i dag vita om seljar fekk med seg eit eventuelt tredje eksemplar, og kva språk det i tilfellet var skrive på. Men det ser altså ikkje ut til at latin var brukande til kvardagslege økonomiske dokument på denne tida.<sup>25</sup>

Parallellutgåvor av viktige avtalar er ikkje noko unikt, t.d. var det vanleg å utforme handfestingane ved kongeval i eitt eksemplar for kvart av landa, og fram til 1450 var det òg slik at dei norske og danske eksemplara skildest åt språkleg. Eit anna døme er følgjebrevet for kaperfarten (DN I 1072), som fanst i både skandinavisk og latinsk versjon. Det er likevel noko heilt anna enn

<sup>23</sup> Ser det ut som etter språkforma i brevet, jamvel om DN ikkje har nokon merknad om dette, slik det ofte har elles.

<sup>24</sup> Jf. VIII 646 frå Eske Bille til erkebisen, brevet vart sendt med Bertel til Nidaros (han er omtala som *thenne breffuiszere*).

<sup>25</sup> Her kan nemnast DN XXII 485, Bergen <sup>25</sup>/<sub>7</sub> 1557, som faktisk har latin i eit liknande dokument: Det er ein femårig handelsavtale mellom ein borgar i Bergen og ein engelsk sjøfarar, som er gøymd i to avskrifter på høvesvis latin og høgtysk. Kjøpmannen skriv seg elles *Antonius Nicolai* på latin og *Anthonius Nilsen* på tysk, men er kalla *Thønneis Clauszønn* i ei samtidig påskrift. Han er truleg identisk med *Tonnes Claussøn* i DN XXI 1063 (ei avskrift (av ei avskrift) av eit diplom visstnok frå 1557), men eg har ikkje funne han nemnd elles. Nasjonaliteten hans er difor uviss.

ein vanleg kjøpskontrakt. Vidare ser me at alle dei kvitteringane engelskmenn og skottar ferda ut i Noreg elles i denne saka, er skrivne på skandinavisk. Det vil seie at dei anten har hatt ein norsk eller dansk skrivar i teneste hjå seg, eller har bruka skrivarar tilsette hjå motparten, som i desse tilfella stort sett var Jon Teiste, ombodsmann for erkebispergarden i Bergen; at einkvan skrivar ved erkebispergarden har skrive kvitteringane, er vel langt det mest trulege.

Det er vel mest truleg at tolkar har vore til stades ved forhandlingane med britane. DN V 930, Marstrand <sup>16</sup>/<sub>1</sub> 1486 fortel om eit engelsk skip at det hadde med ein tolk som «taledede bode norske och tyske», noko som tyder på at dette var det vanlege. Ein slik kandidat i denne saka kunne vera «Johnne Crethonne Scotts man serwand to ye archbishop of Norway» som er omtala i DN XI 487, Leith <sup>7</sup>/<sub>6</sub> 1528, og sjølv skreiv DN XI 486 til Jon Teiste på skandinavisk <sup>31</sup>/<sub>5</sub> 1528.<sup>26</sup> Men det kan ikkje bli anna enn spekulasjon, der var fulla folk i Bergen som snakka skotsk/engelsk.

Kvitteringane på skandinavisk frå britane blir spesielt slående jamførde med tilsvarande lågtyske. Der har det ikkje vore naudsynt med nokor omsetjing, kvitteringar på lågtysk var gangbare og rettsgilde i seg sjølve. Eit anna døme på dette er DN VII 692–694, Trondheim <sup>27</sup>/<sub>3</sub> 1532,<sup>27</sup> der ein liknande kjøpskontrakt blir sett opp i Trondheim, men berre på lågtysk (sjå under). Døma over viser at engelsk/skotsk ikkje var gyldig på same sett, slik at ein anten måtte skrive skandinavisk eller leggje ved ei signert omsetjing. Dette er samstundes eit teikn på at det ikkje var nok å ha eit papir som stadfesting på den munnlege avtalen; kravet om at kvitteringa skulle vera på eit forståeleg språk tyder samstundes på at sjølve skriftfestinga har vore den rettsberande handlinga (jf. § 3.1.3).

## 6.4 Tyske varietetar

I mellomalderen utgjorde dei ulike tyske dialektane eit kontinuum, enda meir enn i dag. I norsk samanheng er det først og fremst lågtysk og nederlandsk me møter, utan at det er så greitt å skilje mellom dei: «Doch gibt es in der mittelalterlichen Schreibsprache von der holländischen Küste bis zur Weser nur allmähliche Übergänge» (Goossens 1994: 82). Det verkar heller ikkje som dei vart skilde i samtida, både høg- og lågtysk, inkludert nederlandsk, vart

<sup>26</sup> Verbformene *willin*, *gørin* er svenske, diftongane i *jngeleides*, *seineste* norske. Kanskje nett den typen språkblanding ein kan vente av ein utanlandsk handelsmann? Eg har undersøkt originalane for å sjå om det var same hand, men det var det ikkje.

<sup>27</sup> Berre 692 er sikkert datert, men det er svært truleg at dei to andre har vorte skrivne samstundes eller svært stutt tid etter.

omtala som «tysk» (Winge 1992: 31f). Eit slikt skilje er heller ikkje naudsynt for analysen her; for min del er det koss desse språka blir bruka i høve til skandinavisk som er interessant. Eg har stort sett prøvt å definere dialekten i konkrete døme, men meir generelt kan 'lågtysk' i framstillinga under vise til både nordtyske og nederlandske dialektar.

Eg nemnde over at tysk hadde ei viktig rolle i kontakt med utlandet, og døme på at danskar jamvel kunne skrive tysk seg imellom finn me t.d. i DN VIII 595–597, Kjøbenhavn <sup>30</sup>/<sub>6</sub> 1529. Det første er ei fullmakt frå kong Fredrik til sonen og fire danske riksrådar som skal halde herredag på vegner av kongen i Oslo, det andre ein instruks til dei same om kva dei skal gjera, og det tredje eit brev til nordmennene om at hertug Kristian skal vørdast som kongen sjølv. Alle er skrivne på høgtysk. Det tyske kanselli i Kjøbenhavn skifta gradvis frå lågtysk til høgtysk i tida 1530–1560 (Winge 1992: 104); delvis var praksis da slik at den innanlandske avdelinga skreiv lågtysk og den utanlandske høgtysk. I Noreg er ikkje høgtysk viktig på denne tida, bortsett frå det eine ordet (*be*)*grösse* eg nemnde i § 5.6.1.

I Bergen hadde Hansaforbundet ei sterk stode i kraft av Kontoret på Bryggen, og det er mange dokument på lågtysk i den samanhengen. I tilknytning til erkesetet er det mykje mindre av slikt. Avstikkande i så måte er dei breva som nyss vart nemnde frå mars 1532: DN VII 692–694 er kvitteringar til erkebispem frå skipperen Jan Heinrichsson frå Enkhuizen, som har teke over eit skip med fiskevaror for å ta det til Holland og attende; Olav har òg betalt han nokre pengar på vegner av kong Kristian II (jf. VIII 671 frå kongen). I samband med desse breva har me VIII 678, som er ei opprekning av det Jan Heinrichsson har fått av erkebispem; denne lista er skriven på skandinavisk.

Av breva frå skipperen er VII 693–694 etter DN eigenhendige. Handskrifta er ulik andre dokument frå erkesetet, så det verkar rimeleg. Same hand har sett til signaturen *Jan Heynryck zon* i 692, men resten av det brevet er derimot skrivne med ei heilt annleis hand, som liknar meir på den vanlege skrivestilen ved erkesetet. Det ser altså ut til at einkvan i Trondheim har evla å skrive lågtysk. Det er tydelege språklege skilje mellom diploma, der språket i dei to eigenhendige breva er nederlandsk, medan 692 er meir lågtysk. Målmerke som peikar den eine eller hin vegen er nl. *ende* mot lty. *vnde*; nl. *ghe-* (t.d. *gheset*) mot lty. *ge-* (t.d. *geschreuen*);<sup>28</sup> 693–694 har typisk nederlandsk ⟨o⟩ i *onder*, *ons*, *hondert* der lågtysk heller har ⟨u⟩ (jf. *vp* i 692); omvendt har 692 typisk lågtysk *krafft* (nl. *kracht*) og *erlangedt* (nl. *ver-*).<sup>29</sup>

<sup>28</sup> Her det snakk om ein tendens; 692 har éin gong *gheuerde*, og eg har sett andre lågtyske tekstar med mykje *ghe-*.

<sup>29</sup> Takk til Susan Fittkau for hjelp med den språklege analysen av desse tekstane.

Me veit elles at ein tysk skrivar var tilsett ved erkesetet seinare i 1530-åra (§ 7.3.1 og tabell 7.4), og kanskje fanst det fleire tidlegare, jamvel om det ikkje går direkte fram av kjeldone. Handskrifta i 692 liknar som sagt den vanlege stilen ved erkesetet, som skrivaren vanskeleg kan ha lært på annan måte enn å skrive tekstar på skandinavisk. Viktigare i ein større samanheng er at desse dokumenta viser ei forventning om at lågtysk/nederlandsk var forståeleg utan vidare.

På veg til Roma i eksil etterlét Erik Valkendorf nokre eignelutar i Karthauser-klosteret ved Amsterdam. Det vart ein del ståk om dette etter at erkebispnen døydde i Roma <sup>22</sup>/<sub>11</sub> 1522. DN VIII 500 er ei opplisting av ting Erik dels har overlata til andre ved avreise, dels sendt heim frå Amsterdam. Eit inventarium over det Erik etterlét i Holland finst i DN VII 592, skrive på nederlandsk; inventariet har vorte med heim til Trondheim. Nye skriv i saka kjem frå prioren i klosteret og ein mann i Amsterdam i juni 1525 (DN VII 604–605). Brevet frå prioren er i hovudsak på latin, men sjølv inventariet over etterlaten eigedom er skrive på ei blanding av latin og nederlandsk; lekmannen i VII 605 skriv nederlandsk. Eit anna brev i same sak (DN VII 639), frå ein munk i Karthauser-klosteret <sup>1</sup>/<sub>7</sub> 1527, er heilt ut skrive på latin. Enda ein gong ser me at kyrkjemenn skriv latin seg imellom, medan nederlandsk er eit språk for kvardagslege spørsmål, men eit fullgodt og forståeleg alternativ i opplistingar.

Eit anna døme på innkomande post på lågtysk er DN XI 518, Rostock <sup>25</sup>/<sub>3</sub> 1529, eit offisielt brev frå Rostock til erkebispnen om eit hus erkesetet åtte der i byen. Me har diverre ikkje breva som må ha gått den andre vegen, men alle desse døma på innkomande skriv på lågtysk eller nederlandsk viser iallfall at utlendingar problemfritt kunne skrive til erkebispnen i Trondheim på tysk, og dessutan at utlendingane forventa at det ikkje skulle vera noko problem.

### 6.4.1 Semikommunikasjon

Eit breitt prosjekt i Hamburg 1990–1995 drøfta tilhøvet mellom skandinavisk og lågtysk i mellomalderen; Braunmüller (1998) gjev eit oversyn over prosjektet og resultata. I den samanhengen henta Kurt Braunmüller omgrepet *semikommunikasjon* frå Einar Haugen og bruka det om språkkontakten i mellomalderen. Haugen bruka det om situasjonen i Skandinavia i dag, der kvar snakkar sitt språk i von om å bli forstått, men der kommunikasjonen somtid blir ufullstendig; semikommunikasjon var for han «the trickle of messages through a rather high level of ‘code noise’» (Haugen 1966: 480). Braunmüller meiner dette òg var tilfellet for skandinavisk og lågtysk i mellomalderen; synspunkta hans på dette er formulert først og



fremst i Braunmüller (1995c), der han definerer omgrepet slik (op. cit.: 39): «Semikommunikation [...] besagt nur, daß man die Nachbarsprache als *passiv verstandene Varietät* vor dem Hintergrund des eigenen Diasystems zu akzeptieren bereit ist.» Premisset her er at skilnaden mellom skandinavisk og lågtysk var dialektal, ikkje språkleg, og at einspråklege aktørar øvde opp ei passiv forståing av det andre språket. Ei nyare drøfting er Braunmüller (2007), men bortsett frå at han der kallar det «receptive multilingualism», er ikkje argumentasjonen substansielt endra.

Ei viktig side ved Hamburg-prosjektet var å diskutere dei språkstrukturelle føresetnadene for ein slik kontakt. Det er ei kjend sak at lågtysk og skandinavisk historisk er nærskyldige, og typologisk svært like. Utviklinga til ein meir analytisk språkstruktur i seinmellomalderen var dessutan sams. Fleire av bidraga i Braunmüller og Diercks (1993) og Braunmüller (1995b) undersøker ulike sidor ved dei involverte språka nett med tanke på koss dei kunne bli forstådde, og kva «semiotische Strategien» (Braunmüller 1995c) språkbrukarane kunne ty til for å skjøne kvarandre i ein kontaktsituasjon. Ikkje minst vart det gjort datasimuleringar av kor stor del av ordforrådet som var direkte forståeleg. Konklusjonen var at semikommunikasjon var mogleg, og at innlæring av nokre viktige skilnader raskt kunne gje god forståing.

Hamburg-prosjektet tok på grunn av kjeldesituasjonen berre føre seg svensk og dansk, men med den store likskapen mellom dei skandinaviske språka burde noko av det same gjelde for norsk òg. Nesse (2002: 133–138) drøftar koss situasjonen var i Bergen og meiner føresetnadene for semikommunikasjon var noko svakare der enn i grannelanda. Ho meiner òg at sjølve omgrepet er problematisk, og vil heller kalle det «passiv tospråkligheit» (op. cit.: 137; jf. Braunmüller 2007). Eg skal her bringe fram nokre nye kjeldor til tilhøvet mellom dei to diasystema, for å bruke Braunmüllers terminologi.

**Metakommentarar** Me veit lite om koss folk sjølve oppfatta tilhøvet mellom språka. Skautrup (1947: 34) skriv at «[m]an hører [...] aldrig, at tysken (plattysken) ikke blev forstået», men eksplisitte kommentarar er svært sjeldsynte i materialet. Jahr (1995a: 20) kjenner berre til eitt døme, der tyskarar i Bergen <sup>29</sup>/<sub>2</sub> 1502 klagar over å ha fått eit brev på svensk som dei ikkje forstår. Jahr trur like gjerne dette kan koma av at det var forretningsmessig opportunt å ikkje skjøne innhaldet, men frå det sitatet Brattegard gjev, kan eg ikkje sjå at det er grunnlag for å hevde dét. Brevet er til «die Älterleute zu Lübeck» frå oldermennene i Bergen, som fortel:

Ock guden frunde wy hebben van daghe van den Heren Rykesz Rederen [‘riksrådene’] vth Sweden eynen breff entfangen vppe swedesch gescreuen den wy noch so gruntlike nicht vorstan hebben, dat

wy juw dar grot bescheyt van schreuen konnen. So wille wy densuluen breff myt den ersten int dutzsche setten laten (sitert etter Brattegard 1932: 302; brevet er etter Brattegard i bergenfarar-arkivet i Lübeck).

Det verkar som dei er oppsette på å koma til botnar i kva brevet tyder, sidan dei vil ha det omsett; og til heimekontoret i Lübeck er det òg vanskeleg å sjå kva som skulle vera «forretningsmessig bekvemt» (Jahr 1995a: 20) med å seie seg å ikkje skjøne brevet. Merknaden om at dei vil lata brevet omsetje, tyder i seg sjølv på at dette har vore ein vanleg praksis.

Eg kan føye til ein annan kommentar som likeins går på manglande forståing: DN XIII 587, Rendsburg <sup>12</sup>/<sub>3</sub> 1532, er eit brev frå Henrik Rantzau<sup>30</sup> til svogeren («mynem besonderen leuen Swaghere») Johan Rantzau, tilskriven som «konichliches haus hoffmestere» (jf. DBL XIII: 449–460). Rantzau-ætta hørde heime i Slesvig-Holstein (Rendsburg ligg på grensa mellom hertugdøma), og brevet er på lågtysk. Det omtalar eit brev frå Eske Bille (DN XIII 585) med følgjande passus:

den breff den Eskell Bilde vann Berghenn vth Norweghen an jw geschreuen hebbe ick gebrakenn, Jck hadde ouirsth keynen schriuer dede konde Dansk leszenn vnnd virsthann Bidde fruntlich, gy willen my myth deme furderlichesten de menynghe schriuen wath tidinghe an ko: Mtt. ock an jw gelanggett

Sidan han ikkje kunne lesa brevet, lyt han be svogeren om oppdatering; for herr Henrik og skrivarane hans var altså ikkje dansk noko dei kunne forstå. Skautrup (1947: 169) nemner to liknande døme frå 1530-åra, det eine på ein bisp som måtte ha tolk under visitas, det andre på ein statthaldar på Kjøpenhamn slott som klaga over at han ikkje forstod breva han sette seglet sitt under, fordi dei var skrivne på dansk.

Det finst derimot ein annan kommentar som vitnar om forståing.<sup>31</sup> I DN II 1127, Oslo <sup>30</sup>/<sub>1</sub> 1539, vitnar tre borgarar i Oslo om at dei har granska ein rekneskap etter *Henrich Hollender*, der dei to gonger understrekar at det var godt skjøneleg:

<sup>30</sup> *Rantzau* er den vanlege forma i nyare oppslagsverk; sjølv skriv han seg *Ranttzowwe*, og regesten i DN har *Rantzow*. Denne Henriken er ikkje nemnd i DBL, men må vera han som er omtala som bl.a. «amtmand i Oldenburg og Rendsborg» på <http://finnholbek.dk/genealogy/getperson.php?personID=1126&tree=2> [lese 20.10.2011]; etter dette slektstreet var han gift med Anna Rantzau, syster av Johan, så mågskapen stemmer.

<sup>31</sup> Takk til Helge Sandøy som gjorde meg merksam på dette diplomtet.

- (18) a. thette effterne paa hollendsche maall schreffuit dog oss well forstandeligt oc vti lige mening som her effter schreffuit staar paa dansche
- b. haffue wij forne seett oc offuerleset [...] schreffuit paa hollendzsche maall med forne Henrich Hollenders eghen handt dog oss well forstandeligt

Dei kunne altså lesa nederlandsk,<sup>32</sup> men at dei må understreke det to gonger, kan tolkast som at dette ikkje vart sett på som sjølvst. Dei tre borgarane har dessutan namn som kan tyde på at dei høyrde til innvandra handelslekter: *Thomes Busk*, *Bertill Been* og *Thomes Lassen*.

Kanskje var det ikkje like lett for bygdefolk som for kjøpmenn i byane; ein passus i DN X 578 kan iallfall tyde på det. Det er eit notat om rykte som går om Vincens Lunges aktivitetar hjå kong Fredrik i 1528–1529, der det mellom anna heiter at «ffriiborne fræmmende» skulle ta over norske len, og «tessæ ord fførfførde then enæ bonde til then andre oc ssaade gwd raade vel hvad lag hær aff vil vorde, vii fforstaa jnghen Tyske . . . ». Det er for det første interessant at «fræmmende» automatisk blir kopla til «tyske» (og ikkje danske; jf. § 7.4.1), og dinest klagen på at dei ikkje skjønar språket.

Her har eg sett fram to døme der tyskarar ikkje forstår skandinavisk, vist til to tilsvarende hjå Skautrup og nemnt eitt der nordmenn klagar over det same; motsett finst eitt døme der borgarar i Oslo forstår nederlandsk, men likevel finn grunn til å understreke dette tydeleg. Dette er ikkje mykje, men det er alle kommentarane til kor forstålege skandinavisk og lågtysk var som eg har greidd å finne i materialet frå denne tida. Ut frå dette ser det ikkje ut til at språka har vore innbyrdes forstålege i første halvta av 1500-talet, iallfall ikkje utan vidare.

**Resultat av språk- og dialektkontakt** Jahr (1995a) diskuterer resultatet av kontakten mellom skandinavisk og lågtysk i høve til dei vanlege resultata av språk- og dialektkontakt. Det er gjengs oppfatning at resultata av dei to kontakttypene er delvis ulike (sjå t.d. Trudgill 1994), og påviste endringar i skandinavisk kan difor seie noko om koss tilhøvet mellom dei to varietetane var i kontaktperioden. I samband med dette er det iallfall to ting det er viktig å hugse: 1) Språk- og dialektkontakt er ikkje to fullstendig ulike ting, men må heller sjåast på som eit kontinuum (Trudgill 2000; Nesse 2002: 140–142), og 2) kontakten var uansett ikkje mellom to standardspråk, men «sprachliche Diasysteme» (Braunmüller 1995a: 21).

<sup>32</sup> Nemninga «holland(z)sche maall» er interessant i seg sjølv; til vanleg vart som nemnt alle dialektar kalla «tyske»; jf. sitatet i døme (2) på s. 243.

Alle kontaktsituasjonar kan føre til ulike typar lån, grammatisk forenkling og koinédanning, men typiske resultat av kontakt mellom ulike *språk* er dessutan tospråklegheit, blandingspråk/pidgin og kodeveksling (Jahr 1995a: 21). Dersom ein kan attestere slikt frå kjeldone, vil det såleis vera teikn på at det verkeleg var snakk om ulike språk, ikkje dialektar. Jahr (1995a) ser difor på tidlegare syn på desse spørsmåla (jf. Braunmüller 1995a: 16f):

**Tospråklegheit** ville ikkje vore naudsynt dersom det var snakk om dialektkontakt. Lena Moberg har prøvt å vise at ein byskrivar i Stockholm sist på 1400-talet var tospråkleg, men Jahr meiner ho ikkje har grunnlag i det språklege materialet til å trekkje nokon slik konklusjon, og at me såleis ikkje har nokre sikre prov på at nokon meistra både skandinavisk og lågtysk i skrift og tale (Jahr 1995a: 22).

**Blandingspråk** er heller ikkje funne, trass i at påstanden om at noko slikt må ha funnest går att i mange skildringar av den aktuelle perioden. Jahr (1997) tek opp ei tradert historie i fagtradisjonen om noko som visstnok skulle vera eit dokument på eit slag blandingspråk. Erik Simensen har vist at teksten (DN XIII 566, [Bergenhus] 1529) er skriven på vanleg lågtysk, og den opprinnelege konklusjonen frå 1920-talet har fått leva vidare utan grunn i seinare faglitteratur.<sup>33</sup>

**Kodeveksling** finn Jahr heller ikkje døme på, og meiner det er eit viktig argument: «[...] hvis vi finner eksempler på kodeveksling mellom neder-tysk og nordisk, vil det være et argument for å anta språkkontakt istedenfor dialektkontakt» (Jahr 1995a: 24). Nesse (2002: 142f) har heller ikkje funne døme på kodeveksling i dokument frå Bergen.

Desse argumenta ex silentio styrkjer hypotesen om at kvar har snakka sitt språk, eventuelt med små tilpassingar, og vorte forstådd. Ein reint passiv kompetanse har vore nok for å forstå kvarandre, og dimed har det ikkje vore nokon grunn til at det skulle vekse fram nokor utbreidd fleirspråklegheit. I materialet frå erkebispesetet meiner eg likevel å kunne påvise både tospråklege skrivarar og skriftleg kodeveksling.

#### 6.4.2 Lågtysk i OER

Dei to skrivarane i OER som identifiserer seg, Peter Bartschjer (hand D) og Gaute Taraldsson (hand G), og dessutan den ukjende hand K, ser alle ut til

<sup>33</sup> Winge (1992: 113) viser til ein påstand frå Skautrup om «eine sonderbare Mischsprache» hjå innvandrara til Danmark, men dømet hans «ist aber nur schlechtes Dänisch».

å meistre både skandinavisk og lågtysk/nederlandsk. At mange nordmenn har hatt passiv kompetanse i lågtysk, er vel alle samde om, men eg meiner å kunne prove at desse tre skrivarane har vore aktivt tospråklege, iallfall skriftleg (jf. fig. 6.1 på s. 150).

**Gaute Taraldsson** har som nemnt i § 5.4.5 (s. 122) skrive manuskripta VI og VII i OER, baa med blanda språkform. Han har dessutan gjort ei avskrift av DN XII 572 på lågtysk (OER: 18\*).<sup>34</sup> Rekneskapane gjeld innleigde hollandske skip med mannskap, medan XII 572 er ei rekkje reglar for skipsfolket. Jamvel om dette berre er ei avskrift, kan det vera fordi Gaute har hatt noko kjennskap til språket at nett han har vorte sett til å gjera eit slikt arbeid, og for så vidt at han tydelegvis har vore ansvarleg for tilhøvet til desse skipsfolka i det heile.

M4200 er nederlandsk, men der avskrifta har sjølvstendige skrivemåtar ser det ut til å vera meir «normal» lågtysk, dvs. i retning Lübeck-norma som var ein etablert prestisjevarietet på denne tida (Langer 2003). Ein typisk skilnad er markering av lang vokal med understøttande ⟨e/i⟩ i 4200, som vanlegvis ikkje er med i 4199 (*hoeflu, kyvaege, ten wair van noede* mot *hofflu, kywage, then ware van noden; boetschessellen* mot *boetzgesellen* viser vel til samanfallet mellom *sch* og *g* i nederlandsk). Men i somt som nok er meir typisk nederlandsk følgjest dei to versjonane åt, som i bruken av ⟨z⟩ for /z/ (ikkje /ts/).<sup>35</sup>

Av rekneskapsmanuskripta er VII eldst og inneheld manntal og listor over skyts på hollandske skip, medan VI er løningsoppgåvor for sjøfolka (OER: 16\*–17\*). VII er mest berre listor med namn, men der er nokre innslag av lågtysk, t.d. i overskriftene *Stiireluden*, *Quartermeisters*, *Skiplude*, *Bodzluden* o.l., fleirtalsforma *bussenskutters* (s. 183), uttrykket *heft entfangen* (s. 181) om to menn som har fått noko pengar, og om noko skyts: *Jtem noc ` quartens´ kloten van isseren j<sup>c</sup> wn iiij* (s. 182). Gaute skriv likevel skandinavisk i ein notis (seinare utstroken, s. 181): *Tall wpa them som iland / skule aff Christoffer xlix / aff Blaahulc xlvij / facit lxxxvij* (talet er endra rett under, der med pl. *faciunt* i summeringa). Desse små innslaga skil seg språkleg frå VI. Der er *-luden* i overskriftene vorte til *-mend* (*Styremend*, *Skipmend*, *Bodzmend*) og fleirtalsformene på *-s* er erstatta av endingslause former eller *-n* (*Quartermeister*, *Busseskutter*, *Busse skutten*). Bortsett frå latinske

<sup>34</sup> Etter OER har Gaute skrive DN XII 572, men teksten er trykt etter M4200 av ei heilt annleis hand. Derimot kan eg gå med på at Gaute har skrive den andre avskrifta som DN nemner, M4199. Utgangspunktet for identifikasjonen av skrivarhender er DN XII 670, som han òg skal ha skrive.

<sup>35</sup> Takk til Arne Torp for hjelp med denne teksten.

vendingar ved datering og rekning, er språkforma i dette manuskriptet skandinavisk.

Dei to rekneskapsmanuskripta viser at Gaute kunne velje ulikt språkleg uttrykk, jamvel i nokså like tekstar, med overskriftene som det klåraste dømet. Avskrifta av skipsreglane viser at Gaute ikkje skreiv av slavisk, men hadde lågtysk såpass inne at han kunne endre stavemåtane av ymse ord på ein konsistent måte, slik me tidlegare har sett i avskrifter av skandinaviske tekstar. Til saman vitnar desse tre tekstane om god kjennskap til språket.

**Bergensrekneskapan** Manuskript IV i OER (s. 131–152, paginert 1–63) er ein avslutta årsrekneskap for forretningane åt erkesetet i Bergen, og må såleis vera skrive på erkebispegarden i byen av ombodsmannen der eller ein skrivar. Utgåva skil mellom to hender, D (= Peter Bartschjer) og K, slik at K har skrive det meste, medan D har skrive ein del og gjort somme tillegg til K (OER: 13\*–15\*). Med tanke på at mykje av handelen må ha vore med hanseatane, er det ikkje uventa at det nett her finst døme på lågtysk. Allereie overskrifta på permen er tospråkleg: *Anno Christi mdxxxvj / Jnt jaar xxxvj*. Kvar innførsle blir på vanleg vis markert med *item*, og bruken av *noch* ‘dertil, også’ må vel sjåast på som liknande tag-innsetjing, utan det vitnar om språkkompetanse (sjå under). Det er derimot andre døme som tydeleg fortel om fleirspråklegheit.

For trass i at det meste av teksten er på skandinavisk, er somme innførslor heilt ut på lågtysk; me finn dessutan ein god del lågtyske ord og vendingar i den skandinaviske teksten som må kallast anten lånord eller kodeveksling. Hand D har heilt tyske innførslor som i (19-a), men skrivaren har òg innførslor på skandinavisk, t.d. der han namngjev seg (19-b; merk norsk *heim*):

- (19) a. Jtem gereckendt all ding dodt *met* Kleine Pauell dat myn heer  
blyfft em skyldiig xliij bg. g. (pag. 26)  
b. Thette førdde ieg Peter bardsker heim (pag. 53)

Det ser ikkje ut som hand K har heile innførslor på lågtysk, jamvel om han har døme på lånord eller kodeveksling. Ein meir eller mindre fast formular for større oppgjer med kjøpmenn viser ein del interessant språkleg variasjon. Hand K har slike innførslor på pag. 17, 19, 20, 21, 24 og 25; hand D ein litt stuttare variant på pag. 22 og 26 (sitert over). Som døme på utforminga gjev eg desse:

- (20) a. Anno 1536 alting klar geregnet *met* Hans Køne dett min herre  
bliffuer honum skuldich effwen j<sup>c</sup> smalt woge fisk (pag. 19, hand  
K)

- b. Anno 1536 alting klar gerekentt mitt Thomes Rys datt myn herre blifft em schuldich j<sup>c</sup> xxxviij woger fisk Detth skedde paa helge kors affthen exaltacionis anno mdxxxvj<sup>36</sup> Szo bliffuer han min herre skuldich igen j<sup>c</sup> punt tough (pag. 25, hand K)
- c. Jtem gerekentt medt Roleff Røwekamp all ding dodtt saa dat he blyfft minnum here skyldug viij voger fiisk oc ij st<sup>e</sup> miøll (pag. 22, hand D)

Båe skrivarane kodevekslar mellom skandinavisk og lågtysk. Hand K ser i (20-a) ut til å skifte setningsinternt ved *herre* (*min* er likt på båe språk), men har likevel *effwen* ‘akkurat’. I (20-b) er første setninga på lågtysk, resten på skandinavisk. Og i båe desse døma finn me det norske *honum*. Hand D (20-c) startar på lågtysk og skiftar setningsinternt frå *minnum*. Hand D har dessutan ein blanda subjunksjon *saa dat*, medan hand K held seg til den lågtysk *d(e/a)tt*. Det gjer skrivaren òg i ei innførsle som elles er på skandinavisk: *alting klar reknnett met Marthen Prang dett myn herre bliffuer honom skuldich* (pag. 17), merk *reknnett* utan prefiks.

Skrivemåten *skuldich* hjå hand K er ein slags bastard; det vanlege på lågtysk er *schuldich* (som han har éin gong i (20-b)), medan skandinavisk skriv *skyldug* eller *skyldig*. Fritekstsøk i nettversjonen av DN gav 50 treff på *schuldich* og ingen på *skuldich*, men Kalkar har eitt døme på skrivemåten under **skyldug**. Winge (1992: 71) skriv om ein tekst at språket er «nord-niederdeutsch», men at ortografien «deutet auf eine mögliche dänische Beeinflussung hin»; eitt døme på det kan vera den danske skrivemåten *skuldigh* i teksten. I (20-b) kan ein tenkje seg at *-ich*-endinga er påverka av den lågtyske forma rett før. Dette er eit metodisk problem med å vurdere kodeveksling i skriftleg materiale: Skrivemåtar kan vera påverka av tidlegare eller komande ord, ikkje av skilnaden mellom dei involverte språka. Men dette kan ikkje vera forklaringa i (20-a), der nett denne forma er vekslingpunktet. Hand D har på si side *skyldiig* både i den andre tilsvarande innførsle si (pag. 26, sitert over) og i ein stuttare notis på pag. 24 (*Jtem Gert Piill blyfft min heer skyldiig x bg. g. for kellerhwr*<sup>37</sup> ‘kjellarleige’), utan at det er noko som tyder på at det fører til skifte frå lågtysk.

I (20-b) er innleiinga *klar gerekentt*, men hand K varierer med *klar reknnett* (20-a), *klar geregnet* (pag. 19 og 21), *klarligen aff regnet* (pag. 20) og *klartt recknet* (pag. 24), med ulike verbformer. Partisipp med eller utan *ge-* viser til skilnaden mellom tysk og skandinavisk, men bruken av ⟨k/g⟩ er annleis:

<sup>36</sup> Merk at årstalet er skriva med både arabiske tal og romartal; kanskje verka det latinske *exaltacionis* overgangen til latin og dimed romartal.

<sup>37</sup> Den apokoperte forma er moderne nederlandsk og fanst som variant i mellomnederlandsk (MNW **hure**<sup>II</sup>); Lübben fører berre opp **hure**.

Her vil tysk og norsk ha ⟨k⟩, men dansk ⟨g⟩. Dei ulike skrivemåtane i OER kan såleis vera gode teikn på dei ulike faktorane som påverka skriftspråket i denne tida. Andre liknande former som viser variasjonen, er *Bleiff bereknet* og *Noch umberekentt* (pag. 21, hand K).

Det er elles ein god del bruk av av lågtyske vendingar som truleg kan kallast kodeveksling, jamvel om ein ikkje kan sjå bort frå at dei har inngått som lånord i samtidig språkbruk. *Noch* er allereie nemnt som innleiingsord i innførslone, og på liknande vis kan det inngå i andre setningar der det viser til eit tillegg og nærast må lesast ‘og dessutan’, som i (21):

- (21) Jtem den gamble schuld y fiord anno 35 er xlvij woger noch ein packe fereske vanmell for vj woger (pag. 19, hand K)

Mange stader er det innførslor som byrjar med *Jtem noch*, helst i tydinga ‘enda’ når det er meir av ei vare som allereie er omtala. Dette er typiske døme på det som i § 6.1.1 vart kalla tag-innsetjing, faste uttrykk i ei spesifikk meining. Bruken av *item* er nær generell i alle slags opplistingar, medan *noch* er ikkje er like vanleg utanfor dette manuskriptet. I (21) ser me truleg opphavet til det moderne uttrykket «nok ein», men skrivemåten med ⟨ch⟩ (jf. òg *schuld*) er eit lågtysk trekk som gjev grunnlag for å kalle dette kodeveksling.

Eit anna vanleg ord er *entfangett/entfangen*<sup>38</sup> ‘motteke’, som i desse to døma (pag. 11, hand K):

- (22) a. Jtem entfangett aff her Niels iempth  
b. Jtem noch entfangen af Aslacks iecht

Der er fleire liknande formuleringar, og det verkar som *entfangen* er det einaste moglege verbet i slike uttrykk; etter vanlege definisjonar er det da eit lånord. Elles er det helst berre oppgjeve eit namn, eventuelt *af(f)* + eit namn, utan verb i det heile; eit tilsvarende skandinavisk verb finst aldri.

Det ser altså ut til at båe desse skrivarane kjende både skandinavisk og lågtysk, og dette måtte òg gjera lån eller kodeveksling lettvinnt. Påverkinga skjer på fleire nivå: For det første er det heile innførslor på lågtysk (berre av hand D). Dinest er det somme lågtyske ord som går att, og kanskje kan ha vore etablerte lånord, iallfall som fagterminologi for rekneskapsføringa ved eit handelshus, som erkebispegarden i Bergen på sett og vis var. Dinest har

<sup>38</sup> Lübben (1882: § 48) nemner variasjon i partisippet av somme sterke verb som *vangen*, med både *-en* (sterk ending) og *-et* (som svake verb), og jamvel om dette er «sehr selten» ved nett *vangen*, er det altså rom for endingsvariasjonen innan lågtysk. Alternativt kan ein sjå det som ei tilpassing til skandinaviske supinumsformer, eller at denne likskapen i minsto har styrkt ein eksisterande variant.



me lågtysk påverknad på det ortografiske nivået, utan at det treng tyde at orda som er bruka, er lågtyske (skrivemåtane med ⟨k/ch⟩ viser dette godt); og endeleg har me ein del døme på tydeleg kodeveksling mellom skandinavisk og lågtysk.

### 6.4.3 Avslutning om lågtysk

Bruken av lågtysk er eit særmerke for nett rekneskapssjangeren; elles finn me stort sett lånord som er meir eller mindre tilpassa skandinavisk skriveskikk. Men det er einstaka døme på kodeveksling andre stader, som i DN XII 560, Trondheim <sup>7</sup>/<sub>12</sub> 1535: *att thet wore jcke van noden att y och the skulle drage her vp till oss*. Tydinga av *van noden* må vera ‘påkravd, naudsynt’, som me finn att hjå Lübben under **nôt**. (Jf. *aff nødhenn* i tilsvarande setningar og meining i DN XII 562–563, skrivne dagen etter i same sak, men av ei onnor hand.) XII 560 har òg lånordet *nogafftige* (adj. pl.) med lita ortografisk tilpassing; her finst mange sideformer på lågtysk, men det næraste eg kan koma er *nûgaflich* (Lübben **nôch-**), jf. eit par av dei eldste døma hjå Kalkar (**nøg(e)agtig**).<sup>39</sup> Skrivemåten *schadelicht* ‘skadeleg’ i DN XII 559, skrivne av same hand som XII 560, må vera influert av lågtysk *schadelik*, så denne skrivaren har nok hatt kjennskap til språket.

**Tospråklege skrivarar** Både det lågtyske diplommet eg viste til som truleg vart skriven av einkvan ved erkesetet, og dei døma eg har ført frå OER, viser at det utpå 1500-talet fanst tospråklege, i minsto innan det profesjonelle skrivarstandet. Dette opnar Braunmüller (1995c: 36) for òg, med tilvising til Mobergs arbeid med byskrivarane i Stockholm: «[...] eine Berufsgruppe, die angesichts des starken (nieder-)deutschen Einflusses im damaligen Stockholm notwendigerweise zweisprachig in zwei Schriftsprachen sein mußte.» Slik ser det ut til at stoda har vore ved erkebisppegarden i Bergen òg, der handelen med Hansaen og nederlandske kjøpmenn har vore viktig, og noko framandspråkkunnskap difor truleg. Kor vidt denne tospråklegheita gjekk, og om ho var munnleg like så vél som skriftleg, er det ut frå desse kjeldone vandt å seie så mykje om.

Tidsaspektet er truleg viktig her, og noko Braunmüller (2007) legg meir vekt på enn tidlegare framstillingar; seint i Hansatida, identifisert med 1500-talet, meiner han bruken av semikommunikasjon vart mindre (op. cit.: 35). Det er vel rett å seie at 13-1400-talet er høgdepunktet både for Hansaen og

<sup>39</sup> Den seinare forma *nøyaktig* har vel helst kome til oss frå dansk, med dansk overgang /g/ > /j/ og seinare diftongering i førelekken *noge-/nûg-* og varianten *-achtich* som etterlekk.

innverknaden frå lågtysk på skandinavisk; etter 1500 hadde språket sett dei far det skulle koma til å setje i restruktureringa av skandinavisk.

**Konklusjon** Eg meiner iallfall å ha påvist tospråklege skrivarar og skriftleg kodeveksling. Jamvel om dette langt frå er uventa, har klåre døme vanta i litteraturen tidlegare. I all hovudsak er kodevekslinga knytt til rekneskapar, elles finst rikeleg med døme på lågtyske lånord, men dei er i all hovudsak tilpassa skandinavisk. Eg har likevel peika på nokre døme (i dette avsnittet og § 5.6) der ortografien er påverka av lågtyske mønster. Alt dette viser tydeleg nok at skrivarane har kjent lågtysk språk og skriveskikk. Difor er det òg ein viktig konklusjon at registra var klart åtskilde; språka blir haldne frå kvarande i formelle situasjonar og blir ikkje blanda i offisielle skriv.

## 6.5 Skriftleg kodeveksling – sams drag

Eg har vist ulike døme på kodeveksling og freista sjå det i samband med den generelle framstillinga i § 6.1.1. Eg skal no samla i hop det eg meiner å ha funne av språkveksling i kjeldone og taka det opp på eit teoretisk nivå om koss ein skal vurdere språkleg blanda skriftlege kjeldor.

Eit viktig spørsmål er naturlegvis kva som skil vurderingar av skriftleg kodeveksling i eit materiale som dette frå vurderingar knytte til munnleg språk eller skriftleg attgjeving av tale. Stundom kan ein finne tilsvarande mekanismar som ikkje har med språket i seg sjølv å gjera, men derimot med ulike ortografiske prinsipp for dei involverte språka, som blir blanda i same ytring. Til dømes kan skrivarar bruke den lågtyske skrivemåten <ch> i staden for ein norsk <k> i ord som *skuld/schuld*; skrivemåten svarar til skilnaden mellom lågtysk frikativ og norsk plosiv, men det er uråd å seie om skrivaren «hørde» det lågtyske eller norske ordet i hovudet medan han skreiv det. Men skrivemåten er uansett henta frå lågtysk, og difor må det kunne kallast kodeveksling: Det er ei veksling mellom ulike ortografiske prinsipp i dei to ulike kodane skrivaren kjenner og brukar.

### 6.5.1 Ulike mønster

Språkvekslinga ter seg ulikt i forskjellige teksttypar og språk. Dei mest slåande skilja er mellom den institusjonaliserte bruken av latin i delar av offisielle diplom, og innblandinga av stuttare frasar og einskildord i løpande tekst, oftast i meir uformelle brev. Dette er heilt ulikt den sterke språk-blandinga me såg i rekneskapane. Det kan sjå ut til at di meir offisiell ein tekst er, di viktigare er det kva språk som er bruka.

Dateringa, i den grad ho går ut over årstalet og spesifiserer dagen i høve til helgendagar, er oftast på latin. Unntak finn me berre i kunngjeringar i klassisk norsk vitnebrevstil (opne brev). Sendebrevna merkjer seg ut med fleire diplomatariske lekkar på latin, etter faste, men litt skiftande, mønster, etter kven brevet var stila til. I desse høva skjer vekslinga mellom setningar, og dei latinske frasane er omtrent dei same kvar gong. Me såg òg at desse frasane vart skrivne til i reinskrifta, for dei vantar gjerne i utkast. Dei var såleis ikkje ein del av *innhaldet* i brevet, men dei var ein viktig del av *bodskapen*.

### 6.5.2 Rekneskapsspråket

Uformelle skriftstykk har ei heilt onnor veksling, som eg viste med døme frå jordebøkene og OER. Det er i hovudsak i desse tekstane det finst setningsintern kodeveksling. Dette verkar å vera eit generelt trekk: I ein artikkel om «mixed-language business writing» hevdar Laura Wright at den mest frekvente og jamvel ordinterne kodevekslinga finst i tekstar som tilhøyrrer «the functional variety of a bill, an account, or an inventory» (Wright 1999: 101). Andre teksttypar vekslar «over far larger syntactic units» (loc. cit.). Ein slik varietet prega av språkblanding og kodeveksling mellom engelsk, fransk og latin var norma i bokføring i minst 500 år i England. «This business variety was a functional written code, and nobody’s mother tongue» (op. cit.: 114), og forsvann først da engelsk tok over i alle samanhengar. Det ser ut til å gjelde generelt, iallfall i Europa, der slike studiar er gjennomførde, at «[a]dministrative texts are among the most frequent text types to show early code-switching» (Schendl 2012: 527). Dei norske tekstane føyer seg altså inn i eit internasjonalt mønster.

Framstillinga hennar Wright av det ho kallar «macaronic business writing» høver godt med den språkforma me møter i rekneskaps- og jordeboktekstane, jamvel om språkblandinga ikkje er like stor i det norske som i det engelske materialet. Men denne blandingsvarieteteten var ikkje eit morsmål, men vanleg i eit avgrensa funksjonelt domene. Såleis kan ikkje «kodeveksling» i slike tekstar vurderast som sosialt meiningsberande slik kodeveksling vanlegvis blir oppfatta (jf. § 6.1.1). Desse tekstane har ingen typisk mottakar, slik at det blir meiningslaust å snakke om tilhøvet mellom sendar og mottakar; dei var interne bruksdokument, til dels utan funksjon etter at dei var avslutta og rekneskapen oppgjord. I dette skil rekneskapar seg frå dei eldre jordebøkene og går eit steg vidare i skriftleggjeringa av samfunnet (jf. § 3.1.3).

Ein del ord er særmerkte for denne teksttypen, og må reknast som reine faguttrykk. Eit slikt døme er *paiment* ‘blanding av sølv og kopar’ (OER VI:

pag. 6).<sup>40</sup> Spesielt i OER VI er summeringar vanlegvis markerte med *Summa lateris* eller *Summa summarum*, men òg elles finst latinske uttrykk som *solutio*, *summa* og *facit*. Skiljet mellom lånord og kodeveksling er uklårt her, men i tråd med argumentasjonen i § 6.1.2, bør det reknast som kodeveksling når ein kan sjå at verbet er samsvarsbøyggt (sg. *facit*, pl. *faciunt*). Teksttypen er såleis prega både av lånord/fagterminologi og utstrekt kodeveksling.

Den faste bruken av *item*, *noch* o.l. er likeins typiske for denne teksttypen, og er av den typen kodeveksling som blir kalla tag-innsetjing. *Item* finn me i alle typar opplistingar, og som markør for nye innhaldselement jamvel i vanlege brev, medan *noch* er spesifikt knytt til rekneskapane og liknande notat, t.d. DN XII 570, skrive av Gaute Taraldsson, og M3951 (uttrykt): Det er ikkje lange tekstbiten, men har *noch* og *summa In toto*. I OER I ymsar *noch* med parallelle norske uttrykk, som i (23), henta frå tre ulike innførslor på pag. 35:

- (23) a. Fick paa handen aff N H x mark Fich en x marc  
 b. Fic paa handen x mark Nock x marc  
 c. Jtem fic paa ny ix marc Jtem enn fic hand .j. marc

Her vekslar *noch* (her skrive *nock*, som er sjeldnare, men ikkje uvanleg), *en* 'enn' og *paa ny* i om lag same tyding i stendig nye tilførslor til løningslista. Me ser òg mindre skilnader i stavemåte og avstytingsbruk som tyder på at ulike skrivarar har ført inn dei forskjellige utbetalingane.

### 6.5.3 Sosial meining

Korleis skal ein så tolke desse ulike mønsterane, kva sosial meining har kodevekslinga hatt i dei forskjellige tilfella? Den institusjonaliserte bruken av latinske frasar tener til å merkje ut kyrkja; verdslege har ikkje dette mønsteret. Den gjennomførde skilnaden i utvalet formlar, med meir latin til geistlege mottakarar, er likeins ein måte å markere kyrkjeleg einskap på. For å trekkje fram att grunnane på s. 152, tener dei latinske frasane til å markere identitet (pkt. 2): Dei markerer sams tilhøyrslor og samhald innan kyrkja, og sams fråstand til verdsleg skriveskikk.

Setningsintern kodeveksling finn ein i liten grad i offisielle diplom og sendebrev, men heller i brev av meir privat karakter. Dessutan er det eit særmerke for dei administrative dokumenta. Eit brev som stikk seg ut og vart sitert i § 6.2.3, er DN XII 561. Der må kodevekslinga til latin ved eit par høve ha same funksjon som bruken av latinsk formelverk til geistlege: å markere

<sup>40</sup> Kalkar (**pagement**) omset 'en blanding af sølv og kobber (til udmøntning)'; på lågtysk kunne ordet òg tyde 'betaling' (Lübber **pagiment**), men her verkar Kalkars tyding rettast.

sams tilhøyrsløse til kyrkja. For å jamføre med moderne talemålsdata: Myers-Scotton (1993b: 119) oppsummerer nokre kriterier for når og kvar umarkert kodeveksling førekjem: Det er mellom «bilingual peers», og kjem av «wish to symbolize the dual memberships that such [codeswitching] calls up». Det ser ut til å høve svært godt med dette brevet. Når erkebispem brukar eit kjent sitat, viser han at både sendar og mottakar tilhøyrer den latinske lærdomskulturen kyrkja representerte. Det same kan ein seie om den utvungne bruken av latin i OEJ, OER og tekstar med liknande innhald: Som me har sett, er fleire skrivarar involverte i bruken av desse administrative dokumenta, og vekslinga mellom fleire språk kan sjåast på som ei språkleg markering av tilhøyrsla til ein kyrkjeleg kultur som minst var tospråkleg.

#### 6.5.4 Frå kodeveksling til lånord

I § 6.1.2 vart det nemnt at overgangen frå kodeveksling til lånord er gradvis, og det kan òg koma fram i ortografien. I DN XXII 295 finn me orda *missiuer* (frå latin *missiva*, f, 'sendebrev') og *leffueeret* (frå lågtysk *lever(êr)en*, opphavleg frå latin; Kalkar nemner berre eitt døme under **levre**). Det første har skandinavisk fleirtalsending, men held på skrivemåten ⟨u⟩ som er einerådande i latin, det andre har som i skandinaviske ord intervokalisk ⟨ffu⟩. Den ulike handsaminga tyder på at *missiv* vart sterkare assosiert med framandspråket, eller rett og slett at framandspråket i dette tilfellet var så velkjent at skrivemåten vart påverka.<sup>41</sup> Same tendens kan forklare *grewe(n)/greuens* (frå lågtysk *greve*) i DN XII 561, medan ordet blir skriva *greffuenn* i XXII 316.

Somme skrivemåtar er innkomne frå lågtysk, og må først ha vore nytta av tospråklege; eg har nemnt ⟨y⟩ for /i/ og ⟨ch⟩ for /k/ tidlegare.<sup>42</sup> Slike ortografiske prinsipp kan etter mitt syn jamførast med kodeveksling. I meir fasttømra system, som moderne standardspråk, er dette klårare (jf. Sebba 2007), men jamvel i prestandardiserte tider er somme ortografiske prinsipp opplagt innlånte. Etter kvart som dei blir kjende i skrivemiljøet, kan dei få status og bli tekne i bruk jamvel av skrivarar som ikkje sjølve kjenner den ortografiske koden i framandspråket dei er henta frå. Slik kjem ⟨ch⟩ for /k/ opplagt frå lågtysk, men med tida kan denne skrivemåten ha vorte vanleg og ein del av den norske skriveskikken. Dette er noko som berre gjeld skrift, men som på mange vis er heilt parallelt med etableringa av eit framandt ord som lånord, bruka jamvel av einspråklege.

<sup>41</sup> Jf. dagens *pub-pøbb* mot *trawl-trål*: I det første dømet er ordet velkjent frå engelsk og blir assosiert med den engelske skrivemåten, medan ingen reagerer på den fornorska forma *trål*, fordi det engelske ordet er ukjent for dei fleste.

<sup>42</sup> I det siste dømet stod nok ⟨ch⟩ for ein annan ljod i lågtysk, men han vart identifisert med /k/ i norsk.

I § 5.6.1 nemnde eg ulik handsaming av suffikset *-skap* som kan knytast til skiljet mellom kodeveksling og lån. Oftast har desse orda *-skap* i dei norske tekstane, og det er vandt å seie om dette kjem av lågtysk *-schap* eller om endinga var etablert og produktiv i norsk på denne tida. Men forma står i motsetnad til *-skaff* som er eintydig dansk, og det viser at orda blir ulikt handsama avhengig av om dei er kjende frå lågtysk eller dansk, som skulle tyde på at assosiasjonen med opphavsspråket var sterk. Skriftforma tyder på at dei to variantane av suffikset ikkje vart identifiserte med kvarandre, og det må koma av dei ulike kjeldespråka. Og ein slik assosiasjon kan berre dei gjera som kjenner språket.

**Dømet *kathedraticum*** For å illustrere grenselandet mellom kodeveksling og lånord, kan me sjå på nokre døme med kyrkjeavgifta *kathedraticum*, som er nemnd mellom anna i DN X 260, 261 og 269, kvitteringar frå erkebisp Gaute til Ivar Trondsson i Aspa for kyrkjeomboda hans. I X 260 står ordet tre gonger: Ein gong er det subjekt og ein gong styrt av preposisjonen *i* (i ein samanheng som tradisjonelt kravde dativ, men teksten har elles ingen døme på dativbøying); båe gongene har det forma *-um*, som er den latinske nominativforma. X 261 har eit likeins døme med *i kathedraticum*. Men ein gong i X 260 er ordet teke inn i lag med ein latinsk preposisjon: *alt offwer recknat cum kathedratico bliffuer kirken honom skyldugh ix span*. Her følgjer den latinske kasusendinga med (*cum* styrer ablativ), og viss me følgjer ein definisjon av lånord som ekskluderer morfologi frå opphavsspråket, må dette kategoriserast som kodeveksling, medan det er liten grunn til å gjera det same i dei andre tilfella. I X 269 er ordet bruka ein gong, men da i dat./abl.-forma: *gaff han kirkionne till xiiij span kathedratico soluto*. Funksjonen er direkte objekt (*till* må her vera verbpartikkel, jf. s. 73), så me ville venta akkusativ i norsk/norrøn grammatikk. Kanskje tyder dette på usikker omgang med lånordet.

Kleemann (1999: 123f) nemner *kathedraticum* blant dei kulturelle lånorda, trass i at det er skilnad i kva bøyingsendingar dei har; t.d. finn ho *capitulum* berre med latinske former, *communio* berre med gammalnorske (jf. Fritzner **kommun**). Eg vil da seie at sjølv om det ikkje finst noko (anna) norsk ord for *capitulum*, aktiverer språkbrukarane latinkompetansen sin når dei brukar det, og ordet har såleis ein annan status enn *kommun*. Det kan vera eit poeng om orda er komne til norsk direkte frå latin eller om andre språk. Eit ord som *clericus*, norrønt *klerkr*, har i materialet hennar Kleemann (loc. cit.) berre gammalnorske former; ordet kom truleg frå gammalengelsk,<sup>43</sup> eit språk

<sup>43</sup> Forma tilsvarar lågtysk *klerk*, men kristendomen, og venteleg dei kyrkjelege orda, kom til Noreg først og fremst frå England (Kolsrud 1958: 124).

som lettare kunne tilpassast norrøn språkstruktur og der opphavleg morfologi ikkje var eit alternativ, med di færre var tospråklege med gammalengelsk enn med latin.

Ei onnor forklaring har rett og slett med tid å gjera: Dei orda som vart innlånte i første misjonsperioden, fekk ei norsk form, medan dei som kom etter at kyrkja var organisert (med katedralskular og opplæring i latin) heller vart bruka i den latinske forma si. Dette har både med meir utbreidd latin-kunnskap å gjera, og med det faktum at det norske bøyingsystemet vart meir labilt. Dette høver bra med det Norde (1997: 43–45) fann for latinske namn innlånte til svensk. Tidleg (i gammalsvensk) vart dei tilpassa heimleg bøyingsmønster, men seinare og/eller i latinskinspirerte tekstar (typisk religiøse) var latinske endingar nokså vanlege.

## 6.6 Norsk og dansk

Eit døme på koss dansk vart innført ovanfrå og sidan feste seg, er DN VII 551, Trondheim [<sup>13</sup>/<sub>4</sub>?] 1520. Det er ein vidisse utferda av Olav Engelbrektsson, som den gongen var dekn, og tre kannikar i Trondheim. Brevet finst berre i ei seinare avskrift (DN føreslår 1600-talet), men avskrifta har ein del klårt norske former<sup>44</sup> som må koma frå originalen (jf. resonnementet i § 4.1.4). Vidissen må difor ha vore på norsk eller eit slag blandingsmål (jf. Indrebø 2001: 189). Det ser såleis ut som Olav nytta norsk før han vart erkebisp, om det vart brått slutt da.

Det same gjeld ein del andre brev der (medlemer av) domkapittelet er involverte som medutferdarar eller seglvitne (sjå § 7.2 og under): Dei er skrivne på norsk eller blanda språk litt utover 1500-talet. DN I 1061, Trondheim <sup>4</sup>/<sub>6</sub> 1523, er ei melding til kong Kristian II frå domkapittelet om at Erik Valkendorf er avliden og at kapittelet har valt dekn Olav til ettermann; brevet har såpass sterke norske innslag at eg ikkje utan vidare vil kalle språkforma dansk. Interessant nok kommenterer ikkje Indrebø språket i dette brevet. Men han må ha lese det, for han nemner neste nummer, som er truskapsbrevet Olav Engelbrektsson sende kong Kristian II frå Mechelen, og kallar språkforma «svært rein dansk» (Indrebø 2001: 189). Dei to sidone på skandinavisk i *Breviarium* er likeins klårt norske (§ 5.3.1), og til saman viser dette tydeleg nok at domkapittelet låg litt etter i skiftet til dansk. Det same viser innføringa av somme norske former i avskrifta av recessen frå 1523 (M399). Men om kannikane heldt seg til norsk ei stund etter at erkebisp Erik innførte den nye språkforma, tok det slutt ikring 1523. Frå det året er dei

<sup>44</sup> Mange fullvokalar og uttrykk som *allom mannom* og *med disso vora opno breffue*.

siste tekstane med norsk morfologi (dativendingar), og me kan seie at dansk hadde fått trygt feste.

### 6.6.1 Målskiftet i andre brev

Det kan òg vera interessant å sjå på språkforma i andre brev frå Trøndelag, for å sjå koss målskiftet spreidde seg. I styringstida hans Erik Valkendorf finst det 14 brev frå folk med klår tilknytning til landsdelen; fem er skrivne på norsk, seks på eit slag blandingsmål og tre på dansk. Desse språklege kategoriane er naturlegvis romslege, men som ein illustrasjon av tilhøva viser grovsorteringa at norsk språk ikkje forsvann samstundes frå verdslege omkverve som i kyrkjeadministrasjonen. Av dei fem breva som heilt klårt må kallast norske, er eitt utferda av abbeten i Nidarholm kloster, dei fire andre av ålmugemenn. Men to av desse fire dreier seg om jordegåvor til domkyrkja og det siste har tre medlemmer av domkapittelet som seglvitne, så dei har noko tilknytning til erkesetet utan at dette har ført til dansk språkform. Det er dessutan tenkjeleg, jamvel truleg, at nokre tekstar som dreier seg om transaksjonar som involverer domkapittelet eller domkyrkja, er skrivne av kyrkjemenn trass i at dei har annan nominell utferdar.

Frå Olav Engelbrektssons tid er det fem brev der lagmannen eller rådmenn i Trondheim er utferdarar, dels i lag med andre. Det einaste av desse som finst i original, er DN XIV 733, Trondheim  $^{30/4}$  1535, der ein rådmann sel bror sin ein gard utan andre seglvitne; det er skrive på blandingsmål. Det er femten brev der utferdarane må kategoriserast som ålmuge, men somme av dei har nok tilknytning til andre miljø. Det er i denne gruppa me finn dei breva som har flest norske språktrekk. Dei to første i perioden, DN XI 311 og X 342 frå 1523, må seiast å vera skrivne på norsk. Eit gardsal til domkapittelet (V 1075,  $^{25/6}$  1533), utferda av ein lagrettemann frå Inderøy med lagmannen og nokre rådmenn som seglvitne, er på blandingsmål; det same gjeld XI 609, Overhalla  $^{2/3}$  1535, der ingen av utferdarane (som sjølve er seglvitne) er nemnde med tittel. Det er altså tydeleg at norske målmerke finst lengst i dei brev som står lengst unna erkesetet. Det er eitt anna brev som eg ikkje vil karakterisere som dansk, men det er vel meir svensk enn norsk: XII 387, Trondheim  $^{8/11}$  1526 (sjå § 7.3.4 under).

### 6.6.2 Hopping og kryping

På grunn av det som er lagt fram over, er det grunn til å modifisere den forenkla framstillinga hjå Indrebø (2001). Der blir det stutt og greitt sagt at erkesetet skifta til dansk i 1510. Det mangelfulle materialet frå tida hans Erik



Valkendorf, der ein stor del er skriven av same mann, kan likevel tyde på ei litt onnor utvikling: Erkebisen har truleg teke med seg ein eller fleire skrivarar frå sitt tidlegare virke i Danmark; dette gjeld truleg den faste skrivaren hans, som har eit skriftspråk godt innanfor rãmone for variasjon i samtidig dansk. Andre skriftstykkje har derimot tydelege norske trekk: Det gjeld tekstar som vart skrivne i nær tilknytning til domkapittelet.

For å gå attende til metaforen hans Indrebø om å hoppe eller krype over i dansk, trur eg det som i kjeldone framstår som eit brått skifte, heller kjem av innflytte skrivarar enn av at den lokale skrivarstaben skifta skriftspråk. For dei få norskfarga skriftminna frå erkesetet kan tyde på at jamvel dei fleste skrivarane der tok opp ei aukande mengd danske former i ein gradvis overgang, og at kjeldesituasjonen skiplar biletet.

Dette gjer òg situasjonen i den seinare perioden meir forståeleg, for da viser dei aller fleste tekstane ein norskfarga dansk. Det er noko skilnad mellom teksttypar og sikkert mellom ulike skrivarar, men det generelle inntrykket er at nokre norske målmerke var aksepterte. Det er såleis grunn til å tru at utviklinga har vore meir gradvis enn Indrebø hevda, men samstundes er det vel truleg at skiftet vart drive fram av erkebisen. Om han ikkje gjorde direkte framlegg til endra skrivemåtar, var han den mest prestisjefulle personen i miljøet, og det er naturleg at skrivarane retta seg etter språkbruken hans.

Variasjonen hjå hand E i OEJ (§ 5.4.5) tyder nett på at tilhøvet til erkebisen var avgjerande for språkforma, og at det ikkje lenger var like viktig å nærme seg «vanleg» dansk etter erkebiseskiftet i 1523. Forsøksvis kan eg oppsummere utviklinga slik:

1. Erkebisp Erik innførde dansk ved erkesetet, først og fremst gjennom danske skrivarar. Domkapittelet og eldre skrivarar tilpassa seg den nye koden, men det tok noko tid.
2. I løpet av dei følgjande åra utvikla det seg ei laus norm som inkluderte norske ord og målmerke, jamvel om språket i botnen var dansk.
3. Det kan sjå ut som denne norma til dels heldt seg etter reformasjonen, men utover tidleg moderne tid førde generelle standardiseringstendensar innan dansk til eit meir uniformt skriftspråk, stødd av utdanninga ved universitetet i Kjøbenhavn.

Det som iallfall er tydeleg, er at det var eit brot i tradisjonen, utviklinga går ikkje jamt mot stendig «betre» dansk. Eit tydeleg teikn på dét, er at tekstane frå Erik Valkendorfs tid på mange vis er meir danske enn mange seinare. Og tekstane frå ikring 1550 som eg viste til i ekskursen (s. 146), skil seg ikkje frå dei 20–30 år eldre tekstane i dette. Det språklege kompromisset

ein var nådd fram til ikring 1530, vart ståande, med eit skriftspråk som i botnen nok var dansk, men som likevel skilde seg klårt frå skriveskikken i Danmark, først og fremst i bruken av norske diftongar. Men den sjangerbundne variasjonen eg har peika på, tyder på at dansk hadde høgre prestisje; det er i jordeboka me finn tydelegast norsk preg.

### 6.6.3 Kva slags dansk?

Som det har vorte vist, er dansken slik han vart skriven i Noreg heile tida prega av noko norsk interferens. Ei onnor sak er koss han følgjer den tiltakande standardiseringa i Danmark. Eit viktig poeng er at det var dei trykte verka av reformasjonsforfattarane som gav uttrykk for ei moderne, forenkla rettskriving midt på 1500-talet. Dette går klårt fram av Skautrups teleologiske framstilling av utviklinga:

Hvor der i det følgende uden forbehold tales om dansk skriftsprog s n o r m, menes da den ortografiske norm, som man stiledede imod i bogtrykket [...] Nærmest denne bogtryksnorm, men dog endnu efter 1550 ofte med små dialektale mindelser, kommer de førende l i t t e r æ r e p e r s o n e r s s k r i f t s p r o g. Fjernere og endnu længe fastholdende mange drag fra før bogtrykket står k a n c e l l i s p r o g e t (Skautrup 1947: 179, sperra skrift i originalen).

Dei kjeldone eg har arbeidd med, skulle i tekstleg karakter liggje nærast kansellispråket. Og det var vel helst i innkomande brev og dilikt dei norske skrivarane fann mønster for skriftspråket sitt; mange av dei trykte bøkene frå Danmark var knytt til reformatorane og var knappast vél omtykte ved erkesetet.

Som eg tidlegare har peika på, står dei austdanske dialektane i dagens Sverige ofte i ei mellomstilling mellom dansk og svensk. Nett former som skånsk og svensk hadde sams, finn me ofte i tekstane skrivne i Noreg. Typiske døme er *b*-innskot (t.d. *gamble*) og verbforma *wara*. Iallfall den siste hadde truleg stød i delar av norsk talemål. Og som eg òg har nemnt somstad over: Der ulike former var i bruk, er det ikkje uventande om skrivarane valde ei dei kjende frå sitt eige talemål.

### 6.6.4 Årsaker til målskiftet

Det har vore diskutert i kva grad den indre språklege utviklinga tvinga fram målskiftet, eller om ytre omstende må bera heile ansvaret. Indrebø (2001: 197–200) argumenterer mot tanken om at det gammaldagse skriftspråket på

1400-talet var framandt for folk og at dansk var lettare, og konkluderer med at «[o]rsakene [til at norsk tapa mot dansk] låg i at makti sessa seg der ho gjorde, og i at dei sosiale og kulturelle prestigehøvi retta seg etter makti» (op. cit.: 200). I dette følgjer han Kolsrud (1921: 118), som meinte at årsakene til «maalskiftet i Noreg ligg soleis fyrst og sist i dei politiske tilhøve».

Dette må vera rett. Det er nok å vise til at lagmennene framleis bruka dei gamle lovbøkene og hermdede or i domar lenge utover 1500-talet. I kapittelsbøkene frå 1550-åra er det avskrifter av gamle privilegiebrev frå høg-mellomalderen, så skrivarane har kunna lesa og skrive av tekstar på klassisk gammalnorsk, om dei til vanleg skreiv annleis sjølve. Det skriftspråket dei bruka som sat med status og prestisje i samfunnet, var dansk. Da er det ikkje anna å vente enn at andre òg retta seg etter dei.

For erkebispesetet var det utslagsgjevande at dansken Erik Valkendorf kom til Trondheim i 1510 og truleg hadde med seg skrivarar frå Danmark. Erkebispeseten var åndeleg og verdsleg leiar, og den naturlege autoriteten. Så retta dei andre i miljøet kring domkyrkja målbruken sin etter han. Men det tok noko tid, det er ikkje så enkelt som å seie at erkebisp Erik «innførde» dansk da han kom hit. Enno i 1523 har me klare døme på at domkapitlet skreiv norsk, og deken Olav Engelbrektsson skreiv òg norsk. Når han ikkje heldt fram med det som erkebisp, må det vera fordi han ikkje meinte det var det «rette» språket å bruke i formelle samanhengar. Éin ting er at han skreiv dansk til kongen i 1523, det kunne me forklart som underdanig eller høvisk framferd, men han heldt seg til det same språket seinare òg. Det var vorte det «rette» språket, men om den oppfatninga var knytt til ei motsetjing mellom dansk og norsk, er likevel eit anna spørsmål (sjå § 7.4).



# Språksamfunnet 7

---

Emnet for dette kapitlet er språksamfunnet, det vil seie spørsmål til ytre omstende ved språkbruken, tekstproduksjonen og skriftkulturen ved erkesetet. Det finst ulike teksttypar i det materialet som har vorte presentert og gjennomgått, og dei blir sette inn i ein historisk og kulturell samanheng i § 7.1. Dinest ser § 7.2 på erkesetet i samband og samarbeid med verdslege institusjonar, dvs. lagmannen og rådmenn lokalt og riksrådet nasjonalt, og koss språkform som blir bruka ved slike høve. § 7.3 ser på skrivarkollegiet ved erkesetet og kva kjeldone fortel om dei einskilde skrivarane. Spesielt i kapittel 6 såg eg på ulike språk, og i § 7.4 trekkjer eg diskusjonen opp på eit meir overordna nivå og drøftar kva språkkompetanse og språkleg medvit folk hadde. Til slutt kastar eg i § 7.5 fram det kontrafaktiske spørsmålet om språkforma ved erkesetet i Trondheim, under andre historiske omstende, kunne ha tent som grunnlag for eit norsk riksspråk som skilde seg frå dansk.

## 7.1 Brev og bøker

Som det vart gjort stutt greie for i kap. 4, kan kjeldone mine grovt sortrast i tre hovudtypar: diplom, jordebøker og administrative notat/rekneskapar. Det vart der sagt noko om kva som kjenneteiknar innhaldet i desse teksttypane; her skal eg meir sjå på kva dei fortel om skriftbrukskulturen og kva nytt som kjem til i seinmellomalderen. Eit første poeng er at den store auken i kjeldor under Olav Engelbrektsson ikkje gjeld alle teksttypar. Det er slik at det er den halvoffisielle korrespondansen mellom samfunnstoppene, saman med brev knytte til handelsverksemd (ut over vitnebrev om gardhandel), som står for det meste. Som nemnt kan dette gjerne ha med overleveringssituasjonen å gjera. Den tradisjonelle typen vitne- og domsbrev knytte til verdsleg maktutøving og ålmugen er ikkje mykje sterkare representert enn tidlegare.

Det typiske privatbrevet byrjar koma fram i kjeldone på denne tida. Me har nokre få minne om slike brev tidlegare òg, ikkje minst viser tekstrestar på seglreimar at slike brev har eksistert. Typisk var det kladdar, penneprøvar eller mindre viktige privatbrev, som det ikkje fanst nokon grunn til å ta vare på, som vart nytta opp att på dette viset, medan diplom med rettskraftig innhald vart gøymde. Slike fragment er stutt omtala i Rindal (1982) og Seip (1933). Rindal viser koss desse fragmenta òg kan fortelje noko om miljøet kring hovudbrevet: Det må vera einkvan bindelekk mellom dei, sidan dei var tilgjengelege som reimmateriale. Denne bindelekken kan anten vera personar som er nemnde, eller staden det gamle brevet var. Det kunne difor vore ønskeleg med ein grundig gjennomgang av slike seglreimar, jamvel om ein del av dei etter Rindal er trykte som sjølvstendige nummer i DN. Her er det godt rom for nye undersøkingar.

Eit av dei første kjende privatbrev fra Trøndelag er DN XIV 193, Trondheim ikr. 1500, der ein *Ywaar fyskare* skriv til mågen sin og bed om hjelp i ei arvesak. Mange av breva mellom samfunnstoppene kan blande politikk og privatliv. Eit minimumsinnslag av slikt er at avskilshelsinga kan ha med ein frase som «och bede wii eder gernæ ati wille helse eder kære hussfrwe paa wore wegne med mongge gode netter»<sup>1</sup> (DN IX 670, Trondheim <sup>19</sup>/<sub>5</sub> 1531, frå erkebispem til Eske Bille). Eit anna velkjent døme er den første omtalen av akevitt (*aqua vite*) i eit brev frå Eske Bille til erkebispem (DN XI 568, Bergen <sup>13</sup>/<sub>4</sub> 1531).

Meir typiske privatbrev er DN XII 387, Trondheim <sup>8</sup>/<sub>11</sub> 1526, frå ein munk i dominikanarklosteret i Trondheim til ein ven i klosteret på Tautra; og XV 454, Trondheim ein gong i 1520-åra, frå ei kvinne til verbroren i Jamtland; brevet har elles ei særmerkt språkform med lågtysk interferens (t.d. 2.p.pl. *gy willen* 'de vil').

### 7.1.1 Arkiv

Münchensamlinga inneheld attåt offisielle diplom mange notat, avskrifter og utkast av ymse slag. Når slikt er gøymt frå denne tida, har det nok mykje med arkivsituasjonen å gjera. Det er ikkje sikkert at alle desse mindre viktige skriftstykkja hadde vorte gøymde om arkivet hadde halde seg i Trondheim, men når erkebispem tok det med seg i eksil, vart situasjonen på eit vis frosen. Det er likevel mogleg å sjå ein del gøymde utkast som ønske om arkivering, og ikkje minst dei nokså mange avskriftene som finst. Me kan ikkje alltid vita

<sup>1</sup> Veturliði Óskarsson (2007) har ein artig omtale av denne helsinga, som til sist balla på seg til ein million gode netter. Erkebispem nøyer seg alltid med «mange tusen», men Vincens Lunge slo til med «hundre tusen» første gong han bruka uttrykket (DN VII 618).

om dei er gjorde på staden, ofte har det nok vore slik at utferdarane av t.d. riksrådsbrev har fått gjort avskrifter samstundes. DN XXII 112, Trondheim <sup>11</sup>/<sub>12</sub> 1516, frå erkebisp Erik til kong Kristian II, omtalar både avskrifter Erik har sendt kongen, og bed kongen sende attende kopiar av andre brev. Dette har tydelegvis vore vanleg praksis. Likeins fortel erkebisp Olav i DN XXII 272 Eske Bille at han har sendt brev til Danmark og Lübeck, og legg ved kopiar av desse breva (DN XXII 273–274).

Eit lite gløtt inn i skrivepraksisen gjev M3168–3170, <sup>22</sup>/<sub>10</sub> 1532: M3168 er eit utkast til eit ope brev, trykt som DN II 1106. Eit anna, ufullført utkast finst i eit lite hefte (eitt ark som er bretta), med dobbelnummeret M3169 og M3170. Pag. 1 i dette heftet er DN IX 721; øvst på pag. 2 står det overstreaka utkastet til II 1106, medan resten av sida og delar av pag. 3 inneheld eit utkast til eit anna ope brev (forlening til fru Ingerd, trykt som DN IX 722). Både M3168 og 3169 dreier seg om mellomvære med Vincens Lunge. Baksida er ikkje bruka, men det litle heftet er arkivert, truleg som eit prov på dei faktiske tilhøva. Dette viser både at papiret vart utnytta, og at slike utkast vart sedde på som verde å ta vare på.

Trass i at omstenda har overlevert mange utkast og avskrifter til oss, må me rekne med at mange brev er gådde tapt. Mange stader i kjeldone finn ein tilvisingar til brev som ikkje er gøymde. Hamre (1998: 764) er inne på at kjeldesituasjonen spesielt frå siste året hans Olav Engelbrektsson i Noreg er mager, og spekulerer på om somme brev med kompromitterande innhald har vorte øydelagde av tryggingssyn; fullnøgjande er likevel ikkje ei slik forklaring, som Hamre sjølv understrekar, for me manglar òg brev som umogleg kan ha vore farlege for innehavaren.

Ein indikasjon på omfanget gjev kopiboka bergensbisen Håkon førde. Spesielt for tida 1337–1342 ser ho ut til å vera svært grundig, og frå desse fem åra kjenner me 163 brev frå han (Berulfsen 1948: 67). Dette er monaleg meir enn frå føremennene hans, men det kan koma av at Håkon i denne tida har vore grundigare i å føre inn breva sine i boka. Med slike tal til jamføring blir sjølv dei 17 breva frå Olav i 1535 (toppåret) berre toppen av isfjellet, og det synest klart at skriftproduksjonen må ha vore mykje større.

**Kopibok?** Liknande brev- eller kopibøker som den bergenske er kjende frå andre stader Skandinavia i mellomalderen (sjå KLN 2, sp. 229–233), særleg frå 1400-talet. Erkebisp Eiliv Arnesson (1311–1322) har visst ført ei slik bok, men berre to blad er gøymde (KLN 2, sp. 231). Henrik Kalteisen førde ei grundig kopibok den stutte tida han var i Noreg, utgjeven i Bugge (1899). Andre brev- eller kopibøker er ikkje kjende frå Nidaros erkesete (før dei etterreformatoriske kapitelsbøkene), og det er vel truleg at om ei slik hadde vore

i bruk på 1500-talet, ville ho følgt arkivet Olav Engelbrektsson tok med seg, når mange mindre verdifulle dokument vart med. Den hypotesen blir òg styrkt av at så mange utkast og avskrifter er gøynde: Dersom korrespondansen vart førd inn i ei brevbok, ville det vera mindre grunn til dét.

Ei slags kopibok i lite format er M2268. Det er eit lite papirhefte med påskrifta *Nils Stensson*, som ettertida har kalla Daljunkern. Heftet innleier med å kalle seg sjølv «ein instructio» om hendingane med Daljunkern, så følgjer avskrifter av seks diplom, kvart med eit par linors innleiing. Diploma er trykte som DN XIV 576, 588, 589, 600, 602 og 622, der det eldste er dagsett  $^{14}/_9$  1527 og det yngste truleg er frå  $^{16}/_3$  1528. 576 og 600 er avskrifter av brev frå erkebisp Olav, 602 frå Vincens Lunge og dei tre siste frå kong Gustav. Rekkjefølgja er ikkje kronologisk: 602 er herr Vincens' svar på Gustavs brev til riksrådet (588) og kjem difor etter dette (nr. 3). Så følgjer Gustavs brev til erkebisp (589) og erkebispens svar (600). Dette må vera eit teikn på organisering av allereie eksisterande stoff, altså at heile heftet er sett opp til slutt. Innleiinga talar om det som skjedde «thenne framfarne høst», så avskrifta er vel gjord våren eller sommaren 1528, og det er ikkje usannsynleg at det har vore gjort i samband med skrivinga av DN IX 612, ei framstilling av hendingane med Daljunkern «med Erkebispens Skrivers Haand». M2268 vitnar ialfall om ein medviten arkivpraksis, som me diverre ikkje har altfor mange spor etter i dag. Og det er samstundes eit argument mot eksistensen av ei fullstendig kopibok, sidan desse tekstane fekk sitt eige hefte.

### 7.1.2 Jordebøker og rekneskapar

Ein viktig funksjon for skrift utover mellomalderen, var jordebøkene. Nedkvitne (2004: 175) hevdar at «the most prominent feature in the development of the Scandinavian states' administrative literacy in the Late Middle Ages was the transition from oral to literate accounting». Ein viktig del av denne utviklinga var bruken av jordebøker, som kan sjåast som ein naturleg føregangar for dei seinare og grundigare rekneskapane. Eg har tidlegare (§ 3.1.3) presentert nokre syn på koss det Nedkvitne kallar «administrative literacy» er eit sentralt element i samfunnsutviklinga i seinmellomalderen.

Store jordeigarar åtte gardar og gardpartar over vide område, som dei skulle ha landskyld av. Jordebøkene var listor over landskylda kvar einskild gard gav, men ikkje rekneskapar for at denne var betalt. Så mange jordepartar som dei største jordeigarane hadde spreidd omkring, er det vanskeleg å tenkje seg koss dette kunne vore administrert utan listor over eigedomane (jf. Nedkvitne 2004: 246). Det er likevel eit langt steg frå å ha



eit oversyn over kva du eig, til ein rekneskap over kva du har tent i ein periode. I eit skriftbruksperspektiv representerer dette ein stor overgang, som Nedkvitne gjer eit poeng av: «In the pages that follow, the term ‘register’ will be used for a list of incomes theoretically due in a normal year, and ‘account’ for a list of incomes actually received» (Nedkvitne 2004: 64).

Den eldste jordeboka som er kjend frå Noreg, høyrde Munkeliv kloster til og vart skriven ikring 1175 (eitt blad er gøymt og trykt som DN XVI 1); frå ikring 1300 kjem større samlingar knytte til bispeseta (sjå Hamre i KLN 7, sp. 646–653). Jamvel om pengeinnkrevjarar for paven sende skriftlege rekneskapar (det eldste skandinaviske dømet er frå 1282), tok ikkje den heimlege kyrkja etter dette (Nedkvitne 2004: 162). Dei har tydelegvis funne at det ikkje var naudsynt, og at jordebøker saman med munnlege rapportar etter innkrevjinga var fullnøggjande for å halde kontroll over økonomien. Me kan heller ikkje sjå bort frå at det har vore gjort notat som seinare er bortkomne (t.d. på vokstavlor, som det knapt er gøymde døme på), men det totale fråværet i kjeldone talar imot det.

Det finst altså fire jordebøker over eigedomane åt domkyrkja/erkesetet. Omveges kjenner me òg til andre bøker frå området, t.d. hadde Reinsklosteret ei, les me i AB (s. 95): «Sigher *registrum* Reynss *closter*ss». Denne innførsla står på ein setel som er lagd inn i jordeboka, og same stad er «*helags* Olaffs *register*» nemnt. Det er naturleg å tru at det er vist til AB her, men den garden det er tale om, er berre nemnd på just denne setelen. Det er altså uklårt om det er vist til ei onnor bok eller til ein lakune i AB.<sup>2</sup> Elles finst det tilvisingar mellom dei kjende bøkene. I OEJ er det til dømes skrivi om noko krongods at det finst i «Goutes Register» (s. 74f), og i SL er det vist til «*gambla registrum*» (pag. 7).

Det kan sjå ut til at dei seinare jordebøkene har mindre fri tekst enn AB, altså ei enda meir stereotyp form med gardsnamn og landskyld. Det tyder på ein overgang frå register i brei forstand til bøker med ein tydelegare rekneskapsfunksjon. Ei slik utvikling til meir spesiell funksjon er eit steg i litterariseringprosessen. To gonger i SL er det stutt nemnt om jordeskipte at *literam eius habemus/Baard i Lundom hafuer bytes breffweth* (pag. 1 og 7), altså ei registrering av koss transaksjonen er dokumentert. Aslak Bolts jordebok har derimot sekvensar forma som vitnebrev om gardhandel (ein liknande notis frå Gautes tid finst òg (AB: 27)), avskrifter av eldre diplom, lange sekvensar om visitasferder og ei narrativ innleiing. Dette gjer ho til noko meir enn berre eit rekneskapsteknisk hjelpemiddel, og nærast ei kopibok for den administrative drifta av erkesetet.

---

<sup>2</sup> Jordeboka er ikkje komplett. Det ser ut til at 7–10 opprinnelege blad er forsvunne på ulike stader (AB: XXII–XXVI).

Eit anna teikn på ei slik utvikling frå jordebok til rekneskap, er at SL inneheld summeringar for kvart prestegjeld. Liknande delsummeringar er sette til to stader i KJ, etter utgåva med ei onnor hand. I OEJ er liknande summar tilskrivne «med mindre skrift langt nedenunder til høire» i oversynet over Nordmøre (pag. 73–81). Ottungsfisken frå Romsdal er summert på pag. 14, og landskylda frå Salten og Steigen på pag. 37–38. Stykket om Nordmøre er skriva av hand A, medan hand B har skriva Romsdal og dei nordlege delane; båe desse hendene har altså sett til summeringar, medan hand C, som har skriva det meste (OEJ: 19\*), aldri har gjort noko slikt. Me ser altså ikkje ei systematisk vidareføring av praksisen i SL, som ein kanskje kunne vente.

**Rekneskapar** Systematiske oversyn over inntekter og utgifter for ein spesifisert periode (helst eitt år) kom ikkje i ålmenn bruk før ikring 1500, og det var da statsadministrasjonen som gjekk føre, ikkje kyrkja; tidlege døme på slike rekneskapar vart førde av høvedsmennene på dei kongelege festningane, som Bergenhus, Akershus og Båhus i Noreg (Nedkvitne 2004: 174). Dette er eit av poenga Nedkvitne brukar for å argumentere for at auka bruk av skrift tente til å styrkje sentraladministrasjonen og statsstyringa.

Men kyrkja kom etter med Olav Engelbrektssons rekneskapsbøker frå 1530-åra. Ein skal merkje seg at ingen av desse går lenger attende enn 1532 (OER: 9\*). Dette kan tolkast på to måtar: Anten var ikkje rekneskapsføring kome i bruk før den tid (jf. Nedkvitnes tanke om at det var staten som var leiande i utviklinga av denne sida ved skriftbrukskulturen); eller så var rekneskapane så reine bruksdokument at det ikkje var naudsynt å ta vare på dei (jf. Hagland 2005: 96). Men det første manuskriptet i OER ser ut til å vera forseggjort. Det inneheld løningslistor og er bunde i eit pergamentomslag, og boka er utvida etter kvart: «Legg 1 og 2 har truleg vorte innbundne utpå året i 1533. Legg 3–5 må ha kome til i 1534» (OER: 10\*). Dette tyder på at bøkene slett ikkje var meinte å kastast etter bruk, og kan vera eit argument for at slike grundige rekneskapar ikkje var førde systematisk tidlegare.

Men somt tyder òg på at liknande rekneskapsbøker fanst før 1532. Innbindinga av OEJ har ein overstruken tittel *Swene løn 1530*, som viser at det må ha funnest tilsvarande listor iallfall så tidleg (OEJ: 19\*). Notatet DN VIII 567 har ein merknad «sicut patet in sueneboken», som kan tyde på ei tilsvarande bok. Dette notatet er ikkje tidfest, men dreier seg om oppgjeret av gjeld etter Erik Valkendorf og er truleg frå 1527; somme av sakene som er omtala der, er òg nemnde i brev frå 1526 om denne gjelda (sjå tilvisingar i DN). Av bøkene Erik Valkendorf etterlét i Amsterdam (sjå § 7.1.5 under), var det «iii reken scups boeckenn» (DN VII 592), men me veit ikkje akkurat kva

innhald dei hadde eller koss dei var utforma. Ordet har visst òg vore bruka om meir jordebokliknande oppskrifter, såleis har tillegg V i OEJ (omtala i § 5.4.5, s. 118) påskrifta «Thette ær aff waar forfaders Regenskap bock». Rekneskapar i eikor form ser såleis ut til å vera litt eldre enn dei som er gøynde, men svært langt attover i tid kjem me ikkje.

Attåt dei samla rekneskapsbøkene etter Olav Engelbrektsson, finst det som nemnt liknande notat som er trykte i DN. Dessutan finst det nokre tekstlege referansar til rekneskapar og rekneskapsføring. DN IX 747, Trondheim <sup>20</sup>/<sub>3</sub> 1534, har følgjande passasje: «dhe xx waager ffisk som fforndemdhē her erkebysp bleffh wor ffrue ffru Ingerd skyldigh y then rekenscaff som her Ienss Olson recknett paa Østrott». Her er det mogleg at «rekenscaff» berre viser til eit økonomisk oppgjer som Jens Olsson (Bratt?) har gjort med fru Ingerd på vegner av erkebispē, ikkje rekneskapsføring. Ein sikrare referanse til rekneskapar finn me i DN XXII 381, Varøy (Nærøy kommune) <sup>22</sup>/<sub>4</sub> 1537. Der fortel futen i Namdal koss han laut flykte til skogs for erkebispens menn, som hadde vore heime hjå han: «Thend affnamett `thij´ mett ald reghennskap.» Rekneskapsføring hadde altså spreidd seg til embetsmenn på landsbygda på den tida.

Det er mogleg å sjå skilnaden mellom dei tidlegare jordebøkene og rekneskapsbøkene frå 1530-åra som utslag av ei historisk utvikling, der det vart viktigare å halde oversyn over eigedom, inntekter og utgifter, i samband med utviklinga av meir moderne rekneskapsteknikkar. Her er det tydelege skilje mellom utforminga av AB og dei hundre år yngre bøkene med si klåre inndeling i jordebøker med oversyn over eigedom og landskyld, rekneskapar med inntekter og utgifter, og reine løningslistor.

**Sakefallsbok** Ein setel frå 1504 (AB: 36) fortel om ei sakefallsbok i samband med verdet av ein jordegdom: «er thet werd *patet clarius* [‘vist tydelegare’] i sakfelle bokemne». Sakefall, bøter, var ei viktig inntektskjelde for krona i mellomalderen, og noko hadde kyrkja òg rett til (KLN 14, sp. 651–657). Hamre (KLN 14, sp. 656) nemner at ordet er bruka to stader i AB, der det er snakk om eigedom som erkesetet fekk «i sak fello/sakfelle» (AB: 12, 132); båe desse innførslone er frå Aslak Bolts tid. Etter det uttrykte notatet M3384 betalte ein Mogens Arnesson Jon Teiste (ombodsmannen i Bergen) fem mårskinn i «sackfal». Setelen på s. 36 i AB var ikkje med i Munchs utgåve (som Hamre viser til), men notisen tyder på at erkesetet førde ei elles ukjend sakefallsbok over slike inntekter. Det skulle samstundes tyde på at omfanget av sakefall var mykje større enn det desse få innførslone i AB fortel om. Slike oversyn er kjende frå statsadministrasjonen frå om lag same tid, nemleg frå Søndre Sunnmøre og Nordfjord i tida 1520–1522 (Dybdahl 2005: 17).

### 7.1.3 Gammal og ny brevskikk

På somme vis endrar brevskikken, eller diplomatikken, seg i seinmellomalderen. Standardverket på dette området er Hamre (2004), men det yngste diplommet han nemner, er DN I 970 frå 1491 – og det er konservativt utforma. Det kan difor ved dette høvet vera grunn til å sjå nærare på utforminga av offisielle brev i seinmellomalderen.

Eit grunnleggjande skilje i diplomatikken går mellom vitnebrev (*notitia*) som kunngjer «ein rettstilstand som er komen i stand før dokumentet vart utferda» (Hamre 2004: 63), og dispositive dokument (*charta*) «der utferdaren kunngjer at han gjer ein disposisjon i og med dette brevet» (*loc. cit.*). Hamre vil skilje ut dei klassiske norske vitnebrev som ein eigen brevttype, «resultatet av ei heimleg utvikling, funksjonelt tilpassa norsk tankegang, rettstilhøve og målform» (*op. cit.*: 64). Denne brevtypen, der ei gruppe vitne stadfeste at dei hadde vore til stades og høyrte og sett ein avtale, og så sett segla sine under, er den dominerande diplomtypen frå norsk høgmellomalder.

I seinmellomalderen endrar dette seg noko, sjølv om spesielt domsbrev følgjer eit tradisjonelt mønster, og det framleis finst vitnebrev på tradisjonell form.<sup>3</sup> Men attåt finst ei aukande mengd adresserte brev, sendebrev, som har vore lukka med seglet åt avsendaren og difor vore kalla litterae clausae – attlatne brev (Hamre 2004: 35; jf. § 5.4). Desse har i siste del av perioden ei nokolunde fast utforming, som var nemnd i samband med at faste delar av desse breva er skrivne på latin (sjå § 6.2.2, spesielt s. 167): *Inscriptio* er sett utanpå det attlatne brevet, *intitulatio* er skrive over sjølve tekstblokka og brevet er innleidd med *salutatio* (oftast to helsingar: ei latinsk og ei skandinavisk). Sist i teksten kjem *apprecatio* (på dansk eller latin), før brevet sluttar med ein latinsk eskatokoll.

Eit tidleg døme på ei slik form er Gautes brev til futen i Jamtland (DN XIV 141,  $\frac{2}{3}$  1480), og alle breva frå Olav Engelbrektsson som i tabell 5.2 (s. 102) er oppførde som sendebrev, ser slik ut.<sup>4</sup> Brev til kongen vantar *intitulatio* og har i staden *scriptio*, ei underskrift heilt sist, under sjølve teksten.<sup>5</sup> Oppsettet i desse breva minner elles mykje om det Skautrup (1947: 209f) skildrar i danske brev seinare i hundreåret.

<sup>3</sup> Sjå dei diploma som er klassifiserte som «opne brev» i tab. 5.2 (s. 102).

<sup>4</sup> Ingen norske sendebrev er gøynde etter Olav Trondsson, men DN XVI 252 på latin har likeins *intitulatio* sett over brevet, som opnar med *salutatio*, og viser at denne utforminga i minsto går såpass langt attover i tid.

<sup>5</sup> Det einaste andre brevet i denne gruppa som vantar *intitulatio*, er II 1112 til kanslaren Morten Krabbe. Det er utferda av erkebispem og Nils Lykke i lag, og det kan vera forklaringa. DN VII 719, frå erkebispem åleine til Morten Krabbe, har det vanlege formelverket med *intitulatio* på plass.

Apprecatio fanst berre sporadisk i eldre norske brev (Hægstad 1933: 86 gjev fire døme frå 1210–1359), men vart etter tysk-romersk mønster vanleg i attlatne brev frå unionstida, typisk kongebrev (Hamre 1968: 12); etter Skautrup (1947: 73) er ei slik helsing sjeldan i dansk (i yngre middeldansk, dvs. 1350–1500). I tysk-romerske konge- og keisardiplom står apprecatio oftast heilt til slutt i eskatokollen (Vogtherr 2008: 65), men i dei norske seinmellomalderdiploma kjem formelen før stad- og tidfestinga, i overgangen frå tekst til eskatokoll. Formelen var tidast *in Christo valet/befalendes ether Gud*, og i den latinske versjonen finst han allereie frå 1470 (DN XVI 241). Erkebispnen tok såleis etter kongebrev, og det berrlegg kva rang han tilla seg sjølv. I ei rekke brev frå Gaute Ivarsson, både opne og attlatne, er apprecatio på dansk, medan han seinare gjerne er på latin (sjå § 6.2.2).

Opne brev i den gamle vitnebrevtradisjonen fanst framleis. Ikkje minst levde dei vidare i eigedomstransaksjonar på bygdene, utferda av lokale lagrettemenn. Slike brev er i regelen skrivne heilt ut på skandinavisk (i høgda med latinsk datering), og teksten opnar med intitlatio og publicatio. Frå erkesetet kjenner me derimot ikkje så mange, heller ikkje når den totale brevmengda aukar monaleg frå 1520-åra. Eitt brev som er ført i denne gruppa skil seg litt ut og står ei diplomatarisk mellomstilling: Truskapsbrevet erkebisp Olav sende kongen frå Mechelen sommaren 1523 (DN I 1062) startar med intitlatio og er eksplisitt kalla «*thette myt obne breff*», men i motsetnad til andre opne brev har det eigenhendig subscriptio, som sendebrev til kongen.

**Utkast og reinskrift** Samsvar og skilnader mellom utkast og reinskrift når bae delar er gøynde, vart diskutert frå ein språkleg synsstad i § 5.5. Utkasta, òg dei som ikkje finst i reinskrift, kan fortelje mykje om tekstformingsprosessen. Fleire av utkasta har tydeleg kladdepreg: Avstyttingar for frekvente namn, overstrykingar, tilskrivningar eller endringar under utkastet eller i margen og liknande. Dei ser dimed ut til å ha vore ein naturleg del av utforminga av brev.

Når det gjeld formelverket, er det mest tydelege at utkasta vantar den obligatoriske innleiinga (intitlatio og salutatio, dessutan publicatio i opne brev), eller har ei avstytt form. Derimot har dei apprekasjonsformel (unntak finst, men da er det heller ikkje truleg at han skulle inn i reinskrifta) og eskatokoll. VIII 696 og 698 er utkast til brev til Vincens Lunge og Nils Lykke, som var i Trøndelag for å vinne att området for kong Fredrik I etter oppreisten i 1531–1532, og byrjar med *Wii Oluff etc. helse eder . . .* VIII 705 og XII 518 er òg utkast til attlatne brev; dei er meir fullstendige enn dei andre, sidan bae har med både latinsk og dansk salutatio, XII 518 har jamvel inscriptio under sjølve brevet, men intitlatio er ikkje med.

Der finst òg nokre utkast til opne brev. DN VIII 700 er stila til ålmugen og byrjar med *Wii Oluff etc.*<sup>6</sup> Tre samtidige utkast til opne brev frå oppgjeret seinhausten 1532, DN II 1106 og IX 721–722, viser nokre interessante skilnader. Det første byrjar rett i publicatio (*gøre weterligtt*), men har eskatokoll; det andre byrjar med *Wii Oluff med gudz naade etc.* og har eskatokoll, medan det tredje byrjar med *Wii Oluff etc.* og vantar corroboratio og eskatokoll. Det er altså ein del varians i kor fullstendige slike utkast har vore, men det som gjeld mest ålment, er at utkast til attlatne brev ikkje har med intitlatio, og vanlegvis ikkje salutatio eller inscriptio heller.

Til utkastet II 1106 finst det ein tidlegare kladd med same hand, M3169/3170, som i motsetning til den som er trykt, har innleiinga *Wii Oluff etc.*, men ikkje corroboratio og eskatokoll. Det er òg gjort nokre småendingar i utforminga elles, så det er tydeleg at dei to utkasta representerer ulike steg i tekstformingsprosessen. M3991 er det DN kallar «Erkebispens löse Udkast» til DN VIII 699, ein vidisse utferda av fem rådmenn i Trondheim av eit brev frå erkebispensen til Vincens Lunge og Nils Lykke. I formelverket er innleiinga avstytt til *Wii Oluff etc.* og eskatokollen vantar; andre utkast-trekk er at det er bruka avstytingar, som *k ff* for *konning Frederick* i reinskifta. Utkastet M3278b til DN IX 719 har òg avstytt innleiing, og sluttar med *Tiil yther meire visszenn etc.* Utkastet M3278a til DN IX 725 startar berre med *Vij etc. Gøre witterligt . . .*, og sluttar med corroboratio. DN VIII 705 er eit utkast, men ser ut til å gå attende på ein tidlegare versjon. Det tydelegaste teiknet på det er at mot slutten er stykket *tha wilde wii gernæ* teke opp att, men andre gongs førekomst er sidan utstroken; einaste skilnad er stor og liten ⟨t⟩ i *tha*, så det ser ut som ein vanleg avskrivarfeil. Rett etter er . . . *bedendes eder ker|ligæ ati thet wille haffwe vptaget i thet bestæ* stroke ut og teksten fortset i staden *ath wii nw saa ey gøre bede wii edr kerligen ati wille thet ville haffwe vptaget i thet bestæ*. Innsetjinga av eit forklarande tillegg først ser meir ut som vanleg tekstretting i eit utkast.

Ein konklusjon me kan trekkje frå dette, er at det ikkje er nemnande skilnad mellom opne og attlatne brev når dei er på utkaststadiet. Formelverket som kjenneteiknar dei to brevtypane er sett til i reinskifta, og sidan utforminga er såpass gjennomført og einskapleg, er det naturleg å tru at det har funnest brevmalar for dei ulike typane. Skilnadene viser at for skrivarane sjølve har sendebrev og vitnebrev vore to heilt åtskilte teksttypar.

**Formularbøker** Skrivarane i mellomalderen hadde ofte lærebøker i brevskrivning og korrekt utforming av diplom, dictamen, og formularbøker med

<sup>6</sup> Kvar denne ålmugen «byggjer og bur», er ikkje fylt ut, men nedst står ei liste over forskjellige stader i Trøndelag. Utkastet skulle tydelegvis brukast til fleire brev.

ei samling praktiske døme å hjelpe seg med (Hamre 2004: 24). Frå norsk mellomalder er ei slik lærebok kjend frå Bergen, meir uvisst ei til frå Oslo (sjå Berulfsen 1948: 120–133 om slike bøker; jf. d.s. i KLNМ 3, sp. 69f). Reine formularbøker er ikkje kjende frå Norden, og det kan såleis sjå ut til at eldre, eksisterande brev har vore mønster for utforminga av nye (KLNМ 4, sp. 484f). Kopi- eller brevbøker har truleg spela ei slik rolle, t.d. hadde den kjende *Bergens kopibok* delvis som formål å vise koss brev og diplom skulle utformast, og denne boka vart i 1577 omtala som «formularium» av byskrivaren i Bergen (KLNМ 4, sp. 491f).

Som nemnt over, kjenner me ikkje nokor brev- eller kopibok frå erkesetet. Det kan såleis tyde på at tidlegare brev (eller kopiar av slike) har tent som malar ved oppsetjinga av nye brev, eller at brevutforming har vore ein viktig del av undervisninga. Tilhøvet mellom utkast og reinskraft viser iallfall at skrivarane har hatt dei formelfaste delane av diploma klårt føre seg, sidan dei lett kunne skrivast til først i reinskrafta. Og som det har gått fram av dei spreidde døma som vart nemnde over, er det dei aller mest formelfaste uttrykka som lettast kunne vente til reinskrafta.

#### 7.1.4 *Breviarium og Missale Nidrosiense*

Dette vart dei to første trykte norske bøkene, i 1519. Sidan Noreg ikkje fekk nokor trykkpresse før i 1643, skjedde sjølve trykkinga i høvesvis Paris og Kjøbenhavn, men bøkene var redigerte av medlemmer av domkapittelet i Trondheim. Sidan innhaldet er liturgi til bruk i gudstenesta, er båe bøkene naturlegvis på latin; to sidor på norsk om fastetider i *Breviarium* vart tidlegare diskuterte i samband med språkforma (sjå § 5.3.1 og vedlegg D); her skal det dreie seg om innhaldet.

Eit breviarium er ei liturgisk bok til bruk for prestane i kyrkja ved dei sju faste tidebønene, med bønner, lesetekstar og hymnar, både faste og slike som varierte gjennom kyrkjeåret og etter ulike helgenfestar. Slike bønnebøker var ikkje standardiserte, men spesielt etter at trykte utgåvor kom, var det vanleg med éi for kvart stift (KLNМ 2, sp. 236–238).<sup>7</sup> Eit missal er ei liturgisk bok for messa, hovudgudstenesta i den katolske kyrkja. Likeins som breviarier har det bønner, lesetekstar og songstykke, både faste delar av gudstenesta og slikt som ymsar etter kyrkjeåret og ulike helgendagar (KLNМ 11, sp. 642–644). Dei to boktypane har altså same slag innhald, men til bruk ved ulike høve.

Slike bøker fanst i handskrivne versjonar, og i åra kring 1500 gjorde trykkjekunsten standardisering av dei ulike brevaria og missala i omløp mog-

<sup>7</sup> *Breviarium Nidrosiense* var meint å gjelde for heile Noreg, skriv Helander i KLNМ, men etter Børsum (1964: 133) gjaldt dette eigentleg berre *Missale*.

leg, og mange slike er kjende frå Sverike og Danmark; det oppsiktsvekkjande er meir at Nidaros-provinsen drygde såpass lenge med å ta i bruk trykkjekunsten, heller enn at det i det heile vart gjort, meiner Børsum (1964: 127).

Børsum refererer vidare tanken om at breviarieret kom i to utgåvor, den første i 1516. I eitt einaste eksemplar finst ei innleiing (trykt i faksimileutgåva), der «magistro Petro ftuth ac Erico ioannis:decano *et* archidiacono» blir krediterte arbeidet, det blir sagt at «Joanni reff canonico *et* fecretario noftro» har sett til trykkinga, og heile innleiinga er dagsett  $\frac{1}{4}$  1516: «Datum in palatio noftro Archiepifcopali Nidrofiensi ad kalendas Apriles Anno ab incarnatione redemptoris noftri. Mccccxvj» (*Breviarium*, innleiinga, jf. Børsum 1964: 135ff). Dette kan naturlegvis tolkast som at det har eksistert ei tidlegare utgåve, men like truleg er det vel at trykkjeprosessen rett og slett har teke så lang tid.

I sitatet frå innleiinga vart redaktørane nemnde. Erkebisen stod nok attom og dreiv fram arbeidet, men det var altså magister Peter Stut og erke-deknen Eirik Jonsson ved domkapitlet i Trondheim som stod for redaksjonen; seinare hadde kanniken Hans Rev ansvar for korrektur og trykking (jf. Børsum 1964: 129). Missalet vart trykt i Kjøbenhavn av «mesther Pouell Reff»,<sup>8</sup> og ansvarlege for utgjevinga var Olav Engelbrektsson (som den gongen var dekn) og kantoren Peter Sigurdsson (Bergsgård 1955: 536); Hans Rev hadde korrekturansvar for denne boka òg (Børsum 1964: 129).

**Descriptio** Erik Valkendorf stod dessutan for det som vel er Noregs eldste historisk-topografiske skrift, ei skildring av ei reise han gjorde til Finnmark i erkebispetida si. Den fullstendige tittelen er *Breuis et summaria descriptio Nidrosiensis diocesis et specialiter cuiusdam ipsius partis, que Findmarkia dicitur, extrema aquilonaris christianitatis plaga*. Teksten er trykt med dansk omsetjing i Storm (1902), og dessutan omtala i Venge (1981–1982). Som alle andre lærde skrifter frå den tida er skildringa på latin, berre med nokre få lånord for stadnamn eller ting latin ikkje hadde ord for. Det litle skriftet vart seinare ei kjelde for Olaus Magnus i det store verket hans om folka i Norden. Reisa må ha vorte gjord i eitt av åra 1511, 1512 eller 1517–19, sidan erkebisen var andre stader dei andre somrane i styringstida si; Storm gjettar 1512 på grunn av ei rettarbot for Finnmark frå det året (op. cit.: 3). Sjølve nedskrivninga har truleg skjedd i løpet av 1522, da erkebisen var i Roma. Venge (1981–1982) argumenterer overtydande mot eldre førestillingar om at det var sendt som eit brev til pave Leo X nokre år tidlegare.

<sup>8</sup> DN I 1056, Trondheim  $\frac{31}{10}$  1520, der kannik Hans Rev kvitterer for resten av trykkjeløna. DN føyer òg til at boka var trykt i Amsterdam, men det er ikkje rett.



### 7.1.5 Boksamlinga ved erkesetet

Johnsen (1908) diskuterer boksamlingar ved geistlege institusjonar i seinmellomalderen. Han byggjer på omtalar i DN og dei bøkene som framleis finst i arkiva, og meiner at talet på bøker slett ikkje var lite, trass i at innanlandsk nyskriving tok slutt (op. cit.: 75): «En ikke ringe bogskat var arvet fra den ældre tid, og nye verker kom stadig til, dels ved import fra Island,<sup>9</sup> dels ved kjøb fra udlandet, dels ogsaa ved afskrivning inden landets grænser.» Om nokså få bøker er gøynde til i dag, viser brot og fragment i Riksarkivet at det må ha vore snakk om vaksne samlingar. Det finst òg omtalar av boksamlingane somme stader. DN XI 583, 1531/32, er eit oversyn over alt som fanst på Tautra kloster, og nemner «lxx gamble bøger vp vti ein ram» – ei bra samling, jamført med t.d. Konghelle kloster, som i ei oppteikning frå 1485 berre hadde 21 bøker alt i alt, og ingen komplett bibel (Johnsen 1908: 79; jf. DN XIV 158). Privatpersonar kunne òg eige bøker, i oppgjeret med erkebispen hausten 1532 nemner Ingerd Ottessedotter Rømer at «then beste messe bogh som var i kirchenn thenn vill `beger´ iegh `att´ haffwe ighenn» (DN IX 713). Formuleringa «then beste» tyder på at det fanst minst to messebøker i kapellet hennar, jamvel om ein absolutt superlativ er mogleg.

Ei viktig kjelde for Johnsen er testament etter kannikar ved domkyrkjone, som ofte spesifiserte at dei lét etter seg bøker. Dei fleste testamenta han nemner, er do frå 1300-talet. Aslak Bolt tok med seg ein del bøker frå Bergen da han vart erkebisp i 1428 (DN V 586, Trondheim <sup>22</sup>/<sub>2</sub> 1429), og desse gjekk truleg inn i biblioteket åt domkyrkja. Erik Valkendorf tok med seg ein del lausøyre da han reiste frå landet; i eit par brev frå 1524–25 er dette godset omtala, og der var nokre bøker med (DN VII 592 og 604). Båe breva er på nederlandsk, 604 med ein god del latin attåt, mellom anna ei avskrift av Eriks testamente (DN VII 558, Utrechth <sup>5</sup>/<sub>11</sub> 1521).<sup>10</sup> Lausøyret vart etterlate i Karthauserklosteret ved Amsterdam, og breva er skrivne av folk derifrå, jamvel om berre skrivaren av VII 604 positivt identifiserer seg som det: «fratrem Lambertum Fyacrij», prior i klosteret; han har òg skrivne eit tillegg til VII 592, men ikkje sjølve teksten. I det første brevet står det at det var 19 bøker, og dessutan ein pastoral og ein kanon (kyrkjerett), tre rekneskapsbøker og ein sekk med brev, attåt ei mengd andre eignelutar. Av VII 604 går det fram at dei omtala bøkene inkluderer bønnebøker, men òg at «ex istis libris sunt aliqui parui valoris»; det er litt uklårt om det her kan vera sikta til rekneskapsbøkene, slik at dei høyrer med blant dei 19. Her er breva i sekken omtala som «offlaets brieuven» ‘avlatsbrev’.

<sup>9</sup> Sjå Stéfan Karlsson (1979) om norsk bokimport frå Island.

<sup>10</sup> VII 604 er trykt med omsetjing i Dybdahl (2002).

Bisp Mogens i Hamar skriv i eit brev til Olav Engelbrektsson frå <sup>28</sup>/<sub>1</sub> 1535 (DN VII 714) at han sender nokre bøker som høyrer erkebispem til, og at resten skal han ta vare på til så lenge.<sup>11</sup> Me har ingen grunn til å tvile på brevet når det omtalar bøkene som erkebispem sine; Johnsen (1908: 89) understrekar at me må skilje mellom dei bøkene bispane åtte privat, og dei som høyrde bispesetet eller kyrkja til.

Det er kjent at domkapittelet i Trondheim åtte ei omfattande boksamling i tidlegare tider (Johnsen 1908: 90), men frå 1400-talet er stoda dimmare; Johnsen nemner einast at Aslak Bolts bibel opprinneleg tilhøyrde domkapittelet, som bytte han bort (DN X 173, 1430-talet).<sup>12</sup> Frå 1550-åra finst det eit grundig oversyn over boksamlinga åt domkapittelet, trykt i DN XII 673 (etter *Trondheims kapittelsbok 1*: 1v–2r). Jamvel om dette er tjue år etter reformasjonen, må ein rekne med at dei fleste av bøkene har tilhøyrte kapittelet frå før den tid; Johnsen meiner at berre dei som den første protestantiske bispen, Torbjørn Olafsson, testamenterte bort, har kome til etter reformasjonen (op. cit.: 90). Bøkene er delte inn i heilage, juridiske og historiske skrifter. Den første kategorien inneheld både biblar, einskildbøker frå Bibelen, lærde teologiske verk o.a. Den juridiske samlinga er for det meste dei bøkene kanniken Ogmund Olafsson testamenterte til kapittelet i 1381 (Johnsen 1908: 85, 91; jf. DN II 468); det dreier seg om kanonisk rett. Dei historiske skriftene omfattar både kyrkjesoge og klassiske forfattarar som Vergil, Tacitus, Cicero og Plinius. At det finst relativt nye lærebøker i latin, samt moderne verk av Erasmus frå Rotterdam (*Collectanea adagiorum Erasmi*, etter Johnsen utgjeve 1506–1509)<sup>13</sup> og andre renessansehumanistar, vitnar både om latinstudiar og kontakt med det åndelege miljøet elles i Europa i samtida (Johnsen 1908: 92f).

Det kjeldematerialet me faktisk har til boksamlingane i seinmellomalderen, fortel først og fremst at dei geistlege var internasjonalt orienterte. Bøkene hadde lang levetid; eit tydeleg døme er den testamentariske gåva frå kanniken Ogmund Olafsson, som enno 170 år seinare utgjorde ein stor del av boksamlinga åt domkapittelet i Trondheim. Samstundes vart det heile tida supplert med nye skrifter, likevel slik at det i all hovudsak dreier seg om lærdomsverk på latin. Det er forvitneleg at jamvel om avskrifter av den

<sup>11</sup> «Jtem sende wij edher naade lytt ffeye syllff wyd .l. lod jndpaa nogher edher nades ffaa bøcker med thet fførste fføred bliiffwer beest wele vij fforware the andhre y een tønne oc skycke tiill edher werdwgeste nade ighen ffor ffaare skyld.»

<sup>12</sup> Deichmanske har laga ei fin framstilling av saga åt denne bibelen, sjå [http://www.deichmanske-bibliotek.oslo.kommune.no/om\\_oss/](http://www.deichmanske-bibliotek.oslo.kommune.no/om_oss/) (lese <sup>5</sup>/<sub>12</sub> 2011).

<sup>13</sup> Verket kom i fleire utgåvor, den første i Paris i 1500. Tittelen i kapittelsboka er *Collectanea adagiorum Erasmi*, som kan tyde på at det er førsteutgåva; Erasmus endra tittelen til *Adagiorum Chiliades* i seinare, meir omfattande utgåvor.

klassiske norrøne litteraturen frå høgmedalderen framleis vart produserte på Island, har me så godt som ingen kjende døme på at slike skrifter har funne vegen til norske boksamlingar etter 1400 (Stéfan Karlsson 1979). På same tid forsvann òg dei tidlegare så vanlege norvågismane i islandske bøker, likeins eit tydeleg teikn på at bokeeksporten til Noreg fjøra ut (op. cit.: 13). På den andre sida har både lærebøker i latin og ordspråksamlinga etter Erasmus frå Rotterdam kome til Trondheim. For Johnsen, i tråd med hans tids historiesyn, framstår dette som ein nasjonal katastrofe (op. cit.: 94):

Det kan saaledes ikke negtes, at denne geistlighed i det store og hele har manglet sans for den norsk-islandske litteratur og for fædrelandets historie. Dens aandelige interesser er næsten udelukkende betinget og begrænset af dens lærde opdragelse, og denne har sjelden noget supplement i nationale traditioner.

Eg vil likevel peike på at dei geistlege i Trondheim på denne måten framstår som svært moderne. Antikvarisk interesse for folkemållitteraturen var ikkje verdsett i seinmellomalderen og reformasjonstida, det var derimot studiet av dei klassiske latinske forfatarane. Når domkapittelet i Trondheim heller les Cicero og Plinius enn Snorre, viser det nett at dei følgde med dei åndelege straumdraga som rådde lenger sør i Europa. Interessa for den gamle norske litteraturen, da først og fremst dei historiske verka, vakna ikkje før med humanistane i andre halvta av 1500-talet: «Vi kan ellers ikke se spor av sagastudier i Norge på 1400-tallet» (Jørgensen 1995: 44).

Johnsen nemner at det i Riksarkivet finst mange fragment og brot av bøker frå seinmellomalderen. Dei vart skorpe sund og brukte til innbinding av rekneskapar og andre administrative skrifter frå ikring 1600 (Johnsen 1908: 96). Han etterlyser grundige studiar av desse brota, for å sjå kva som faktisk fanst av bøker i Noreg; eg kjenner ikkje til at noko slikt systematisk arbeid er vorte gjort.<sup>14</sup> Det ville i tilfelle vera viktig for å sjå i kva grad Noreg var knytt til den kulturelle utviklinga elles i Europa.

### 7.1.6 Samanfating

Det som her er sagt om skriftkulturen i Trondheim, skulle vise tydeleg nok at jamvel om seinmellomalderen på mange vis var ei nedgangstid for Noreg, var ikkje erkesetet i Nidaros nokor kulturell attgløyme. I moderne

<sup>14</sup> Espen Karlsen har arbeidd med slikt materiale, men prosjektet er ufullført. Åslaug Ommundsen er no i gang med ei større etterrøking av handskriftkulturen i tida 1100–1300, basert på handskriftfragmenta som er gøymd.

rekneskapsføring og arkivskikk følgde administrasjonen med i tida, og boksamlinga viser god kontakt med det åndelege miljøet ute i Europa. Trykkinga av messebøker viser vilje til å ta i bruk ny teknologi. Dette følgjer opp og styrkjer argumentasjonen i Hagland (2005) om at det tradisjonelle biletet av seinmellomalderen som ei kulturell krisetid må modifierast noko; alt låg ikkje til nedfalls. Og gøynde utkast og avskrifter i Münchensamlinga viser at det vart sett på som viktig å ta vare på kopiar av viktige brev, jamvel om nokor eiga kopibok ikkje er kjend.

## 7.2 Brevutferding og utferdarar

Dei tradisjonelle vitnebreva nemner gjerne ein utferdar og til sist ei rad seglvitne som attesterte og lånte autoritet til innhaldet i brevet. Men det er langt frå alltid slik at den nominelle utferdaren i røynda skreiv brevet, og når det er snakk om folk frå ålmugen er det ikkje truleg i det heile. Kven som er utferdar og kven som er kalla inn som seglvitne kan fortelje noko om situasjonen kring brevutferdinga, sjølv skriftproduksjonen, og koss tilhøvet kan ha vore mellom ulike skrivemiljø. Her skal eg ta for meg to brevgrupper: diplom der både verdslege (lagmannen, rådmenn) og geistlege i Trondheim er involverte, og dinest riksråds- og rettartingsbreva.

### 7.2.1 Verdslege og geistlege brevutferdarar

Det er naturleg å tru at brev som seier seg å vera skrivne på erkebispegarden, har vorte førde i pennen av ein skrivar der. Ein god del vitnebrev viser til eit samband mellom verdsleg og kyrkjeleg makt, altså at kyrkjemenn deltek i lag med lagmannen eller rådmenn, anten som medutferdarar eller seglvitne. Desse breva kan fortelje noko om skilnaden mellom desse to miljøa i Trondheim på denne tida, kor åtskilde dei var og koss tilhøvet utvikla seg gjennom den perioden eg har studert. Dei DN-nummera som skal diskuterast, der me møter ulike instansar i hopehav, er viste i tabell 7.1.

DN V 868 er eit makeskifte mellom Arne og Helge Jonssøner og domkyrkja. Det er i namnet utferda av brørne, med to kannikar, lagmannen og ein rådmann som seglvitne. Det kan jamførast med III 898, Trondheim <sup>7</sup>/<sub>12</sub> 1472, utferda av deknen og dei same to mennene «vppa erchebiscops garden i Trondeim». Der sel arvingane (dvs. Arne og Helge) etter lagmann Jon Nilsson to gardar til domkyrkja, og dette diplomet er fulla skrive ved domkapitlet. Dei to breva er språkleg litt ulike, og handskrifta enda meir; dette kan peike mot at dei er vortne til i ulike skrivemiljø, utan at det kan vera sikkert.

**Tabell 7.1** Verdslege og geistlege utferdarar i lag

Utferdar(ar) før semikolon, så eventuelle andre seglvitne.

DN	År	Involverte	
5	868	1470	Ålmugemenn; to kannikar, lagmannen, ein rådmann
16	269	1478	Deknen, erkedecknen, ein kannik, lagmannen, ein rådmann
3	959	1487	Erkedecknen, ein kannik, to rådmenn (ebp. til stades)
14	164	1487	Erkebispen; lagmannen (riksrådar til stades)
3	965	1488	Erkebispen, lagmannen, fem rådmenn
5	939	1488	Deknen, ein prior, lagmannen, to rådmenn
16	306	1490	Lagmannen; to rådmenn (ebp. og ein riksråd til stades)
5	968	1494	Tre kannikar, to rådmenn og ein annan mann
5	976	1497	Ei kvinne; ein kannik, ein rådmann, ein lagrettemann
5	977	1497	Ei kvinne; to kannikar, lagmannen, ein rådmann, to lagrettemenn (ebp. til stades)
22	110	1516	Ålmuge; erkedecknen, kantoren, ein kannik, lagmannen

DN V 976 og 977 er jordegåvor, det første frå ei kvinne til ein kannik, det andre frå adelskvinna Ingerd Erlendsdotter til oppretting av eit prebende. Det er stor skilnad i stand og storleik mellom kvinnone og gåvone, og det viser att i seglvitna: I 976, utferda i Aure, vitnar ein kannik og ein rådmann i Trondheim saman med ein lokal lagrettemann. I 977, utferda i Trondheim, vitnar to kannikar, lagmannen, ein rådmann og to lagrettemenn, «*som med aadhernempdom wærdugaste fadher Erchebiscops nerwarandes offuer wore*». I baa breva er dei verdslege i fleirtal som vitne, men iallfall i det første vil me tru at ein av dei involverte kannikane (mottakaren av jordegåva eller seglvitnet) har vore skivar. I hitt er dette meir uvisst, spesielt som det er sagt at det er utferda i «Trondhem», ikkje spesifikt på erkebispegarden.

I domssaker står erkebispen og lagmannen stundom saman. Såleis i DN III 965, der Gaute saman med lagmannen Erik Amundsson og fem rådmenn ferdar ut domsbrev i ei arvesak. Det heiter at dei involverte «*kome ffore oss i rettha wppa erchiebiscops gardhen i Trondhem*». Eit anna domsbrev ferdar lagmannen ut åleine (XVI 306), «*affwer warendis minom herre erchebispen ok herre Niels Hendrikson riddere og rikensens radh*». Hopehav mellom erkebispen og lagmannen ser me òg i XIV 164, der erkebispen sjølv er utferdar medan lagmannen er medinnseglar og «*fleire aff Rikensraadh*» var til stades (jf. § 7.2.2). Erkebispen er òg til stades i III 959, der erkedecknen, ein kannik og to rådmenn er tilkalla til erkebispegarden for å undersøkje eit brev (DN III 747, Trondheim <sup>18</sup>/<sub>11</sub> 1438), «*nerwarandis worom wyrdalighom fadher i gudi*

erchiebiskup Gauto». Nærværet åt viktige menn i saker som ikkje direkte vedkjem dei, auka venteleg autoriteten åt innhaldet.

DN XVI 269 er eit forlik i ei arvesak. Ei mannsterk forsamling med deknen, erkedeknen, ein kannik, lagmannen og ein rådmann er nemnde i intitulado, og er både utferdarar og seglvitne; dei var «til bidne [...] at afuer wære eina winligha sæmiæ» mellom to adelskvinnor. Tilsvarande er deknen, prioren i svartbror-klosteret (dominikanarane), lagmannen og to rådmenn saman utferdarar og seglvitne i V 939. Det gjeld stadfesting av ein gardhandel, fordi kjøpsbrevet «oforsyniet vpbran aff wadh eldh i Helghesether kløster». Attåt det blanda utvalet av seglvitne, fortel dette kor viktig det var å ha papir på eigedom. Originalbrevet er tapt, men teksten står i V 968, Trondheim 1494, der tre kannikar, to rådmenn og ein annan mann ferdar ut ein vidisse av tre eldre brev (V 938, 939 og 952). Alle breva dreier seg om denne gardhandelen, som det heilt tydeleg har vore strid om – i V 952, Bergen 1490, dømmer Gaute saman med andre i ei sak om denne garden.

Som det går fram av oversynet, vart det mindre av slikt etter kvart. Det siste dømet eg har funne, er DN XXII 110 frå 1516; det er ein gardhandel mellom personar utan titlar, og tre frå domkapittelet (erkedekn Olav, kantor Peder og kannik Oleiv) er seglvitne saman med lagmannen. Det er elles inkje i det brevet som tyder på at det har noko med kyrkja å gjera. Det har derimot fleire andre brev, og det viser seg at jamvel økonomiske saker der domkapittelet eller erkebispnen er part, har berre verdslege innseglarar. Det eldste dømet eg har funne på at eit gardsal til ein kannik berre har verdslege seglvitne, er DN I 1011, Trondheim  $^{24}/_3$  1504. Seinare finst fleire liknande døme, eg kan nemne V 1032, Trondheim  $^{14}/_3$  1522, jordegåve til domkapittelet med lagmannen og ein rådmann som seglvitne; V 1033, Auglen (Verdal)  $^{5}/_4$  1522, eit gardsal til deknen Olav Engelbrektsson med fire menn utan titlar som seglvitne; VII 702, Trondheim  $^{17}/_1$  1533, eit gjeldsbrev til erkebispnen med lagmannen og to rådmenn som seglvitne; og V 1075, [Trondheim]  $^{25}/_6$  1533, jordeskiye med domkapittelet med lagmannen og fire rådmenn som seglvitne.<sup>15</sup> Det er vel elles truleg at fleire av desse breva er skrivne av ein kannik eller skrivar ved erkesetet (Seip 1930: 98 nemner i ein heilt annan samanheng at I 1011 og V 1020 truleg er skrivne ved domkapittelet).

Det kan vera grunn til å spørje seg kven som skreiv desse breva. Det er truleg at einkvan frå domkapittelet var til stades ved ein handel som anten involverte dei personleg, domkapittelet som heilskap eller eit spesielt altar i domkyrkja. Samstundes gjev dei seg ikkje lenger til kjenne som seglvitne. Dei brev som elles går ut frå domkapittelet på denne tida, er skrivne på dansk, medan desse handelsbrev er på norsk eller blanda språk. Det hadde vore

<sup>15</sup> Liknande brev frå åra 1514–1521 er V 1015, V 1019, V 1020, I 1050 og V 1031.

ønskjeleg med ei større brevmengd frå lagmannen til ei språkleg jamføring, men diverre finst det ikkje originalbrev att der lagmannen åleine er utferdar. Men ein hypotese kan vera at den verdslege makta heldt norsk mål betre oppe enn kyrkja gjorde på denne tida, og at dei som er seglvitne i desse breva òg heldt skrivar – eller til og med skreiv sjølve.

I dei høva der me ser verdslege og geistlege ferde ut brev i lag, må det vera for å auke truverdnet og autoriteten åt innhaldet. Det er elles nok av døme på at dei to gruppone kunne agere kvar for seg. Somtid er dette saker som vedkjem kyrkja, andre gonger er dei geistlege truleg med på grunn av den prestisjen dei hadde. Erkebispnen hadde dessutan ei viktig verdsleg rolle som riksråd. Når det vart mindre av dette hopehavet etter kvart, kan det spegle ei samfunnsutvikling der kyrkja vart trengd meir attende til det religiøse omkvervet og ikkje lenger var ein like sterk «stat i staten».

### 7.2.2 Riksrådet

Som riksrådsleiar ferda erkebispnen ut mange brev i lag med andre, både rådet som heilskap og somme medlemmer. Indrebø hevdar at riksrådet heldt på norsk språk i innanrikssaker fram til 1450, men var meir ustøtt i unionssaker. Etter 1450 er alt som har med unionssaker å gjera skrive på dansk,<sup>16</sup> fram til 1490 kan me finne både norsk og dansk i innanrikssaker, men etter den tid står berre «eit hende brev (domsbrev)» att på norsk (Indrebø 2001: 182–184). Det kan vera grunn til å justere denne oppfatninga noko, som me skal sjå. Her skal eg kartleggje målskiftet i denne brevgruppa, og eg har difor ikkje vurdert breva frå tida etter at målskiftet var nær ålment.

**Riksråd og rettarting** Ei problematisk side ved vurderinga av riksrådsbreva, er når utferdarane skal reknast som riksråd, og når dei berre deltek i kraft av maktposisjonen og verva sine elles i samfunnet. Attåt kjem mange brev der to-tre riksrådar saman ferdar ut brev. Indrebø snakkar om «riksrådsdeilder» i samband med språkbruken i riksrådet, og det kan synast som han reknar med alle brev der minst to riksrådar ferdar ut eit brev i lag. Lars Hamre nyttar omgrepa «riksrådsmøte» og «rettarting», der rettarting er dei møta som riksrådane nordafjells og sønnafjells hadde kvar for seg; den nordafjellske avdelinga pla møtast i Bergen på ettersommaren kvart år (sjå § 2.2). Av møta i Bergen på denne tida av året er det berre det i 1481 Hamre kallar riksrådsmøte, sidan dei da titulerer seg «rikens raad i Norighe»/«regni Noruegie consilarii». Eg følgjer terminologien hans Hamre og ordnar dei

<sup>16</sup> Med unntak av to brev frå 1450-åra på svensk, i tilknytning til det svenske riksrådet (Indrebø 2001: 183; jf. under).

**Tabell 7.2** Erkebisen og riksrådet

Dato	Stad	Forsamling	Kjelde (DN eller spesifisert)
19.01.1458	Skara	Riksråd	III 842 (= NgL 2. r. II 79)
30.09.1472	Bergen	Rettarting	II 886
25.06.1478	Bergen	Rettarting	DI VI 136
Juli 1478	Oslo	Riksråd	II 907, NgL r. r. II 163 og 166
25.08.1481	Bergen	Rettarting	DI VI 360
Aug.–sep. 1481	Bergen	Riksråd	V 915, III 931 (= NgL 2. r. II 184 og 185)
01.08.1482	Jersøy	Riksråd	NgL 2. r. II 188 (till.)
16.–24.08.1482	Båhus	Riksråd	NgL 2. r. II 188 (till.) og 189 (till.)
01.02.1483	Halmstad	Riksråd	XII 148 (=NgL 2. r. III 1)
02.09.1485	Bergen	Rettarting	I 945
Juli 1489	Kjøpenh.	Riksråd	NgL 2. r. III 282, DN II 955 (= NgL 2. r. III 48)
03.10.1489	Bergen	Rettarting	I 963
Sep. 1490	Bergen	Rettarting	VIII 426 og V 952
Des. 1498	Båhus	Riksråd	XIV 187
14.10.1501	Bergen	Rettarting	XXI 689
01.07.1505	Kalmar	Riksråd	NgL 2. r, III 176
17.07.1505	Kjøpenh.	Riksråd	DI VII 710 (= NgL 2. r. III 178)
15.09.1505	Bergen	Rettarting	IX 459

brev a der erkebisen inngår som éin av fleire utferdarar etter samla riksråd og delar av det, slik det er framstilt i tabell 7.2.

Utgjeverane av NgL har tydelegvis gjort same vurdering. Av breva som er utferda i tilknytning til riksrådsmøte etter tabell 7.2, er det berre to som ikkje finst i NgL: DN II 907 er eigentleg ei domssak, men sidan kongen er part i saka (han blir tildømd ein arv), var det naturleg å ta det i samband med møtet; DN XIV 187 er likeins ein avtale mellom erkebisen og kongen, gjort med riksrådet til stades, men heller inga statssak. Derimot er breva frå det eg har kalla rettarting, berre trykte i DN.

**Riksrådsbrev** Olav electus er seglvitne som del av det norske riksrådet i NgL 2. r. II 62 og 67, frå eit riksrådsmøte i Elfsborg i 1455 og ferda ut av kongen. Det var dessutan eit riksrådsmøte i Oslo ikring  $\frac{1}{2}$  1482, men der var ikkje erkebisen til stades; utferdarane kallar seg likevel «Norgis riges



radh» (NgL 2. r. II 186). Eit brev til kong Hans signert av «regni Noruegie consiliarij» i Bergen  $\frac{4}{10}$  1491 (DN VI 611) nemner ikkje kven som var med.<sup>17</sup> DN XXI 700, Bergen  $\frac{13}{9}$  1507, er truleg frå eit riksrådsmøte, sidan jamvel bispen i Oslo er der, men ettersom det dreier seg om ei kyrkjesak, er det berre bispane som ferdar det ut.<sup>18</sup> Det er truleg same omstende som da dei fem bispane tok føre seg ei kyrkjesak medan riksrådet var samla på Jersøy i juli 1482 og ferda ut avlatsbrevet DN II 921  $\frac{25}{7}$  1482; riksrådsbrevet frå same stad ei veke seinare er utferda av dei same (unnteke austlandsbispane), men med tillegg av fem verdslege råds menn. På same sett er Gaute med andre skandinaviske bispar på avlatsbrev utferda i samband med møtet i Halmstad i 1483 (DN XVI 279) og i Kjøbenhavn i 1489 (DN XVI 302). Båe diploma frå møtet i Kjøbenhavn i juli 1489 er truleg mottakarutferdingar og berre innsegla av nordmennene, språkforma tyder iallfall på det. (NgL 2. r. III 282 er trykt i *Danske Magazin* 3. r. II, s. 15f, NgL har berre regesten.)

Nemninga riksråd, i språkformer som «regni Noruegie consiliarii» eller «rikens raad i Norighe» (døma frå møtet i 1481), er bruka eksplisitt i breva som er merkte med «riksråd» i oversynet.<sup>19</sup> Kor mange som er med i kvart høve, kan ymse mykje: frå berre tre i det eine brevet som er sendt frå Jersøy i 1482 (NgL 2. r. II 188, tillegg 2), til 23 i brevet frå Skara. I det sistnemnde brevet er både deknar og lagmenn medtekne, noko som elles ikkje er vanleg.

**Rettartingsbrev** I dei breva som over er merkte med «rettarting», deltek medlemmer av riksrådet nordafjells, og alle er skrivne i Bergen på etter-sommaren. Utferdarane nemner seg aldri som riksråd i desse. Alle breva dreier seg om domssaker: Det som først og fremst skil dei frå vanlege lovsaker lagmannen kunne ta seg av, er standet åt dei involverte, som her stort sett er adelsfolk og i eitt tilfelle kjøpmennene på Bryggen. I DN XXI 689 er det nemnt at lagmannen og futar var til stades, og det er vel ei sak ein normalt skulle tru kunne koma for lagmannen, sidan ingen av dei involverte har titlar; men det er samstundes sagt at saka var framlagd for «rikens raad» året før ved same tid. Oversynet i tabell 7.3 over kven som ferdar ut desse sju rettaringsbrev, viser at det kan vera nokså tilfeldig kven som er med.

Finnboge og seinare Hans (Teiste) var bispar i Bergen, Cristiern Pedersson prost ved Apostelkyrkja der og Erlend Frak lagmann. Didrik Pining hadde

<sup>17</sup> Etter merknad i DN er brevet innsegla med tre segl; det står ikkje om desse er intakte og identifiserbare.

<sup>18</sup> Utferdarane er Gaute, Olav i Stavanger, Anders i Oslo og Anders i Bergen.

<sup>19</sup> Når det gjeld møtet i Oslo i juli 1478, er dei to rettarbøtene frå NgL ferda ut av kong Kristian, det første «med wart ælskalega radh her i Norge», det andre nemner kongen, alle bispane «oc alt annet riigens raadt aff Norrige»; diplommet frå same tid nemner berre utferdarane ved namn, men alle dei viktige er med. NgL-nummera finst berre i avskrifter.

**Tabell 7.3** Utferdarar av rettartingsbrev

	DN	År	Utferdarar
	2 886	1472	Ebp. Olav, Finnboge, Sven Erikson, Jon Smør, Henrik Jensson, Trond Benkestokk og Reidulv Stigsson (væpnarar), lagmannen i Bergen og tre rådmenn derifrå
DI 6	360	1481	Gaute, Hans, Karl i Hamar, Eiliv i Stavanger, Jon Smør, Alv Knutsson, Jon Bjørnsson, Otte Matsson, Guttorm Tjald
	1 945	1485	Gaute, Hans, Alv Knutsson (Nils Henriksson, to kannikar ved domkyrkja og lagmennene i Trøndelag og Bergen hjelpte til, men er ikkje nemnde mellom utferdarane.)
	1 963	1489	Gaute, Hans, Cristiern Pedersson, Alv Knutsson, Otte Matsson
	8 426	1490	Gaute, Hans, Cristiern Pedersson, Nils Henriksson, Didrik Pining, Erlend Frak
	5 952	1490	Gaute, Hans, Cristiern Pedersson, Alv Knutsson, Didrik Pining, Erlend Frak
	21 689	1501	Gaute, Hans, Cristiern Pedersson, Otte Matsson, Nils Henriksson
	9 459	1505	Gaute, Hans, Cristiern Pedersson

tittelen væpnar, og dei andre nemnde var riddarar. Det kan sjå rart ut at Otte Matsson ikkje var med i korgje av sakene i 1490, og at Nils Henriksson og Alv Knutsson var med i éi kvar. Forklaringa er at Otte Matsson er part i baa sakene, og Alv Knutsson motpart i den første (saman med Arald Kane). Når Nils Henriksson ikkje er med i den andre, kan det rett og slett tyde på at han hadde reist heim. Elles ser me at det eldste brevet har flest utferdarar – men så var det òg storfolk det dreidde seg om: ei arvesak der Alv Knutsson (på vegner av kona) og Jakob og Otte Matssøner stridde om ein arv. Det siste brevet har færrest utferdarar; det dreier seg da heller ikkje om nokor stor sak, men noko jord som var pantsett til eit altar i Korskyrkja i Bergen.

Litt annleis stiller det seg med DN XIV 164, Trondheim <sup>17</sup>/<sub>4</sub> 1487. Det er eit domsbrev som i namnet er utferda av erkebisp Gaute, «kun<sup>n</sup>ecthgorandhe ath kome her nw ffore oss oc fflaire aff Rikensraadh oc lagmannen», altså at dei andre var til stades, men ikkje er nemnde som medutferdarar. Det er òg berre erkebisp og lagmannen som innseglar diplommet (corroboratio: «till ythermere wissan her om latha wij trykkia worth Secretum oc logmannen

sith jncigle ffore *thetta breff*»), så me veit ikkje kven frå riksrådet som var der. Indrebø reknar dette som eit riksrådsbrev (2001: 184, note 3), men den vurderinga er eg usamd i: Intitulatio er heilt ulik vanlege riksrådsbrev, der alle utferdarane er ramsa opp; rett nok etter rang, men likevel samla. Utforminga viser vel heller at erkebispnen trekte inn andre personar som var i Trondheim for å styrkje sin eigen autoritet, på same sett som fleire riksrådar var vitne til semja mellom kongen og erkebispnen i det nemnde DN XIV 187, Båhus 1498.

**Tilhøvet mellom brevgruppone** Det er tydeleg skilnad mellom desse to brevgruppone i språkforma. Brevna frå rettartinga er skrivne på norsk; berre det eldste er skriva på eit blandingspråk som helst må kallast dansk-norsk. DI VI 360 er trykt etter to islandske vidissar, og språket er kraftig justert mot islandsk. Det er likevel tydeleg at det opprinneleg var skriva på norsk. DN VIII 426 og V 952 finst berre i vidissar frå høvesvis 1516 og 1494, men trass i ein del danske former (som kan vera komne inn i avskrifta) må språkforma i desse vidissane kallast norsk. XXI 689 finst berre i avskrift i Langebeks diplomatarium, datert til andre halvta av 1700-talet (DN XXI, innleiinga: XI), men det er ingen tvil om at originalbrevet har vore på norsk. XXI 700 finst i ei avskrift som truleg er frå 1715, men det kjem likevel klårt fram at originalbrevet har vore på norsk her med. IX 459 finst i ein vidisse som DN med atterhald daterer til 1656; vidissen er på dansk, men det er ikkje grunnlag for å seie noko visst om originalen.

Riksrådsbrevna held ikkje norsk oppe på same vis: Hyllingsbrevet frå 1458 er på svensk, eit brev frå det norske til det svenske riksrådet (NgL 2. r. II 79, tillegg, ikkje trykt i DN) er på norsk-svensk blandingsmål (jf. Indrebø 2001: 183). Domsbrevet frå 1478 og dei to samtidige nummera i NgL som kongen ferda ut i samråd med riksrådet, er på dansk. NgL 2. r. II 163 finst i ei avskrift frå tidleg 1500-tal, og har somme norske målmerke; ei onnor avskrift (nr. 164) er meir dansk. Avskrifta syner at brevet opprinneleg var skriva på norsk eller eit blandingsmål, og dette er siste gongen eit kongebrev er skriva på norsk (Indrebø 2001: 180f). Eit liknande brev, nr. 166, finst berre i danske avskrifter. Og domsbrevet som rådet ferda ut sjølv (DN II 907), er altså på dansk. Danske er likeins alle brevna frå 1482, 1483 og 1489. Ein dom av det norske og danske riksrådet over svenskar som reiste seg mot kongen, Kalmar 1505 (NgL 2. r. III 176), er interessant nok skriven på latin.

Dei diploma som skil seg ut, er dei to frå riksrådsmøtet i Bergen i 1481. DN III 931 er adressert til rådet i Lübeck og dreier seg om islandshandelen; det er på latin. Det var altså ikkje aktuelt for det norske riksrådet på denne tida å skriva på lågtysk, slik kongen kunne gjera på same tid (jf. t.d. NgL 2. r. II 169, Kjøbenhavn 1478). Når riksrådet (i praksis berre erkebispnen og Nils

Lykke) skreiv til rådet i Lübeck i 1534, skreiv dei derimot på skandinavisk (DN XXII 274, brevet er rett nok berre kjent frå ein samtidig kopi). DN V 915 dreier seg om innsetjinga av Torleiv Bjørnsson som ny hirdstjore på Island, og er skriva på norsk. Dette er eit brot med det som var tendensen i tida, men ei mogleg forklaring er mottakartilpassing: Brevet er stila til «allom *mannom* som byggia ock boo aa Islande», og da ville norsk vera meir forståeleg enn dansk. Dei andre riksrådsbrev har anten med kongen å gjera på eitkvart vis, eller dei er stila til det svenske riksrådet (det siste gjeld tillegg 1 og 2 i NgL 2. r. II 188 og 189). Me har tidlegare sett slik mottakartilpassing sosialt «nedover» t.d. i DN XVI 241 frå Olav Trondsson til ålmugen i Hødal, Herjedalen (§ 5.1.5). Ei onnor mogleg forklaring er at språkvalet var eit medvite politisk uttrykk, sjå § 7.4 under.

Det verkar altså som det er eit systematisk skilje mellom dansk i unions-tilhøve og norsk i innanriks domssaker, eit skilje som fell saman med om utferdarane titulerer seg riksråd eller berre presenterer seg med eigen tittel. Alle originalbrev som erkebisp og rådsmedlemmer ferdar ut, er skrivne på norsk; av dei som finst i seinare vidissar/avskrifter har alle så nær som eitt norske språkdrag som må vera komme frå førelegget. Motsett er riksrådsbrev på dansk eller svenskfarga mål, med det viktige unntaket frå 1481. Eg ser dimed ikkje at Indrebø har dekning for påstanden «[d]ansk trengjer seg inn og vinn siger i brev um innanriks saker òg i halvhundradåret etter 1450» (Indrebø 2001: 184). Han trekkjer sjølv fram eit brev frå riksrådet sønnafjells, DN III 996, Oslo 1495, som han meiner er på norsk; det er til liks med dei norske brev frå Bergen ei domssak. Samstundes har han få døme på at riksrådet har bruka dansk i innanriksaker, han nemner berre tre brev, frå 1495, 1513 og 1533. Dei to avskriftene som vitnar om norsk grunnlag frå 1501 og 1507, er trykte i DN XXI som kom ut i 1976, og som Indrebø dimed ikkje hadde kjennskap til (minders han kjende til nett desse arkivdokumenta, men da ville han nok nemnt dei). Riksrådet ferda elles ut svært få brev åleine i tida 1490–1510, sidan den offisielle politikken var å redusere makta åt rådet så mykje som råd var. Men ut frå det litle tilfanget som finst, er det vandt å sjå koss ein skal argumentere for eit merkande skilje just i 1490.

### 7.3 Skrivemiljøet

Diplom og liknande tekstar er i regelen anonyme. I tida frå ikring 1280 til utpå 1340-talet vart norske kongebrev avslutta med opplysningar om kven som innsegla (i regelen kanslaren) og kven som skreiv (Hagland 1986: 38f), men denne skikken forsvann att. Alle diploma i materialet mitt er difor anonyme, berre i eit par rekneskapar trer skrivaren fram, som me har sett. Det må

likevel ha vore slik at dei aller fleste skrivarar hadde geistleg utdanning, òg dei som var i verdsleg teneste. Skriveopplæringa vart gjeven i katedral-skular eller kloster, jamvel om det er tenkjeleg at somme prestar utanfor sentera kan ha lært frå seg skrivekunsten (sjå Hødnebø i KLN 15, sp. 696). Skautrup (1947: 7) meiner det var skriveopplæring både i kanselliet og lena mot slutten av 1400-talet, «etter 1500 sikkert også hos landstings- og herredstingsskriverne»; me skal såleis opne for at det i tilknytning til lagmannsambetet i Trondheim kan ha vore gjeve noko skriveopplæring, men andre verdslege miljø er knappast aktuelle i Noreg nord for Bergen.

Det omfangsrike diplomaterialet tyder på at det har vore ein god del skrivekunnige, utan at det er så beinast å setje noko tal på dei. Per Nyquist Grøtvedt har prøvt å rekne på kor mange skrivekunnige som fanst i Oslo ikring 1400, ved å finne ut kor mange geistlege som fanst der. Han kjem fram til 50 i kyrkjone, 40 i kloster (men kor stor skrivekunna var i kloster-vesenet er meir usikkert enn for dei kyrkjegeistlege) og 40 eldre elevar ved katedralskulane, totalt 130 geistlege. Storkjøpmenn og ein del av adelen har nok kunna skrive, så han kjem fram til ikring 150–180 menneske av ein folkesetnad på 2000–2500 (Grøtvedt 1954: 14).

I høg mellomalderen hadde skrivarane vanlegvis tittelen *klerkr* (eller *clericus* på latin), men *notarius* var òg bruka; i sein mellomalderen kjem tittelen *scriffwer* opp, truleg etter dansk mønster (KLN 15, sp. 696). Ein hende gong er skrivarar omtala i diploma, men me kjem ikkje nært inn på dei den vegen. Den beste kjelda til skrivarkollegiet som var tilknytt erkesetet, er difor den informasjonen me kan lesa ut av løningslistone i OER.

### 7.3.1 OER som kjelde til skrivemiljøet

I løningslistone for tilsette ved erkesetet for åra 1532–1537, det største manuskriptet av rekneskapsbøkene, er mange av dei tilsette oppførde med yrkestittelen *scriffwer*. Tilsvarande gjeld elles mange andre yrkesgrupper òg; og somme har samstundes eit tilnamn som fortel kvar dei kom frå. Stundom er andre opplysningar tilføyde, t.d. om einkvan har døydd eller slutta i tenesta. Tilnamna er ikkje alltid gjennomførde, men når same namn inkludert patronymikon finst fleire år på rad med same løn, og ein eller fleire gonger er kalla *scriffwer*, har eg gått ut frå at det er snakk om same person. Ved å følgje namna gjennom listone for desse åra, har eg kunna setje opp eit oversyn over det som må ha vore skrivarstaben ved erkesetet. I tabell 7.4 (s. 231) er skrivarane sorterte og førde opp med namnet dei har første gongen dei er nemnde (yrkestittelen er somtid avstytt), både for å få fram utviklinga i skrivarstaben og tilnamna som viser at somme hadde utanlandsk opphav.

Somme av dei har vore knytte til erkebisppegarden i Bergen og har fått løna si der (markert med *Bergis* e.l., sjå meir under), elles er merknader som *Orlov* (skrive <orloff> eller med partisippet <orloffwet>) og *RIP* (*requiescat in pace*) sjølvforklarande; andre gonger er folk som har gått or tenesta berre utstrokne det siste året dei er nemnde.

**Tillegg til tabellen** I DN VIII 582 (udatert, men må vera frå 1528–1529) er fire menn med tilnamnet skrivar nemnde: *Bencht*, som me finn att i tabell 7.4, og dessutan *Oluff scriffuer*, *Per Oluffsson scriffuer* og *Per scriffuer osterdall* som tydelegvis hadde slutta før listone tek til i 1532.

DN XXIII 410, Trondheim jula 1535, er ein avtale om utskriving av ein skatt, der det heiter at «erchebispenn befallede siinn eghenn scriffuere her Iakob» å skrive brev om saka til utsending. Den same skatteutskrivinga er omtala av Hans Rev i DN XXIII 416, der det heiter at «erchebispens eghen canceller» skal skrive om det. Sjølv om namnet ikkje er gjeve i XXIII 416, synest omtalen av «her Iakob» som kanslar å stri med DN XI 633, Bergen  $2\frac{1}{3}$  1536, som nemner «Gowthe Tharalldsson canceler».

DN XII 571 er ei liste over erkebispens folk, truleg frå slutten av mars 1537. Her finst Erik og Gunnar frå lista over, og dessutan ein *Nils schriffuer* som ikkje er nemnd med det tilnamnet etter 1534. (Nils er eit vanleg namn, så han kan ha vore tilsett heile perioden dersom yrkesnemninga er utelaten seinare.) Me finn dessutan både *Cristoffer Nielsson* og *Henrik Tysk*, som kan vera dei andre skrivarane nemnde i 1537 i tabell 7.4, og *Gaute Taraldson* og *Pether bardsker* som er kjende elles (sjå § 7.3.2).

Ein *Rasmus scriffuer* er omtala i løningslista for 1532, da han betalte løn til ein annan; dessutan står det i 1537 at ein *Nils Bertilson* «giordde reghenscap» (OER I: pag. 230) og altså må ha vore skrivekunnig. I *Bergensrekneskapen* er fire skrivarar nemnde: *Gunner scriffuer* (pag. 8), *Jens scriffuer* (pag. 33), *Oluff scriffuer* (pag. 41) og *Jon scrifuer* (pag. 41). Den siste kan vera Jon Simonsson, som heldt til i Bergen, men han er vanlegvis omtala med patronym. Gunnar var truleg setesvein i Rødøy, for han har betalt landskyld derifrå; om dei to andre kan me ikkje eingong gisse.

**Skrivarfunksjonen** I ei liste over «sancte Oluffz domkirkis szeteswenne» i 1533, (OER I: pag. 94–99, etter løningslistone for 1533), finn me *Matz scriffuere* i Troms og *Rasmus scriffuer* i Vesterålen. Nyssnemnde Gunnar var truleg setesvein, og det kan godt gjelde dei som var nemnde i DN VIII 582 òg. Det er vel truleg at desse setesveinane hadde med seg tittelen frå tidlegare karrierar; ein slik tittelbruk er kjend frå Sverike (KLN 15, sp. 695). Setesveinane, som erkebispnen tradisjonelt hadde 100 av, var

**Tabell 7.4** Skrivarar i løningslistone<sup>a</sup>

Namn	1532	1533	1534	1535	1536	1537
Benckt scriffwer	X	X	X	X	Orl.	
Erick scriffwer	X	X	X	X	X	X
Gunnar scriffwer	X	X	X	X B	X B	Orl.
Jon Symonþon scriffwer	X B	X B	X B	X B	X B	X B
Jon scriffwer	Orl.					
Jffwer scriffwer	B; orl.					
Jens scriffwer	RIP					
Jacob Hanson scriffwer	X	RIP				
Jens jwte scriffwer	X	X	X	Utstr.		
Michil Swendson scriffw.	X B	X	X B	Utstr.		
Michil scriffwer helsing <sup>b</sup>	X	X	Utstr.			
Niels scriffwer	X	X	X			
Niels Pedherson jwte <sup>c</sup>	X	X B				
Peder þelandzfar scriffw.	B; orl.					
Peder Jffwerson scriffwer	X B	B; orl.				
Peder Anderson helsing scriffwer	X	B; orl.				
Peder Gerichson scriffwer	X	X B	X B	X B	B; orl.	
Peder Laffrenzon iute <sup>d</sup>	X B	X	X	X	X	Orl.
Peder Benctþon scriffwer	X	X	X B	X B		
Torleff scriffwer	X	X	X			
Christopher Nielþon scri.			X	X	X	X
Joen helþing scriffuer			X	X	X	Utstr.
Peder Bottolsþon scriffu.			X B	X B	X B	Orl.
Henrick tysk scriffwer				X	X	X
Joren Bentsþon scriffuer				X	Utstr.	
Erich schriffuer swenske					X	Orl.
Mattis iute scriffuer					X	Orl.
Sum nemnde skrivarar	20	16	15	14	13	10

<sup>a</sup> X viser at skrivaren er nemnd det året, B at han hørde til i Bergen. Avgang er markert med «Orl.» = orlov, RIP eller berre med utstryking av namnet.

<sup>b</sup> Han er først kalla *swenske*, men dette er overstroke og *helsing* skrive i staden.

<sup>c</sup> Kalla *scriffuer* i 1533.

<sup>d</sup> Kalla *scriffuer* alle seinare år.

distriktsrepresentantar for erkesetet, med økonomiske, administrative og truleg òg militære oppgåvor, og måtte difor vera skrivekunnige (KLN 15, sp. 161–164; Dybdahl 2003: 313). Ludvig Daae har i ein artikkel om erkebispens setesveinar spekulert på om menn som hadde vore knytte til erkesetet i Trondheim, kunne få opprykk til setesvein (Daae 1890: 14). Han føreslår òg at ein annan setesvein, Nils i Ykersøyen (i Kvernes prestegjeld på Nordmøre), er den same som i DN VIII 680 (Oslo  $8/4$  1532, til erkebisp Olav frå kong Kristian II) er omtala som *Nielss scrifuere* (op. cit.: 7, note 9).<sup>20</sup>

Det er såleis truleg at «skrivarar» utførde andre oppgåvor enn berre skrivning. Ein *Peder scriuer* ser ut til å ha vore sendemann for Eske Bille:  $19/11$  1534 skriv erkebisp Olav til Eske at «Peder scriffuer Ether tiener kom hiit tiil oss» (DN XXII 272), og  $28/5$  1536 rapporterer den same Peder til Eske om forhandlingar med erkebisp (DN XXII 297). Fleire stader i diplomatariet finn ein tilvisingar til at menn med tilnamnet «skrivar» har stillingar som futar eller at dei fører rekneskapar. I avskrifta av Fredrik Is handfesting frå 1523 (jf. § 5.4.4) er desse nemningane sidestilte: *herris fougetter heller herris scriffuere* (pag. 8).

**Skrivarstaben** Det er fleire interessante ting å lesa rett ut or tabell 7.4, både når det gjeld opphav, rekruttering og administrasjon av skrivarane. For det første ser me at det har vorte færre av dei, nyrekrutteringa har ikkje halde tritt med avgangen. I 1532 fekk 20 skrivarar løn, tre av desse fekk same år orlov og éin døydde – dimed var det 16 skrivarar frå start i 1533. Éin av desse døydde og to fekk orlov, medan *Niels Pedherson jute* berre forsvinn sporlaust or registeret; supplert med tre nye er staben i 1534 på 15. Tre av desse forsvinn, for to av dei er det markert med utstryking, og to nye gjer at talet i 1535 er 14. Same prosess eitt år til gjev 13 i 1536, da to har fått orlov og éin er utstroken. I 1537 flydde erkebisp (landet), og det forklarar vel at det ikkje var nokor rekruttering, medan mange fekk orlov. Etter løningslistone var det berre fire som enno var i teneste i 1537.

Eit anna moment er at det tydelegvis har vore skrivarar fast stasjonerte på erkebispegarden i Bergen. Jon Simonsson har fått løna si der kvart år, og er òg nemnd som ombodsmann for erkebisp (der i fleire diplom frå denne tida, iallfall 1528–31). Han vart etter reformasjonen lagmann på Agder (sjå NBL). Han hadde ein skrivar ved namn Jørgen Jakobsson iallfall i åra 1529–30, etter DN VII 669, Bergen  $7/8$  1529, ei kvittering frå Eske Bille om at han har fått landskyld frå «erlig oc fornumstig swendt Jørgen Iacobsson schriffuere paa

<sup>20</sup> I DN VIII 673, Trondheim  $31/1$  1532, lovar ein *Niels Erlendszonn* å krevje inn skatt på Nordmøre for erkebisp og kongen. Det kan godt vera same mann, og at han så har vorte send til Oslo i april er rimeleg nok.



erchebiscopens gordt i Bergen». Ei liknande formulering, utan patronymet, finn me i DN VII 678 og 679 frå aug.–sep. året etter (sjå OER: 14\*). Men Jørgen ser ikkje ut til å vera omtala i løningslistone.

Når det gjeld opphavet åt dei totalt 27 skrivarane i oversynet, er fire nemnde *jwte*, tre *helsing*, éin *swenske* og éin *tysk*, altså åtte utlendingar. Me kan ikkje vita sikkert kvar resten kom frå, men sidan såpass mange har eit tilnamn som fortel om utanlandsk opphav, verkar det naturleg at dei som ikkje hadde det, var norske. Mange andre tilsette har òg liknande tilnamn (jf. registera over tilnamn og stadnamn, OER: 214–225): I den mangslungne gruppa er folk frå mange skandinaviske område, ein god del folk frå Nederlanda og dessutan nokre skottar, tyskarar og islendingar, og meir eksotiske innslag som ein færing og eit par franskmenn. Dette har naturlegvis òg gjeve eit språkleg mangfald.

### 7.3.2 Skrivarhender i OEJ og OER

Skrivarhendene er delvis markerte i OEJ og OER, med dei same signaturane for hender i båe bøkene. Sidan OEJ vart publisert først, tek OER utgangspunkt i hendene der og legg til nye. OEJ er hovudsakleg skriven av tre hender, A, B og C (framstillinga her er henta frå OEJ, innleiinga, s. 12\*–19\*). A har skrive tillegg til det både B og C har skrive, medan B har skrive tillegg til C, som i sin tur alltid byrjar fremst i legga og aldri skriv tillegg – men C har skrive ein stor del og tydelegvis byrja arbeidet. Skrivninga av jordeboka har altså vore eit samarbeidsprosjekt, der A har arbeidd til slutt. Ingen av desse hendene har vore involverte i OER. Hand D har skrive eit par sidor i jordeboka, og gjort rettingar til både A, B og C. Hand E har skrive eitt blad i sjølve jordeboka og eit par av lausblada; utgjevarane meiner han såleis berre har drive med førearbeid (laust blad XI kan ha vore førelegg for B; jf. § 5.4.5 om hand E). Hand F har skrive oversyna for Vestlandet samt nokre lausblad og tillegg til C.

I OER finn me att hand D og F, attåt fem andre som er kalla G, H, I, K og L; det finst òg eit par hender til som ikkje er skilde ut nøgnare (OER: 18\*–19\*). Her gjev D seg til kjenne: «ieg Peter bardsker» (OER: 149). Han er nemnd i løningslistone frå 1532, men namnet er overstroke; seinare er han nemnd kvart år, åra 1534–36 med merknad om at han fekk løna si i Bergen (jf. OER: 18\*). Han har skrive ein god del i *Sveineløn* (mest dei siste åra, og inkje før 1534), og dessutan i OER II, III, IV og V. Hand F har gjort nokre tillegg og rettingar i listone frå Nederland, samt mange innførslor i hovudlønslista. Hand G identifiserer seg som Gaute Taraldsson (OER: 158; jf. s. 18\*); han har skrive delane om hollandske sjøfolk, og nokre andre tekstar (sjå § 5.4.5,

s. 122). Både Peter og Gaute er spesielt interessante fordi dei har arbeidd med og skrive på lågtysk/nederlandsk attåt skandinavisk (sjå § 6.4.2). Dei andre skrivarane har skrive ymse mindre stykke og gjort innførslor i hovudlønslista.

Eitt døme på koss skrivarane har samarbeidd, er OER VI, rekneskap for hollandske båtsmenn 1536–1537. Rekneskapen er sett opp av Gaute Taraldsson, men ei ukjend hand har skrive ein innlagt setel og dessutan rekna over den siste utbetalinga. Denne handa brukar i motsetnad til Gaute arabiske tal i summane sine, eit av dei første døma på det. Elles har rekneskapane stort sett romartal, sjølv om «ein kvart» i løningslistone ofte er skrive  $\frac{1}{4}$  eller  $\frac{1}{4}$ .

Båe bøkene har altså vore samarbeidsprosjekt der mange skrivarar har vore involverte. Det ser òg ut til at dei somtid har skrive førelegg for kvarandre. Når dette tydelegvis var ein vanleg arbeidsmåte ved erkesetet, må det ha lege godt til rettes for å utvikle ei sams oppfatning av språk og rettskriving. Nett i eit slikt miljø kan ein vente at ein skrivetradisjon fester seg. Og som det vart vist til i kapittel 5, er ikkje variasjonen så altfor stor. På somme område er det ein tydeleg tendens til at ein sams praksis fester seg, medan andre variantar får stå som frie alternativ. Denne skrivetradisjonen overskuggar den ulike språklege eller dialektale bakgrunnen dei einkilde skrivarane hadde.

### 7.3.3 Profesjonalisering av skrivarstandet

Det biletet av eit fast sekretariat me får i rekneskapsbøkene, fortel om ei profesjonalisering av skrivarstandet og utvida rom for skrift i samfunnet. Gjennom domkapittelet i Nidaros har erkebispemenn hatt tilgjenge til skrivande folk, men har likevel tilsett ei rekkje faste skrivarar. Jamvel om me kan rekne med at desse skrivarane òg har hatt andre administrative oppgåvor knytte til den daglege drifta av erkebispegarden og Steinvikholm, tyder dette på at skriftproduksjon no var vorten langt meir omfattande enn den hende oppsetjinga av eit diplom i tidlegare tider.

For å setje dette sekretariatet inn i ein språkhistorisk samanheng, kan me jamføre med undersøkinga av kongskanselliet i gammalnorsk tid i Hagland (1986). Han finn at kongen har nytta «eit tjuetals skrivarar i den perioden me kan identifisera dei ut frå signatur i dokumenta, dvs. i tida frå slutten av 1280-åra til om lag 1350» (op. cit.: 228). Samtidige brev med ulike skrivarar viser at kongen på 1300-talet kunne ha nokre få skrivarar samstundes, men langt færre enn det erkebispemenn heldt seg med to hundre år seinare. Dette bør òg vise til ein auke i den generelle skriftproduksjonen, og syner at samfunnet gjekk gjennom ein brei litterariseringsprosess i seinmellomalderen, sjølv om

det ikkje viser att tydeleg i kjeldone.

I § 5.5 freista eg skilje ut ulike skrivarhender i dei nær likelydande DN XVI 578–582. Konklusjonen min der var at det truleg var tre skrivarar som arbeidde med desse fem breva, og da anten frå eit sams konsept eller samstundes etter diktat, må me tru. Dette impliserer ein praksisfellesskap, uansett om skrivarane var utdanna i Trondheim eller innvandrarar. Dei store likskapane i handskrifta i desse breva må tilskrivast ein sams skrivarskule og gjer identifiseringa av einskilde hender vand.

**Praksisfellesskap** I OEJ og OER ser me heilt konkret koss skrivarane samarbeidde, og me har likeins sett koss fleire skrivarar arbeidde samstundes med brevskrivning. Dette gjev grunnlag for å snakke om ein praksisfellesskap, eit omgrep som er utvikla i læringsteori. Wenger (2006: 1) definerer omgrepet slik: «Communities of practice are groups of people who share a concern or a passion for something they do and learn how to do it better as they interact regularly». Han set opp tre viktige moment som karakteriserer dei:

**Domene** Praksisfellesskapen «has an identity defined by a shared domain of interest».

**Fellesskap** Innanfor dette domenet deltek medlemene i felles aktivitetar, som gjer det mogleg for dei å lære av kvarandre.

**Praksis** Praksisfellesskapen er meir enn ein interessefellesskap, *praksis* er eit viktig ord her. Medlemene utviklar sams praksisar, meir eller mindre medvite.

Alt dette høver vél som skildring av den situasjonen som må ha rådd i kanselliet i Nidaros, og som me får glimt av gjennom løningslistone, bøkene og diploma. Omgrepet 'praksisfellesskap' er som nemnt utvikla for læringsteori, og miljøet må ha gjeve skrivarane rikt høve til å lære av kvarandre. Det er dimed ikkje uventande at språket er såpass einskapleg som det er.

#### 7.3.4 Erkesetet i trøndsk og norsk kontekst

Sjølve argumentasjonen for dette prosjektet er at skrivemiljøet ved erkesetet var det viktigaste i Noreg, og overleveringssituasjonen for skriftminna gjer at det framstår enda meir dominant enn det elles ville gjort. Det synest likevel som det var eit sjølvstendig skrivemiljø kring lagmannen, og det er òg tekstvitne som fortel at det vart skriva i dei andre kyrkjelege miljøa i Trondheim. Byen hadde i seinmellomalderen fleire kloster: Der var dominikanarar og fransiskanarar, augustinarane heldt til i Elgeseter kloster, og på Nidarholm var benediktinarane; dessutan var det eit nonnekloster på Bakke.

Dei spreidde døma me har frå desse miljøa, tyder på at dei ikkje har følgt den språklege utviklinga ved erkesetet. Såleis ferdar abbet Jon Lavransson i Nidarholm ut eit brev om eit makeskifte med ein kannik <sup>27/9</sup> 1516 (DN I 1050) i ei nokså norskfarga språkform. I nokon mon hjelper nok det tradisjonelle temaet på, men skilnaden frå skriftene frå erkesetet er likevel merkande. DN XII 387, Trondheim <sup>8/11</sup> 1526, er eit privatbrev frå lektor Robert ved dominikanarklosteret i Trondheim<sup>21</sup> til ein ven i klosteret på Tautra, dagsett <sup>8/11</sup> 1526, er meir svenskleta:<sup>22</sup> *iak, iagh* (men *iegh* første gong ordet er bruka), indikativ *i haffwen, lonthen*, imperativ *wnnen, lathen wara*.<sup>23</sup>

Ein Torstenn Askillsson får <sup>9/12</sup> 1516 ferda ut eit brev i Elgeseter (DN II 1055, brevet bed kong Kristian II lata ei arvesak bli avgjort i rettarting). Språket er dansk, med ein del *a*-endingar som like gjerne kan vera svenske som norske; Kolsrud (1922: 140) kallar språket i brevet «meir dansk» enn ein del andre brev frå same tid. Elgeseter var ei kannikstifting (såleis Storm 1902: 16, medan Hamre 2004: 188 med atterhald skriv om «parallellinstitusjonar»). Sambandet blir understreka av at Erkebisp Olav i 1532 sender eit brev «ex monasterio Sancte Sedis prope Nidrosiam» (DN VIII 705), som vel må vera Elgeseter, og DN XII 552 omtalar klosteret i same vendingar. Dessutan nemner DN VIII 406, Trondheim <sup>26/6</sup> 1479, ein «Jngewaldus prior canonicorum regularium sancti Augustini in Sancta sede apud Nidrosiam» 'Ingvald, prior over St. Augustins kannikar ved det heilage setet i Nidaros'. Ei tilknytning til språkbruken hjå domkapittelet er difor naturleg, og han var, som me før har sett, norskprega noko lenger enn språket i tekstar som gjekk ut frå erkebispens sjølv.

Trondheimsdominansen er stor, og ein bør òg ta omsyn til at mange av breva som er heimfeste andre stader, i røynda var skrivne av einkvan frå byen (jf. § 7.2.1 over). Til dømes er berre fire av breva utanfor kyrkjemiljøet i perioden 1510–1522 heimfeste utanfor Trondheim (moderne kommunar i parentes): DN VIII 480, Alstadhaug (Levanger) 1513; DN XI 295, Grip (Kristiansund) 1513; DN DN V 1033, Auglen (Verdal) 1522; og DN XI 309, Ålen (Holtålen) 1522. Her kan ein jamføre med situasjonen noko tidlegare: Hagland (2006: 84) finn at alle brev frå Trøndelag i perioden 1430–1439 «kan

<sup>21</sup> DN XI 581 (ikring 1531–1532) nemner 18 geistlege som dømde abbet Mattis i Tautra. Alle dei klostergeistlege er nemnde med tilhøyrsløse (*Holm, Ellesetter* eller *Graabrøder*), unntekte *lector Robert* og éin til, så det er truleg at desse to var dominikanarar (svartbrør).

<sup>22</sup> Tylden (1956: 26f, 94) nemner brevet to gonger. Første gong kallar han det «svensk-farga», andre gong skriv han at «trass all blanding er målføret i brevet helst austlandsk»; denne domen av ein røynd målgranskar fortel vel først og fremst kor vanskeleg det er å bruke slike kategoriar på skriftspråket i (sein-)mellomalderen.

<sup>23</sup> Temaet er litt artig: Avsendaren takkar sin ven Peter i Tautra-klosteret for lånet av eit par støvlar, som diverre «ffaaræ illa i thet orenæ fæærith». Men han lovar å erstatte dei.

førast attende til skriftspråksmiljøet i Nidaros, same kor i Trøndelag breva formelt sett er utferda».

## 7.4 Språkleg medvit

Naturlegvis kan ein ikkje gje noko sikkert svar på spørsmål om koss folk tenkte i ei onnor tid. Deira samfunn var annleis enn vårt, og dei delte fulla inn verda i andre mentale kategoriar enn me gjer. Eg synest likevel det er på sin plass å drøfte spørsmålet om språkleg medvit i eit arbeid som tek sikte på å skildre eit skrivemiljø og språksamfunn. Diskusjonen her byggjer på det som er lagt fram tidlegare i avhandlinga, og spør kva språk skrivarane kunne, koss dei vurderte språk, og koss dei utnytta språklege skilje. Kan skilnadene i språkbruk som eg har vist til tidlegare, forklarast med prestisjeskilje mellom språk, eller blir det ein anakronistisk analyse frå vår tids språkoppfatningar? Sandøy (2011b) har åtvare mot slike tilnærmingar til den norske språksituasjonen i seinmellomalderen, og koss ein har lett for å lesa si eiga samtid inn i fortida (jf. òg Sandøy 2000). Me skal vera klåre over faren, men det må ikkje hindre oss i å stille spørsmålet.

Eit første og grunnleggjande spørsmål er kva kategoriar som eksisterte for språk og identitet, for først når ein identitet (på eitkvart geografisk nivå) er etablert, blir det mogleg å knyte han til eit språk eller ein dialekt. Eit medvit om språklege skilje må me rekne me har funnest; folk legg merke til koss andre talar. Bergs (2012: 90f) nemner dette som eit døme på uniformitetsprinsippet (jf. § 3.1.2), noko som alltid må ha vore tilfellet i alle språksamfunn, og gjev som døme måten Chaucer († 1400) utnytta dialektar i skildringa av karakterane sine. I vår samanheng blir eit viktig spørsmål om skilja vart oppfatta på nasjonalt nivå (norsk, svensk, dansk), eller på meir regionalt eller lokalt nivå, slik me i dag skil mellom trøndsk, sognemål o.a. Eg skal først gje att noko av hovudinnhaldet i Gustafsson (2000, særskilt kap. 9), som har drøfta «identitetsföreställningar och deras roll» i Norden tidleg på 1500-talet.

### 7.4.1 Identitetar

Eit viktig poeng for Gustafsson er at ein kan snakke om identitetar på fleire nivå, t.d. region, riksnivå, og som kristne (ein attergangar i den tids retorikk). Bruken av innbyggjarnamnet «helsing» som tilnamn i OER (sjå § 7.3.1), jamvel slik at det i eitt høve først er skrive «swenske», men seinare retta (tabell 7.4 (s. 231), note b), tyder på at tilhøyrslse til landskapet har vore viktigare enn nasjonen iallfall i dét høvet. Tilsvarende regionale tilnamn frå

Noreg er «østerdall» (OER: 92, 117), «Nordmør» (OER: 117) og «Romsdal» (OER: 120), men når «Tonsbergh» (OER: 121) er bruka, kan det vel vera at me er nærare Stompa-namngjeving enn uttrykk for regional identitet. Nett Helsingland trekkjer Gustafsson fram som eit område som ofte opptrådde sjølvstendig, til liks med Dalarne og Jamtland; både landskapsnamna på *-land* og samtidige kommentarar som at «Fyn er it lidet Land» (op.cit.: 300f) tyder på den tids språkbruk skilde mellom 'land' og 'rike'. Gustafsson oppsummerer slik:

Sammanfattningsvis fanns förvisso uppfattningar om att svenskar, danskar och norrmän var tre folk med olika språk och kultur, knutna till i någon mån territoriellt definierade riken. [...] Hur starka regionala och lokala identiteter har varit är osäkert. Troligen har den samhällseliten mer än andra haft sin identitet knuten till en mer omfattande 'ethnie', men den har existerat, tillsammans med andra identiteter, också för andra (op.cit.: 309).

Metoden hans er stort sett å undersøkje kva slags argument som vart bruka i politisk agitasjon, der ein idé om 'riket' går att, men somme av døma syner òg ein viss pragmatisme, og argumentasjonen kunne t.d. vera basert på «den kristna, evangeliska gemenskapen [...] Om de inblandade var norrmän eller svenskar var i [detta] sammanhanget ointressat» (op.cit.: 286). Og Olav Engelbrektsson, som i tradisjonell historieskriving ofte er framstilt som ein forkjempar for norsk sjølvstende, bruka ikkje slike argument, men pukka i staden på den konstitusjonelle retten det norske riksrådet hadde til å velje ny konge (op.cit.: 303). Men nasjonal argumentasjon var mogleg, som det går fram av Grevefeiden i Danmark, «där motsidans 'utländskhet' gärna betonades av båda parter i striden» (op.cit.: 291). Det er gjerne snakk om «innfødde menn», men da er det med referanse til rettane dei hadde (t.d. til kongelege len), ikkje nokor meir abstrakt nasjonalånd. Og 'framand' vart i denne samanhengen automatisk knytt til 'tysk', slik me såg i DN X 578 (sommaren 1529, sitert i § 6.4.1): Der er det snakk om «fræmmende» som skal ta over landet, og reaksjonen er otte fordi folk ikkje forstår tysk – altså blir omgrepet 'framand' direkte kopla til språket.

I norsk samanheng har særleg Kåre Lunden (t.d. 1995) vore målsmann for ein norsk nasjonalisme i høgmellomalderen. Han peikar på den relativt sterke sentralmakta og den norske leidangshæren som strukturelle føresetnader, på nasjonsbyggjande element i dei eldste historieverka og kongesogone, og dessutan på ein terminologisk skilnad: Kongen i Noreg var *noregskonungr*, han herska over landet Noreg, medan naboane var *danakonungr* og *svíakonungr* (gen.pl. av folkenamna), dei herska over folk; denne skilnaden i

nemningsbruk koplar han til eit høgre utvikla *nasjonalt medvit* i Noreg. Noko meir atterhalden sluttar Bagge (1995) seg òg til tanken om at ideen om Noreg som eitt land eksisterte.

Det synest altså som historikarane meiner at ein slik tankefigur var kjend for mellomaldermannen. Så blir spørsmålet kor sterkt denne ideen var knytt til språket, og vidare om oppfatningane av talemålet var knytte til skriftspråket; ei slik overføring synest sjølvsgd for oss i dag, men var det kanskje ikkje i seinmellomalderen.

**Språklege identitetar** Sitatet av Gustafsson over viste eksplisitt til «tre folk med ulike språk och kultur», men det er nok mogleg å hevde at han trekkjer konklusjonen lenger enn han eigentleg argumenterer for. Lunden (1995: 32) skriv òg at «Norway was linguistically homogeneous and to some extent distinctive», utan at eg kan finne argument som underbyggjer den påstanden i artikkelen. For det er ingen automatikk i at ei førestilling om eit «norsk» folk busett i «Noreg» samstundes vart kopla til eit nasjonalspråk. Det er velkjent at *dønsk tunga* var ei samnemning for språka i Norderlanda til inn på 1300-talet, og ideen om ei slik språkleg eining er kjend seinare òg (KLN 2, sp. 662–664); da nemninga *norræna* kom i bruk om språket frå 1200-talet, dekte det til å byrje med likeins alle dei skandinaviske språka (KLN 12, sp. 356f).

Som ein kontinental parallell til at landegrensor ikkje vart direkte knytte til språklege skilje, har eg tidlegare vist at alle dialektar av høg- og lågtysk, medrekna nederlandsk, oftast vart samla under termen ‘tysk’ (§ 6.4). Sandøy (2000: 877) argumenterer for at «anfangs des 16. Jahrhunderts [wurde] ‘Norwegisch’ nicht auf eine eigene Sprache im Gegensatz zu ‘Dänisch’ bezogen», og at adjektivet var knytt til opphav og rettar, ikkje abstrakte kulturomgrep.

Gustafsson (2000: 85) har likevel døme på at språk kunne brukast i politisk argumentasjon: Da Gustav Vasa i 1523 prøvde å vinne Skåne, Halland og Blekinge, var eitt av argumenta han nytta overfor ålmugen at dei hadde «et twungamaal ok alla aathlefwor ok seder [...] efther Swenske». Jamvel om dette er politisk propaganda og ikkje lingvistisk analyse, skulle det tyde på ei oppfatning av at skånsk likna meir på svensk enn andre danske dialektar. Og enda klårare uttrykkjer Gustav Vasa eit oppfatta klårt skilje mellom svensk og dansk i eit brev til ein fut i 1530 (sitert etter Gustafsson 2000: 295): «Och må tw segia thin scriffuare til att han blifwr with sitt modermåll swensken när han scriffwer [...] och scriffuer oss jcke Jeg för Jag till». Her har me altså ei slik tematisering av (skriftspråklege) skilje som eg etterlyste, og der dette skiljet er eintydig knytt til riksgrensa.

I DN II 1127, Oslo <sup>30</sup>/<sub>1</sub> 1539, vitnar tre borgarar i Oslo om at dei har

studert ein rekneskap «paa hollendsche maall schreffuit» og funne det «som her effter schreffuit staar paa danske» (jf. dømme (18) på s. 186). Her er dansk bruka om det språket dei skriv i Oslo, og teksten er verkeleg dansk, utan klåre norske målmerke. Sitatet viser eksplisitt til skrift, og det kan kanskje vera eit poeng: Ein nærliggjande tanke frå ein moderne synsstad er at dei visste at skriftspråket var framandt og annleis enn den lokale dialekten. Men det er ikkje sikkert dei sjølve såg slik på det; kanskje vart ikkje oppfatningar om dialektar knytte til skriftspråket på same måte som me gjer i dag. Termen treng difor ikkje vise til dansk språk, men at det skriftspråket som var det vanlege, vart kalla dansk.

**Messor på norsk og dansk** To sjeldne gonger er nemningane ‘norsk’ og ‘dansk’ bruka om språk i det materialet eg har undersøkt. Båe gongene dreier det seg om kritikk mot messor på morsmålet, fremja første gong i eit notat til riksmøtet i Bud ettersommaren 1533 (DN X 674 = NgL 2. r. IV 171), og seinare som ein del av klagemåla mot Nils Lykke sommaren 1535 (DN XI 621). Uttrykka er nokså like i dei to høva:

- (1) a. Jtem messzer holdis vppaa norske ymott thenn hellige kirkes skiick och budh
- b. *item* han haffuer latit holdiit messer paa danske och latit giort bryllop paa forbodne tiider oc latit døpe barnn mot then hellig kyrkes skic och bud

Det primære i denne samanhengen er motsetjinga til latin som kyrkjespråk, dvs. reformatorisk messeskikk (Gustafsson 2000: 295f gjev att nokre merknader om folkemålet som liturgisk språk i Sverige). Eg viste over til at identitetar kunne knytast til religion like gjerne som land, og katolsk mot protestantisk var nok ein tankefigur som byrja bli viktig på denne tida. Jamvel om me ikkje kan seie for visst kva språkleg røyndom nemningane i (1) viser til, er det interessant at dei er bruka i det heile. Men viser dei til ein «Gegensatz» mellom dei to språka, eller er dei likeverdige nemningar for folkemålet?

Det er eit ope spørsmål kor åtskilde dei språklege registera eigentleg var i medvitet åt språkbrukarane, men denne nemningsbruken kan tyde på at dei iallfall hadde kategoriar til å skilje dei. Og noko av den variasjonen som finst, tyder på at skrivarane kunne justere språkforma av omsyn til mottakaren, slik at svenske former ser ut til å vera vanlegast i brev til Jamtland og Herjedalen (§ 5.1.5), medan markerte norske former helst dukkar opp i jordebøker og rekneskapsnotat (§ 5.4.5) med lokal forankring. I § 5.4.5 vart det òg vist til



ein skrivar som varierte rettskrivinga si på aksen norsk–dansk. Det tyder på at skilja har vorte oppfatta og utnytta.

**Norsk språk som markering?** Eg viste i § 7.2.2 til at riksrådet i 1481 sende ut DN V 915 på norsk. Kristian I døydde i 1481, og i interregnet til ein ny konge var vald, styrde riksrådet. Fram til det endeleg tok Hans til konge i 1483, freista det norske riksrådet å hevde norsk sjølvråderett andsynes Danmark (§ 2.2). Eit utslag av denne politikken var utnemninga av Torleiv Bjørnsson til hirdstjore på Island.<sup>24</sup> Språkvalet i dette brevet kan ha vore ei medviten markering av fråstand til Danmark som samtundes understreka det nasjonale sjølvstendet.

Dette er heilt parallelt med den grunngjevinga som er gjeven for språkforma i handfestinga hans Karl Knutsson Bonde frå 1449 (NgL 2. r. II 5) – «sjeldsynt rein og høgtideleg norsk», som Indrebø kallar det – nemleg at det var ein «nasjonal demonstrasjon» (Indrebø 2001: 183). Ei slik forklaring føreset eit høgt utvikla medvit om språk og nasjon, eit medvit som truleg ikkje fanst på same sett i mellomalderen som i dag, og Sandøy (2000: 874) reserverer seg mot ei slik tolking, utan å sjølv koma med andre konkrete forklaringar: «Sicher ist diese Deutung allerdings nicht, die Wahl der norwegischen Sprachvariante kann letztlich auch andre Gründe gehabt haben.» Ein slik grunn kan vera at språket kan forklarast som ‘gammalt’ heller enn ‘norsk’. Gustafsson (2000: 275ff) viser til at det ofte vart argumentert med at alt hadde vore betre før. Ein kan såleis sjå på den konservative språkforma som ein freistnad på å gje den politisk nokså tvilsame handlinga eit skin av legitimitet.

Gustafsson (2000: 303) nemner at Olav Engelbrektsson ikkje argumenterte nasjonalt, men statsrettsleg. Det var dei hevdvunne rettane åt det norske riksrådet og den katolske kyrkja han ville tryggje, ikkje «Noregs sjølvstende». Om språket var ei nasjonal markering i 1449 og 1481, langt frå sikkert det heller, var det tydelegvis ikkje eit aktuelt verkemiddel i 1530-åra. I interregnet i 1533 stadfeste riksrådet <sup>29/9</sup> 1533 ein alltingsdom, og skreiv da dansk (DI IX 564). DN VI 726, Trondheim <sup>7/1</sup> 1536, er i namnet utferda av «bønder oc menige allmuge wdj Trondelagenn», men erkebispem stod fulla attom, og fortel om hendingane i Trondheim den jula. Dette skulle òg vera eit glimrande høve til å markere sjølvstende med norsk språkform, men brevet er på dansk.<sup>25</sup> Dette kan ikkje tolkast annleis enn at språkforma ikkje var

<sup>24</sup> Talande nok utnemnde kong Hans <sup>26/11</sup> 1483 Didrik Pining til denne stillinga, med grunngjevinga at Torleiv Bjørnsson aldri kom til Danmark for å lova kongen truskap, slik avtalen var (DI VI 448; jf. DBL om Didrik Pining).

<sup>25</sup> Det er rett nok berre kjent frå ein samtidig kopi, men det er lite truleg at avskrivaren

tilgjengeleg eller naudsynt som eit uttrykk for nasjonalt medvit og identitet i 1530-åra. Her er det heller ingen klår nasjonal argumentasjon, men det blir vist til «Norriges schreffne laug, oc gode landsens gamble sedwennie».

### 7.4.2 Språkkompetanse

Eg peika i § 5.1.5 på at ein del av breva frå erkebisperne før 1500 viser tydelege svenske innslag; jamvel om somt finst spreidd i andre tekstar, gjeld dette spesielt eit par brev til folk i Jamtland og Herjedalen. Det ser såleis ut til å vera eit døme på mottakartilpassing, at språkforma i eit brev blir justert i retning av mottakaren. Mottakartilpassing er først og fremst kjend som ein strategi frå ålmuge eller lægre tenestemenn til sosialt høgrestilte (Hødnebø 1971: 149), men det er vanskeleg å sjå dette på anna vis.

Frå seinare tider veit me for visst at erkebisperne hadde svenske skrivarar i tenesta si (§ 7.3.1), og det kan kanskje ha vore tilfellet tidlegare òg. I så fall er det mogleg at nett slike skrivarar vart nytta i brev til svenske mottakarar. Men uansett om det var slik at norskfødde skrivarar kunne krydre språket sitt med svenske ord og uttrykk, eller om svenske skrivarar fekk arbeidet med å skrive denne typen brev, må det fortelje om eit medvit om språklege skilnader i Skandinavia, og ein vilje til å ta omsyn til desse skilja i skrift. Ein kan altså ikkje slutte frå eksistensen av svenskprega tekstar til at skrivarane var dyktige nok til å variere språket sitt på den måten, men om forklaringa i staden er arbeidsdeling, vitnar det uansett om at slike språklege skilje vart oppfatta som viktige.

Som vist over, er det truleg at dei fleste skrivarane var norske. Det språket dei lærde å skrive, var ikkje ei direkte skriftfesting av noko norsk talemål, men følgde danske mønster. Dei tileigna seg ein skriftleg kompetanse og meistra dansk skriftspråk godt. Dette gjeld òg svenske skrivarar. Frå den tida me kjenner sikkert til slike, har dei sett mindre spor etter seg enn i tida før 1500, berre eit hende *jach* og eit par partisippformer (*burit*) hintar om svensk opphav. Dette er eit tydeleg teikn på den skriftlege kompetansen og språknorma som rådde.

**Latin** Det er før slege fast at skrivarane ved erkesetet alle meistra latin, om enn i ulik grad. Ikkje minst i rekneskapar og jordebøker finn me språket, både i faste uttrykk og friare formuleringar. Somtid kunne latin bli bruka medvite for å markere gruppetilhøyrse, slik at kyrkjas menn skreiv latin seg imellom; men bruken av latin i meir uformelle notat av ymse slag, som jordebøkene, har ingen slik funksjon og må snarast vurderast som umarkert språkbruk:

---

skulle greie å reinske ut alle norske former, om dei var tydelege i originalen.

Latin var ikkje framandt for skrivarane den gongen, men ein skriftleg kode dei kjende seg heime i. Som ein parallell skildrar Wollin (2000: 47) stoda i Sverige slik:

[L]atinet var under medeltiden – liksom i viss mån under äldre skeden av nyare tid – *icke* ett främmande språk i Sverige. Latinet var tvärtom ett inhemskt språk – inte ett folkspråk förvisso, men inhemskt. [...] Det självklara bruket av latin utgjorde en fullständigt integrerad och helt naturlig dimension av den skriftliga språkkompetensen inom det smala skikt av befolkningen som bar upp skriftkulturen, alltså hos dem som skrev och läste.

Wollin er sjølv inne på at latinkulturen vel stod sterkare i Sverige og Danmark enn i Noreg og Island, men langt på veg må det same ha vore tilfellet her òg: Latin var ikkje framandt i erkebispemiljøet, som den utvungne språkføringa i dei administrative skriftstykkja og døma på setningsintern kodeveksling viser.

**Lågtysk** Me har tidlegare sett døme på at somme skrivarar kunne skrive lågtysk, og dei innkomande breva på lågtysk skulle tyde på at det var vanleg å kunne lesa det. Det er kjent at mange nordmenn hadde studert i Tyskland, særleg var Rostock populært, og truleg lært å tala lågtysk der. Referansar til talemål er likevel sjeldne i kjeldone, men i DN I 1059, Erik Valkendorfs klagebrev til det danske riksrådet (Roma <sup>13</sup>/<sub>2</sub> 1522), er faktisk ei utsegn attgjeven på nederlandsk:

(2) [...] hwn sagde paa tydske<sup>26</sup> min suster wil iw in den torn hebben, wnd sy wil iw doet hebben, och spoerde megh [...]

Sitatet er frå ein samtale Erik hadde med syster hennar Sigbrit Willems i Amsterdam. Dette dømet er ikkje parallelt med dei eg gav i § 6.4.2 på skriftleg kodeveksling, fordi det viser til ein situasjon der det vart tala nederlandsk. Men det syner iallfall at erkebispemiljøet og/eller skrivaren hans har kunna nederlandsk, sidan han kunne gje att sitatet lenge etterpå. Og ikkje minst viser det ei forventning om at dette var forståeleg for mottakaren, i dette høvet det danske riksrådet. Motsett viser fleire utsegner og vitnemål frå tyskarar (§ 6.4.1) til manglande forståing av skriftleg dansk.

Handsaminga av lågtyske lånord vitnar somtid om god kjennskap til språket. Desse lånorda fekk den same leniseringa i dansk som heimlege ord,

<sup>26</sup> Merk at språket blir kalla «tydske», jamvel om det må ha vore ein hollandsk dialekt (jf. note 32 på s. 187).

men står gjerne med sin lågtyske/norske konsonant i norske tekstar. Eit døme er suffikset *-skap*, som somtid kunne få forma *-skaff*, men oftare *-skap* (§ 5.6.1). Orda er da assosierte med lågtyske former skrivaren må ha kjent.

Tufta på spreidde metaspråklege merknader, handsaminga av lånord og døma på lågtysk skrive ved erkesetet (spesielt ved erkebispegarden i Bergen, naturleg nok), er det freistande å setje fram ein hypotese om at nordmenn og danskar, iallfall innan visse samfunnsslag, kunne forstå og til dels skrive lågtysk, slik det har vore hevda i litteraturen (§ 6.4.1). Men dette var tillært, ikkje basert på a priori forståing av ein nærskyld varietet, og gjaldt tydelegvis ikkje hin vegen. Nordmenn (og danskar) var tospråklege, tyskarar generelt var det ikkje. For tyskarane som var busette i Bergen og hadde jamleg kontakt med nordmenn, må me naturlegvis rekne med at det same gjaldt som for nordmennene: Dei hadde lært seg å forstå språket.

### 7.4.3 Kan ikkje, vil ikkje eller bryr seg ikkje?

Eg sette tidleg fram spørsmålet om den norske interferensen i det danske skriftspråket er eit resultat av fåvit eller språkleg sjølvstende. Det er òg mogleg at heile spørsmålet er anakronistisk og overfører notidig oppfatningar om ortografi og språk på ei heilt onnor tid; for det er uklårt kor tydeleg språkbrukarane i seinmellomalderen skilde mellom dei ulike språka.

Trudgill (2000: 72) stiller eit tilsvarende spørsmål om tilhøvet mellom norsk og lågtysk i mellomalderen; var det slik at «they did not really care about what language they were speaking, as long as communication was possible, and whether they were separate languages or not?» Måtar å finne svar på dette spørsmålet, vil vera å sjå etter metaspråklege kommentarar, eller meir omveges sjå om ein kan finne systematisk variasjon mellom språkbruk i ulike situasjonar.

**Språk og stil** I § 3.3.1 drøfta eg koss ein kan sjå på tekstar innan ulike register eller sjangrar, på ulike formalitetsnivå, for å finne ut kva prestisje ulike språkformer har hatt i tidlegare tider; dette vart prøvt i praksis i kap. 5. Det viste seg da at dei seinaste døma på tydeleg norsk preg finst i jordebøker, rekneskapar, avskrifter og notat, ikkje i offisielle sendebrev. Tekstar med særleg mange norske former er nokre notat (t.d. til Bud-møtet i 1533, klagemåla mot Nils Lykke), ein del rekneskapsnotat (t.d. ei særnorsk dialektform som *huggu*) og gjennomgåande i jordeboka. Sendebrev ser derimot ut til å ha meir dansk preg, og dette blir tydelegare etter kvart. Dette kan tyde på at det i slike samanhengar var viktigare å skrive «god» dansk enn elles,

anten dette no kjem av kva skrivarar som fekk oppgåva, eller at same skrivar kunne følgje ulike språklege stilar.

Eit viktig døme, som diverre står nokså åleine, er hand E i OEJ. Det viser at minst éin skrivar var dyktig nok til å variere språket sitt mellom meir eller mindre dansk/norsk. Me veit ikkje om ei meir fullstendig overlevering av tekstane frå den tida kunne gjeve oss fleire slike døme. Om det elles kan vera arbeidsdeling som ligg attom, slik at dei «beste» skrivarane fekk i oppdrag å skrive t.d. sendebrev, meiner eg at same argument kan brukast: Skiljet mellom meir og mindre norsk i tekstane tyder på at dette har vorte oppfatta som meiningsfullt. Det skrivarane oppfatta som prestisjespråket som høvde best i autoritative sjangrar, var det som likna mest på det kongen og adelen skreiv, og det var dansk.

**Norsk og dansk** At me kan finne både «norsk» og «dansk» bruka om språka, samt systematisk variasjon i språkforma mellom meir eller mindre norsk/dansk, viser at skrivarane har oppfatta skilnader mellom dei skandinaviske språka. Dette er likevel noko heilt anna enn å fastsetje *kva* dette skiljet ligg i, og koss ein skal skrive for at det skal vera god norsk eller dansk.

For utlendingar har ikkje dette skiljet vore like tydeleg, kan det sjå ut til. I DN V 1077 og 1091, to nederlandske omsetjingar av skandinaviske brev (ei kvittering frå erkebisp Olav og ei kunngjering frå Kristoffer Huitfeldt om gjelda etter Olav), er det tilføydd at brevet var «originaliter in denss oder noirwegens gescreuen ende nae auergesat in duetsche» (her etter 1077; 1091 har omtrent same formulering).

Eit interessant døme på den persiperte skilnaden mellom norsk og dansk finn ein i landsvist- og gridsbrev, som gjennom heile 1500-talet vart skrivne på eit slag norsk. Men etter som kontakten med det gamle skriftspråket vart broten, og kanslarane gjerne var danske, fekk somme uttrykk nye former. Spesielt er den tradisjonelle publicatioformelen *vér viljum at þér vitið* stundom sterkt omforma, som t.d. *wer wiliom at er<sup>27</sup> witta at* (DN I 1083, 1534). *Þér* kunne òg få forma *their*, truleg slik at det er omtolka til 3. person, og blir ein «hypernorvagisme» i ein teksttype som skulle vera på norsk (Tylden 1956: 19).

Blomqvist (2011: 128) meiner dette tyder på ein diffus språksituasjon og konkluderer med at «[b]reven bär vittne om låg medvetenhet kring språkformen och liten ansats till språklig standardisering hos skrivarna». Men her er situasjonen at desse to typane diplom heilt opplagt følgde eldre modellar, inkludert språkforma, ikkje det vanlege skriftspråket på 1500-talet. Såleis må

<sup>27</sup> Forma *er* i 2.p.pl. finst i norske tekstar berre i nokre av dei eldste kjeldone, og aldri i diplommålet (Tylden 1956: 8f), så dette er ei om- eller feiltolking.

det liggje ein *høg* «medvetenhet kring språkformen» attom dei konkrete vala i desse diploma, som ikkje var del av ei språkleg standardisering, men ein blindveg i språkutviklinga – dei er ikkje opphav til nokon seinare varietet.

**Eit islandsk apropos** DI IX 135–137, <sup>15</sup>/<sub>7</sub> 1523 (berre 136 er datert, men dei må vera om lag samtidige), er tre brev med dels same innhald frå bisp Ögmundur i Skálholt til høvesvis kong Kristian II, erkebisp Erik Valkendorf (for seint, han var allereie avliden) og erkeidekn Olav Engelbrektsson; alle tre er overleverte i brevboka åt bispen.<sup>28</sup> Brev til både kongen og Erik er på eit slag dansk-islandsk; dels skriv Ögmundur vél så dansk til erkebispen, t.d. konsekvent *wij* mot stort sett *vier* til kongen. Tidlegare skreiv han islandsk til Erik, sjå DI VIII 592 ([våren 1521]) og IX 71 (<sup>21</sup>/<sub>5</sub> 1522), så dette må tydelegvis vera eit medvite val. Brevet til Olav er derimot skriva på vanleg islandsk. Det verkar som Ögmundur kjende Olav, han viser til «dygd og æru. ord og verk. er þær syndud oss og voru folke i sist i Þrandheim», og sluttar vel derifrå at Olav godt kan lesa islandsk. Han vel iallfall å tilpasse språket sitt til danskane, kongen og erkebispen, men ikkje til nordmannen. Eg har ikkje leita systematisk, men kome over eit liknande brev til bisp Hoskuld i Stavanger (DI IX 570, <sup>18</sup>/<sub>1</sub> 1534); det er òg på islandsk. Årsaka kan gjerne vera kombinasjonen av rang og morsmål, men viser om ikkje anna evne og vilje til å variera språkforma.

#### 7.4.4 Framandspråk og sosial meining

Bruken av latin mellom skandinaviske kyrkjemenn, og ikkje minst brevet frå rektor Andreas i Trondheim (omtala s. 162), viser at språket har vore ein måte å markere ei inngruppe på, slik eg konkluderte i § 6.2.1. Men bruken er meir avgrensa enn han kanskje var i høgmedalderen. Som vist i § 6.3 var ikkje latin lenger ein tilgjengeleg kode for reint økonomiske saker som kvitteringar eller handelsavtalar, jamvel om brev til og frå Dei britiske øyane framleis vart skrivne på latin. Dette er eit tydeleg teikn på avgrensinga av latin til eit reint lærdomsspråk.

For ei jamføring med tilhøva i høgmedalderen (iallfall den idealiserte situasjonen i eit lærdomsskrift), vil eg trekkje fram det kjende sitatet frå *Konungs skuggsjá* (skriva ikr. 1275): «æf þu villt værða fullkomen*n* í froðleic. þa næmðu allar mallyzkur en alra hælzt latinu oc valsku. þviat þær tungur ganga viðazt» (Holm-Olsen 1970: 18f). I kjeldone frå tidleg på 1500-talet er

<sup>28</sup> Dei finst altså berre i avskrift. Men når dei er innførde i lag i kopiboka, må ein tru at språklege skilnader dei imellom kjem frå originalane.

ikkje latin like viktig lenger, og lågtysk har vorte det fremste framandspråket med framveksten av Hansaen som ei økonomisk og politisk stormakt.<sup>29</sup>

Det er lite som tyder på at lågtysk har vorte nytta som prestisjespråk ved erkesetet. Kyrkjemennene hadde latin til slik bruk, både som internasjonalt språk og identitetsmarkør dei imellom. Lågtysk møter me eigentleg berre éin gong, i handelsavtalen med Jan Henriksson i 1532 (§ 6.4), samt i at kvitteringar på lågtysk var aksepterte. Elles er lågtysk berre bruka i dei mest uformelle tekstane me i dag har tilgjenge til: rekneskapane. Dette verkar vera eit særmerke for språkbruken ved erkesetet, t.d. bruka kongsmakta lågtysk i brev til utlandet, slik òg i brev som det norske riksrådet var (med)innseglarar av.<sup>30</sup>

## 7.5 Riksmålet som ikkje vart

Sams for all historieskriving er at me kjenner fasiten, me veit koss det gjekk. Difor er det lett å peike på trekk i fortida som peikar fram mot notida og sjå utviklinga som retta mot eit klårt mål. Framveksten av riksdansk, slik han er skildra hjå Jacobsen (1910) og Skautrup (1944, 1947), er etter mitt syn døme på dette: Ei førestilling om ei norm ligg der som eit mål, og alt blir vurdert etter om det peikar fram mot Målet eller er blindspor (jf. Kunøe 1984). Verdien av å stille kontrafaktiske spørsmål, er at me lettare kan sjå «situationer där andra alternativ var öppna än de som den historiska utvecklingen sedan tog» (Gustafsson 2000: 203).

Sørensen (2007) er eit artig forsøk på å stille kontrafaktiske spørsmål til målsoga. Han tek utgangspunkt i at Sverike stykka opp Danmark i staden for å inngå freden i Roskilde i 1658, og at Nord-Jylland som eit eige hertugdøme utvikla ei jysk rettskriving. Eit liknande tankeeksperiment er mogleg for Noreg: Kva om reformasjonen ikkje hadde kome og den katolske kyrkja hadde

<sup>29</sup> Melchior de Germania (= Melchior Colditz, sjå DBL IV: 49f), sendebod for kong Kristian II, har i DN XI 948, Mechelen 17/7 1527, ei verdivurdering av språk som fortener å siterast: «Siden gjorde ieg iij artickle paa Franchois hwilkens mening her effter følger som man kan paa thet negste vdsette men the hafue doch møget schinlicher [lty. lånord, sjå Lübben **schînlik**, her vel 'klår, tydeleg'] form y Franchois en y Danske.» Og desse «artickle» avslutta han «met fuldt andre eerlige tilbiu(e)lse oc ord som faller møget betre paa Franchois en paa Danske.» Med det fekk han ikkje minst understreka sine eigne språkkunnskapar.

<sup>30</sup> Eit kuriøst døme på innanlandsk bruk av lågtysk er DI VIII 533, <sup>30</sup>/<sub>6</sub> 1519, frå det islandske Alltinget til Kristian II om ein ny bisp i Skálholt. Brevet er på lågtysk, do med ein del feil; t.d. var vel ikkje verbformene *samtyckium* og *settum* (1.p.pl.) gjengs. Dette brevet fortel tydeleg nok kva status lågtysk hadde.

stått like sterkt i Noreg, kunne skriftforma ved erkesetet da utvikla seg til eit eige norsk språk?

Ein som har vore inne på dette spørsmålet, er Sigurd Kolsrud (1921, 1956). Han meinte at målblinga midt på 1500-talet framleis synte ein uavklåra situasjon, der det nye nasjonalmålet like godt kunne vorte eit slag norsk som dansk riksmål. Med nokre døme frå 1500-talet på koss eit norsk-farga skriftspråk såg ut den gongen, skriv han (Kolsrud 1921: 117f):

Um dei skulde nyreist bokmaalet paa dette grunnlaget etter reforma-sjonen, so hadde det skift litt, etter som kva landslut skrivaren aatte heime i. [...] Men det hadde kome til aa samla seg og setna. [...] Ein ting kan me vera visse paa. Det hadde ikkje vorte noko landsmaal, grunnlagt paa aalmugemaalet i bygdene. I mangt hadde det fenge merke etter byane og det gamle millomnorske skriftmaalet. Det hadde òg tydeleg kome til aa syna seg som eit ubrote framhald paa det gamle grunnlaget. Med andre ord: det hadde vore eit riks- og skriftmaal. Og den tid kunde det ha fenge rotfeste og studnad i heile landet, av di dialektskilnaden enno ikkje var so skarp, og av di talemaalet i seg sjølv enno ikkje var so paaverka eller utarma av det nye danske skriftmaalet.

Men eit slikt norskprega språk Kolsrud her tenkjer seg, finn me berre i vitnebrev frå lagmenn og lagrettemenn på bygdene; dessutan nemner han dei norske sidone i *Breviarium*, men dei stikk seg svært ut ved erkesetet. Dei tekstane med verkeleg norsk preg me har utover på 1500-talet, Indrebøs «bondebrev», er spreidde og kunne ikkje danna grunnlaget for noko skriftspråk, slik me kjenner språklege standardiseringsprosessar annanstad frå. Det kunne berre eit større skrivemiljø gjort.

Den språklege gjennomgangen i kapittel 5 viser at det utvikla seg ei norm ved erkesetet som på somme vis skilde seg frå vanleg dansk språkbruk. Norma var naturlegvis ikkje så fast som i seinare tider, men vel ikkje lausare enn i andre samanliknbare skrivemiljø på den tida. Ein del trekk som skilde norske dialektar frå danske, vart godtekne i skrift: Det gjeld somme leksem, meir bruk av ⟨p, t, k⟩ (spesielt i lågtyske lånord der norsk og lågtysk stod saman mot dansk), diftongar, ⟨a⟩ i trykklett posisjon (men berre i dekt stilling, t.d. *innan*) og syntaktiske fenomen som dobbel bestemming. Tenkjer ein over det, er dette nokså likt skilnaden mellom konservativt norsk-dansk «bokmål» og dansk. Noko svært særprega norsk skriftspråk kunne det aldri bli snakk om, og definitivt ikkje eit tufta på «aalmugemaalet i bygdene». Til det hadde prestisjetilhøva allereie styrt skriftspråktradisjonen eller norma for langt i dansk retning.

Det språket me møter i 1530-åra, er ikkje «eit ubrote framhald paa det gamle grunnlaget» utan framand påverknad. Det er heller ein reaksjon og



modifikasjon av det danske skriftspråket som vart innført, og skil seg meir frå eldre norsk språk enn samtidig dansk. Men språket ved erkesetet kunne nok tent som utgangspunkt for eit norsk *farga* riksmål, dersom dei sosiopolitiske tilhøva elles hadde gjort det mogleg. Som det var, sat dansk med prestisjen, og den einaste standardiseringstendensen kom til å gå i retning riksdansk, etter kvart som dét fekk ei fastare form utover i tidleg nytid.

Det er likevel på sin plass å understreke at språkutviklinga i Noreg først på 1500-talet ikkje berre kan skildrast som einvegskøyning i retning meir og «betre» dansk. Så lenge det fanst sjølvstendige skrivemiljø utan direkte tilknytning til statsadministrasjonen her i landet, var det òg tendensar til ei sjølvstendig språkutvikling som ikkje hadde tilpassing til riksdansk som einaste mål eller retning. Det er i det heile viktig å streke under at språkutviklinga ikkje hadde eit «mål», det kjenner me berre frå ettertida. Det er ein naturleg tanke at andre sosiopolitiske omstende kunne gjort denne norma ved erkesetet i Nidaros gyldig over eit større område, og i somt kunne ho da teke andre vegar enn det danske riksmålet etter kvart tok. I staden vart det den danske kansellinorma som vann fram i heilstaten.



# Avslutning 8

---

Avslutningsvis er det på sin plass å spørje kva ein slik studie kan tilføre av kunnskap om språk og språkbruk. Kva slags bilete av skriftkulturen i brei forstand er det mogleg å danne seg frå dei fragmentariske skriftminna?

Som det fleire gonger er vist, kjenner me berre ein liten del av det som vart skrive i seinmellomalderen. Kor liten del, er det i dag uråd å seie. Det gjer kvalitative vurderingar av det overleverte materialet dess viktigare; me må «sjå om det overleverte tilfanget i seg sjølv – som skrift over tid – kan seia oss noko om kva skrift hadde å seia i norsk seinmellomalder» (Hagland 2005: 14). Eg har freista leggje meg tett til kjeldone (det viser registeret attarst tydeleg nok) og lata dei tala sjølve, og skal her freiste å draga saman det eg meiner dei kan fortelje oss.

## 8.1 Talemålsutviklinga

Det danskspråklege materialet eg har granska, er ikkje eigna til å gje særleg kunnskap om norsk talemål; dei norske formene som kjem fram, er heilt ukontroversielle. Kjeldor til den indre språklege utviklinga er først og fremst nokre namn som viser at endringar som kjenneteiknar skiftet frå gammalnorsk til nynorsk, allereie var gjennomførde, som dei utjamna formene *gutū* og *vuku* i OEJ. Målskiftet til dansk skriftspråk er eit tradisjonsbrot som skjuler den jamnare utviklinga talemålet må ha følgt, og gjev ei ekstra metodologisk utfordring i arbeidet med norsk målsoge i denne perioden.

Eg har dessutan i nokre mindre detaljstudiar vist til ein variasjon i materialet som illustrerer kjende leksikalske endringar, som innføringa av *bliffwa* og den seinare tydingsutvidinga. Lånord finn me mange av jamvel i tekstane frå før 1500, i vekslande grad etter kva teksttype det er snakk om. Vitnebrev om gardhandlar kan ha berre gamle norske ord, medan sendebrev har eit meir moderne ordtilfang. Det er grunn til å tru at både mange einskild-

ord og dei velkjende avleiingsaffiksa med opphav i lågtysk var etablerte i talemålet òg; både frekvensen og det dels uavhengige tilhøvet til danske og lågtyske førebilete tyder på det.

Ein annan ting me skal leggje merke til, er at mange lågtyske lånord som seinare er forsvunne, var i bruk i dette miljøet kring erkesetet. Til dels dekte dei teknikkar som ikkje lenger er aktuelle (t.d. skytevåpenet *skarpentin*), men daglegdagse ord fanst òg, som *tvebak* 'kavring'. I ei tid da kontakten med lågtysk og nederlandsk var tettare enn no, var den språklege påverknaden på heilt konkret vis enda sterkare enn dei spora som vart verande i språket til denne dag.

I arbeidet med ordtilfanget og eit par andre stader (t.d. diskusjonen av landsnamnet) kan ein detaljorientert studie av dette slaget flytte diskusjonen frå makro- til mikroplanet, frå dei store linone i målsoga til skrivepraksisen på eit fiksert punkt i tid og rom. Dette perspektivet er viktig for å skjønne koss språket endra seg i praksis hjå dei einskilde språkbrukarane, og kan utfylle breiare orienterte oversynsverk som i større grad viser dei språkstrukturelle endringane i eit lengre perspektiv.

## 8.2 Skriftspråket

Ein kan, jamvel frå fagfolk, høyre utsegner som at «dei hadde inga rettskriving i mellomalderen». Men som det går fram av den språklege gjennomgangen, skjedde det ei samling om ei norm i kanselliet ved erkesetet – rett nok ei laus norm som opna for variasjon på somme punkt. Dette kan ein sjå på som ein lekk i ein standardiseringsprosess. I somt er denne utviklinga ei tilnærming til dansk: Siste gong me møter dativformer er t.d. i 1523 (avskrifta av handfestinga og brevet frå domkapittelet). Orda står elles i stammeforma, som òg har vorte den moderne forma. I kva grad dette samsvarar med talemålet å skrivarane, er ikkje godt å seie, men det viser uansett ei samling om éin praksis.

I breva før 1500 er det ein tydeleg svensk påverknad, som har vore gjeldande lenger i Trondheim enn i mange andre skrivemiljø i Noreg. Dette ser ut til å vera tydelegast i tekstar som har med Jamtland å gjera, og tyder på (kjeldegrunnlaget er for tunt til å uttrykkje seg sterkare) oppfatta skilnader mellom norsk og svensk og vilje til å tilpasse språket til mottakaren. Slik tilpassing er det derimot lite av i dei yngre breva; der ser språket ut til å vera nokså likt uansett kven eit brev er stila til. Dette må òg tyde på ei standardisering. Skrivarlistone fortel oss at i 1530-åra var somme av skrivarane utlendingar, men det er så godt som usynleg språkleg. Det viser at språknorma sette nokså tronge rāmor. Noko av variasjonen som følgjer

skiljet mellom norsk og dansk talemål, kan likevel forklarast med skrivaren, slik at danskar har skrive dei breva med minst norsk interferens.

Ei form som med åra vart gjennomført, er *e* som einaste endingsvokal. Dette veit me stridde mot talemålet åt dei aller fleste skrivarane, men det vart likevel nær einerådande i skriftspråket, jamvel i jordeboka, som elles har mange norske former. Dette er ein prosess som skjedde ikring 1530: Som det går fram av dei tabellariske oversyna i kapittel 5, har dei yngste tekstane mest berre *e*, medan mange av diploma frå 1520-åra har ein god del *æ*. Dei gamle *a*, *o* er derimot sjeldne, og framstår i tida etter 1510 som reine unntak. Når dei somtid opptrer i dekt stilling, viser det vel berre at regelen «endingsvokalen er *e*» var meir uklår i den posisjonen.

Men all normalisering gjekk ikkje i retning meir og «betre» dansk, og dette er ein viktig lærdom. Utmeislinga av ein skriftspråktradisjon ved erkesetet var ikkje ein einvegs prosess der skrivarane etter kvart lærte å skrive dansk, men ein parallell, sjølvstendig prosess lik den som føregjekk i danske skrivemiljø på same tid. Til dømes blir artiklane *ein*, *eit* skrivne med diftong gjennom heile perioden i dei aller fleste tekstar. Når det ikkje er gjort, kjem det truleg av dansk skrivar. Det verkar ikkje som det var nokon skilnad mellom dei to skrivemåtane, båe var aksepterte i norma. Denne situasjonen heldt seg eit godt bel. I ei stutt jamføring med situasjonen ikring 1550, fann eg inga endring i nett denne praksisen, jamvel om t.d. paleografien er heilt annleis og viser at skriveskikken endra seg på andre sett.

Det var tydelegvis ei oppfatning om at /k/ i mange posisjonar i talemålet skulle skrivast *g*, så langt at det førde til hyperdanismar (t.d. *beng* 'benk'), nok eit klårt teikn på at norma var sterk. På hi sida finst spesielt lågtyske lånord gjerne med *p* der dansk oftast hadde leniserte former i skrift (som i døme på suffikset *-skap/-skaff*). Her stod lågtysk og norsk i lag mot dansk, og det kan vel vera grunnen til at slike former vann fram. Iallfall vitnar det om ei sjølvstendig haldning andsynes dansk, anten det no kjem av norsk talemål eller kjennskap til lågtysk.

For nett kjennskapet til lågtysk var god. I eit særmerkt rekneskapsspråk, både i OER og mindre notat av same slag, finst både faste ord og uttrykk og heile lågtyske setningar. Slik språkblanding og kodeveksling har ikkje tidlegare vore påvist i norske kjeldor. Eg har dessutan vist at det fanst tospråklege skrivarar som kunne bruke båe språka skriftleg. I dette rekneskapsspråket, som har parallellar i administrativt språk elles i Europa, inngår òg mykje latin. Men språka er berre blanda på dette viset i uoffisielle skriftstykke. I meir formelle samanhengar var det klare reglar for kva som skulle skrivast på latin og skandinavisk, medan lågtysk aldri elles vart blanda inn i tekstar på andre språk (naturlegvis unntekte reine lånord).

### 8.3 Haldningar til språk

Eg har forsøkt å svara på spørsmålet om kva haldningar til språk som rådde for 500 år sidan. Så lenge me berre har skriftminne, og heller ikkje mange metaspråklege overleveringar, er ikkje dette lett, men eg meiner iallfall å ha nådd nokre konklusjonar. Dette følgjer opp det som vart sagt over om dei skandinaviske varietetane: Det har eksistert klåre oppfatningar om likt og ulikt i det skandinaviske språkområdet. I dei eldste tekstane er det såleis tydelege svenske innslag, som ser ut til å vise medviten vilje til å utnytte dei språklege skilnadene, men dei forsvinn når dansk blir stilidealet.

Den institusjonaliserte bruken av latin særmerkjer kyrkja, og viser at lærdomsspråket må ha vore ein viktig del av identiteten åt dei geistlege og vart utnytta som ein tydeleg språkleg markør. Men det er ikkje noko blandingsspråk me møter, bruken er stort sett stramt regulert. Somme emne skulle handsamast på kyrkjespråket (t.d. avlatsbrev), somme faste delar av sendebrev vart skrivne på latin og dessutan har tekstane ein del lånord, spesielt knytte til kyrkjelege omgrep. I sendebrev er både protokollen og eskatokollen skrivne på latin, og i brev til geistlege jamvel apprekasjonsformelen og adressatio utanpå brevet. Det eksisterte heilt klåre reglar for kva delar av teksten som skulle skrivast på latin og skandinavisk, og språka vart haldne strengt åtskilte; me finn ikkje latin utanfor dei faste delane. Reglane for brevutforming må ha vore svært faste, jamvel ned til eit detaljnivå som at erkebisen brukar pluralis majestatis om seg sjølv i alle brev unteke til kongar, da brukar han eintal.

Ein friare bruk av latin som skil seg klårt frå dei formelle breva, har eg berre funne i eit meir uoffisielt privatbrev, og dessutan i påskrifter på innkomande brev, i nokre notat av ymse slag og ikkje minst i jorde- og rekneskapsbøkene. Bruken av latin eller blandingsspråk inkludert latin har vore umarkert, det normale skriftspråket i slike høve. Fleirspråklegheita må ha vore ein sterk identitetsfaktor, som fekk språkleg uttrykk på dette viset.

Samstundes viste ein detaljstudie frå åra ikring 1530 koss latin i mindre grad vart bruka som internasjonalt kommunikasjonsmiddel, jamvel om det i nokon mon framleis hadde denne funksjonen i kontakt med Dei britiske øyane. Dette domenetapet gjorde truleg bruken av latin i det heile meir markert og sosialt viktigare – i minsto hadde språket i større grad eit slikt potensial.

Det same potensialet hadde skilnadene mellom norsk og dansk òg, men det vart langt frå utnytta like mykje. Den språkforma som rådde, var i prinsippet dansk med norsk interferens, men norske språktrekk ser ikkje ut til å ha vorte utnytta for å markere eigenart. Skriftspråket vitnar om medvitne freistnader på å tilpasse seg eit språk som ikkje var ei nedskriving av noko talemål. Eit

av dei klåraste prova på ei slik normstyrd rettskriving, er den gjennomførde leniseringa, som jamvel strekte seg til hyperkorreksjonar.

Det kan sjå ut til å vera mest norsk interferens i uoffisielle skriftstykke. Det siste dømet på norske kasusformer finst såleis i ei norsk avskrift, og OEJ har spesielt mange norske former. Det er neppe tilfeldig at det er i slike høve me finn dei, og ikkje i meir prestisjetunge skriftstykke; særleg dei seinaste sendebreva er på ein dansk så godt som fri for norske former. Skrivarane visste vél kva som var det «beste» skriftspråket, og freista rette seg etter det. I administrative tekstar var ikkje det så nøye, og der finn me difor fleire klårt norske former, og i OER utstrekt språkblanding både med lågtysk og latin. Om dei knytte dette «beste skriftspråket» til abstrakte førestillingar som 'norsk' og 'dansk', er derimot langt frå sikkert. Desse tankefigurane eksisterte nok, men var truleg ikkje knytte til faste språkformer. I så fall skulle ein vente at dette kunne bli utnytta politisk, og det vart det, som me har sett, ikkje.

## 8.4 Sluttmerknader

I miljøet kring domkyrkja i Nidaros levde og verka menn som hadde liknande utdanning, som alle i større eller mindre grad var fleirspråklege, og som bruka skrift i sitt daglege virke. Gjennom denne avhandlinga har me møtt og vorte kjende med dette miljøet, det dei skreiv og måten dei utnytta dei språklege ressursane sine på. I det daglege arbeidet inngjekk skrivarane i ein praksisfelleskap der dei kunne påverke kvarandre og som la grunnlaget for ein skriftspråktradisjon. I somt kan ein sjå spor etter opphavet, som eit hende *jach*, men med tanke på kor blanda samansetjing skrivarstaben eigentleg hadde, er det slående kor likt språket er frå tekst til tekst. Dette meiner eg er ein av dei viktigaste lærdomane frå denne studien: Dei brydde seg om koss dei skreiv, og det var ikkje så vide rāmor for rettskrivinga som mange trur.

Eg vonar at eg med denne avhandlinga har gjeve eit lite bidrag til forståinga av den språklege kvardagen på denne tida, tilhøvet til rettskriving og framandspråk, og oppfatningar om språk. Mange spørsmål står framleis opne, og diverre er kjeldetilfanget frå tida kring 1500 så tunt, og dei metodologiske utfordringane i handsaminga av det så store, at me fulla aldri kan koma heilt til botnar i forståinga av dei språklege endringsprosessane den gongen. Dette gjeld både den språkstrukturelle overgangen frå mellomnorsk til nynorsk, koss målskiftet til dansk reint konkret gjekk føre seg i skrivemiljøa og hjå den einskilde skrivaren, og spørsmål kring oppfatningar av språk og haldningar til framandspråk.

Svara våre kan kanskje aldri bli heilt visse, men det må ikkje halde oss frå å stille spørsmåla og sjå kor langt kjeldone kan føre oss.





# Litteraturliste

---

- Adams, N. J. 2003. *Bilingualism and the Latin Language*. Cambridge University Press.
- Agerholt, Johan. 1929–1932. Gamal brevskipnad. Etterrøkjingar og utgreidningar i norsk diplomatikk. I *Meddelelser fra Det Norske Riksarkiv III*, 393–813. Oslo.
- Arntzen, Jon Gunnar, Knut Helle m. fl. (utg.). 1999–2005. *Norsk biografisk leksikon*. Oslo: Kunnskapsforlaget. Nettversjon: [http://www.sn1.no/.nbl\\\_biografi/](http://www.sn1.no/.nbl\_biografi/).
- Arup, Erik. 1932. *Danmarks Historie. Anden Bog: Stænderne i Herrevælde 1282–1624*. Kjøbenhavn: Hagerup.
- Bagge, Sverre. 1995. Nationalism in Norway in the Middle Ages. *Scandinavian Journal of History*, 20(1), 1–18.
- Bagge, Sverre, Knut Helle og Synnøve Holstad (utg.). 1973. *Norske middelalderdokumenter*. Bergen: Universitetsforlaget.
- Bandle, Oskar m. fl. (utg.). 2002–2005. *The Nordic languages: an international handbook of the history of the North Germanic languages*. HSK 22. Berlin: de Gruyter.
- Bartsch, Renate. 1987. *Norms of language: theoretical and practical aspects*. Longman linguistics library. London: Longman.
- Benediktow, Ole Jørgen. 1973. Den norske adel i seinmellomalderen. I Krag og Sandnes (1983), 243–261.
- Berg, Ivar. 2006. *Nytt i gammalt. Kasusbruk i skrifter frå Trøndelag 1470–1500*. Masteroppgåve, Universitetet i Trondheim.

- Berg, Ivar. 2011. Mellom norsk og dansk: Skriftspråk og talemål ikring 1500. I Sandøy og Jahr (2011), 17–31.
- Bergs, Alexander. 2012. The Uniformitarian Principle and the Risk of Anachronisms. I Hernández-Campoy og Conde-Silvestre (2012), 80–98.
- Bergsgård, Arne. 1955. Olav Engelbriktsson 1523–1537. I Arne Fjellbu m. fl. (utg.), *Nidaros erkebispesetol og bispesete 1153–1953*, 533–567. Oslo: Land og kirke.
- Berulfsen, Bjarne. 1948. *Kulturtradisjon fra en storhetstid*. Oslo: Gyldendal.
- Blomqvist, Carl Oliver. 2011. *Dialektblandning i medelnorskan. Språket i de norska landsvist- och gridsbreven 1345–1567*. Masteroppgåve, Universitetet i Oslo.
- Brattegård, Olav. 1932. Über die Organisation und die Urkunden des hansischen Kontors zu Bergen bis 1580. I *Skrifter utgivne av Bergens historiske Forening* 38, 237–303. Bergen: Beyer.
- Braunmüller, Kurt. 1995a. Formen des Sprachkontakts und der Mehrsprachigkeit zur Hansezeit. I Braunmüller (1995b), 9–33.
- Braunmüller, Kurt (utg.). 1995b. *Niederdeutsch und die skandinavischen Sprachen II*. Heidelberg: Universitätsverlag C. Winter.
- Braunmüller, Kurt. 1995c. Semikommunikation und semiotische Strategien. I Braunmüller (1995b), 35–70.
- Braunmüller, Kurt. 1998. Sprogkontakt i Hansetiden – en sammenfattende oversigt over Hamborg-prosjektet. I Ernst Håkon Jahr (utg.), *Språkkontakt i Norden i middelalderen, særlig i hansatida*, Skrift nr. 1 fra prosjektet *Språkhistoriske prinsipper for lånord i nordiske språk* under Nordisk Ministerråds forskningsprogram *Norden og Europa*. NORD 1998:4. Kjøbenhavn: Nordisk Ministerråd.
- Braunmüller, Kurt. 2007. Receptive multilingualism in Northern Europe in the Middle Ages. A description of a scenario. I Jan D. ten Thije og Ludger Zeevaert (utg.), *Receptive Multilingualism: Linguistic Analyses, Language Policies, and Didactic Concepts*, 25–47. Amsterdam: John Benjamins.
- Braunmüller, Kurt og Willy Diercks (utg.). 1993. *Niederdeutsch und die skandinavischen Sprachen I*. Heidelberg: Universitätsverlag C. Winter.

- Breviarium Nidrosiense*. 1964. Oslo: Børsums forlag og antikvariat. Faksimileutgåve.
- Bricka, Carl Frederik (utg.). 1887–1905. *Dansk biografisk Lexikon*. København: Gyldendal. Nettversjon: <http://runeberg.org/dbl/>.
- Brinchmann, Chr. og Johan Agerholt (utg.). 1926. *Olav Engelbrektssøns jordebog. Register på St. Olavs jorder, forfattet under erkebiskop Olav Engelbrektsson. Anhang: Erkebiskop Gautes jordebøger*. Norges Rigsarkiv. Oslo: Nationaltrykkeriet.
- Brøndum-Nielsen, Johs. 1914. *Sproglig forfatterbestemmelse: Studier over dansk sprog i det 16. århundredes begyndelse*. København: Nordisk.
- Brøndum-Nielsen, Johs. 1918. Danske lovhåndskrifter og dansk lovsprog i den ældre middelalder. *Arkiv för nordisk filologi*, 34, 105–137.
- Brøndum-Nielsen, Johs. 1950–1973. *Gammeldansk Grammatik i sproghistorisk Fremstilling I–VIII*. København: Schultz/Akademisk. Bd. I–III i 2. utg.
- Bugge, Alexander (utg.). 1899. *Erkebiskop Henrik Kalteisens Kopibog*. Christiania: Det Norske Historiske Kildeskriftfond.
- Børsum, Baltzer M. 1964. Bibliographical survey. I Baltzer M. Børsum og Hans Buvarp (utg.), *Appendix to Breviarium Nidrosiense*, 117–217. Oslo: Børsums forlag og antikvariat.
- Carlquist, Jonas. 2002. The history of Old Nordic manuscripts III: Old Swedish. I Bandle m. fl. (2002–2005), 808–816.
- Clanchy, Michael T. 1993. *From Memory to Written Record. England 1066–1307*. 2. utg. Oxford: Blackwell. [1979].
- Coulmas, Florian (utg.). 1997. *The Handbook of Sociolinguistics*. Oxford: Blackwell.
- Dalen, Arnold, Jan Ragnar Hagland, Stian Hårstad, Håkan Rydving og Ola Stemshaug (utg.). 2008. *Trøndersk språkhistorie*. Skrifter (Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab) nr. 3 2008. Trondheim: Tapir akademisk.
- Diercks, Willy. 1995. Om anvendelsen av præ- og postmodificerende morfemer i middelnedertysk og i de skandinaviske sprog. I Jahr (1995b), 147–176.

- Diplomatarium Islandicum*. 1857-. Kjøbenhavn: Bókmentafélagið.
- Diplomatarium Norvegicum*. 1847-. Christiania/Oslo. Nettversjon: [http://www.dokpro.uio.no/dipl\\\_\\\_norv/diplom\\\_felt.html](http://www.dokpro.uio.no/dipl\_\_norv/diplom\_felt.html).
- Dybdahl, Audun (utg.). 2002. *Nidaros Domkirkes og geistlighets kostbarheter*. Skrifter (Senter for middelalderstudier) nr. 14. Trondheim: Tapir akademisk.
- Dybdahl, Audun. 2003. Nidaros erkesetes økonomi. I Imsen (2003a), 279–319.
- Dybdahl, Audun. 2005. *Tiendpengeskatten som kilde til folk og samfunn ca. 1520*. Skrifter (Senter for middelalderstudier) nr. 18. Trondheim: Tapir akademisk.
- Daae, Ludvig. 1890. Den thronhjemske Erkestols Sædesvende og Frimænd. *Historisk tidsskrift*, 3. række I [11. årgang], 1–27.
- Elmevik, Lennart. 1970. Om verben varda och bliva i de nordiska språken. *Nysvenska studier*, 50, 129–169.
- Falk, Hjalmar og Alf Torp. 1900. *Dansk-norskens syntax i historisk fremstilling*. Kristiania: Aschehoug.
- Finegan, Edward og Douglas Biber. 2001. Register variation and social dialect variation: The Register Axiom. I Penelope Eckert og John R. Rickford (utg.), *Style and Sociolinguistic Variation*, 235–267. Cambridge University Press.
- Fritzner, Johan. (1886–1896). *Ordbog over Det gamle norske Sprog*. Kristiania: Universitetsforlaget. Optrykk (1973) av 2. utg. med eit tilleggsband av Finn Hødnebo (1972); nettversjon på <http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?appid=86\&tabid=1275>.
- Garmann, Nina Gram. 2010. Konsonantendringer i norsk. En artikulatorisk analyse. *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 28(1), 3–41.
- Goossens, Jan. 1994. Normierung in spätmittelalterlichen Schreibsprachen. *Niederdeutsches Wort*, 34, 77–99.
- Grønli, Oddvar. 1952. Ei ættetavle frå reformasjonstida. *Norsk slektshistorisk tidsskrift*, XIII, 209–244.
- Grøtvedt, Per Nyquist. 1940. Om dialektundersøkelser på grunnlag av gamle håndskrifter. *Maal og Minne*, 102–115.

- Grøtvedt, Per Nyquist. 1954. *Skriftspråktradisjonen ved Hallvardskirken og Mariakirken i Oslo 1350–1450*. Oslo: Dybwad.
- Gustafsson, Harald. 2000. *Gamla riken, nya stater. Statsbildning, politisk kultur och identiteter under Kalmarunionens upplösningsskede 1512–1541*. Stockholm: Atlantis.
- Hagland, Jan Ragnar. 1976. Avskrift «orð ifra orðe». Gransking av ein kontrollert avskrivingsprosess frå mellomalderen. *Maal og Minne*, 1–23.
- Hagland, Jan Ragnar. 1986. *Riksstyring og språknorm. Spørsmålet om kongskanselliets rolle i norsk språkhistorie på 1200- og første halvdel av 1300-talet*. Oslo: Novus.
- Hagland, Jan Ragnar. 1988. Svenske notarar i produksjonen av norsk dokumentenspråk ca. 1360–1380. I Gertrud Petersen (utg.), *Studier i svensk språkhistoria*, Lundastudier i nordisk språkvetenskap A 41, 60–73. Lund University Press.
- Hagland, Jan Ragnar. 1992. The difficult notion of norm in history of language – a few remarks on the case of Old Norwegian. I Jonna Louis-Jensen og Hendrik W. Poulsen (utg.), *The Nordic Languages and Modern Linguistics. Proceedings of the Seventh International Conference of Nordic and Generative Linguistics in Tórshavn, 7.–11. August 1989*, bd. II, 259–268. Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag.
- Hagland, Jan Ragnar. 2003. Nye språklege studiar i det eldste brevmaterialet på svensk. *Arkiv för nordisk filologi*, 118, 197–209.
- Hagland, Jan Ragnar. 2004. Gammalislandsk og gammalnorsk språk. I Haugen (2004a), 375–405.
- Hagland, Jan Ragnar. 2005. *Literacy i norsk seinmellomalder*. Oslo: Novus.
- Hagland, Jan Ragnar. 2006. Trøndersk i seinmellomalderen – eit punktstudium. I Jan Ragnar Hagland (utg.), *Regional språkhistorie. Rapport frå eit seminar i regi av Det kongelige Norske Videnskabers Selskab 14.–15. oktober 2005*, Skrifter (Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab) nr. 1 2006, 80–93. Trondheim: Tapir.
- Hamre, Lars. 1968. *Norsk historie frå om lag 1400*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hamre, Lars. 1971a. Interregnet 1481–1483. I Krag og Sandnes (1983), 297–316.

- Hamre, Lars. 1971b. *Norsk historie frå midten av 1400-åra til 1513*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hamre, Lars. 1998. *Norsk politisk historie 1513–1537*. Oslo: Samlaget.
- Hamre, Lars. 2003. Striden mellom erkebiskop Jørund og domkapitlet i Nidaros. I Imsen (2003a), 187–212.
- Hamre, Lars. 2004. *Innføring i diplomatikk*. 2. utg. Oslo. [1972].
- Hansen, Aage. 1962. *Den lydlige utviklingen i dansk. Fra ca. 1300 til nutiden. 1: Vokalismen*. Kjøbenhavn: G.E.C. Gad.
- Hansen, Aage. 1967. *Moderne dansk I–III*. Kjøbenhavn: J. Jørgensen.
- Hansen, Aage. 1971. *Den lydlige utviklingen i dansk. Fra ca. 1300 til nutiden. 2: Konsonantismen*. Kjøbenhavn: G.E.C. Gad.
- Haugen, Einar. 1966. Semicommunication: The language gap in Scandinavia. I *Studies by Einar Haugen* (1972), 479–495. The Hague/Paris: Mouton.
- Haugen, Einar. 1976. *The Scandinavian Languages: An introduction to their history*. London: Faber and Faber.
- Haugen, Odd Einar (utg.). 2004a. *Handbok i norrøn filologi*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Haugen, Odd Einar. 2004b. Paleografi. I Haugen (2004a), 175–214.
- Hellevik, Alf m. fl. (utg.). 1966–. *Norsk ordbok: ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Samlaget.
- Hernández-Campoy, Juan Manuel og Juan Camilo Conde-Silvestre (utg.). 2012. *The Handbook of Historical Sociolinguistics*. Chichester: Wiley-Blackwell.
- Holm-Olsen, Ludvig (utg.). 1970. *Konungs skuggsiá*. Utvalgte stykker. Bergen: Universitetsforlaget.
- Hægstad, Marius. 1902. *Maalet i dei gamle norske Kongebrev*. Videnskabselskapets skrifter. I. Hist.-filos. Klasse 1902, nr. 1. Kristiania: Dybwad.
- Hægstad, Marius. 1933. Um faste ordlag i gamalnorsk brevmaal. *Maal og Minne*, 81–98.

- Hødnebo, Finn. 1971. Om diplomer som kilde for norsk språkhistorie. I Halvard Magerøy og Kjell Venås (utg.), *Mål og namn. Studiar i nordisk mål- og namnegransking: heidersskrift til Olav T. Beito*, 145–153. Oslo: Universitetsforlaget.
- Imsen, Steinar. 1983. Norsk politisk senmiddelalderforskning ca. 1965–1980. I Krag og Sandnes (1983), 30–36.
- Imsen, Steinar. 2002. *Noregs nedgang*. Oslo: Samlaget.
- Imsen, Steinar (utg.). 2003a. *Ecclesia Nidrosiensis*. Trondheim: Tapir akademisk.
- Imsen, Steinar. 2003b. Nidarosprovinsen. I Imsen (2003a), 15–39.
- Indrebø, Gustav. 1927. Maalet i norske jordebøker i det 16. hundradaaret. I *Festskrift til Hjalmar Falk 30. desember 1927*, 142–155. Oslo: Aschehoug.
- Indrebø, Gustav. 2001. *Norsk målsoga*. 2. utg. Bergen: Norsk Bokreidingslag. [1951].
- Iversen, Ragnvald. 1921. *Bokmål og talemål i Norge 1560–1630. 1: Utsyn over lydverket*. Videnskabselskapets skrifter. II. Hist.-filos. Klasse 1920, nr. 5. Oslo: Dybwad.
- Iversen, Ragnvald. 1932. *Bokmål og talemål i Norge 1560–1630. 2: Utsyn over formverket*. Skrifter utgitt av Det Norske Videnskabs-Akademi i Oslo. II. Hist.-Filos. Klasse 1931, nr. 4. Oslo: Dybwad.
- Jacobsen, Lis. 1910. *Studier til det danske Rigssprogs Historie*. Kjøbenhavn: Gyldendal.
- Jahr, Ernst Håkon. 1993. Forklaringsmodeller i norsk språkhistorieskriving. I Wiggen m. fl. (2008), 170–185.
- Jahr, Ernst Håkon. 1995a. Nedertysk og nordisk: språksamfunn og språkkontakt i Hansa-tida. I Jahr (1995b), 9–28.
- Jahr, Ernst Håkon (utg.). 1995b. *Nordisk og nedertysk. Språkkontakt og språkutvikling i Norden i seinmellomalderen*. Oslo: Novus.
- Jahr, Ernst Håkon. 1997. Nye perspektiv på språkkontakten mellom lågtysk og nordisk i seinmellomalderen, og om en fotnote om et blandingspråk som gav opphav til en ‘detektivhistorie’. I Patrik Åström (utg.), *Studier i svensk språkhistoria 4*, 9–19. Institutionen för nordiska språk vid Stockholms universitet.

- Jahr, Ernst Håkon. 2001. Historical sociolinguistics: the role of Low German language contact in the Scandinavian typological shift of the Late Middle Ages. I Wiggen m. fl. (2008), 246–257.
- Jahr, Ernst Håkon og Ove Lorentz (utg.). 1993. *Historisk språkvitenskap/ Historical Linguistics*. Studier i norsk språkvitenskap 5. Oslo: Novus.
- Jämtland och Härjedalens diplomatarium*. 1943–. Jämtlands läns biblioteks diplomatariekommitté. Östersund.
- Johansson, Karl G. 2006. Ordet, skriften og litteraciteten. Två nya böcker om literacy. *Collegium Medievale*, 19, 177–198.
- Johnsen, Oscar Albert. 1908. Norske geistliges og kirkelige institutioners bogsamlinger i den sene middelalder. I *Sproglige og historiske avhandlinger viede Sophus Bugges minde*, 73–96. Kristiania: Aschehoug.
- Johnson, Rakel. 2003. *Skrivaren och språket. Skriftspråksbruk, kasus och vokaler i medeltidsbrev på svenska*. Doktorgradsavhandling, Göteborgs universitet.
- Juhász, Lajos. 1979. München-diplomenes ervervelse og fordeling. *Historisk tidsskrift*, 58, 367–396.
- Jørgensen, Jon Gunnar. 1995. Bergenshumanistene og kongesagaene. *Nordica Bergensia*, 7, 42–54.
- Jørgensen, Jon Gunnar (utg.). 1997. *Aslak Bolts jordebok*. Oslo: Riksarkivet.
- Kalkar, Otto. 1976. *Ordbog til det ældre danske sprog (1300–1700)*. København: Akademisk. Først utgjeve 1881–1918.
- Kleemann, Carola. 1999. *En undersøkelse av tospråklige bispebrev i Norge fram til 1350*. Hovudoppgåve, Universitetet i Tromsø.
- Kloss, Heinz. 1978. *Die Entwicklung neuer germanischer Kultursprachen seit 1800*. Sprache der Gegenwart 37, 2. utg. Düsseldorf: Schwann. [1952].
- Knudsen, Trygve. 1967. Om det eldste bevarte sørøstnorske skriftspråk. I *Skriftradisjon og litteraturmål: artikler og avhandlinger i utvalg: festskrift i anledning av Trygve Knudsens 70 års dag 23. juni 1967*, 9–52. Oslo: Universitetsforlaget.
- Knutsen, Nils M. (utg.). 1993. *Mørkets og kuldens rike. Tekster i tusen år om Nord-Norge og nordlendingene*. Tromsø: Cassiopeia.



- Kolsrud, Oluf. 1913. *Den norske Kirkes Erkebiskoper og Biskoper indtil Reformationen, Diplomatarium Norvegicum*, bd. XVII B 2. Kristiania.
- Kolsrud, Oluf. 1958. *Noregs kyrkjesoga I: Millomalderen*. Oslo: Aschehoug.
- Kolsrud, Sigurd. 1921. Kringum maalskiftet. I Jahr og Lorentz (1993), 110–131.
- Kolsrud, Sigurd. 1922. Fraa maalskiftet. Nokre danske brev av nordmenn. *Maal og Minne*, 137–157.
- Kolsrud, Sigurd. 1956. Eldre rettskriving. I Svend Aakjær m. fl. (utg.), *Festskrift til Peter Skautrup. 21. januar 1956*, 143–148. Aarhus: Universitetsforlaget.
- Krag, Claus og Jørn Sandnes (utg.). 1983. *Nye middelalderstudier. Kongedømme, kirke, stat*. Norske historikere i utvalg VI. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder* 1–22. 1956–1978. Oslo/Stockholm/Kjøbenhavn. Opptrykk 1980–1982.
- Kunø, Mette. 1984. Brugen af termen ‘skriftsprogsnorm’ i dansk sprog-historie. *Norsk lingvistisk tidsskrift*, 1, 11–17.
- Kusmenko, Jurij. 2008. *Der samische Einfluss auf die skandinavischen Sprachen: ein Beitrag zur skandinavischen Sprachgeschichte*. Berliner Beiträge zur Skandinavistik 10. Berlin: Nordeuropa-Institut der Humboldt-Universität.
- Labov, William. 1994. *Principles of Linguistic Change I: Internal Factors*. Oxford: Blackwell.
- Labov, William. 2001. *Principles of Linguistic Change II: Social Factors*. Oxford: Blackwell.
- Langer, Nils. 2003. Low German. I Ana Deumert og Wim Vandebussche (utg.), *Germanic Standardizations: Past to Present*, 281–301. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins.
- Larsen, Amund B. 1885. Oversigt over de trondhjemske dialekters slægtskabsforhold. I Magne Myhren (utg.), *Amund B. Larsen. Skrifter* (1976), 50–130. Oslo/Bergen/Tromsø: Universitetsforlaget.

- Larsson, Inger. 2003. *Svenska medeltidsbrev. Framväxten av ett offentligt skriftspråk*. Stockholm: Norstedts.
- Lass, Roger. 1997. *Historical linguistics and language change*. Cambridge University Press.
- Lübber, August. 1882. *Mittelniederdeutsche Grammatik*. Leipzig: T.O. Weigel. Fotografisk reproduksjon: BiblioBazaar 2009.
- Lübber, August. 1888. *Mittelniederdeutsches Handwörterbuch*. Norden: Soltau.
- Lundeby, Einar. 1965. *Overbestemt substantiv i norsk og de andre nordiske språk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lunden, Kåre. 1995. Was There a Norwegian National Identity in the Middle Ages? *Scandinavian Journal of History*, 20(1), 19–33.
- Lykke, Christian. 2000. *Aslak Bolt og erketets økonomi*. Hovudoppgåve, Universitetet i Trondheim.
- Melve, Leidulf. 2005. *Literacy – eit omgrep til bry eller eit brysamnt omgrep?* *Scripta Islandica*, 56, 127–137.
- Milroy, James. 1992. *Linguistic Variation and Change*. Oxford: Blackwell.
- Mooijaart, Marijke og Marijke van der Wal. 2011. *Nederlands van Middel-eeuwen tot Gouden Eeuw*. 2. utg. Nijmegen: Vantilt.
- Myers-Scotton, Carol. 1993a. *Duelling Languages. Grammatical Structure in Codeswitching*. Oxford: Clarendon.
- Myers-Scotton, Carol. 1993b. *Social Motivations for Codeswitching. Evidence from Africa*. Oxford: Clarendon.
- Myers-Scotton, Carol. 1997. Code-Switching. I Coulmas (1997), 217–237.
- Mæhlum, Brit. 2005. Sociolinguistic structures chronologically III: Norwegian. I Bandle m. fl. (2002–2005), 1907–1922.
- Nedkvitne, Arnved. 2004. *The Social Consequences of Literacy in Medieval Scandinavia*. Turnhout: Brepols.
- Nes, Oddvar. 2005. The development of Norwegian local dialects and Dano-Norwegian from the mid-16th century to 1800. I Bandle m. fl. (2002–2005), 1291–1301.

- Nesse, Agnete. 2002. *Språkkontakt mellom norsk og tysk i hansatidens Bergen*. Skrifter og avhandlinger nr. 2 (Det Norske Videnskabs-Akademi). II. Hist.-Filos. Klasse. Oslo: Novus.
- Nesse, Agnete. 2011. "Norskheter i sproget hos ..." – Et eksempel på minimalistisk språkhistorisk skrivning? I Sandøy og Jahr (2011), 32–47.
- Nevalainen, Terttu og Ingrid Tieken-Boon van Ostade. 2006. Standardisation. I Richard Hogg og David Denison (utg.), *A History of the English Language*, 271–311. Cambridge University Press.
- Nielsen, Hans Frede. 2002. Delimitation of Ancient Nordic from Common Germanic and Old Nordic. I Bandle m. fl. (2002–2005), 615–619.
- Nielsen, Yngvar. 1880. *Det norske Rigsraad*. Kristiania: Den norske forlagsforening.
- Norde, Muriel. 1997. *The history of the genitive in Swedish: A case study in degrammaticalization*. Doktorgradsavhandling, Universiteit van Amsterdam.
- Norde, Muriel. 2001. The loss of lexical case in Swedish. I Jan Terje Faarlund (utg.), *Grammatical Relations in Change*, 241–272. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins.
- Noreen, Adolf. 1904. *Altschwedische Grammatik: mit Einschluss des Altguthnischen*. Altnordische Grammatik II. Halle: Niemeyer.
- Noreen, Adolf. 1923. *Altisländische und altnorwegische Grammatik (Laut- und Flexionslehre): Unter Berücksichtigung des Urnordischen*. Altnordische Grammatik I, 4. utg. Halle: Niemeyer.
- Norges gamle Love. Anden række, 1388–1604*. 1912–. Norsk historisk kjeldeskriftinstitutt/Riksarkivet. Kristiania/Oslo.
- Nygaard, Marius. 1905. *Norrøn Syntax*. Kristiania: Aschehoug.
- Ottosson, Kjartan. 2003. Utviklinga av person- og numerusbøyinga av verb i gammalnorsk og mellomnorsk. I Jan Terje Faarlund (utg.), *Språk i endring. Indre norsk språkhistorie*, 111–183. Oslo: Novus.
- Ottósson, Kjartan G. 1988. Den isländska språkhistoriens primärkällor och deras användning, eller Är historisk lingvistik möjlig utan filologi? I Jan Svensson (utg.), *Nordistiken som vetenskap*, 120–155. Lund: Studentlitteratur.

- Pettersen, Egil. 1975. *Språkbrytning i Vest-Norge 1450–1550*. Bergen-Oslo-Tromsø: Universitetsforlaget.
- Pettersen, Egil. 1991. *Språkbrytning i Vest-Norge 1450–1550 II: Morfologi*. Bergen: Alma Mater.
- Ralph, Bo. 1996. Olika slags språkhistoria. I Arne Torp, Ruth Vatvedt Fjeld og Kjartan G. Ottósson (utg.), *The Nordic languages and modern linguistics: proceedings of the Ninth International Conference of Nordic and General Linguistics, University of Oslo, January 11–12, 1995*, 262–280. Oslo: Novus.
- Reinhammar, Maj. 1993. Levande språkhistoria. I Lars Wollin (utg.), *Studier i svensk språkhistoria 3*, 183–191. Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet.
- Rindal, Magnus. 1982. Seglreimtekstar. *Eigenproduksjon*, 15, 28–42.
- Rindal, Magnus. 1988. Norsk språk 1350–1550: Gammalnorsk eller mellomnorsk? I Jahr og Lorentz (1993), 395–404.
- Rindal, Magnus. ms. Brev frå Hamar 1350–1525. Gammalnorsk eller mellomnorsk språkform? Upublisert manuskript.
- Roberge, Paul. 2006. Language History and Historical Sociolinguistics. I Ulrich Ammon m. fl. (utg.), *Sociolinguistics/Soziolinguistik III*, HSK 3, 2. utg., 2307–2315. Berlin: de Gruyter.
- Romaine, Suzanne. 1982. *Socio-Historical Linguistics*. Cambridge University Press.
- Romaine, Suzanne. 1988. Historical Sociolinguistics: Problems of Methodology. I Ulrich Ammon m. fl. (utg.), *Sociolinguistics/Soziolinguistik II*, HSK 3, 1452–1468. Berlin: de Gruyter.
- Rygh, Oluf. 1898. *Forord og Indledning til Norske Gaardnavne*. Kristiania: Fabritius.
- Rygh, Oluf m. fl. 1897–1936. *Norske Gaardnavne I–XIX*. Kristiania/Oslo: Fabritius. Nettversjon: [http://www.dokpro.uio.no/rygh\\\_ng/rygh\\\_felt.html](http://www.dokpro.uio.no/rygh\_ng/rygh\_felt.html).
- Sandvei, Marius. 1938. Birgittinernorsk. *Maal og Minne*, 40–54.

- Sandøy, Helge. 1997. *Norvegr eller Noríki?* I Arnold Dalen (utg.), *Gransking av norsk mål i hundre år etter Ivar Aasen. Rapport frå faghistorisk seminar i Trondheim 3. og 4. oktober 1996*, Skrifter (Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab) nr. 3 1997, 91–104. Trondheim: Tapir.
- Sandøy, Helge. 2000. *Nation und Sprache: das Norwegische*. I Andreas Gardt (utg.), *Nation und Sprache. Die Diskussion ihres Verhältnisses in Geschichte und Gegenwart*, 865–905. Berlin: de Gruyter.
- Sandøy, Helge. 2011a. Nordvestlandsk i tidlig moderne tid. I Sandøy og Jahr (2011), 124–143.
- Sandøy, Helge. 2011b. Språk i endring – i struktur og i tanke. I Jon Gunnar Jørgensen og Lars S. Vikør (utg.), *Nordiskfaget – tradisjon og fornying*, 55–68. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge og Ernst Håkon Jahr (utg.). 2011. *Norsk språkhistorie i eldre nynorsk tid (1525–1814)*. Minneskrift for Kjartan Ottosson. Oslo: Novus.
- Schendl, Herbert. 2012. Multilingualism, Code-switching, and Language Contact in Historical Sociolinguistics. I Hernández-Campoy og Conde-Silvestre (2012), 520–533.
- Schiffman, Harold F. 1997. Diglossia. I Coulmas (1997), 205–216.
- Schmid, Hans Ulrich. 2009. *Einführung in die deutsche Sprachgeschichte*. Stuttgart: Metzler.
- Sebba, Mark. 2007. *Spelling and society*. Cambridge University Press.
- Seip, Didrik Arup. 1915/1919. *Låneordsstudier 1–2*. Kristiania: Aschehoug.
- Seip, Didrik Arup. 1922. Bokmål og talemål i Norge 1560–1630. *Maal og Minne*, 113–136.
- Seip, Didrik Arup. 1930. *Trondhjems bynavn*. Trondheim: Bruns bokh.
- Seip, Didrik Arup. 1933. Seglreimstudier. I *Festskrift til Halvdan Koht på sekstiårsdagen 7de juli 1933*, 138–143. Oslo: Aschehoug.
- Seip, Didrik Arup. 1954. *Nye studier i norsk språkhistorie*. Oslo: Aschehoug.
- Seip, Didrik Arup. 1955. *Norsk språkhistorie til omkring 1370*. 2. utg. Oslo: Aschehoug. [1931].

- Seip, Jens Arup (utg.). 1936. *Olav Engelbriktssons rekneskapsbøker 1532–1538*. Noregs Riksarkiv. Oslo: Dybwad.
- Simensen, Erik. 2005. Lexical developments in the Late Middle Ages. I Bandle m. fl. (2002–2005), 1161–1171.
- Skautrup, Peter. 1944. *Det danske sprogs historie I. Fra Guldhornene til Jyske lov*. Kjøbenhavn: Gyldendal.
- Skautrup, Peter. 1947. *Det danske sprogs historie II. Fra Unionsbrevet til Danske lov*. Kjøbenhavn: Gyldendal.
- Skjekkeland, Martin. 1997. *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Spurkland, Terje. 2008. Den eldre fupark – produkt av germansk kleptokrasi. *Collegium Medievale*, 21, 182–192.
- Stéfan Karlsson. 1979. Islandsk bogeksport til Norge i middelalderen. *Maal og Minne*, 1–17.
- Storm, Johan. 1902. Finmarken Beskrivelse af Erkebiskop Erik Valkendorf. *Det Norske Geografiske Selskabs Aarbog*, XII, 1900–1901, 1–23.
- Særheim, Inge. 2011. Nokre kjelder som gjev opplysningar om sørvestlandsk mål i eldre nynorsk tid. I Sandøy og Jahr (2011), 108–123.
- Söderwall, K. F. 1884–1918. *Ordbok öfver svenska medeltidsspråket*. Lund: Berlingska.
- Sørensen, Viggo. 2007. Det jyske skriftsprog – kontraktfaktisk belyst. I Torben Arboe (utg.), *Nordisk dialektologi og sociolingvistik*, 361–378. Aarhus Universitet.
- Teleman, Ulf. 2007. Svensk talspråkshistoria: tempo och riktning. I Lennart Elmevik (utg.), *Nya perspektiv inom nordisk språkhistoria. Föredrag hållna vid ett symposium i Uppsala 20–22 januari 2006*, Acta Academiae Regiae Gustavi Adolphi XCVII, 161–188. Uppsala: Kungl. Gustav Adolfs Akademin för svensk folkkultur.
- Trudgill, Peter. 1994. Language contact and dialect contact in linguistic change. I Ulla-Britt Kotsinas og John Helgander (utg.), *Dialektkontakt, språkkontakt og språkförändring i Norden*, Meddelanden från Institutionen för nordiske språk vid Stockholms universitet 40, 13–22.

- Trudgill, Peter. 2000. On locating the boundary between language contact and dialect contact – Low German and continental Scandinavian. I Ernst Håkon Jahr (utg.), *Språkkontakt – Innverknaden frå nedertysk på andre nordeuropeiske språk*, Skrift nr. 2 fra prosjektet *Språkhistoriske prinsipper for lånord i nordiske språk* under Nordisk Ministerråds forskningsprogram *Norden og Europa*. NORD 2000:19, 71–85. Kjøbenhavn: Nordisk Ministerråd.
- Tylden, Per. 1944. *Me – Vi. Ein studie frå det gamalnorske og mellomnorske brevriket*. Skrifter utgitt av Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo. II. Hist.-Filos. Klasse 1944. No. 4. Oslo: Dybwad.
- Tylden, Per. 1956. *2. persons personlege pronomener dualis og pluralis i gamalnorsk og mellomnorsk diplommaal*. Universitetet i Bergen. Årbok 1956. Historisk-antikvarisk rekke. Nr. 4. Bergen: Grieg.
- de Vaan, Michiel. 2012. The metathesis of suffixal *-sl-* to *-ls-* in West Germanic. *NOWELE*, 64/65, 91–103.
- Venås, Kjell. 1967. *Sterke verb i norske målføre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Venås, Kjell. 1974. *Linne verb i norske målføre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Venge, Mikael. 1981–1982. To studier over problemer fra Christian II's tid. [*Dansk*] *Historisk tidsskrift*, 81(1), 27–68.
- Verwijs, E. og J. Verdam. 1885–1941. *Middelnederlandsch woordenboek*. 's-Gravenhage: Nijhoff. Nettversjon: <http://gtb.inl.nl/>.
- Veturliði Óskarsson. 2001. *Middelnedertyske låneord i islandsk diplomsprog frem til år 1500*. Doktorgradsavhandling, Uppsala universitet.
- Veturliði Óskarsson. 2007. Mange – ja, tilmed en million – gode nætter. I *Encyclopædica Britannica. Festskrift til Britta Olrik Frederiksen i anledning af hendes 60-årsdag den 5. december 2007*, 213–217. Nettpublikasjon: [http://nfi.ku.dk/publikationer/webpublikationer/encyclopaedica\\_brittania/](http://nfi.ku.dk/publikationer/webpublikationer/encyclopaedica_brittania/) [Lese 19.10.2011].
- Vogtherr, Thomas. 2008. *Urkundenlehre*. Hannover: Hahnsche Buchhandlung.
- Weinreich, Uriel, William Labov og Marvin I. Herzog. 1968. Empirical Foundations for a Theory of Language Change. I Winfred P. Lehmann og Yakov Malkiel (utg.), *Directions for Historical Linguistics*, 95–195. Austin/London: University of Texas Press.

- Wenger, Etienne. 2006. Communities of practice. A brief introduction. <http://www.ewenger.com/theory/> [Lese 31.07.2012].
- Wessén, Elias. 1965. *Svensk språkhistoria I: Ljudlära och ordböjningslära*. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Wetås, Åse. 2008. *Kasusbortfallet i mellomnorsk. Ein komparativ studie av proprialt og appellativisk materiale*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo.
- Wiggen, Geir, Tove Bull og Marit Aamodt Nielsen (utg.). 2008. *Språkhistorie og språkkontakt. Festskrift til Ernst Håkon Jahr på 60-årsdagen 4. mars 2008*. Oslo: Novus.
- Willemyns, Ronald og Wim Vandenbussche. 2006. Historical sociolinguistics: Coming of Age? *Sociolinguistica*, 20, 148–165.
- Winge, Vibeke. 1992. *Dänische Deutsche – deutsche Dänen: Geschichte der deutschen Sprache in Dänemark 1300–1800*. Heidelberg: Winter.
- Wollin, Lars. 2000. Guldåldersdrömmen. Ett filologiskt komplex. I Kristinn Jóhannesson, Karl G. Johansson og Lars Lönnroth (utg.), *Den fornordiska texten i filologisk och litteraturvetenskaplig belysning*, Gothenburg Old Norse Studies 2, 36–50. Göteborgs Universitet: Litteraturvetenskapliga Institutionen.
- Wright, Laura. 1999. Mixed-language business writing: five hundred years of code-switching. I Ernst Håkon Jahr (utg.), *Language Change. Advances in Historical Sociolinguistics*, 99–117. Berlin/New York: de Gruyter.
- Zheltukhin, Alexander. 1996. *Orthographic codes and code-switching: A study in 16th century Swedish orthography*. Stockholm studies in Scandinavian philology 21. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Aasen, Ivar. 1873. *Norsk Ordbog*. Oslo: Cammermeyer. Opptrykk 1918.



## A Tekstar i *Diplomatarium Norvegicum*

DN-nummer frå eller med tilknytning til erkesetet (inkludert riksrådet). Oversynet har med vidissar og tekstar på skandinavisk, latin og (låg)tyisk.

Dato	DN	Stad	Or.Sp.Utferdar (merknader)
19.01.1458	3	842	Skara X Sk. Riksrådet
28.06.1459	5	821	Bergen X Sk. Olav T.
01.04.1460	1	851	u.st. X Sk. Olav T.
07.03.1466	16	230	Tr.heim X La. Olav T. (= JHD II 47)
14.06.1466	2	862	Tr.heim La. Olav T. (AM apograf)
07.03.1470	16	241	Tr.heim X Sk. Olav T. (= JHD II 66)
08.05.1470	5	868	Tr.heim X Sk. Lekmenn, kannikar vitne
30.09.1472	2	886	Bergen X Sk. Rettarting
07.12.1472	3	898	Tr.heim X Sk. Deknen m.fl.
13.12.1472	16	252	Tr.heim X La. Olav T.
24.06.1473	2	888	Tr.heim Sk. Olav T. (vidisse 1585)
04.12.1475	10	249	Tr.heim X Sk. Gaute
06.07.1478	2	907	Oslo X Sk. Riksrådet
10.11.1478	16	269	Tr.heim X Sk. Deknen/lagm. m.fl.
23.06.1479	16	271	Tr.heim X La. Gaute (= JHD II 134)
26.06.1479	8	406	Tr.heim La. Deknen m/geistlege
02.03.1480	14	141	Tr.heim X Sk. Gaute (= JHD II 141)
25.08.1481	5	915	Bergen X Sk. Riksrådet
12.09.1481	3	931	Bergen X La. Riksrådet
25.07.1482	2	921	Jersøy La. Bispekollegiet (AM avskr.)
01.02.1483	13	148	Halmstad X Sk. Riksrådet
16.11.1483	10	260	Aspa X Sk. Gaute
[16.11.1483]	10	261	Aspa X Sk. Gaute
04.05.1484	5	923	Tr.heim X Sk. Gaute
12.09.1485	1	945	Bergen X Sk. Rettarting
18.07.1486	1	950	Bergen X Sk. Gaute
31.07.1486	1	951	Bergen X Sk. Gaute
07.03.1487	3	959	Tr.heim X Sk. Erkedekn m.fl. (= JHD II 192)
15.04.1487	14	164	Tr.heim X Sk. Gaute (= JHD II 194)
10.11.1488	3	965	Tr.heim X Sk. Gaute/lagm. (= JHD II 204)
28.11.1488	1	958	Oslo Sk. Kannik Jakob Matsson (vidisse 1489)
13.12.1488	5	939	Tr.heim Sk. Deknen/lagm. m.fl. (vidisse i V 958)

*Fortset på neste side*

Dato	DN	Stad	Or.Sp.	Utferdar (merknader)
03.10.1489	1	963	Bergen	X Sk. Rettarting
26.02.1489	10	269	Frei	X Sk. Gaute
12.07.1489	16	302	Kj.hamn	La. Ska. bispar (AM apog.)
25.07.1489	2	955	Kj.hamn	X Sk. Riksrådet
22.06.1490	16	306	Tr.heim	X Sk. Lagm. (m/ebp., = JHD II 219)
11.09.1490	8	426	Bergen	Sk. Rettarting (vidisse 1516)
30.09.1490	5	952	Bergen	Sk. Rettarting (vidisse i V 968)
24.11.1493	18	129	Tr.heim	La. Domkapittelet
29.11.1493	18	130	Tr.heim	La. Gaute
29.04.1494	5	968	Tr.heim	X Sk. Kannikar og rådmenn (vidisse av V 938, 939 og 952)
u.d. 1495	1	985	Tr.heim	X Sk. Gaute
15.04.1497	5	977	Tr.heim	X Sk. Lekkvinne, ebp. til stades
27.12.1498	14	187	Båhus	Sk. Gaute (samtidig avskr.)
01.08.1500	11	278	Tr.heim	X Sk. Gaute
14.10.1501	21	689	Bergen	Sk. Rettarting
15.09.1505	9	459	Bergen	Sk. Rettarting
22.04.1506	21	697	Tr.heim	Sk. Gaute
13.09.1507	21	700	Bergen	Sk. Bispekollegiet
31.05.1508	8	471	Tr.heim	X Sk. Gaute
01.02.1511	15	141	Roskilde	X Sk. Erik V.
25.07.1513	4	1063	Kj.hamn	La. Ska. bispar
12.07.1514	1	1040	Oslo	La. Bispekollegiet (AM avskr.)
24.05.1514	5	1016	Tr.heim	X La. Erik
23.07.1514	17	1178	Oslo	X La. Erik & bp. Mogens
23.08.1514	5	1018	Oslo	X La. Same som førre, uviss dat.
26.09.1514	11	296	Tr.heim	X Sk. Erik
10.03.1515	14	258	Tr.heim	X Sk. Hans Rev, (= JHD II 365)
24.08.1515	1	1047	Kj.hamn	X Sk. Erik
29.09.1515	23	139	Fron	X Sk. Erik
24.01.1516	14	261	Jamtl.	X Sk. Erik
04.04.1516	16	357	Tr.heim	X La. Erik
29.06.1516	1	1049	Tr.heim	X Sk. Erik
02.07.1516	15	146	Tr.heim	X Sk. Erik
10.12.1516	22	111	Tr.heim	X Sk. Erik
11.12.1516	22	112	Tr.heim	X Sk. Erik
15.03.1517	16	359	Tr.heim	X Sk. Erik
03.05.1517	10	315	Tr.heim	Sk. Erik (avskr. ikr. 1550)

*Fortset på neste side*

Dato	DN	Stad	Or.Sp.Utferdar (merknader)
26.03.1519	1 1054	Tr.heim	X Sk. Erik (= JHD II 395)
26.03.1519	11 305	Tr.heim	X Sk. Erik
[26.03.1519?]	22 120	[Tr.heim?]	X Sk. Erik? (vedlagt I 1054)
13.04.1520	7 551	Tr.heim	Sk. Domkap. (sein avskrift)
31.10.1520	1 1056	Tr.heim	X Sk. Kannik Hans Rev
16.05.1521	1 1058	Tr.heim	X Sk. Erik
24.08.1521	4 1080	Tr.heim	X Sk. Domkapittelet
[sommar 1521]	8 500	[Amst.d.]	X Sk. Notat (Erik?) om eignelutar
05.11.1521	7 558	Utreth	La. Eriks test., avskr. 1525
13.02.1522	1 1059	Roma	X Sk. Erik
26.04.1522	3 1089	Roma	X La. Erik
[haust 1522]	7 562	[Roma]	La. Erik (samtidig avskrift)
04.06.1523	1 1061	Tr.heim	X Sk. Domkapittelet
15.07.1523	1 1062	Mechelen	X Sk. Olav Engelbrektsson
07.12.1523	7 564	Roma	X La. Olav
16.12.1523	7 565	Roma	X La. Olav
05.08.1524	9 532	Bergen	X Sk. Riksrådet
09.08.1524	6 696	Bergen	X Sk. Riksrådet
22.08.1524	18 294	Bergen	X Sk. Riksrådet
23.08.1524	1 1067	Bergen	X Sk. Riksrådet
23.08.1524	9 534	Bergen	X Sk. Riksrådet
03.09.[1524]	7 591	Bergen	X Sk. Riksrådet
06.09.1524	6 697	Bergen	X Sk. Riksrådet
02.09.1524	1 1068	Bergen	Sk. Riksrådet (no. vidisse 1530)
20.08.[1524]	22 130	[Bergen]	X Sk. Riksrådet
[14.12].1524	22 132	Tr.heim	X Sk. Olav
09.03.1525	1 1070	Tr.heim	X Sk. Kannik Hans Rev
[22.09.1526]	14 552	Tr.heim	X Sk. Olav
14.04.1527	1 1072	Tr.heim	X Sk. Olav
14.07.1527	7 640	Tr.heim	La. Olav (lokal kopi)
14.09.1527	14 576	Steinvh.	Sk. Olav (lokal avskr. M2268)
09.12.1527	14 600	Tr.heim	Sk. Olav (lokal avskr. M2268)
[ikr. 1527]	8 567	[Tr.heim]	X Sk. Notat om gjeld
u.d. 1528	9 612	[Tr.heim]	X Sk. Olav (notat)
[1528–1529]	8 582	[Tr.heim?]	X Sk. Notat (om tjuvegods)
[1528–1529]	8 583	[Tr.heim?]	X Sk. Notat (om tjuvegods)
[1528–1529]	8 584	[Tr.heim?]	X Sk. Notat (om tjuvegods)
[1528–1529]	8 585	[Tr.heim?]	X Sk. Notat (om tjuvegods)

*Fortset på neste side*

Dato	DN	Stad	Or.Sp.	Utferdar (merknader)
30.01.1529	12	424	Meldal	Sk. Olav (avskr. ikr. 1630–1640)
05.06.1529	10	577	Tr.heim	Sk. Olav (samt. avskr. (EB <sup>1</sup> ?))
[juni 1529?]	10	578	Tr.heim	X Sk. Notat av ebps. skrivar
19.10.1529	8	613	Tr.heim	X Sk. Olav
21.10.1529	12	451	Tr.heim	Sk. Olav (samt. avskr. (EB))
23.06.1530	12	463	Tr.heim	X Sk. Olav
17.05.1531	22	177	Tr.heim	X Sk. Olav
19.05.1531	9	670	Tr.heim	X Sk. Olav
05.09.1531	22	189	Tr.heim	X Sk. Olav
05.09.1531	22	190	Tr.heim	X Sk. Olav
07.09.1531	9	678	Steinvh.	Sk. Olav (samt. avskr. (EB))
03.12.1531	8	658	Steinvh.	X Sk. Olav
10.12.1531	8	659	[Steinvh.]	X Sk. Notat
05.01.1532	5	1069	Oslo	X Sk. Riksrådet (m/lat. kopi)
24.01.1532	8	672	Tr.heim	X Sk. Domkapittelet
10.02.1532	9	690	Steinvh.	X Sk. Olav
25.02.1532	9	692	Steinvh.	X Sk. Olav
27.03.1532	12	496	Tr.heim	Sk. Olav (samt. vidisse)
[mars 1532]	8	678	[Tr.heim]	X Sk. Notat (rekneskap)
03.06.1532	9	702	Steinvh.	X Sk. Olav
??-09.1532	8	696	Steinvh.	X Sk. Olav (utkast)
15.09.1532	8	698	Steinvh.	X Sk. Olav (utkast)
18.09.1532	8	699	Steinvh.	X Sk. Olav (utkast M3991, vedl. E)
23.09.1532	8	700	Steinvh.	X Sk. Olav (utkast)
25.09.1532	12	515	Steinvh.	X Sk. Olav (utkast M3988, trykt etter da. avskrift)
ikr. 01.10.1532	12	517	[Steinvh.]	X Sk. Notat
06.10.1532	12	523	Tr.heim	Sk. Olav (da. avskr.)
08.10.1532	8	705	Elgeset.	X Sk. Olav (utkast)
primo okt. 1532	12	518	Steinvh.	X Sk. Olav (utkast)
medio okt. 1532	9	717	[Tr.heim?]	Sk. Olav (eig. VL <sup>2</sup> )
22.10.1532	2	1106	Tr.heim	X Sk. Olav (utkast; jf. M3170)
22.10.1532	9	719	Tr.heim	X Sk. Olav (jf. utkast M3278b)
22.10.1532	9	720	Tr.heim	X Sk. Olav
22.10.1532	9	721	Tr.heim	X Sk. Olav (utkast)
[22.10.1532]	9	722	[Tr.heim]	X Sk. Olav (utkast)

*Fortset på neste side*

<sup>1</sup> EB = Eske Bille; etter DN har truleg skrivaren hans gjort avskrifta.

<sup>2</sup> VL = Vincens Lunge; han har etter DN skrive brevet.

Dato	DN	Stad	Or.Sp.	Utferdar (merknader)
05.11.1532	9	725	Tr.heim	X Sk. Olav (jf. utkast M3278a)
06.11.1532	9	726	Tr.heim	X Sk. Olav
06.11.1532	14	713	Tr.heim	X Sk. Riksrådet
07.11.1532	9	728	Tr.heim	X Sk. Riksrådet
07.11.1532	9	729	Tr.heim	X Sk. Riksrådet (utkast M3177)
07.11.1532	14	714	Tr.heim	La. Riksrådet
primo nov. 1532	8	707	[Tr.heim]	X Sk. Olav (vedlegg F)
25.03.1533	12	540	Steinvh.	X Sk. Olav
11.06.1533	10	645	Tr.heim	X Sk. Olav
24.07.1533	10	655	Steinvh.	X Sk. Olav
aug. 1533	10	670	[Bud?]	X Sk. Notat (rekneskap)
aug. 1533	10	671	[Bud?]	X Sk. Notat (V.L., suppl. av ebp.)
[aug. 1533?]	10	672	[Tr.heim?]	X Sk. Notat
[aug. 1533?]	10	674	[Tr.heim?]	X Sk. Notat (NgL 2. r. IV 171)
04.09.1533	8	717	Bud	X Sk. Riksrådet (samt. kopi)
08.09.1533	4	1102	Bud	X Sk. Riksrådet
sep. 1533	8	718	Bud	X Sk. Riksrådet (samt. kopi)
[jul 1533–34]	9	738	[Steinvh.]	X Sk. Notat (rekneskap)
[jul 1533–34]	9	739	[Steinvh.]	X Sk. Notat (rekneskap)
[jul 1533–34]	9	740	[Steinvh.]	X Sk. Notat (rekneskap)
20.04.1534	16	561	Tr.heim	X Sk. Olav
02.05.1534	5	1077	Steinvh.	Ty. Olav (avskrift/omsetj.)
23.06.1534	10	677	Bergen	X Sk. Riks. (677–678 er utkast
23.06.1534	10	678	Bergen	X Sk. ved EB)
23.06.1534	12	547	Bergen	X Sk. Riksr. (samt. avskrift)
23.06.1534	12	548	Bergen	X Sk. Riksr. (samt. avskrift)
23.06.1534	12	549	Bergen	X Sk. Riksr. (utk. M3271; jf. rein- skrifter M3276 og 3277)
23.06.1534	12	550	Bergen	X Sk. Olav
[sommar 1534]	12	551	Bergen	X Sk. Notat (rekneskap)
07.07.1534	1	1083	Oslo	X Sk. «Olav» (eig. kanslaren)
05.08.1534	15	500	Oslo	X Sk. «Olav» (eig. kanslaren)
19.11.1534	16	570	Steinvh.	X Sk. Olav og NL <sup>3</sup> (NLs hand)
19.11.1534	22	272	Steinvh.	X Sk. Olav
19.11.1534	22	273	Steinvh.	X Sk. Riks. (samt. kopi)
19.11.1534	22	274	Steinvh.	Sk. Riks. (to samt. kopiar)
20.11.1534	2	1112	Steinvh.	X Sk. Olav og NL

*Fortset på neste side*

<sup>3</sup> NL = Nils Lykke.

Dato	DN	Stad	Or.Sp.Utferdar (merknader)
13.12.1534	12	552	Steinvh. La. Olav
ikr. 1534	8	726	[Tr.heim] X Sk. Notat (rekneskap)
22.01.1535	1	1084	Holtålen X Sk. Olav
23.04.1535	12	553	Steinvh. X Sk. Olav og NL
[juni 1535]	11	621	[Tr.heim] X Sk. Notat
08.09.1535	16	578	Tr.heim X Sk. Olav
08.09.1535	16	579	Tr.heim X Sk. Olav
08.09.1535	16	580	Tr.heim X Sk. Olav
08.09.1535	16	581	Tr.heim X Sk. Olav
08.09.1535	16	582	Tr.heim X Sk. Olav
09.09.1535	11	628	Tr.heim X Sk. Domkap. (vidis. av XI 624)
10.09.1535	12	555	Tr.heim X Sk. Olav
15.11.1535	12	556	Oslo X Sk. 556–567: To brev frå
15.11.1535	12	557	Oslo X Sk. kannik Jens Olsson Bratt
07.12.1535	7	719	Tr.heim X Sk. Olav
07.12.1535	12	558	Tr.heim X Sk. Olav
07.12.1535	12	559	Tr.heim X Sk. Olav
07.12.1535	12	560	Tr.heim X Sk. Olav
[07.12].1535	12	561	Tr.heim X Sk. Olav
08.12.1535	12	562	Tr.heim X Sk. Olav
08.12.1535	12	563	Tr.heim X Sk. Olav
u.d. 1535	12	564	Tr.heim X Sk. Notat (rekneskap)
16.02.1536	23	412	Steinvh. X Sk. Olav
21.11.1536	5	1085	Tr.heim X La. Olav
08.04.1536	22	285	Tr.heim X Sk. Olav
25.05.1536	22	295	Steinvh. X Sk. Olav
09.07.1536	22	316	Steinvh. X Sk. Olav
24.08.1536	22	325	Steinvh. X Sk. Olav
21.09.1536	22	330	Steinvh. X Sk. Olav
20.01.1537	22	352	Steinvh. X Sk. Olav
mars 1537	12	570	[Tr.heim] X Sk. Notat (manntal)
[mars 1537]	12	571	[Tr.heim] X Sk. Notat (manntal)
[mars 1537]	12	572	[Tr.heim] Ty. Notat (to avskr.)
01.04.1537	22	370	Nidarh. X Sk. Olav
04.04.1537	22	372	Aure X Sk. Kannik Jens O. Bratt
[april 1537]	12	573	[Tr.heim] X Sk. Notat (manntal)
[april 1537]	12	575	[Nordsj.] X Sk. Notat

## B Tekstar i NgL og DI

Omtala dokument som er trykte i NgL og/eller DI, men ikkje DN. NgL er prioritert, nummer som berre har regist der, er førde i lista for DI.

Dato	Bd.	Nr.	Stad	Or.Spr.	Utferdar (merknader)
<i>Norges gamle Love, 2. r.</i>					
01.07.1455	2	62	Elfsborg	X Lty.	Kongen og riksrådet
09.07.1455	2	67	Kalvsund	Sk.	Kongen og riksrådet
19.01.1458	2	79	Skara	X Sk.	Riksrådet (= DN III 842, eit tillegg finst ikkje i DN)
16.07.1478	2	163	Oslo	Sk.	Kongen og riksrådet
16.07.1478	2	164	Oslo	Sk.	Avskrift av førre (II 163)
Juli 1478	2	166	[Oslo]	Sk.	Kongen og riksrådet
15.09.1478	2	361	Bergen	Sk.	Gaute (= DI VI 153)
22.09.1481	2	387	Bergen	X Sk.	Gaute (= DI VI 364)
01.02.1482	2	186	Oslo	X Sk.	Riksrådet (inkl. to tillegg)
Aug. 1482	2	188	Jersøy	Sk.	To tillegg av riksrådet
24.08.1482	2	189	Båhus	Sk.	To tillegg av riksrådet
[Feb.] 1483	3	1	[Halmstad?]	X Sk.	AB = DN XIII 148; C avvik
15.07.1489	3	282	Kj.hamn	Sk.	Riksrådar (berre regist, trykt i <i>Danske Magazin</i> 3 II)
01.07.1505	3	176	Kalmar	X Lat.	Da. og no. riksråd
17.07.1505	3	178	Kj.hamn	X Sk.	Riksrådet (= DI VII 710)
12.01.1518	4	35	Tr.heim	Sk.	Rettart. (= DI VIII 494)
29.09.1533	4	174	Oslo	X Sk.	Riksrådet (= DI IX 564)
06.04.1536	4	184	Tr.heim	X Sk.	Olav
<i>Diplomatarium Islandicum</i>					
25.06.1478	6	136	Bergen	Sk.	Gaute m.fl.
26.09.1478	6	159	Bergen	Sk.	Gaute (reg. i NgL II 362)
25.08.1481	6	360	Bergen	Sk.	Riksrådsdom
22.09.1481	6	365	Bergen	Sk.	Gaute (reg. i NgL II 388)
27.09.1481	6	366	Bergen	Sk.	Gaute (reg. i NgL II 389)
06.07.1484	6	462	Bergen	X Sk.	Gaute (reg. i NgL III 243)
07.10.1507	8	139	Bergen	Lat.	Gaute (reg. i NgL III 357)
07.10.1507	8	140	Bergen	Lat.	Gaute (reg. i NgL III 356)
14.02.1509	8	228	Tr.heim	Sk.	Gaute (reg. i NgL III 361)
15.11.1520	8	573	Tr.heim	Lat.	Erik
20.11.1520	8	574	Tr.heim	Lat.	Erik

*Fortset på neste side*

---

Dato	Bd.	Nr.	Stad	Or.Spr.Utferdar (merknader)
29.11.1520	8	575	Tr.heim	Sk. Erik
29.11.1520	8	576	Tr.heim	Sk. Erik
07.09.1524	9	212	Bergen	Lat. Olav (isl. omsetjing)
10.11.1534	9	593	Tr.heim	Lat. Olav

---



## C Tilføyingar til Aslak Bolts jordebok

Side	Tid	Lengd	Merknad
4	Gaute	5 linor	Jordegåve og -skifte
6	1509	3 linor	Jordegåve
7	Gaute	4 linor	Jordeskifte
15	1501	7 linor	Jordegåve
16	Gaute	2 linor	Jordekjøp
17	Gaute	3 linor	Jordeskifte
18	1490	3 linor	Jordkjøp
19	Gaute	4 linor	Jordeskifte
27	Gaute	1/3 side	Jordeskifte
34	Før 1473	5 linor	Jordegåve frå Olav T.
36	1504	8 linor	Jordegåve og -kjøp
45	Erik Am.	2 linor	Jordegåve, Erik Amundsson var lagmann frå 1458 til minst 1497
47	Før 1503	4 linor	Jordegåve
52	Gaute	3 linor	Jordeskifte
65	1464	2 linor	Jordegåve
80	1503	6 linor	Jordeskifte
81	1491	Halvsida	Om fleire gardar i Meldal
88	1504	5 linor	Jordkjøp
93	1464	4 linor	Jordegåve frå Olav T.
95	Uvisst	2 1/2 side	Truleg frå Gautes tid (Dalen m. fl. 2008: 350)
105	Gaute	3 linor	Jordeskifte
113	Gaute	5 linor	Jordkjøp
117	Uvisst	3 linor	Om eigedomsrett, Ivar i Aspa (omtala 1453–1489) er nemnd
121	Gaute	1 line	Jordkjøp
125	1501	5 linor	Jordegåve
126	1468	1/2 side	Jordeskifte
127	Olav T.	2 linor	Bot
132	Erik V.	2 linor	Jordkjøp
136	1503	6 linor	Jordkjøp
140	Gaute	2 linor	Jordegåve
143	Gaute	7 linor	Jordkjøp
153	1486	3 linor	Jordegåve
161	Uvisst	8 linor	Jordegåvor, språket tyder på seint 1400-tal
177	1478	5 linor	Jordkjøp
181	1509	6 linor	Jordkjøp

## D Breviarium Nidrosiense

Dei to sidone med norsk tekst i *Breviarium Nidrosiense* (1964) (den første sida merkt med raud kross i utgåva). Dei to første linone har raud skrift i utgåva. Dei gotiske majusklane er bytte med antikva, r rotunda er bytt med r og s er bruka både for vanleg og høg s. Oppløyste avstytingar er markerte med kursiv.

---

Swo skulo helgor och fastor haldas i Nidros biscopsdøme  
 efther<sup>1</sup> christne retthenen och heilagrafæ.resætningh.<sup>2</sup>  
 Sunnedaghs helgh heffst a laugerdegi tha er sool er i  
 wester och heldar till midiar nath ath manedegi  
 Nyaars dag er største hatides dag och er nonhelg fire.  
 Niende.tiende:elløte dag Jole ero medaldage  
 Trettende dag største hatides dag och er nonhelg fire  
 Paals messo dag heilacht som sunnedagher  
 Skyndulsmesso dag største hatides dag och er nonhelg fire  
 Matthies messo apostola dag heilacht som sunnedag och faste fire  
 Gregorius messo dag heilacht som sunnedag och faste fire  
 Mario messo dag i fasto.fasto och nonhelg fire.  
 Magnus messo dag heilacht som sunnedag  
 Paaskedag største hatidesdag nonhelg och fasta fire  
 Annan.och tridia dag ero medaldaga  
 Fiorde dag heilacht som sunnedag  
 Langdager eine skal fasta ath retthom fastemad och heilacht hal-|da ath  
 messe tiid  
 Twegge apostola dag vm waren philippi et iacobi heilacht som sunnedag.  
 Krosmesso dag vm waren nonhelg fire  
 Halduardz messo nonhelg fire och fasta.mo tho hwit ætheen-|melth  
 J gangdag wiku manedag och tisdagher heilacht ath messetiid  
 end midwiku dagher fasta skal meth retthom fastamad och hei-|lacht ath  
 messe tiid  
 Helge torsdagher største hatides dagher fasta och nonhelg fire  
 Hwite sunnedag største hatides dag fasta och nonhelg fire  
 Manedaghen heilacht som sunnedag.  
 Helge likams dagher heilacht som sunnedagher och wel er gi-|ort ath fasta.  
 Botols messo heilacht som sunnedagher

<sup>1</sup> Dei to første teikna er noko uklære.

<sup>2</sup> Teikna mellom *f* og *r* er utydelege, men det ser ut som ein ⟨æ⟩. Dette gjev ikkje meining. Éi tolking er at ⟨f⟩ er feiltrykk for høg s og ⟨r⟩ for ⟨t⟩, slik at det skal vera *sæctesetning*, i samband med norrønt *sekt* 'straff' og *setning* 'påbod'.

Jons messo dag nonhelg och fasta fire  
 Peders messo dag nonhelg och fasta fire  
 Mario messo dag ther nesth som er swituns messo aat forno hei|lacht som  
 sunnedager och wel er giort ath fasta fire  
 Seliemanna messo nonhelg och fasta hwit enmelt  
 Margitte messo heilacht som sunnedag  
 Jacobs messo apostola dag heilacht som sunnedag  
 Olaffs messo dag største hatides dag watn fasta och nonhelg fire  
 Olaffs messo sidare nonhelg fire.  
 Laffrans messo dag nonhelg och fasta fire  
 Mario messo dag førre største hatides dag nonhelg och watn fasta fire  
 Bartholomeus *apostola* dag heilacht som sunnedag och fasta fire.  
 Mario messo dag sidare nonhelg och fasta fire  
 KrosMESSO om hausthen heilacht som sunnedag.  
 Mattheus messo *apostola* dag heilacht som sunnedag och fasta fire  
 Michiels messo dag nonhelg fire  
 Sancti fransisci dag heilacht som sunnedag  
 Twegge *apostola* messo dag vm hausthen symonis och Jude heilacht som  
 sunnedag och fasta fire  
 Helgono messo dag største hatides dag nonhelg och watn fasta  
 Marteins messo dag heilacht som sunnedag (fire  
 Clemetz messo dag heilacht som sunnedag  
 Anders messo *apostola* dag nonhelg och fasta fire  
 Nicolaus messo dag nonhelg och fasta fire  
 Mario messo dag ther nest conception heilacht som sunnedag och wel er giort  
 ath fasta  
 Thomas messo *apostola* dag heilacht som sunnedag och fasta  
 Jola dag største hatides dag nonhelg och fasta fire. (fire  
 Annan dag iola.tridia.fiorde.och fempta heilacht som sunnedag  
 End sette dag och siwende ero medeldaga  
 Fioretiodage i longo fastu skal rettheligaste:fasta end longefri-|adag watn  
 fasta.  
 Jmbre dage som era midwikudagher.friadagher.och laugher  
 dagher their som kome vm wætren fire ioll swo och their som ko|me først i  
 longofasta skal fasta meth retthom fastemad.End the-|ir imbredage som koma  
 vm somaren i hwite sunne wik swo och their som kome vm hausthen effther  
 krosMESSO loffwast hwit etha enmelt midwiku dagher och laugher dagher.  
 Friadag huaru skal fasta meth retthom fastamad effther lofflige landzens  
 sedwenie och christne retthen.Amen.

## E DN VIII 699 (M3165) og utkastet M3991

Steinvikholm <sup>18/9</sup> 1532, vidisse av fem rådmenn frå Trondheim av eit brev frå Olav Engelbrektsson til Vincens Lunge og Nils Lykke. Vidissen til venstre, eit utkast til høgre.

### M3165

Wij Oluff mett gudz Naade Erchebiisp i Trondem Och paffuelig Sed<sup>is</sup> legatt Helse ether Erlige welbørðiige mend och strenge Ridderer `oc herrer´ Wincencius Lunge och Nielss Lucke medt tiill|børiligen helsenn, giffuendis ether tiilkenne Ath naagre Erligæ och fornufftige mend Rodmend i Trondem komme hiidt tiill oss nu i dag och lothe oss forstaa atj ennw begeræ endeligen att vitte om wii ville beskicke och forfførddre At then almug som besytt-hendis ær i the leenn som wii vti forlening haffue skall gøre høgborne fiirste konning Frederick then huldscaffs och troscaffz eydh oc landehielp som andre hans Naadis troo vndhersaathe giort haffue etc.,  
vppaa thet Att gudz fortørnilse och meynige mandz besworing kand ther mett affwendis oc formyd<sup>is</sup> wille vij forscriffwe och beskicke att sex mend aff hwort skipreyde skulle kom<sup>m</sup>e tiill eder met thet fyrste tiill|sygendis ether paa høgborne fyrst<sup>is</sup> konning ffredericks vegne  
huldscaff och mandskaff paa meynigheythens vegne Och huess Landzhielp i tha aff thennom begerendis ære Skulle vore ffougetther och Embedzmend mett ethers eighen szendebud vare flytligæ behielpende then vtatkreffue ether tiillhandhe

### M3991

Wij Oluff etc.

helse eder Erligæ wælbørðigæ mend och strenggæ Rid|dere `oc herer´ Wincencius lwnngæ och Nielss lycke med tilbøriligen helsen Geffwendis eder till kennæ Ath nogre Erligæ och forn-wfftigæ raadmend i k Trondem kommæ hiit till oss nw i dag och lode oss fforstaa ati ennw begære endeligen ath wede om wii wille beskicke och fforffyrddre ath then almwgæ som besitthendis ære i the læn som wii i \*fforlænng haffwe skall gøre høgborne ffyrste k ff then huldscaffz och troscaffz eit och landhielp som andre h n tro vndhersaathe giort haffwe etc.

vppaa ath gudz fortørnelse och me-nigæ mandz besworing kand ther med affwendis oc fformides wille wii fforscriffwæ ~~och ffor~~ fforscriffwæ och beskicke att vj mend aff hwart skipreide skulle kom|me till eder med thet ffyrstæ tilseiendis eder `paa h f wegn<sup>e</sup>´

huldscaff och mandskaff paa menighe-tens wegnæ och hwes landz|hielp i tha aff thennom begærendis ære skwllæ ff wore ffogeter och Embidzmend med eders egen sendebud ware ~~bæ~~ flitlige behielpende ~~the~~ then vtatkreffwæ `eder till hande´

## M3165

doch mett saadann skell och forord ati ville tiilsiige oss mett beggis ethers obne besyglde breff `och´ vbrotteligenn holde At wii waare An|hengende venner vndersaate och tienere skulle ware vti alle maathe vfeygdett vbehindret oc vplatzett paa personn godz eygedeldher Renthe rettugheydt<sup>t</sup> Erlichheydt<sup>dt</sup> oc alle andre rørenndis och vrørenndis haffwenndis hooffwer effther *Contractens* Liidelsæ huor effther syn staat skickelse och lelighey<sup>t</sup> ffor ether och ethers och alle the som ether paa høgborne fiirstis konning ffredericks wegne ære beffalne och vndergiffne Sa lenge høgborne ffiirster konning Cristiernn vor kær<sup>is</sup><sup>te</sup> nadug<sup>is</sup><sup>te</sup> herre och konning frederik ære endeligen fordragne och forennthe Och wii tha komme ind for ein aff for<sup>ne</sup> ffiirster then som Riigidt beholdendis worder swarendis hans naade ether och alle andre

Lag och skeell enthen tiill mynne eller rette for huess oss mett skell tiiltalis kand, Och skall ether ycke forwndre hwy wy saadann forwaring aff ether offwer *Contracten* begerendis ære Thii wij haffue thet sport i sanhey<sup>dt</sup> aff mange ether ord och andslagh som i haffue Lathett ether bemerk<sup>t</sup> i bergenn atj ville hiidtdrage medt Landzknecter och kriigx|folk i then acht och meyni<n>g ati ther medt vnder ein fredeligh handling wille gaa effther vaar och vaaris Liiff och wellfard

## M3991

Dog med saadane skeell och fforord ati wille tilseie oss med beggis eder obne besiglede breff `och´ vbrøteligen at holde´ Ath wii `wore´ anhengende wener ~~oeh~~ vndersaate och tienere skulle ware i alle maade vffengded vbehindred och vplatzett paa persone godz egedelder herligheit och alle haffwendis hooffwer andre rørendis och vrørenndis `haffuendis hoeffuer effther *contractens* Lielse´ hwar efter sin staat skickelse och legligheitt ffor eder och eders och alle som eder paa høgborne ff k ff wegne ære beffalne och vndergiffnæ Saa lengge høgbornæ ffiyrster k C wor kær<sup>es</sup><sup>te</sup> naadug<sup>es</sup><sup>te</sup> herre och konning ffræderich ære endeligæ ffordragne och fforentæ

och wii tha kommæ ind ffor ein aff for<sup>ne</sup> ffiyrster then som rige<sup>t</sup> beholdendes worder swarendes `hans naade´ eder och alle andre ffor hw lag och rett eder oeh alle andre

lag `oc skell´ enten tiill minne eller rett for hwes oss med skæll tiltales kand Och skall eder ecke forundre hwi wii saadan fforuaring aff eder offwer *contracten* begærendes ære ty wii haffwe thet sportt i sandheit ati ffor~~kyn~~nde thet aff manggæ eder ord och anslag som i haffwe ladit eder bemerktt i bergen ati `vilde hiit´ dragæ med landzknektter och kriigx|folk i then acht och mening ati wille ther med `vnder ein fredeligh handling wille´ gaa effther wor och wors liiff och wællfferd

## M3165

som vii beuisse ville naar *thet* behooff  
gørs Gud alsom|megtugis<sup>te</sup> vnne ether  
och oss alle syn friidh oc velsignede  
naader

Giffuid paa Steinuicholm onszdagen  
nest effther hellige kors dag Exalta-  
tionis anno etc. Mdxxxij vnder vort  
signete.

[Råmeteksten i vidissen, onnor hand  
og anna blekk:]

Wii effter<sup>ne</sup> Niels arneson Symon Su-  
endszon Jacob skultt Niels laffrenszon  
Och Niels engelbrechtszon Rodmend i  
Trondem gøre vitterligt ath wii haf-  
fue seet skaatt oc hørt eit aape<sup>t</sup> pa-  
pirs breff som werdugis<sup>te</sup> fadher oc  
herre her Oluff met gudz naade Er-  
chebiisp i trondem oc paffuelig Sedis  
legatt besygd met hans naadis sig-  
nett Liidendis ord iffraa ord som her  
forscreff<sup>uidt</sup> staar ath saa ær i sanhey<sup>t</sup>  
*thet* vitne vii mett vore indsigle triich-  
te vnder thenne widisse som giord oc  
screffwen ær aar dag oc stedh som for-  
screffuidt staar:

## M3991

som wii bewisæ wille naar *thet* behooff  
gørs gud alzwolduges<sup>te</sup> vnnde eder och  
oss alle sin ffred och wælsignedæ na-  
ader

## F DN VIII 707 (M3111) med variantane M3280 og 3984

3280 ser ut til å vera eit utkast (pga. overstrykingar og rettingar i teksten) og 3984 ei avskrift av dette. Dei er truleg skrivne med same hand. Innhaldet i 3111 skil seg noko i frå dei to andre, og har òg ei litt onnor handskrift; om det er eit notat til forhandlingar eller ei avskrift av eit oppsett brev er uklårt. «\_» viser lineskifte med bindestrek i ms.

M3111	M3280	M3984
<p>These ære the puncter och articler som wii goffw&lt;e&gt; ether gode herrer tilkenne</p> <p>Furst handgingæ wii høgbaarne ffiirste och herre her ffr&lt;e&gt;derick danm&lt;a&gt;rkis wend&lt;is&gt; oc gott&lt;is&gt; konnung vdtuold konnung tiil Norgie etc. vor kær&lt;is&gt;te naad&lt;u&gt;g&lt;is&gt;te herre paa flenszborgzhws mett saadanne for_ord ath wii wilde ware hans Naade hwlid och troo then stwnd hans naade holde Norg&lt;is&gt; Indbiggere met Norg&lt;is&gt; lag oc gamble gode sidwenniar Och then helligæ kir_ke hennis prelather oc personnær wiid ther&lt;is&gt; friihedher och pr&lt;u&gt;ilegier hæer vppaa hørde her Hans ransow, hans naad&lt;is&gt; Canceler mester Clauus och myster Johan frii&lt;is&gt;sz</p>	<p>These ære the puncter och articler som wii haffwe ffor oss</p> <p>ffyrst handgingge wii høgborne ffyrste och herre her ffrederech med gudz naade danmarces wendes oc gottes konnung vdtwold konnung till Norie etc. wor kær&lt;e&gt;st&lt;e&gt; naaduge&lt;e&gt; herre paa flensborgzhws med saadane fforord ath wii wilde ware hans Naade hwlid och tro then stwnd hans naade holde Nories inbyggere med Nories lag oc gamble gode sidwenner Och then helgæ kirke hennis prelather oc personer wid theres friihedher och pr&lt;u&gt;ilegier eeh hæer vppaa hørde hæer hans ransow hans naades kanceler mester Jeaa&lt;del&gt; Klaus och mester Johan ffr&lt;del&gt;z friiis</p>	<p>These ære the puncther och articler wii goffwe eder gode herrer till kenne i dag</p> <p>ffyrst handgingge wii høgbornæ ffyrste och herre hæer ffræderich danmarces wendes oc godes konnung vdtwold konnung till Norie etc. wor kær&lt;e&gt;st&lt;e&gt; naaduge&lt;e&gt; herre paa flensborgzhws med saadane fforord ath wii wilde ware hans Naade hwlid och tro then stwnd h n holde Nories Inbyggere med Nories lag oc gamble gode sidwennier Och then helge kir ke hennes prelater oc personer wid ther&lt;e&gt;s friihedher och pr&lt;u&gt;ilegier hæer vppaa hørde hæer hans ransow hans naades Canceler mester Claus och mester Johan ffr&lt;is&gt;sz</p>

M3111	<p>Jtem præsteriet i bergem som pleger besyttis aff ein Riiigis raad ær fforleent een som boor i Danmark och therfore ær nydlagd gwdz tiæ-neste, kirken ær forderffuid och nydbrotthen Hennis clenodier och eygedelder som framfarnæ Norgis konnwnger och andre ædelingæ hene hade medt begiffhet ære komnæ i Leygmendz hender imot Re-cessen och Riiigis friiheiher, Swort-hebrøder cløster brand aff mett vodhe eeld Och cløsterens eygedelder annammede her vincencius Lungæ tiill seg oc ein part aff brøderne tiæ-næ honnom for hoffmend</p>	M3280	<p>Jtem emod recessen ær prostriid `i bergem' fforlænt ein som ecke bygger oc boor hær i Rigett och ther offwer ær kirken och hennes Clenodier och egedelder fforckinggred och fforkommæ</p>	M3984	<p>Jtem emod recessen ær prostriit i bergem fforlænt ein som ecke bygger oc boor hær i Riged Och ther fore ær kirken och hennes Clenodier och egedelder fforckinggred och fforkommæ</p>
<p>Jtem Nwnnesetther cløster aff Sanctj Anthonij orden haffwer her Win-cencius faaet aff wor kærists na-adugists herre tiil ewerdelig engen baade med løse penning oc faste godz</p>					



M3111	M3280	M3984
<p>Domkirken i Bergen och bysp gorden ther sammestadz ære brotnæ i grwnd Och then hogne stein theraff ær førd meste parthen aff Landett Och therfore haffuer byspenn aff bergenn indtagidt eith Jomfrv cløster for Domkirke yghen och jomffruerne ære fordryffnæ,</p>	<p>Item domkirken i Bergen och byspz gaarden ære nederbraaten i grwnd stein och then hogne sten meste parten fførd aff landed</p>	<p>Item domkirken i bergen och byspz gaarden ære ne.derbrotnæ i grwnd och then hogne sten ær meste parten fførd aff landid</p>
<p>fforløpnæ oc offvergiftæ muncker oc prester bedrage ffatigæ sympel almwg medt theris falske Lærdom fortrostend<sup>is</sup> seg paa wor kær<sup>is</sup><sup>te</sup> naadug<sup>is</sup><sup>te</sup> herris beskermilsæ breff Och ther offuer beskriæ och forhaane bysper oc prelather</p>	<p>Item fforløpne oc offvergeffne mwnc-ker oc prester som med theres ffal-ke och fforgiftigæ lerdom forrville och bedragæ simpell almwgæ `oc` ffotrøstæ seg paa konggelig<sup>e</sup> mai-estates besker_melse breff som the haffwæ Och ther offwer beskrie och fforhaane bysper prelater etc.</p>	<p>Item kløster med løse och ffaste eighedler ære giftæ i leichmendez hender till ewerdelig eigæ</p> <p>Item fforløpnæ och offvergiftæ muncker och prester som med theres ffal-ke och fforgiftigæ lerdom forrville och bedragæ simpell almwgæ ffotrøstend<sup>es</sup> seg paa konggeligæ maiestates beskermelse breff som the haffwæ Och ther offwer beskrie och fforhaane bysper och prelater etc.</p>

[To punkt under med tilvising hit:]

M3111	M3280	M3984
<p><i>Jtem her niels Lucke haffuer forwerffuidt Toutrens cløster met godz oc eygedelde aff k: m: vor kærists<sup>te</sup> naadugis<sup>te</sup> herre som wij haffue tiil ewerdelig eggenn</i></p> <p><i>Jtem fru Jngegerd Ottisdotter haffuer sammeleidis forweruid Reynsz jomfru cløster tiill ewerdelig eggenn</i></p>	<p><i>Jtem bandzmend och andre vgerningz mend forwaris och beskermis aff Leigmend ymodt kirkennis lag oc gamble gode sidwanner</i></p> <p><i>Jtem imodt Norgis lag och Cristnæ retten bliffuer och tiilstedt ath kødt bliffuer forteertt paa ffredag och andre boednæ faste dagher</i></p>	<p><i>Jtem Castelle kløster som Sancte Oluffz domkirke tilhører ær oss iffraa taget och forlænt Jøren Steinsson</i></p>
<p><i>Jtem Castelle kløster Liiggendis i Kwnggell som høirer Sancti Oluffz Domkirke tiill ær oss iffraa thagiidt oc forleent Jørgen Steinson</i></p>	<p><i>Jtem Castelle kløster som Sancte Oluffz dombkirke tilhører ær oss iffraa taget och forleent Jøren Steinsson</i></p>	

M3111	M3280	M3984
<p>Jtem Ysland och fferøy ære forle- enthe mott Norg<sup>is</sup> ffrilheith<sup>er</sup> oc privilegier i tysk<sup>is</sup> hender Norg<sup>is</sup> Riig<sup>is</sup> indbiigere norden fieldz be- synderligen tiill skade och fforderff som haffue then vare mest be_hoff som faller i the Land</p>	<p>Jtem Ysland och fferøyer ære ffor- lentæ i tyske mendz hender hettland och orcknæ ære fforpant<sup>et</sup> iffraa ri- gid vnder skottland med then aar- ligæ rente som Nories krone borde haffwe aff skottland ffor katenes och sørøyer Nories riges inbyggere nor- denffeldz till stoor skade och aff- dragtt som then ware besynderligæ behooff haffwæ som i the land falle</p>	<p>Jtem Ysland och `ffærøyer´ ære ffor- lænte i tyske mendz hender hiet_land och orcknøy ære fforpant<sup>et</sup> iffraa Ri- gett vnder skottland med then aar- ligæ rente som Nories kro<sup>ne</sup> borde haffwe aff Skotland ffor katenes och ffærøyer Sørøyer Nories riges in- byggere norden ffieldz besynderligæ till stoor skade och affdragtt som then ware ecke vmbære kwnnæ som i the land falle</p>
<p>Jtem naar naagen herredag ær beraamet att stonde i danmark, tha bliffuer hand ycke tymæligenn for- screffwen hiidt ind_till norg<sup>is</sup> Riig<sup>is</sup> raaedh</p>	<p>Jtem naar naagen herredag bliffwer ær beraamed ath stonde i danmark tha bliffwer han ecke timeligen ffor- screffven hiit till Nories riges raad</p>	<p>Jtem naar naagen herredag ær beraamed ath stonde i Danmark tha bliffwer han ecke timeligen ffor_screffwen hiit till Nories Riges raad</p>
<p>Jtem Norg<sup>is</sup> Riig<sup>is</sup> leenn fforlænis ofttæ moett Reccessens Liidelsæ Jtem thett<sup>e</sup> forsc<sup>reff</sup><sup>ne</sup> haffue wii Lathet klagidt ffor kun_gelig<sup>e</sup> matt Wor kær<sup>is</sup><sup>te</sup> naadug<sup>is</sup><sup>te</sup> herre Och teslig<sup>is</sup> for hans naad<sup>is</sup> Stadholder her Norden fieldz Eske bülde</p>	<p>Thett<sup>e</sup> for<sup>ne</sup> haffwe wii ofte ladiid `klaget´ ffor kongg<sup>elig</sup><sup>e</sup> maiestat och tesligest ffor hans naades stadholdere hær Norden ffieldz *Eskell bille</p>	<p>Thett<sup>e</sup> for<sup>ne</sup> haffwe wii ofte ladiid klaget ffor kongg<sup>elig</sup><sup>e</sup> Maiestatt wor kær<sup>is</sup><sup>te</sup> naadug<sup>is</sup><sup>te</sup> herre och tes- lig<sup>is</sup><sup>t</sup> ffor hans naades stadholder hær Nordenffieldz *Eskell bille</p>

M3111	<p>Jtem ffor hwes orsagher som fforbenempde ære endoch att the ære imoedt hans konggeli<sup>g</sup> mattz besigle Reces Wilde wii aldrii hafue fallidt hans naade iffraa hadhe ycke høgbornæ ffurste konnwng Cristiern kommid hiidt ind i Riigitt med saadannæ swaar kriig<sup>is</sup> macht Och paa then stedh besindherligæ som hans Naade kwnde bethagæ oss all hiehp oc vmsetning som Wii kwnde fforwenthe oss aff konggeli<sup>g</sup> matt Wor kær<sup>is</sup><sup>te</sup> naadug<sup>is</sup><sup>te</sup> herre och Danm&lt;ar&gt;k<sup>is</sup> Riig<sup>is</sup> raaedh,</p>
M3280	<p>Jtem ffor hwes orsager som fforbeneffndæ ære wilde wii aldriig-hæ endog Maiestatz besigle recessz wilde wii aldriig haffwe fallid hans naade iffraa hadhe ycke høgbornæ ffyrste konnung Cristiern kommid hiit ind i laudid med saadan swaar krigx magtt och paa `then` stedh besyndherlig som hans naade kwnde betage oss all hiehp och vmsetning som wii kwnde fforuente oss aff konggeli<sup>g</sup> Maiestatt wor kær<sup>is</sup><sup>te</sup> naadug<sup>is</sup><sup>te</sup> herre och dan.marces raad</p>
M3984	<p>Jtem ffor hwes orsager som fforbeneffndæ ære endog ath the ære emod hans konggeli<sup>g</sup> Maiestatz besigle recessz wilde wii aldriig haffwe fallid hans naade iffraa hade ecke høgbornæ ffyrste konnung Cristiern kommid hiid ind i Riged med saadanne swaar krigx magtt och paa then stedh besyndherligæ som hans naade kwnde betage oss all hiehp och vmsetning som wii kwnde fforuente oss aff konggeli<sup>g</sup> Maiestatt wor kær<sup>is</sup><sup>te</sup> naadug<sup>is</sup><sup>te</sup> herre och danmarces raad</p>

# Register over primærkjelder

---

## DI

DI VI 136: 69  
DI VI 153: 69, 77, 79  
DI VI 159: 69, 75, 78  
DI VI 360: 227  
DI VI 364: 78–80  
DI VI 365: 78  
DI VI 366: 76–78  
DI VI 448: 241  
DI VI 462: 57, 69, 165  
DI VII 710: 60  
DI VIII 150: 57  
DI VIII 228: 9  
DI VIII 533: 247  
DI VIII 592: 246  
DI IX 71: 246  
DI IX 135: 246  
DI IX 136: 246  
DI IX 137: 246  
DI IX 564: 241  
DI IX 570: 246  
DI IX 593: 162, 163

## DN

DN I 113: 160  
DN I 114: 160  
DN I 699: 79  
DN I 790: 14  
DN I 851: 67, 71, 75, 79, 165  
DN I 906: 11  
DN I 950: 12, 76, 160, 170  
DN I 951: 69, 76, 78–80

DN I 958: 57, 60  
DN I 970: 212  
DN I 985: 16, 69, 71, 77  
DN I 1011: 222  
DN I 1040: 160, 161  
DN I 1041: 13  
DN I 1047: 92, 93, 161, 166  
DN I 1049: 92, 93  
DN I 1050: 222, 236  
DN I 1054: 93, 96, 166  
DN I 1056: 93, 98, 161, 216  
DN I 1058: 93, 94, 97, 98, 161, 163  
DN I 1059: 92, 93, 166, 243  
DN I 1061: 10, 105, 125, 199  
DN I 1062: 58, 107, 108, 127, 141, 167,  
199, 213  
DN I 1072: 106–108, 162, 177, 181  
DN I 1083: 13, 106, 245  
DN I 1084: 107, 108  
DN II 57: 146  
DN II 389: 66  
DN II 410: 66  
DN II 468: 218  
DN II 862: 158  
DN II 886: 67  
DN II 888: 68, 75  
DN II 906: 67  
DN II 907: 60, 224, 227  
DN II 921: 12, 56, 159, 225  
DN II 955: 12, 60  
DN II 1055: 236  
DN II 1106: 109, 207, 214

- DN II 1112: 62, 103–105  
DN II 1127: 186, 239  
DN III 4: 146  
DN III 747: 134, 221  
DN III 842: 56  
DN III 898: 68, 76, 165, 220  
DN III 931: 12, 56, 227  
DN III 959: 134, 221  
DN III 965: 56, 134, 221  
DN III 969: 60  
DN III 996: 228  
DN III 1089: 160  
DN IV 321: 66  
DN IV 1063: 160  
DN IV 1080: 93, 94, 97, 98, 145, 166  
DN V 586: 217  
DN V 785: 164  
DN V 821: 67, 75, 78–80, 159  
DN V 868: 220  
DN V 915: 12, 56, 228, 241  
DN V 923: 74, 170  
DN V 930: 182  
DN V 938: 222  
DN V 939: 222  
DN V 952: 222, 227  
DN V 968: 222  
DN V 976: 221  
DN V 977: 57, 221  
DN V 1015: 222  
DN V 1016: 160  
DN V 1018: 160, 161  
DN V 1019: 222  
DN V 1020: 222  
DN V 1031: 222  
DN V 1032: 222  
DN V 1033: 222, 236  
DN V 1075: 200, 222  
DN V 1077: 245  
DN V 1085: 162  
DN V 1091: 245  
DN VI 83: 66  
DN VI 136: 69  
DN VI 601: 12  
DN VI 611: 12, 225  
DN VI 659: 13  
DN VI 726: 241  
DN VI 764: 122  
DN VII 475: 7  
DN VII 547: 161  
DN VII 551: 199  
DN VII 558: 160, 217  
DN VII 562: 160  
DN VII 564: 162  
DN VII 592: 184, 210, 217  
DN VII 594: 115  
DN VII 604: 161, 184, 217  
DN VII 605: 184  
DN VII 614: 114  
DN VII 618: 206  
DN VII 639: 184  
DN VII 640: 162  
DN VII 659: 172  
DN VII 660: 172  
DN VII 669: 232  
DN VII 678: 233  
DN VII 679: 233  
DN VII 692: 182–184  
DN VII 693: 182, 183  
DN VII 694: 182, 183  
DN VII 702: 222  
DN VII 714: 218  
DN VII 719: 103, 143, 168, 212  
DN VIII 112: 177  
DN VIII 324: 14  
DN VIII 406: 56, 159, 236  
DN VIII 426: 227  
DN VIII 471: 68, 76, 78–81, 165  
DN VIII 480: 236  
DN VIII 500: 57, 92–95, 166, 184  
DN VIII 540: 178

- DN VIII 545: 178  
DN VIII 548: 178  
DN VIII 557: 178  
DN VIII 561: 177  
DN VIII 562: 177, 179  
DN VIII 564: 177  
DN VIII 565: 178  
DN VIII 567: 124, 172, 210  
DN VIII 569: 179  
DN VIII 570: 179  
DN VIII 571: 179  
DN VIII 573: 179  
DN VIII 574: 179  
DN VIII 575: 179  
DN VIII 576: 179  
DN VIII 577: 179  
DN VIII 578: 179  
DN VIII 579: 172, 179, 180  
DN VIII 580: 179  
DN VIII 581: 179  
DN VIII 582: 120, 125, 130, 181, 230  
DN VIII 584: 122  
DN VIII 589: 180  
DN VIII 590: 180  
DN VIII 591: 180  
DN VIII 595: 183  
DN VIII 596: 183  
DN VIII 597: 183  
DN VIII 600: 180  
DN VIII 609: 180  
DN VIII 610: 181  
DN VIII 611: 180  
DN VIII 613: 101, 103, 144  
DN VIII 635: 181  
DN VIII 646: 181  
DN VIII 648: 181  
DN VIII 658: 106–108, 127, 167  
DN VIII 659: 109, 112, 113, 145  
DN VIII 671: 183  
DN VIII 672: 125  
DN VIII 673: 232  
DN VIII 678: 125, 183  
DN VIII 680: 232  
DN VIII 696: 109, 110, 213  
DN VIII 698: 109, 110, 213  
DN VIII 699: 134, 214  
DN VIII 700: 109, 110, 214  
DN VIII 705: 109, 110, 213, 214, 236  
DN VIII 707: 112, 113, 134, 136  
DN VIII 717: 62, 116  
DN VIII 718: 62, 116  
DN VIII 726: 120  
DN IX 459: 227  
DN IX 612: 111–113, 171, 208  
DN IX 670: 101, 103, 109, 127, 144,  
206  
DN IX 690: 106–108  
DN IX 692: 103–105, 127, 128, 168  
DN IX 702: 101, 103–105  
DN IX 713: 217  
DN IX 717: 135  
DN IX 718: 94  
DN IX 719: 105–107, 134–136, 143,  
214  
DN IX 720: 106–108, 131, 134–136  
DN IX 721: 109, 110, 134, 135, 207,  
214  
DN IX 722: 109, 110, 134, 135, 207,  
214  
DN IX 723: 134–136  
DN IX 724: 134–136  
DN IX 725: 106–108, 134–136, 214  
DN IX 726: 106–108, 129, 134–136,  
143  
DN IX 738: 120, 131  
DN IX 739: 120, 131  
DN IX 740: 120  
DN IX 747: 211  
DN X 173: 218  
DN X 249: 68, 76, 79–81, 160, 165

- DN X 260: 68, 69, 76, 78, 160, 165, 198  
 DN X 261: 68, 76, 78, 160, 165, 198  
 DN X 269: 74, 76, 78, 160, 165, 198  
 DN X 315: 166  
 DN X 342: 200  
 DN X 540: 180  
 DN X 541: 180  
 DN X 578: 111–113, 187, 238  
 DN X 645: 101, 103, 105, 142, 168  
 DN X 655: 101, 103, 105, 127, 141, 143  
 DN X 670: 114, 121, 125  
 DN X 671: 114  
 DN X 672: 114, 162, 163, 176  
 DN X 673: 114  
 DN X 674: 112, 114, 121, 240  
 DN X 677: 116  
 DN X 678: 116  
 DN X 738: 166  
 DN XI 257: 57  
 DN XI 278: 78, 170, 171  
 DN XI 295: 236  
 DN XI 296: 93, 94, 98, 161, 166  
 DN XI 305: 92–95  
 DN XI 309: 236  
 DN XI 311: 200  
 DN XI 486: 182  
 DN XI 487: 182  
 DN XI 518: 156, 184  
 DN XI 568: 206  
 DN XI 581: 236  
 DN XI 583: 97, 217  
 DN XI 609: 200  
 DN XI 621: 111–114, 144, 240  
 DN XI 624: 125  
 DN XI 627: 117  
 DN XI 628: 125, 126  
 DN XI 633: 230  
 DN XI 650: 147  
 DN XI 696: 131  
 DN XI 948: 247  
 DN XII 387: 200, 206, 236  
 DN XII 424: 16  
 DN XII 463: 101, 103–105, 145  
 DN XII 517: 112, 113, 137, 171  
 DN XII 518: 109, 110, 213  
 DN XII 523: 109  
 DN XII 540: 101, 103, 104, 128  
 DN XII 547: 111, 116, 137  
 DN XII 548: 111, 116, 138  
 DN XII 549: 111, 116, 137  
 DN XII 550: 106, 107, 138  
 DN XII 551: 125  
 DN XII 552: 162, 236  
 DN XII 553: 62, 101, 103, 105  
 DN XII 555: 103, 168  
 DN XII 556: 125, 126  
 DN XII 557: 125, 126  
 DN XII 558: 103–105, 127, 168, 171  
 DN XII 559: 103–105, 127, 143, 168, 193  
 DN XII 560: 103–105, 193  
 DN XII 561: 103, 104, 171, 176, 196, 197  
 DN XII 562: 103, 105, 116, 193  
 DN XII 563: 103, 105, 116, 193  
 DN XII 564: 120  
 DN XII 570: 122, 123, 131, 196  
 DN XII 571: 230  
 DN XII 572: 122, 189  
 DN XII 611: 147  
 DN XII 630: 147  
 DN XII 636: 147, 148  
 DN XII 649: 147  
 DN XII 650: 147  
 DN XII 654: 147, 148  
 DN XII 670: 189  
 DN XII 673: 218  
 DN XIII 148: 57, 60, 132



- DN XIII 170: 57  
DN XIII 481: 180  
DN XIII 566: 188  
DN XIII 585: 186  
DN XIII 587: 137, 186  
DN XIV 141: 79, 80, 165, 212  
DN XIV 158: 217  
DN XIV 164: 69, 221, 226  
DN XIV 187: 78, 224, 227  
DN XIV 193: 57, 206  
DN XIV 231: 57  
DN XIV 258: 93, 94, 96  
DN XIV 261: 93, 97, 166  
DN XIV 545: 163  
DN XIV 552: 105, 109, 112, 113  
DN XIV 576: 112, 208  
DN XIV 588: 208  
DN XIV 589: 208  
DN XIV 600: 112, 113, 208  
DN XIV 602: 208  
DN XIV 622: 208  
DN XIV 684: 114  
DN XIV 685: 114  
DN XIV 686: 114  
DN XIV 687: 114  
DN XIV 714: 162  
DN XIV 733: 200  
DN XV 141: 93, 94  
DN XV 146: 92–95, 166  
DN XV 454: 206  
DN XV 500: 106  
DN XV 507: 144  
DN XV 512: 142  
DN XVI 1: 209  
DN XVI 230: 158, 159  
DN XVI 241: 67, 75, 79, 80, 159, 165,  
213, 228  
DN XVI 252: 158, 159, 212  
DN XVI 269: 15, 60, 222  
DN XVI 271: 159  
DN XVI 279: 159, 225  
DN XVI 302: 56, 60, 159, 225  
DN XVI 306: 56, 57, 221  
DN XVI 357: 160  
DN XVI 359: 93–96, 161, 166  
DN XVI 368: 162  
DN XVI 561: 101, 103–105, 142  
DN XVI 566: 137  
DN XVI 567: 116  
DN XVI 570: 62, 111  
DN XVI 578: 100, 103, 139, 140, 235  
DN XVI 579: 100, 103, 139, 140, 235  
DN XVI 580: 100, 103, 139, 140, 235  
DN XVI 581: 100, 103, 139, 235  
DN XVI 582: 100, 103, 139, 140, 235  
DN XVII 715: 15  
DN XVII 1178: 161  
DN XVIII 124: 160  
DN XVIII 125: 160  
DN XVIII 129: 56, 159  
DN XVIII 130: 159  
DN XXI 555: 55  
DN XXI 689: 225, 227  
DN XXI 700: 56, 160, 225, 227  
DN XXI 1063: 181  
DN XXII 81: 9  
DN XXII 110: 92, 222  
DN XXII 111: 93, 96  
DN XXII 112: 93, 94, 98, 207  
DN XXII 120: 57, 93, 94  
DN XXII 132: 101, 103, 105, 167  
DN XXII 177: 103, 105, 109, 144, 168  
DN XXII 189: 103, 105, 126, 168  
DN XXII 190: 103, 105, 126, 168  
DN XXII 271: 111  
DN XXII 272: 101, 103–106, 111, 124,  
207, 232  
DN XXII 273: 62, 111–113, 207  
DN XXII 274: 62, 111–113, 207, 228  
DN XXII 282: 126

- DN XXII 284: 126  
 DN XXII 285: 111–113, 140  
 DN XXII 295: 100, 101, 103–105, 127, 129, 142, 197  
 DN XXII 297: 232  
 DN XXII 314: 131  
 DN XXII 316: 103, 142, 197  
 DN XXII 325: 101, 103, 142  
 DN XXII 330: 101, 103, 104, 142  
 DN XXII 352: 103  
 DN XXII 353: 124  
 DN XXII 370: 59, 103, 105  
 DN XXII 372: 125  
 DN XXII 381: 211  
 DN XXII 485: 181  
 DN XXIII 139: 93–95, 97  
 DN XXIII 410: 230  
 DN XXIII 412: 103, 105  
 DN XXIII 416: 230  
 DN XXIII 553: 122
- JHD**  
 JHD II 66: 79  
 JHD II 192: 134  
 JHD II 204: 134
- M**  
 M399: 115  
 M915: 115  
 M2268: 112, 113, 208  
 M3111: 136, 137  
 M3165: 134  
 M3168: 207  
 M3169: 207, 214  
 M3170: 109, 207, 214  
 M3176: 137  
 M3178: 135, 136  
 M3271: 137  
 M3272: 137  
 M3275: 138  
 M3276: 137  
 M3277: 137  
 M3278: 110  
 M3278a: 109, 110, 135, 136, 214  
 M3278b: 109, 135, 136, 214  
 M3280: 109, 136, 137  
 M3384: 211  
 M3951: 196  
 M3984: 109, 112, 113, 136, 137  
 M3988: 109  
 M3991: 109, 110, 134, 214  
 M4097: 112, 130  
 M4199: 189  
 M4200: 189
- NgL**  
 NgL 2. r. II 5: 241  
 NgL 2. r. II 62: 55, 224  
 NgL 2. r. II 63: 55  
 NgL 2. r. II 67: 56, 224  
 NgL 2. r. II 79: 56, 227  
 NgL 2. r. II 163: 227  
 NgL 2. r. II 164: 227  
 NgL 2. r. II 166: 227  
 NgL 2. r. II 169: 227  
 NgL 2. r. II 186: 225  
 NgL 2. r. II 188: 56, 225, 228  
 NgL 2. r. II 189: 228  
 NgL 2. r. III 1: 12, 57, 132  
 NgL 2. r. III 175: 133  
 NgL 2. r. III 176: 227  
 NgL 2. r. III 282: 225  
 NgL 2. r. IV 73: 115  
 NgL 2. r. IV 77: 115  
 NgL 2. r. IV 93: 115  
 NgL 2. r. IV 171: 114, 240  
 NgL 2. r. IV 172: 109, 114, 172  
 NgL 2. r. IV 175: 137  
 NgL 2. r. IV 184: 107, 108, 127, 143